

KJELLFRID MÆLAND

KULTURMØTE OG KULTURBRYTING

**Dagens barn i møte med
kulturskiftet i Noreg ca. 950-1050**

Dr. polit.-avhandling 2002
Pedagogisk institutt
Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologileiing
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet, NTNU
Trondheim

ISBN-nummer 82-471-5128-6

SAMANDRAG

Tittel: *Kulturmøte og kulturbryting : Dagens barn i møte med kulturskiftet i Noreg ca. 950-1050.* Avhandling for dr.polit.-graden, Pedagogisk institutt, Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologileiing, NTNU, Trondheim, 2002.

Forfatter: Kjellfrid Mæland, Høgskolen Stord/Haugesund, Avdeling for lærarutdanning, Stord.

Avhandlinga er ein kausstudie i 6. klasse i grunnskulen skuleåret 1998-99. Målet med studien er å utvikla kunnskap om i kva grad barn i dag synest å oppleva undervisninga om kulturskiftet i Noreg ca. 950-1050 som eit fruktbart kulturmøte. Forfattern si antaking er at om barn i dag skal oppleva møtet med kulturskiftet som eit fruktbart kulturmøte, føreset dette at barna har utvikla erkjenning innan myte/religion, historie og estetikk. Vidare at barna opplever temaet som aktuelt og relevant.

Studien tek utgangspunkt i undervisningsopplegget i to sjetteklassar i Sunnhordland, der senteringspunktet er deira møte med Mostraspelet våren 1999. Gjennom ekskursjon til Moster våren 1998, med besøk i Moster gamle kyrkje, Moster amfi og Moster kyrkjehistoriske senter vart barna kjende med staden. Dei hadde vidare prosjektarbeid om vikingtida og fekk innføring i religionsskiftet i undervisninga gjennom året som førebuing til å sjå spelet. Gjennom denne prosessen vart det samla inn materiale i form av observasjonsnotat, intervju, teikningar, forteljingar og dramatiseringar.

Som teoretisk grunnlag for analysen vert nytta den tyske kulturfilosofen Ernst Cassirers filosofi om dei symbolske formene. Sentralt i denne teorien er at menneska erkjenner seg sjølv og kulturen gjennom myte/religion, historie, språk, kunst og vitenskap.

I presentasjonen av resultatata vert det gjeve eit oversiktsbilete frå dei to klassane og eit djupnestudium av einskildelevar og smågrupper. Både det mytisk-religiøse, det historiske og det estetiske perspektivet er med i barnas framstilling av møtet med kulturskiftet. Dette tyder på at skulen har lukkast med å nytta varierte arbeidsformer, som på ulik måte har appellert til barna og fått fram dei ulike perspektiva. Det kan sjå ut som at barna har hatt eit fruktbart kulturmøte, men dette må likevel nyanserast. Barna hadde ei omfattande førebuing til Mostraspelet. Dei fleste kjenner til sentrale norrøne gudar som Odin og Tor, men elles varierer kjennskapen mykje når det gjeld gudsførståinga. Barna framstiller verdsbiletet til vikingane i lys av 'pannekakemetaforen'. Norrøne skapingsmytar har få kjennskap til. Sentralt i forståinga deira av den kristne trua står Kvitekrist og at det her er tale om ein gud. Framstillinga av møtet mellom norrøn tru og kristendommen varierer: Frå eit konfliktparadigme til eit harmoniparadigme som dei mest vanlege oppfatningane, til nokre få barn som trekkjer fram overtyding og dialog. Jentene synest i større grad enn gutane å leggja vekt på det harmoniske. Det er ein tendens til å leggja større vekt på kvardagsliv enn før, sjølv om barna generelt oppfattar vikingsamfunnet som prega av brutalitet.

Fleirtalet av barn opplevde møtet med Mostraspelet som kjekt og lærerikt. Dei legg vekt på at dei lærte om fortida. Ein del av barna seier at dei opplevde det kjedeleg å sjå spelet. Dette grunnjev dei med at dei gjennomskoda 'triksa'. For somme verkar det som om spenninga var teken bort på førehand. Barna har ulike meiningar om autensiteten i spelet; somme meiner forholda eigenleg var verre, andre at det var betre. Dei fleste synest ikkje å sjå nokon direkte samanheng mellom spelet og deira eiga notid og framtid. Barna er i liten grad opptekne av å formidla til andre det dei trur på. Dei fleste er også skeptiske, eller likesæle, dersom andre vil overtyda dei.

Undersøkinga utfordrar til vidare forskning omkring kulturformidling og kulturskaping ved bruk av ekskursjon og historiske spel som nøkkel til kunnskap, innleving og oppleving.



Teikning av Mette

Føreord

Å velja eit tema om barn og kultur møte betyr å utfordra eiga livstolking og kulturforståing. Møtet med barn og lærarar i 6. klasse ved ”Solbakken skule” har gjeve meg nye tankar og inspirasjon. Takk til kvar einskild av dykk, og takk til skulen som la alt godt til rette for at eg kunne gjennomføra undersøkinga mi. Takk også til personar knytte til *Mostraspelet* på Bømlo. Barnas møte med dette teaterstykket har vore eit sentreringspunkt i undersøkinga.

Førsteamanuensis Hansjörg Hohr ved Pedagogisk institutt, NTNU, har vore rettleiar gjennom heile prosjektperioden. Gjennom konstruktiv tilbakemelding har eg fått nye perspektiv og støtte til å fullføra arbeidet. Deltaking på ulike konferansar har også betydd oppmuntring og auka fagkunnskap. Særleg vil eg nemna tverrfaglege kurs i regi av Program for kulturstudier. Eg har i tillegg fått innspel frå einskildpersonar i ulike faglege miljø undervegs, og dette har vore verdfullt for meg.

Eg vil også takka Høgskolen Stord/Haugesund, Avdeling for lærarutdanning, for økonomisk og praktisk støtte gjennom prosjektperioden. Kollegaer ved pedagogikkseksjonen har vist forståing og tolmod gjennom arbeidsprosessen. Astrid J. Stavland og Svein Andersland fortener takk for hjelp med språkleg utforming og lay out. Familie og venner har på ein god måte vist meg at i arbeidet med avhandlinga har det vore viktig også å delta i sosiale og kulturelle prosessar i nærmiljøet.

April 2002

Kjellfrid Mæland

Samandrag
 Føreord
 Oversikt over figurar
 Merknader

INNHALD

Kapittel 1 Innleiing	1
1.1 Mål for studien	1
1.2 Bakgrunn for studien	1
1.3 Presentasjon av problemstillinga	6
1.4 Oversikt over innhaldet i avhandlinga	7
DEL I: BAKGRUNN	
Kapittel 2 Ernst Cassirers filosofi om dei symbolske formene i kulturen	9
2.1 Dei symbolske formene i kulturen	9
2.2 Symbolsk form og symbolsk pregnans	10
2.2.1 Symbolsk form	13
2.2.2 Symbolsk pregnans	16
2.3 Sanning, funksjon og essens	17
2.4 Tid og rom	18
2.5 Myte og religion, historie og estetikk som symbolske former	21
2.5.1 Mytisk-religiøs erkjenning	21
2.5.2 Historisk erkjenning	30
2.5.3 Estetisk erkjenning	35
2.5.4 ”Motsetningenes harmoni” i kulturen?	40
2.6 Fokus i undersøkinga	42
Kapittel 3 Presentasjon av empiriske undersøkingar	49
3.1 Barn og kulturmøte	49
3.1.1 ”Når voksenkultur og barnekultur møtes”	49
3.1.2 Oppsummering	53
3.2 Eit mytisk-religiøst perspektiv	54
3.3 Eit historisk perspektiv	58
3.3.1 ”Barn og historie”	58
3.3.2 ”Ungdom og historie i Norden”	60
3.3.3 ”Historiebevidstheder”	62
3.3.4 ”Att resa i tiden”	63
3.3.5 ”Fortiden som opplevelsesarena”	65
3.3.6 Oppsummering	67
3.4 Eit estetisk perspektiv	68
3.4.1 Barn og biletskaping	69
3.4.2 Barn og drama	70
3.5 Kulturbryting	72

DEL II: METODE

Kapittel 4 Metode	75
4.1 Kriterium for val av metode	75
4.2 Eigen ståstad	76
4.2.1 Barneperspektivet	76
4.3 Presentasjon av forskingsdesign	77
4.3.1 Forskingsstrategien til Yin	77
4.3.2 Impulsar frå 'Grounded Theory'	78
4.3.3 Oppsummering	79
4.4 Generalisering av resultat frå ein kasusstudie	79
4.5 Kasusstudie og datainnsamling	82
4.5.1 Val av kjelder	82
4.5.2 Val av informantar	82
4.5.3 Forskarrolla	84
4.5.4 Feltnotat	86
4.5.5 Intervju	87
4.5.6 Skriftleg materiale	93
4.5.7 Teikningar	94
4.5.8 Dramatisering	94
4.6 Tilrettelegging av materialet	94
4.6.1 Transkribering av intervju	95
4.6.2 Tekstar frå arbeidsbøker	95
4.6.3 Teikningar	95
4.6.4 Dramatiseringar	96
4.7 Analyse	96
4.7.1 Steg i analyseprosessen	96
4.7.2 Tolking og bearbeiding	97
4.7.3 Generalisering	100
4.8 Oppsummering	100

DEL III: PRESENTASJON OG DRØFTING AV EIGA UNDERSØKING

Kapittel 5 Barnas møte med Moster	103
5.1 Ein kort presentasjon av klassane	103
5.2 Møte med Moster gamle kyrkje	104
5.3 Vetahaugen	112
5.4 Moster kyrkjehistoriske senter	116
5.5 Barna teiknar: Då Olav Tryggvason kom til Moster	121
5.6 Prosjektarbeid om vikingtida	121
5.7 Oppsummering	123
Kapittel 6 Barna i møte med vikingsamfunnet	125
6.1 Generelt om vikingsamfunnet	125
6.1.1 Mannsrolla	126
6.1.2 Kvinnerolla	127
6.1.3 Barna i vikingtida	129
6.1.4 Kongane i vikingtida	129
6.1.5 Bruk av symbol	130
6.2 Oppsummering	134

Kapittel 7 Møte mellom norrøn tru og kristendommen	137
7.1 Om opplegget i klassane	137
7.2 Møte med den norrøne trua	138
7.2.1 Det norrøne gudeuniverset. Gudsoppfatning og gudsdyrking	139
7.2.2 Verdsoppfatning	144
7.2.3 Dramatisering av norrøne mytar	146
7.3 Møte mellom norrøn tru og kristendommen	147
7.3.1 Gudsoppfatning og gudsdyrking	148
7.3.2 Verdsoppfatning	155
7.3.3 Kristningsprosessen som kulturmøte og kulturbryting	156
7.4 Oppsummering	165
Kapittel 8 Barna i møte med Mostraspelet 1999	169
8.1 Om Moster Amfi	169
8.2 Om Mostraspelet	170
8.2.1 Hovudinnhald i spelet	171
8.2.2 Sentrale aktørar om Mostraspelet	172
8.2.3 Undervisningsopplegg om Mostraspelet	177
8.2.4 Førebuing til Mostraspelet på Solbakken skule	178
8.3 Møte med Mostraspelet 1999	184
8.3.1 Hovudinstrykk av Mostraspelet	185
8.3.2 Barna om innhaldet i Mostraspelet	188
8.3.3 Barna om roller og rollefigurar	195
8.3.4 Barna om spelkompetansen	200
8.3.5 "I ettertankens lys"	201
8.4 Oppsummering	206
8.4.1 Eit mytisk-religiøst perspektiv	206
8.4.2 Eit historisk perspektiv	208
8.4.3 Eit estetisk perspektiv	209
8.4.4 Kulturbryting	211
Kapittel 9 Einskildbarn og grupper i møte med kulturskiftet	213
9.1 Møte med Mona	213
9.1.1 Møte med vikingsamfunnet	214
9.1.2 Samtale om ei teikning	215
9.1.3 Tur til Moster våren 1998	220
9.1.4 Møte med den norrøne trua	220
9.1.5 Møte med kristendommen	221
9.1.6 Møte mellom norrøn tru og kristendommen	222
9.1.7 Møte med Mostraspelet	223
9.1.8 Møte med notid og framtid	224
9.1.9 Oppsummering	228
9.2 Møte med Rune	229
9.2.1 Møte med vikingsamfunnet	231
9.2.2 Samtale om ei teikning	233
9.2.3 Tur til Moster våren 1998	236
9.2.4 Møte med den norrøne trua	236
9.2.5 Møte med kristendommen	239
9.2.6 Møte mellom norrøn tru og kristendommen	240

9.2.7	Møte med Mostraspelet	242
9.2.8	Møte med notid og framtid	246
9.2.9	Oppsummering	247
9.3	Møte med Jorid og Frida	251
9.3.1	Møte med vikingsamfunnet	252
9.3.2	Samtale om ei teikning	255
9.3.3	Tur til Moster våren 1998	260
9.3.4	Møte med den norrøne trua	261
9.3.5	Møte med kristendommen	265
9.3.6	Møte mellom norrøn tru og kristendommen	265
9.3.7	Møte med Mostraspelet	269
9.3.8	Møte med notid og framtid	274
9.3.9	Oppsummering	276
9.4	Møte med Torleif, Sindre og Per	281
9.4.1	Møte med vikingsamfunnet	282
9.4.2	Samtale om ei teikning	285
9.4.3	Tur til Moster våren 1998	289
9.4.4	Møte med den norrøne trua	289
9.4.5	Møte med kristendommen	294
9.4.6	Møte mellom norrøn tru og kristendommen	295
9.4.7	Møte med Mostraspelet	297
9.4.8	Møte med notid og framtid	309
9.4.9	Oppsummering	314
Kapittel 10	Oppsummering og perspektiv	321
10.1	Eit mytisk-religiøst perspektiv	321
10.2	Eit historisk perspektiv	330
10.3	Eit estetisk perspektiv	335
10.4	Kulturmøte og kulturbryting	339
10.5	Eit samanfattande perspektiv	340
Litteraturliste		343
Vedlegg		353

OVERSIKT OVER FIGURAR

Dei første tala viser til kapittel og avsnitt i avhandlinga, den siste desimalen viser til kva rekkefølge figuren har i dette avsnittet.

Figur 5.2.1:	Teikning av Bernt: Frå Moster	108
Figur 5.2.2:	Teikning av Grethe: Frå Moster	110
Figur 5.3.1:	Teikning av Jon: Kongen kjem til Moster	113
Figur 5.3.2:	Teikning av Rita: Frå Moster	114
Figur 6.1.5.1:	Teikning av Lillian: Vikingane på Moster	131
Figur 7.2.1.1:	Teikning av Reidar: Tor som mediereportar	142
Figur 7.2.2.1:	Teikning av Haldis: Verdsoppfatninga til vikingane	145
Figur 7.3.3.1:	Teikning av Reidar: Monster og vikingar på Moster	159
Figur 7.3.3.2:	Teikning av Line: Kongen kjem til Moster	162
Figur 8.3.2.1:	Teikning av Elin: Frå Mostraspelet	190
Figur 8.3.2.2:	Teikning av Reidar: Brannen i hovet	193
Figur 8.3.3.1:	Teikning av Else: Vigdis	196
Figur 8.3.3.2:	Teikning av Inger: Frå Mostraspelet	198
Figur 9.1.2.1:	Teikning av Mona: Då kongen kom til Moster	215
Figur 9.2.2.1:	Teikning av Rune: ”Chain Reaction”	233
Figur 9.3.2.1:	Teikning av Jorid: Olav Tryggvason kjem	255
Figur 9.3.2.2:	Teikning av Frida: Kongen kjem til Moster	258
Figur 9.3.4.1:	Teikning av Jorid: Tor med hammaren	261
Figur 9.3.4.2:	Teikning av Jorid: Idunn	263
Figur 9.3.4.3:	Teikning av Jorid: Odin og Tor	264
Figur 9.3.6.1:	Teikning av Jorid: Tittelside i arbeidsbok	266
Figur 9.3.6.2:	Teikning av Jorid: Olav Tryggvason	267
Figur 9.3.7.1:	Teiking av Jorid: Gunbjørg gamle	270
Figur 9.4.1.1:	Bilete: Sindre framstiller vikingen Frankenstein	284
Figur 9.4.2.1:	Teikning av Torleif: Eit vikingangrep	285
Figur 9.4.2.2:	Teikning av Sindre: Møte mellom prest og vikingar	287
Figur 9.4.4.1:	Teikning av Torleif: Idunns gulleple	290
Figur 9.4.4.2:	Teikning av Torleif: Då Balder blir drepen	291
Figur 9.4.7.1:	Teikning av Sindre: Frå Mostraspelet	306

MERKNADER

Merknader

1. Tusenårsskiftet i Noreg (ca. år 1000) vert framstelt som eit kultur-/religionsskifte, eller som eit tidsskilje. Dette er særleg knytt til møtet mellom norrøn tru og kristendommen. Forskarar reknar i dag at dette kulturskiftet strekte seg over tidsrommet ca. 800-1200. Det vert hevda at omgrepet "kulturmøte" er eit stikkord for perioden.¹ Eg avgrensar meg til hendingar knytte til Moster i Sunnhordland i perioden ca. 950-1050. Desse hendingane må sjølv sagt forståast i eit vidare perspektiv.
2. I framstillinga nyttar eg nynorsk. I den empiriske delen nyttar eg i stor grad normalisert nynorsk i sitat frå intervju, med visse unntak for å få fram ein spesiell stil eller eit dialektuttrykk. I sitat frå arbeidsbøkene til barna nyttar eg den skriftforma dei sjølve nyttar. Her har eg ikkje korrigert 'feil'.
3. Eg nyttar namnet 'Anne' når eg intervjuar eller omtalar meg sjølv som observatør. I bearbeiding og kommentarar nyttar eg eg-forma. Dette er gjort for lettare å kunna skilja mellom rollene eg har som forskar i dei ulike fasane. Dette vonar eg også kan hjelpe lesaren til å få oversikt.

¹ Berntsen, i: Uniforum nr. 17/97.

Kapittel 1

Innleiing

1.1 Mål for studien

Kulturarv, kulturformidling og møte mellom kulturar er sentrale omgrep i *Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen (L 97)*. I denne studien vil eg setja fokus på korleis skulen gjennom samarbeid med lokalmiljøet prøver å formidla eit levande møte med historia, knytt til hendingar i Sunnhordlandsregionen for 1000 år sidan. Desse hendingane er også sentrale i vår nasjonale historie.¹ Målet er å utvikla kunnskap om i kva grad barn i dag synest å oppleve undervisninga om kulturskiftet i Noreg ca. 950-1050 som eit fruktbart kulturmøte. Dette kan gje impulsar til vidare didaktisk arbeid med temaet.

1.2 Bakgrunn for studien

Utgangspunktet for studien var at eg vart nysgjerrig på korleis barn i dag opplever temaet om vikingtida gjennom eit undervisningsopplegg der dei blir utfordra til å gjera ei reise både i tid og rom. Sidan eg sjølv har tilknytning til Sunnhordland, var eg særleg oppteken av alle skulebarna som reiste til Moster for å sjå teaterstykket *Kristkongane på Moster* (Mostraspelet)², som skildrar møtet mellom norrøn tru og kristendommen i vikingtida. Korleis opplever barna spelet, og på kva måte set dei dette i samanheng med eigen kvardag?

Skuleåret 1998-99 gjennomførde eg ein kassstudie i to sjetteklassar, der eg i periodar følgde undervisninga om kulturskiftet. Barna møtte temaet gjennom ekskursjon til ei kyrkjehistorisk utstilling på Moster og Moster gamle kyrkje, prosjektarbeid og 'vanleg' undervisning, og dei avslutta opplegget med å sjå Mostraspelet. Skulen la såleis vekt på ulike former for mediering for at barna skulle få oppleve vikingkulturen og få ei forståing av møtet mellom norrøn tru og kristendommen. Sentreringspunktet var møtet med Mostraspelet. Korleis barna opplevde Mostraspelet er også sentralt i studien min. Fokuset har gjennom heile

¹ Jfr. feiringa av 1000-årsjubileet på Moster i 1995, til minne om den første kristne messa. Sele og Eriksen 1995.

² Tekst: Johannes Heggland. Musikk: Kjell Habbestad.

forskningsprosessen vore å få fram barneperspektivet. Eg har valt 6. klasse sidan temaet i følge *Læreplanverket* (L 97) er sentralt der.³ Hovudspørsmålet for meg er: Korleis gjev *barna* uttrykk for deira erkjenning av historia og religions- og kulturskiftet, og korleis vert dette relatert til den estetiske erkjenninga deira?

Dette vil eg analysere ut frå to perspektiv. For det første: I kva grad har barna ei heilskapleg oppfatning av norrøn og kristen livstolking i vikingtida? I kva grad er det relevant å tala om at barn i dag har ei heilskapleg og felles kulturell referanseramme som gjer at dei har felles kulturell kapital til å tolka møtet med fortida? Korleis er forholdet mellom heilskap og pluralitet når det gjeld å forstå møtet mellom kulturar? I kva grad er det rom for kulturbryting i dette kulturmøtet? I kva grad legg barna vekt på harmoni- eller konfliktperspektivet i deira forståing av møtet mellom norrøn tru og kristendommen? For det andre: I kva grad synest barna å oppleve temaet meiningsfylt og relevant? Dette vil eg drøfta i samband med korleis temaet vert relatert til framtidsforventningane til barna.

Mange vil hevda at også me, i begynninga av det 21. århundret, lever i ei tid prega av oppbrot og endringar.⁴ Tenkjer barna at historia om kulturskiftet i Noreg i vikingtida er noko me kan lære av, eller er dei opptekne av å frigjera seg frå, eller endra denne kulturarven?

Temaet reiser mange og omfattande vitenskapsteoretiske spørsmål når det gjeld kunst- og kultursyn, religions- og historieførståing. Eg vil avgrensa meg til å drøfta kva som kan vera adekvate kriterium for at *barna* kan oppleve møtet med kulturskiftet i Noreg som eit fruktbart kulturmøte. Antakinga mi er at dette føreset at barna har kjennskap til ei mytisk og religiøs livstolking. Barna må ha, eller utvikla, kjennskap til ei mytisk og religiøs symbolverd, sidan dette er sentralt i livstolkinga til vikingane.⁵ Det historiske og estetiske perspektivet er også sentralt i denne samanhengen, i og med at skule og lokalmiljø gjennom ulike estetiske uttrykk prøver å utvikla historieførståing hos barn i dag om korleis det var for 1000 år sidan. Vidare antek eg at om dette møtet skal bli fruktbart, må barna oppleve temaet meiningsfylt, engasjerande og relevant i forhold til deira eige sosiale og kulturelle miljø og deira forventningar til framtida.

Men korleis samsvarar så dette med den tenkinga skulen legg til grunn? Reknar ein med at barn i dag har denne kompetansen? Og korleis opplever barna temaet i praksis? For å illustrera dette spørsmålet tek eg utgangspunkt i eit sitat frå læreverket *Terella*, som er mykje nytta i 6. klasse. Der det heiter i avsnittet om vikingane:

³ Sjå særleg fagplanar for 6. klasse i KRL-faget, samfunnsfag og norsk.

⁴ Brunstad 1998:1; Wyller 2001.

⁵ Steinsland og Meulengracht Sørensen 1994.

Det kan vere vanskeleg for oss som er vane med vitenskaplege forklaringar på det meste, å forstå korleis dei tenkte i eldre tider. Dei merka skiftingane i naturen og hadde bruk for ei forklaring på sol og regn, godt og dårleg ver osv. Då var det ikkje så urimeleg å forklare det med at gudane var blide eller sinte.⁶

Sitatet synest å føresetja at det er eit 'gap' mellom den vitenskaplege forståingsforma som pregar vår tid og livstolkinga til vikingane. Dei som skriv læreverket for barna, er seg her medvitne om at det eksisterer visse utfordringar nettopp når det gjeld moderne barns møte med kulturskiftet. Spørsmålet er korleis dette møtet vert oppfatta av barna. Er det grunnlag for kontinuitet i tenkinga, eller er det fundamentale motsetnader mellom ei mytisk-religiøs forståing og ei vitenskapleg forståing? Her kjem eg inn på forholdet mellom *Mythos* (her: myte og religion) og *Logos* (her: vitenskapleg forklaring, fornuft) når det gjeld korleis barn erkjenner og forstår vikingtida.

Slik eg forstår sitatet i læreverket ligg det ein påstand om at det som kjenneteiknar vår moderne tid, er vitenskapleg tankegang. I Læreplanverket (L 97) heiter det at skulen skal gje øving i vitenskapleg forståing og arbeidsmåte.⁷ Læreboka synest å føresetja at barn i 6. klasse i dag er vane med vitenskaplege forklaringar på det meste, og synest å setja dette opp mot ei religiøs-mytisk tenking som prega vikingtida. Underforstått kan liggja at læreverkforfattarane ikkje trur at barn har denne erkjenningssevna eller kulturelle kompetansen i dag. Men i og med at temaet blir teke opp, tolkar eg det slik at dei har tru på at skulen har evne til anten å byggja bru mellom desse oppfatningane, eller at skulen kan hjelpe barna til å 'sjonglera' mellom ulike verdsoppfatningar og erkjenningsformer som prinsipielt er motsetnader. På den andre sida vert det i L97 lagt stor vekt på *den estetiske dimensjonen*. Her heiter det:

Den estetiske dimensjonen i læreplanane for faga vil seie at ein legg vekt på skapande verksemd og refleksjon, opplevingar og uttrykk og har ei medviten holdning til kunst og estetikk.⁸

Dette sitatet legg føringar for verksemda i alle fag og tema, og har såleis aktualitet også når det gjeld temaet vårt om kulturskiftet. Denne vekta på den estetiske dimensjonen kjem m.a. til syne i den auken me har sett dei seinare åra når det gjeld bruk av ekskursjonar til institusjonar og aktivitetar i nærmiljøet og eit allsidig tilbod innan kunst- og kulturformidling. Som eg seinare skal koma attende til, betyr dette at me også finn mange døme på at skular nyttar framstillingar med tema frå vikingtida, t.d. ved museum og teater. Dermed er det naturleg å kopla spørsmålet om barns mytisk-religiøse og historiske erkjening saman med spørsmålet

⁶ Båsland m.fl. 1998: Terella, elevboka, 6. klasse s 172.

⁷ Læreplanverket 1997:25.

⁸ Læreplanverket 1997:65. Jfr. også "Broen og den blå hesten", KUD og KUF 1996; Halvorsen 1998, 2000.

om ei estetisk tilnærming for at barna kan oppleva eit fruktbart kultur møte. Den store tilstrøyminga av barn til Moster kvart år skulle tyda på at skulen har stor tru på den estetiske dimensjonen når det gjeld historieformidling.⁹ Er det kanskje slik at nettopp den estetiske dimensjonen medverkar til 'refortrylling' av kulturen og religionen¹⁰, der mennesket på den eine sida er tilskodar til 'det skjønne', men der ein også sjølv har tileigna seg litt av tryllekunstnarens frie grep om det heile? Eller får ein kanskje gjennom kunsten nettopp fram intensitet, refleksjon og medleving som gjer at eit nytt og fruktbart erkjenningssparadigme kan oppstå? Eg vil dermed utvida perspektivet til også å trekkja inn det estetiske i forhold til Mythos og historie. Desse omgrepa dannar senteringspunkt i drøftinga av kultur møtet.

Me er dermed inne i sentrale problemstillingar, både i pedagogikken og i filosofien generelt: Korleis kan menneske til ulike tider forstå kvarandre og møte kvarandre på ein meningsfylt måte? Kan barn oppleva fortida 'slik ho ein gong var'? Korleis kan dette medierast? I kva grad bør notids- og framtidsperspektivet stå sentralt for at møtet med historia skal opplevast aktuelt og relevant? Her kjem det også inn etiske vurderingar.

Eg nyttar metaforen at barna gjer ei *reise i tid og rom*, men nyttar også eit anna perspektiv, nemleg at barna deltek i eit *kultur møte*. Dette omgrepet får fram det relasjonelle på ein meir eksplisitt måte. Somme vil avgrensa omgrepet kultur møte til møte mellom levande menneske, og hevda at kulturar ikkje kan møtast, det kan berre menneske.¹¹ Men også historiedidaktikarar nyttar omgrepet kultur møte om møte mellom menneske i dag og menneske i tidlegare tider; m.a. forstår Jensen omgrepet 'historiebevissthet' også som kultur møte.¹² I møteomgrepet legg eg også at her kan vera element både av kontinuitet og diskontinuitet, slik Bollnow understrekar, og at møte kan skje på ulike nivå.¹³ Eg vil søkja kunnskap om barns tankar og opplevingar i ein konkret undervisningssituasjon, for å få basis til å vidareutvikla pedagogisk teori om fruktbare kultur møte i skulen.

Slik eg ser det, reiser temaet om barns møte med vikingtida følgjande spørsmål: Er det slik at dagens barn har kjennskap til og føresetnader for ei mytisk-religiøs livstolking, som synest å prega vikingtida? Har barn i dag utvikla historiemedvit som gjer at dei kan forstå kultur møta og kulturbrytinga i vikingkulturen og den religiøs-mytiske tenkinga i vikingtida? Er dette ein anakronistisk måte å erkjenne verda på, eller høyrer det tvert imot til den kulturelle kompetansen alle barn i norsk grunnskule bør ha med tanke på tverrfaglege opplegg

⁹ Til saman ca 2000 – 2500 barn ser spelet ved to skuleframsyningar i året.

¹⁰ Jfr. tittelen på boka til Gilhus og Mikaelsson 1998: "Kulturens refortrylling ..."

¹¹ Wikan 1994.

¹² Jensen 1994:114.

¹³ Bollnow 1976.

i skulen? Og kan ei estetisk tilnærming gjennom kunst, t.d. drama, forteljing, poesi, ulike figurative uttrykk og impulsar frå media, gje nye og fruktbare perspektiv på møtet med kulturskiftet?

For å finna ein teoretisk ståstad for å analysa desse spørsmåla, har eg valt å ta utgangspunkt i kulturfilosofien til Ernst Cassirer. Han tek opp svært mange av dei teoretiske spørsmåla eg alt har skissert. Han er oppteken av korleis me erkjenner oss sjølve og kulturen. Som ei hjelp til denne erkjenninga utvikla han teorien om at kulturen har ulike symbolske former. Her er han oppteken av forholdet mellom innhald og funksjon. Filosofien hans har såleis etter mi vurdering både teoretisk og metodisk relevans for problemstillingane mine, sjølv om eg også har innvendingar på sentrale punkt. Det kjem eg attende til i drøftinga.

Cassirer tek i liten grad spesifikt opp pedagogiske problemstillingar som har med barn å gjera. Me finn likevel døme på at han set utviklinga til barnet opp som eit godt eksempel, særleg når det gjeld språkutviklinga.¹⁴ Han talar vidare om ” ... den tidlige barndoms friskhet, bevegelighet og føyelighet”, ikkje først og fremst i fysisk, men i mental forstand. Eg vil drøfta kva implikasjonar teorien til Cassirer kan ha med tanke på barn og kulturmøte i ein praktisk-pedagogisk situasjon.

Cassirer legg vekt på at kulturen må forståast gjennom ulike erkjenningmåtar eller modi, og at dette er mogleg for oss qua menneske. Dersom teorien hans har relevans, må me stilla spørsmålet om dette er modi me som einskildmenneske bør ha kompetanse innan. Dette hevdar m.a. Stensland med utgangspunkt i forskinga si om Cassirer. Han forstår Cassirer slik at myte og religion er nødvendige erkjenningformer for oss dersom me vil leva eit harmonisk liv:

Supporting Cassirer in his thoughts about the question of spiritual development I apprehend myth and religion not only as necessary forerunners in the development of the scientific way of thinking; they are necessary cultural forms for man in order to live a harmonious life.¹⁵

Sagt med andre ord skulle då mytisk og religiøs erkjenning høyra til det å vera eit 'heilt' menneske, eller eit 'danna' menneske. Om Stensland har rett, er dette ei stor utfordring for det pedagogiske programmet i skulen.

Antakinga mi er at barna treng både mytisk-religiøst, historisk og estetisk medvit for å få eit fruktbart møte med kulturskiftet. Men dersom det er slik at det å ha kompetanse innan dei ulike symbolske formene er noko alle barn bør ha, i kva grad synest så barn i dag å ha

¹⁴ EoM 1965:136.

¹⁵ Stensland 1986:14, 1996.

dette? Kan me finna analytiske termar for desse erkjenningformene, slik at me kan søkja etter empirisk belegg for korleis barn erkjenner og utviklar meining? Eg avgrensar meg til drøfting av korleis barn i dag møter temaet om vikingtida. Med omgrepet 'erkjenning' forstår eg både kunnskap, medvit, forståing og (livs-)tolking. Denne erkjenninga er ei 'evne' eller ein indre kategori me har, men er også utvikla gjennom ein lengre prosess i interaksjon med andre, og inkluderer både det kognitive og emosjonelle.

1.3 Presentasjon av problemstillinga

Eg har dette som hovudproblemstilling:

1. Kva kjenneteiknar barns mytisk-religiøse erkjenning, estetiske erkjenning og historiemedvit i deira møte med kulturskiftet i Noreg ca. 950-1050? I kva grad synest oppleving av aktualitet og relevans å vera viktige dimensjonar?
2. I kva grad synest desse kulturelle symbolske formene å vera føresetnader for eit fruktbart kulturmøte?

Eg vil først presentera nokre hovudtrekk i kulturfilosofien til Ernst Cassirer. Sentralt i denne teorien står myte og religion, språk, kunst, historie og vitskap som ulike erkjenningformer eller ulike kulturelle former. Bruk av symbol er det samanbindande elementet. Ut frå dette skulle ein kunna anta at eit fruktbart kulturmøte bør innehalda alle desse dimensjonane. Det har likevel vore nødvendig å avgrensa seg. Eg meiner at når det gjeld temaet om barns møte med kulturskiftet, er det adekvat å leggja hovudvekta på myte/religion, men også å trekkja inn estetikk og historieførståing.

Sentralt i framstillinga mi vil vera korleis Cassirer knyter desse erkjenningformene til omgrepa tid og rom. Me erkjenner ikkje uavhengig av tid og rom. Gjennom dette får me ei oppleving av om temaet er aktuelt og relevant. Det er samanheng mellom innhald og form. Poenget er at det skjer ei stadig endring i symbolbruken i presentasjonane og representasjonane våre. Desse må me til ei kvar tid analysa og tolka. Her kjem eg også inn på korleis han ser på forholdet mellom einskap og pluralitet innan kulturen, og i kva grad det er rom for meiningsutveksling og kulturbryting.

Teorien til Cassirer dannar basis for drøftinga mi av korleis barn i dag opplever og tolkar møtet med vikingtida, der myte og religion er sentralt når det gjeld livstolkinga. Men nettopp teori om historiemedvit og estetisk erkjenning kan kasta lys over forståinga til barna.

Som ein raud tråd i framstillinga nyttar eg *rosettmetaforen* om kulturforståinga til Cassirer. Det inneber at han ser på kulturen som ein totalitet, der myte og religion utgjer det inste, eller sentrale, feltet i rosetten, og historie, kunst, språk og vitskap dannar omkrins rundt. I prinsippet kan det stadig fyllast nye lag på rosetten, men kjernen er den same.¹⁶ Innan denne totaliteten finst det indre spenningar og motsetnader, men desse vert haldne saman i 'motsetningenes harmoni'. Eg vil argumentera for at dette er ei relevant forståing av kulturfilosofien til Cassirer. Men samstundes vil eg trekkja inn det plurale perspektivet, som særleg Paetzold framhevar.¹⁷ Dermed er me inne i spenningsfeltet som me i dag finn att i debatten omkring modernitet og postmodernitet. Dette kjem eg attende til i drøftinga.

I prosjektet mitt vil rosettmetaforen bety at spørsmål om barns mytisk-religiøse erkjenning vert sette i fokus, og at deira historiemedvit og estetiske erkjenning vert knytt saman med den inste kjernen i rosetten.

I det følgjande vil eg gjera greie for hovudpunkta i filosofien til Cassirer. Vekta ligg på det mytisk-religiøse, det historiske og det estetiske. Eg meiner desse omgrepa har eit fruktbart potensiale når det gjeld å analysera møtet med kulturskiftet.

1.4 Oversikt over innhaldet i avhandlinga

I del I gjer eg greie for den teoretiske ståstaden min, knytt til teorien om dei symbolske formene i kulturen. Her legg eg vekt på myte og religion, historie og estetikk. Eg presenterer nokre nordiske empiriske studiar som kan kasta lys over temaet. I del II gjer eg greie for metode, med vekt på bruk av ein kvalitativ kasusstudie og korleis me kan få fram barneperspektivet. Her tek eg også opp spørsmålet om generalisering. I del III presenterer eg og drøftar resultata frå eiga empirisk undersøking om sjetteklassingar i møte med kulturskiftet i Noreg, med vekt på det mytisk-religiøse, det historiske og det estetiske. Her ligg vekta på einskildelevar og grupper, men eg har og eit oversiktsperspektiv. I avslutninga peikar eg på didaktiske og forskingsmessige utfordringar.

¹⁶ Metaforen vert m.a. nytta av Schwemmer, i Frede og Schmücker (red.) 1997:24.

¹⁷ Paetzold 1995.

Kapittel 2

Ernst Cassirers filosofi om dei symbolske formene i kulturen

I dette kapitlet presenterer eg Ernst Cassirers filosofi om dei symbolske formene i kulturen. Først gjev eg ei oversikt over hovudinnhaldet i teorien. Vidare drøftar eg sentrale element i forståinga av myte og religion, historie og estetikk. Dette dannar basis for analysen av det empiriske materialet i studien min. I kapittel 3 prøver eg å relatera Cassirers teori til relevant forskning om barn og kultur møte.

2.1 Dei symbolske formene i kulturen

Ernst Cassirer¹ er oppteken av korleis mennesket erkjenner seg sjølv og omverda. Basis for denne filosofien er at mennesket erkjenner verda gjennom *symbol*.² Dette er gitt a priori. Menneske blir kalla eit *symbolsk vesen* ('animal symbolicum'). Cassirer understrekar at nettopp symbole vna er det som skil menneske frå dyra, men samstundes viser denne evna tilknytninga til naturen som totalitet. Mennesket har utvikla ulike symbolske former med ein eigen logikk, og dette er ein prosess som stadig går framover, hevdar han. Mennesket står i ein 'selvbefrielsesprosess'.³

Forståinga av mennesket som eit symbolvesen må sjåast som ein reaksjon mot ein filosofi der mennesket berre blei forstått som *fornuftsvesen* ('animal rationale'). Cassirer har eit dobbelt perspektiv: Mennesket må forståast både som eit kognitivt-rasjonelt vesen og som eit emosjonelt og affektivt vesen.⁴ Dette siste perspektivet er kanskje ikkje alltid vektlagt sterkt nok i tolkinga av Cassirer. Han er også oppteken av den kulturelle situeringa: Å ha den sosiale verda som fundament for filosofien, med vekt på interaksjon og relasjonar. Krois

¹ Ernst Cassirer (1874-1945). Tysk kulturfilosof. Jødisk bakgrunn. Omfattande vitenskaplege arbeid innan erkjennings-teori og kulturteori. Emigrerte i 1933 til England, seinare til Sverige og USA. Påverknad frå Kant (transcendentalfilosofi), Husserl ('Lebensphilosophie'), Hegel (dialektikk), Comte (positivisme) og Goethe ('livskjennele' og skapande fantasi). Tilhørde Marburgerskolen (Cohen og Natorp). Rekna som modernist, men somme vil også framheva det postmodernistiske elementet. Oppteken av einskapen i vitenskapen.

² Østerberg, i: Berg Eriksen (red.) 1993:150.

³ EoM 1965:233.

⁴ Paetzold, i: Frede og Schmücker (red.) 1997:164.

(1987) understrekar også at Cassirer var oppteken av kroppen som totalitet, og viser til at m.a. Merleau-Ponty er påverka av Cassirer.⁵

Hovudarbeidet til Cassirer er *The Philosophy of Symbolic Forms (PSF I-IV)*, filosofien om dei symbolske formene i kulturen.⁶ Vidare er han kjend for bøkene *An Essay on Man (Et essay om mennesket) (EoM)*⁷ og *The Myth of the State (MoS)*. Eg byggjer framstillinga i hovudsak på desse arbeida.

Cassirer er oppteken av *einskapen i vitskapen* når det gjeld naturvitskap, moral, juss, politikk, kunst og religion.⁸ Som basis for dette ligg ei grunnleggjande oppfatning av einskap i tilværet og kulturen. Denne einskapstanken er det berande grunnsynet, også når han talar om motsetnader og kriser. Men det er likevel noko som bind saman. Dette synest å ha basis i eit humanistisk, optimistisk menneskesyn. Mennesket er eit myndig og ansvarleg vesen, og kan sjølv forma tilværet sitt.⁹ Samstundes er *evolusjonstanken*, dette å vera i stadig utvikling, ein viktig leietråd i filosofien til Cassirer. Men denne utviklinga kan ikkje forutseiast, og vert heller ikkje utan vidare forstått som framsteg, men som *frigjering*. Einskapstanken må heller ikkje forståast ut frå eit monolittisk fornuftsomgrep, men ut frå ei *pluralistisk tenking*. Mennesket realiserer seg og deltek i kulturen gjennom ulike erkjenningformer, dvs. ulike symbolske former.¹⁰

Den aktuelle filosofiske debatten Cassirer var ein del av, er viktig for å kunna forstå argumentasjonen hans. Den kantianske bakgrunnen hans er heilt sentral. Vidare hadde den jødiske bakgrunnen betydning for han. Dei sosiale, kulturelle og politiske omveltingane i samtida kom til å prega filosofien hans.¹¹ Det at han hadde basis i ideen om det universelle demokratiet, gjorde at han også gjekk inn i den aktuelle politiske debatten¹², med dei kostnadene dette innebar for han som jøde.

2.2 Symbolsk form og symbolsk pregnans

Sidan Cassirer har gjort grundige studium på mange felt, kan det vera vanskeleg å finna eitt fokus i arbeida hans. Det er såleis ikkje utan vidare semje om kva som er dei sentrale omgrepa. Somme hevdar at han mangla omgrep som 'slo an' i samtida. No i ettertid ser me

⁵ Krois 1987:42.

⁶ Bd 1 – 3 utgitt i perioden 1920 – 1929. Engelsk utgåve 1955 – 57. Bd 4 utgitt posthumt 1996.

⁷ Utgjeven i USA 1944. Norsk omsetjing ved Eva Wyller 1965. Etterord ved Egil A. Wyller.

⁸ Østerberg, i: Berg Eriksen (red.) 1993:141ff.

⁹ Østerberg, i: Berg Eriksen (red.) 1993:148.

¹⁰ Krois, i: Frede og Schmücker (red.) 1997:133.

¹¹ Paetzold 1995:1.

¹² Paetzold 1995:35.

kanskje lettare relevansen i omgrepa, særleg med tanke på den plassen symbolbruk og symbolforståing har hatt i den vitskaplege diskursen.

Symboltenkinga dannar basis for arbeida til Cassirer. Symbolbruken er felles for språk, myte og religion, kunst, historie og vitskap, og Cassirer kallar symbolet ein nøkkel til menneskenaturen.¹³ Symbolet må ikkje oppfattast som ein 'ting' eller eit ferdig objekt. Det vert utvikla gjennom *dialog*. Menneska må møtast ansikt til ansikt, understrekar han. Her kjem det relasjonelle aspektet fram. Han er oppteken av at mennesket ikkje må studerast individuelt, men i ein politisk og sosial kontekst.¹⁴ Det er likevel '*Mennesket*', heller enn einskildmennesket som trer fram, og det er meir tale om generelle prinsipp enn om konkrete sosiale og historiske vilkår.¹⁵ Han er vidare oppteken av det funksjonelle, heller enn det essensielle.

Filosofien om dei symbolske formene vart utvikla i, og må forståast ut frå spenninga mellom einskap og mangfald (pluralitet) i kulturforståinga hans. Nettopp rosettmetaforen understrekar at Cassirer meiner det er noko som bind kulturen saman, nemleg det mytisk-religiøse:

And that myth has so crucial a significance in and for this whole becomes evident the moment we consider the genesis of the basic forms of cultural life from the mythical consciousness. None of these forms started out with an independent existence and clearly defined outlines of its own; in its beginning, rather, every one of them was shrouded and disguised in some form of myth.¹⁶

Det skjer likevel ein viss utviklings- eller frigjeringsprosess i erkjenninga. Med tilvising til Kant poengterer Cassirer at det er ein viss samanheng mellom 'becoming' og 'being'. Det nye er ikkje noko fundamentalt annleis enn det som er/var, men det kan skje ei viss endring i denne 'åndens fenomenologi'.¹⁷ Cassirer er prinsipielt open for nye symbolske former. Her ser me at særleg forståinga hans av språket som produktiv og nyskapande kraft er viktig. I arbeida understrekar han mangfaldet og pluraliteten. Dermed er det også relevant å understreka det postmodernistiske elementet hos Cassirer.¹⁸ Vidare er det viktig å merka seg at Cassirer har ei immanent forståing av dei ulike symbolske formene. Dette kjem eg attende til i drøftinga av myte- og religionsomgrepet hans.

Eg nyttar i det følgjande omgrepa 'Mythos' og 'det mytisk-religiøse' noko om ein annan, då denne vekslinga også skjer i arbeida til Cassirer. I følgje Cassirer er dei andre

¹³ EoM 1965:29.

¹⁴ EoM 1965:67.

¹⁵ EoM 1965:73.

¹⁶ PSF II:xiv-xv.

¹⁷ PSF II:xv.

¹⁸ Paetzold 1995:104.

symbolske formene vaksne ut av Mythos. Dei har eigne lover, men er ikkje frigjorde frå Mythos. Mytane er som eit morsfang ('Mutterboden'), der dei andre formene har opphav og næring. Med denne måten å tenkja på kan me seia at det på den eine sida ligg ei form for evolusjon, eller ei trinnvis utvikling ('ein Stufenschema')¹⁹, medan det på den andre sida ikkje vil skje ei total lausriving. Ein 'Ariadnetråd' bind saman, nemleg symbolbruken. I terminologien til Cassirer er det likevel tale om vekst, ulike kulturformer og trinn i utviklinga.²⁰ Her kan det liggja ei implisitt tolking om at det har skjedd ei utvikling i meir positiv tyding, frå det primitive til det meir utvikla. Men dette er ikkje utan vidare ei rett tolking, noko eg seinare skal koma attende til i drøftinga av den politiske funksjonen til myten. Cassirer var dessutan kritisk til det moderne massesamfunnet.

Sentralt hos Cassirer er også den vekta han legg på *handlung* ('virke') og *verk* i kulturell aktivitet. Dette fører til eit dobbelt perspektiv i filosofien hans: På den eine sida vekta på *dei objektive kulturprodukta og handlingane* i fellesskapet, på den andre sida vekta på det som kan kallast *subjektive energiar*, som produserer handlingane eller verket.²¹ Denne fokuseringa på handlinga og verket må truleg forståast som ein reaksjon på den metafysiske debatten om menneskets 'vesen'. Cassirer flyttar tyngdepunktet til å gjelda *handlingsperspektivet*. Vårt åndeleg-kulturelle 'vesen' er praktisk fundert i handlingane og verka våre. Me både skaper, tolkar og omskaper, og i handlingane våre vert me den me er. Vår åndelege gestalt viser seg i handling. Her er Cassirer tydeleg prega av 'livsverden'-omgrepet hos Husserl. Poenget er at denne prosessen og dei kulturelle produkta vil variera med den kulturelle *konteksten* me er del av. Konteksten påverkar oss, og me påverkar konteksten.

Symbolet vert sett på som einskapen i alle menneskelege uttrykksformer og verksemder.²² Cassirer utvikla symbolforståinga i motsetnad til tradisjonell representasjonsteori, dvs. at eit omgrep er direkte representant for, er avbilet av, eller gjev direkte tilgang til realitetane. Cassirer er prega av språkfilosofien og 'den lingvistiske vendinga'²³, og han hevdar at me konstruerer verda gjennom erkjenningsformene våre. Symbolet både skaper og er skapt. Symbolforståinga hans er nær knytt til utviklinga av moderniteten og trua på fornufta. Inspirert av biologen Uexküll ser han på samfunnet som ein organisk heilskap, der mennesket blir påverka av dei ulike delane i dette universet, så som

¹⁹ Schwemmer, i Frede og Schmücker (red.) 1997:23-24.

²⁰ EoM 1965:11.

²¹ Leander 1950:72.

²² Østerberg, i: Berg Eriksen (red.) 1993:150.

²³ Krois, i: Frede og Schmücker (red.) 1997:139-140.

språk, myte, kunst og religion. Det er tale om eit innvikla nett me må prøva å finna ut av gjennom erfaringsbaserte undersøkingar i den kulturelle konteksten.²⁴ Tesen hans er at nettopp dei symbolske formene kan gje slike reiskapar. Sidan symbolet på den eine sida er allment, kan me ved hjelp av kommunikasjon forstå kvarandre. Men me kan også misforstå, i og med at symbolet er mangetydig og uhyre foranderleg.²⁵ Symbola står i relasjon til kvarandre, dvs. dersom tydinga av det eine symbolet endrar seg, kan det få konsekvensar for tydinga av andre. Omgrepa '*symbolsk form*' og '*symbolsk pregnans*' er nøkkelomgrep i symbolforståinga til Cassirer.²⁶ Eg byggjer her m.a. på sentrale Cassirerforskarar som Krois²⁷ og Paetzold.²⁸ Ein av dei som har stilt spørsmål ved omgrepet '*symbolsk pregnans*' som nøkkelomgrep, er Philip Dubach.²⁹ Eg vil gjera greie for nokre av innvendingane hans.

2.2.1 Symbolsk form

Cassirer nyttar omgrepet '*symbolsk form*' på ulike måtar. Det kan referera til symbolske relasjonar, til variasjonen av kulturelle former, som myte, kunst, historie etc., eller i tilknytning til omgrepa tid, rom, årsak og nummer.³⁰ 'Symbolsk form' kan også vera eit teoretisk lada omgrep med ein universell standard, eller vera eit epistemologisk uttrykk for totaliteten i erfaringa vår, dvs. eit omgrep av representativ karakter.³¹ Krois samanliknar det med uttrykket 'world', dvs. at dei ulike symbolske formene er uttrykk for ulike verder.³² Hovudpoenget til Cassirer er at kulturen består av ulike symbolske former: Myte og religion, historie, kunst, språk og vitenskap. Desse er konstruerte *konfigurasjonar*, ikkje kopiar av eksisterande realitetar. Det er altså ingen samanheng med ytre, objektive formasjonar i samfunnet:

Myth, art, language, and science are in this sense configurations *towards* being: They are not simple copies of an existing reality but represent the main directions of the spiritual movement, of the ideal process by which reality is constituted for us – as a diversity of forms which are ultimately held together by the unity of meaning.³³

I prinsippet er Cassirer open for fleire symbolske former. Dei symbolske formene er vovne tett inn i kvarandre, og oppgåva vår er å openberra, eller gjera tydeleg, strukturen i desse ulike

²⁴ EoM 1965:31. Paetzold 1995:199.

²⁵ EoM 1965:41.

²⁶ Jfr. tittelen 'De symbolske formers filosofi'/'Filosofien om dei symbolske formene'.

²⁷ Krois 1987.

²⁸ Paetzold 1995.

²⁹ Dubach, i: Rudolph og Küppers (red.) 1995.

³⁰ Hamburg, i: Schilpp (red.) 1958:77.

³¹ Hendel, forord i PSFII; Stensland 1986:44.

³² Krois 1987:4.

³³ PSF 1:107, ref. frå Stensland 1986:38.

formene. For å forstå kulturen, må ein ha ei symbolsk forståing av han. Mennesket skapar seg eit symbolsk univers i kulturen, og prøver å trengja inn i det gåtefulle ved det å vera menneske.³⁴

Eit hovudpoeng hos Cassirer er at me prøver å fanga inn kulturen gjennom *mentale bilete* i persepsjonsprosessen. Symboleivna er ei evne me 'har'. Samstundes utviklar me symbola i interaksjon med andre, gjennom mellommenneskeleg diskurs. Korleis forstår så Cassirer individets 'selvbefrielsesprosess'? Gjennom tidene føregår det ei utvikling av erkjenningsprosessen vår, med vekt på ulike 'locus', eller 'modus', gitt a priori. Desse ulike modi utviklar ulike erkjenningsformer, der kvar av dei representerer ein heilskap, og der me kan sjå verda frå ulike synsvinklar.³⁵ Me kan ikkje ta Cassirer til inntekt for at kvart menneske til ei kvar tid har, eller kan ha, ein slik samla kompetanse til å beherska ulike modi. Han konstaterer likevel funksjonen reint fenomenologisk. Vidare hevdar han at symbolforståinga er ein dynamisk prosess som må forståast i relasjon til andre symbol.

Så langt eg kan sjå, legg Cassirer vekt på at me no er komne til det vitskaplege nivået i utviklinga, men dette er ikkje lausrive frå Mythos. Spørsmålet er om det er belegg for å tenkja at me alle, qua einskildmenneske, har kompetanse eller føresetnader for desse ulike erkjenningsformene. Eg meiner det er ansatsar også til ei slik forståing i *Et essay om mennesket*. Det er på denne bakgrunnen eg meiner rosettmetaforen kan vera fruktbar. Men kanskje slike tankar er anakronistiske i eit postmoderne samfunn?

Omgrepet '*symbolsk form*' uttrykkjer at det finst variasjon i ulike kulturelle former. Me fangar ikkje røyndommen direkte, men medierer han gjennom ulike former, objektiviseringar eller representasjonar som er knytte til tid, rom, årsak og tal. Cassirer understrekar at omgrep utan 'anskuelse' eller form, er tomme. Me kan altså ikkje slå fast 'reine' fakta eller 'reine' prinsipp; alt har ei form.

Cassirer skil mellom teikn, signal og symbol.³⁶ Symbolet er knytt til meiningsverda. 'Symbol' kan på den eine sida forståast som avtale, teikn, eller noko som skal erstatta ein meir komplisert samanheng. Symbol kan også forståast som noko som ikkje erstattar ein konkret røyndom. Cassirer legg i si forståing av symbolomgrepet vekt på at me konstruerer symbola. Dei er ikkje ei erstatning for noko 'eigenleg'. Me kan altså ikkje finna ut korleis ting 'eigenleg er'. Symbola har berre ein funksjonell verdi. Symbola er ikkje del av det fysiske 'væren'. Dette skil dei frå 'signal', som tilhøyrrer den fysiske eksistensverda. Det er altså ikkje

³⁴ E.A. Wyller i etterord, EoM 1965.

³⁵ Stensland 1986.

³⁶ EoM 1965:36ff.

slik at me først erkjenner dei eigenlege saksforholda, og deretter konstruerer eit symbol for dei. Det er gjennom formlar og symbol me erkjenner verda. Me skapar dette språket sjølv, det blir ikkje gitt oss. Symbola kan dermed ikkje reduserast.³⁷ Men nettopp gjennom dette at symbola kan konstruerast, vert dei ein 'magisk nøkkel', dvs. dei får ein svært sentral funksjon.³⁸ For å illustrera denne prosessen, talar han om 'uttrykksfunksjon' (det ekspressive), 'framstillingsfunksjon' (det representative) og 'betydningsfunksjon' (det å ha ein dimensjon av meining).³⁹

Symbolet er allment, men også uhyre skiftande, og må difor forståast i konteksten. Det finst eit mangfald av symbol. Mennesket lever i eit '*symbolsk univers*', og det er viktig å kjenna dette universet for å forstå kvarandre. Cassirer er ikkje oppteken av det metafysiske opphavet til denne symbolevena, men av funksjonen.

Cassirer legg, som tidlegare nemnt, vekt på *handlingsaspektet* og *kulturelle produkt*. Dersom eg skal trekkja forskingsmetodiske konsekvensar av dette i prosjektet mitt, må det bli å vektlegga kulturelle symbolske produkt og handlingar, og å få forståing av kva *symbolske verktøy* barna nyttar, ikkje berre gjennom ord, men like mykje gjennom handlingar og emosjonelle uttrykk. *Mediering* og *verkanalyse* er såleis sentrale i denne samanhengen, og dette vert m.a. teke opp i boka *Kulturvitenskapenes logikk*.⁴⁰ Mediering skjer gjennom ulike symbolske former og gjennom ulike medium som er materielle og moglege å sansa. Dei kulturelle formene er nedfelte i verk, og desse uttrykkjer tankar og kjensler hos mennesket. Lesing, avkoding, tyding og tolking blir såleis sentralt. Det skjer også ei utvikling av symbola gjennom mellommenneskeleg diskurs. Cassirer går likevel ikkje inn på noko kunnskapssosiologisk drøfting av dette, slik t.d. Bourdieu gjer, m.a. etter påverknad frå filosofien til Cassirer.⁴¹

Eit anna viktig moment hos Cassirer er at evna til symbolsk tenking betyr evne til *omforming* og *frigjerings*, emansipasjon. Det ligg såleis eit nyskapande element i denne symbolske, formative evna. Her kjem forståinga hans av 'væren' og 'vorden' inn. Slik eg forstår det, ligg det ei evne til nyskaping i menneskets evne til 'vorden'; det å gripa ut over tid og rom (jfr. Giddens omgrep 'utstrekking'). Dette synest å vera ein allmenn funksjon qua

³⁷ E.A. Wyller i etterord, EoM 1965.

³⁸ EoM 1965:40.

³⁹ Schwemmer, i: Frede og Schmücker (red.) 1997:23. Krois 1987:81ff.

⁴⁰ Norsk omsetjing frå 1994.

⁴¹ Bourdieu 1995.

menneske, noko han grunngeiv med tilvising til språkfilosofien til Herder.⁴² Vidare seier han at me må forstå dei ulike symbolske formene ut frå deira eige rasjonale.

2.2.2 Symbolsk pregnans

Som nemnt er *symbolsk pregnans* sett på som eit nøkkelomgrep hos Cassirer⁴³, sjølv om ikkje alle vil vera einige i det. Omgrepet blir lite nytta av Cassirer⁴⁴, og dette er bakgrunnen for innvendingane til Dubach. '*Symbolsk pregnans*' er knytt til den vekta Cassirer legg på persepsjon. Han tek avstand frå passive persepsjonsteoriar, og legg vekt på ein aktiv og skapande tolkingsprosess. Symbolsk pregnans uttrykkjer det grunnforholdet at ikkje noko kan bli oppfatta utan både form og innhald, meining og totalitet. Krois formulerer det slik:

Die symbolische Prägnanz aller Phänomene liegt nicht darin, dass etwas etwas anderes repräsentiert, sondern bereits darin, dass etwas als etwas erscheint.⁴⁵

I følge Krois er omgrepet 'symbolsk pregnans' nettopp det transcendentale og eit hovudomgrep hos Cassirer. Det er eit a priori omgrep, eit 'urfenomen'. Det er dette 'noko' som pregar oppfatninga vår, og som gjer at førsteinntrykket kan vera så avgjerande. Det gjer at me oppfattar preget av 'noko', at me opplever innhald og form på ein nøyaktig og fruktbar måte.⁴⁶ For meg er det likevel noko utydeleg i kva grad dette er eit ønske eller ei faktisk erfaring. 'Symbolsk pregnans' synest å vera ein funksjon, som vil variera frå menneske til menneske. I daglegtalen vår tenkjer me heller på at det som er pregnant, verkeleg får fram saka 'slik ho verkeleg er', dvs. me har førestellingar om at det eksisterer ein objektiv røyndom som det er viktig å få fram, eller at me får fram overfor andre det me subjektivt opplever er viktig.

Paetzold (1995) meiner at medan dei symbolske formene utgjer det horisontale perspektivet i ordninga av kulturen, kan symbolsk pregnans forståast som det vertikale. Symbolsk pregnans er utgangspunktet for ei 'evne' mennesket har til å strukturera erfaringar.⁴⁷ Dette må likevel ikkje få oss til å tru at alle vil erkjenne verda på den same måten, sjølv om dei har ei slik 'erkjenningssevne'. Utvikling av meining skjer gjennom interaksjon, så det intersubjektive perspektivet må me dermed ha med.

⁴² EoM 1965:44.

⁴³ Sjå Krois 1987:50.

⁴⁴ PSF III del 2.

⁴⁵ Krois, i: Frede og Schmücker (red.) 1997:141.

⁴⁶ Paetzold 1995:66-67.

⁴⁷ Paetzold, i: Frede og Schmücker (red.) 1997:170ff.

Symbolevene og symbolbruk er nær knytt til *meiningsomgrepet*. Symboliseringsprosessen handlar om å utvikla meining eller '*betydning*'. Me lagar skjemata gjennom ein '*framstillingsfunksjon*' ('Darstellungssinn') og ein '*uttrykksfunksjon*' ('Ausdruckssinn'). Dette skjer i ein dialektisk prosess gjennom å bearbeida sanseintrykk. Persepsjonen har alltid form og retning, og er både ein subjektiv og ein objektiv prosess. Her er tid og rom sentrale kategoriar, eller kvalitetar. Dei er ikkje entitetar, som er uavhengige av kvarandre, men korrelerer. Desse kvalitetane har igjen ulike modus, dvs. ulike symbolske former.

Omgrepa 'symbolsk form' og 'symbolsk pregnans' fører over til omgrepa '*gjenstand*' og '*tekst*'. Det er tale om ei objektivert form, som har både ei fysisk, ei historisk og ei psykologisk side. Cassirer talar vidare om den fysiske dimensjonen i tilværet, det objektivt framstelte og 'det personlege uttrykks dimensjon'. For Cassirer er kroppskjensla sentral. Kropp og sjel høyrer saman. Verda omkring oss er kroppsliggjort ('embodied'), og me er i interaksjon med denne verda.⁴⁸ Kulturens former er nedfelte i 'verk', som gjev uttrykk for menneskelege tankar og kjensler som me må tolka i lys av den tida me lever i. Vidare må me tolka dei media me nyttar. Dette er ein uavslutta prosess. Det er mange røyster ('plurale Vielstimmigkeit') i denne prosessen, og dei symbolske formene utgjer ikkje noko tolkingshierarki.⁴⁹ Midt i denne pluraliteten held Cassirer fast på *livet* og *meininga* som urfenomen, som noko a priori gitt, og som me søkjer å erkjenna djupna av.

Dubach hevdar at omgrepet 'symbolsk pregnans' ikkje let seg innordna dei andre omgrepa i filosofien til Cassirer. Han meiner at det ikkje er grunn til å seia at 'symbolsk pregnans' er eit transcendentalt og fundamentalt omgrep. Det er uklart korleis dette omgrepet kan forståast som ein åndeleg aktivitet. I kva grad er me frie eller bundne i forståinga vår, spør han.⁵⁰

2.3 Sanning, funksjon og essens

Eg vil også nemna eit anna moment som for meg synest å vera noko uklart hos Cassirer. På den eine sida er han oppteken av den symbolske funksjonen, ikkje av essens eller sanningsspørsmålet, dvs. om symbolet kan seiast å vera absolutt, eller vera uttrykk for 'sanning'. Cassirer tek opp dette problemet, m.a. i drøftinga av forholdet mellom astronomi og astrologi. Prinsipielt kan ein, slik eg tolkar Cassirer, ikkje tala om 'sanne' og 'usanne'

⁴⁸ Krois 1987:61.

⁴⁹ Paetzold, i: Frede og Schmücker (red.) 1997:172ff.

⁵⁰ Dubach, i: Rudolph og Küppers 1995.

symbol i ontologisk tyding. Han har eit funksjonelt sanningsomgrep.⁵¹ Cassirer synest likevel å hevda at det finst ein verdiskala, sidan han talar om 'memorable kjensgjerningar'. Det finst nokre omgrep som er meir fruktbare enn andre, eller hendingar som er meir verd å minnst enn andre. Kanskje ligg det her ein ambivalens i dei symbolske formene? Er dei i prinsippet totalt opne, eller finst det grenser? Krois hevdar at den normative dimensjonen kjem klart fram i arbeida hans, særleg dei seinare åra. Han meiner ein ikkje kan kalla Cassirer ein relativist, sjølv om han avviser det metafysiske. Dette at dei ulike symbolske formene ikkje kan erstatta kvarandre, men som totalitet utgjer sanning, er argumentet til Krois mot å oppfatta Cassirer som relativist.

Omgrepet '*funksjon*' er heilt grunnleggjande hos Cassirer. Det skjer ei utvikling frå vekt på substansenking til funksjonstenking. Truleg er dette ein motreaksjon mot ei reindyrka essensialistisk forståing. Eg meiner likevel Cassirer her legg for lite vekt på at det er viktig også å ha ei forståing for essensen, innhaldet, for å utvikla det relasjonelle og funksjonelle. Men han har eit viktig poeng i understrekinga av at me ikkje kan forstå essensen av noko utan i relasjon til noko anna. Kanskje det også ligg ei tyding av essens som går meir på tings *vesen* enn det me i dag legg i ordet *innhald*?

Det ser ut til at i dei seinare åra skjer det *ei etisk vending* i arbeida til Cassirer. Han opererer ikkje med etikk som ei eiga symbolsk form, slik me kanskje kunne venta. Men rettstanken og etikken kjem likevel fram, kanskje særleg i historiesynet hans. På den eine sida avviser han religiøs og politisk fundamentalisme, på den andre sida synest det å vera tydelege element av naturrettstenking og det normative i filosofien hans, kanskje særleg med tanke på det politiske grunnsynet, men også religionsforståinga er prega av det etiske perspektivet.

2.4 Tid og rom

Som nemnt er omgrepa '*tid*' og '*rom*' sentrale hos Cassirer.⁵² Han ser det som ei sentral oppgåve å beskriva og analysa menneskelege erfaringar av tid og rom. Tid og rom er ikkje 'reine' eller 'tomme' former eller 'beholdarar' som me kan tømme og fylla.⁵³ Erfaringane er alltid lokaliserte eller situerte.⁵⁴ Me ser her tydeleg påverknaden frå Kant. Tid og rom er gitt a priori. Om ein skulle forstå dette som ein slutta heilskap, eller meir relativt, var på den tida avhengig av kva retning innan fysikken ein tilhørde.

⁵¹ Paetzold 1995:114.

⁵² T.d. avsnittet "Menneskets verden i rum og tid" i: EoM 1965:46ff.

⁵³ Op.cit.

⁵⁴ PSF II:30.

Påstanden om at me ikkje kan fatta noko som verkeleg utan gjennom tid og rom, kan vera eit viktig memento til moderne førestellingar om at tid- og rom-omgrepet er tømt for innhald, og kan gjevast nytt innhald. Slik eg tolkar Cassirer, finst det ikkje noko 'tom form' eller eit 'interregnum' mellom gammal og ny form. Tid og rom *er* alltid form og innhald. Kva dette innhaldet er, kan me berre finna gjennom å analysere dei kulturelle formene. Då kan me, som han seier, "... oppdage tidens og rummets sanne forhold innen vår menneskelige verden".⁵⁵ I denne siste formuleringa merkar me oss også at det er tale om sanning, om enn kanskje ikkje i endegyldig forstand.

Forståinga til Cassirer av tid og rom må me også sjå i lys av impulsane frå fysikken. Me kan ikkje fatta noko utan gjennom formene eller erkjenningskategoriane tid og rom, som er vovne tett inn i ein annan. Cassirer er ikkje oppteken av genetiske eller metafysiske spørsmål om opphavet til desse kategoriane. Tid og rom har ulike modi, eller ulike konfigurasjonar, som ikkje nødvendigvis er kompatible. Tid og rom er medierte produkt som må oppfattast relasjonelt. Det ser likevel ut til at utviklingstanken, eller skjema-tanken, er framme hos Cassirer også her. Han talar om at erfaringsformene ikkje ligg på det same planet, og at det finst høgare og lågare lag.⁵⁶

Rommet utgjør forma for den ytre erfaringa vår. Rommet er ein kategori me erkjenner i form av. På den eine sida tenkjer me rommet som noko konkret, noko målbart. På den andre sida er det geometriske rommet ein abstraksjon. Det finst, i følgje Cassirer, ulike typar og kategoriar for tid og rom. Cassirer synest å ordna desse i eit hierarki, frå 'organisk tid og rom' ('handlingsrommet') som vert sett som det lågaste, til eit meir komplisert system som han kallar 'sansa rom', eller frå eit 'primitivt rom' til eit 'abstrakt rom' eller eit 'geometrisk rom'. Dette siste tek plassen til astrologiens mytiske og magiske rom. Det mest interessante for han er det han kallar '*det symbolske rom*', dvs. at me har evne til å re-presentera i romlege kategoriar.⁵⁷

Tid. Me forbind tida med ein viss form for suksesjon, eller kronologi. Kant hadde ei kvantitativ forståing av tida. Cassirer utvidar perspektivet også til å gjelda '*kvalitativ tid*'. I dette inkluderer han det fortidige, det notidige og det framtidige, men dette er ikkje omgrep som kan forståast kronologisk utan vidare. Det er relasjonelle omgrep som stadig endrar seg i forhold til kvarandre, og som dermed får nye dimensjonar. For mennesket opnar ikkje dette berre ein ny dimensjon i kunnskapssynet, men det er også ein ny måte å forstå kulturen på.

⁵⁵ EoM 1965:46.

⁵⁶ EoM 1965:47.

⁵⁷ EoM 1965:47-50.

Ved å t.d. innlemma ei mytisk oppfatning av tid og rom, med rom for fantasi og bilete, har ein fått nye former og struktur.⁵⁸ Det kan utviklast eit nytt erkjenningssparadigme, eller ei ny symbolsk form.

Cassirer legg vekt på at tidsforståinga må vera prosessorientert, ikkje statisk. Fortid, notid og framtid er ein heilskap, ikkje skilde element. Samstundes omtalar han framtida som 'den tredje dimensjonen'.⁵⁹ Han ser dette i samheng med vår evne til memorering, minne, 'erindring', men også evne til å forutsjå. Poenget i tidsforståinga hans er ikkje 'gjenerindring' forstått som kopiering eller reproduksjon, men at me har evne til å organisera i tanken ved hjelp av tidsomgrepet. *Framtidsdimensjonen* er sentral hos Cassirer. Som me skal sjå, får det betydning for historiesynet hans. Vidare legg Cassirer vekt på at i tidsforståinga er det eit element av sjølvverkjenning og sjølvkritikk. *Forventningane* våre er sentrale. Det er såleis *ei utopisk element* i tidsforståinga hans. Han hevdar at medvitet vårt er meir oppteke av framtida enn av fortida, og at dette styrer måten vår å forstå historia på. For Cassirer er det viktig at mennesket tenkjer på framtida og lever i framtida. For oss kan dette kanskje sjå ut som eit metafysisk ideal som står i motsetnad til kritikken hans av det transcendent, men han hevdar, med referanse til Bergson, at denne framtidsforventninga ikkje overskrid grensene for organisk liv.⁶⁰ Me har denne klokskapen: Me kan forutsjå framtidige hendingar og førebu framtidige behov. På same måten som mennesket har ei 'symbolsk fortid', har me *ei symbolsk framtid*, ei slags 'profetisk framtid'. Dette uttrykket brukar han med tilvising til dei religiøse profetane. Denne profetiske framtida er ei etisk og religiøs plikt, hevdar han. Difor synest også *Utopia* å ha plass: Det å behandla det umoglege som om det var mogleg. Gjennom ei slik behandling kan me vera med på ei stadig omforming av det menneskelege universet.⁶¹

Det etiske og normative perspektivet er tydeleg, særleg i dei seinare arbeida. Me ser såleis også eit visst eskjatologisk perspektiv hos Cassirer. Dette framtidsperspektivet må me forstå i lys av det konstruktivistiske kunnskapssynet hans: Gjennom 'symbolsk hukommelse' har me evne til å byggja opp på nytt. Erindring og nyskaping heng saman, og *den skapande fantasien* er her eit viktig element. Fantasien utvidar grensene mellom det verkelege og det moglege, mellom 'væren' og 'vorden'. Djup og ekte fantasi ser ut til å vera viktig.

⁵⁸ EoM 1965:54 ff. Stensland 1986:58.

⁵⁹ EoM 1965:57.

⁶⁰ EoM 1965:56.

⁶¹ EoM 1965:65-66.

2.5 Myte og religion, historie og estetikk som symbolske former

I dette avsnittet utdypar eg teorien om dei tre symbolske formene: Myte og religion, historie og estetikk.

2.5.1 Mytisk-religiøs erkjenning

I dette avsnittet vil eg først presentera hovudtankar i det Cassirer kallar 'mytisk-religiøs erkjenning' ('consciousness'). Slik eg tolkar Cassirer, er dette nerven, eller kjernen i filosofien hans. Det gjeld difor å få innsikt i korleis han tolkar omgrepet, sidan det er mange paradoks og kontrastar i ulike teoriar om kva myte og religion er. Det store spørsmålet er kva plass fornuft, fantasi og kjensler har. *Myte* vert i ulike teoriar oppfatta på mange og til dels motstridande måtar: Som ei sann eller falsk historie, heilag eller profan, som realitet eller fiksjon, arketypisk eller stereotypisk, logisk, emosjonell eller prelogisk.⁶² Ulike oppfatningar her vil truleg bety ulike konsekvensar når det gjeld forskingsmetode.

Myteforståinga til Cassirer

Cassirer høyrer til blant dei mest kjende myteteoretikarane, saman med t.d. Malinowski, Jung, Levi-Strauss og Eliade. Desse teoretikarane legg vekt på ulike sider ved myten, og teoriene deira kan difor ikkje utan vidare samanliknast. Teoriane er for ein stor del utvikla i første halvdel av 1900-talet. Me kan kort seia at Malinowski legg vekt på innsamling av mytar gjennom feltarbeid, der myte vert sett på som pragmatiske forteljingar, med vekt på myte som primitiv psykologi; Levi-Strauss legg vekt på samanhengen mellom myte og språk; Eliade legg vekt på myte som skapingsforteljingar; og Jung legg vekt på myte som det kollektivt umedvitne. Cassirer legg vekt på den emosjonelle og formative krafta i myten.⁶³ I denne samanhengen kan eg ikkje gå nærare inn på ei samanlikning av dei ulike myteteoriane, men eg vil setja fokus på myteforståinga til Cassirer og spørja om denne kan vera eit fruktbart utgangspunkt for å tolka dagens barn i møte med norrøne mytar.

Eit sentralt spørsmål er i kva grad Cassirer meiner at mytisk-religiøs erkjenning er ei evne menneska har, eller om det er ein kompetanse me kan utvikla/konstruera. I så fall, kvifor og korleis? Er det ei erkjenningssform alle menneske bør ha for å vera harmoniske menneske? Kva pedagogiske implikasjonar har dette i møte med barn?

⁶² Strenski 1987:1; Eidsvåg (red.) 1992; Mikaelsson (red.) 1996; Selberg (red.) 1997.

⁶³ Strenski 1987:5-7.

Cassirer er ikkje oppteken av mytens ontologi eller av innhaldet i myten, men av *mytefunksjonen*, dvs. den betydning myten har for det menneskelege medvitet i form av det emosjonelle, av kraft, makt og intensitet.⁶⁴ Han er ikkje oppteken av korleis myten har oppstått. Det blir dermed noko uklart korleis forholdet er mellom myten sitt vesen og dette at me kan erkjenne verda gjennom ei eiga symbolsk form, som han kallar myte og religion. Me kan ut frå dette ikkje slutta at mytisk erkjenning er noko medfødd for alle menneske til alle tider. Men samstundes ser det ut til å vera ein predisposisjon a priori, eller det me kan kalla ei 'evne' eller potensiell erkjenningform. Poenget er at mennesket konstruerer eit mytisk-religiøst univers.

Mytar er, i følge Cassirer, konfigurasjonar som er konstruerte gjennom aktiv handling. Objekta er ikkje gitt medvitet i rein form, men representasjonane vert konstruerte i tid og rom. Her vert forholdet til det guddommelege ofte teke opp, og dette gjev seg utslag også i ritar og kultus.⁶⁵ Det som skil desse representasjonane frå t.d. vitskapleg rasjonale, er at dei ikkje let seg innordna i eit tradisjonelt årsak - verknadskjema, eller i fragment. Mytane er uttrykk for ein kompleks heilskap.⁶⁶ Føremålet deira er nettopp å skapa orden i kaos, sjølv når alt tilsynelatande verkar kaotisk. Myten kan dermed også forståast som organisering av erfaringar.⁶⁷ Cassirer har såleis ei strukturell forståing av myten.

Strenski (1987) hevdar at det vil vera umogleg å forstå myteteorien til Cassirer utan forståing for at det er tale om eit *mytisk a priori*.⁶⁸ Cassirer hevdar at dei ulike erkjenningformene er byggjesteinar til å konstruera verda gjennom. Dei har ulik modalitet, og kan difor ikkje utan vidare samanliknast. Det finst likevel ein einskap i ulikskapen, nemleg *emosjonane*.⁶⁹ Cassirer er tydeleg påverka av Schelling, som meinte at myten var ein sentral modus av menneskeleg tanke.⁷⁰ Vidare er han inspirert av den vekta Freud la på emosjonane, og av myten som variasjon av seksualiteten.⁷¹ Dilemmaet er at folk synest å vilja transcendera denne mytiske erkjenninga til fordel for ei vitskapleg erkjenning i moderne tid. Spørsmålet er om me endrar oss radikalt. Dette elementet av endring finn me også i Cassirer si forståing. Poenget er likevel at det er samanheng fordi me er menneske.

Det er grunn til å merka seg at Cassirer har ei noko tvetydig haldning til myteomgrepet. I bøkene PSF II og EoM vurderer han mytane positivt, medan han gjev

⁶⁴ PSF II:5.

⁶⁵ PSF II:39. Paetzold 1995:61.

⁶⁶ PSF II:51.

⁶⁷ Paetzold 1995:60.

⁶⁸ Strenski 1987:28.

⁶⁹ Stensland 1986:37.

⁷⁰ Hendel, i Introduksjon til PSF II s x.

⁷¹ EoM 1965:78.

uttrykk for eit meir negativt syn i *The Myth of the State*. Han drøftar eksisterande myteteoriar, ikkje minst gjennom arven frå Hegel, Schelling og Humboldt. Dette vert aktualisert i debatten med Badenskulen⁷², og spørsmålet her gjeld det irrasjonelle elementet og 'folkeligheten' i mytane i forhold til det logiske og empiriske. Innan den filosofiske idealismen hadde ein skilt mellom myte og filosofi, fordi myte vart oppfatta som ikkje fornuftig. Men Cassirer átvarar mot å sjå på myte som 'non-being'. Han går radikalt til verks, og ser på myte som ei eiga erkjenningssform.⁷³ Myteforståinga hans synest også å vera prega av den tematiske inndelinga i Warburg-biblioteket, der nettopp mytar hadde sin eigen plass.⁷⁴ Vidare tala Cassirer inn i den politiske konteksten, der han såg negative trekk i form av heltedyrking, totalitarisme og rasisme. Her kjem mytens politiske funksjon sterkt fram hos Cassirer.⁷⁵ Dette meiner eg er eit viktig perspektiv også i dag, med tanke på barn og myteforståing.

Stundom drøftar Cassirer myte og religion som åtskilde storleikar, av og til knyter han dei saman til eitt omgrep, det mytisk-religiøse. Det tyder på at han både ser skilnader og fellestrekk ved dei. Både gjennom myte og religion prøver menneska, i følgje Cassirer, å forklara og forstå den menneskelege kulturen, eller å gje han *meaning*. Fram gjennom historia har det vorte gjort mange forsøk på å finna einskap og meaning i tilværet. På den eine sida understrekar Cassirer at både myten og religionen er vanskeleg å analysere logisk, sjølv om mennesket prøver å finna meaning gjennom desse. Det er dermed noko uklart kva Cassirer meiner når han hevdar at myten er a-teoretisk. På den andre sida drøftar han ulike forsøk på å laga teori om myten, og slik eg forstår det, teoretiserer også Cassirer. Han presenterer ulike myteteoriar, og tek stilling til i kva grad desse synest vera sakssvarande. Stensland summerer opp dei ulike retningane Cassirer drøftar på følgjande måte: Myte som vitskap eller filosofi, myte som prelogisk tenking, myte som stadium i lingvistisk utvikling, myte uttrykt i ritar og sosiale mytar.⁷⁶ Cassirer synest å henta impulsar frå ulike syn, og prøver å byggja bru mellom dei.

Cassirer definerer myten som den episke sida av primitivt religiøst liv, og ritar som den dramatiske sida.⁷⁷ Han avviser at myte heng saman med ei primitiv livsform som me no har gjort oss ferdige med. Grunnen til at myten er mistydd, i følgje Cassirer, er at ein har assosiert han med det pre-logiske og irrasjonelle. Ein har då oversett det grunnleggjande, nemleg at myten ikkje kviler på tanke, men på kjensler. Myten er likevel ikkje utan meaning

⁷² Badenskulen og Marburgerskulen var dei mest kjende nykantianske retningane.

⁷³ PSF II s. xiii.

⁷⁴ Hendel, i Introduksjon til PSF II s. ix.

⁷⁵ Strenski 1987, kap 2.

⁷⁶ Stensland 1986:kap 2.4.

⁷⁷ Stensland 1986:77.

og fornuft, men har eit eige rasjonale.⁷⁸ Myten representerer noko positivt. I *Et essay om mennesket* seier Cassirer:

For så vidt er det mulig og endog tvingende nødvendig å sammenligne mytisk tenkning med vitenskapelig tenkning. Selvsagt går de hver sin vei. Men de søker egentlig det samme: virkeligheten. (s 79)(....) Alle den vitenskapelige tenknings anstrengelser går ut på å fjerne ethvert spor av dette første synspunkt. Den mytiske oppfatning må forsvinne i det nye lys av vitenskapen. – Men det betyr ikke at vår fysiognomiske erfarings kjennsgjerninger som sådanne er ødelagt og tilintetgjort. De har tapt enhver objektiv eller kosmologisk verdi, men den antropologiske verdi forblir uforandret. I vår menneskelige verden kan vi verken benekte eller unnvære dem; de hevder sin plass og betydning. (s 80)(...) Barnet er mottagelig for dem på de første trinn av sin utvikling. Siden vitenskapen for å fullføre sin oppgave må gjøre sine abstraksjoner ut fra disse kvalitetene, kan den ikke undertrykke dem fullstendig. De blir ikke trukket opp med roten, bare begrenset til sitt eget felt (s 81).⁷⁹

I dette sitatet kan det sjå ut som Cassirer knyter barns forhold til mytar til dei første leveåra. Det vitskaplege får plass seinare. Dette kan minna om Steinerpedagogikken, som legg vekt på at det vitskaplege har sin plass først i ungdomsskulen.

I boka *The Myth of the State* har derimot Cassirer som nemnt ei meir negativ forståing av mytane, særleg dei sosiale og politiske. Her vert den formative krafta ved mytane understreka som øydeleggjande for den menneskelege kulturen når dei vert kopla til politikk og teknikk. Dette aktualiserer også spørsmålet om i kva grad myteforståinga til Cassirer synest adekvat for å tolka den forståinga barn i dag har av norrøne mytar. Også Cassirer refererer kort til norrøne mytar.⁸⁰ Me kan spørja i kva grad det mytisk-religiøse momentet synest å verta kopla saman med det politiske i forståinga vår av desse norrøne mytane.

Cassirer stiller spørsmålet om myten høyrer til den teoretiske verda, den kognitive verda eller til etisk medvit. Han peikar på at vitskapen har kjempa for å frigjera seg frå myten, der myten blir sett på som 'non-being', ikkje-eksisterande. Positivistane ville skilja mellom fakta og mytisk tanke, medan t.d. Schelling såg på myte som ein nødvendig faktor i å realisera sjølvutviklinga. "Myth is the odyssey of the pure consciousness of God ...", hevdar han.⁸¹

Cassirer ser på myten som oppdikta, men det er umedviten diktning, ikkje medviten.⁸² Her tek han opp forholdet mellom det logiske og det estetiske. Me må prøva å avdekka meininga som ligg innebygd. Han hevdar at myten sameinar eit teoretisk og eit kunstnarisk skapande element. Myten vert forstått som prototypen på poesien. Det som skil, er at den estetiske måten å forstå på, er likesæl til om objektet eksisterer eller ikkje. Myten derimot, vil

⁷⁸ EoM 1965:84.

⁷⁹ EoM 1965:79-81.

⁸⁰ PSF II:54.

⁸¹ Sitert frå PSF II:9.

⁸² EoM 1965:77ff.

leggja vekt på denne samanhengen. Han meiner å finna fellestrekk med vitskapleg tenkemåte, som også er oppteken av røyndommen. Myten har eit dynamisk preg, og har to andlet: Det omgrepsmessige og det sansemessige. Mytane er ein bestemt måte å oppfatta verda på, dei er flyktige, og sansar det fysiognomiske. Myteverda er prega av dramatik, handling og krefter, der atmosfæren er viktig, med glede og sorg. Emosjonane er dermed sentrale. Myten kan sjåast som kaotisk, men har ein eigen systematik og eiga omgrepsmessig form. Struktura er ikkje utan vidare rasjonell. Gjennom myten prøver ein å gje ting og hendingar ein kronologisk orden. Fortid, notid og framtid vert knytte saman til ein heilskap. Slik bli mytisk tid 'evig tid':

Den mytiske tid har ingen bestemt struktur; den er fremdeles en 'evig tid'. For den mytiske bevissthet fjerner ikke fortiden seg; den er alltid her og nu. Når mennesket begynner å løse opp den mytiske fantasi innviklede nett, føler det seg henført til en ny verden; det begynner å forme et nytt begrep om sannheten.⁸³

Vidare vert grensene mellom liv og død oppheva i mytisk tenking.⁸⁴ Det er likevel noko uklart når Cassirer på den eine sida hevdar at myten er utan mål og meining⁸⁵, og på den andre sida framstiller korleis mennesket prøver å finna meining.

Cassirer understrekar også som eit viktig punkt at tid og rom ikkje er tomme former i myten, men at dei heng saman med konteksten. Me må difor analysa kulturen for å finna meir ut om dette. Det synest likevel som Cassirer er usamd med dei som meiner at det også er viktig å få fram innhaldet, essensen, i mytane. Cassirer sjølv understrekar at det er forma og funksjonen til mytane, ikkje tema, emne og motiv, som er viktig. Forsøk på å gripa slike allmenne sanningar vil mislukkast, hevdar han. Difor er han ikkje oppteken av opphavet til myten, eller det metafysiske, slik t.d. mange andre myteteoriar er. Det er *mytens kraft, makt og intensitet* som er det sentrale, ikkje innhaldet. Cassirer avviser allegoriske tolkingsforsøk og det å sjå på myten som uttrykk for 'Urdummheit'. Det synest som om han prøver å knyta saman den romantiske og den idealistiske oppfatninga. Den romantiske oppfatninga la vekt på at myten representerte sanninga om røyndommen, der det ikkje var grenser mellom det imaginære og realitetane. Ei idealistisk oppfatning la vekt på at myten var eit produkt av menneskesinnet, utan referanse til realitetane. Stensland tolkar Cassirer slik at han vurderte myten positivt både innan filosofi, historie, poesi og kunst.⁸⁶

⁸³ EoM 1965:177.

⁸⁴ PSF II:37.

⁸⁵ EoM 1965:75.

⁸⁶ Stensland 1986:78.

Sjølv om Cassirer vedgår at myten inneheld rasjonale element, understrekar han at myten ikkje kviler på tanke, men på kjensler og 'fargar'. Her trekkjer han inn Etos og Patos. Det som skil myte frå empirisk-vitskapleg tenking, er ikkje kvaliteten, men at myte og vitskap har ulik modus.⁸⁷ Det emosjonelle og fysiognomiske er sentralt i mytisk tenking. Myten er under metamorfosens lov, og livskjensla er sentral.⁸⁸ Mytisk tenking er prega av heilskap, umiddelbar nærleik og konkrete bilete eller førestellingar, medan vitskapleg tenking er prega av mangfald, differansar og abstrakt generalisering.⁸⁹ I begge tilfelle er det bruk for konfigurasjonar. Det som særpregar myten, er den formative krafta. I så måte er det kanskje meir relevant å tala om mytisk intuisjon og livskjensle enn om mytisk tenking, i følgje Cassirer.⁹⁰ Han understrekar vidare at i mytisk tenking finst det ingen opposisjon, men intensitet og kraft, til skilnad frå vitskapleg tenking, som nettopp legg vekt på undersøking og tvil.

Me kan såleis, i følgje Cassirer, ikkje kritisera myten, av di me ikkje kan nytta ytre kriterium, men må forstå myten i lys av det han er. Myte er ikkje dogmatikk, men handling, der *det dynamiske aspektet* er nøkkelen. Myten nektar på døden og understrekar livskjensla. Myten vert forstått som potensiell religion. Her kjem det evolusjonistiske perspektivet fram hos Cassirer. Interesse hans for myten kan også ha samanheng med interessa for forholdet mellom *Mythos* og *Logos*. Grekarane formulerte ei universell lov om verda gjennom Logos. Cassirer går inn i denne debatten. For han synest Mythos og Logos å hengja saman. Myten er umiddelbar, men han vert mediert gjennom språket, og har såleis både ei kvantitativ og ei kvalitativ side. For å få fram det kvalitative, må me nytta omgrep frå det vitskapelege språket. På denne måten kan me få fram "... an immediate, qualitative dimension of man's life".⁹¹ Men nettopp denne vekta på det fysiske og emosjonelle verka nok overraskande på mange, som heller tenkte i meir idealistiske banar. Cassirer meiner myten har sterke formative krefter nettopp med basis i det emosjonelle. Den emosjonelle einskapen held mytane saman.⁹²

Mytane har også *ein sosial funksjon*, og dei må studerast i ei ramme. Her er ritane viktige. Mytar er tolkingar av ritar, heiter det.⁹³ Det er likevel noko uklart korleis Cassirer ontologisk forstår myten. Han er ikkje oppteken av å definera mytens vesen, og vil ikkje

⁸⁷ PSF II:60.

⁸⁸ EoM 1965:85.

⁸⁹ PSF II:62.

⁹⁰ PSF II:70.

⁹¹ Stensland 1986.

⁹² Strenski 1987, kap. 2.

⁹³ Stensland 1986:71.

plassera han eksklusivt anten i ei transcendent eller i ei immanent sfære.⁹⁴ Det nye ved mytisk tenking i høve til ei geometrisk-matematisk tenking, er at ein her har andre kategoriar å tenkja i enn suksesjon og kronologi. No vert det introdusert kategoriar som 'heilage' og 'profane' sfærar, knytt til tid og rom. Her er kjenslene og relasjonane til maktene det sentrale. Det byggjast ut ulike skjematisk framstillingar av dette, gjerne knytt til ein kosmisk orden.⁹⁵ Særleg synest den mytiske tidsopfatninga å vera sentral:

... for in its basic signification "*mythos*" embodies not a spatial but a purely temporal view; it designates a distinctly temporal "aspect", in which the world as a whole is seen.⁹⁶

Dette er ikkje noko statisk oppleving, men dynamiske glimt, knytt til forteljingar og opplevingar i tid og rom. Det skjer ei kontinuerleg endring gjennom stadige metamorfosar.⁹⁷ *Mytisk tid* er eit omgrep me ikkje kan differensiera, det er 'tidlaus tid'.⁹⁸ På same måten som rommet kan delast i heilage og profane stader, kan også tida delast til heilage og profane periodar. Dette er på ein og same tid kvalitativt og konkret, men ikkje av tradisjonell varigheit, slik me tenkjer om kronologisk tid. Den mytiske tida inkluderer på ein rytmisk måte både 'væren' og 'vorden', heiter det hos Cassirer. Samstundes finst det eit element av skjebne. Denne mytiske tida vert sett i relasjon til ei kvantitativ, kronologisk oppfatning som vitenskapleg tenking opererer med. Slik eg forstår Cassirer, er ikkje desse utan vidare motsetnader, men vitenskapleg tenking kan vera ein måte å abstrahera mytiske former.⁹⁹ Det er såleis noko vanskeleg å vita om me dermed overskrid grensene for ei sakssvarande mytisk erkjenning.

Det som likevel synest å engasjera Cassirer meir enn forholdet mellom myte og vitenskap, er forholdet mellom myte og teknikk, som er utvikla i det moderne samfunnet, særleg med tanke på massekommunikasjon. Her synest det som om *mytisk energi* har fusjonert med teknikken, og fått destruktive krefter me ikkje kan ana rekkevidda av. Cassirer meiner, som nemnt, at myte har ein viktig funksjon.¹⁰⁰ Samstundes ser me at han distanserer seg frå eit optimistisk grunnsyn på myten i *The Myth of the State*. Særleg gjeld dette politiske mytar, som vert nytta til å fremja ein totalitær stat. Staten vert totalitær dersom ein erstattar rasjonell

⁹⁴ Stensland 1986. Hellern 1958.

⁹⁵ PSF II: 86, PSF III:150, Stensland 1986:59, 61.

⁹⁶ PSF II:104.

⁹⁷ PSF III:164.

⁹⁸ PSF II:106, Stensland 1986:63.

⁹⁹ Jfr. Stensland 1986:63-64.

¹⁰⁰ Stensland 1986.

legitimering med mytologi, ei erkjenningssform som legg vekt på skjebne og forsyn.¹⁰¹ Han åtvarar altså mot å kopla myte saman med politikk, då politikken skal vera grunna på fornuft og logikk. Her sporar me ei optimistisk tru på den mellommenneskelege diskursen som reiskap til samfunnskritikk og frigjering. Spørsmålet blir då: Er myte noko me børe gjera oss ferdige med, eller er det ein konstans også ved det postmoderne mennesket? Kva funksjon har myten for barn i dag? Dette kjem eg attende til i drøftinga.

Religionsforståinga til Cassirer

Cassirer set inga bestemt grense eller overgang mellom myte og religion. Han hevdar at religionshistoria er gjennomsyra av mytiske element. Difor vert det ein del uavklara moment når det gjeld synet hans på forholdet mellom mytisk og religiøs erkjenning.¹⁰² Eg vil trekkja fram tre hovudmoment i religionsomgrepet til Cassirer: Han meiner at religion er uttrykk for det immanente, at religion må forståast i eit utviklingsperspektiv, og at me må sjå religion i eit dynamisk perspektiv. Det etiske og framtidsretta perspektivet er sentralt i religionsomgrepet hans.¹⁰³ Han ser ikkje religion som motsetnad til rasjonell og filosofisk tenking, men er oppteken av korleis dette forholdet er å forstå.¹⁰⁴

Cassirer stiller spørsmålet om religionen er immanent eller transcendent. Han drøftar synet til Bergson, som la vekt på religion som metafysikk, sjølv om han også tok omsyn til empiriske undersøkingar.¹⁰⁵ Cassirer er oppteken av utviklingstrekk innan religionshistoria, frå det han kallar funksjonsgudar, lokale gudar, administrerande gudar, 'arneflammens gudar' og til ei monoteistisk gudsforståing.¹⁰⁶ På mange måtar synest han å vera prega av Vico si inndeling i gudanenes, heltanes og menneskas tidsalder. Han drøftar dualismeproblemet, med vekt på forholdet mellom openberring og fornuft. Det er mogleg dette ligg til grunn for tolkinga til Hellern, når han hevdar at Cassirer meiner at den edlaste form for religion er dogme- og kultfri.¹⁰⁷ Slik eg forstår Cassirer, ser han på religion som uttrykk for dei høgste moralske ideala. Sjølv om han ser tilknytning mellom religion og magi, vil han ikkje gjera religion til overtru. Det som skil religion frå magi, er at religionen opnar for individualiteten.

¹⁰¹ Krois, i: Frede og Schmücker (red.) 1997:131.

¹⁰² EoM 1965:96-97.

¹⁰³ Paetzold 1995:142.

¹⁰⁴ EoM 1965, kap 1.

¹⁰⁵ EoM 1965:92ff.

¹⁰⁶ EoM 1965:100-101.

¹⁰⁷ Hellern 1958.

Han meiner likevel ikkje at me kan bevisa denne utviklinga frå magiens tidsalder til religionens tidsalder, og forklara korleis fridommen har oppstått.¹⁰⁸

Cassirer hevdar at religionen gjev rom for individualitetskjenning, men er ikkje utan vidare rasjonell i tradisjonell tyding, og kan heller ikkje oppklara mysteria i menneskelivet. Likevel er han påverka av tenkjemåten til Augustin, med vekt på det å forstå gjennom religiøse bilete. Sjølv om Cassirer prøver å visa utviklinga frå religiøs tenking til vitenskapleg tenking, stiller han dei ikkje radikalt opp mot kvarandre, der han avviser det religiøse. Stensland tolkar Cassirer som at han ikkje stiller religiøs tenking opp mot fornufta, representert ved vitenskapleg tenkemåte. Grunnen til dette er at dei er ulike modi, som ikkje gjensidig utelukkar kvarandre.¹⁰⁹ Dersom dette er ei sakssvarande tolking, vil kanskje motsetnadene ikkje vera så store når me skal leggja til rette for at barn får møte ulike epokar og livstolkningar. I så fall vil ei før-vitenskapleg forklaring ikkje nødvendigvis vera i motsetnad til ei vitenskapleg, men vera komplementær.

På mange måtar stiller Cassirer spørsmål som seinare pregar dei teologiske skiljelinene, både i Tyskland og i Norden: Ein teologi 'Von Unten', representert ved Bultmann sitt avmytologiseringsprogram, og ein teologi 'Von Oben', representert ved Karl Barth. Slik eg tolkar Cassirer, legg han vekt på ein teologi, eller ei religionsforståing utvikla 'Von Unten'. Dette er eit standpunkt eg meiner ikkje nødvendigvis treng liggja som føresetnad for ei religiøs-mytisk erkjenning. Særleg i boka *The Myth of the State* drøftar han gudsforståinga til Augustin. Me kan etter, mi vurdering, også vera opne for denne, eller for 'løysinga' til Pascal og Kierkegaard med den skjulte gud, eller det paradoksale i trua. Me kan også sjå på religion som noko overrasjonelt i samsvar med Thomas av Aquinas, eller som Karl Barth uttrykkjer det: Gud som 'Das Andere'. Som forskar ønskjer eg å ha ei prinsipielt open haldning til spørsmålet. Dette punktet finn eg det ikkje aktuelt å utdjupe nærare i møte med barna i undersøkinga mi.

Spørsmålet om gudsforståinga til Cassirer tek også Hellern opp. Han hevdar at Cassirer ikkje har noko forståing for det heilage:

Cassirers menneske er autonomt på samme måte som hans moral er det. Dette menneske trenger ingen frelse utenfra. Det bærer den frelsende makt i seg selv: sin egen symbolskapende evne. Man kan si at religionen består av myte, kult, etikk og tro. Cassirer amputerer religionen, reduserer den, og tilbake blir menneskets moralske evne. Men den totalholdning overfor livet som religionen skulle gi, blir borte for Cassirer.¹¹⁰

¹⁰⁸ EoM 1965:96ff.

¹⁰⁹ Stensland 1986:14.

¹¹⁰ Hellern, i: Kirke og Kultur 1958:165.

Løysinga til Hellern er å visa til nyare teologisk forskning med vekt på dialektisk teologi, utan at han forklarar nærare kva han legg i det. Han meiner likevel nykantianismen har positiv betydning som motvekt mot materialisme og nypositivisme.

Cassirer hevdar at det som kjenneteikna ei opphavleg mytisk-religiøs erkjenning, var forståinga av *det heilage* som ein totalitet, ikkje ein sektor til forskjell frå det profane. Seinare utvikla det seg eit verdihierarki eller ei differensiering, som skil ut noko som profant.¹¹¹ Det blir motsetnader mellom det heilage og det profane. Me får t.d. inndeling i heilage tider, plassar, tal og personar.

Cassirer understrekar at myten representerer det han kallar "... a unitary energy of the human spirit", eller ei felles, formativ kraft. Men gjennom tidene har det skjedd ei utvikling i myteforståinga, og denne er motsetnadsfylt. Det oppstår ein indre dynamikk, der innhald og form endrar seg, og der det skjer ei utviding av perspektivet.¹¹² På mange måtar må me forstå dette i lys av utviklingssynet til Cassirer. Denne tanken pregar også religionsforståinga hans: Det synest å gå ei line frå primitive religionar til monoteistiske religionar.

2.5.2 Historisk erkjenning

Dei seinare åra har det vore mykje debatt innan historiedidaktikken om korleis barn utviklar *historiemedvit* (historiebevissthet). Det vert lagt vekt på at det her er tale om ein prosess, der det er meir relevant å tala om 'bevisstheter' i fleirtal enn om 'bevissthet' i eintal.¹¹³ På den eine sida har ein lagt vekt på at historiemedvit er ei heilskapsoppfatning me konstruerer over ein lengre periode, der det er mange påverknadsagentar. På den andre sida vert det hevda at i vår postmoderne tid kan ein og same person ha ulike 'bevisstheter', som til og med kan stå i motsetnad til kvarandre, eller variera. Ei slik forståing ser me også innan generell kulturteori, der somme legg vekt på identitet og kultur som noko relativt stabilt, med bestemte kjenneteikn, medan andre legg vekt på det emiske kulturomgrepet, der kultur vert forstått som noko dynamisk og med 'flytande' overgangar, både mellom personar og innan same personen.

Hovudpoenget til Cassirer er at fortida er borte. Me må difor rekonstruera henne. Dette skjer ikkje ved tradisjonell empirisk innsamling av fakta, men gjennom '*ideal rekonstruksjon*'.¹¹⁴ Cassirer var såleis oppteken av dei same prinsipielle spørsmåla som har

¹¹¹ PSF II:75.

¹¹² PSF II:235.

¹¹³ Skiljet mellom bevissthet og bevisstheter kjem diverre ikkje fram i det nynorske ordet medvit, som er likt i eintal og fleirtal.

¹¹⁴ EoM 1965:179.

stått i fokus i historiedidaktikken dei siste 20 åra. Han understrekar at historikaren ikkje står utanfor historia, men er ein del av henne, og må tolka historia som eit *symbolsk univers*. Historikaren er med på å gje meining til historia. Det skjer ei veksling mellom empirisk rekonstruksjon og symbolsk rekonstruksjon, men empiri er ikkje å forstå som reine 'fakta', då all empiri er konstruert og føreset tolking. Det hermeneutiske perspektivet kjem her tydeleg fram. Historie er ein tolkingsprosess, der det stadig skjer revisjonar av di me er i utvikling og får nye perspektiv.

Cassirer og mange i samtida hans var opptekne av spørsmål omkring 'historisk bevissthet', særleg om forholdet mellom myte og historie. Han var mot ein eigen historielogikk.¹¹⁵ Dette kjem fram i striden mot Badenskulen. Når det gjeld synet på mytar, viser han til Vico, som blir sagt å vera den første som formulerte teori om dette. Vico var også den første som formulerte at mytisk tenking var ei særskild form for tenking.¹¹⁶ Cassirer hevdar at tanken om 'historiemedvit' er eit seint produkt i den menneskelege sivilisasjonen. Historisk medvit er vevd saman med mytisk-religiøst og estetisk medvit.¹¹⁷ Mythos og Logos er såleis viktige. Grunnsynet hans er at historia ikkje berre skal gjera oss kjende med det som 'var', men læra oss å *tyda* fortida. Me skal ikkje berre reprodusera, men setja fortida i relasjon til vårt eige indre og notida. Dette kallar han '*historisk erindring*'. Gjennom historia søkjer me innsikt i oss sjølve, og ei slik innsikt kan me oppnå. Han tek såleis opp spørsmål som eksistensialistane var opptekne av, eit elementet som også er sterkt framme i møtepedagogikken til Bollnow.¹¹⁸ Det eksistensialistiske perspektivet må likevel balanserast opp mot det Cassirer kallar utveljing av '*memorable kjensgjerningar*'. Dette kan tolkast som at det kan vera rom for ei viss kollektiv drøfting av kva som er 'memorabelt'. Det er ikkje utan vidare gitt den einskilde å vurdere dette. Her får historikaren, eller fagpersonen, ein sentral funksjon.

Historiesynet til Cassirer må forståast i lys av striden i samtida om historieførståinga og naturvitenskapen, mellom ideografisk og nomotetisk vitskapsførståing. Cassirer tok avstand frå det skiljet Windelband gjorde her.¹¹⁹ Cassirer legg vekt på paradokset i integreringa mellom det objektive og det subjektive, det generelle og det spesielle. Det som særpregar historia, er "... det personlige livs farge". Kjensgjerningane er ikkje utan vidare gjevne, statiske tolkingar. Til tider kan difor historieførståinga til Cassirer verka noko subjektiv og

¹¹⁵ Paetzold 1995:205.

¹¹⁶ Krois, i: Frede og Schmücker (red.) 1997:136.

¹¹⁷ EoM 1965:177.

¹¹⁸ Bollnow 1976.

¹¹⁹ EoM 1965:191.

relativistisk, som t.d. i formuleringa: ”Det vi søker i historien, er ikke kjennskap til en ytre ting men til oss selv.”¹²⁰ Han samanliknar vidare historie med poesi, og meiner historia har eit visst artistisk element i seg. Dette viser at historie og kunst er nær knytte saman som symbolske former. Samstundes understrekar Cassirer at historia ikkje er oppdikta. Det er ei form for likevekt mellom empiri og poesi.

Cassirer drøftar historisk erkjenning i lys av historieforståinga til Vico og Herder og teoriane til Bergson og Durkheim om tida. Cassirer skil mellom *kronologisk tid* og det han kallar *historisk tid*. Dette siste uttrykket har hos Cassirer ei noko anna tyding enn me vanlegvis nyttar. For Cassirer er poenget å forstå den ’forgangne’ tida gjennom å gjenskapa henne og gje henne liv. Historie er ein stadig revideringsprosess.¹²¹ Dette uttrykkjer han i omgrepet *historisk bevissthet*, men som me ser, verkar dette meir som ein universalistisk funksjon i ein vedvarande prosess, enn som eit uttrykk for noko essensielt. På den måten kan det vera eit visst samsvar mellom forståinga hans og slik mange historiedidaktikarar nyttar omgrepet i dag, sjølv om mange hentar idegrunnlaget sitt frå postmodernistisk filosofi.

Vico legg i historieforståinga si vekt på inndelinga i epokar og prosessar. Han átvarar mot ei mekanistisk forståing av historia, og legg grunnlaget for ein eigen kulturvitskapleg logikk. Herder fører desse tankane vidare, og er, i følgje Cassirer, ikkje så oppteken av å analysera som ’å skoda’ (’anskuelse’). På denne måten vert grunnlaget for ei ny erkjenningssform danna, som ei nyorientering i høve til forstandsdyrkinga i opplysningstida. Herder ville ikkje undertrykkja andre sjelelege krefter. Det er ein einskap i menneskeanda, hevdar han, der poesien er viktig. Totaliteten ligg som ei utfordring og som eit mål framfor oss. Det vert lagt mindre vekt på det kronologiske. Historie vert forstått som noko nærverande. Difor vert ’*åndens fenomenologi*’ viktig. Det kontekstuelle og situerte er såleis sentralt. Cassirer tek avstand frå Dilthey i understrekinga hans av det unike i historia. Cassirer legg større vekt på generaliseringsaspektet:

De historiske hendelsers karakter av å være enestående er ofte blitt betraktet som det kjennetegn som skiller historien fra vitenskapen. Men dette kriteriet er ikke tilstrekkelig.¹²²

Ein må kunna trekkja visse objektive linjer, kombinert med det subjektive. Historie og lidenskap høyrer saman, saman med det uavhengige og fordomsfrie. Dette er historieforskinga sitt evige dilemma. Realitetane vert gjevne ny form.

¹²⁰ EoM 1965:208.

¹²¹ EoM 1965:186.

¹²² EoM 1965:191.

Cassirer drøftar også forholdet mellom historisk og mytisk tenking. På den eine sida kan det sjå ut som om det er samanfall mellom desse to erkjenningsformene. Men han viser til Tukydid, som skil mellom historisk og mytisk tenking, mellom sanning og legende. Cassirer følgjer dette vidare. Han ser på mytane som eit første forsøk på å gje ting og hendingar ein kronologisk orden, men dette er ikkje ei historisk ordning slik me tenkjer i dag, med inndeling i fortid, notid og framtid som intervall eller suksesjon.¹²³ Han vil ikkje definera historisk sanning som det å vera i samsvar med kjensgjerningar. For kva er det? Fakta er, som tidlegare nemnt, ikkje berre sansedata, men omfattar også erkjenningsformene våre:

Det lar seg ikke benekte at historien må begynne med fakta, og at disse fakta på en måte ikke bare er begynnelsen men også slutten, vår historiske erkjennelses alfa og omega. Men hva er et historisk faktum? All faktisk sannhet innebærer teoretisk sannhet. Når vi taler om fakta, mener vi ikke bare våre øyeblikkelige sanse-data. Vi tenker på empiriske, dvs. objektive fakta. Denne objektivitet er ikke gitt; den forutsetter og innbefatter alltid en handling og en innviklet vurderingsprosess.¹²⁴

Her meiner eg Cassirer set fokus på eit punkt som er svært relevant. Me kan ikkje rekonstruera fortida på ein fysisk, objektiv måte, men me kan hugsa henne gjennom *ideal rekonstruksjon*. Her kjem det normative elementet inn, som nok mange historieforskarar vil stilla seg kritiske til, men som eg meiner positivismestriden aktualiserte, også i Noreg. Me kan ikkje trengja inn i tidlegare tider utan føresetnader. Me har kjelder, og desse må me tolka. Historikarane har difor gjort eit analytisk skilje mellom gjenstand og kjelde, mellom 'levning' og 'beretning'.

Cassirer seier det slik at fortida eksisterer ikkje i fysisk form, men i form av symbol. Det blir difor viktig med *symbolanalyse*: "Bare gjennom disse symbolske datas formidling kan vi gripe de virkelige historiske data – fortidens hendelser og mennesker", hevdar han.¹²⁵ Gjenstanden blir fylt med meining gjennom symbolanalyse, eller 'symbolsk rekonstruksjon'. Me må dechiffre 'monumenters symbolske språk', heiter det.¹²⁶ Dette trur eg mange vil seia seg samde i. Det vil nok vera større usemje når det gjeld understrekinga til Cassirer av '*historias potensialitet*' med omsyn til framtida og dei endringsprosessane som skjer med basis i historieerkjeninga. På dette feltet knyter Cassirer tråden mellom historie og filosofi: Filosofien skal vera den menneskelege kulturen sitt samvit, der ein spør om framtida er verd å kjempa for:

¹²³ EoM 1965:177.

¹²⁴ EoM 1965:178.

¹²⁵ EoM 1965:179.

¹²⁶ EoM 1965:182.

Selvsagt behøver ikke vår bevissthet om fortiden svekke eller forkrøble våre aktive krefter. Når den brukes riktig, gir den oss friere overblikk over nutiden og styrker vår ansvarsfølelse overfor fremtiden.¹²⁷

Ut frå dette kan ein spørja seg om ikkje historiemedvit medfører eit stort moralsk ansvar. Etter mi vurdering er spørsmålet om *meaning og relevans* i historia viktig for Cassirer. Spørsmålet er om dette er eit avgjerande kriterium for barns møte med konkrete historiske tema. Cassirer har eit optimistisk syn. Han meiner at medvitet vårt om fortida styrkjer ansvarskjensla for framtida, men, som E. A. Wyller uttrykkjer det: ”Hans kulturoptimisme har intet lettkjøpt over seg.”¹²⁸ Her vil vel mange innvenda at me så langt ikkje har empirisk belegg for at tanken på framtida automatisk utviklar ansvarsmedvit i praksis. Me kan visa til både kriser og ansvarsfråskrivning. Men etter mitt syn har Cassirer eit viktig poeng når han understrekar at me stadig må revurdere og ’gjenerobra’ kulturen:

Vil vi eie kulturverdenen, må vi gjenerobre den uavlatelig gjennom historisk erindring. Men erindring er ikke rett og slett å reprodusere. Det er en ny intellektuell syntese, en konstruktiv handling.¹²⁹

Spørsmålet er om den auka interessa dei siste 10-15 åra for kulturskiftet i vikingtida er døme på ei slik ’gjenerobring’, også når det gjeld barna.

Som nemnt har mange oppfatta grunnsynet til Cassirer som ei optimistisk framstegstru. Men t.d. Krois nyanserer dette biletet, ved å visa til boka *The Myth of State*. Krois understrekar at for Cassirer var *frigjering* det sentrale i kultur- og historieforståinga, ikkje framsteg. Han tok avstand frå at mennesket kunne forutseia kva som skulle skje i framtida, og hadde korkje ei lineær eller syklisk historieforståing, vert det hevda. Det var ikkje ein ubrotten kontinuitet. Særleg ’Den nye tida’, med start i renessansen, representerte for Cassirer ein ny start (’einen neuen Anfang’).¹³⁰ Heltedyrking, rasisme og totalitarisme vart av fleire tolka som eit resultat av denne nye moderne tida. Cassirer tolka det derimot som at mytisk tenking vart ført inn på det politiske feltet, med dei kriser og den destruksjon det medførte.

Cassirer forstår historia som ein tekst med ein indre dynamikk, og som stadig endrar seg vidare. Den mytisk-religiøse og den estetiske dimensjonen høyrer med, ikkje minst for å få fram innleving og ’farge’ på historia.

¹²⁷ EoM 1965:184.

¹²⁸ Etterord av Wyller, EoM 1965:246.

¹²⁹ EoM 1965:190.

¹³⁰ Krois, i: Frede og Schmücker (red.) 1997:123.

2.5.3 Estetisk erkjenning

Estetikk vert ofte definert som læra om 'det skjønne', men dette omgrepet er blitt problematisert fram gjennom tidene.¹³¹ Cassirer gjekk inn i den aktuelle debatten innan estetikken, der spørsmål om forholdet mellom 'det skjønne', 'det fullkomne' og 'det sanne' stod på dagsorden.

Som nemnt skal det estetiske leggjast vekt på i dagens skule. Spørsmålet er korleis me forstår dette omgrepet. Er omgrepet 'det skjønne' eit dekkande kriterium for 'god kunst'? Gjev det meining å snakka om kvalitetskriterium innan estetikken, eller er 'smak og behag' noko som ikkje kan diskuteras? Korleis er forholdet mellom det objektive og det subjektive? Og korleis er forholdet mellom kunstnaren og 'publikum', t.d. tilhøyrar, lesar eller sjåar? Desse spørsmåla tek Cassirer eksplisitt opp i det han skriv om kunst. Synsmåtane hans finn eg relevante også når det gjeld barns møte med kulturskiftet, ikkje minst når det er tale om å dramatisera historia. Korleis er forholdet mellom det subjektive og det objektive i kunsten? Kva kjenneteiknar ei estetisk oppleving? Og korleis vert me aktive medskaparar i høve til det me opplever?

Cassirer er oppteken av at kunst gjev tilgjenge til verda, og at kunsten er ei eiga verd (symbolsk form), med eigne uttrykksformer og 'lover'. Dette tyder at kunsten må vurderast med eigne kriterium, ikkje med argument frå t.d. filosofi, metafysikk eller moral. Tidlegare såg ein på kunst som ein underordna del av andre erkjenningsformer.

Kunstforståinga til Cassirer er voven tett saman med forståinga hans av historisk og mytisk-religiøs erkjenning. Han avviser at det skal vera noko dunkelt, hemmeleg eller mysteriøst over det estetiske eller 'skjønne'. Han meiner me ikkje treng nokon metafysisk ide for å forklara dette; det estetiske er ein del av menneskeleg erfaring. Men det ligg likevel innebygt ein del paradoks og spenningar innan kunstforståinga hans. Særleg drøftar han forholdet mellom det subjektive og det objektive.¹³²

Den estetiske teorien til Cassirer har etter måten liten plass i arbeida hans, sjølv om han ofte viser til det verdfulle ved kunsten. Me kan seia at det estetiske perspektivet gjennomsyrrar heile filosofien hans. Han er oppteken av det funksjonelle, ikkje å seia noko om kunstens vesen eller essens.

Estetisk erkjenning, eller 'det estetiska livet', som Leander uttrykkjer det, er ein del av kunnskapslivet slik Cassirer forstår det.¹³³ I *Et essay om mennesket* vert synet på kunsten

¹³¹ Malmanger 2000.

¹³² EoM 1965:140ff.

¹³³ Leander 1950:68.

drøfta i eit eige avsnitt.¹³⁴ Dei andre erkjenningformene vert omhandla på breiare basis. Ein del grunnleggjande synspunkt på kunsten finn eg relevante for studien min. Særleg gjeld dette forholdet mellom det objektive og det subjektive. Me kan definera dette som to polar som kunsten svingar mellom. Ulike kunstteoriar vil leggja ulik vekt på desse polane.

Den *objektive* polen legg vekt på kunst forstått som etterlikning eller imitasjon av 'realitetane'. Bak dette ligg ei forståing av at det finst objektive realitetar, og kunstnaren blir eit medium for å formidla dette innhaldet i mest mogleg 'rein' form. Kunsten kan ha ulike middel eller uttrykksmåtar, men målet er det same: Å få fram det objektive og ekte, som ikkje er prega av individuelle, subjektive erfaringar. Dette treng likevel ikkje bety ei mekanisk attgjeving av realitetane. Det kan vera eit visst spelerom for kunstnaren, men subjektiviteten til vedkomande representerer ein fare. Kunsten kan også til ein viss grad korrigerer eller hjelpe naturen. Utviklinga kan ha gått i negativ lei, og kunsten blir eit middel til å reindyrka den ideelle røyndommen. Som representantar for ei slik oppfatning viser Cassirer til nyklassisismen, som la vekt på å avbilda naturen. Dikting og kunst skulle vera ekte, og ikkje forfalska naturen. Fantasien måtte verta leia og kontrollert.

Den *subjektive* polen er kjenneteikna av det ekspressive. Kjenslene og lidenskapane til kunstnaren er i fokus, og kunsten er eit uttrykk for desse. Vekta ligg her på det særprega ved kunsten, anten dette er "... det groveste barbari" eller "... en forfinet sensibilitet".¹³⁵ Ut frå ei slik forståing vil det vera sentralt både å ha kjennskap til og forstå personlegdommen og erfaringsbakgrunnen til kunstnaren. I kva grad maktar vedkomande å uttrykkja eksistensielle opplevingar med emosjonell kraft?

Cassirer viser til Rousseau sin teori om kunst som "... en stormflod av følelser og lidenskap" som døme på ei slik forståing. Her er det ikkje tale om 'det skjønne' i tradisjonell tyding, men heller om det som er heilt og levande. Innan ei romantisk kunstforståing legg ein vekta på det storarta, mirakuløse og underfulle.

Debatten om autensitet i fortidsopplevinga dreiar seg om forholdet mellom desse polane (jfr. kap. 3). Cassirer tek avstand frå ei einssidig vekt på ein av polane, men legg vekt på interaksjon mellom dei, og at det er einskap mellom det representative og det ekspressive. Det er heller ikkje slik at ein i romleg tyding kan vandra frå den eine polen til den andre. Både språk og kunst er uttrykk for interaksjon mellom den objektive og den subjektive polen, i følgje Cassirer. Her er inspirasjonen frå Goethe tydeleg når det gjeld samanhengen mellom inntrykk, uttrykk og form. Cassirer legg vekt på kjenslene, men også på måten dei vert

¹³⁴ EoM 1965:140ff.

¹³⁵ EoM 1965:144.

uttrykte på. Form og innhald må forståast som ein heilskap. Samstundes understrekar han at kunst er ei form for symbolbruk, og at denne dermed må tolkast. Kunsten gjev orden og meining i tilværet, men på ein annan måte enn vitskap og moral. ”Kunsten kan defineres som et symbolsprog”, seier Cassirer, og held fram:

Vitenskapen gir oss orden i våre tanker, moralen gir oss orden i våre handlinger; kunsten gir oss orden i vår oppfattelse av synlige, følbare og hørbare foreteelser.¹³⁶

I kunsten oppdagar mennesket seg sjølv og verda.¹³⁷ Kunst vert dermed ikkje ”L’art pour l’art”, eller kunst for kunstens eigen del. Han har eit mål, eller ein funksjon, som gjeld livstolking og det å utvida perspektivet vårt. Samstundes åtvarar Cassirer mot rasjonalistiske kunsttolkingar, som legg vekt på det intellektuelle, eller på ei romantisk tolking, som legg hovudvekt på det umedvitne og mystiske i kunsten. Han avviser ein dualisme mellom fornuft og intuisjon.

Cassirer si kunstforståing er tydeleg prega av understrekinga til Kant om at kunsten er ei sjølvstendig erkjenningssform, og ikkje underlagt nokon annan logikk. Før vart kunst t.d. definert som del av moral eller filosofi. Ut frå ei moralsk forståing kunne ein tenkja seg at kunsten skulle stå i teneste for det gode og framheva høge mål i livet. Men kunst vart også oppfatta som del av fantasiens logikk til forskjell frå rasjonell logikk. Kunst vart dermed lett oppfatta som noko annanrangs. Hos Kant skjedde det ei oppvurdering av kunsten, som frå no av vart sett på som eit eige domene. I ettertid har dette betydd mykje for utviklinga innan estetisk teori.

Kant var oppteken av det subjektive og det objektive i kunsten, der røyndommen både vart skapt og objektivert. Kant skilde mellom det han kalla ’estetisk universalitet’ og den ’objektive gyldighet’, og sjølv om Cassirer synest å åtvara mot eit skarpt skilje her, er også han oppteken av dynamikken mellom desse aspekta. Begge filosofane understrekar at kunstverket fangar inn det universelle.

Kunsten fungerer som ei *intensivering* (’intensifisering’) av røyndommen, heiter det hos Cassirer.¹³⁸ Den gjev rom for lidenskap og reinsing, og rører ved menneskesjela. Kunsten er inga atgjeving av ein ferdig, gjeven røyndom, og ikkje ei etterlikning, men ei oppdaging av røyndommen. Medan ein i vitskapen legg vekt på klassifisering, legg ein i kunsten vekt på samanheng og konsentrasjon. Kunsten har (trolldoms-)kraft i seg, men kler seg i konkret

¹³⁶ EoM 1965:172.

¹³⁷ Leander 1950:69.

¹³⁸ EoM 1965:147.

form. Disse formene kan me sansa. Difor er det viktig at det skjer ein dialektisk prosess mellom kunstnar og tilhøyrar (publikum). Kunsten påverkar oss og tilskundar oss, dersom det er ekte kunst, i følgje Cassirer.¹³⁹ Her kjem Patos og Etos sterkt fram. For Cassirer synest 'det sanne' ved kunsten vera overordna 'det skjønne'. "Dersom 'alt skjønt er sant', er ikke alt sant nødvendigvis skjønt", heiter det.¹⁴⁰ God kunst handlar dermed ikkje berre om det perfekte og behagelege, men også om det destruktive og utfordrande, slik eg tolkar det.

Cassirer avviser det å kopiera røyndommen eller det å vera injisert av røyndommen. Han legg vekt på den skapande evna til kunstnaren. Samstundes kan ikkje kunsten sjåast lausriven frå den som opplever (t.d. ser, høyrer), eller 'publikum'. Cassirer meiner me må vera aktive og prøva å trengja inn i den skapande verksemda til kunstnaren. Medskaping og nyskaping er sentralt hos han.

På den eine sida synest Cassirer å vera påverka av Schelling, som la vekt på det opphøgde og poetiske i kunsten, og der fantasien vert sett på som nøkkelen til livet. På den andre sida ser me impulsar frå psykologisk kunstteori, der det å framstella lyst og smerte står sentralt. Her har det emosjonelle stor plass. Men Cassirer tek atterhald om å leggja hovudvekta på det ekspressive. "Det er ikke nok å understreke den emosjonelle side ved kunstverket," seier han.¹⁴¹ Kunsten har ei formside. Her tek han eit oppgjær med Croce, som han hevdar legg for stor vekt på intuisjonen til kunstnaren og reduserer betydninga av det materielle. Inntrykk, uttrykk og form heng nøye saman for Cassirer. Likevel ber kunstsynet hans preg av den idealistiske tenkinga, forstått som "... en ekte manifestasjon av vårt indre liv" og ein "... medopplevende visjon" av tinga.¹⁴² Kunsten er ikkje ei etterlikning av røyndommen, men *ei oppdaging av røyndommen*. Nettopp gjennom drama kan ein få dette fram.¹⁴³ Difor vil eg også velja bruk av drama (her: Mostraspelet) som ein nøkkel til barnas oppleving av kulturmøtet.

Cassirer konkluderer med å hevda at kunsten er ein manifestasjon av det indre livet vårt. Men dette må ikkje oppfattast som ei innkrøking i seg sjølv. Sidan vitskapen legg vekt på abstraksjon, betyr dette ei forringing av røyndommen. Kunsten får derimot fram atmosfære, og gjev eit rikare bilete av røyndommen. Kunst er "... en intuisjon av tingenes form".¹⁴⁴ Det er difor viktig med ei intuitiv tolking. Samstundes er kunsten prega av 'sansbare former', dvs. noko objektivt. Han ser på originaliteten og skaparkrafta som det sentrale i

¹³⁹ EoM 1965:153.

¹⁴⁰ EoM 1965:142.

¹⁴¹ EoM 1965:144.

¹⁴² EoM 1965:174.

¹⁴³ EoM 1965:146.

¹⁴⁴ EoM 1965:147.

kunsten, men også den som opplever kunsten, er ein aktiv medskapar. På den eine sida kan det skje at menneska blir gripne av kunsten, på den andre sida er me medskaparar i ein dialektisk prosess. Cassirer legg såleis stor vekt på *estetiske erfaringar* og *opplevingar*. Dette definerer han som "... en sjelstilstand, fylt av lidenskapelig energi". Gjennom estetiske opplevingar kan ein vera med på å rekonstruera skapingsprosessen. Kunsten blir dermed *ei tilskunding* til konstruktiv handling også for tilskodaren eller tilhøraren, meir enn ei passiv kjensle. Dette formulerer han i uttrykket "... en forstående medfølelse."¹⁴⁵

Kunsten kan utløysa ei kunstnarisk kraft hos oss. Det ligg ein 'åndens energi' i kunsten. Her er Cassirer tydeleg prega av den tyske idealismen. Men samstundes legg han vekt på at kunst krev konsentrasjon og innsats hos tilhøraren/sjåaren for å gjera seg kjend med den. Slik blir oppleving av kunst både ei kjensle og ei aktiv vurdering. Denne nyskapande, kunstnariske krafta synest dermed ikkje å vera avgrensa til det eksisterande kunstverket, men kan inspirera til vidare utvikling.

Cassirer drøftar også om leiketeoriane kan kasta lys over kunsten. Han meiner å finna likskap mellom leik og kunst, men gjer også eit viktig skilje. Han hevdar at leiken gjev eit illuderande bilete av røyndommen, medan kunsten gjev ei ny slags 'sanning'. Kunsten ser dermed ut til å vera meir overordna for Cassirer, sidan det frigjerande og ettertenksame perspektivet etter hans vurdering synest å mangla i leiken.¹⁴⁶ I dette ligg at kunsten har ei refleksiv og ei emansipatorisk side som leiken manglar. Om Cassirer har rett i dette synet, fell utanfor mitt område å ta stilling til. For meg er det i denne samanhengen interessant å sjå den vekta han legg på det refleksive og frigjerande innanfor estetikken. Her meiner eg det er mange parallellar til historieforståinga hans.

På same måte som han ikkje ser nokon motsetnad mellom vitskapleg tenking og mytisk-religiøs erkjenning, understrekar han det same for forholdet mellom kunst og vitskap: "Siden kunsten og vitskapen beveger seg i totalt forskjellige plan, kan de ikke motsi eller motarbeide hverandre," hevdar Cassirer. Dei har eigne perspektiv og ein eigen 'brytningsvinkel'. Kunsten gjev farge og liv og ei djupare innsikt i røyndommen. Mennesket synest å ha evne til å erkjenne verda frå desse ulike perspektiva.¹⁴⁷ Dette siste momentet ser eg som svært sentralt i tenkinga til Cassirer, og eg kjem attende til det i samband med barns bruk av ulike symbolske former.

¹⁴⁵ EoM 1965:154.

¹⁴⁶ EoM 1965:170.

¹⁴⁷ EoM 1965:175.

2.5.4 ”Motsetningenes harmoni” i kulturen?

Cassirer vert kalla både universalfilosof og ’akkomodist’. I dette ligg at han var oppteken av den universelle einskapen i filosofien, men at han også tilpassa seg ulike retningar i tida. Det er difor ulike meiningar om kor original han var. Han var oppteken av einskapen i vitskapen og kulturen, men la samstundes vekt på pluraliteten. Betyr så dette at alt fell frå kvarandre, eller er det ein raud tråd som bind saman? Finst det ein ’Ariadnetråd’, som Cassirer kallar det? Svaret på dette vil kunna ha implikasjonar på tolkinga mi av korleis dagens barn opplever møtet med kulturskiftet for 1000 år sidan.

Svaret på spørsmålet heng saman med kva tolkingstradisjon ein vil plassera seg i når det gjeld å forstå filosofien til Cassirer. Krois skil mellom to tolkingstradisjonar: Ein kontinental og ein anglo-amerikansk. Ein *kontinental tradisjon* ser på Cassirer som ein neokantiansk kunnskapsteoretikar, og vil dermed avgrensa fokus for interessa til det som gjeld kunnskapsteori i meir tradisjonell tyding. Ein *anglo-amerikansk tradisjon* knyter ikkje Cassirer til ein bestemt teoretisk posisjon, men forstår han som ein som nyttar eit historisk perspektiv og gjer greie for ulike posisjonar innan filosofien gjennom tidene. Krois meiner at ingen av desse tradisjonane dekkar heilskapen i filosofien til Cassirer og det originale bidraget han ytte, både i høve til Kant og i høve til sin eigen læremeister og ven, Herman Cohen. Krois understrekar at filosofien til Cassirer korkje er ein kunnskapsteori eller ein usystematisk historisisme, men at han integrerer vitskapsorientert filosofi og ’Lebensphilosophie’.¹⁴⁸ Krois understrekar einskapstanken hos Cassirer. Slik eg derimot tolkar Paetzold, er han i større grad oppteken av å få fram det plurale i tenkinga til Cassirer.

Slik eg forstår det, er *einskapstanken* den sterkaste, men innan denne ’sirkelen’ rår det ein *relativ pluralitet*. Me kan neppe kalla Cassirer for ein naiv forsvarar for heilskap og einskap. Sjølv åtvarar han også mot ei slik harmonisering av kulturen:

I den menneskelige erfaring finner vi jo på ingen måte at de forskjellige virksomheter, som utgjør den kulturelle verden, danner et harmonisk hele. Vi finner tvert imot den evige strid mellom motstridende krefter.¹⁴⁹

(...)

Således synes ikke kulturens enhet og harmoni å være stort annet enn et *pium desiderium*, - et fromt ønskemål, - som stadig avsløres av den virkelige tingenes gang.¹⁵⁰

Kanskje det er dette som gjer at Krois talar om ’*ein skjult harmoni*’ (’hidden harmony’)? Ønsket om harmoni finst berre som usynlege draumar og ideal. Det er særleg framandgjeringa

¹⁴⁸ Krois 1987:xi.

¹⁴⁹ EoM 1965:74

¹⁵⁰ EoM 1965:74.

i kulturen som er blitt ei destruktiv kraft. Cassirer er oppteken av framandgjeringa, og at kulturen i stor grad er blitt autonom og ikkje lenger kreativ open. På mange måtar er han samd med 'Lebens'-filosofane, sjølv om han ikkje vil gå så langt som Simmel, som erklærte kulturen for ein tragedie. Cassirer synest å bevare ein viss optimisme. Gjennom alle motsetnadene understrekar han kor viktig det er å vera ein ekte humanist:

Hvis ordet 'humanitet' betyr noe i det hele tatt, så må det være at til tross for alle forskjeller og motsetninger innen dets varierende former alt likevel strever mot et felles mål.¹⁵¹

Denne optimismen ser ut til å vera eit moralsk imperativ. Her er han påverka av Albert Schweitzer.¹⁵²

Når Cassirer talar om systematisk orden, sentralisering og kondensering, må me seia at det dreier seg om ein relativ pluralitet. Grunnsynet hans er *håpet* om heilskap og systematisk orden. Sentralt i denne kampen står striden mellom dei ulike vitenskapane, t.d. mellom vitenskapleg og mytisk tenking. På det materielle planet finn ein forskjellar, men det funksjonelle synest å binda saman dei ulike kulturelle formene, slik at me ser ein dialektisk einskap, "... en sameksistens av motsetninger".¹⁵³ Etter mi vurdering er dette eit døme på korleis Cassirer plasserer seg sjølv i den vitenskaplege diskursen. Det er rom for *kulturbryting*. På den eine sida kan det synast som om Cassirer meiner at kulturelle symbolske former som språk, myte og religion utgjer det konservative og stabiliserande feltet, medan kunsten utgjer det skapande og divergente. På den andre sida synest det som om spenninga mellom mangfald og einskap også rår innanfor dei ulike formene.¹⁵⁴ Paetzold (1995) stiller spørsmålet om denne opne haldninga kan legitimera ei ny 'legering', eller ei ny symbolsk form, prega av eksperiment og avantgarde-haldning. Eller ligg det ein fare i å blanda ulike symbolske former? Kva skjer med tradisjonen dersom me er eklektiske og synkretistiske? Maktar me å fanga opp dette nye og knyta det til den empiriske situasjonen? I følgje Cassirer skulle nettopp dei symbolske formene gje oss innsikt til å utvikla kulturen med eit positivt sikte: Danninga av 'menneskeheten' ('the formation of humanity').

¹⁵¹ EoM 1965:74.

¹⁵² Krois 1987:213.

¹⁵³ EoM 1965:74, 227.

¹⁵⁴ EoM 228ff.

2.6 Fokus i undersøkinga

Spørsmålet mitt er om det integrative, men spenningsfylte forholdet mellom myte og religion, historie og estetikk som Cassirer gjer seg til talsmann for, er fruktbart for å analysere korleis dagens barn opplever møtet med kulturskiftet i vikingtida. I det følgjande har eg ei oppsummering av viktige element i filosofien til Cassirer. Dette dannar fokus for ein presentasjon av relevante empiriske undersøkingar (kapittel 3) og for eiga undersøking (del III).

Både myte og religion, historie og kunst handlar om vår erkjenning av verda. Eg vil i undersøkinga mi ta utgangspunkt i den konstruktivistiske tilnærminga til Cassirer når det gjeld å utvikla og forstå desse symbolske formene. Å konstruere er å byggja opp, forma, samanføya eller binda saman. Ofte forbind me omgrepet med at det me konstruerer, har tilknytning til, eller er ei avspeling av 'realitetar', eller noko konkret, men omgrepet kan også assosierast med å byggja opp noko fiktivt. Konstruksjonane våre er, slik eg nyttar omgrepet, ikkje ei avspeling av objektive realitetar, men er menneskeskapte symbol. Me har ei 'evne' til erkjenning gjennom desse symbolske formene. Dei strukturerer verda på ein spesifikk måte. Samstundes må me seia at me konstruerer dei symbolske formene i vekselverknad mellom dei kunnskapane og erfaringane me alt har og den påverknaden me får utanfrå, i samspel med andre. Konstruksjonane skjer gjennom bruk av symbol. Med symbol forstå eg kjenneteikn eller sinnbilde, som har meining eller tyding for oss. Me må tolka symbola i den aktuelle konteksten.

Eit mytisk-religiøst perspektiv

I følgje Cassirer dannar myten kjernen i dei symbolske formene, og er fundamentet for erfaringane til den einskilde og for kulturen. Med dette forstå eg at mytane er sentrale for å forstå kulturen. Mytane er ikkje noko me utviklar oss frå, sjølv om me i dag legg stor vekt på vitenskaplege forklaringar. Cassirer er ikkje oppteken av myten sitt vesen, men av funksjonen. Han meiner barn er mottakelege for det mytiske. Den mytiske erfaringa er dermed kanskje den første erfaringa i menneskelivet. Myten er ein dynamisk konstruksjon for å skapa orden i kaos, eller ein måte å forstå livet på. Gjennom mytane forstå ein livet syntetisk, ikkje analytisk. Mytane dannar ein heilskap. Menneska konstruerer eit mytisk univers. I dette ligg også at mennesket har mytisk fantasi, dvs. ei form for trushaldning. Ein trur at objekta verkeleg eksisterer. Mytane har vidare ei episk side. Me må prøva å gripa 'det indre livet' i myten, men dette er vanskeleg, fordi den mytiske verda er flyktig. Myteverda er også

dramatisk, der motstridande makter kjempar. Myte er handling, heller enn bilete eller førestellingar. Gjennom mytisk sansing eller 'mytisk anskuelse' kan ein sjå, føla og oppleva atmosfære.

Med utgangspunkt i Cassirers forståing av myte opererer eg i undersøkinga mi ikkje med ein bestemt definisjon av kva myte 'eigenleg er', i form av eitt bestemt innhald, eller kva/kven som er opphavet til mytane, men ser på korleis barna på ulike måtar uttrykkjer mytekonstruksjonane sine. Like viktig er det å spørja i kva grad barna sjølve gjev uttrykk for mytisk erkjenning, erfaring eller livskjensle. Kva verknad har mytane i deira liv? Myten sin funksjon er sentral. Med 'funksjon' forstår eg korleis myten vert brukt. Men omgrepet kan også tyda verknad eller verkemåte. Eg vil undersøkje i kva samanhengar barna møter mytane, korleis barna nyttar desse, og korleis mytane påverkar barna. Med den episke sida ved myten forstår eg det å framstella den mytiske verda i ei forteljande form. Med dette forstår eg at mytane har eit innhald som kan uttrykkjast i forteljingsform. Mytane kan forståast som den episke konteksten ritane står i, ei forteljing om 'levd liv' eller kultus. Dette tyder ikkje at alle forteljingar er mytar, eller at alle mytar er tradisjonelle forteljingar, knytt til ritar. Mytane kan handla om gudar, makter og hendingar. Likevel er det ikkje nødvendigvis aktørane eller hendingane i myten som er det sentrale, men at ein gjennom mytane uttrykkjer ei livskjensle eller ein tilstand, t.d. ei form for oppleving av samband med det/den Andre. Me kan altså spørja: Kva og kven handlar mytane til barna om? Har barna ei heilskapleg framstilling av mytane, eller berre fragment eller brokkar? Kven er 'avsendar' og kven er 'mottakar' når barna framstiller mytane? Like viktig er det å spørja i kva grad me finn døme på mytisk erkjenning hos barna.

Mytane kan ha ulike konfigurasjonar av tid og rom. Mytane opphevar dei tradisjonelle, kvardagslege grensene for tid og rom og for liv og død. Mytisk tid vert etablert, og denne er 'evig tid', med både ein kvalitativ og kvantitativ dimensjon. Med konfigurasjon forstår eg den forma mytane framstiller tid og rom på. Dette kan variera i ulike epokar. Dei mest kjende formene for tidsforståing er ei sirkulær og ei lineær tidsoppfatning, målt i kvantitative termar. Men tida kan også forståast kvalitativt, som 'den gode augneblinken', 'i rette tid', oppleving av atmosfære o.l. Det er ikkje noko skarpt skilje mellom fortid, notid og framtid i myten. Også romoppfatninga kan ha slike ulike dimensjonar, frå det metriske til det uendelege, frå det kvantitative til det kvalitative. Nettopp opphevinga av grensene for liv og død i mytane er eit døme på at tradisjonelle kvantitative oppfatningar av tid og rom ikkje er sakssvarande. Spørsmålet er i kva grad barna fangar opp desse ulike dimensjonane i framstillinga si.

Mytane har, i følge Cassirer, ei formativ kraft. I dette legg eg at det emosjonelle er eit

viktig element. Det handlar om 'farge' og 'innforliving'. Men krafta i mytane og funksjonen deira kan vera tvetydig. Det betyr at dei kan vera positive, men også destruktive, dersom dei får ein politisk funksjon. Med formativ kraft forstår eg at mytane har dannande kraft. Dei påverkar oss kjenslemessig, eller skapar 'sinnsbevegelse' hos oss. Me let oss engasjera. I kva grad denne kjenslemessige påverknaden også fører til ein handlingskomponent, kan vera vanskeleg å seia. Cassirer hevdar at ei kopling mellom mytar, teknikk og politikk kan verka destruktivt. I dette legg eg at me gjennom vårt møte med mytar også kan bli manipulerte til å gjera eller meina ting me elles ville ta avstand frå, moralsk og/eller intellektuelt. Av positive verknader vil eg nemna oppleving av felles identitet, engasjement og innleving.

Cassirer forstår også religion som ein menneskeleg konstruksjon (jfr. ovanfor). Han har ei immanent religionsforståing. I møte med barn er det ikkje aktuelt å gå inn på denne sida ved religionsforståinga til Cassirer. Eg tek utgangspunkt i at religion har ei fenomenologisk side, dvs. at religion (også) kan forståast som menneskelege uttrykk for kultus, mythos og ethos. Med dette forstår eg gudsdyrking, forteljingar om det heilage, om gudar og makter, og reglar for livsførsle. Kva tenkjer ein om korleis verda vart til, og korleis tenkjer ein at menneska skal leva saman? Eg vil undersøkje korleis dette kjem til uttrykk i barna si framstilling av den norrøne og den kristne religionen eller livstolkinga. Eg set fokus på kva religiøse symbol barna nyttar, og korleis me kan tolka dei i den aktuelle konteksten. Cassirer ser utviklinga av religionar i eit evolusjonistisk perspektiv, frå vekt på funksjonsgudar til ei monoteistisk forståing. Han legg vekt på at religion er uttrykk for høge moralske ideal, og den etiske dimensjonen vert difor vektlagt. Eit evolusjonistisk perspektiv tyder at ein tenkjer seg ei utvikling frå lågareståande til høgareståande religionar, frå polyteisme til monoteisme. I ein slik tanke ligg gjerne implisitt at utviklinga har gått i positiv lei. Eit etisk perspektiv på religion inneber at ein framhevar levereglar og moral som kjernen i religionen, medan det vert lagt mindre vekt på det kultiske og det dogmatiske. Cassirer grunnjev dette i utviklinga av individualitetskjenning, dvs. at mennesket tek ansvar i møte med det gode og det vonde. I religionen ligg det såleis ei etisk kraft og eit ideal om menneskeleg fridom, ikkje tvang. Eg vil undersøkje i kva grad dette individperspektivet kjem fram i den forståinga barna har av religion.

Eit historisk perspektiv

Cassirer forstår utviklinga av historiemedvit som ein dynamisk og kontinuerleg konstruksjonsprosess. I dette legg eg at fortid, notid og framtid er knytte saman. Gjennom historia konstruerer me mening. Med mening forstår eg det å finna samanheng, dvs. det som

gjev livet mål og innhald. Meiningsdanninga til det einskilde mennesket skjer i nært samspel med andre, t.d. gruppa eller kollektivet. Eg forstår meiningsomgrepet i nær tilknytning til det intensjonale eller teleologiske aspektet, dvs. at noko har eit visst føremål. Men det handlar også om ei viss heilskapsforståing, eller ein 'Ariadnetråd' som bind dei einskilde delane saman. Fortida er borte. Me kan ikkje rekonstruera henne i bokstavleg tyding, men me kan gje henne ein ny 'idealeksistens', eller 'ideal rekonstruksjon'. Det er tale om gjenoppliving eller gjenfødning av fortida. Historiske fakta er empiriske fakta som er resultat av vurderingar. Hovudsaka er ikkje å vera oppteken av gjenstandar, eller å få fram materielle spor, men å få fram liv og kultur, dvs. å gje meining. Det er altså ulike sjikt i denne tolkingsprosessen. Autensitet handlar dermed, etter mi forståing, både om det konkrete, t.d. knytt til gjenstand og stad, og det eksistensielle, knytt til oppleving av meining. Også historieomgrepet har ein kvantitativ og ein kvalitativ dimensjon. Historie er ikkje berre kronologi, men eit liv av handling, lidenskapar, spørsmål og svar. Eg forstår, som Cassirer gjer, historia i eit utviklingsperspektiv, men dette er ikkje utan vidare grunna på eit optimistisk syn. Det er ikkje tale om historie forstått som lineær progresjon der utviklinga utan vidare skjer til det betre, men det kan oppstå kriser. Med kriser forstår eg avgjerande vendepunkt, situasjonar med risiko og uvisse. Heller ikkje er det tale om eit deterministisk syn på utviklinga, men at menneska sjølv har ansvar. Målet med historia vert difor sjølvverkjenning og frigjerings. Med sjølvverkjenning forstår eg refleksjon omkring kven ein er. Dette er eit sentralt element i identitetsutviklinga og utviklinga av sjølvbilete. Denne prosessen har nært samband med i kva grad ein opplever at historia har relevans og aktualitet, dvs. er viktig for, av interesse for, eller har samband med personen si oppleving av notid og framtid. Frigjeringsperspektivet kan ha to dimensjonar; anten å sleppa frå, ta avstand frå, redda seg ifrå tradisjonen, eller å vidareutvikla tradisjonen i meir positiv forstand, dvs. ei nyskaping 'på ryggen av' tradisjonen. Eg legg mest vekt på det siste. Framtidsdimensjonen er sentral i historieførståinga til Cassirer. Det gjeld å velja ut 'memorable kjensgjerningar' som har eit frigjeringspotensiale i seg. I dette legg eg at historikaren har ansvar for å velja ut kva som er minneverdig. Dette omfattar også lærarar og læreverkforfattarar i undersøkinga mi. Det ligg eit normativt aspekt i dette å velja ut 'det memorable'. Til ei kvar tid må difor fagpersonane kjenna samtida si, og ha evne til å sjå inn i ei 'profetisk framtid'. I dette legg eg at ein tenkjer seg visse utviklingstrendar. Utfordringa til historikaren er vidare å få fram eigne kjensler og tankar ved å gje historia 'det personlige livs farge'. Ein gjev til kjenne sin eigen ståstad. Samstundes må vedkomande gje rom for dei ulike aktørane eller partane. Det menneskelege aspektet er sentralt i historieførståinga, og handlar om å utvikla sjølvverkjenning som basis for å møta framtida. Me

kan ikkje seia noko konkret om denne framtida, men me kan få handlingsimpulsar til endring. Også i historia ligg ei formativ kraft.

Eit estetisk perspektiv

Estetikk/kunst er ein måte å forstå verda på. Gjennom kunsten skjer det ei intensivering av røyndommen. Med dette forstår eg at gjennom kunsten kan røyndommen opplevast på ein sterk eller 'heftig' måte. Ein gjer erfaringar som involverer sterke kjensler, og som skaper engasjement og innleving. Gjennom kunsten kan ulike erfaringar og opplevingar 'fortettast'. Det betyr at kunstverket kan ha ulike sjikt av tydingar. Verda og røyndommen er ikkje noko objektivt gitt gjennom kunsten. Også kunsten er forstått som konstruksjon, der form og innhald høyrer saman, og desse må tolkast. Kunsten kan difor vera tvetydig. Her skil det estetiske perspektivet seg frå det mytisk-religiøse, som la vekt på 'sanning' og at objekta eksisterte. Kunsten har både ei ekspressiv og ei impressiv side. Med ei impressiv side forstår eg det som kunstnaren direkte og utan mellomledd prøver å gjengje av inntrykka sine. Her er kunstnarens eigne inntrykk i fokus. Med ei ekspressiv side forstår eg at kunstnaren på ein uttrykksfull, engasjerande måte prøver å gjengje inntrykka sine. Her er formuttrykka viktige. Vidare har kunsten ein subjektiv og ein objektiv pol, som står i gjensidig interaksjon med kvarandre. Kunsten har alltid ei form, og form og innhald høyrer nøye saman. Kunst er altså ikkje 'rein tanke', men har alltid ei konkret, sanseleg form. I kva grad dette opplevest som eit unikt uttrykk, avgjer kvaliteten på kunsten. Dersom ein tek utgangspunkt i den objektive polen, vil ein leggja vekt på etterlikning, gjerne av ytre ting, som t.d. avbilding av naturen. Ein legg vekt på realistiske skildringar, sjølv om ein understrekar at dette ikkje må gjerast mekanisk. Tek ein utgangspunkt i den subjektive polen, vil ein understreka at kunsten skal uttrykkja kjensler og lidenskapar. Det uttrykksfulle og karakteristiske, det dunkle eller mirakuløse er i sentrum, sjølv om det ikkje må leggjast einsidig vekt på det emosjonelle. Form og innhald må altså sjåast i samanheng. Kunst er ikkje berre indre mening, men kjenslene og opplevingane får ei ytre, sanseleg form. Fargar, liner, rytme, ord, mønster etc. er viktige. Gjennom alt dette tolkar ein verda. Kunsten er inga etterlikning, men oppdaging av røyndommen, i ein heilskap. Det krev arbeid og analyse for å forstå kunsten. Kunsten har sin eigen 'arkitektonikk', dvs. skjema eller strukturell form. Rolla til publikum er dermed viktig. Den kunstnariske prosessen er dialogisk, eller dialektisk, mellom kunstnar og tilhøyrar eller tilskodar. Målestokken er intensivering og 'opplysning'. På den eine sida kan me ha eit intuitivt møte med kunsten, i form av 'anskuelse'. Med dette forstår eg ei sanseoppleving som er direkte og utan mellomledd, der me 'føler på oss' om me likar noko, tek avstand frå det,

blir engasjerte, eller er likesæle. Me kan også nærma oss kunsten med ei kontemplativ haldning, dvs. me gjer oss erfaringar utan at me set fokus på nyttefunksjonen av kunsten. Publikum kan møte kunstverket med ei 'ro', men denne er dynamisk, og skaper 'rørelse' i menneskesjela. Gjennom refleksjon og ettertanke kan me gjennomarbeida inntrykka våre i møte med kunsten. Her ligg vekta på det kognitive. Men i kunsten ligg det også ein 'åndens energi' som kan utfordra til vidare skaping, både i form av refleksjon, samtale og det å sjølv utforma nye kunstnariske uttrykk. Dette forstår eg slik at kunsten har ei formativ kraft i seg, slik myten har. Også kunsten inspirerer og tilskundar oss. Den estetiske opplevinga kan vera fylt med 'lidenskapens energi'. Det er altså nær samanheng i ordbruk mellom det mytiske og det estetiske.

Kulturbryting

Eg har valt kultur møte og kulturbryting som sentrale omgrep i undersøkinga mi. Cassirer legg vekt på at det finst brytningar og motsetnader i kulturen, men me kan håpa på at det er noko som bind saman, ein 'motsetningenes harmoni'. I dette ligg at me i kulturanalysen må differensiera, for å få fram ulikskapar og motsetnader i kultur møtet, men me må også setja fokus på kva som bind saman. I omgrepet kultur møte har eg to perspektiv: 1. Korleis barn i dag skildrar møtet mellom menneske i vikingtida som representerer ulike livstolkingar, nemleg den norrøne religionen og kristendommen. 2. Korleis barn i dag relaterer dette møtet i høve til deira eigen kultur.

Til hjelp i analysen nyttar eg omgrepa konfliktparadigme, harmoniparadigme og overtydingsparadigme. Med konfliktparadigme forstår eg ei tolking av kultur møtet med vekt på å få fram konfliktane. Ein konflikt kan vera ein verbal eller fysisk samanstøyt, med ulik grad av styrke, frå usemje og krangel til krig. Ein slik konflikt kan oppstå mellom einskildmenneske, grupper eller nasjonar, og kan ha ulike årsaker. Føremålet er som regel at ein av partane ønskjer å vinna, gjerne ved bruk av makt eller tvang. Med harmoniparadigme forstår eg ei tolking av kultur møtet med vekt på å framheva fellesskap og semje. For å oppnå dette må ein stundom dekkja over eventuelle motsetnader, eller gje desse ei mildare form. Med overtydingsparadigme forstår eg ei tolking av kultur møtet der ein legg vekt på dialog, samtale og argumentasjon. Ein brukar ikkje tvang og makt, men legg vekt på at det er det beste argumentet som 'vinn'.

Kapittel 3

Presentasjon av empiriske undersøkingar

I dette kapitlet presenterer eg nokre empiriske undersøkingar om barn og kulturmøte, barn og myte/religion, barn og historie og barn og estetikk. Undersøkingane er valde ut med bakgrunn i sentrale omgrep i teorien til Cassirer om dei symbolske formene. På den måten prøver eg å byggja bru mellom ein overordna teori og undersøkinga mi i ein praktisk-pedagogisk situasjon i møte med barn. Ein relasjon til praksis var også Cassirer svært oppteken av. Eg avgrensar meg til nordiske undersøkingar på mellomtrinnet i grunnskulen og tidleg ungdomsalder. Fleire av undersøkingane har eit tverrfagleg perspektiv. Eg har likevel valt å rubrisera dei under mine hovudtema. Så langt eg kjenner til, er det gjort lite forskning omkring barns oppleving av historiske spel. Det finst også lite forskning om norske barns biletskaping. Eg trekkjer difor inn generell teori i desse avsnitta.

3.1 Barn og kulturmøte

I dette avsnittet presenterer eg erfaringar frå prosjekt om kulturformidling for barn. Her vert det sett fokus både på opplevingane til barna og på den rolla lærarar og andre kulturformidlarar har.

3.1.1 ”Når voksenkultur og barns kultur møtes”

Åse Enerstvedt og Gunnar Danbolt presenterte i 1995 ei evaluering av fire kulturformidlingsprosjekt som *Barnas Hus* i Bergen hadde ansvar for.¹ Prosjekta omfatta førskulebarn og elevar i 3. - 6. klasse i grunnskulen. I rapporten er det to prosjekt som er relevante i min samanheng: I *Rasmus Meyer – programmet* var målet å gjera 5. klassingar kjende med eitt av kunstgalleria i byen, og gjennom dette å gjera seg kjende med norsk

¹ Danbolt og Enerstvedt 1995.

kunsthistorie dei siste 200 åra.² Prosjektet *Bergen som historieforteller* tok opp tema om mellomalderkyrkjer i Bergen, arkeologi og fattigdoms- og helseproblema frå mellomalderen og fram til førre århundret.

I rapporten drøftar forskarane undervisningsopplegget, førebuinga til lærarane, formidlingssituasjonen og effekten i dei ulike prosjekta. Det er *institusjonane* sjølve som lagar undervisningsopplegga, for å gje lærarane forkunnskapar. Vidare er tanken at *lærarane* skal førebu klassane. Det vart nytta ulike formidlingsformer, frå *omvising* via *learning by doing* til *dramatisering*. Målet med heile opplegget er både *kunnskapar* og *opplevingar*, men ein tenkjer seg at dette kan delast, ” ... gjerne fordelt slik at kunnskapene primært formidles i klasserommet, og opplevelsene på utstillingen eller i det historiske monumentet.”³ Forskarane spør om ’påstandskunnskapane’ synest å verta rotfesta i ” ... fortrolighets- og ferdighetskunnskaper”.

Kva er så konklusjonane deira? For det første ser dei på barna som slike som lever i ein heilt annan kultur enn dei vaksne. Dei legg vekt på at me må tyda og tolka det barna seier og gjer. Det er ei kløft mellom barnekulturen og den vaksenkulturen som forskarane representerer. Det vert understreka at utbyttet hos barna ikkje alltid melder seg umiddelbart, eller viser seg på den måten me vaksne skulle ønskja. Utbyttet treng ikkje alltid vera i samsvar med intensjonane til arrangørane, men opplegget kan vera vellukka likevel.

Erfaringane frå opplegget ved *Rasmus Meyers samlingar* (Tema: Eit bilete av Tidemand) var at førebuinga til lærarane i klassane varierte sterkt. Ein fann kjønnskilnader med omsyn til oppleving og deltaking. Jentene syntest å konsentrera seg mest om opplegget, medan gutane vart raskt ferdige og sa dei synest det er meir gøy å sjå på film på kino og tv. Gutane hadde ein tøffare tone når det gjeld å seia at ting er kjedeleg, men dei kom likevel fram med nyanserte synspunkt. Det viste seg også at gutane la meir vekt på ’action’ i dei skriftlege framstillingane sine. Forskarane meiner å finna ei negativ haldning hos gutane som ligg ”... som en tynn ferniss over deres utsagn og væremåte.”⁴ Dei hevdar at gutane i arbeida sine har kunstytringar dei vil rekna meir til ’undergrunnskulturen’ enn til den etablerte. Dei spør om det er valdsfilmar og reelle valdshandlingar på tv som ligg bak dette. Jentene synest vera meir fokuserte på kjærleikshistorier. Konklusjonen til forskarane er:

Guttene er opptatt av TV’ens, videoen og kinoens krigs- og voldsberetningers pseudo-virkelighet – det er herfra de henter det repertoar de bruker når de skal fylle ut Tidemands bilde. Mens jentene

² 5-klassingar i denne undersøkinga har same alder som 6. klassingar i mi undersøking.

³ Danbolt og Enerstvedt 1995:10.

⁴ Danbolt og Enerstvedt 1995:79.

fremdeles lever i en patriarkalsk-preget romantisk virkelighet, antagelig godt støttet opp av ukeblad-novellenes og kioskromanenes enkle verdensbilde.⁵

Forskarane er kritiske til kunnskapsnivået hos lærarane i dette prosjektet. Lærarane synest vera meir opptekne av *kva* enn *kvifor*, og den estetiske kompetansen til allmennlærarane vert vurdert som ikkje tilfredsstillande. I konklusjonen stiller forskarane også spørsmål ved om det rår ein motsetnad mellom kultursynet til barna og det skulen står for. Dei oppmodar til å ta meir utgangspunkt i interessene til barna.

I det andre prosjektet, *Bergen som historieforteller*, gjev forskarane først ei vurdering av undervisningsmateriellet. Dei vurderer positivt ein del av opplegget, men dei har også sterkt kritiske innvendingar til den faglege gehalten. Særleg gjeld dette at forfattarane av undervisningsopplegget ikkje drøftar det problematiske i korleis barn i dag kan forstå mellomalderen. Forskarane understrekar "... at man burde reflektert over de forståelsesproblemer som all historieundervisning impliserer." I staden vert det "... en slags oppramsing uten mening" (s 87). Forskarane gjev eit utdrag frå samtalar med barna og *kva* dei har opplevd. Til tider synest det som om barna meiner det var kjekt, medan forskarane er kritiske til opplegget. Særleg gjeld dette opplegget om *Kirkerommet* som var innreia i Barnas Hus. Det forskarane opplever her, kallar dei eit "... sammenstøt mellom barnas kultur og vår egen" (s 90). Ut frå dette ser me at dei er merksame på at innstillinga og føreåttforståinga er annleis hos barn enn vaksne. Danbolt og Enerstvedt tolkar dette som at alternativet for barna er eit kjedeleg klasserom, medan dei vaksne heller ville vore i ei autentisk mellomalderkyrkje enn å sjå ei utstilling om kyrkjer.

Konklusjonen deira er at barna har lite kunnskapar om emnet, slik at samtalen går lett i stå. Dei vil likevel ikkje tolka dette for negativt, for dei konkluderer med at "... det kan neppe tolkes som et uttrykk for at heller ikke femteklassinger har historisk bevissthet, for det har de." (s 90). Samtalane viste at barna ikkje hadde problem med å forstå at fortida var annleis enn vår tid, og at ein kunne tala om historiske periodar.

Opplegget i *arkeologirommet* vert langt meir positivt vurdert. Her får barna delta sjølv, ved å grava i jorda og finna ting. Samstundes vert det understreka at desse aktivitetane ikkje måtte verta for lette. Barna fekk møta ekspertar som kunne sine ting. Formidlarrolla vert understreka. Samstundes vert det peika på at ein her tok utgangspunkt i barnas eigen kultur, i og med at ein her fann eit element av skattejakt.

⁵ Danbolt og Enerstvedt 1995:82.

Også ved besøket i *Mariakyrkja* fekk barna delta. Dei kledde seg ut som munkar og dei song. Men også her vert det faglege opplegget kritisert av forskarane, som meiner at omvisaren ikkje hadde nok fagkunnskap. Konklusjonen deira er at besøket var vellukka når det galdt det opplevingsmessige, men ikkje det kunnskapsmessige. Den estetiske og religiøse dimensjonen vart i svært liten grad teken opp (s 98).

Hovudkonklusjonen er at prosjektet *Bergen som historieforteller* har som ein underliggjande premiss at ein skal skildra gjenstandar og faktiske hendingar. Ein trekkjer i liten grad inn perspektiv som handlar om innsikt og erfaring. Likevel meiner forskarane at opplevingar og stemningar er verdfulle i seg sjølve. Dei legg stor vekt på at barn må få møta ”... pedagogisk talentfulle fagfolk”, og har lita tru på at lærarane er kompetente nok, ut frå utdanninga si. Dei har også lita tru på det at lærarane får ferdig utleverte opplegg som dei skal setja seg inn i, men legg vekt på fagfolks ’fortrolighetskunnskap’ innan kulturformidling. Vidare poengterer dei at formidling av lokal kultur må skje på dei plassane der hendingane har manifestert seg, av di det då er lettare å få fram atmosfæren. Det å laga kopi av rom og stader synest ikkje vera noko god løysing. Erfaringa deira er at barna stort sett opplevde utbyttet positivt, men forskarane stiller kritiske spørsmål til om barna verkeleg seier det dei meiner i møte med vaksne. Dei peikar også på at barna påverkar kvarandre. Særleg gjeld dette gutane. Dei hevdar at *forma*, heller enn *innhaldet* i formidlinga, synest vera utslagsgivande. Dei meiner å kunna fastslå at barna ikkje er vane å tenkja i kritiske kategoriar, slik at det er vanskeleg å koma noko vidare enn at det har vore ’gøy’ eller ’kjedeleg’. Difor nyttar forskarane i tillegg eigne observasjonar og tolkingar for å kunna danna seg inntrykk av kva formidling som var mest vellukka, sett frå barnas synspunkt. Dei meiner at 11-åringane er opptekne av forteljingar.

Forskarane konkluderer med at både arkeologiske spor og ekspressive uttrykk må skrivast inn i ei historie, slik at ho talar til oss. Det narrative elementet er såleis grunnleggjande. Men det finst ikkje berre ei, men mange historier, som barna må få vera med og byggja opp. Forskarane grunnjev dette med postmoderne teori. Fortida og dei ulike forteljingane kan representera alternativ til vår eiga røyndomsoppfatning, og hjelpa oss å sjå utfordringar. Dei meiner også det har ein viss verdi å ha opplevd ting, sjølv om det vert fort gløymt. Opplevinga kan liggja som ein umedviten skatt, som ein kanskje lenge etterpå oppdagar på ny. Danbolt og Enerstvedt framhevar også kompleksiteten i barnekulturen, og understrekar at me som vaksne ikkje må gå i den fella å forenkla og banalisera. Det kan liggja mykje positivt i ’fruktbare misforståelser’, hevdar dei.

3.1.2 Oppsummering

I denne rapporten får Danbolt og Enerstvedt fram mange dilemma i kulturformidling for barn. Dei set fokus på motsetnadene mellom dagens barne- og vaksenkultur. I relasjon til tenkinga til Cassirer er her kulturbrytinga i fokus, men eg finn også eit element av 'motsetningenes harmoni', i og med den oppfordringa forskarane har til eit fruktbart møte. Ulike barn synest å ha ulike interesser og ulik symboltolking, i følge Danbolt og Enerstvedt. Dei viser til at det kan vera skilnader mellom aldersgrupper, men også mellom kjønna innan same aldersgruppe. Eg vil difor ha kjønnspektivet med i analysen.

Forskarane gjer seg til talsmenn for at interessene til barna må koma meir i fokus for at det skal bli relevant for dei. Dei er kritiske til kompetansen til lærarane, og synest å leggja stor vekt på spesialistkunnskapar og pedagogiske talent. Til ein viss grad kan me seia at dette samsvarar med den vekta Cassirer legg på fargelegginga og tolkinga til historikaren og kunstnaren. Lærarane og kulturformidlarane har såleis ein viktig funksjon.

Men Cassirer understrekar også den aktive deltakinga til publikum. Her varierer erfaringane noko i Bergensprosjektet. Det synest som om opplegga var mest vellukka der barna deltok aktivt. I studien min vil eg difor vurdere kor stor vekt det vert lagt på barnas eigenaktivitet.

Når det gjeld kunnskapssyn, legg Danbolt og Enerstvedt vekt på at det kunnskapsmessige og opplevingsmessige må flettast saman. Eg er likevel kritisk til løysinga deira at det kunnskapsmessige kan skje på skulen, medan det opplevingsmessige vert knytt til ekskursjonen eller den historiske staden. I følge Cassirer heng kunnskap og oppleving nært saman, og eg vil undersøkje i kva grad dette pregar opplegget om kulturskiftet.

Det er også interessant å merka seg kritikken forskarane har når det gjeld fråvere av det religiøse og estetiske perspektivet t.d. i undervisningsopplegget om Mariakyrkja. Her synest fundamentale faglege perspektiv å vera utelatne. Spørsmålet mitt er i kva grad eg finn desse dimensjonane integrerte i undervisninga i prosjektet mitt. Her meiner eg poengteringa hos Cassirer av dei ulike symbolske formene nettopp dannar eit korrektiv til ei forenkling av kulturmøtet og kulturbrytinga.

Danbolt og Enerstvedt understrekar at det er viktig å problematisera og reflektera omkring symbolbruk i ulike historiske epokar. Dette samsvarar med den vekta Cassirer legg på symbolanalyse. Dei legg vidare stor vekt på å knyta opplevinga til den historiske staden, for å understreka det autentiske. Slik eg tolkar undersøkinga deira, er dei meir opptekne av modellar for kulturformidling enn av å gje ei systematisk framstilling av barns

historiemedvit. Dei etterlyser analytisk kompetanse hos barna til å utdjupa opplevingane sine. Det kjem likevel tydeleg fram eit positivt grunnsyn på kompetansen til barna. Det umiddelbare og narrative kjenneteiknar denne aldersgruppa, slik eg forstår forskarane. Spørsmålet er om dette også kjem fram i undersøkinga mi. Dette knyter eg til analysen av det estetiske perspektivet.

3.2 Eit mytisk-religiøst perspektiv

Dei siste 20 åra er det gjort mange empiriske undersøkingar i Norden om kva forhold barn og unge har til religion. Det mytiske perspektivet er i liten grad spesifikt teke opp.

Som hovudreferansar nyttar eg arbeida til Birkedal (2001), Brunstad (1998) og Winje (1997, 1999). Birkedal drøftar kva forhold 13-15 åringar har til gudstru i relasjon til erfaring med religiøs praksis. Han legg vekt på institusjonalisert religion i kyrkjeleg samanheng, medan dei to andre nyttar ein meir open definisjon av religion som livstolking, eller som 'noko' ein komponerer sjølv. Undersøkinga til Brunstad byggjer på essay og intervju med elevar i vidaregåande skule (2. klasse). Arbeidet hans er ein studie av tru og framtidforventningar hos unge menneske. Undersøkinga til Winje byggjer på eit spørjeskjema via internett, der han spurde unge mellom 15 og 20 år om religion og livssyn.

Eg finn i desse arbeida refleksjonar omkring eit viktig spørsmål hos Cassirer, nemleg om religion bør definerast essensialistisk eller funksjonelt. Som nemnt legg Cassirer vekt på det funksjonelle, særleg knytt til det etiske. Birkedal prøver å fanga inn begge perspektiva, men legg hovudvekt på at religion handlar om forholdet til det heilage. Eg vil også prøva å fanga inn desse to perspektiva.

Winje er oppteken av at dei tradisjonelle inndelingane i konfesjonar og institusjonelle former ikkje alltid fungerer i møte med unges religiøsitet. Brunstad er oppteken av omgrepet livstolking, som han definerer som "... forståelse av seg selv og sin virkelighetserfaring i lys av en helhetlig meningssammenheng." Han forstår livstolking som ein allmennmenneskeleg aktivitet, og legg vekt på at livstolkinga ikkje berre ytrar seg gjennom verbale utsegn, men gjennom ei rekkje forskjellige sosiale og kulturelle uttrykksformer. Han trekkjer også inn moderne mytar som livstolking.⁶ I undersøkinga mi vil eg drøfta om barna ser norrøn tru og kristendommen som avgrensa 'storleikar', forstått ut frå eit tradisjonelt religionsomgrep, eller om dei komponerer religionane på ein friare måte, meir i samsvar med livstolkingsomgrepet.

⁶ Brunstad 1998:13, 61.

Eg går i liten grad inn på barnas eige forhold til religion og livstolking i dag. Dette skjer meir indirekte i form av kor relevant dei synest spørsmål om tru og religion er for dei.

Eit anna felles element i dei tre undersøkingane er at dei nyttar barn og unge som informantar. Ikkje minst synest dette å vera prega av den svenske religionsforskinga, med vekt på barns livsspørsmål.⁷ Det er også ei grunnhaldning hos meg at det er viktig å få fram barnas eigne meiningar og opplevingar. Sjølv om ein er merksam på at forskaren pregar analysen, prøver ein å få fram livsverda til barna og dei unge, for gjennom dette å analysera kva plass og funksjon det religiøse har. Birkedal, Brunstad og Winje synest vera samde om at det skjer viktige endringar nettopp ved overgangen til ungdomsalderen. Sjølv om informantane i undersøkinga mi er litt yngre, meiner eg det er relevant å trekkja parallellar til desse undersøkingane, då det me definerer som ungdomstida no synest både å starta tidlegare og å vara lenger. Birkedal viser til at det skjer ei radikal endring mot slutten av barneskulen når det gjeld religiøst engasjement, sjølv om framleis ca. 80% av dei unge deltek i kyrkjeleg konfirmasjon. Men denne endringa i engasjement gjeld ikkje spesielt forholdet til religiøs aktivitet, men også for lagsarbeid generelt. Dette vert forklart med den lausrivingsprosessen barna er i i høve til autoritetar. Det er likevel mogleg at dette ikkje vil vera så sterkt framme i undersøkinga mi, som omhandlar 6. klassingar, då desse gjerne vert skildra som aktive og engasjerte, før dei store endringane skjer.

Me kan, i følge Birkedal, dela forskinga om barn og religion to hovudretningar, nemleg med vekt på det utviklingspsykologiske (personen i fokus) eller med vekt på det sosialpsykologiske (interaksjonen med det sosiale miljøet). Eg vil i undersøkinga mi leggja vekt på opplevingane til barna i ein klassekontekst. Sjølv om fokus er på individa i stor grad, meiner eg me må tolka opplevingane deira i lys av den kulturelle samanhengen, her avgrensa til skulen. Nokre religionsstudiar trekkjer også inn heimemiljø og erfaring med institusjonalisert religion i møte med kyrkje og liknande. Dette fell utanfor mitt felt. Mest interessant finn eg undersøkingar som understrekar forholdet til jamaldringsgruppa og påverknad frå media og populærkulturen.⁸ Desse undersøkingane tilseier også at det kan vera visse skilnader mellom kjønna, der det m.a. vert hevda at jentene er litt meir positive til religiøs tru enn gutane.⁹ Me veit likevel lite om kva utslag dette kan gje seg i deira oppfatningar av religion. Med basis i den vekta Cassirer legg på det symbolske, kan det vera

⁷ T.d. gjennom UMRe- og Balil-prosjekta. Hartmann 1986 og 1992, her ref. frå Birkedal 2001:14.

⁸ Nordland 1974, her referert frå Birkedal 2001:12-13; Brunstad 1998:21; Werner 1997.

⁹ Nordland 1974. Øia 1994. Her referert frå Birkedal 2001:12-13, 22.

grunn til å spørja om me finn døme på skilnader mellom kjønna i symbolbruk og symbolforståing.

Svært mange undersøkingar om barn og religion legg vekt på utviklingsperspektivet. Denne tanken er også sentral hos Cassirer. Studiane tek utgangspunkt i stadieteoriar for religiøs utvikling, med grunnlag i teoriane til Piaget og Goldman. Her er det kognitive i fokus. Ut frå dette kan me tenkja oss at sjølv om barn går i same klasse, kan det vera store skilnader i evne til å verbalisera eller teikna i samband med religiøse tema. Eg vil tru at trongen til spekulasjonar og alternative opplevingar, som Brunstad meiner kjenneteiknar ungdomskulturen, ikkje vil vera så sterkt framme hos barna i undersøkinga mi. Men kanskje me kan finna døme på det eg vil kalla 'frontløparar' inn i ungdomskulturen. Det er likevel interessant å sjå at også mellom litt eldre ungdommar kjem trongen til nærleik og stabilitet fram. Brunstad kallar dette 'global pessimisme', men 'lokal optimisme'. Dette momentet vil eg vurdera i undersøkinga mi i tilknytning til spørsmålet om korleis barna relaterer temaet om vikingtida i høve til eiga notid og framtid.

Fleire undersøkingar understrekar at forholdet til det religiøse kan forståast gjennom ulike dimensjonar, som t.d. erfaring, tru, tenking, praksis og konsekvensar. Som m.a. Engen (1989) viser til, legg ein kanskje einseitig vekt på nokre få av desse dimensjonane i skule og barnehage. Eg må difor ha ulike innfallsvinklar i møte med det religiøse. Birkedal nyttar omgrepa 'oppleving' og 'erfaring', der han med oppleving forstår "... det individet fornemmer både kognitivt, emosjonelt og sosialt, med vekt på det emosjonelle." Med erfaring meiner han "... de subjektive opplevelser individet har reflektert over og kan verbalisere."¹⁰ Denne kombinasjonen av det kognitive og det emosjonelle er også sentralt hos Cassirer, og ligg innebygt i erkjenningssomgrepet hans. Eg vil difor ha med desse dimensjonane i undersøkinga.

Munksgaard (1980) undersøkte i kva grad religiøse erfaringar høyrer saman med personlegdomsdimensjonen.¹¹ Han koplar saman erfaringsdimensjonen, særleg frå heimebakgrunnen, med i kva grad dette vert ein sentral personlegdomsfaktor seinare. Det synest ikkje vera nokon eintydig samanheng mellom grad av religiøs erfaring frå barneåra til kor djupt dette pregar personlegdommen seinare.¹² Eg tolkar dette slik at ein t.d. kan ha omfattande kunnskapar og ulike erfaringar av religion sjølv om ein ikkje seinare vert personleg engasjert eller aktiv, eller ein kan ha deltatt aktivt i religiøse aktivitetar utan at det

¹⁰ Birkedal 2001:45.

¹¹ Munksgaard 1980 og 1984, her referert frå Birkedal 2001:17.

¹² Evenshaug og Hallen 2001:370-371.

religiøse synest å verta sentralt i erkjenninga. Det kan altså tenkjast at barn gjev uttrykk for at dei likar eit tema eller ei oppleving knytt til religion, utan at dei maktar å verbalisera dette på ein utdjupande måte, eller at barn kan vera flinke til å reflektera omkring religiøs kunnskap og opplevingar, sjølv om dei seier dette er kjedeleg.

Dei undersøkingane som legg vekt på det sosiale miljøet, understrekar at individuell religion er ein funksjon av trus- og åtferdsnormer i miljøet, og korleis me tilpassar oss desse.¹³ Det er likevel ulike syn på kor omfattande påverknaden frå t.d. heimen er. Eg vil tru at barna har med seg grunnleggjande haldningar frå heimemiljøet, og at me ikkje skal undervurdere heimen sin filterfunksjon i denne aldersgruppa, sjølv om konklusjonen til Birkedal er at han ser liten samanheng mellom gudstrua til dei unge og trua til foreldra. Om forholdet til skulen konkluderer Birkedal med at barna på skulen kan få bearbeidd trusførestellingane sine, men barna kan også oppfatta det som vanskeleg og problemfylt dersom skulen har ei anna tolkingsramme for det religiøse enn dei sjølve. Birkedal legg vekt på den betydninga skulen har for den kognitive refleksjonen når det gjeld religion. Andre undersøkingar, m.a. Berg, viser til at lærarane i liten grad går inn i reelle samtalar med elevane, der dei reflekterer omkring tru og livstolking.¹⁴

Winje og Brunstad synest vera samde om at unge i dag i liten grad er prega av kyrkja, eller annan institusjonalisert religion med vekt på ei tradisjonell tru. Dei hevdar at dei unge ikkje deltek i eit forpliktande trusfellesskap, men vil velja fritt frå livssynsmangfaldet. I følgje Brunstad er mange positive til religion. Ei mindre gruppe er aktive truande, eller dei er avvisande. Slik tolkar eg også undersøkinga til Winje. Hovudpoenget hans er at dagens (1997) religiøsitet har eit sterkt synkretistisk innslag, der dei unge blandar ulike livssynselement. Dei unge er tolerante overfor ulike livssyn, og dei er prega av pluraliteten i samfunnet. Han meiner dagens unge ikkje i same grad som før har religion som erfaring eller gitt personlegdomsfaktor, slik Munksgaard formulerte det. Han meiner ei eventuelle religiøs nyorientering i ungdomstida heller er å ”... oppdage noe nytt” enn å ”... forsterke eller miste noe gitt”.¹⁵ Spørsmålet mitt er dermed om barnas forståing av den norrøne og den kristne livstolkinga er prega av ’fortrolighetskunnskap’, som også Danbolt og Enerstvedt understreka, eller om vikingverda er ei ukjend verd, slik også formuleringa i læreverket Terella kan tyda på. Korleis opplever og tolkar barna dei norrøne mytane, og korleis forstår dei møtet med kristendommen? Er det relevant å tenkja seg at det mytisk-religiøse utgjer kjernen i barnas

¹³ Rommetveit 1951, 1953, her referert frå Birkedal 2001:23.

¹⁴ Berg 1998a og b.

¹⁵ Winje 1997.

forståing av kulturskiftet? Korleis oppfattar barna livsuniverset til vikingane, og korleis relaterer dei dette livsuniverset til eiga notid og framtid? Desse spørsmåla har nær samanheng med barnas historiemedvit, som eg tek opp i det følgjande avsnittet.

3.3 Eit historisk perspektiv

Som nemnt i kapittel 2 er forståinga av historia ein sentral dimensjon i kulturforståing til Cassirer. På mange måtar finn me att dei same problemstillingane innan historieforskinga som me finn innan generell kulturteori¹⁶ og i religionsstudiar. Her er tid og rom sentrale kategoriar, slik det også er hos Cassirer. Desse kan ha ulike konfigurasjonar og uttrykkjast i ulike symbol.

Innan historiedidaktikken har ein vore oppteken av omgrepet '*historiemedvit*' eller '*historiebevissthet(er)*', og korleis barn og unge utviklar dette.¹⁷ Undersøkingar som kan gje innsikt i temaet vil såleis vera relevante for undersøkinga mi. Spørsmålet om *autensitet* har stått i fokus. Me ser vidare at det på museum og ulike senter vert lagt stor vekt på *opplevingsdimensjonen*. Dette er det også gjort ein del empiriske undersøkingar om. Å leggja vekt på opplevingsdimensjonen kjenner me også att frå utviklinga av ulike vikingsenter, t.d. vikinggarden på Bukkøy (Karmøy) og oppbygginga av Moster kyrkjehistoriske senter. Eg meiner påverknaden frå England er tydeleg på dette feltet, t.d. frå vikingsenteret i York og *Bedes World* i Newcastle. Her set ein fokus på å gje ei oppleving av kvardagslivet i vikingtida. I det følgjande presenterer eg nokre undersøkingar frå dei nordiske landa om barn og historie. Diverre har eg funne lite stoff som spesifikt tek opp barns møte med vikingtida.

3.3.1 "Barn og historie"

I 1984 kom det ut ei lita bok med tittelen *Barn og historie : Undervisningsteorier i historiefaget og barns forhold til historie*.¹⁸ Her vert det presentert ei spørjeundersøking frå Rogaland om 11-13 åringar sitt forhold til historie. Denne aldersgruppa vert sett på som særleg interessant ut frå ein utviklingspsykologisk synsvinkel. Sidan denne undersøkinga fokuserer på den aldersgruppa som er med i undersøkinga mi, vil eg presentera hovudpunkta.

Bøe og Hauge meiner det er viktig å kjenna til dei interesser og mulegheiter barna har, dersom ein skal gje ei føremålstenleg undervisning. Målet med undersøkinga var å få kunnskap om barns oppfatning av tidssamanhengen, barns interesse for historias rom, barns

¹⁶ Klausen 1970, 1992; Hylland Eriksen 1993, 1994.

¹⁷ Bøe 1995, 1999a og b; Kjelstadli 1999; Bryld 1999.

¹⁸ Bøe og Hauge 1984.

interesse for det stofflege innhaldet i historia og for korleis det historiske stoffet vert formidla. Forskarane understrekar at undersøkinga må forståast i den kulturelle konteksten. Dei gjev difor ei kort oversikt over forskning omkring barns intellektuelle og sosiale utvikling i denne perioden.

Teoriar om barns tidsforståing synest, som mange religionsstudiar blant barn, å vera prega av teoriane til Piaget, der nettopp 11-12 årsalderen markerer ein viktig overgang i den kognitive utviklinga. No har barna utvikla ei meir moden oppfatning av tid som kronologi og epokar. Andre har kritisert denne stadietenkinga, og hevda at barns tidsoppfatning er meir kulturelt enn utviklingspsykologisk betinga.¹⁹

Bøe og Hauge undersøkte barns oppfatning av alderen til nære personar, historiske personar, og menneske og framkomstmiddel. Dei meiner å finna ei markert utvikling i retning av ei meir moden tidsforståing ved overgangen 11-12 år. Gutane synest å har ei meir realistisk tidsforståing enn jentene. Om dette skal tilskrivast læring eller modning er vanskeleg å fastslå. Barnas oppfatning av rom, innhald i undervisninga og formidlingsform, synest ikkje i same grad å vera alders- eller kjønnsbestemt, men er truleg prega av den kulturelle konteksten.

Når det gjeld romforståinga, synest barna å lika betre historie i det nære rommet enn det fjerne. Dette kan gjelda både det lokale og det nasjonale i høve til verdshistorie. Somme hevdar at jentene synest vera litt meir opptekne av det nære, og at gutane har større radius, men dette vert ikkje stadfesta i undersøkinga til Bøe og Hauge.

Når det gjeld interesse for innhaldet i faget, synte tidlegare forskning at elevar i førpubertet og pubertet er mest interesserte i personalhistorie og i sosialhistorie. Dei er lite interesserte i politisk historie og kulturhistorie. Det er også grunn til å tru at barna festar seg mest ved ytre hendingar og personar, og gutane synest å leggja meir vekt på krig og slag enn jentene. Dette siste samsvarar med konklusjonen til Bøe og Hauge. Dei hevdar at det barna likar best av innhaldet i faget, gjeld korleis barn hadde det før, korleis folk levde og om oppdagingar og oppfinningar. Det er derimot stor variasjon i kor interesserte barna er i spørsmål om korleis landet blei styrt og om krig og kamp. Det siste punktet var dei eldste elevane mest opptekne av, særleg gutane. Jentene er meir personorienterte, i høve til "... konger, dronningar og kjente folk". Når det gjeld historieformidling, vert fjernsyn og forteljing rangert høgast, medan teikneseriar og bøker vert rangert markert dårlegare.

¹⁹ Hundeide 1989:42ff.

3.3.2 ”Ungdom og historie i Norden”²⁰

I 1997 kom den første rapporten i det europeiske forskingsprosjektet *Youth and History* ut. Over 31 000 15-åringar frå 26 land deltok, saman med 1 300 lærarar. Alle dei fem nordiske landa deltok, med i alt 5 000 elevar.²¹ Målet for undersøkinga var å få kjennskap til kva betydning historie har for 15-åringar i Europa i dag, og korleis dei oppfattar den historiske utviklinga og dei ulike faktorane som verkar inn på meiningane og førestellingane deira. Vidare spør ein korleis historisk medvit kjem til uttrykk, og korleis kulturelle fellestrekk og nasjonale særpreg kan medverka til å skapa historisk medvit. Det vert også undersøkt korleis historieundervisninga vert driven, og korleis lærarar og elevar vurderer undervisninga i faget.²² Dette er ei omfattande undersøking. Eg vil berre trekkja fram nokre få moment frå den nordiske undersøkinga som kan vera relevante for undersøkinga mi. Med historiemedvit forstår ein følgjande:

Historiebevidsthed handler således om vores/elevernes livsforståelse og virkelighedsopfattelse i nutiden i et historisk perspektiv og med bestemte fremtidsforventninger og kan også defineres som bevidstheden om, at vi alle er led i den historiske forandringsproces, at vi alle er ”historieskabte så vel som historieskabende”.²³

Undersøkinga konkluderer med at fleirtalet av nordiske barn meiner at historia er av betydning for notidsforståinga. Mange meiner også at historia er viktig for framtidsforståinga, men kva dette betyr, er noko usikkert. På spørsmål om relasjonen til eleven sitt liv, svarar nesten halvparten av barna ’veit ikkje’. Dette skulle tilseia at barna ikkje opplever nokon direkte personleg relevans, sjølv om dei meiner faget har betydning. Når det gjeld historiesynet deira, meiner fleirtalet at tekniske, økonomiske og sosiale forhold er sentrale. Dei tek meir atterhald om kva betydning store personlegdommar har, som t.d. kongelege og politikarar. Dei nordiske elevane legg dessutan stor vekt på krigar og konflikhtar når dei skal forklara endringar i historia. Også forhold i naturen er viktige. Norske elevar synest å vurdere den betydninga kvardagsmenneska har som mindre viktige enn t.d. islandske barn gjer.

Når det gjeld barnas tidsforståing, peikar Olufsen på at eit overveldande fleirtal opplever endringar gjennom historia. Dei synest også vera optimistiske i den forstand at 27% meiner at ting har endra seg i positiv retning, medan ca. 9% meiner at det er blitt verre. Særleg gjeld dette forholda i eige land. Dei er meir pessimistiske når det gjeld resten av

²⁰ Angvik og Nielsen (red.) 1999. Eg refererer til artiklar av Olufsen, Angvik og Karlsson.

²¹ Angvik, i: Angvik og Nielsen (red.) 1999:7.

²² Angvik, i: Angvik og Nielsen (red.) 1999:9.

²³ Nielsen, i: Angvik og Nielsen (red.) 1999:105.

Europa. Familie og vener vert rangerte på topp som viktige, saman med hobbyar og interesser. Vidare vurderer dei høgt meiningsfridom, fred og solidaritet. Dernest kjem land og etnisitet, pengar, velferd og miljø. Religiøs tru vert tillagt minst betydning av dei faktorane som er nemnde i undersøkinga. Her skil dei nordiske seg frå andre unge i Europa. Dei sistnemnde tillegg religiøs tru større vekt. I Norden synest materielle forhold å vera viktige i historiemedvitet. Konklusjonen til Olufsen er at historia må knytast sterkare til røyndomsoppfatninga til barna.

Også Angvik peikar på at barna ser den allmenne bruksverdien i historia, men at nytta på det individuelle og personlege planet synest vera meir diffus. Han viser til at det er større interesse for notida enn for tidlegare historiske epokar. Ser ein på forholdet mellom det lokale, det nasjonale og det globale, er interessa størst for det nasjonale. Regional- og lokalthistoria scorar minst. Dette er overraskande, meiner Angvik. Når det gjeld tema som interesserer barna, ser det ut som at 'begivenhetshistorie' scorar mest. Ut frå andre inndelingar er det nær og konkret historie og kultur- og sosialhistorie som scorar høgt. 15-åringane synest vera lite opptekne av spørsmålet om demokrati og nasjonsbygging. Det er markerte skilnader mellom kjønna med omsyn til kva type historie dei er opptekne av. Jentene er interesserte i kvardagsliv, medan gutane er mest interesserte i krigar og dramatiske hendingar, eller 'action'. Forskarane meiner også å kunna påvisa ei aukande interesse for økologi. Når det gjeld formidlingsform, kjem biletmedia best ut, deretter munnleg framstilling og bruk av museum og historiske stader. Den skriftlege framstillinga skaper minst interesse. Det ser vidare ut til at historieframstillinga utanfor skulen interesserer elevane meir enn presentasjonen på skulen. Når det gjeld mål med historieundervisninga, legg lærarane vekt på å formidla dei grunnleggjande verdiane i demokratiet og å få elevane til å forstå notida i lys av historia.²⁴

Karlsson peikar i artikkelen sin på at det største særkjennet i denne undersøkinga er at det ser ut til å vera betydeleg mindre religiøs interesse blant 15-åringane i Norden enn elles i Europa.²⁵ Me kan dermed stilla spørsmål ved om barn på mellomtrinnet i dag vil engasjera seg i det mytisk-religiøse perspektivet ved kulturskiftet i Noreg. Eller heng dette saman med korleis ein tolkar religionsomgrepet? Nettopp undersøkingar om barn og unge sitt forhold til religion tyder på at dei kan ha stor interesse for religion, men ikkje i tradisjonell, institusjonalisert form. Derimot skjer det ein stor nedgang i deltaking i religiøst engasjement, knytt til kyrkje og annan institusjonalisert religiøsitet. Kanskje dette i for stor grad blir tolka

²⁴ Angvik, i: Angvik og Nielsen (red.) 1999:121ff.

²⁵ Karlsson, i: Angvik og Nielsen (red.) 1999:190.

som ei svekka interesse for religion? Me kan altså tenkja oss at også barn på mellomtrinnet er engasjerte i spørsmål om tru og religion sjølv om dei t.d. ikkje deltek aktivt i religiøse foreiningar eller lag.

3.3.3 ”Historiebevidstheder”²⁶

Skuleåret 1996-1997 gjennomførde Marianne Poulsen ei undersøking om barn og historiemedvit i tre klassar i Danmark; ein 6. klasse, ein 8. klasse og ein 3. gymnasieklasse. Av særleg interesse for meg er den delen som omfattar 6. klasse. Også Poulsen legg vekt på samspelet mellom notidsforståing, fortidsfortolking og framtidforventningar i definisjonen av historiemedvit (’historiebevidsthed’).

Poulsen trekkjer fram den interessa 6. klassingane har for det å verta intervjuet. Ho seier at me ikkje må venta fullkommen konsistens mellom alle utsegnene barna kjem med. Denne ”... iscenesettelse af sig selv” er situasjons- eller kontekstbetinga, og dette er ein viktig del av identitetsdanninga, hevdar Poulsen. Ho ser på intervjuet som ein prosess.

Fleire av 6. klassingane har ingen assosiasjonar til historieomgrepet. Om lag like mange assosierer det med ’gamle dager’. Nokre elevar forbind også temaet med noko eventyraktig. Andre knyter det til krig. Konklusjonen til Poulsen er at halvparten av elevane i første omgang tenkjer på historie som fortid. Først på gymnasienivået har dei metaforklaringar. Dette kan tyda på at barn på mellomtrinnet har ei relativ diffus oppfatning av forholdet mellom Før og No.

Poulsen drøftar ulike måtar som barna brukar historie på: Den identitetsskapande, som ”ikke-funksjon hos den følsomme kyniker”, som ”stedfortræderoplevelser”, som ”fællesoplevelse”, som ”indgang i det danske samfund” og som ”det reflekterede forhold”. På grunn av eit lite talmateriale blir det ikkje så mange som representerer dei ulike posisjonane. Når det gjeld 6. og 8. klassingar, hevdar ho at den identitetsskapande funksjonen er viktig; dette at ein gjennom t.d. forteljingar knyter familiehistoria saman. I denne samanhengen synest den rolla skulen spelar, ikkje vera så viktig. Det er meir sentralt kva som skjer i familien. ’Kynikaren’ avviser historie som interessant og nyttig. Derimot vil andre vera opptekne av at ein nettopp innan historie kan ha ’stedfortræderoplevelse’. Gjennom intense opplevingar og dramatikkk kan ein delta i historia. Her legg ein vekt på det ein elles ikkje kan oppleve i det verkelege livet. Nokre av barna nemnde besøk på museum og andre opplevingssentra som del av fellesopplevingar i familien. Historie som inngang til det danske

²⁶ Poulsen 1999.

samfunnet, vart særleg trekt fram av etniske minoritetar. Poulsen viser til at det var først på gymnasienivået at elevane hadde eit meir reflektert forhold. Gjennom alle dei ulike trinna er det ønske om meir eigenaktivitet. Poulsen hevdar også at ho ser ei endring bort frå det nasjonale som sentrum i historia til det nære/intime og det globale/kosmopolitiske. Vidare understrekar ho at det verkar uproduktivt, slik mange av undersøkingane har gjort, å skilja mellom fortidsfortolking, notidsforståing og framtidsserventning som element i historiemedvitte, og der dei konsentrerer seg om fortidsfortolkinga. Poulsen synest å føretrekkja ei vekt på *kvardagstenkinga* med eit implisitt framtidsservent. Ho meiner at førestellinga om at ein sjølv kan spela ei rolle i historia, er avgjerande for kor viktig ein meiner historia er. Ho skil altså mellom ei personleg tolka fortid og ei autoritativt fortolka, felles historie. Det å skapa eigne "...erindringsspor" ser ut til å vera viktig. Ho konkluderer med at det er viktig at nasjonal og global historie kan kasta lys over ein annan, og at ein får fram konfliktane.

Slik eg tolkar Poulsen, understrekar ho, som Cassirer, vekta på framtidsserpektivet, og kanskje kan me også ana ei vekt på at historie handlar om lidenskap, aktualisert gjennom drama, slik Cassirer også hevda.

Ut frå undersøkinga til Poulsen kan me tenkja oss at barn vil fokusera på kvardagsserpektivet også i møte med vikingtida, og at det er viktig med innleving, t.d. gjennom drama. Barna vil truleg ha ei relativt diffus oppfatning av kronologien. Det kan også tenkjast at framstillinga deira kan ha ein viss grad av inkonsistens, dvs. indre motsetnader, ut frå at dette er eit kjenneteikn nettopp ved denne aldersgruppa. Også spenninga mellom det globale og det lokale er relevant å undersøkja, av di temaet om vikingtid og kristningsprosess har vore sett på som svært sentralt nettopp i nasjonsbygginga i Noreg.

3.3.4 "Att resa i tiden"²⁷

Eg vil presentera ein studie frå Sverige der målet var at barn og unge gjennom eit undervisningsopplegg ved eit museum skulle få møta menneske i andre tider. Dette såg ein på som eit møte mellom kulturar i ulike tidsepokar. Gjennom dette hadde ein eit kulturpolitisk sikte om å fremja møte mellom ulike kulturar i landet i dag.²⁸ Nettopp det å sjå møtet mellom dagens barn og historia som eit kulturmøte, er samanfallande med intensjonen min om å setja fokus på barns møte med kulturskiftet i Noreg. Sjølv om dei i undersøkinga i Kalmar set

²⁷ Aronsson, Gerevall og Larsson 2000.

²⁸ Aronsson m.fl. 2000:106.

fokus på ein annan tidsepoke, meiner eg dei peikar på relevante problemstillingar også for prosjektet mitt.

Ved Kalmar Läns Museum i Sverige hadde dei i 1999 ein tverrfagleg forstudie for å vurdere korleis den pedagogiske verksemda var lagt opp, og kva resultat ein oppnådde. Her tok ein utgangspunkt i opplevings- og rollespeldagar om hendingar i seinmellomalderen, der målet var å gjera ei tidsreise til ein historisk epoke og gjera seg kjende med tidstypiske kvardagsaktivitetar.²⁹ Gjennom desse prosjekta prøvde ein å få innsikt i komplekse læreprosessar hos barn, og ikkje minst å utvikla forståing for korleis kulturtilbodet i nærmiljøet kan integrerast i verksemda ved skulen. Ein var også oppteken av å møta barn og unge på deira eigne vilkår. Barna skulle vera medskaparar i dei historiske hendingane, og ved bruk av klede og utstyr skulle det skapast ei oppleving av *autensitet*.³⁰ Diskusjonen har gått på om ein gjennom musea skal gje barna virtuelle opplevingar av realitetane ('virtual reality') eller leggja vekt på 'real reality'. I Kalmar la ein vekt på det siste, nettopp ved eigen aktivitet, oppleving og innleving. Samstundes er ein merksam på spenninga mellom det historisk korrekte, det som scenisk let seg gjennomføra og det som appellerer til publikum. Ved å oppleve historia vert barna medvitne om forholdet mellom fortid, notid og framtid. Dei ansvarlege for opplegget er likevel medvitne om dilemmaet mellom det "... att diskutera livsfrågor eller att förmedla någorlunda korrekt historia."³¹ Her må ein gjera kompromiss. Det same gjeld forholdet mellom det lokale, det nasjonale og det internasjonale. Det vart lagt vekt på å forankra hendingane til ein lokal plass og eit lokalt 'rom', for å skapa nærleik.

Kva erfaringar gjorde ein så? For det første ser klede og utstyr ut til å vera viktig for å skapa ei oppleving av tidsautensitet, sjølv om det ikkje er nokon garanti. Vel så viktig synest det å delta i tidstypiske seremoniar eller handlingar. Men her opplevde ein stadig kontrastane og påminningane om deira eiga tid, t.d. ved flydur. Ein såg også at det var viktig at barna levde seg inn i samspel og motspel mellom ulike aktørar, og at dei fekk ei viss oppleving av språket. Dette gjorde at det ikkje utan vidare var lett å knyta til barnas 'livsfrågor'. Ved å leggja vekt på å delta i handlingar, var det ikkje lett å få til refleksjonar i høve til eiga tid. Forholdet mellom det å spela skodespel og det å relatera opplevingane til eiga samtid kunne vera vanskeleg. Det vart også framheva at skulen si rolle i førebuinga og etterarbeidet var svært avgjerande, men det var eit dilemma at skulen og museet hadde noko ulike føremål med opplegget. Skulen vert hevda å ha ei essensialistisk oppfatning, med vekt på at det var eit

²⁹ Jfr. Upplevelsesdagen vid Kronobäcks kloster 1490 og Rollspelsdagen – Södra bruket i Degerhamn 1899.

³⁰ Aronsson m.fl. 2000.

³¹ Aronsson m.fl. 2000:55.

bestemt innhald som skulle formidlast, medan museet hadde eit progressivt utgangspunkt, der ein la stor vekt på å koma elevane i møte, med deira interesser og spørsmål. Forskarane meinte at skulen i liten grad engasjerte seg i at det kunne finnast alternative historiefremstillingar.

Denne undersøkinga viser at metaforar som 'møte' og 'reise' kan vera fruktbare for å forstå fortidsopplevinga. Samstundes illustrerer undersøkinga frå Kalmar at omgrepet autensitet er komplisert. På den eine sida avviser ein det virtuelle, av di ein meiner det realistiske er viktig, i form av å vera på staden og å ha tidsriktig utstyr. Men samstundes har dette sine grenser, og her skal innlevinga og opplevinga erstatta, eller byggja bru over grensene. Her synest nettopp det kjenslemessige og eksistensielle å stå sentralt. Dette perspektivet meiner eg høyrer med i undersøkinga mi om korleis dagens barn opplever vår tids konstruksjonar av vikingtida.

3.3.5 "Fortiden som opplevelsesarena"

Problemstillingar omkring autensitet tek også Hege Skotheim opp i hovudfagsoppgåva *Fortiden som opplevelsesarena*.³² Ho drøftar aktivitetstilboda ved musea, og spør korleis ein kan nå fram til publikum i samtida. Ho har intervjuet i alt 25 informantar i alderen 5 – 86 år, knytt til deira besøk på *Jernaldergarden* og *Hermetikkmuseet i Stavanger*. Det står lite spesifikt om barn på mellomtrinnet i rapporten, men ein del vurderingar om vårt møte med fortida som eg finn relevante også i prosjektet mitt. Skotheim spør kva som kan liggja i omgrepet '*den autentiske fortidsopplevelsen*'. Det er tale om ei oppleving av originalitet, Her og No, og ei kjensle av "...sam-tidighet og sam-romlighet". Det visuelle og taktile er sentralt. Dette fortidsbiletet kan vera sett saman på ein ny måte, men likevel kan det gje oss ei kjensle av autentisk fortid. Sjølv om musea må ta omsyn til ei rekkje praktiske avgrensingar, slik at det blir ein kopi eller rekonstruksjon, heller enn ein original, synest ikkje dette utan vidare å svekka opplevinga av autensitet. Her kjem nettopp opplevingsdimensjonen inn, og han synest å vera både eit mål og eit middel. Gjenstandar har ei slags fortrylling i seg, som gjev publikum ei oppleving av fortida, og kan dermed gje utbytte.

Selv om man lærer at husene ikke er originale, og den fremstillingen som blir presentert ikke er et nøyaktig bilde av slik det "virkelig" var, er det ikke dermed sagt at man som publikum ikke får utbytte av museumsbesøket.³³

³² Skotheim 1999. Hovudfagsoppgåve i etnologi, UIB.

³³ Skotheim 1999:74.

Det autentiske synest dermed vera knytt til det som blir oppfatta som subjektivt rett for den einskilde. Publikum viser evne til å bruka gjenstandane som om dei var ekte. Om det er kopiar, synest ikkje å bety noko. Avstanden mellom det reelle og det virtuelle er her etter mi vurdering nokså kort. Men situeringa, den konkrete tilknytninga til tid og stad, er sentral.

Konklusjonen til Skotheim er at begge dei to musea ho undersøkte, har vist evne til å endra seg etter påverknad frå samfunnstrendar, særleg postmoderniteten. Kjenneteikn på dette er ei endring frå dei nasjonale og store forteljningane til større vekt på det lokale, det folkelege og det individuelle.³⁴ Det anti-elitistiske vert understreka, med vekt på kvardagsliv. Vidare viser ho til at dei symbolske hierarkia vert rivne ned, og at grensene vert oppløyste mellom ulike kulturelle former eller sektorar. Her meiner eg det kan vera tilknytning til symboltenkinga til Cassirer. Me finn, i følgje Skotheim, ei auka interesse for det ordinære, men også for det spektakulære, det ekstatiske og det spesielle. Dette får konsekvensar for musea med omsyn til innhald og form, med vekt på diskontinuitet, dekonstruksjon og ny rekonstruksjon. Publikum må møtast på nye måtar. Dei er konsumentar som må tilfredsstillast i jakta på 'fornøyerse'. Samstundes skjer det ei endring ved at publikum får koma 'backstage', dvs. dei får avsløra kva som skjer bak kulissene. Dei får delta i kommunikasjon og utvikling, og dei får ei meir leikande tilnærming til museet, er konklusjonen. Det har skjedd ei endring frå diskursiv til figurativ form for kulturell manifestasjon, med vekt på visuelle bilete, saman med førstehandserfaringar, helst kroppslege. Samstundes trekkjer Skotheim inn faren som ligg i det å levandegjera historia, nemleg å gjera det heile til "... en festlig opplevelse".³⁵ Ho konkluderer med at autensitet og aura heng saman. Det handlar om utstråling, oppleving og betydning. Det må vera rom for parallelle prosessar, der leik og aktivitet står sentralt, men også utfordringar til refleksjon for "... den distanserte betrakteren".

Denne undersøkinga utfordrar til å spørja i kva grad postmoderne impulsar også pregar barna sitt møte med vikingtida. Korleis er forholdet mellom ei leikande tilnærming og refleksjon? Har me alt oppheva grensa mellom det virtuelle og det reelle, med alle våre kopiar og rekonstruksjonar? Eller er staden eller lokaliseringa enno eit berande element? Er t.d. tilknytninga til Moster avgjerande for korleis barna forstår kulturskiftet?

Vidare meiner eg undersøkinga til Skotheim set fokus på i kva grad det figurative overtek i forhold til det diskursive. Spørsmålet er om me må halda fast på det refleksive. Og skjer dette berre i form av ord, eller kan barn også vera refleksive gjennom teikningar, dikt, fantasireiser og rollespel? I følgje Cassirer kan refleksjon uttrykkjast på ulike måtar.

³⁴ Skotheim 1999:87.

³⁵ Skotheim 1999:106.

3.3.6 Oppsummering

Som me ser av dei presenterte forskingsarbeida, har det skjedd ei aukande interesse for korleis me utviklar historiemedvit. Ein har prøvd å finna konstituerande element i dette historiemedvitet, og her synest omgrepa tid og rom å vera sentrale. Av relevans for arbeidet mitt finn eg spørsmålet om korleis barna oppfattar omgrep som Her og No, fortid og framtid, og korleis forholdet er mellom det kognitive og emosjonelle. Dette er også sentralt hos Cassirer.

Nettopp gjennom opplevingsdimensjonen ser det ut til at ein maktar å få kontakt med publikum. Postmoderne teori har inspirert utviklinga innan museumspedagogikken. Til tider synest likevel opplevinga og den leikande tilnærminga å skje på bekostning av refleksjon. Kanskje er det slik at sentrale element fell bort i eit undervisningsopplegg, slik t.d. det religiøse og det estetiske gjorde i eitt av prosjekta Danbolt og Enerstvedt kommenterte? Eller er det slik at me opererer med ei gammaldags forståing, t.d. av religion og myte, slik at me ikkje fangar opp at dette er tema barn eigenleg er opptekne av? Denne avstanden mellom livsverda til forskaren og barna er såleis viktig å vera merksam på.

Undersøkingar om barns historiemedvit syner at barna på mellomtrinnet har ei viss evne til å oppfatta epokar ut frå eit lineært skjema. Dei syner også engasjement og aktiv deltaking. Samstundes ser det ut til at dei har ei viss evne til å skildra det kvalitative i tida, sjølv om dei til tider kan mangla eit utførleg, analytisk språk. Barna sitt tidsomgrep rommar også erfaringar av atmosfære og autensitet. Men omgrepet autensitet er komplekst. Det er usemje om ein skal vektleggja den objektive eller den subjektive polen. Cassirer valde eit både – og. Autensitet i fortidsopplevinga kan romma element av 'fakta' og 'ekthet', men postmodernismen har gjort dette til eit meir flyktig omgrep, knytt til subjektiv oppleving. Det ser ut til å vera meir opning også for det virtuelle, men samstundes held musea litt att, og vektlegg gjenstand og stad. Lokalisering synest dermed viktig. Den eksistensielle dimensjonen og det kroppsleg opplevde står i fokus. Eg undrast om dette også pregar undervisningsopplegget i studien min.

Rapporten frå Kalmar peikar på den ulike oppfatninga lærarar og museumspedagogar har når det gjeld forholdet mellom det essensielle og det funksjonelle. Lærarane vert framstelte som konservative, med deira vekt på innhald og fakta, medan museumspedagogane vert framstelte som meir progressive og prega av postmodernisme. Det er dermed kanskje ikkje så underleg at Skotheim meiner å finna at musea i Stavanger har endra seg i

postmodernistisk lei, av di opplegga ved musea er laga på eigne premissar. Poenget til Danbolt og Enerstvedt er ikkje at lærarane er konservative i tilnærminga si, men at dei manglar viktige faglege kvalifikasjonar. Desse forskarane legg stor vekt på rolla til dei faglege ekspertane, men understrekar at dei må ha pedagogiske kvalifikasjonar i tillegg. Spørsmålet mitt vert dermed i kva grad t.d. skodespelarar har særlege føresetnader framfor lærarar for å nå fram til barna. Er dei med på å opna vikingverda for barna på ein autentisk måte? Eller er det slik at det skodespeltekniske kanskje vert ein barriere for barn si oppleving av det autentiske? Konsentrerer barna seg først og fremst om innhaldet, eller vert forma det sentrale?

Fleire av rapportane understrekar kor viktig eigenaktivitet synest å vera for utbyttet. Dette å vera medskapar og nyskapar er også sentralt hos Cassirer. I kva grad har skaping og frigjering vore med på å prega undervisningsopplegget i undersøkinga mi? Betyr det å vera tilskodar ved Mostraspelet at barna vert passive deltakarar, eller finn me døme på medskaping og engasjement?

Forskarane eg har vist til, ser ut til å vera samde om at lokaliseringa til ein historisk stad er viktig for fortidsopplevinga. I tillegg ser me at også gruppeaktivitetar vert trekte inn; mest for å styrkja fellesskapsopplevinga. Fleire rapportar får fram at det er vanskeleg å vita kva barna opplever som relevant, og på dette dilemmaet er det få svar. Blir relevans målt i høve til kva som er kjekt eller nyttig, lærerikt eller engasjerande? Eg er samd med Danbolt og Enerstvedt når dei seier at det som opplevest kjekt, kan vera verdfullt i seg sjølv. Vidare må det liggja ei viss tvitydigheit om opplevingane også skal visa seg å bli ein verdfull skatt seinare. Men framtidsperspektivet ser ut vil å vera lite framme i ein del av rapportane. Undersøkinga til Brunstad viser at mange unge har ei optimistisk tru på utviklinga, men denne optimismen er knytt til det nære og kjende. Også Poulsen understrekar framtidsdimensjonen som viktig, og synest mindre oppteken av fortidsdimensjonen. Framtidsdimensjonen er som nemnt viktig i historieforståinga til Cassirer, men då med vekt på frigjering heller enn utviklingsoptimisme. Her meiner eg analysen hans av det risikofylte og tvitydige i utviklinga er aktuell. Eg vil likevel tru at barna på mellomtrinnet kan ha vanskar med å trekkja inn framtidsperspektivet i relasjon til vikingtida.

3.4 Eit estetisk perspektiv

Eg har tidlegare nemnt at det er lite å finna eksplisitt om Cassirers syn på estetikk, men at dette perspektivet pregar tenkinga hans. Som nemnt skal den estetiske dimensjonen leggjast

vekt på i skulen, i følgje L 97. Sidan dette er eit element som skal gjennomsyra all verksemda, kan me kanskje spørja om me her finn att det same grunnsynet som hos Cassirer?

Sidan estetikk er eit svært omfattande felt, er det umogleg å fanga dette inn i *ei* empirisk undersøking. Som nemnt omhandlar det estetiske forholdet mellom form og innhald, kjensler og refleksjon, inntrykk og uttrykk, og om forholdet mellom kunstnar og publikum, særleg med tanke på skaping og medskaping. Det handlar om å oppdaga røyndommen, men denne røyndommen kan vera tvetydig og mangfaldig.

Innan det estetiske perspektivet har eg prøvd å finna fram til relevant norsk forskning omkring barn og biletskaping og barn og drama, knytt til historiske spel. Det har vore ei vanskeleg oppgåve, og heng kanskje saman med at min eigen faglege bakgrunn på feltet er avgrensa. Eg har difor valt å presentera to modellar eg vil nytta i analysen av datamaterialet når det gjeld barn og biletskaping og barn og drama.

3.4.1 Barn og biletskaping

Studiet av barneteikningar har vore rekna som ein viktig innfallsport inn til erkjenningsverda til barna. Teorien til Lowenfeldt og Lambert Brittain om barns kreative utvikling er svært kjend. Desse forskarane hevdar at teikneutviklinga til barn gjennomgår visse stadium eller nivå som er biologisk bestemte og dermed kan forutseiast. Denne utviklinga ser dei på som universell. Det er også samanheng mellom teikneutviklinga og barns utvikling på andre felt. Samstundes kan det finnast individuelle avvik.³⁶ Me kjenner att denne stadietenkinga med basis i Piaget, både frå studiar av barn og religion og barn og historiemedvit. Og me kjenner også att moment i kritikken av ei slik tenking, nemleg at teoriane i for liten grad tek omsyn til endringar i samfunnskonteksten.

Sjølv om ein kan ha noko ulik vekt på desse elementa, synest det vera semje om at barneteikningar kan vera ei viktig kjelde til barna si livsverd. Evenshaug og Hallen formulerer det slik:

Ofte kan barnetegninger med religiøse motiver røpe dypere forståelse også av de religiøse fenomenene enn de verbale utsagn umiddelbart kan gi inntrykk av.³⁷

Evenshaug og Hallen understrekar at barna sjølve ofte er medvitne om at dei ikkje får fram dei inste tankane i teikningane sine. Det er såleis viktig å samtala med barna undervegs i

³⁶ Gullberg 1996:10-11.

³⁷ Evenshaug og Hallen 2001:359.

prosessen. Me må vera varsame med å leggja for mykje tolking i teikninga. Dette får Claire Colomb fram i teorien sin, der ho legg mest vekt på biletspråket og utviklinga av det. Eg nyttar den utforminga Gullberg (1996) har av modellen hennar. I denne modellen legg ein vekt på å analysa innhald og form i teikninga. Kva framstiller teikninga? I kva grad er ho prega av fiksjon eller realisme, og kva form nyttar barnet når det skal gje uttrykk for dette innhaldet? Korleis nyttar ein estetiske verkemiddel for å formidla sanseintrykk, tankar og opplevingar? Her finn me ei viss utvikling når det gjeld differensiering av t.d. figurar og fargar, rom og linjer og bruk av perspektiv. Gjennom dette får barnet fram ein komposisjon, der heilskap og delar må forståast i samanheng.

Eg vil gjennomgå teikningane til barna ut frå denne modellen. Så langt råd er vil eg også trekkja inn barnas egne kommentarar undervegs og i ettertid. Eg forstår såleis teikningane både som eit supplement og som eit korrektiv til andre data, som samtale, observasjonar etc. Ut frå utviklingsteori vil eg tru at det er store skilnader i teikneutviklinga, men som kritikken har peika på, kan dette like gjerne høyra saman med ulike kulturelle erfaringar som medfødde evner eller mangel på slike. Eg vil hevda at nettopp teikningane kan tolkast som symboluttrykk. Men desse kan som kjent vera tvitydige, og det er difor viktig å vera open for ulike måtar å forstå dei på. Ikkje minst kan bruk av humor og ironi føra til at teikningane har dobbelt botn. Truleg vil barna henta inn element frå populærkulturen, frå film, tv, teikneseriar etc. Dersom det er slik at barn, som unge, har ei leikande, 'synkretistisk' tilnærming, der dei koplår saman element frå ulike verder eller symbolske former, er det viktig for meg som forskar å tolka dette på ein sakssvarande måte. Denne synkretismen var som nemnt eit kjenneteikn hos Cassirer på ei mytisk erkjenning.

3.4.2 Barn og drama

Stadietenkinga kjem også tydeleg fram i teoriar om utvikling av leik og dramakompetanse.³⁸ Me finn også her debatten om universelle trekk versus det kulturelt situerte. Det finst ulike syn på i kva grad utviklinga er prega av imitasjon og personleg skaping.

Teoriar om barn og drama har dei seinare åra hatt fokus på barnet som aktør, dvs. i kva grad barnet er skapar ('creator') og/eller regissør ('director'). Det vert understreka at barn tidleg har evne til å veksla mellom desse modi, der dei vekslar mellom å vera i og ute av fiksjonen. Til ein viss grad er dette relevant å vera merksam på også i undersøkinga mi, då elevar sjølve valde rollespel og å laga sketsjar i tilknytning til temaet om vikingtida. Barn kan

³⁸ Heggstad, Knudsen og Trageton 1994.

altså ha ulike funksjonar innan drama. Dei kan sjølv vera dramatikarar, der dei skapar teksten, historia eller manuskriptet, og dei må sjølv finna ut kva spelet skal handla om. Dette skjer ofte gjennom forhandlingar mellom barna. Men barna kan også vera skodespelarar, dvs. utforma ei rolle og spela henne. Eg vil undersøkje kva rolle dei vel, korleis dei utfører henne, kva repertoar dei har i form av uttrykk og stemmebruk etc., og om me t.d. finn skilnader mellom gutar og jenter. Som nemnt kan det vera glidande overgangar mellom det å vera i spelet, og det å gå over i regissørrolla, der ein forklarar, instruerer og bestemmer kva som vidare skal skje. Det varierer også i kva grad utviklinga av spelet/sketsjen er ei individuell eller kollektiv oppgåve. Vidare må barna ta omsyn til scenografi, bruk av utstyr og rekvisittar etc. Dei må bestemma i kva grad framføringa skal skje spontant eller planlagt. Dette er moment eg vil ha som referanseramme for dei dramatiseringane barna gjer. Hovudvekta vil liggja på barnas erfaringar og opplevingar som 'publikum', nemleg deira oppleving av Mostraspelet. Eg tek utgangspunkt i å forstå dette som eit historisk spel, og vil presentera ein modell for å få fram barnas opplevingar av det. Eg byggjer på ein analysemodell presentert av Heggstad.³⁹

For det første kan me seia at i eit tradisjonelt teaterstykk er barna ute av fiksjonen, i og med at det er profesjonelle og/eller amatørar som presenterer spelet. Men dette betyr ikkje utan vidare at barna er passive. Sjølv om dei er mottakarar, kan det skje ei indre, aktiv bearbeiding hos dei sjølve. Dei sender også signal tilbake til skodespelarane og resten av publikum med sin måte å vera på, ikkje minst gjennom kroppsspråket. Barns utbytte av eit skodespel heng saman med kunnskapane dei har om dramaturgi og spelkompetanse. Dei må kjenna til grunnelement i det dramatiske universet, som fabel, figur, tid og rom. Her kjenner me att sentrale omgrep hos Cassirer. Barna må ha ein viss kompetanse i det å forstå dei konfigurasjonane av tid, rom og hendingar me finn i det aktuelle stykket.

Når det gjeld fabelen, må dei kunna fortelja kva spelet handlar om. Kva er grunnhistoria? Korleis er den dramatiske oppbygginga av stykket? Kan dei fortelja ein handlingsgang? I kva grad finn me metaforar? Vidare må me spørja kva roller barna finn i stykket. Korleis vert desse rollene presenterte? Kva status og funksjon har den einskilde rolla, og korleis er relasjonane mellom dei ulike rollefigurane? Tidsdimensjonen er også viktig. Korleis utviklar spelet seg i forhold til tida? Følgjer det ein fortløpande tidsakse, eller gjer det sprang i tida, framover eller bakover? Skjer det ei fortetning av tida, eller ei utviding? Når det gjeld romdimensjonen, må me spørja om rommet vert omskapt frå starten og undervegs.

³⁹ I: Heggstad, Knudsen og Trageton 1994.

Korleis er scenografien? Skjer det flytting i rommet, ved bruk av nærleik eller distanse, utviding etc.?

Vidare er det naturleg å drøfta korleis ein gjennom dramatiske verkemiddel maktar å levandegjera denne fiktive verda. Dette kan skje ved bruk av spenning, kontrastar, ritual, rytme, symbol, kostyme, lys og lyd, mimikk og gestar. Korleis barna opplever spelkompetansen til skodespelarane vil også vera viktig. Gjennom bruk av forteljarform og stil får aktørane fram ei stemning, ei atmosfære, og spørsmålet er korleis barna oppfattar denne.

Ut frå det eg har sagt tidlegare, vil utbyttet til barna truleg henga saman med ulike faktorar, både av personleg, men ikkje minst av kulturell art (deira 'kulturelle kapital'). Eg vil tru at førebuinga i klassen vil vera avgjerande, men erfaringar frå m.a. Danbolt og Enerstvedt skulle tyda på at denne ikkje alltid fungerer sakssvarande. Dei ser ut til å leggja vekt på rolla til fagfolka. I vårt tilfelle skulle dette tilseia at mykje avheng av kva som skjer under sjølve spelet. Augneblinksopplevinga synest dermed viktig. Eg vil likevel hevda at nettopp konteksten ei oppleving står i er sentral. Difor vil eg sjå opplevinga av Mostraspelet i relasjon til heile temaet om kulturskiftet.

3.5 Kulturbryting

Slik eg tolkar dei mange undersøkingane eg har vist til, nyttar dei eit kunnskapsomgrep som prøver å fanga inn både fakta og oppleving. Slik tolkar eg også hovudtanken i Cassirers teori om dei symbolske formene. Men denne kunnskapen blir utvikla i møte med andre, og må heile tida tolkast i lys av konteksten. Den leikande, estetiske opplevinga synest no å ha fått stor plass i kulturmøtet. Dermed kan det synast som kulturbrytinga og den refleksive diskursen til tider vert nedtona i ein del rapportar. Kulturar og tidsepokar vert noko ein uproblematisk kan vandra inn og ut av. Dette dilemmaet meiner eg Danbolt og Enerstvedt får fram i større grad enn ein del andre. Dei får også fram konfliktelementa i kulturmøtet og kulturformidlinga, slik eg tolkar det. Her trekkjer dei inn påverknaden frå media. Dei meiner at media i sterk grad fargar framstillinga til barna. Dei får også fram spesifikke skilnader mellom kjønna. Medan gutane synest vera prega av action, legg jentene større vekt på det harmoniske. Danbolt og Enerstvedt går i liten grad inn på ei drøfting av i kva som er kulturelt betinga, og kva som er innlærte kodar og skilnader.

Også forskinga om barn og historiemedvit understrekar at den kulturelle konteksten til barna er viktig, men det kjem ikkje alltid fram korleis kulturopplevinga og kulturforståinga

materialiserer seg i førestellingane til barna. Religionsstudiane viser oss at barn og unge kan ha ei synkretistisk tilnærming til religion og livstolking. Dei hentar element frå ulike syn og retningar. Spørsmålet mitt er om dei likevel maktar å gje ei heilskapleg framstilling av det dei oppfattar som den norrøne trua, og korleis møtet med kristendommen arta seg. Sjølv om forskarar vil kunna hevda at mange vikingar ikkje hadde ei heilskapleg livstolking, vil læreverka truleg leggja vekt på at det finst visse hovudtrekk, og at ei viss samanlikning av fellestrekk og skilnader skal kunna vera mogleg. Den evna barn på mellomtrinnet har til slike samanstillingar, vil kunna variera mykje, i følgje den forskinga eg har presentert. Men truleg vil me kunna danna oss eit bilete om dei førestellingane barna har om kvardagsliv, heltar, gudar og makter gjennom forteljingane deira.

Medan Cassirer opererte med eit universalistisk prega kulturomgrep, der det rett nok kan vera sterke indre spenningar, er påverknaden frå postmoderne teori tydeleg i ein del av forskinga eg har referert til. Sjølv om Danbolt og Enerstvedt talar om barne- og vaksenkultur som nokså skilde storleikar, har dei likevel ein optimistisk grunntone om at vaksne og barn kan møtast på ein fruktbar måte. Dei vaksne må engasjera seg meir i å forstå barna på barnas eigne premissar. Her er kjennskap til barnekulturen viktig. Danbolt og Enerstvedt prøver å kombinera danningkulturen med den antropologiske kulturen i form av ei fruktbar spenning.⁴⁰

Museumspedagogikken, og delvis historiedidaktikken, tek i større grad opp impulsar frå postmoderne teori, med vekt på dekonstruksjon av den etablerte kulturforståinga. Kvardagslivet og dei små forteljingane er komne i fokus i langt større grad, og heltane er detroniserte. Dilemmaet er dermed i kva grad det er meningsfylt å snakka om kulturbryting. Dersom alle kulturelle uttrykk er like 'sanne', kva verdi har då meningsbryting og diskurs? Det kan tyda på at nettopp diskursen har fått mindre plass i fortidsopplevinga ved musea, slik m.a. Skotheim nemner. Spørsmålet er om skulen ved å nytta drama og historiske spel nettopp kan ivareta kulturbrytingsdimensjonen. Det kan synast som om det i vår tid, ved framstilling av kulturskiftet i vikingtida, er lagt større vekt på historie i estetisert i form, med vekt på det figurative og leikande, enn på det mytisk-religiøse. Spørsmålet er om det har skjedd ei frikopling, eller om ein maktar å få fram både det deskriptive og det normative perspektivet nettopp gjennom eit historisk spel, der det mytisk-religiøse, det historiske og det estetiske er knytte saman på ein fruktbar måte. Difor vil eg nytta barns møte med Mostraspelet som ein nøkkel. Men for å forstå barnas møte med dette spelet, må me setja det inn i ein større

⁴⁰ Danbolt og Enerstvedt 1995:17.

Presentasjon av empiriske undersøkingar

samanheng, nemleg temaet om kulturskiftet i vikingtida. Dette vil eg presentera i undersøkingsdelen. Men først drøftar eg forskingsmetode i lys av Cassirers filosofi og den pedagogiske situasjonen.

Del II METODE

Kapittel 4

Metode

When we think we have found a *method*
to catch the truth,
have we lost the truth?
(Gadamer)

4.1 Kriterium for val av metode

Val av metode er avhengig av problemstillingar og føremålet med undersøkinga.¹ Eg nyttar følgjande kriterium ved val av forskingsmetodisk tilnærming: Metoden/tilnærminga må innehalda arbeidsreiskapar til å henta inn materiale om og gje hjelp til analyse av spørsmål som gjeld barn og kulturmøte. Det er viktig å få fram barnas skildringar av førestellingar, intensjonar og opplevingar i dette kulturmøtet. Det er såleis tale om ei 'tilnærming' heller enn ein avgrensa metode. I undersøkinga mi betyr dette at metoden må vera fruktbar når det gjeld å få fram *barneperspektivet*. Men for å forstå barneperspektivet må eg også ha med *vaksenperspektivet*. Dette er konteksten for opplevingane til barna, og blir såleis eit 'bakteppe' for tolking av barneperspektivet. Metoden må difor også gje hjelp til å skildra og tolka intensjonane til lærarane og sentrale aktørar med tilknytning til Mostraspelet når det gjeld barnas møte med kulturskiftet.

Siktemålet mitt er å studera temaet i ein konkret lokal kontekst. Dermed synest ein kasusstudie med ei *kvalitativ tilnærming* vera mest relevant.² Bruk av *intervju*, *observasjon* og andre *dokument*, som undervisningsopplegg, teikningar, dramatiseringar og skriftlege arbeid av ulike slag er dermed aktuelle. Sidan bruk av kasusstudie reiser mange vitskapsteoretiske og metodiske spørsmål, vil eg også vurdera generalisering av undersøkinga.

¹ Holme og Solvang 1996:14.

² Eg byggjer forståinga mi av ei kvalitativ tilnærming på Halvorsen 1987; Bogdan og Biklen 1992; Silverman 1995, 1997; Gilje og Grimen 1993, 1996; Hammersley og Atkinson 1996; Holter og Kalleberg (red.) 1996; Holme og Solvang 1996; Kvale 1996.

4.2 Eigen ståstad

Grunnsynet mitt samsvarar i stor grad med *ei hermeneutisk tilnærming* som basis for kvalitativ forskning, med kulturomgrepet som orienteringspunkt, der tolking av meining, intensjonar, meiningsforhandling og meiningsdanning er hovudomgrep.³ Men *fenomenologien* si understreking av livsverda ut frå aktørperspektivet er også eit viktig ideal.⁴ Eg legg stor vekt på å få fram *barneperspektivet*. Dette meiner eg er fundamentalt for at tolkingane mine skal vera truverdige. Eg vil også henta korrektiv frå *ei kritisk tilnærming* i spørsmålet om maktrelasjonar, både i høvet mellom forskaren, barna og lærarane, men også i den konteksten som undervisninga i grunnskulen utgjer.⁵

4.2.1 Barneperspektivet

Med eit fenomenologisk utgangspunkt er poenget å få fram ei sak, eller skildra ein situasjon, ut frå *deltakarperspektivet* (aktørperspektivet). Når det gjeld undersøkingar i høve til barn, kan me, slik Tiller gjer det, spissformulera følgjande: ”Det er bare barna selv som kan fortelle oss hva vi skal vite.”⁶, eller det er ”... bare barna selv som vet hvordan de har det.”⁷ Det sentrale må ut frå denne tenkinga vera å sjå verda med (gjennom) barns augo. Løkken og Søbstad (1995:17) viser til at ordet *barneperspektiv* er ein vaksenkonstruksjon. Barna sjølv kan ikkje gripa eit slikt barneperspektiv, dei er sjølve i det.⁸ Likevel er det nyttig, som Tiller legg vekt på, å sjå på *barna som sakkunnige informantar* om korleis dei har det og kva som er oppfatninga deira. Poenget er at barna har innsikt i eigen situasjon, og at me ser på dei som likeverdige partar, sjølv om forholdet er asymmetrisk i den forstand at både forskaren og læraren er eldre og har meir erfaring. Slik eg forstår uttrykket ’barneperspektivet’, handlar det om haldningar og menneskesyn hos forskaren. Dette har viktige etiske implikasjonar. Å leggja vekt på barneperspektivet betyr:

- Å ha ein grunnleggjande respekt for barnet som eit sjølvstendig menneske.
- Å ta omsyn til modningstrinnet barnet er på, både gjennom språkbruk og dei rammer ein har for samtale/intervju/observasjon. Ein må unngå press og manipulering.
- Å ta omsyn til foreldreretten. Foreldra må gje løyve i høve til observasjon og intervju.
- At barnet får bestemta om det vil delta eller ikkje, t.d. i samtale/intervju, eller med teikningar og forteljingar.

³ Kvale 1996:46-52.

⁴ Kvale 1996:52-55.

⁵ Kvale 1996:55-57.

⁶ Tiller 1988:39, ref. frå: Løkken og Søbstad 1995:13.

⁷ Tiller 1991:73, ref. frå: Løkken og Søbstad 1995:16.

⁸ Kjørholt 1991:67-69, ref. frå: Løkken og Søbstad 1995:17.

- Å ikkje trekkja slutningar på for tynt grunnlag.⁹

Eit sentralt spørsmål er om forskaren kan skildra barneperspektivet på ein objektiv måte. Ut frå mi forståing vil eigen ståstad og erfaringsbakgrunn vera eit filter eg tolkar og analyserer ut frå. Poenget er å gjera dette eksplisitt i størst mogleg grad. Eg må vera sensitiv for barnas formuleringar og handlingar. For å få fram barneperspektivet vil eg nytta følgjande metodar: Observasjon i klassar og grupper og intervju, både med einskildelevar og med elevgrupper. Dette vil eg supplera med teikningar, dramatiseringar og skriftlege arbeid.

4.3 Presentasjon av forskingsdesign

Med *forskingsdesign* meiner eg ei konkret utforming av forskingsprosessen med basis i den vitskapsteoretiske ståstaden eg har presentert. Som modell nyttar eg *forskingsstrategien til Robert Yin*, supplert med kritiske impulsar frå *Grounded Theory*.¹⁰ Yin definerer forskingsdesign som 'logikken' som bind datainnsamlinga til problemstillinga.¹¹ Slik eg ser det, er det likevel ingen enkel veg frå ide til sluttprodukt når det gjeld undersøkinga mi. Det er ikkje slik at eg opererte med ein ferdig modell før eg starta arbeidet, og som eg følgde punkt for punkt. Det er vel heller rett å seia at forskingsdesignet vert presentert i ettertankens lys, sjølv om eg hadde teoretisk kjennskap til modellane tidleg i prosessen. Begge modellane er relevante dersom ein ønskjer å nytta kasusstudiar, og begge modellane tek stilling til spørsmålet om relevans og generalisering, Yin gjennom omgrepet 'analytisk generalisering', og Glaser og Strauss med 'substansielle' og 'formale' teoriar.

4.3.1 Forskingsstrategien til Yin

Robert K. Yin vert kreditert for å ha rehabilitert kasusstudiar.¹² For han er generalisering eit sentralt mål. Dette bryt med mange andre si oppfatning av slike studiar. Yin definerer ein kasusstudie ('case study') som ei empirisk undersøking som utforskar eit fenomen i samtida innan ein realistisk, eller livsnær, ('real-life') kontekst, der grensene og sambandslinene mellom fenomenet og konteksten ikkje er så tydelege. I ein slik samanheng er det mange faktorar eller variablar, og det er mange kjelder, som gjer metodetriangulering mogleg.¹³ Ein kan gjera seg nytte av tidlegare utvikla teoretiske posisjonar for å samla data og analysera

⁹ Løkken og Søbstad 1995:18-19.

¹⁰ I denne samanheng kallar eg dette modellar, sjølv om det kanskje heller er rettare å seia strategiar.

¹¹ Yin 1994:19.

¹² Andersen 1997:14; Stake 1995.

¹³ Yin 1994:13.

desse. Ut frå dette nyttar han omgrepet 'analytisk generalisering' dvs. at ein kan samanlikna resultata med teoretiske antakingar eller posisjonar. I forskingsdesignet hans er det fem komponentar, nemleg 1) problemstillinga, eller forskingsspørsmålet, 2) teoretiske antakingar, 3) analyseiningar, 4) den logiske samanhengen mellom data og antakingane og 5) kriterium for å tolka funna.¹⁴

Yin legg stor vekt på den rolla teorien har i arbeidet med forskingsdesign. Dette meiner han skil seg frå t.d. *Grounded Theory* (Glaser og Strauss). Yin tek avstand frå det å starta med datainnsamling før ein har utvikla ein viss preliminær teori. Han meiner at det å finna relevante feltkontaktar er avhengig av ei viss teoretisk forståing av det ein vil studera. Han legg stor vekt på bruk av forskingsprotokoll, der ein gjer greie for utviklinga innan prosjektet, og det å dokumentera stega fram mot konklusjonar. Eg kjem attende til Yins syn på generalisering.

4.3.2 Impulsar frå 'Grounded Theory'

Grounded Theory, eller 'erfaringsbasert teori' som det også vert kalla på norsk, vart grunnlagt i 1960-åra av Glaser og Strauss.¹⁵ Hovudpoenget deira er at teori må utviklast frå data. Kritikken deira var at forskarar ofte deduserte teoriane frå andre teoriar, heller enn å basera dei på empiriske data på ein systematisk måte. Dei hevda at mange 'tvinga' teori på data, sjølv om det kanskje ikkje fanst grunnlag for dette. Målet deira var å utvikla ny teori, ikkje å verifisera eksisterande. Dei var sterkt kritiske til at føreåttforståing hos forskaren skulle prega arbeidet i for stor grad. Poenget er å samla inn data ut frå ei open haldning. Ut frå data vil det så utvikla seg omgrep og kategoriar. Vidare kan ein utvikla hypotesar og generalisera samanhengar mellom kategoriane og eigenskapane deira. Generalisering er såleis ein open prosess, heller enn eit ferdig produkt. Glaser og Strauss skil mellom 'formelle teoriar', som er meir generelle, og 'substansielle teoriar', som er knytte til konkrete eller spesifikke område. Etter kvart kan desse siste utviklast til formelle teoriar. Det vil sikra relevansen av teorien. Det er likevel ikkje ein totalt open prosess, for 'Grounded Theory' har visse rammer og omgrep, som 'theoretical sampling', 'theoretical saturation', 'theoretical sensitivity' etc. Teori har såleis plass lenger ute i forskingsprosessen. Gjennom 'memos' skal ein reflektera undervegs. Det er såleis viktig å dokumentera dei ulike stega.

Eg skal ikkje gå inn på striden som seinare oppstod mellom Glaser og Strauss om forståinga av teorien. Strauss fortsette då i eit samarbeid med Corbin. Slik eg tolkar det, legg

¹⁴ Yin 1994:20.

¹⁵ Glaser og Strauss 1967; Glaser 1978, 1992; Strauss og Corbin 1997.

dei sistnemnde større vekt på den teoretiske føreåtførståinga til forskaren. Dermed nærmar dei seg synet til Yin, slik eg forstår det. Den vekta 'Grounded Theory' legg på det å utvikla teori med basis i data, meiner eg er svært viktig. Me ser her tilknytninga til fenomenologien. Eg har difor hatt idealet om nærleik til data som kritisk korrektiv under heile forskingsprosessen.

4.3.3 Oppsummering

Både Yin og Glaser og Strauss er opptekne av at forskning handlar om ein systematisk prosess. Yin legg vekt på planlegging og ein fastlagd struktur undervegs. Her har 'Grounded Theory' ei opnare og meir fleksibel tilnærming, men begge modellane legg stor vekt på dokumentasjon. Begge retningar har til felles at dei meiner kasus-studiar gjer det mogleg å knyta saman data og teori på ein systematisk måte. På den eine sida er det viktig med kritikken frå 'Grounded Theory' om ikkje å vera styrt av etablerte teoriar. Denne teorien får også fram aktørperspektivet. På den andre sida meiner eg denne retninga til tider har ei noko naiv tru på at teori utviklar seg frå data. Her finn eg det nyttig med understrekinga til Yin om at det er fruktbart med visse 'antakingar' på førehand, utan at dette skal forståast innan eit tradisjonelt positivistisk paradigme. I alle høve er det viktig å vera medviten om at føreåtførståinga kan prega det ein vel å konsentrera seg om. Ved å nytta desse to modellane meiner eg å kunna ta vare på impulsane både frå hermeneutikken og fenomenologien.

4.4 Generalisering av resultat frå ein kasusstudie

Kasus-studiar kan ha ulike føremål. Dei kan leggja vekt på det induktive, eller dei kan vera lagde opp for å testa hypotesar.¹⁶ 'Grounded Theory' representerer ein induktiv posisjon, medan Yin representerer ein hypotetisk-deduktiv posisjon.

I prosjektet mitt vel eg ei tilnærming der eg har visse teoretiske 'antakingar', men der eg prøver i minst mogleg grad å vera styrt av desse. Eg vil kalla det ei veksling mellom det induktive og det deduktive, med stor vekt på det induktive, sidan eg tek utgangspunkt i ein skulekvardag, som eg prøver å finna mønster i. Dei teoretiske 'antakingane' gjev meg hjelp til å leita. Det skjer såleis ein viss utvalsprosess.

Men i kva grad er det så relevant å tala om generalisering av dei eventuelle 'mønster' eller 'resultat' eg måtte finna? Som nemnt var Cassirer oppteken av det universelle mennesket. I tråd med dette kunne me tenkja oss at ein kasus-studie blant norske barn gav

¹⁶ Andersen 1997:35.

kunnskap om alle barn i tilsvarende alder. Me kunne kanskje gå så langt som til å spørja: Kva allmennmenneskelege kunnskapar kan denne studien gje?

Å stilla slike spørsmål kan synast forkasteleg, eller i alle høve lite forskingsmessig korrekt, i vår tid. Det finst ingen felles, universelle kriterium for kva som er (god) vitskap og kva som er (god) generalisering. Innan kvalitativ forskning har ein del meint at spørsmålet om generalisering ikkje er relevant. Innan t.d. antropologien har fokus vore på det unike i situasjonen.¹⁷ Andre har meint at nettopp innan kvalitativ forskning har generalisering vore nøkkelspørsmålet. Det synest dermed også innan kvalitativ forskning å eksistera ulike, eller motsette paradigme. Dette kan hengja saman med at ein har hatt ulike mål for studiane.

Cassirer synest å ha ei optimistisk tru på at me som menneske har evne til å forstå andre menneske. Men samstundes er han oppteken av at symbola endrar seg. Dette betyr at me ikkje utan vidare kan overføra innsikt og kunnskapar over til andre situasjonar.

Nettopp postmodernismen har understreka ein grunnleggjande skepsis til generalisering. Cassirer var også merksam på denne pluraliteten. Men han hadde ei grunnleggjande oppfatning av 'motsetningenes harmoni', som kanskje kan bety at det generelle og universelle er det overordna. Ut frå eit slikt grunnsyn vil ein vera open for stor grad av generalisering. Men som nemnt har både Yin og 'Grounded Theory' reservasjonar i høve til slike 'store forteljingar'. Det kan såleis vera grunn til ei nøktern og kritisk haldning.

I følgje 'Grounded Theory' kan ein tala om generalisering til formelle og substansielle teoriar dersom ein har følgd deira metode. Generalisering er såleis ein del av modellen. Gjennom å vera teoretisk sensitiv og å utvikla 'theoretical coding', kan ein byggja opp teori som viser generelle samanhengar. Glaser og Strauss avviser 'grand theories', men hevdar at ein kan tala om avgrensa teoriar nettopp med basis i data frå det verkelege livet. Målet er ikkje å samanlikna med andre teoriar, men med det som har utvikla seg innan det spesifikke undersøkingsfeltet. Dei er såleis reserverte dersom dei formelle teoriane vert nytta 'any way'. 'Grounded Theory' har gitt stor inspirasjon til forskning på felt innan helse- og undervisningssektoren, kanskje nettopp på grunn av tilknytninga til praksisfeltet, eller det erfaringsbaserte. Mange vil seia at metoden eignar seg til å utvikla ny teori. Spørsmålet er om andre forskningstradisjonar vil akseptera påstanden om generalisering. Her viser usemja seg. Løysinga til Yin er å tala om *analytisk generalisering*.¹⁸ Dette omgrepet vert nytta i motsetnad til *statistisk generalisering*. Han avviser bruk av statistisk generalisering som metode for å generalisera resultata frå ein kasus-studie, og tek utgangspunkt i eksisterande teoretiske

¹⁷ Mæland 1998:5.

¹⁸ Yin 1994:30-32.

posisjonar eller 'antakingar' ('theoretical propositions'), som han vurderer resultatata i lys av. Me ser her likevel ein klar parallell til ei tradisjonell kvantitativ tilnærming. Yin nyttar omgrep som 'construct validity', 'internal validity', 'external validity' og 'reliability'. Dette inneber at han legg vekt på å etablera korrekte operasjonelle måleiningar for det ein vil studera. Vidare meiner han at ein må etablera ein samanheng mellom årsak og verknad, slik at ein kan visa til at visse omstende fører til visse verknader. Han meiner også at det må etablerast eit område der resultatata frå studien kan verta generalisert, og ein må visa at operasjonane i ei undersøking kan gjentakast, og med det same resultatet. Her er truleg målet å verta akseptert av andre forskingstradisjonar. Etter mi vurdering nyttar han nokså mange omgrep frå ei kvantitativ tilnærming. For meg er det vanskeleg å tenkja seg som krav at undersøkinga mi skulle kunna gjentakast av andre. I så måte synest 'Grounded Theory' å leggja større vekt på å utvikla eigne premisser. Retningane har såleis noko ulike strategiar og argument for generalisering. Men begge retningane synest leggja vekt på at det er relevant å ha generalisering som mål. Her er det ikkje tale om universelle sanningar, men eit meir avgrensa felt. Dei tek her eit anna standpunkt enn spissformuleringa me finn innanfor andre retningar, t.d. dei som hevdar følgjande grunnsyn: "The Only Generalization Is: There Is No Generalization".¹⁹

Andre vil leggja vekt på at det ikkje er ei oppgåve for forskarane sjølve å generalisera. Det bør derimot overlatast til *lesaren*. Stake (1995:85) meiner at me kan læra mykje som er generelt ved å lesa kasus-studiar andre har gjennomført. Menneske formar generaliseringar i samband med eigne erfaringar og intensjonar, og trekkjer konklusjonar på basis av det. Forskarens rolle er å finna nye sambandsliner og å gjera desse forståelege. Samstundes må han/ho frigjera lesaren for illusjonar og forenklingar. Stake legg vekt på eit godt råmateriale. Dette minner om omgrepet 'thick descriptions' hos Geertz.²⁰

Og kanskje ei slik løysing har noko for seg? Me har vel kanskje erfaringar av aha-opplevingar etter å ha lese undersøkingar som ikkje direkte vedkjem vårt eige fagfelt, men som me ser relevansen av også i vår eigen samanheng? Konklusjonen min er likevel at dersom ein på ein systematisk måte kan gjera greie for dei ulike stega i forskingsprosessen, vil ein også som forskar kunna trekkja nokre generelle slutningar, eller i alle høve kunna formulera nokre nye 'antakingar'. Eller som Yin formulerer det: "In analytical generalization, the investigator is striving to generalize a particular set of results to some broader theory."²¹

¹⁹ Lincoln og Guba 1985:110.

²⁰ Geertz 1993.

²¹ Yin 1994:36.

Desse generaliseringane må forståast som arbeidshypotesar for vidare forskning. Faren ved 'analytical generalization' kan vera at ein knyter for mykje til eksisterande teoriar. I så måte legg 'Grounded Theory' større vekt på nyutvikling. Dette er eit perspektiv det er viktig å ta med.

Etter ein kasus-studie i to sjetteklassar meiner eg at det må vera mogleg å utvikla innsikt som går noko vidare enn kunnskap om akkurat desse elevane. Kva konkrete slutningar eg gjer, kjem eg attende til i den avsluttande drøftinga. I det følgjande vil eg gjera greie for dei ulike ledda forskingsprosessen som kan byggja opp om at undersøkinga også kan ha ein viss relevans for andre.

4.5 Kasusstudie og datainnsamling

I det følgjande presenterer eg korleis undersøkinga mi vart lagt opp og gjennomført, med basis i dei teoretiske referansane eg har vist til.

4.5.1 Val av kjelder

Eg gjorde ein kasusstudie ved Solbakken skule skuleåret 1998-99. Målet var å studera møtet med kulturskiftet i barnas eige miljø, nemleg skulekvardagen. Eg kallar dette ein *kasus-studie*, av di eg studerte eit fenomen i ein livsnær kontekst og over ein lengre periode. Som eining for studien nyttar eg einskildelvar i ein klassekontekst. I tillegg til observasjon og intervju har eg nytta skriftlege kjelder, som teikningar og arbeidsbøker. Som bakgrunnsmateriale har eg hatt aktuelle læreverk og anna hjelpestoff. Eg har også hatt tilgjenge til teksten til Mostraspelet og undervisningsmateriale om dette, som arbeidsark, teikneseriehefte og informasjonsvideo.

4.5.2 Val av informantar

Sidan temaet om kulturskiftet i følgje L 97 vert teke opp i sjette klasse, var det naturleg å prøva å få tilgang til undervisninga på dette alderstrinnet. Vilåret var at klassen/klassane hadde undervisning av eit visst omfang om emnet, og at dei skulle delta ved Mostraspelet. Av praktiske grunnar måtte eg velja klassar i Sunnhordlandsregionen. Eg hadde først telefonkontakt med nokre skular i regionen, og to parallell-klassar ved Solbakken skule peika seg ut som aktuelle. Dei nødvendige løyve vart innhenta frå Datatilsynet, skuleleiinga i kommunen, rektor ved skulen og elevar og foreldre i klassane. I alt deltok 37 barn i to klassar. Det var nokre få elevar som ikkje ønskte å delta. Dei fleste barna var godt motiverte for å vera med i undersøkinga, og eg la stor vekt på å henta inn materiale frå alle, slik at ingen skulle

kjenna seg utanfor. Eg opplevde at alle hadde verdfullt materiale eg kunne nytta. I analysen har eg måtta avgrensa meg til djupnestudium av nokre få elevar, men eg gjev også eit visst oversiktsbilete.

Eg gjorde først ein liten forstudie på Solbakken skule i to sjetteklassar våren 1998. Denne studien er halden utanfor denne avhandlinga, av di rammene var annleis. Det var meir for å prøva ut intervjuform og opplegg. Våren 1998 vart det også avklara at eg kunne gjennomføra hovudstudien i dei to klassane som skulle starta i sjetten klasse hausten 1998. Dei starta med tur til Moster våren 1998 for å bli kjende i området. Eg følgde såleis elevane i lengre periodar fram til sommaren 1999, først med tur til Moster våren 1998, deretter intervjuperiode i september 1998, prosjektarbeid i oktober – november og intervjuperiode og observasjon i mai – juni 1999. I juni 1999 såg barna Mostraspelet, og eg gjennomførde ein intervjurunde like etterpå.

Som deltakande observatør samla eg inn materiale på ulike vis gjennom feltnotat, intervju, teikningar og andre skriftlege arbeid, dramatiseringar m.m. I tillegg deltok eg på ekskursjonar med klassane og var saman med dei og såg Mostraspelet. Eg hadde også samtalar og formelle intervju med lærarane som var involverte i undervisningsopplegget. Først og fremst var dette dei to klassestyrarane.

For å få betre kjennskap til Mostraspelet, henta eg inn stoff gjennom intervju med sentrale aktørar, som forfattar, regissørar og nokre skodespelarar. Eg var også til stades på fleire øvingar og framsyningar i den aktuelle perioden.

Informert samtykke og anonymitet

I følge gjeldande retningsliner skal skulen godkjenna undersøkingar der elevane deltek. I tillegg skal foreldra gje samtykke. For meg var det også viktig at elevane sjølve ønskte å delta. Barn på mellomtrinnet i grunnskulen er i ein aldersfase der det er viktig og naturleg at dei sjølve får vera med og avgjera om dei vil delta i prosjektet eller ikkje. Eg hadde ein munnleg presentasjon av prosjektet i klassane i skuletida og på eit foreldremøte på kveldstid. I tillegg vart det levert ut skriftleg informasjon, og foreldre/føresette måtte gje skriftleg samtykke. Slikt *informert samtykke* inneber at deltakarane skal vita om undersøkinga og føremålet med den. Det vart understreka at undersøkinga var frivillig og at ein kunne trekkja seg undervegs.²² Det vart vidare presisert at deltakarane skulle vera anonyme. Dette betyr at deltakarane har fått fiktive namn i denne avhandlinga.

²² Jfr. Kvale 1996:112ff.

4.5.3 Forskarrolla

Eg valde rolla som *deltakande observatør*. Eg gjennomførde også sjølv alle intervju med informantane, og har sjølv bearbeidd materialet i dei ulike fasane.

Innan kvalitativ forskning vert det ofte lagt vekt på at forskaren nyttar seg sjølv som instrument. Det tilseier at både faglege og personlege karaktertrekk skulle vera viktige. Hammersley og Atkinson (1996:121) hevdar at ein må ta omsyn til forskarens kjønn, alder, religiøs og kulturell tilhøyrslse. I kva grad hemmar og fremjar dette kontakt? Har ein status som framand? Kva *tilskrivne trekk* vil ein få som forskar? Er ein nybegynnar eller rutinert? Skal ein vera kompetent eller akseptabelt inkompetent, subjektiv eller objektiv, outsider eller insider? Også Yin (1994:54ff.) legg stor vekt på kompetansen til forskaren. Han meiner det er naivt å tru at forskaren er ein som ” ... kan fortelja det som det er” (mi omsetjing). Han meiner forskaren må vera ein god lyttar, flink til å stilla spørsmål, fleksibel og tilpassingsdyktig, ha grep om emnet og ikkje vera partisk. Her kjem den relasjonelle dimensjonen fram. Også Skjervheim²³ legg vekt på relasjonane i samfunnsforskinga. Forholdet mellom forskaren og dei som vert studerte, er eit subjekt-subjekt-forhold. Begge partar syner vilje og ansvar. Særleg kjem dette fram i intervjurolla, som utgjorde ein viktig del av arbeidet mitt. Dette kjem eg attende til.

Hammersley og Atkinson understrekar også ein også må få fram slit og strev i feltarbeidet, både dei fysiske og psykiske sidene. Arbeidet vil setja spor. Metning og trøytteik kan oppstå. Ein må arbeida for å behalda det kritiske, analytiske perspektivet.²⁴ Sjølv opplevde eg prosessen som intens og lærerik. Eg var til stades i det naturlege sosiale feltet, deltok gjennom samtale og var med i dei sosiale prosessane eg ville studera.²⁵ Observasjonen hadde eit eksplorerande sikte, der eg prøvde å danna meg eit bilete av handling og samhandling, kva som skjedde og kva som eventuelt ikkje skjedde. I ein slik samheng var det også viktig å avklara roller og grad av involvering.²⁶ Dette galdt truleg også for nokre av barna, for alt i det første møtet med ein av klassane var det ein som spurde meg: ”Er du kristen du?” Og kva skulle eg som forskar svara på det? Skulle eg overhøyra spørsmålet, fordi det var for personleg? Eller viss eg svara ja, var det då slik at vedkomande i alle fall ikkje ville vera interessert i vidare kontakt? Kva låg eigenleg i spørsmålet? Det veit eg ikkje, men i

²³ Skjervheim 1976, ref. frå Kalleberg, I: Kalleberg og Holter (red.) 1996:45.

²⁴ Hammersley og Atkinson 1996:140ff.

²⁵ Grønmo, i: Holter og Kalleberg (red.) 1996:77.

²⁶ Jfr. Solberg, i: Holter og Kalleberg (red.) 1996:130-132.

alle høve svara eg at eg var døypt og hadde fått opplæring i den kristne trua.²⁷ Om det var eit adekvat svar i denne samanhengen veit eg framleis ikkje.

Det var alt frå starten avklara at *lærarane* hadde ansvaret for undervisningsopplegget. Sjølv om eg hadde formulert ein del tankar om målet med prosjektet, var føresetnaden heile tida at undervisninga skulle skje på skulen sine eigne premissar. Det kan nok henda at opplegget indirekte vart prega av at eg var til stades, men hovudintrykket mitt er at undervisninga gjekk som vanleg. Det var også avklara i høve til lærarane at eg ikkje skulle ha fagleg ansvar og heller ikkje vera 'hjelpelærer'. Dette betydde ikkje at eg skulle vera passiv lyttande bak i klassen heile tida. Når det var naturleg, gjekk eg rundt i klassen og samtala med elevane, og det såg ut til at elevane fort vande seg til denne rolla. Det hende at dei spurde meg om hjelp til oppgåver dei arbeidde med, noko eg fann uproblematisk. Eg skulle heller ikkje ha ansvar i høve til disiplinære forhold, om det skulle oppstå vanskar. Berre i nokre få episodar i friminuttane greip eg inn og påtala uakseptabel åtferd som då skjedde i klasserommet. Inntrykket mitt er at elevane oppfatta meg som 'ho som forskar på Mostraspelet'.

Leiinga ved skulen la godt til rette, slik at eg kunne vera til stades på lærarrom og arbeidsrom. Personalet var kjende med kvifor eg var der. Det gav ettertanke då det vart kommentert at eg kanskje var av dei få som hadde tid til å snakka med ein og ein elev, og det til og med i ½ time om gongen. Så kanskje forskarrolla mi også handla om relasjonen barn – vaksen i meir omfattande tyding? Eg vil likevel avgrensa meg til å kommentera *rolla som intervjuar*.

I eit intervju møtest ulike personar og tek del i det psykologiske rommet til kvarandre.²⁸ Tillitsforholdet mellom forskaren og intervjupersonane vil ha betydning for mengda og typen av informasjon. Ein prøver å finna samheng i det ein ser og høyrer. Det personlege elementet hos forskaren vil prega spørsmål og metode. Forskarens erfaringar og den etiske ståstaden vil bety noko. Slik blir eit intervju frukta av eit samarbeid eller samspel.

Med eit konstruksjonistisk utgangspunkt vert røyndomen konstruert i dialogen mellom intervjuar og intervjuperson. Forskaren er med på å skapa data. Særleg der forholdet er asymmetrisk, som t.d. mellom vaksen og barn, mellom ein kunnskapsrik person og ein som har eit svakt fagleg utgangspunkt, mellom ein som har ein maktposisjon og ein som ikkje har det, må ein vera merksam på dette i tolkinga. Kan det finnast tendens til å fordreia noko, til å svara slik intervjuaren vil, kan det skje minneforskyving og fortrengingar? I møte mellom forskar og lærar kan faren vera at læraren framstiller intensjonane sine så pedagogisk 'rette'

²⁷ Feltnotat 18.05.01.

²⁸ Fog, i: Holter og Kalleberg (red.) 1996:201.

som mogleg. Barna kan også ha ei oppfatning av kva forskaren meiner ein bør seia. Eller forskaren kan tilleggia barna meiningar og haldningar dei ikkje har.

I etableringa av intervjusituasjonen la eg vekt på tillit og ei open haldning for at intervjuet skulle bli så utbytterikt som mogleg. Dilemmaet var at situasjonen kunne bli uformell, og at eg som intervjuar i bearbeidingsfasen identifiserte meg med intervjupersonen i så stor grad at eg tilla vedkomande mine egne motiv. Dette var særleg aktuelt i møte mellom meg som intervjuar og lærarane. Det etiske aspektet er såleis avgjerande, med vekt på likeverd og respekt og på integriteten til intervjupersonane. Dette gjeld i møte både med barn og vaksne. I presentasjonen av intervju nytta eg namnet 'Anne' om meg sjølv som intervjuar, for å gjera det lettare å skilje mellom rollene når eg seinare i analysen skal kommentera det som skjer og kva Anne seier.

4.5.4 Feltnotat

Undervegs i prosessen skreiv eg *feltnotat*. Samlinga av desse fungerte på mange måtar som ein forskingsprotokoll. Feltnotata har dels karakter av å vera beskrivande, dels av refleksjon, men her er også nye idear og perspektiv.²⁹ I feltnotata prøvde eg å gje konkrete skildringar av hendingar og sosiale prosessar i den konteksten dette skjedde. Det viste seg likevel til tider vanskeleg å skilja mellom det deskriptive og det refleksive, slik t.d. Hammersley og Atkinson (1996) tek til orde for. Det finst ulike hugselister for slike feltnotat,³⁰ men i praksis viste desse seg vanskelege å gjennomføra. På grunn av arbeidssituasjonen min let det seg heller ikkje gjennomføra å følgja idealet om å skriva meir utførleg kvar dag i etterkant av skulebesøket. I analysefasen har feltnotata likevel vore til stor nytte, for å kunna dokumentera prosessen og gje moment til vidare refleksjon.

I følgje Yin er forskingsprotokollen svært viktig.³¹ Denne skal innehalda instrument eller arbeidsreiskapar ein skal nytta, og rutinar og prosedyrar som ein skal følgja. Alt dette skal gje hjelp til å vurdera reliabilitet. Sjølv om eg ser verdien av ein slik protokoll med dokumentasjon, finn eg vektlegginga til Yin av formelle definisjonar og rutinar som altfor fastlåst. Som nemnt prøvde eg ei litt meir fleksibel tilnærming, inspirert av 'Grounded Theory'. Eg hadde likevel visse teoretiske 'antakingar' og ein viss plan for progresjon i undersøkinga. Sidan begge modellane legg vekt på dokumentasjon undervegs, meiner eg å ha oppfylt eit viktig krav ved bruk av feltnotat.

²⁹ Jfr. Bogdan og Biklen 1992.

³⁰ Spradley 1980:78, ref. i: Hammersley og Atkinson 1996:213; Yin 1994.

³¹ Yin 1994:63ff.

4.5.5 Intervju

Eg valde intervju som ei viktig arbeidsform fordi eg meinte dette var føremålstenleg når eg hadde med barn å gjera. Ein del av spørsmåla eg stilte, kunne kanskje like gjerne vore stilte på eit spørjeskjema. Men gjennom intervju fekk eg utdjupa svara, og eg fekk betre høve til å verta kjend med informantane. Det kan også tenkjast at somme av barna ville ha problem med ei skriftleg framstilling, både når det gjeld å oppfatta spørsmåla og å formulera svara. Ved munnleg intervju stilte elevane meir likt. I ettertid meiner eg det var ei god investering å nytta intervju, sjølv om det var svært tidkrevjande. Eg gav meg også god tid i det første intervjuet, der eleven var åleine med meg. Her samtala me mykje om hobbyar og skularbeid, sidan eg ikkje kjende barna på førehand. Gjennom intervju trur eg det utvikla seg ein gjensidig tillit som eg hadde stor glede av gjennom heile forskingsprosessen.

Alle intervju gjekk føre seg i skuletida, i hovudsak på det same grupperommet og med nokolunde like rammer for elevane. Intervju varte ca. ½ time. Til saman har eg 72 elevintervju, fordelt på einskildintervju og gruppeintervju. Dei aller fleste barna var med i tre intervju, og lærarane deltok i to einskildintervju. I tillegg intervju eg sentrale aktørar i Mostraspelet.

Bruk av intervju vert svært mykje nytta innan kvalitative studiar, men dette er ingen garanti for at ein får fram kvalitative data. Ein må difor tenkja gjennom føremål, innhald og struktur i intervjuet. I stor grad handlar eit intervju om å få innblikk meiningshorisonten og opplevinga av hendingar og handlingar hos intervjupersonen. Somme vil leggja vekt på at intervjuet har diskursen som modell, der ein gjennom samtale skaper eller utviklar meining(ar).³² Dette perspektivet meiner eg også er viktig med tanke på dei intervju eg har gjort med barna. Eg ser det slik at intervjuet også utfordra barna til refleksjonar og 'nye' tankar, i møte med det eg som vaksen og forskar representerte. Yin (1994:84ff.) synest derimot å vera nokså kritisk til bruk av intervju, då han meiner det er problem med partiskhet, dårleg minne og at intervjupersonane kan vera unøyaktige. Han understrekar at intervju må sjåast saman med andre kjelder. Ein kan difor undra seg noko over den plassen intervju har innan kasus-studiar. Som basis for opplegget av intervju har eg nytta boka til Kvale om 'det kvalitative forskingsintervjuet'.³³ Eit kvalitativt forskingsintervju vert definert som følgjande:

³² Holter, i: Holter og Kalleberg 1996:15-16.

³³ Eg nyttar den engelske utgåva "InterViews" frå 1996.

Metode

The qualitative research interview attempts to understand the world from the subjects' points of view, to unfold the meaning of peoples' experiences, to uncover their lived world prior to scientific explanations.³⁴

Sentralt i denne definisjonen er deltakarperspektivet og livsverda til mennesket. Kvale forstår det kvalitative forskingsintervjuet som ei oppdagingsferd med to aktive partar; intervjupersonen og forskaren. Sjølv om intervjuet på mange måtar kan samanliknast med ein vanleg samtale, er målet i større grad kunnskapsutvikling og kunnskapssøking. Det vil difor ofte vera tale om ei viss form for strukturering i form av tema og progresjon.

Kvale (1996:88) formulerer sju stadium i ei intervju-undersøking, nemleg tematisering, design, intervju/intervjusituasjonen, transkribering, analyse, verifisering og rapportering. Eg kjem attende til desse punkta i dei komande avsnitta.

Intervju av barn på mellomtrinnet

Dei seinare åra har ein i forkinga sett søkelyset på intervju av barn i førskulealder. Ein har meint at nettopp gjennom intervjuet kan ein få ei betre forståing av 'barns verden'.³⁵ Slike intervju har gjerne hatt eit didaktisk sikte, nemleg å gje hjelp til å tilpassa det pedagogiske opplegget til tankeutviklinga hos barnet. Gjennom intervju lærer ein å finna ut korleis barna ser på omverda, og ein kan få kjennskap til omgrepa deira. Ein tenkjer seg også at ein gjennom intervjuet kan vera med på å påverka barna si tenking gjennom refleksjon. Det er også gjort omfattande forking der intervju med ungdommar går inn som empirisk grunnlag.³⁶

Når det gjeld bruk av intervju av barn på mellomtrinnet, finn me særleg referansar innanfor medieforsking og forking om sosialiseringprosessen.³⁷ Innan svensk forking om barn og livsspørsmål finn me også mykje dokumentasjon når det gjeld den aktuelle aldersgruppa.³⁸ Reint generelt kan me seia at barn i denne alderen ofte er positive, nysgjerrige og samarbeidsvillige.

Det er likevel grunn til å stilla spørsmål ved om intervju av barn inneber spesielle forskingsmessige utfordringar. Kvale (1996:109) meiner ei intervju-undersøking er eit moralsk føretak, og at etiske spørsmål ligg implisitt. Dette meiner eg gjeld heile forskingsprosessen.

³⁴ Kvale 1996:1.

³⁵ Pramling og Doverberg-Östberg 1986:9-11; Løkken og Søbstad 1995.

³⁶ Frønes 1987, 2000; Grue 1987.

³⁷ Werner 1997; Inge Bø 1987, 1995.

³⁸ Hartman 1986.

Kvale (1996:124) spør i kva grad intervjuet er ein vanleg samtale. Han meiner eit semistrukturert intervju er tenleg, der kunnskapssøking er målet. Ein har visse rammer, men er open for endring undervegs.

Hammersley og Atkinson (1996:177) skil mellom *standardiserte* og *refleksive* intervju. Begge typane har ein viss form for struktur, men den siste har ein meir fleksibel tilnæringsmåte, der ein ikkje nødvendigvis stiller identiske spørsmål til ulike intervjupersonar. I første del av prosessen nytta eg intervjuguide med tema, men som me skal sjå, førte det til visse vanskar. Eg måtte difor ta stilling til kor detaljert og rettleiande intervjuguiden skulle vera. Ved bruk av *intervjuguide* legg ein vekt på å formulera på førehand kva kunnskar ein søkjer. Spørsmålet er kor bunden ein skal føla seg av denne. Fordelen med intervjuguide er at ein kan førebu seg, ein kan gje informasjon til dei ein skal intervjuja, og ein kan visa tilknytning til tidlegare forskning. I tillegg vil ei viss systematisering letta registrerings- og tolkingsarbeidet.³⁹ Kvale (1996:126) ser det slik at i eit kvalitativt forskingsintervju blir det ikkje gjensidig interaksjon mellom to likeverdige partar. Det er ein asymmetrisk situasjon, der intervjuaren definerer situasjonen, introduserer emnet og styrer retninga på intervjuet. Eg vil seia at partane kan vera likeverdige, sjølv med eit asymmetrisk forhold. Bruk av intervjuguide gjev hjelp til å strukturera intervjuet og å få med relevante tema. Det er viktig å tenkja gjennom intervju spørsmåla for å få dynamikk i intervjuet, hevdar Kvale. Ein kan ha ulike spørsmål, som: Introduserande, oppfølgjande, utprøvande, spesifiserande, direkte, indirekte, strukturerte og fortolkande spørsmål. Det å lytta og vera stille kan også vera viktig. Kvale formulerer også kvalifikasjonar intervjuaren må ha: Ho/han må vera kunnskapsrik om emnet, strukturert, klar, høfleg, sensitiv, open, styrande, kritisk, ha evne til å gjenkalla undervegs og vera tolkande.

Ikkje minst i møte med barn kan det vera grunn til å setja søkelyset på kva *type spørsmål* ein stiller i intervjuet. Sjølv om ein har samtalen som ideal, er det aktuelt med ei viss styring. Dette er knytt til dei spørsmåla ein stiller. Vi kan spørja om det er visse typar spørsmål som eignar seg/ikkje eignar seg, i intervju med barn. Kvale hevdar at valide svar (i eit intervju) er eit spørsmål om å spørja rett.⁴⁰ Kalleberg (1996:38) deler inn i tre hovudtypar spørsmål: Konstaterande, vurderande og konstruktive. Ved *konstaterande* spørsmål prøver ein å klargjera kva som faktisk skjer/er tilfelle, kvifor ting er slik eller slik. Ved *vurderande* spørsmål prøver ein å finna svar på om noko er i samsvar med intensjonar, ønskje etc. Ved *konstruktive* spørsmål er me opptekne av korleis me kan endra/forbetra ting. Det er innan

³⁹ Leiulfsrud og Hvinden, i: Holter og Kalleberg (red.) 1996:225.

⁴⁰ Kvale 1987, her ref. frå Holter, i: Holter og Kalleberg 1996:23.

kvalitativ forskning ulike meiningar om i kva grad ein kan stilla moralske spørsmål. I følge Kalleberg legg ein innan fenomenologien vekt på konstaterande spørsmål. Kalleberg meiner denne ståstaden er umogleg å forsvara, både ut frå kva som faktisk skjer og normativt.⁴¹ Eg er samd med Kalleberg i at det er fruktbart å nytta ulike typar spørsmål.

I den første intervjufasen hadde eg eit relativt ustrukturert opplegg, eller kanskje heller eit semi-strukturert opplegg.⁴² Eg hadde ein del hovudtema eg ville innom, som barnas hobbyar og fritidsinteresser, forholdet til skulen og turen til Moster våren 1998. I ettertid vil eg seia at nokre av samtalanane 'tok heilt av' i form av utgreiingar om fotball, kattar og actionfilmar på video. Ein utanforståande kunne hevda at dette hadde lite med kulturskiftet for 1000 år sidan å gjera, og det meinte kanskje ein del av barna også. Eg fekk det rådet frå ein forskar at eg i neste fase burde strukturera opplegget meir, og det var også intensjonen min. Men eg trur at nettopp dette å bli kjend med barna var svært viktig.

I dei to siste intervjuja hadde eg eit skjema med ferdige spørsmål⁴³, både for å letta analysen og gje hjelp til samanlikning. Dette skjemaet vart i hovudsak nytta, men delvis på grunn av tidsramma, og delvis på grunn av korleis samtalen utvikla seg, vart ikkje opplegget følgt slavisk. På den eine sida gjorde dette den vidare analysen og samanlikninga vanskeleg. På den andre sida fekk eg her fram at barn er ulike, og at det kunne vera viktig å stoppa opp ved ulike fokus.

Eit anna moment som er viktig å ta omsyn til ved intervju av barn, er faren å stilla leiande spørsmål. I og med at det er eit asymmetrisk forhold mellom den vaksne og barnet, er det lett at den vaksne 'styrer' både spørsmål og svar. Det var difor viktig å gje seg god tid til informasjon og å skapa ein trygg atmosfære. Det var også viktig å vera merksam på non-verbal kommunikasjon. Dette prøvde eg å notera ned like etter intervjuja, som t.d. blikkontakt og sitjestilling, bruk av humor og tonefall. Intervjuja vart tekne opp på lydband. Eg vurderte det som altfor omfattande å ta opp intervjuja på video og så analysera heile intervjusituasjonen.

Indre konsistens i svara har vore eit viktig moment når det gjeld tolking av intervju med barn. M.a. Poulsen (kap. 3.3.3) nemner at barn ikkje alltid er konsistente i det dei seier i intervjuja, men dette treng me ikkje tolka som negativt. I undersøkinga har eg dermed vore merksam på at barn på mellomtrinnet er i ein utprøvsperiode, der dei er på leit og prøver å konstruera meining. Det treng ikkje vera slik at *indre inkonsistens* i svaret betyr at barnet

⁴¹ Kalleberg 1996:39.

⁴² Vedlegg nr. 1.

⁴³ Vedlegg nr. 2.

snakkar usant. Her må ein vurderer om denne inkonsistensen kan vera ei fruktbar uvisse. Ein bør også vera merksam på at intervjuet kan avdekka mistydingar ut frå referanseramma til den vaksne, slik Danbolt og Enerstvedt peika på. Dette kan forståast positivt. Kanskje er det nyttig å sjå ting 'på hovudet'? Kanskje er ikkje våre fastlåste tolkingar dei rette?

Pramling og Doverberg-Östberg (1986:51) peikar også på at ein må vera merksam på at barn ofte er svært lydige når dei snakkar med ein vaksne:

Ofte anstrenger barnet seg for å «lure ut» hva den vaksne vil ha rede på. Dette er den viktigste forskjellen på barneintervjuer og voksenintervjuer. Barn er med andre ord mer observante enn voksne. Derfor krever det også at man er mer lydhør når man intervjuer barn. (op.cit.)

Det kan kanskje vera grunn til å reservera seg noko mot denne forståinga av skilnaden på å intervjuet barn og vaksne. Eg trur ei slik varsemd må gjelda både i høve til barn og vaksne. Og om det skulle vera ein slik stor forskjell, er det kanskje meir relevant i forhold til mindre barn, enn for barn på mellomtrinnet i forhold til vaksne.

Einskildintervju

Som nemnt valde eg å intervjuet alle barna einskildvis hausten 1998. Målet var å bli kjend med elevane, gjennom samtale omkring interesser på skulen og i fritida. Vidare samtala me om turen til Moster våren 1998 og teikninga dei hadde laga. I denne fasen såg eg det som viktig å utvikla kjennskap og tillit. Gjennom *einskildintervjuet* kjem personen i fokus. Eg må difor i analysen vera merksam på relasjonen mellom forskar og intervjuetperson. Det var viktig å formulera seg så klart at barna forstod kva eg meinte. Som eg kjem attende til i analysen, hende det at barna misforstod, eller at spørsmåla var for vanskelege. Samstundes kunne det liggja ein fare i at personen svara slik vedkomande trur eg ønskte. Kanskje nettopp *einskildintervjuet* er ei slik fallgruve. Det har difor vore viktig å samanhalda intervjuet med anna materiale og inntrykk frå andre samanhengar. På den andre sida er styrken ved *einskildintervjuet* nettopp det å få djupnekjennskap og å kunna følgja resonnement. Mitt eintydige inntrykk var at det var lett å samtala med barna. Dei fleste hadde det eg vil kalla godt utvikla verbal kompetanse, og i dei fleste intervjuet nytta me den tilmålte tida.

Gruppeintervju

I dei to siste intervjuet nytta eg for det meste *gruppeintervjuet*. I det andre intervjuet var det som oftast to og to, i det tredje intervjuet varierte det til vanleg frå tre til fem barn. Unntaksvis var det elevar som ønskte å vera åleine. Barna fekk sjølve velja kven dei ville vera saman med.

Dette kan bety at dei valde å vera saman med andre som meinte det same som dei sjølve. Sidan barna kjende kvarandre godt, vil eg tru at det i stor grad var samanfall med det dei meinte i klassen, i gruppa eller individuelt. Me hadde ingen fastlagd plan for samansetjinga av gruppene, men bestemte på dagen kven som skulle delta saman. Dette fungerte fint.

Grunnen til at eg nytta gruppeintervju, var både praktisk og 'ideologisk'. På grunn av strenge tidsrammer om våren ville det ikkje vera mogleg å intervjuar alle elevane einskildvis både før og etter Mostraspelet. Eg meinte også det ville vera fruktbart å høyra samtalen i gruppa. Korleis formulerte dei meiningane sine i ei gruppe? Var dei opptekne av å vera samde, eller ville dei markera ulike meiningar?

Erfaringa med gruppeintervju varierer frå det at eg spurde ein og ein etter tur kva dei meinte om spørsmåla eg stilte, til det at me fekk reelle diskusjonar og samtale innan gruppa. Eg var oppteken av å trekkja alle med i samtalen, men resultatet kunne av og til verta at barna gjentok kvarandre og det blei liten dialog. Det er også vanskeleg i ettertid å vita kva dei barna meinte som *ikkje* uttala seg om eit spørsmål. Det er ikkje utan vidare slik at barna er einige eller ueinige, eller at dei ikkje veit noko om temaet. I ein del samtalar kommenterte barna svara frå dei andre, og var samde eller usamde med dei. Eg har også døme på at det ikkje alltid er samsvar med det dei sa i gruppa og einskildvis, men dette er sjeldan. Til tider kan det heller vera slik at dei i gruppa forsterka det standpunktet dei sjølve elles hadde teke.

Brandth (1996) drøftar bruk av *gruppeintervju* som forskingsverktøy. Eit gruppeintervju er eit intervju der fleire menneske diskuterer eit tema i fellesskap saman med ein forskar som er leiar og ordstyrar. Brandth karakteriserer gruppeintervju som ein kollektiv, relasjonell og dynamisk metode, eller heller: Ein produksjonsmetode.⁴⁴

Det synest å vera aukande interesse for denne metoden innan samfunnsforskinga. Grunngevinga har til dels vore at gruppeintervju har vore effektivt og kostnadssparande. I mindre grad har ein drøfta det teoretiske og metodologiske grunnlaget. Brandth viser til ein del område med undersøkingar i høve til vaksne, der gruppeintervju har vore nytta. Det ser ut til å vera viktig at emna må passa for deltakarane, og at tema ikkje må vera for mykje av privat karakter. Føremålet kan vera kunnskapsgenerering, eksplorering eller intervensjon. Vidare har gruppeintervju vore nytta som ein frigjerande og bevisstgjerande funksjon i høve til minoritetsgrupper. Bruk av gruppeintervju er likevel ikkje utan vidare akseptert som vitenskapleg metode. Difor må ein vurdera både etiske og metodiske aspekt ved det. Ein må m.a. vurdera om gruppeintervju skal bestå av eingongs-grupper eller av grupper som er

⁴⁴ Brandth, i: Holter og Kalleberg (red.) 1996:155ff.

saman over lengre tid. I eingongsgrupper kan ein bli pressa/freista til å seia meir enn ein står inne for. Ein bør ha tid til å bli kjende med ein annan, vert det hevda.

Brandth (1996) knyter gruppeintervjuet til symbolsk interaksjonisme: At sosial meining vert til i samhandling mellom menneske. Difor vert kommunikasjonsprosessen og dei mellommenneskelege relasjonane viktige. I gruppeintervjuet skjer det ein synergieffekt, der ein stimulerer kvarandre til å koma fram med idear og synspunkt. Vidare vil deltakarane kunna spegla tankane sine i møte med dei andre og få inn andre perspektiv. Ein kan også få tilbakemelding og få sjekka påstandar. Dette vil vera med på å styrkja validiteten, i følge Brandth. Eit gruppeintervju kan også vera med på å setja i gong vidare prosessar hos deltakarane. Ein må også vurderer i kva grad ein maktar å få fram usemje og i kva grad denne kan verka positivt. I kva grad gjer gruppepress seg gjeldande? Vil t.d. elevar på mellomtrinnet vera sårbare her? Vil ein svara ut frå det ein trur dei andre svarar, eller det som er gjengs i gruppa?

Brandth (1996:157) meiner at gruppeintervju ikkje først og fremst er eigna til å måla haldningar. Ein bør heller leggja vekt på erfaringar og perspektiv, sidan dette vil engasjera deltakarane. Det er også grunn til å vera klar over at relasjonane mellom gruppemedlemmene kan fungera negativt og redusera kvaliteten på samtalen noko. Ein kan ta omsyn til dette ved gruppesamansetjinga.

Ein annan føremon eit gruppeintervju kan ha, er at samtalen vert meir deltakarstyrt, sjølv om det kan førekoma dominerande personar som styrer samtalen. Deltakarane får meir makt, av di dei er fleire i høve til forskaren. Dette støttar at det kan bli eit innanfrå-perspektiv. Atmosfæren i gruppa er viktig. Det er viktig å sjå gruppa og samansetjinga i ein kontekst. Ved samansetjing av gruppa kan ein velja mellom to hovudprinsipp: Anten *kontrolleigenskap*; dvs. den eigenskapen som alle gruppene, eller heile gruppa skal ha felles. Dette kan gjelda bakgrunn, ikkje synspunkt og haldningar. Gruppa bør ha ein viss homogenitet. Eller *broteigenskap*; dvs. eigenskapar som skil gruppene, eller medlemmene i gruppene, frå kvarandre.⁴⁵ Desse kjenneteikna vart ikkje nytta av meg.

4.5.6 Skriftleg materiale

Som utfyllande materiale til observasjon og intervju nyttar eg *skriftlege arbeid* i tilknytning til undervisninga på skulen. Dette er arbeidsbøker med faktastoff, fabuleringar, forteljingar/samandrag av hendingar og opplevingar, dikt etc. Desse tekstane kan også gje

⁴⁵ Knodel 1993, ref. frå Brandth, i: Holter og Kalleberg (red.) 1996:160.

uttrykk for kva informantane opplever, anten som supplement eller som korrektiv til det som elles kjem fram. I skriftlege arbeid kan ein få fram det narrative, det personlege og det sosiale.⁴⁶ Ein må likevel sjå dette materialet i lys av dei sosiale aktivitetane det blir til i. I tillegg har eg nytta gjeldande læreplan og læreverk for 6. klasse som omhandlar temaet om kulturskiftet.

4.5.7 Teikningar

Eg har også nytta teikningar som materiale, både frå arbeidsbøker og einskildteikningar. Eg kan ikkje gå inn på noko omfattande drøfting mellom det verbale og barna sine teikningar. Teikningar kan supplera eller korrigera informasjon frå t.d. observasjon og intervju. Samstundes må dei forståast i ein kontekst. Ofte vil det vera nyttig å samanhalda teikninga med eleven sine kommentarar. Det er heller ikkje slik at barna gjennom teikninga skildrar oppfatninga si av korleis 'det eigenleg var'. Som eg har vist til i kapittel 3.4.1, nyttar eg teori om barns og biletskaping til hjelp i analysen av teikningane.

4.5.8 Dramatisering

Nokre av barna valde dramatisering av kvardagsliv i vikingsamfunnet som hovudaktivitet i prosjektarbeidet om hausten. Denne gruppa følgde eg relativt nøye. Vidare var det ein del grupper som utvikla og framførte enkle sketsjar, eller dei dramatiserte små forteljingar dei hadde lese eller høyrte i tilknytning til temaet. For meg er dramatiseringane viktige med tanke på å sjå på val av tema og innhald og framføring. Gjennom drama kan ein få innsikt i fantasi og skaparevne hos barn, men også korleis dei nyttar faglege kunnskapar. Vidare kan dramatiseringane gje innsikt i samspel, bruk av kodar og konvensjonar, engasjement og empati. Eg legg også stor vekt på korleis barna tolkar møtet med Mostraspelet. Dette ser eg på som nøkkel til deira forståing av kulturskiftet. Modell for analyse når det gjeld barn og drama er omtala i kapittel 3.4.2.

4.6 Tilrettelegging av materialet

I det følgjande presenterer eg korleis eg har lagt materialet til rette for analyse.

⁴⁶ Hammersley og Atkinson 1996:187.

4.6.1 Transkribering av intervju

Eg valde å ta opp alle intervjua på lydband. Dette var for å få med meg mest mogleg av samtalen som grunnlag for analyse. Å ta opp samtalanane på video ville ha vore nyttig med tanke også på nonverbal kommunikasjon, men ville ha vorte for omtattande å bearbeida, sidan eg prioriterte å ha med alle elevane. Eg valde sjølv å transkribere alle intervjua. På denne måten meiner eg å sikra nokolunde lik handsaming. Eg har nytta ord-for-ord transkribering, med utgangspunkt i nynorsk rettskriving. Eg har nytta nokre få dialektuttrykk, og vart overraska over kor lite justeringar som måtte til for å gje ei tenleg skriftleg framstilling av dei munnlege intervjua. I teksten har eg gjort merknader ved pausar, intonasjon, latter, sukk etc. der dette kjem tydeleg fram, men slike merknader har eg prøvd å avgrensa mest mogleg. Innanfor konversasjons- og diskursanalyse er det detaljerte reglar for registrering ved hjelp av eit system av typografiske teikn (tempo, pausar, avbryting, overlapping etc.), men til føremålet mitt ville dette verta for omfattande å nytta. Barna har sjølve fått lesa gjennom intervjua i etterkant og godkjent dei (januar 2000). Berre i nokre få tilfelle vart det gjort strykingar og korreksjonar. Diverre vart det på grunn av arbeidssituasjonen min noko lang tid mellom opptak, transkribering og barna si gjennomlesing. Ulempa med dette kan vera at barna ikkje hugsa kva dei hadde sagt. På den andre sida hadde dei no fått intervjuet på avstand, og kunne reflektera over om dei framleis ville delta. Dei aller fleste gav uttrykk for at det var morosamt å lesa samtalanane, og ingen trekte seg i denne fasen.

4.6.2 Tekstar frå arbeidsbøker

Eg har arbeidsbøker frå alle elevane. Innhaldet i bøkene varierer mykje. Elevane fekk utdelt ein del arbeidsark med informasjon, illustrasjonar og oppgåver. Desse går eg i liten grad inn på. Eg går heller ikkje inn på tekstar der elevane brukar kjelder og skriv av faktasetningar om t.d. kongane og gudane, men har valt ut tekstar barna sjølve har skrivne, i form av eigne forteljingar, vikingrappar og små utgreiingar. Desse tekstane er lagt inn på data og kommenterte. Eg har valt ut ein del av dei i avhandlinga.

4.6.3 Teikningar

Teikningar ser eg på som ei svært viktig kjelde til informasjon. Ca. halvparten av barna leverte inn teikning våren 1998. Desse er avfotograferte med digitalt kamera, og lagt inn på data. Eg har også avfotografert ein del teikningar frå arbeidsbøkene til barna. Teikningane etter turen til Moster 1998 er kommenterte etter eit skjema for analyse, basert på ein modell

frå boka *Barns bildeskaping*.⁴⁷ Eg analyserer innhald og form i teikningane (form og differensiering, fargar, rom og liner, komposisjon).

4.6.4 Dramatiseringar

Ein del av dramatiseringane til barna vart noterte ned av meg. Diverre fungerte det dårleg med lydbandopptak frå framføringane. Det mest omfattande arbeidet med drama skjedde i gruppa som valde dramatisering som prosjektarbeid. Denne gruppa følgde eg over tid. Eg har også videoklipp frå nokre av øvingane, men dette er ikkje bearbeidd grundig, då det var meir eit forsøk og eit supplement enn ei systematisk utprøving. Eg analyserer barnas dramatisering ut frå funksjonsaspektet, dramaturgien og spelkompetansen. Eg har også nytta materiale frå dramatisering av enkle sketsjar.

4.7 Analyse

I dette avsnittet presenterer eg dei ulike stega i analyseprosessen.

4.7.1 Steg i analyseprosessen

Kvale (1996:191) seier at analyse handlar om å få fram skildring og tolking av livsverda. Analysen har ulike steg: Kva seier subjekta? Kva oppdagar subjekta undervegs? Ser dei nye samanhengar? Korleis tolkar intervjuaren det som blir sagt?

Etter at alle intervjuar var transkriberte og godkjende, vart intervjuar delte inn i mindre, meiningsberande heilskapar, etter kva tema dei handla om. I denne første inndeling vart dermed ingen moment utelatne, men ved ei slik inndeling vart det lettare å få overblikk over kva tema som vart tekne opp, og kor mykje me snakka om dei einskilde tema. Det var viktig på dette steget å unngå fokus på for mange detaljar eller einskildomgrep. Neste steg var å laga ei samanhengande framstilling, eller 'forteljing' ut frå problemstillingane mine. Delvis ved hjelp av samandrag, delvis ved bruk av sekvensar med direkte sitat frå intervjuar, har eg prøvd å få fram ein 'profil' eller eit 'portrett' av eleven eller gruppa. Det viste seg i denne fasen at deler av intervjuar kunne sløyfast, eller samanfattast til korte opplysningar. Dette gjeld t.d. hobbyar, interesser og fag dei likar på skulen. På dette steget måtte eg også ta stilling til om det skulle vera ein presentasjon av einskildelevar, grupper, klassar etc. Her valde eg ein kombinasjon. Eg laga først eit oversiktsskjema med ein del opplysningar. Dette gav ei god oversikt over alle barna. Deretter valde eg å gruppera presentasjonen på to måtar: Både å

⁴⁷ Gullberg 1996.

presentera einskildelevar og grupper av elevar. Einskildelevane var dei som hadde vore åleine ved alle intervju. Dei andre elevane vart grupperte etter kven som deltok i intervju III. Eg laga notat om alle etter eit bestemt skjema, med opplysningar om barna, deira syn på vikingsamfunnet, deira forståing av den norrøne trua og møtet med kristendommen, besøket på Moster 1998 (kyrkja, Vetahaugen og den kyrkjehistoriske utstillinga), deira møte med Mostraspelet 1999 og kva aktualitet temaet hadde i forhold til barna si notid og framtid. Som bakgrunnsmateriale nytta eg intervju, teikningar, dramatiseringar og skriftlege tekstar av ulikt slag. På denne måten prøvde eg å ivareta idealet om metodetriangulering.

Gjennom desse stega i analyseprosessen har eg prøvd å ta vare på idealet frå fenomenologien om å få fram aktørperspektivet. Med basis i dette drøftar eg materialet i lys av det mytisk-religiøse, det historiske og det estetiske perspektivet. Her kjem det hermeneutiske sterkare fram. Denne drøftinga skjer i siste fase i bearbeidinga. Eg har vore oppteken av at desse kategoriane ikkje skulle styra for mykje møtet mitt i høve til barneperspektivet. På den andre sida har dei teoretiske perspektiva vore ein nøkkel og eit driv til å sjå rikdommen i erfaringane og opplevingane til barna. Dei tre perspektiva, henta frå Cassirer, har såleis gitt meg hjelp til ei viss avgrensing, men også til å forstå mangfaldet og nyansane.

4.7.2 Tolking og bearbeiding

Eg har i hovudsak nytta *kategoribasert analyse*, men har fått impulsar også frå eit diskursivt og narrativt perspektiv, der eg prøver å få innhaldet fram gjennom samtalesekvensar og forteljingar.

Ein vanleg måte å analysere kvalitative data på, er å leita etter fellestrekk i materialet. Faren er at dette kan bli ei kvantitativ tilnærming, der tala vert det vesentlege. Målet med å finna fellestrekk er å få auka djupneperspektiv og å utvikla forklaringsmodellar.⁴⁸ I undersøkinga mi har det også vore interessant å få fram mangfaldet som eksisterer i klassane. Eg har difor vore meir oppteken av å få fram døme på variasjonar enn statistiske samanhengar. Men for å få fram mangfaldet, må ein også ha ei viss oppfatning av fellestrekk. Eg ser difor desse to perspektiva som gjensidig fruktbare. Eg gjer merksam på at tilvisinga til tal til ein viss grad betyr ei tolking frå mi side, då det ikkje alltid er lett i ein gruppesamtale å vita om det er ein eller fleire som gjev uttrykk for svaret.

⁴⁸ Sivesind, i: Holter og Kalleberg (red.) 1996:248ff.

Som eg har nemnt, er det ingen enkel veg frå innsamling av data til tolking av desse. Måten vil variera om ein vel ei deduktiv eller induktiv retning. Leiulfsrud og Hvinden seier at det er viktig at ein har rike og solide nok data.⁴⁹ Dei hevdar at tolking er ein kunst, heller enn ei ferdigheit. Til ein viss grad vil eg vera samd, men ser det samstundes som viktig at det blir minst mogleg 'svarte hol' i tolkingprosessen. Yin (1994:99) talar om å byggja opp "... the chain of evidence".

Analysen av dei kvalitative data eg har samla inn, har vore ein tidkrevande og vanskeleg prosess. Eg vil samanlikna arbeidet med eit puslespel, der mange små brikker er blitt sette saman. Samstundes har eg prøvt å finna overordna heilskapar. Det har difor også vore viktig med ei form for kreativ skaparevne: Det å finna ein berande ide, tankefigurar eller metaforar som kunne fanga inn ein totaldimensjon, og som kunne skapa ny interesse og forståing for det feltet eg har studert.⁵⁰ I mitt tilfelle har dette vore *det mytisk-religiøse perspektivet* som kjernen i ein rosett for å oppleve eit fruktbart møte med kulturskiftet.

I tolkingprosessen har eg stått i fare for å falla i to 'grøfter': På den eine sida å finna enkle, empiristiske forklaringar, på den andre sida universelle forklaringar.⁵¹ Tolkingprosessen vil vera prega av kor strukturerte og konkrete problemstillingane er, eller om ein har gått i gang 'med blanke ark'. Som nemnt hadde eg eit visst teoretisk utgangspunkt, men samstundes prøvde eg å vera open for nye perspektiv. For meg har såleis forskingsprosessen skjedd i fasar, der eg har veksla mellom studium av del og heilskap, og mellom konkrete skildringar og overordna systematiske tolkingar. Eg har prøvt å vera sensitiv for om det dukka opp omgrep/mønster i datainnsamlinga som eg ikkje har tenkt på før.

Kvale (1996) skil mellom *intervjuspørsmål* og *forskingsspørsmål*. Dette har vore ei nyttig inndeling for meg. I bearbeidingsfasen måtte eg finna andre analytiske spørsmål enn dei intervjuspørsmåla eg stilte til barna. Dette var ein vanskeleg og utfordrande prosess, men har vore viktig for å visa tilknytning til problemstillingane mine på ein fruktbar måte.

Det viste seg å bli eit omfattande, forholdsvis ustrukturert materiale, sjølv om eg hadde nytta delvis strukturerte intervju. Utfordringa mi har vore å bearbeida og tolka dette i høve til problemstillingane. Eg har utvikla kodingskategoriar, og organisert data gjennom å bryta ned til mindre einingar som kunne handsamast. Eg har prøvd å finna skilnader og likskapar, finna mønster og laga syntesar.

⁴⁹ Leiulfsrud og Hvinden, i: Holter og Kalleberg (red.) 1996:225.

⁵⁰ Leiulfsrud og Hvinden, i: Holter og Kalleberg (red.) 1996:220ff.

⁵¹ Sivesind, i: Holter og Kalleberg (red.) 1996:240ff.

I kvalitative undersøkingar tilrår ein gjerne at forskaren sjølv samlar inn materialet. Med basis i ei hermeneutisk tilnærming har dette vore avgjerande for meg, då eg som forskar brukar meg sjølv som instrument. Eg har sjølv fått nærleik til studiefeltet, og dette har vore til stor hjelp i bearbeidinga, for å sjå samanhengen mellom del og heilskap.

Faren ved bearbeiding av kvalitative data er likevel at det lett blir oppramsing av sitat og 'eksotiske opplevingar', utan at ein maktar å setja desse inn i ein samanheng. Eg har difor prøvd å kombinera ulike tilnærmingar; med utgangspunkt i einskildelevar, grupper og i bestemte tversgåande tema. Eg har laga ulike matriser, for å få fram mønster eller typologiar. I tolkinga har eg også prøvd å ta omsyn til forholdet mellom verbale og ikkje-verbale uttrykk, der det emosjonelle og sosiale høyrer med. Med eit fenomenologisk perspektiv har eg som forskar lagt vekt på å få fram synet til deltakarane, men samstundes få fram eigne tolkingar og vurdera kritisk det som vert sagt.

Kvale (1996) legg vekt på at analysearbeidet bør vera utført under intervjuprosessen. Holter (1996) viser til at dette nok ikkje er vanleg. For dei fleste vil det vera eit stort analysearbeid å ta fatt på når intervjuet er avslutta. Slik har det også vore for meg, ikkje minst av praktiske grunnar. Det har likevel vore mogleg å gjera små delanalysar undervegs. Dette arbeidet kan samanliknast med den hermeneutiske spiralen, der ein på grunnlag av ny erkjenning undervegs også kan stilla nye spørsmål og endra vinklinga noko, om ein finn det fruktbart. Holter deler inn i tre moglege retningar når det gjeld analyse av intervju: Ein kategoribasert analyse, ein diskursanalyse og ein narrativ analyse. *Kategoribasert analyse* er mest vanleg. Her prøver forskaren å finna/utvikla kategoriar som kan beskriva prosessar, hendingar og åtferdsmåtar som enten er typiske ved at dei går igjen i materialet, eller dei har teoretisk interesse for forskaren. Desse kategoriane er såleis utvikla gjennom det teoretiske førearbeidet, og/eller gjennom det datamaterialet som er samla inn. Vanlegvis vil analysen skje gjennom ein prosess med fleire trinn: Ein les gjennom for å få eit heilskapsinntrykk, ein noterer detaljar og ulike idear, og ein utarbeider eit forkorta intervju, ved å laga ei forteljing. Gjennom denne prosessen vil presiseringsnivået utviklast og ein knyter det til forskaren sine intensjonar/problemstillingar.⁵²

Diskursanalyse ligg nær opp til kategoribasert analyse. Også her er det viktig å notera stikkord og assosiasjonar. Poenget er å finna og forklara eventuelle motsetnader i samtalen/teksten, og finna kven som er berarar av desse og kva rettar dei har i samanhengen.

⁵² Holter, i: Holter og Kalleberg (red.) 1996:17ff.

Ein nyttar impulsar frå rolletenking og prøver å finna kva tolkingsrepertoar dei ulike partane har. Tolkingsrepertoaret heng saman med, eller har forankring i kulturelle diskursar.

Narrativ analyse har også vorte meir nytta den seinare tida innan samfunnsforskinga. Somme legg vekt på at det *narrative*, forteljinga, ligg som ei grunnform; som ein grunnleggjande, allmennmenneskeleg måte å uttrykkja seg på. Det kan vera ei kronologisk ordna forteljing med eit poeng eller eit 'plot'. Ein vil gjerne finna desse elementa: Ei innleiing eller iscenesetjing, ei orientering, ein kompliserande aksjon, ei evaluering og eit resultat eller ei oppløysing. Som nemnt har eg gjort meg nytte av desse ulike tolkingsperspektiva, med vekt på kategoribasert analyse.

4.7.3 Generalisering

Det har vore ein omfattande debatt om i kva grad resultata frå kvalitative (kasus-) studiar er konsistente og valide. For å ivareta dette har ulike modellar retningsliner når det gjeld kontrollrutinar og dokumentasjon. Argumentasjonen er at forkinga skal kunna etterprøvast av andre. Ein må gje innsyn i prosessen for å grunnkje kor sikre eller sannsynlege slutningane er.

Sjølv om eg i utgangspunktet ikkje har statistisk generalisering som mål for studien, meiner eg at dokumentasjonen av dei ulike stega kan gje lesaren grunnlag for å forstå korleis eg trekkjer slutningar. Eg meiner ikkje resultata frå undersøkinga mi utan vidare kan generaliserast til andre sjetteklassar i Noreg, heller ikkje til Sunnhordlandsregionen. Til det er rammevilkår og opplegg for ulike. Eg meiner likevel at det er relevant å tala om ei viss form for 'analytisk generalisering' og 'substansielle teoriar' når det gjeld i kva grad sjetteklassingar kan oppleve møtet med kulturskiftet som fruktbart. Men dette er meir å forstå som 'antakingar' og hypotesar for vidare arbeid, enn ein gitt storleik.

4.8 Oppsummering

Eg har i dette kapitlet gjort greie for det vitskapsteoretiske grunnlaget for val av metode for undersøkinga om barns møte med kulturskiftet, og korleis eg praktisk har utforma undersøkinga. Eg har lagt opp undersøkinga som ein kasusstudie med ei kvalitativ tilnærming. Eg tek utgangspunkt i eit hermeneutisk perspektiv, men nyttar også impulsar frå fenomenologien. Val av metodisk tilnærming har eg gjort med basis i Cassirers filosofi. Som modell for forskingsdesign har eg nytta Yins forskingsstrategi, med impulsar frå 'Grounded Theory'. Ut frå desse strategiane har eg gjort greie for val av kjelder og arbeidsmetodar,

innsamling av data, tilrettelegging og analyse av datamaterialet. Med bakgrunn i denne utgreiinga meiner eg det er rimeleg å tala om ei viss form for analytisk generalisering, basert på ei drøfting av resultata i høve til Cassirers teori om kulturens symbolske former, med vekt på det mytisk-religiøse, det historiske og det estetiske. Men ei slik generalisering skjer i ein kontekst, som må etablerast i samspel mellom forskar og lesarar eller brukarar.

Del III

Presentasjon og drøfting av eiga undersøking

I del III gjev eg ein presentasjon og analyse av den empiriske undersøkinga eg har gjennomført. I kapittel 5 presenterer eg først klassane som var med i undersøkinga. Dette dannar konteksten. Deretter gjev eg eit oversiktsbilete frå ekskursjonen til Moster våren 1998. Vidare presenterer eg kort prosjektarbeidet elevane hadde om vikingtida. I kapittel 6 presenterer eg korleis barna framstiller vikingsamfunnet, og i kapittel 7 deira skildring av møtet mellom norrøn tru og kristendommen. Barna sitt møte med Mostraspelet våren 1999 vert teke opp i kapittel 8. Vidare gjev eg i kapittel 9 eit nærbilete av korleis einskildelevar og grupper opplevde møtet med kulturskiftet. Eg drøftar og oppsummerer for kvart kapittel. Den avsluttande drøftinga kjem i kapittel 10.

Kapittel 5

Barnas møte med Moster 1998

I dette kapitlet ligg hovudvekta på korleis barna opplevde ekskursjonen til Moster i 1998, ved utgangen av 5. klasse. Vidare presenterer eg kort prosjektarbeidet dei hadde hausten 1998, med vekt på vikingtida generelt.

5.1 Ein kort presentasjon av klassane

Som nemnt fekk eg høve til å gjennomføra undersøkinga i to parallelle sjetteklassar på Solbakken skule 1998 - 99. I klasse X deltok 10 jenter og 7 gutar, i klasse Y deltok 11 jenter og 9 gutar, dvs. i alt 37 elevar, 21 jenter og 16 gutar.

Klassane vart av lærarane karakteriserte som greie å ha med å gjera. Det var store faglege skilnader innan klassane, men sosialt fungerte elevane godt saman. Eg oppfatta det alt frå starten slik at dei hadde eit positivt læringsmiljø, og dette var også inntrykket mitt gjennom året. Elevane såg ut til å trivast på skulen, og gav i liten grad uttrykk for ønskje om store endringar. Dette tyder ikkje at det ikkje kunne vera konflikhtar undervegs, men klassestyrarane tok problema opp etter kvart. Det varierte kva fag elevane lika best, men heimkunnskap og kunst og handverk var godt likt av mange. Her understreka elevane at det var kjekt å få laga ting. Av vanskelege fag vart særleg matematikk nemnt. Når det gjeld klassemiljøet, vil eg seia at det var prega av gode arbeidsformer og ein venleg tone. Skuledagen i begge klassane starta til vanleg med song og Fadervår. Klassane hadde ordning med vekeplan, og elevane hadde ansvarsoppgåver etter tur.

Skulen hadde innført ei ordning med "Gult kort", der namnet til eleven vart ført på tavla dersom vedkomande uroa i klassen på ein eller annan måte. Dersom ein elev fekk tre gule kort på ein dag, blei det raudt kort. Då måtte eleven ved slutten av dagen sitja ei viss tid på rektor sitt kontor for å 'gjera opp for seg'. Ideen var henta frå fotballbanen. Målet var å læra elevane å ta konsekvens av eigne handlingar, men også å få gjera opp for seg den same dagen. Inntrykket mitt var at denne ordninga var lite i bruk i prosjektklassane. Eg tolka det

som at klassemiljøet fungerte greitt. Likevel kunne det vera ulike tolkingar og ulikt toleransenivå hos lærarane. Eg har døme på at elevar meinte at somme av lærarane ikkje var strenge nok, og at dei brukte korta for lite.

På fritida var mange svært aktive innan idrett og musikk. Dei var også mykje saman med vennene sine. Nokre få markerte avstand til den allmenne interessa for fotball. Ein del, særleg jentene, fortalde at dei las bøker. Her var det særleg bøker og blad om hestar som merka seg ut. Når det gjeld tv og video, vil eg karakterisera fleirtalet av barna som middels aktive brukarar, der mange følgde med på ulike tv-seriar, men helst på norske kanalar. Dei aller fleste hadde tilgjenge til data, men kompetansen varierte mykje. Særleg synest gutane å vera ivrige brukarar av dataspel.

I det følgjande gjev eg eit oversiktsbilete av korleis barna opplevde møtet med kulturskiftet. I dette kapitlet set eg det første møtet deira med Moster i fokus. Her vil eg nemna Moster gamle kyrkje, Vetahaugen, den kyrkjehistoriske utstillinga og Moster amfi. Dette var 4. juni 1998. Eg gjer også kort greie for prosjektarbeidet dei hadde om vikingtida hausten 1998, sjølv om dette ikkje er direkte relatert til Moster. I juni 1999 såg dei Mostraspelet. Dette kjem eg attende til i kapittel 8.

Dagen før turen i juni 1998 fekk elevane ein del informasjon om opplegget. Det galdt praktiske ting som klede og utstyr, men også ei kort fagleg innføring om det dei skulle sjå. I tilknytning til kyrkja nemnde læraren liljesymbolet og skipssymbolet. Vidare fortalde han om Olavsklokka frå 1200-talet og skipsforliset i 1722, då kyrkja fekk døypefont. Krossen på Vetahaugen var også nemnt, saman med amfiet, som var laga i ei gamal kalksteinsgruve. Denne dagen fekk dei også ei teikneoppgåve, som eg seinare skal kommentera.

5.2 Møte med Moster gamle kyrkje

Moster gamle kyrkje er rekna for å vera ei av dei eldste i landet.¹ Kyrkja er enkel, med eit kvadratisk kor og eit rektangulært skip. Kyrkja har klebersteinsokkel. Ein reknar at kyrkja har gjennomgått ei innvendig omforming tidleg på 1600-talet. I 1732 fekk kyrkja nye, store vindaugo i kor og skip. Veggane er dekkja av mange kalkmaleri.²

Barna vart delte i grupper og fekk koma inn i kyrkja. Her var det omvising ved ein lokal guide, som fortalde om kyrkja. Moster gamle kyrkje er ei steinkyrkje frå mellomalderen (ca. 1100). Tradisjonen fortel at Olav Tryggvason peika ut stad for ei kyrkje i 995, då han held den første kristne messa i eit telt her. Det vart først bygd ei trekyrkje, men ho vart seinare

¹ Informasjonsavisa "Sommar på Bømlo 1995" s 2. Programhefte for 1000-årsjubileet 1995 s 29.

² Informasjonsbrosjyre frå Bømlo reiselivslag og Bømlo kommune 1997.

riven, og kring 1100 vart den kyrkja me no har, bygd. Guiden fortalde at det først berre var eit stort, tomt rom, og folk stod under gudstenesta. Det fanst berre nokre få, små vindaugo, og kyrkja var såleis mykje mørkare enn no. Seinare vart glasa utvida. Dei hadde katolsk orden for gudstenesta, med skriftemål, dåp og nattverd. Skriftestolen stod tidlegare bak i kyrkja, no er han plassert framme. Døypefonten stod nede ved døra, sidan barna måtte døypast før dei kom inn i kyrkja. Gutane var seks veker, og jentene åtte veker då dei vart døypte. For ca. 300-400 år sidan kom det benker inn. Dei rike hadde eigne benker, kanskje med utskjeringar. Futen hadde rett til å sitja i fustestolen på galleriet. Tollarane kunne også sitja i benken. Bileta på veggene i kyrkja viser Adam og Eva, engelen som kjem til Maria, Jesu fødsel og Jesus på krossen. Me finn også nokre minnetavler, der det kanskje har stått bibelord eller namn på kjende personar. Preikestolen er gitt av ein mann i 1637. Glasrutene har namn på, og er delte inn i små delar. Rike folk gav glas då vindaugo vart utvida. Guiden fortalde også om skriftestolen og om dåpsfatet, som vart gitt til minne etter eit forlis av skipet 'Anna Sophia' i 1722. Mannskapet lova gåver til kyrkja om dei berga livet. Vidare fekk barna høyra om kvifor kyrkja har form som eit skip, og at dei kasta dåpsvatnet ned gjennom ei luke i golvet. Over heng ei due som skal førestella Den Heilage Ande. Kyrkja har også eit trøorgel, ein kyrkjebibel, altarskap, lysestakar, nattverdkalk, kollektstav og altarduk.

Elevane spurde undervegs medan guiden fortalde. Nokre lurte på om folk blei fulle av nattverdvinen dei drakk. Guiden svara at dei ikkje bruka alkoholhaldig vin.

Utanfor kyrkja ligg ein gravplass. Inne på området står det også tre store *minnestøtter*. Dei er til minne om Olav Tryggvason, Olav Haraldsson og bisp Grimkjell. Støttene vart reiste på 1980-talet etter initiativ av dåverande sokneprest Harald Hope.

Det finst ingen kongegraver eller andre viktige graver ved Moster kyrkje, men på gravplassen finn me *handtakssteinen*, eller *avtalesteinen*, der dei tok kvarandre i hendene når dei hadde gjort avtalar. Me finn også eit *minnesmerke* etter båten 'Stokksund' sitt forlis i 1989. Like utanfor kyrkjegarden kan me sjå *Kongesteinen*, der dei to siste kongane (Olav og Harald) har skrive namna sine.³

Om hausten spurde eg barna i intervjuet kva dei hugsa att frå turen til Moster. Det var altså opp til barna sjølv å fortelja om inntrykka. Eg tok vanlegvis ikkje temaet om kyrkja opp spesielt, dersom ikkje barna nemnde det sjølv.

Det var svært få som kommenterte alderen på kyrkja, men Hans meinte at ho var kanskje 200 år. Fleire barn trekte fram at det var kjølig i kyrkja, at det lukta litt rart, og at det

³ Feltnotat 04.06.98.

var "... sånn gammal farge" der. Line meinte at det lukta jord inne i kyrkja. Gunn formulerte seg slik: "... det var veldig fint og gammalt der." Ho hugsa også døypefonten og dua som hang ned frå taket. Fleire av barna synest å ha fått med seg ei stemning, eller ein atmosfære, som har gjort inntrykk. Elin sa at ho syntest det var gøy å vera der. Odd hadde lagt merke til eit sverd som var funne. Både Jorid, Line, Ruth, Mari, Reidun og Joar hadde lagt merke til bileta på veggene inne i kyrkja. Dei syntest det var interessant å sjå desse, og at dei hadde motiv frå Bibelen. Nina kommenterte bileta som dei der "... malegreiene" på veggene. Ho meinte dei framstelte "... Gud som hang på korset ..., eller Jesus, eller kven det var." Også Vidar meinte at dei viste Jesus på krossen. Hans nemnde at bileta synte Adam og Eva og Jesus. Line kommenterte spesielt bileta av Jesus, Maria og læresveinane. Også Rita nemnde bileta, men ho hugsa ikkje heilt kva dei skulle førestella. Elles undra ho seg over ordninga med dei som måtte sitja lengst bak i kyrkja, dersom barna ikkje var døypte, eller kvinnene, dersom dei var ureine. Dette momentet nemnde også Mari. Torleif hugsa ein engel han syntest "... såg løyen ut". Frida formulerte møtet sitt med kyrkja som følgjer: "Den kyrkja. Det var kjempegøy. Det var nettså så fint der og gammaldags." Også Mette meinte kyrkja var fin, sjølv om ho var lita. Lillian meinte at kyrkja var fin og gammal, sjølv om ho var litt kald. Reidun meinte det var "... veldig spesielt" inne i kyrkja. Ho hadde lagt spesielt merke til dei mange namna, og kommenterte vindaugo og lysa som nokon hadde gjeve i gåve til kyrkja. Vidar meinte at kyrkja var 'rar', særleg fordi det var så smalt, og at ein ikkje alltid kunne sjå presten.

Mette hugsa at det stod eit skap i kyrkja, med ei bok i. Også Hans kommenterte denne gamle boka. Vidare nemnde Mette og Line at det var portar inn til benkene. Også Mari var oppteken av benkene, og ho uttrykte det som at dei sat inni "... sånne båsar". Ho var samd i at kyrkja var fin. Nina meinte benkene var rare og vonde å sitja på. Elles hugsa Mette at det var funne skjelett under kyrkja. Rune og Vidar hadde merka seg innskrifta på døra inn til kyrkja, og Rune kommenterte gåvene frå dei rike til kyrkja som den tids sponsing.

Sindre var den einaste som i klare ordelag sa at besøket i kyrkja var kjedeleg. Han nemnde ikkje kyrkja i omtalen sin av turen, og Anne spurde om han ikkje hadde vore i kyrkja. Svaret hans skulle tyda på at dette besøket ikkje appellerte til han:

Sindre: Besøkte me kyrkja?

Anne: Var du ikkje inni Mostrakyrkja?

Sindre: Jo, det var me!

Anne: (Litt latter.) Var det vanskeleg å hugsa igjen om den?

Sindre: Nei, det var så kjedeleg der.

Anne: Ja vel?

Sindre: Me fekk ikkje ein gong lov å snika oss frå ein stol til ein annan.

Anne: Nei vel?


Sindre: Eg gjekk inn den eine og rundt den andre. Drittkyrkja! Dei hadde jo lagt sånn ..., sånn kneippbrød om du skjønner over heile veggen for å få nokre bilde. Brød. Tenk på det!

Sindre gav tydeleg uttrykk for at han opplevde besøket kjedeleg. Grunnen var at han opplevde restriksjonar på den fysiske utfoldinga si. Han markerte likevel at han ikkje let seg stansa av dette, og gav ei sterkt negativ utsegn om kyrkja. Samstundes viste han til at han hadde fått med seg ein viss informasjon. Bruken av kneippbrøda var ein metode for å reinsa kalkmaleria på veggen. Anne var i første omgang ikkje heilt innforstått med kva han meinte, men han forklarte at guiden hadde fortalt om dette ved omvisinga.

Jorid var ei av dei få som nemnde at ho var oppteken av gravene utanfor kyrkja, truleg fordi ein ho kjenner, hadde slektningar som var gravlagde der. Men også Reidun og Vidar nemnde gravene. Også statuane utanfor kyrkja hadde dei alle tre lagt merke til. Mari kalla statuane for 'steinkongane'. Også Reidun, Vidar og Torleif nemnde desse statuane spesielt, men dei hugsa ikkje kven dei var av. Mette, Lillian og Mona nemnde særleg avtalesteinen utanfor kyrkja. Den var det elles fleire andre som hadde lagt merke til. Mari skildra avtalesteinen slik:

Det var eit sånt lite hol i midten, så viss dei skulle gjera sånne avtalar, bøndene, sånn jordstykke eller sånt, dyr eller sånn, så tok dei kvarandre i handa gjennom den steinen.

Bernt framstelte kyrkja slik, då han teikna frå turen til Moster (fig. 5.2.1):



Figur 5.2.1: Teikning av Bernt: Frå Moster

Innhald: Motivet i teikninga til Bernt er to personar som møtest utanfor Moster gamle kyrkje. Bernt har laga ei blyanteikning utan fargar. I midten på biletet ser me ei kyrkje som liknar på Moster gamle kyrkje. Kyrkja har ikkje tårn, men skip og kor. Me ser kyrkja frå to sider. Mot venstre er inngangen. Her er teikna ei dør med to hengsler og ein svart runding som truleg skal førestella handtaket. På døra er det rissa nokre merke. Ved sida av døra heng noko som minner om eit skilt. Det er hengt opp med fire 'skruar', og det står skriva noko på skiltet. Over døra ser me eit stort, rundbogeforma vindauga med tjukk mur. Taket er skravert svart. På sida av kyrkeskipet og koret ser me rutete vindaugo, det største med ni ruter, det andre med seks ruter. Kyrkja ligg midt i eit landskap, omkransa av sjø, fjell med snø på to toppar, ei sol med strålar som kjem opp over fjellkammen, og eit felt som framstiller ein mørk skog. På himmelen ser me to store skyer. Utanfor kyrkja ser me ein veg som går ned til sjøen og ein som går bort til ein brønn. Ned i denne brønnen går det eit reip, som vert drege av ei handsveiv. Truleg kan ein senka ned ei bøtte og henta vatn her. Brønnen ligg til høgre for kyrkja. Til venstre for kyrkja ser me tre gravsteinar og ein kross. På to av gravsteinane står innskifta "R.I.P". Dette tyder "Rest In Peace", fortel Bernt. Han har ikkje sett det på vanlege gravsteinar, men har sett det " ... litt her og litt der". Frå gravplassen går det ei bru ut til

landskapet til venstre. Denne brua går over ei elv, som renn ned til sjøen. Her er det ein kai, nedst i venstre hjørne. Ved denne kaien ligg eit vikingskip. Me ser framparten, med eit dragehovud, fem årar som stikk ut gjennom skipssida og fire ulike skjold langs båtripa. Skjolda er dekorerte med symbol, m.a. sverd og kross. Skipet har også ei mast med eit stripete segl. På seglet er teikna ein stor kross, som skal markera at det var eit kristent skip. Me ser ikkje personar om bord, men Bernt meiner det er ”... nokre kristne eitt eller anna” som kom. Nede i båten sat slavar og rodde. Kvar det er blitt av dei andre vikingane, veit han ikkje. Sjøen er markert med bølger, og langs sjøkanten er det laga eit rekkverk med større og mindre stolpar. Attmed kaien ligg også eit hus, som truleg føresteller eit naust. Framme til høgre på teikninga ser me to personar attmed ein stor kross som står på bakken. Den øvre delen av krossen er dekorert. Den eine personen kneler framfor den andre. Ein av personane kom med skipet. Han er kledd i vikingdrakt, og ber hjelm med to horn på. Han har skjorte og kappe, og belte rundt livet. På beina har han skinnstøvlar med mønster. Han har langt hår og skjegg, og ser mot personen som kneler. I handa held han ein ”... sekk med gull eller eitt eller anna”. Først er ikkje Bernt sikker på kvifor han har dette med, men så seier han at det var pengar til Mostrakyrkja. Personen som kneler har mørkt hår og skjegg og ei kappe med belte kring livet. Han er ein bonde frå Moster.

Form: Teikninga syner evne til perspektivering. Særleg gjeld dette framstillinga av kyrkja, som er teikna frå to sider. Kyrkja er framstelt nokså realistisk og detaljert i høve til slik ho no ser ut. Framstillinga av vikingane er også detaljert. Dei er teikna i profil mot kvarandre, slik at det gjev inntrykk av å vera eit reelt møte. Bernt nyttar her tradisjonelle kodar for vikingklede og utstyr. Det kan såleis vera ein viss divergens i det tidshistoriske mellom det å framstella kyrkja slik ho ser ut i dag og møtet mellom vikingane. Truleg såg kyrkja noko annleis ut på den tida, men hovudelementa er truleg dei same. Innskrifta på gravsteinane og framstillinga av brønnen vitnar også om at Bernt hentar kodar frå andre epokar. Innslaget med vikingskipet ved sjøen er med på å styrkja inntrykket av at teikninga skal skildra ei hending tilbake i vikingtida. Landskapet og sola i bakgrunnen er enkelt framstelt, og dannar ei kulisser. Det gjev inntrykk av harmoni. Kyrkja er teikna i midten, og dannar eit tydeleg sentreringspunkt. Dei ulike elementa synest vera godt tilpassa i høve til dette, slik at teikninga viser ein god heilskap. Teikninga inneheld mange detaljar, men dei synest vera godt avstemte i høve til kvarandre når det gjeld proporsjonar. Av symbol er det krossen me finn att i ulike variantar, men også vikingskipet og utsjånaden og utstyret til vikingane viser kjennskap til tida. Markeringa av sola gjev ei viss oppfatning av det lyse og harmoniske. Bruk av blyantteikning utan fargar gjer at dei ulike elementa kjem tydeleg fram.

Konklusjon: Kristninga på Moster er framstelt i eit harmoniparadigme. Denne teikninga viser eit situasjonsbilette frå Moster etter at kyrkja var bygd. Kristendommen måtte dermed ha vore der ein del år. Samstundes er det element som peikar mot vikingtida. Det er såleis ei viss overlapping i kronologisk tid. Bernt syner god evne til komposisjon i teikninga. Han nyttar perspektiv, og får dermed fram at me ser kyrkja frå to sider. Han har med mange detaljar, og syner stor nøyaktigheit.



Figur 5.2.2: Teikning av Grethe: Frå Moster

Innhald: Motivet i teikninga til Grethe (fig. 5.2.2) er Mostrakyrkja og kyrkjegarden. Øvst på arket står det 'Moster'. Dette er med på å understreka tilknytninga til staden. Me ser store delar av ei kyrkje til høgre i biletet. Kyrkja har dør med handtak. Attmed døra er det ei ringeklokke. I ettertankens tid seier Grethe i samtalen at ho ikkje skulle ha laga ei 'dingeklokke' der. Ho ser no at dette kan verka altfor moderne. På kyrkjeveggen er det to vindaugo. Det eine har rundbigestil og er farga blått, det andre er firkanta og farga raudt. På veggen heng ein kross. Oppe i tårnet står ein person og ropar "Hei". Attmed slår kyrkjeklokka "ding, dong". På kyrkjegarden er det mange graver. Det kjem ei kvinne som seier "Her var det mange folk". Truleg meiner ho då alle gravene. Utanfor kyrkja ser me ein biskop med oransje kappe, krossmykke og ei bispehue eller hatt med ein kross på. Attmed står ei kvinne som spør "Hva

skjer her, biskop?” Biskopen svarar ”Hei, Bla, bla, bla...” På biletet ser me også ein stor stein med eit hol i. Denne steinen var slik at ein kunne stikka sverdet gjennom saman med ein eller annan, for å gjera ein avtale, fortel Grethe. På biletet ser me også ein haug med ein kross. Dette skal truleg forestella Vetahaugen. Det ser ut til å vera fint ver, for sola skin.

Form: Vegger og tårn i kyrkja er markert med skeive strekar. Dette kan vera på grunn av at Grethe ikkje har vore så nøyen med å laga rette liner, men det kan også vera gjort for å markera at ei gammal kyrkje kanskje ikkje har så rette vegger. Måten døra og vindaugo er laga på, kan likevel gje inntrykk av ei viss stilblanding, der Grethe hentar symbol eller kodar frå ulike tidsepokar. Måten døra og kyrkjeklokka er markert på, viser også at det ikkje er noko realistisk framstilling av kyrkja slik ho ser ut i dag. Me veit ikkje kva epoke Grethe tenkjer på. Det at ho teiknar inn ein biskop, talar for at ho vil understreka den sentrale funksjonen hans ved kyrkja. Bruken av symbola med avtalesteinen og krossen på Vetahaugen tyder også på at det sentrale er å få fram staden Moster. Tre av figurane er framstelte i frontal, den fjerde i profil. Nokre av personane har store hovud i høve til resten av kroppen, og nokre av personane er enkelt framstelte. Framstillinga av gravene på kyrkjegarden verkar også noko enkel. Kanten som markerer overgangen mellom gravplass og himmel er forma som ein boge. Dette gjev inntrykk av at kyrkja står på ein haug.

Konklusjon: Teikninga framstiller kyrkja og kristninga på Moster i eit harmoniparadigme. Motivet på biletet viser at kristendommen har gjort inntog på Moster. Korleis dette skjedde, veit me ikkje ut frå denne teikninga. Me ser bruk av krosssymbolet, avtalesteinen, gravsteinar og kyrkja. Me ser også at Grethe flettar inn ulike epokar, og at ho nyttar fantasien til å teikna inn moderne element som heller ikkje finst ved kyrkja i dag. Grethe er sjølv ikkje sikker på kva for tidsepoke det er ho har framstelt. Ho meiner likevel at det ikkje er slik det no er, ” ... det var litt gamlare”, som ho formulerer det.

Gjennom intervjuet og teikningane kjem det fram at barna har festa seg ved mange ulike detaljar i kyrkja. Det er i stor grad slike moment som guiden nemnde i innleiinga si, men me ser at barna har ’fargelagt’ dei med eigen valør. Det sanslege og opplevingsmessige i form av lukt og farge skulle tilseia at dette var ei kroppsleg erfaring som har gjort inntrykk. Atmosfæren synest å vera viktig. Teikningane viser også tydeleg tilknytning til staden Moster.

Som eg har vist til i kapittel 3.3, vert det ofte lagt vekt på gjenstandar og stader i fortidsopplevinga. Slik også her. Framstillinga til guiden var prega av å orientera om dei mest kjende gjenstandane i kyrkja, og dette såg ut til å fascinera barna til ein viss grad. Det vart også orientert om ordninga for gudstenesta og litt om dei gruppene det var laga særordningar

for, i positiv eller negativ tyding, som t.d. futen, eller kvinnene som hadde fødd. Her prøvde ein å få barna til å forstå litt av 'det indre livet'. Men barna deltok ikkje i noko form for ritual med song, vandring etc., slik ein t.d. prøvde i Bergensprosjektet. Barna reflekterte lite over stil og tidsepoke. Me finn også døme på at barna oppfattar kyrkja som mykje yngre enn ho i realiteten er. Det kan handla om at forståinga av 'gamle dagar' er noko diffus. Barna synest likevel å ha fått med seg at det fanst ein del reglar for fellesskap og deltaking i kyrkja. Hierarkiet som utvikla seg, t.d. i form av ulike gåver og tildeling av sitjeplassar, hadde dei også merka seg. Det liturgiske kommenterer barna i liten grad, men mange har lagt merke til bileta på veggene.

5.3 Vetahaugen

Like i nærleiken av kyrkja finn me ein haug med ein stor steinkross. Denne haugen kallast Vetahaugen, og er eit kjent landemerke på Moster. Krossen vart avduka av kong Haakon V i 1924 til minne om Mostratinget og Kristenretten frå 1024. Utsikta frå Vetahaugen inspirerte m.a. Ragnhild Randal til å tenkja seg korleis Olav Tryggvason kom innover havet og til Moster i 995. Her ser me ein av påverknadsfaktorane til Mostraspelet. Men i kva grad synest barna å oppfatta denne samanhengen? I liten grad, vil eg seia. Sjølv om mange nemnde turen opp til Vetahaugen og krossen, var det få som kjende til kvifor denne krossen var reist der. Vetahaugen vart helst hugsa for den fine utsikta. Martin og Mari var av dei få som også sa at krossen på Vetahaugen vart reist til minne om at kristendommen kom til landet. Vidar derimot knytte Vetahaugen til ei søge om Sterke-Per, som bar ei steinbør opp dit, og dette høyrdest fascinerande ut. Turen opp til Vetahaugen fungerte som ein fottur for elevane, der dei fekk sjå utover, og der dei åt maten sin. I liten grad vart denne lokaliseringa nytta til vidare refleksjon, og symbolikken med steinkrossen vart lite teken opp av barna i etterkant. Krossen på Vetahaugen er eit sentralt motiv i teikninga til Jon (fig. 5.3.1).



Figur 5.3.1: Teikning av Jon: Kongen kjem til Moster

Innhald: Motivet i teikninga til Jon er då kongen kom til Moster. Teikninga viser to skip som kjem langs fjorden. Bak ser me høge fjell. Jon fortel at han såg slike fjell då han var på Moster. Til venstre ser me ein mindre fjelltopp, kanskje på ei eiga øy. Her står ein stor, brun kross. Jon seier at det er den krossen dei såg på haugen på Moster, dvs. Vetahaugen. Me ser blå himmel og ei sol med tydeleg markerte strålar. Det er også teikna inn to skyer på himmelen. Det er sterk vind, fortel Jon. Skipa er brune, og har mast med brunt segl på. Skipa vert rodde med seks par årar. Om bord ser me tre-fire personar i kvar båt. Dei som står framme, er kongar, fortel Jon. Oppe i fjellsida ser me nokre personar som står og vinkar. Jon meiner at dei ikkje vil ha dei andre til lands. Han meiner at dei jagar vikingane vidare. Han hugsar ikkje om det gjekk slik at dei andre kom seg til lands. Me kan også så vidt skimta eit lite, brunt hus. Dette er kyrkja på Moster.

Form: Teikninga er prega av få, men sterke fargar. Himmelen og fjorden er farga blå, medan sola er gul. Elles nyttar Jon fargane svart og brunt. Dette fører til at fjella, krossen og hav og himmel verkar noko dominerande. Personane er teikna som små strekfigurar, eller fyrstikkfigurar, som er vanskelege å få auga på. Jon fortel at båtane er på veg til lands. Dei er teikna attmed kvarandre, men ikkje heilt på same basisline. Dette gjev eit visst inntrykk av

'liv' i teikninga, eller kanskje at det er uroleg på sjøen. Teikninga til Jon er enkel når det gjeld komposisjon og fargebruk, noko me ser både av landskapsskildringa og personschildringa. Proporsjonane kan verka noko uvanlege, med ein svært stor kross på eit lite fjell og med ei lita kyrkje oppe i fjellsida. Slik fangar krossen merksemda på ein særleg måte.

Konklusjon: Møtet på Moster er framstelt i eit visst konfliktparadigme, i og med at vikingane ikkje er velkomne til lands. Krosssymbolet og kyrkja tyder på at kristendommen er komen til landet. Det kan såleis vera ein viss divergens mellom dette og det at dei som er på land, jagar vikingane vidare. Dette tyder på ei viss overlapping av det tidshistoriske. Krossen på Vetahaugen synest vera sentral for Jon.

Den som kanskje tydelegast får fram eit 'oversiktsbilete' over Moster, med Vetahaugen, kyrkja og då kongen kom, er Rita (fig. 5.3.2).



Figur 5.3.2: Teikning av Rita: Frå Moster

Innhald: Rita har teikna då det kom kristne med eit vikingskip til Moster. Midt på biletet ser me eit stort vikingskip som kjem innover ein blå fjord. Skipet kjem frå høgre, og er teikna frå sida. Skipet har sju par årar som stikk ut langs skipssida, og langs båtripa ser me sju skjold. Skipet har ei høg mast med ein stor kross øvst. Skipet har eit stort, kvitt segl med raude,

loddrette striper. På framstammen ser me eit dragehovud, og i akterstammen er det ei utskjering, forma som ein spiral. Framme på skipet står ein mannsfigur med skjegg og noko svart på hovudet. Framfor seg løftar han ein stor kross. Rita hugsar ikkje heilt kven denne mannen var. Bak i skipet er det også ein stor kross. Desse krossane markerer at dei som kjem med skipet, har ei kristen tilknytning. I framgrunnen ser me ein grøn bakke, og til venstre i biletet ein stor kai med brune stokkar. Skipet skal leggja til ved denne bryggja, fortel Rita. Framme i biletet ser me nokre personar. Til venstre ser me ei dame og ei jente. Dama har langt, mørkt hår, ein blå og raud kjole med belte kring livet, og i handa ber ho ei stor korg. Me ser kvinna i profil, frå venstre. Det verkar som ho er på veg bortover. Bak henne ser me ei jente, også ho i profil. Jenta har mørkt hår og raud kjole. Også ho ber ei korg. Noko lenger bak desse kjem endå ei kvinne og ei jente. Dei er også framstelte i profil, slik at det ser ut til at dei går same vegen som dei andre. Kvinna har langt, mørkt hår og ein grøn kjole. Jenta har også mørkt hår, og ho har raud kjole. Begge ber kvar si korg. Til høgre for desse i biletet står ein ung gut. Han er framstelt i frontal, med gul skjorte og bukse og oransje kappe. I handa held han ei gryte. Guten har svart, spiss hue. Augo og munn er markerte tydeleg. Rita fortel at dei som har med seg korger og gryte, er på veg til skipet med mat. Ved sida av guten står to personar. Rita hugsar heller ikkje kven desse personane var. Dei er framstelte i profil, med andleta mot kvarandre. Dei handhelsar. Det kan tyda på at dei møtest som vener, eller at dei har gjort ein avtale. Av kleda ser dette ut til å vera to sentrale personar. Begge har gule kapper. Den venstre av dei har lilla klede under kappa, den andre har raude klede. Begge har svart skjegg og svart hue på. Øvst på teikninga ser me eit mørkt landskap, men ei stor sol med lange strålar over bakkekammen får landskapet til å verka lyst. Me ser litt av blå himmel. Til venstre i landskapet ser me to tre, med brune stammar og grøn trekrone. Tilsvarande to tre er laga til høgre i biletet, i nærleiken av ei kyrkje. Over kyrkja ser me ein haug med ein kross. Dette er truleg Vetahaugen. Kyrkja er sett frå sida. Ho er delt i to om lag like store delar, markert ved ein loddrett strek. Kvar av delane har eit rektangelforma tak som er skravert svart. Veggene på kvar del av kyrkja er kvite og har to vindaugo. Tre av vindaugo er delte inn i fire ruter, det fjerde vindauga er todelt. Til høgre for kyrkja er markert noko som truleg skal bety ei dør. Rita kommenterer at ho ikkje fekk til å teikna kyrkja slik ho ville. Kanskje ho tykte det var vanskeleg å få til ein kopi av den noverande Mostrakyrkja. Rita hugsar ikkje kven som kom med krossen, men ho understrekar at han kom med fred. Eg tolkar det difor slik at ho ser dette møtet i eit harmoniperspektiv. Rita fortel at ho har henta idear til utforminga av symbola på vikingskipet frå bladet Asterix. Det tyder på at ho nyttar seg av symbol frå teikneseriar og flettar dei inn i teikninga si.

Form: Dei fleste menneska er teikna i profil. Teikninga har eit visst preg av realisme, i og med at det er lagt vekt på drakter og utstyr knytt til vikingtida. Særleg vikingskipet er forseggjort med mange detaljar. Storleiken tyder på at dette skipet har ein viktig funksjon. Skipet dannar eit senteringspunkt i biletet. I landskapet elles er det lite detaljar. Det tyder på at landskapet meir må forståast som ei kulisse for hendingane. Me ser visse forskyvingar når det gjeld tidsforståinga. Vetahaugen er markert med ein kross. Mostrakyrkja har også eit visst nyare preg, med vindaugo. Dei mange krossymbola tyder på at Rita vil understreka kristendommen sitt inntog til Moster. Ho prøver likevel å setja denne hendinga inn i ein kvardagssituasjon, med kvinner og barn som kjem med mat, og høvdingar som helsar på kvarandre. Fargebruken er variert og samstemt. Den lilla drakta til ein av mennene skil seg ut frå dei andre fargane. Sameleis merkjer dei grønne trekronene seg ut. Når det gjeld komposisjon, dannar trea to grupper. Også personane er plasserte gruppevis, noko som framhevar handlingspreget i teikninga. Me ser ei viss tredeling i teikninga, der personane er plasserte på ei basisline nedst på teikninga, deretter ser me vikingskipet og kaien på ei midtline, og øvst på teikninga ser me ei fjellrekkje som dannar ein bakgrunn. Dette gjev eit visst romperspektiv.

Konklusjon: Rita framstiller då kristendommen kom til Moster i eit harmoniperspektiv. Me ser ingen teikn til motstand eller motsetnader. Innbyggjarane ser ut til å vera positive, i og med at dei går mot skipet med mat. Det sentrale motivet er krossen og den kristne trua. Me ser ei viss samanblanding når det gjeld element frå ulike tidsepokar, men som tematisk høyrer saman.

5.4 Moster kyrkjarahistoriske senter

I 1995 vart det opna eit kyrkjarahistorisk senter i tilknytning til Moster Amfi. Etter intensjonane skal dette ikkje vera eit museum, men eit opplevingssenter.⁴ I dette ligg truleg at det ikkje er meininga å ha ein del gamle gjenstandar som fungerer som 'døde ting', men at publikum skal engasjerast, både med tankar og kjensler. Denne intensjonen kjenner me att frå tenkinga innan museumspedagogikken dei seinare åra. Det kan difor verka noko underleg å operera med eit slikt skilje mellom museum og opplevingssenter.

Fagleg ansvarleg for den permanente utstillinga *Frå heidendom til kristendom* i senteret er professor Gro Steinsland, Universitetet i Oslo.⁵ Utstillinga er bygd opp rundt tre viktige nøkkelsymbol: Treet, kjelda og steinen. Desse symbola skal binda saman dei to delane

⁴ Morten Eriksen, leiar i stiftinga "Kyrkja i Norge 1000 år". Jfr. Informasjonsavisa "Sommar på Bømlo" 1995:3.

⁵ Utstillingsleiar og scenograf er TorunnValderhaug.

i utstillinga, heidendom og kristendom.⁶ Utstillinga er laga som ei vandring inn i og mellom ulike verder. Først møter me gudane og maktene i Åsgard og Utgard, deretter trør me inn i menneskeverda, Midgard. Delen som presenterer heiddommen, er bygd opp rundt sirkelforma. Me får ei framstilling av Midgardsormen og av dei mest kjende norrøne gudane. Vidare syner utstillinga korleis kvardagslivet på garden var i vikingtida (menneskeverda). I den andre delen, med vekt på kristendommen, vert det vertikale understreka, det som peikar oppover. Her møter me kongemakt og presteskap. Me møter også element frå messe og Kristenrett.

Treet representerer først verdstreet Yggdrasil, som hentar næring frå *kjelda* Urds brønn. Vidare er tuntreet symbol på sentrum i gardssamfunnet. I kristendommen møter me kunnskapens tre. Me møter også ulike krossar som symbol på Kristi kross. Døypefonten vert no symbolet på den levande kjelda. *Steinen* er representert ved runesteinen, som i dei to delane av utstillinga kan ha ulike innskrifter og ulik bodskap.

I høve klasseturen i juni 1998 var det ikkje gjort noko særleg førebuing med tanke på å vitja utstillinga, men ein valde likevel å ta turen dit. Ein lokal guide hadde ei kort innføring då barna kom inn i utstillingshallen. Som me skal sjå, hadde likevel barna vanskar med å oppfatta symbolikken i utstillinga.

Kanskje framstillinga til Iris kan illustrera litt av det barna hadde fått med seg. Det er viktig å vera klar over at skildringane deira kom ca. tre månader etter besøket. Iris formulerer møtet med utstillinga på Moster på følgjande måte:

Iris: Eg hugsar ikkje heilt kva det huset heitte, men der inne så sette dei på ein sånn, nettså musikk. Dei hadde laga sånn gjennomsiktig golv, og så var det ein sjøorm der. Og så var det ei sånn dame som sat der og babla i vei ... ,

Anne: Mmm.

Iris: ... og så fekk me sjå Tor og sånn, og gudane.

Anne: Ja.

Iris: Og så var det nettså ønskebrønn der, der dei slapp pengar nedi ... ,

Anne: Ja.

Iris: ... viss dei hadde pengar med seg, og så av og til når det var sånne store sjuandeklassar, så var det nokon som kom ut igjen med våte armar, for dei hadde vore nedi dammen, og nokre av dei hadde teke pengar derfrå.

Anne: Ja, ja, riktig.

Det er interessant å sjå kva Iris har lagt merke til ved denne utstillinga. Kanskje er det slik at barn og unge legg mest merke til det som er effektfullt, og at dette er grunnen til at dei som

⁶ Jfr. informasjonsheftet om utstillinga, s 8.

har laga utstillinga, vel slike verkemiddel? Me ser at både visuelle og auditive verkemiddel appellerer til Iris. Denne bruken av det fascinerande og eksotiske har me sett pregar mange utstillingar. Eg vil kalla det ei tru på multimediaeffektar; dette å nytta ulike verkemiddel for å fanga mange sansar samstundes. Lydeffektane var både det Iris kalla 'nettså musikk' og det ho samanlikna med 'babling'. Det tyder på at ho ikkje har oppfatta melodiar eller tale i tradisjonell forstand, men eit lydbilete som skal gje ei totaloppleving eller skapa ei atmosfære av noko uvanleg.

Iris har også tydeleg ei viss beundring for historia som blei fortalt av guiden om 'vågale', store sjuandeklassingar som gjer det dei ikkje burde, nemleg å forsyna seg av ønskebrønnen ved utgangen av lokalet. Det var ingen av barna i undersøkinga mi som reflekterte over at denne brønnen skulle førestella Olavskjelda. Her ser me ei forskyving frå det som truleg var den tilsikta symbolikken, med bøn om helse og frelse, til ein meir moderne variant av onkel Skrues lukkeskilling, der me kan ønskja oss verdsleg rikdom. Mange nemnde ønskebrønnen, eller lukkebrønnen, i intervjuet om hausten. Barna festa seg mest med det å leggja pengar oppi, slik dei kanskje kjenner det frå andre samanhengar. Difor opplevde dei ein viss fascinasjon i dette at somme prøvde å ta nokre av myntane som vart lagde nedi.

Me merkar oss også at Iris kalla det som skulle førestella Midgardsormen for 'sjøormen'. Kanskje dette ikkje er så uventa samanlikning, sidan me i vår tid høyrer om slike, t.d. i Seljordsvatnet og i Loch Ness? Denne Midgardsormen låg under ei glasplate med det same me kom inn i utstillinga, og svært mange hugsar dei var redde å trø på plata og falla ned. Denne spenningseffekten var truleg tilsikta av dei som hadde laga utstillinga, og gav god utteljing.

Haldis såg ut til å hugsa lite frå besøket i utstillinga. Det einaste var at det var "... sånne forskjellige dokker" der, og at dette var gøy. Ho hugsar at den eine dokka snakka, fordi dei hadde lagt inn ein maskin i ho, men ho hugsar ikkje kva ho sa. Vidare hadde ho lagt merke til nokre dokker som skulle førestella slike som sat og åt. Det å laga kopiar av menneske i kvardagssituasjonar ser dermed ut til å fungera. Dette kjenner me m.a. att frå utstillinga i York. Haldis hadde fått med seg at dei trudde på Odin og Tor. Dermed har utstillinga fått fram noko om livstolkinga, dette å kopla gudebileta saman med livsoppfatninga til menneska.

Fleire kommenterte at dei likte lydeffektane. Dei var stilige, sa Gunn. Men Grethe meinte at dette var masing, og Elin meinte at dama snakka på ein ekkel måte. Det er nokre som veit at dama som snakka, skulle førestella ei volve som spådde om framtida.

Elles kommenterte mange slangen i golvet, som såg ut til å fascinera. ”Denne gjekk rundt heile jorda, eller noko sånt”, meinte Inger. Også Reidar trekkjer fram Midgardsormen. Denne slangen vert også kalla ’dragen’.

Når det gjeld framstillinga av gudane og maktene, syntest oppfatningane å vera noko ulike. Barna er ikkje sikre på om det var Odin eller Tor dei såg. Sondre nemnde at utstillinga viste dei norrøne gudane, men han sjølv var skeptisk til om det verkeleg var slik.

Sondre: Ja, då såg me jo sånn ... Eg veit ikkje heilt kva dei heitte, men der var det jo masse sånt løye då ...,

Anne: Ja.

Sondre: ... sånn at ..., om det har skjedd på jorda, det er eg ganske usikker på, for det var jo litt om dei norrøne gudane.

Anne: Mm. Ja.

Sondre: Men elles så ..., så var det jo veldig fint.

Sondre hadde vanskar med presist å skildra kva han såg inne i utstillinga. Her brukar han uttrykket ’løye’. Dette er eit dialektuttrykk som kan ha ulike tydingar, som t.d. at noko er morosamt eller at det er rart i tydinga underleg eller artig. Eg forstår Sondre som at han brukar ordet i den siste tydinga. Han fortel ikkje direkte kva han meiner utstillinga handlar om, men han viser til dei norrøne gudane. Dette får han til å stilla spørsmål med autensiteten til utstillinga. Slik eg tolkar Sondre, har han her refleksjonar i eit metaperspektiv. Han stiller ikkje spørsmål ved i kva grad eventuelt vikingane kunne ha tenkt seg det slik, og at utstillinga skal førestella kva dei kunne ha tenkt. Han stiller spørsmål ved om i kva grad utstillinga framstiller det ’slik det verkeleg var’. I følge Sondre er han i tvil om at det som utstillinga viser, med gudar og makter, verkeleg er uttrykk for noko reelt eller autentisk, all den tid han sjølv truleg meiner at dei norrøne gudane ikkje har eksistert i verkelegheita. Han oppfatta truleg utstillinga som ein presentasjon, eller ein kopi, av ein reell, objektiv tilstand, og dette stiller han altså spørsmål ved. Han er ikkje sikker på ” ...om det har skjedd på jorda”, dvs. om dette er uttrykk for fakta. Løysinga hans synest å hella mot at det er ein fiksjon. Han konkluderte med at utstillinga var fin. Her synest han å ha frigjort seg frå kravet om fakta og sanning, og går over i estetiske vurderingar. Me kan kanskje formulera det slik at Sondre meiner utstillinga av gudane er fin, men ikkje ’sann’.

Vikinggrava i utstillinga er det få som kommenterer. Jorid fortel at ho hugsar ein gravlagd mann. Det var også få som gav tydeleg uttrykk for at utstillinga var bygd opp om ulike epokar eller fasar i utviklinga, utanom Odd. Han hadde festa seg ved at overgangen til kristendommen var markert med ei bru, og at dei liksom kasta dei gamle gudane i elva. Sidan

møtte dei prestar og biskopar, fortel Odd. Det var også få som kommenterte kongane som var avbilda.

Kva totaloppleving hadde så barna av utstillinga? Fleire kommenterte dette med formuleringar omkring lukt, lyd og fascinasjon. Vekta på oppleving synest dermed å fungera godt i møte med barna. Frida sa at ho opplevde det som "... litt skummelt", men dette uttrykket forstår eg som at opplevinga var meir spennande enn angstfylt. Figurane vert forklarte som dokker eller utstoppa figurar eller menneske. Ein del har likevel uklare førestellingar om desse figurane. Rita meinte at dei såg ekte ut. Det kan tyda på at kopiar gjev ei viss oppleving av autensitet. Somme hadde merka seg kvardagsmenneska, og nokre få nemnde kongane. Kven som vert oppfatta som 'hovudpersonar', varierer. Det var også fleire som sa at dei ikkje hugsa så mykje frå denne utstillinga. Det kan tyda på at barn på mellomtrinnet har lite utbyte av utstillinga som sjølvstudium. Kanskje ville det fungert betre om dei gjekk åleine, enn no når klassen var saman?

Dei tre nøkkelomgrepa som utstillinga er bygd opp av, finn me lite att i forteljningane til barna. Eg vil tru at dette har med førebuinga å gjera, men også med måten utstillinga blei presentert på av guiden. Avstanden i tid mellom turen og intervjuet har også mykje å seia. Utstillinga er lagd opp til å vera sjølvinstruerande, med forklarande tekstar og plakatar undervegs. Dette trur eg fungerer dårleg for barn. Det beste synest vera om ein forteljar følgjer barna i mindre grupper, og hjelper dei med å forstå symbolikken. Her skulle det vera eit potensiale for utvikling. Eg vil seia at nettopp denne utstillinga prøver å fanga inn ulike dimensjonar av kulturen, både det mytisk-religiøse, det historiske og det estetiske. Utstillinga er så rik på symbolikk at ein bør velja ut nokre få fokus om gongen. I undersøkinga mi meiner eg å ha fått fram kva barn på mellomtrinnet festar seg ved. Som me har sett, handlar det meir om atmosfære enn om detaljar. Konklusjonen min er at barna hadde vanskar med å oppfatta endringane i livstolking, frå det sirkulære til det kronologiske. Her bør ein setja av tid til refleksjon og samtale.

Denne turen til Moster våren 1998 ser ut til å vera ei viktig referanseramme for det vidare arbeidet i sjette klasse med temaet om kulturskiftet. Elevane har vore på plassen og lokalisert hendingar. Dei har sett gjenstandar, og dei har opplevd ein viss atmosfære. Dagen vart avslutta med ein tur på stranda, med tid til leik og grilling. Hovudinstrykket var at barna syntest dette var ein fin dag og ein god motivasjon for vidare arbeid med temaet.

5.5 Barna teiknar: Då Olav Tryggvason kom til Moster

Som eg har nemnt, fekk barna i etterkant av turen i juni i oppgåve å teikna då Olav Tryggvason kom til Moster. Barna løyste denne oppgåva på noko ulik måte. Eg har samla i alt 25 teikningar. Dei fleste framstiller då kongen kom til Moster. Nokre få skildrar eit generelt vikingangrep, og tre framstiller i hovudsak Moster kyrkje. Slik eg vurderer teikningane, framstiller fleirtalet (15) dette møtet i eit harmoniperspektiv, medan ei framstiller det i eit overtydingsparadigme og ni i eit konfliktparadigme. Slik eg tolkar teikningane, har dei aller fleste jentene eit harmoniperspektiv, medan konfliktperspektivet er sterkare framme hos gutane. Dette samsvarar med undersøkingar eg har vist til i kapittel 3. I kapittel 9 kjem eg attende til ein nærare presentasjon av desse ulike måtane å framstella kongens kome til Moster på. Dette prøver eg å sjå i lys av korleis barna elles forstår kulturskiftet.

5.6 Prosjektarbeid om vikingtida

I byrjinga av november 1998 starta klassane med introduksjon til vikingtida og temaet om kulturskiftet. Om hausten skulle dei ha om vikingsamfunnet generelt. Her skulle dei arbeida ut frå prosjektmetoden gjennom 3-4 veker. Prosjektarbeida skulle presenterast i klassen i slutten av november. Om våren skulle klassane gå nærare inn på religionsskiftet.

Det var først ei felles innføring i klassane, med vekt på å få fram tidsepoken, og kva som var viktige kjenneteikn. Her vart det brukt tidslinje for å få fram det kronologiske. Vikingtida vart definert til perioden ca. 850 – 1050. Klassane nytta diverse læreverk, oppslagsbøker og CD-rom. Barna hadde allereie mange assosiasjonar til vikingtida. I tillegg til samtale om emnet, vart det også i klasse X nytta fantasireise. I klasse Y nytta dei også tilvising til internett (t.d. *The Viking Network*), men sidan skulen på denne tida ikkje hadde slik tilknytning, var det lærar Lars som hadde med stoff. Eg følgde også klasse Y i musikktimen, der dei prøvde å dramatisera vikingtida ut frå nokre stikkord.

Poenget med prosjektarbeidet var at barna sjølve kunne velja kva dei ville arbeida med, og dei kunne sjølv velja samarbeidspartar. I klasse X var det to grupper som valde mat og klede, to grupper valde vikinggarden og to grupper valde vikingtokt og våpen. Her varierte det mykje kor raskt dei kom i gang, og kor mykje hjelp dei trong frå lærar Turid. Ho presiserte at barna sjølve kunne velja arbeidsmåtar og presentasjonsformer, og at dei skulle laga ein arbeidsplan. Det varierte noko i gruppene kor fort samarbeidet kom i gang.

Også i klasse Y fekk elevane sjølve velja kva dei skulle jobba med. Ein gut ville arbeida med leik og idrett, to grupper ville arbeida med modell av vikinggarden, ei gruppe om

mat og klede og ein gut ville ha om våpen. Ei jente arbeidde med vikingskip. Ei gruppe ville laga skodespel om kvardagslivet i vikingtida. Denne siste gruppa følgde eg nærare i observasjon gjennom fleire økter.

Dei aller fleste gruppene samarbeidde godt. I nokre grupper oppstod det konfliktrar i forhold til kva dei skulle jobba med. Her måtte klassestyrarar inn og mekla. Ansvar til klassestyrar var å leggja til rette utstyr og vera tilgjengeleg for spørsmål. Klasse Y hadde fleire grupper som var på sløydsalen, og ei relativt stor gruppe valde dramatisering. Også i klasse X hadde dei formingsaktivitetar av ulikt slag. Nokre brukte oppslagsverk når dei skulle utforma vikinggarden, klede, våpen etc. Det vart i liten grad nytta tid til omfattande lesing av teoristoff. Dette stoffet såg ut til å vera 'inne', og barna la no mest vekt på å gje form på, eller uttrykk for dette. I prosjektarbeidet såg det såleis ut til at reproduksjon og delvis nyskaping hadde størst plass. Mange av barna var opptekne av at framstillinga måtte vera i tråd med fagbøker. I liten grad vart det nytta nye symbol. Her skilde Frankenstein-figuren til Sondre seg ut (sjå kap. 9.4).

Kvardagsliv i vikingtida fekk stor plass. Dette kan seiast å vera i tråd med endringar i synet på historie generelt. Eit velkjent symbol som vikingskipet var det svært få som konsentrerte seg om (unnateke Mari). Klassane fekk likevel sjå ein film om vikingskip. Til tider hadde barna urealistiske forventningar til kva dei kunne makta å gjennomføra når det galdt å laga utstyr, t.d. matkorger. Her måtte dei få hjelp av lærar til å forenkla og å 'fira på krava'. Truleg hadde dei bestemte tankar om autensitet som ikkje let seg oppfylla. Barna såg ut til å trivast svært godt med å bruka hendene. Dette samsvarar godt med den vekta barna la på kunst og handverk av fag dei lika. Sjølv om det oppstod nokre små arbeidsuhell undervegs med ting som vart øydelagde, var det mange stolte elevar som viste fram arbeida sine i klassane. Her hadde dei også dramatisering. Konklusjonen min er at det vart gjort for lite ut av denne presentasjonen. Kanskje kunne dette vore vist fram for begge klassane samstundes? Det kunne ha vorte laga ei større utstilling, t.d. i mediateket, som også kunne vore open for dei andre elevane.

I samtale med lærarane kom det fram at dilemmaet deira i prosjektarbeidet var forholdet mellom eit felles kunnskapsgrunnlag og det at den einskilde fekk velja eige interessefelt. Lærarane var opptekne av at det burde vera eit visst felles grunnlag, men dei meinte at dette var vanskeleg å realisera.

Hovudintrykket mitt er at elevane var aktive og interesserte i prosjektarbeidet, sjølv om innsatsen kunne variera. Størst vekt vart lagt på den historiske dimensjonen og på det estetiske. Når det galdt det historiske, syntest barna å leggja vekt på faktakunnskapar om

vikingtida, og å kopiera 'bilete' dei hadde av perioden. Det vart lagt stor vekt på symbol knytte til kvardagslivet på garden. Berre dramagrappa fletta også inn det religiøse perspektivet i form av t.d. bordbønn. Her nytta dei ei kjend, kristen bordbønn som modell, men bytte ut Jesus/Gud med Odin.

Gjennom ulike figurative uttrykk prøvde barna å gje form til vikinggarden, mat og klede, våpen og ulike leikar. Her la dei vekt på ei naturalistisk skildring. Dei prøvde lite ut nye symboluttrykk.

5.7 Oppsummering

Eg har no presentert inntrykk frå barnas møte med temaet gjennom to sentrale arbeidsmåtar i grunnskulen, nemleg bruk av ekskursjon til lokalmiljøet og prosjektarbeid. Ved bruk av ekskursjon til Moster kjem det fram at lokalisering, gjenstandar og atmosfære vert sett på som viktige element i kulturmøtet. Både den mytisk-religiøse, den historiske og den estetiske dimensjonen vart fletta inn. Opplevingane og refleksjonane til barna omkring dette varierer, men dei gjev sjølve uttrykk for at turen til Moster var positiv. Forskinga til m.a. Danbolt og Enerstvedt har vist at førebuingskomponenten er viktig. I undersøkinga mi hadde lærarane tilgjengeleg eit hefte om Mostrakyrkja, og nokre av lærarane var personleg godt kjende i området. Når det galdt utstillinga, var derimot barna lite førebudde. Dei makta i liten grad å fanga opp dei tre hovudsymbola som utstillinga er bygd opp omkring. Dette fekk dei, så langt eg oppfatta, også lite hjelp av guiden til å forstå. Derimot ser det ut til at mange av barna fekk med seg moment som guiden i kyrkja la vekt på. Eg er difor samd med m.a. Danbolt og Enerstvedt at fagpersonar har ei viktig rolle. Samstundes har eg forstått det slik at mykje av opplegget på Moster er utvikla i nært samarbeid med nettopp lærarar i grunnskulen. Eg vil difor ikkje markera så stort skilje her mellom partane, men trur heller at dei utfyller kvarandre.

Også opplevinga av prosjektarbeidet vert vurdert positivt av barna. Her fekk dei gjera eigne val, og skaping og medskaping stod sentralt. Medan skulen i ekskursjonen til Moster fokuserte på lokaliseringa til ein historisk stad, la ein i prosjektarbeid vekt på generalisert kunnskap om vikingtida. Dette prøvde ein å konkretisera i diverse produkt. I prosjektarbeidet vart den historiske og den estetiske dimensjonen understreka. Når det gjeld historiedimensjonen i prosjektarbeidet vil eg seia at fortidsperspektivet kom tydeleg fram, medan framtidimensjonen kom lite fram. Lærarane vurderte prosjektarbeid som viktig, men trekkjer også fram dilemmaet med kor mykje nytt fagstoff dei ulike elevane har lært. Dei er

usikre på kor mykje vekt det skal leggjast på fellesstoffet, og spør seg kva barna eigenleg veit om vikingsamfunnet. Det kjem eg attende til i kapittel 6.

Kapittel 6

Barna i møte med vikingsamfunnet

I dette kapitlet presenterer eg eit oversiktsbilete over barnas møte med vikingsamfunnet. Eg set fokus på vikingtokter og kvardagsliv, med vekt på manns- og kvinnerolla. Vidare tek eg med litt om korleis barna forstår rolla til kongane, og kva symbol barna forbind med vikingtida. Spørsmålet er kva heilskapsforståing barna har av vikingsamfunnet. Dette dannar ramma for å forstå religionsskiftet, som eg kjem attende til i kapittel 7.

6.1 Generelt om vikingsamfunnet

Innan forskinga har ein dei seinare åra lagt vekt på å skapa eit meir nyansert bilete av vikingsamfunnet, særleg med vekt på kvardagslivet og på situasjonen til kvinnene. Ein synest å vilja dempa inntrykket av at vikingane var røvarar og barbarar. Dette meiner eg kjem fram også i læreverka og i intensjonane til lærarane. Mange av barna valde å jobba med tema om kvardagsliv i vikingtida i prosjektarbeidet hausten 1998. Spørsmålet er i kva grad dette samsvarar med heilskapsbiletet deira av vikingane, slik det kjem fram i samtalan. Fleire av barna får fram at vikingsamfunnet var eit lagdelt samfunn med store kontrastar, særleg mellom høvdingar og trølar, og at vikingane var opptekne av plyndring. Mange forbind vikingtoktene med det å skaffa seg rikdom. Martin har ei kanskje noko uvanleg oppfatning av korleis dette gjekk. Han meinte at vikingane kriga og slåst mykje. Dette gjorde dei for å bli rike. Anne lurar på om det gjekk slik, men han meiner dei var ikkje rike.

Anne: Blei dei rike?

Martin: Nei. Hadde dei visst kva plattform var då på den tida, hadde dei blitt rike.

Anne: Ja. Korleis tenkjer du då?

Martin: Olje er svart gull.

Anne: Så det måtte vore meir smart å kunna ha seg ei plattform og finna olje enn å reisa rundt og kriga?

Martin: Mm.

Anne: Ja. (Litt latter.)

Martin bryt her med ei vanleg oppfatning av vikingane, nemleg at dei blei rike på plyndringstoktene sine. Han meiner at dei ikkje blei rike. Han trekkjer inn eit meir dagsaktuelt døme på å bli rik, nemleg ved å nytta seg av oljeressursane. I ein region med mange arbeidsplassar knytte til oljeindustrien, har Martin truleg kjennskap til verdiane av olje. Han nyttar metaforen 'svart gull' for å illustrera dette. Ideen hans er at vikingane heller skulle ha kjent til denne inntektskjelda. Anne meiner at dette var eit godt forslag, men me ser av latteren hennar at ho oppfattar forslaget som humoristisk. Martin nyttar her truleg ein annan målestokk for rikdom enn den vikingane nytta.

For somme handlar vikingsamfunnet noko uspesifisert om 'gamle dagar', der folk var fattige (t.d. Else og Haldis), medan andre legg vekt på at vikingtida også var bra, og at folk hadde det bra. Nokre kunne til og med tenkt seg å leva i vikingtida (t.d. Frida og Jorid).

6.1.1 Mannsrolla

Dei aller fleste barna (33) karakteriserer vikingsamfunnet ved omgrep som krig og plyndring. Jon skriv at dei plyndrar, tek gull og drep folk. Vikingane vert oppfatta som brutale og rå, og som slåst mykje. I hovudsak er dette eit bilete av mennene. Når Knut skal prøva å trekkja sambandsliner til andre kjende grupper, viser han til cowboyane. Ei noko mindre gruppe (13), nemner jakt og fiske eksplisitt. Vidare er det nokre få (6) som trekkjer fram handel og oppdagingar. Oversikt over reisemål kan for ein del synast noko diffust. Over halvparten av elevane kan gjera greie for konkrete reisemål for vikingtoktene. Her er det i hovudsak England og Irland som peikar seg ut, men Island, Færøyane, Spania, Italia, Grønland, Russland og Vinland vert også nemnde. Ein av gutane, Vidar, nemner eksplisitt York som ein kjend vikingby. Andre er meir usikre, og omtalar toktene som å fara " ... frå land til land" (Gunn), eller " ... rundt omkring" (Jorid). Slik framstiller Iris biletet sitt av vikingane:

Anne: Ja, desse vikingane då, kan du seia litt om korleis du tenkjer deg at dei levde, kva du veit om måten dei levde på?

Iris: Dei ..., eg synest det var litt sånn rart at dei mennene for ute på vikingtokter og så tok dei sånne slavar.

Anne: Ja.

Iris: Så dei var litt brutale.

Anne: Mm. Ja.

Denne framstillinga trur eg dekkar den oppfatninga mange av barna har av vikingen. Bernt derimot trekkjer fram ei kanskje noko uvanleg side, nemleg hygiene. Han meiner at mennene ikkje vaska seg så ofte:

Bernt: ... eg trur ikkje det var mennene som vaska seg så ofte.
Anne: Kva sa du at ...?
Bernt: Dei vaska seg ikkje så mykje akkurat.
Anne: Dei vaska seg ikkje så mykje akkurat?
Bernt: Dei held seg jo i skipet. Hoi og opp! Kjing! (Lagar lydar.)

Anne verkar tydeleg noko overraska over denne kommentaren, for ho gjentek svaret. Men Bernt har ei naturleg forklaring på dette. Når dei var så mykje om bord, var ikkje komforten den aller beste. Denne vesle dialogen viser også døme på korleis Bernt 'liver opp' samtalen med humoristiske kommentarar, men også med uventa lydar. Men Bernt har også ei oppfatning av vikingane som nevenyttige:

Bernt: Dei var flinke til å skyta og sånt. Dei var flittige, kan du godt seia.
Anne: Mm.
Bernt: Dei kunne litt av kvart.
Anne: Ja.
Bernt: Sånn 'Handy-Dandy-mann'.
Anne: Ja, 'Handy-Dandy-mann', kva betyr det?
Bernt: Sånn at dei gjer litt av kvart. Dagens spøk!
Anne: Ja, det var dagens spøk? Ja vel? (Latter.)

Bernt ser på vikingane som våpendyktige, men også som flittige og praktiske generelt. Han brukar eit slenguttrykk om dette, 'Handy-Dandy-mann'. Anne er usikker på kva han meiner, og Bernt forklarar at det betyr at dei kan litt av kvart. Samstundes legg han til at dette var dagens spøk. Dette gjer kanskje Anne litt usikker. Eg oppfattar likevel at det var sjølv uttrykket som var litt spøkefullt sagt, men at meininga, eller tydinga, var dekkande for korleis han oppfatta vikingane. Samtalen munnar ut i at Anne ler. Ho går såleis ikkje vidare i samtalen for å oppklara om ho har forstått spøken.

6.1.2 Kvinnerolla

Dei aller fleste barna (32) seier at oppgåvene til kvinnene var husarbeid og barnepass. Nettopp kvinnerolla er den som oftast vert kommentert når det gjeld endringar i høve til samfunnet i dag. Dette kjem eg attende til i avsnitta om notid og framtid. I denne samanhengen vil eg nemna at medan dei fleste kommenterer rolla til vikingkvinna som eit nøkternt faktum, skapar temaet engasjement særleg hos nokre få av jentene. Medan t.d. Elin ikkje veit om det hadde vore kjekt å vera husfrue på ein vikinggard, der ho hadde nøkkelknippe og stor makt, har Inger ei klar meining om dette:

Inger: Eg synest ikkje (uth.) det hadde vore gøy!

Anne: Nei vel? Kvifor ikkje det?

Inger: Det var diskriminering.

Anne: Ja vel?

Inger: Damene skulle gjera alt husarbeidet.

Anne: Så du ...?

Inger: Mennene kunne gjort det.

Denne dialogen er i materialet mitt eitt av dei mest klare døma på barn, særleg jenter, som engasjerer seg og tek personleg stilling til kva dei meiner om kvinnerolla i vikingtida. Inger argumenterer på ulike nivå, som til saman gjer at eg oppfattar dette som eit sterkt engasjement. Først argumenterer ho ut frå kva ho meinte kunne vera gøy. Slik eg forstår henne, har det ingen appell til henne å vera husfrue med makt heime på vikinggarden. Ho vender det tvert om, og meiner det er eit uttrykk for diskriminering at kvinnene må gjera alt husarbeidet. Dette oppfattar eg som eit uttrykk for urettferdig handsaming. Inger nyttar her ein terminologi frå vår eiga tid. Ho går ikkje inn på noko drøfting av i kva grad det var eit hierarki også mellom vikingkvinnene, dvs. at kanskje husfrua hadde nokon under seg som gjorde husarbeidet. Anne synest i samtalen å forstå at her var eit engasjement, så ho inviterer vidare til at Inger forklarar meir om synet sitt. Ho forstår at Inger meiner det er urettferdig at kvinnene skulle gjera alt. Kanskje det likevel kjem som ei lita overrasking at Inger snur det heile på hovudet og seier at mennene kunne gjera husarbeidet. Eg hadde venta at ho ville seia at dei kunne ta halvparten eller hjelpt til. Kanskje forklaringa ligg i at ho reagerte på inndelinga i mannsarbeid og kvinnearbeid? At ho ville at alle skulle stå likt når med omsyn til alle arbeidsoppgåver. Eller kanskje nøkkelen til det heile er at ho ønskte å gjera det som då vart kalla mannsarbeid?

Anne: Viss du var dame, kva ville du ha gjort?

Inger: Eg veit ikkje eg. Nett det same som mennene!

Anne: Jaha? Hatt deg ein tur på vikingtokt?

Inger: Ja! (Litt latter.)

Anne: Ja! (Litt latter.)

Det er altså ikkje lett å vita om kommentaren til Inger betyr at husarbeid ikkje interesserer henne i det heile, så difor kunne mennene overta alt, eller om ho meiner at både kvinner og menn delte på alle oppgåvene. I alle fall tolkar eg dette som ei viss beundring hos Inger for det å vera på vikingtokt.

Inntrykket til Else av kvinnene i vikingtida er at dei jobba mykje. Me kan såleis seia at dei fleste barna oppfatta kvinnerolla som klart definert i høve til ansvar i heimen. Det kjem lite fram hos elevane at kvinnerolla i vikingtida også kunne bety status i form av stort ansvar.

6.1.3 Barna i vikingtida

Hovudinstrykket til elevane (15) er at barna i vikingsamfunnet måtte hjelpa til med husarbeid. Om lag like mange (14) trekkjer også fram at dei leika. Nokre nemner at det tidleg oppstod klare kjønnsroller, i og med at jentene var med mor og gutane med far. Det vert også trekt fram at gutane tidleg måtte læra å slåst og plyndra (t.d. Jon), og at dei hadde lite utstyr og leiker (t.d. Sondre). Iris er oppteken av at dersom barna hadde ei funksjonshemming, eller kanskje berre ein føflekk, kunne dei verta sette ut i skogen. Truleg har dette biletet utvikla seg gjennom at dei har høyrte forteljingar om vikingbarn, t.d. ved opplesing av bøkene til Thorstad Hauger.

6.1.4 Kongane i vikingtida

I tidlegare undersøkingar har det vore peika på at barn gjerne festar seg ved heltar og kongar, men at me samstundes ser ein generell anti-elitistisk trend i vår tid (jfr. kapittel 3). Kan me så finna att desse trekka i undersøkinga mi?

For det første vil eg seia at ein del barn synest å ha eit noko vagt bilete av kongane i vikingtida. Til og med Martin Schancke vert foreslått mellom desse. Det er lite tale om kongane i intervjuet. Men dette gjev truleg eit noko misvisande bilete, av di mange av barna skreiv mykje om dei tre kongane Håkon den gode, Olav Tryggvason og Olav Haraldsson i arbeidsbøkene sine. Desse kongane fekk stor plass i undervisninga, og det var stoff å finna om dei i læreverka. Barna har truleg meir kjennskap til kongane enn det som kjem fram i samtalanene. Ein del av barna understrekar at kongane var viktige i kristninga. Av somme vert det understreka at dei brukte makt.

Stein gjev først uttrykk for at han ikkje hugsar namnet på kongane i den aktuelle tida. Men når Anne nemner Olav Tryggvason og Olav Haraldsson, er han med igjen i samtalen:

Stein: Ja, dei har eg høyrte om!

Anne: Ja, kva forbind du med dei?

Stein: Nei, du kan seia sånn der skap-kongar.

Denne, i alle høve for Anne, noko uvanlege metaforen får henne til å bli nysgjerrig på kva han meiner. Kanskje hennar assosiasjon er at dei dreiv på med noko hemmeleg, og som no vert avslørt? Ho ber difor Stein forklara dette nærare:

Anne: Kva meiner du med det?

Stein: Skap-kongar, det er sånn at dei no var mykje i krig då, men det var dei som ville ha kristendommen her i Norge og sånt.

Anne: Mm.

Stein: Og så ..., ja, dei fekk kristendommen inn i Norge, og så ..., ja ...

Anne: Då du brukte ordet skap-kongar, betyr det at dei på ein måte foresteller seg ... Var dei inne i eit skap, eller korleis tenkjer du på det?

Stein: Nei, eg tenkte det var dei som liksom skapte kristendommen.

Anne: Å ja, ja.

Me ser her at Anne og Stein truleg har noko ulike assosiasjonar til omgrepet 'skap' i denne samanhengen. Anne er nok prega av korleis metaforen 'å koma ut av skapet' i vår tid blir brukt i media, om menneske som står fram i ulike samanhengar og offentleggjer det dei har stått for privat. Hennar nysgjerrigheit blir på ein måte pirra i denne konteksten. Kjem Stein med ei ny og overraskande avsløring av kristkongane? Men det var tydeleg at Stein ikkje hadde dei same assosiasjonar som Anne. I ettertid ser eg det humoristiske i situasjonen, der Stein tok utgangspunkt i ordet 'å skapa', og brukar uttrykket 'skapkongar' om dei som bringa kristendommen, eller " ... liksom skapte kristendommen", som han formulerer det.

Stein har også førestellingar om at desse kongane hadde medhjelparar i kristningsprosessen. Dette var særleg folk frå England. Han kjenner til at det kom nye reglar. M.a. skulle dei vera snille med kvarandre og ikkje kriga, men han meiner det gjekk ikkje slik i praksis.

Det vil såleis vera av interesse å sjå i kva grad Mostraspelet, som nettopp framstiller "Kristkongane på Moster", er med på å nyansera biletet av kongane. Dette kjem eg attende til i kap. 8. Men så langt vil eg seia at nettopp kongane synest å ha ein sentral plass som symbol for makt og herredøme i dei presentasjonane me finn i læreverka, og også i den felles undervisninga. Namnet på kristkongane ser ut til å vera eit fellesstoff lærarane legg vekt på. Det er likevel ikkje slik at barna trekkjer desse fram som heltane sine. Som nemnt konsentrerer mange av barna seg meir om kvardagslivet i vikingtida, slik eg også har vist til i kapittel 5.6 om prosjektarbeid. Dette trur eg er ei endring som ikkje minst påverknaden frå ulike læreverk og opplevingssenter om vikingtida har vore med på å fremja.

6.1.5 Bruk av symbol

Eg har peika på at kristkongane i stor grad har fungert som maktsymbol for vikingtida. Sidan Cassirer legg så stor vekt på nettopp symbolbruk, er eg oppteken av om det også er andre sentrale symbol barna knyter til vikingtida. Med symbol meiner eg her eit uttrykk, ein ting eller eit stikkord barna forbind med vikingtida. Eg tenkjer meg at slike symbol uttrykkjer ei,

for barna, viktig side ved denne tida. Ville det vera stort samanfall mellom oppfatninga til dei ulike barna her? Vil barna leggja vekt på tradisjonelle symbol, eller har dei etablert nye?

Eg finn at symbola vikingskip, våpen og hjelmar peikar seg ut. 21 barn nemner *vikingskipet*. Dette er ikkje uventa, då vikingskipet er eit mykje nytta symbol innanfor t.d. museum og faglege framstillingar, men også i turistnæringa. Det var difor overraskande for meg at det var berre ei jente som valde å jobba med dette symbolet i prosjektperioden (jfr. kapittel 5.6). Kanskje grunnen var at mange hadde teikna vikingskip om våren, då dei skulle teikna korleis dei førestelte seg at kongen kom til Moster. Eller kanskje vikingskipet er blitt eit altfor tradisjonelt symbol?

Mange nemner ulike typar *våpen* (18), særleg sverdet. Nokre av barna valde då også å konsentrera seg om å laga kopiar av ulike våpen i prosjektperioden.

Eit anna velkjent symbol, som 16 barn nemner, er *vikingshjelmen*. Nokre av barna kallar dette hattar. Fleire nemner at hjelmen har horn, medan Rune understrekar at det eigenleg ikkje var horn på hjelmen. Vikingshjelmen finn me att på mange av teikningane til barna, slik at me kan sjå korleis dei trur han såg ut. Her ser me at mange teiknar horn på hjelmen. Lillian er kanskje den som har den mest uvanlege framstillinga av hovudplagga til vikingane, der dei liknar meir på tyrolarhattar med fjør (fig. 6.1.5.1).



Figur 6.1.5.1: Teikning av Lillian: Vikingane på Moster

Innhald: Motivet i teikninga til Lillian er kristninga av Moster. Nedst til høgre på arket ser me framstammen av eit brunt vikingskip som ligg til kai. Framme på skipet ser me eit dragehovud. Langs skipssida ser me fire årar. Dei har firkanta åreblad. Skafta på årane er tynne strekar. Om bord i skipet ser me ein person stå oppreist framme i båten. Det er ein konge som kjem. Vedkomande har på seg grøn skjorte og bukse og ei blå kappe. Me ser personen delvis i profil, men me ser begge augo og munn i andletet. I handa held personen ein høg kross. Skipet er festa med fleire tau til ein påle på kaien. Kaien er brun, med fire pålar som går ned i sjøen, to av desse er skråstilte. Me ser kaien frå sida. Oppe på kaien står noko som liknar ein svart kubbe. På kaien står også ei kvinne. Lillian hugsar ikkje heilt kven denne kvinna er. Ho er kledd i brun bluse og grått, sidt skjørt. Skjørtet går litt til side nedst, slik at det verkar som om det er litt vind. Me ser henne i frontal, med augo, nase, munn og augnebryn. Ho har langt, mørkt hår. På hovudet har ho ei flat, brun hue, med eit 'slør' eller skaut hengjande ned. Ho står med armene bak ryggen og liksom ser framover eller utover landskapet. Til venstre for kvinna står ei rekkje med seks menn. Alle er i frontal, og teikna om lag i same storleik som kvinna. Personen som står nærast kvinna, skil seg litt ut frå dei andre mennene. Det tyder på at han er i ei særstilling. Lillian fortel at dette er kongen i området. Denne mannen har svart skjorte og bukse og brun, fotsid kappe. Han har blå sko. På hovudet har han ein flat, blå hatt med ei stor fjør midt på. I høgre handa held han ein stor kross. Han har kort hår og skjegg, og augo, nase og munn er tydeleg markert. Tilsvarende nøyaktige framstilling gjeld for dei fem andre mennene. Alle er teikna med like klede, og ansiktstrekka liknar også. Dei har blå skjorte og grønne bukser på. Alle har skinnvestar og brune, fotside kapper. I venstre handa held dei eit spyd med tre 'armar' eller spissar på. Også desse mennene har flate hattar med ei stor, grøn fjør på, men her er hattane gråbrune. Mennene har grå sko. Den eine mannen har noko raudt i andletet. Kanskje skal dette framstella eit sår? Oppstillinga til personane får det til å verka som dei 'poserer' for nokon, eller ser mot noko. Dei står på ein grøn bakke, som dekkar store deler av arket. Lillian fortel at dei personane som står på land, ventar på dei kristne som kom med skipet. Ho meiner dei blei venner då dei møttest, og at dei kanskje snakka om kristendommen.

Der bakken sluttar oppe på arket, ser me ei kyrkje til venstre i biletet. Til høgre for kyrkja ser me tre krossar. Lillian fortel at det var nokre av dei som skulle reisa, som hadde vore oppe og sett frå seg krossane. Til høgre for desse ser me ei kvinne med eit barn ved sida av seg. Dei vil sjå kva det er som hender nede ved sjøen. Kvinna har eit stort hovud i forhold til kroppen. Både barnet og kvinna er kledde i blå kjolar. Me ser dei i frontal, med augo, nase og munn. Krossane er brune, og har litt ulik storleik. Kyrkja ser me frå sida. Veggen er kvit,

og med to store, rutete vindaugo. Kyrkja har tårn med raudt tak. Anne trur det er ei stor, brun dør med ein kross på som dekkar deler av kyrkjeveggen. Lillian forklarar at det eigenleg ikkje er ein kross, men den loddrette lina markerer at det er to dører, og den loddrette lina markerer at det er ei slå som held dørene att. Øvst på arket ser me blå himmel, og deler av ei sol med strålar i det høgre, øvste hjørnet. Bakkane er grønne, og dette skaper eit visst inntrykk av harmoni.

Form: Teikninga til Lillian skil seg klart frå teikningane til mange andre, ved at ho ikkje nyttar konvensjonelle kodar for å framstella vikingane. Det er særleg hattane me legg merke til. Desse minner meir om slik me har sett menn frå Alpane framstelte, med deira drakter og hovudprydning. Det at så mange menn er likt avbilda, gjer at effekten av at noko er 'annleis', vert forsterka. Også måten hovudplagget til kvinna er framstelt på, er annleis enn det tradisjonelle biletet av ei vikingkvinne. Måten våpna er framstelte på, avvik også frå den vanlege koden. Det same gjeld dei kvadratforma åreblada. Men me finn også symbol som er framstelte etter vanlege kodar, t.d. bruk av krossen, som understrekar tilknytninga til kristendommen. Måten kyrkja er framstelt på, med tårn og store, rutete vindaugo, gjer at me ser at dette ikkje stemmer heilt med ei realistisk framstilling av Moster gamle kyrkje. Vikingskipet har stort sett ei tradisjonell utforming, med dragehovud framme. At det er teikna årar, tyder også på at det er folk som ror, men som me ikkje ser. Personskildringa er relativt detaljert og forseggjord. Måten personane er framstelte på, gjev ein viss effekt av gruppesamhald, samstundes som det er nytta kontrastar som også får fram skilnader. Det at personane står på ei basisline nede på arket, i tillegg til storleiken på personane, gjer at dei verkar sentrale i biletet. Det same gjeld vikingskipet med den andre kongen. Det grønne landskapet dannar ei harmonisk ramme, men det er også laga skraveringar i det grønne som gjev litt 'liv' til biletet. Kvinna og barnet som er teikna lenger oppe på arket, på ei ny basisline, der bakken sluttar, gjer at det vert skapt eit visst romleg preg i biletet. Sidan dei er plasserte midt på denne lina, blir dei lagt merke til. Plasseringa av krossane skaper også ei viss form for balanse i teikninga. Det same gjer bruken av brunt, grønt og blått, med visse kontrastar av grønt og svart.

Konklusjon: Teikninga viser kristninga i eit harmoniparadigme, som både oppstillinga og bruken av krosssymbolet markerer. Me finn ei viss tidsforskyving med omsyn til framstilling av kyrkja i høve til kristninga. Også måten mennene er kledde på, skaper eit visst inntrykk av at dette ikkje er vikingar i tradisjonell forstand. Me må her halda oss til den munnlege forklaringa til Lillian om at det er motiv frå vikingtida i Noreg. Komposisjonen framhevar det harmoniske i biletet.

Går me så attende til presentasjonen av andre kjende symbol, er det 7 barn som nemner *vikingdrakta*. Vidare vert nemnt symbol med kristen tilknytning som *kloster* (4), *kross* (3) og *kyrkje* (1), og symbol knytt til norrøn tru, som *Torshammaren* (2). *Helleristingar* (2) og *runer* (1) vert også nemnt. *Elden* er det to jenter som understrekar som viktig. Me finn også tilvising til utsjånad, som *kvinner med lange fletter* (1) og *menn med skjegg* (2), og *teikneseriefiguren Hårek* (1). Vidar understrekar at nettopp *vikingen* ofte vert nytta som symbol for *det å vera norsk*. Av andre symbol som få (1 – 2) nemner, er *graver*, *slavar*, *smykke* og *mat*. Slik eg oppfattar det, er det nokså tradisjonelle symbol barna trekkjer fram, truleg etter påverknad både frå skule og storsamfunnet generelt, kanskje ikkje minst gjennom bøker og teikneseriar, museum og ulike vikingsenter. Eg tolkar dei mest nemnde symbola som uttrykk for makt og styrke. I mindre grad finn eg nemnt religiøse symbol. Dette kan tyda på at ein gjennom kulturformidlinga legg større vekt på symbol som uttrykker ytre makt og styrke enn symbol som uttrykkjer mytisk-religiøs livstolking og meiningsbryting.

6.2 Oppsummering

Eg tolkar det slik at dei fleste barna har eit nokså tradisjonelt syn på vikingane som røvarar og brutale. Men eg ser også tendensar til eit meir nyansert syn, ved det at mange av barna valde å arbeida med kvardagslivet i vikingtida i prosjektperioden. Ikkje minst innan forskinga har me sett ei viss vektforskyving i perspektivet frå brutale vikingtoker til vekt på handel og kultur. Kvardagslivet er kome meir i fokus, også hos barna. Me ser også at barna har ei oppfatning av at kvinnene og mennene har ulike roller. Kvinna er blitt meir synleg, og i ein viss grad også barna. Oppgåvene til begge desse gruppene er knytte til husarbeid og livet på garden. Eg har også vist døme på at den tradisjonelle kvinnerolla i vikingtida kan provosera dagens barn, men det er ingen vanleg reaksjon.

At det er så lite vekt på religiøse symbol i dei munnlege framstillingane til barna i intervju, kan tyda på at dette aspektet er lite framme i tradisjonelle framstillingar av vikingtida, t.d. i museum og opplevingssenter. Kanskje delinga av temaet mellom KRL-faget, norsk og samfunnsfag også kan føra til ei slik forståing, der historiebøkene handlar om vikingtida generelt, og der KRL-faget tek meir spesifikt opp det religiøse? Dette betyr, etter mi vurdering, at det er viktig med tverrfagleg arbeid med temaet. Eg meiner at det med basis i forskning om vikingtida, er fagleg grunn til å seia at det mytisk-religiøse aspektet ved vikingkulturen høyrer med som ein kjerne i rosetten. Spørsmålet er dermed kva bilete barna

har av livstolkinga til vikingane. Vil samtale om dette, saman med bruk av teikningar og drama, gje eit meir utfyllande bilete av barnas oppleving og forståing av det religiøse perspektivet? Korleis framstiller barna den norrøne trua, og korleis forstår dei møtet med kristendommen? Dette kjem eg attende til i kapittel 7.

Kapittel 7

Møte mellom norrøn tru og kristendommen

I dette kapitlet presenterer eg ei oversikt over korleis barna skildrar møtet mellom den norrøne trua og kristendommen. Dette gjev ei innføring i den bakgrunnen barna har for å forstå Mostraspelet (sjå kapittel 8), og er også referanseramme for ein utvida analyse i kapittel 9 av forståinga til einskildbarn og grupper. I dette kapitlet nyttar eg døme frå andre barn i undersøkinga. Eg gjev først ei oversikt over sentrale element i undervisningsopplegget våren 1999 om *Kristninga av Noreg*. Deretter presenterer eg barna si oppfatning av det norrøne gudeuniverset og livstolkinga til vikingane. Hovudvekta ligg på korleis barna forstår møtet mellom den norrøne trua og kristendommen. Her set eg fokus på kulturbrytingsperspektivet.

7.1 Om opplegget i klassane

I byrjinga av mai 1999¹ begynte eit undervisningsopplegg over to veker om *Kristninga av Noreg*. Lærarane understreka at barna tidlegare hadde hatt mykje om vikingane og at dei såleis truleg har ein god del kunnskapar dei gamle gudane.

Som introduksjon fekk klasse X sjå eit kunstbilete med motivet ”Vårt heimland i mørker lenge låg”, og dei samtala litt om symbolikken i biletet. Lærar Turid nemnde at nokre ville seia at den nye trua representerte lyset, medan andre ville seia at den nye trua representerte mørket. Ein av elevane kommenterte at dei som interesserte seg for andre syn, eller som gjekk mot synet til kyrkja, vart avretta. Dette var kanskje for å markera at toleransen ikkje var så stor i kyrkja overfor andre syn. Som vidare innleiing fortalde lærar Turid om Håkon den gode, og at dei seinare skulle arbeida med kristkongane Olav Tryggvason og Olav den heilage.

Dagen etter starta opplegget i klasse Y.² Klassen repeterte kva dei kunne om vikingane, med vekt på kva desse trudde på. Særleg Odin, Tor og Frøya var i fokus. Lærar

¹ Feltnotat av 10.05.99.

Lars viste til heftet *Nysgjerrigper* (Norges Forskningsråd, 2/98), som elevane tidlegare hadde fått utdelt. Dette nummeret omhandlar norrøn mytologi, og lærar Lars las høgt om korleis dei gamle nordmennene trudde at verda vart til. Her møtte elevane omgrep som Nivlheim, Mispelheim, Ginnungagap, Ymer, Audhumbla, Ask og Embla, gudar og æser, rimtussar og jotnar. Lars las vidare om då menneska vart skapte ved at Odin fann trestokkar, som han bles liv i. Reaksjonen til ein av elevane var: ”Det er jo nesten det same som kristendommen”. Etter denne innleiinga las elevane om temaet i ulike bøker. Deretter skulle dei laga faktasetningar om gudane Odin, Tor, Frøy og Balder.

Også i klasse X repeterte dei om dei norrøne gudane.³ Ved hjelp av ein sirkel vart verda visualisert i Åsgard, Utgard og Midgard. Barna noterte mange gudenamn: Odin, Frigg, Frøy, Frøya, Balder, Tor, Idunn, Heimdal og Loke. Dei noterte også namna Nivlheim, Mispelheim, Bure, æser, Bor, Bestla og Ymer. Det var såleis eit forholdsviss omfattande ’namnegalleri’ elevane gjennomgjekk i klassen. Klassen snakka også litt om det å blota.

Dei vidare dagane arbeidde begge klassane med temaet. Kor mange timar dei brukte pr. dag kunne variera. Elevane hadde tilgang til ulike læreverv.⁴ Særleg mykje vart heftet *Frå klubbe til kross* (Karlsen 1976) brukt. Dette heftet fekk god omtale hos lærarane. Det vart også nytta skjønnlitteratur, t.d. forteljinga om Hans og Hauk av Eyvind Skeie. Ein av elevane hadde også med ungdomsutgåva av Snorre, som han hadde lese ein del i.

Nokre av elevane i dei to klassane valde oppgåver med dramatisering. Andre arbeidde med faktaspørsmål, eller dei teikna. Lærar understreka at arbeidet skulle handla om kva forhold vikingane hadde til gudane. Intensjonen var at det mytisk-religiøse skulle vera i sentrum. Dette kan tyda på at det mytisk-religiøse vart oppfatta som kjernen i rosetten.

7.2 Møte med den norrøne trua

I dette avsnittet presenterer eg skildringane til barna av det norrøne gudeuniverset og korleis dei føresteller seg verdsoppfatninga til vikingane. Ut frå eit omfattande materiale prøver eg å peika på nokre særtrekk. Det må ikkje leggjast for stor vekt på tilvisinga mi til tal, då det kan vera vanskeleg å vita om det er grupper eller einskildpersonar som skal ’krediterast’ for synspunkta. Eg meiner likevel at oversikta kan gje inntrykk av visse hovudtendensar.

² Feltnotat av 11.05.99.

³ Feltnotat av 18.05.99.

⁴ Det var på denne tida tilgjengelege læreverv frå Aschehoug, Cappelen, Gyldendal og Universitetsforlaget.

7.2.1 Det norrøne gudeuniverset. Gudsoppfatning og gudsydning

Slik eg forstår mange av barna har dei ikkje noko omfattande, heilskapleg bilete av det norrøne gudeuniverset og livstolkinga til vikingane. Eg vil heller seia at dei har ei noko avgrensa forståing, men med eit tydeleg sentrum. Mange har ein del fragmentariske kunnskapar, men desse varierer hos dei ulike barna.

Så å seia alle barna nemner at dei kjenner til Odin og/eller Tor. Dette er utan tvil ein del av ein felles kulturarv hos barna. Odin og Tor er heilt sentrale symbol, og svært mange kjenner til funksjonane deira, sjølv om eg også finn døme på at barna forvekslar desse to litt. Mange får også fram at dei andre gudane har bestemte funksjonar. Dette uttrykkjer m.a. Sondre. Han kjenner til at dei norrøne gudane var funksjonsgudar, dvs. at gudane var knytte til t.d. avling, ver, styrke etc. Men eg finn også døme på at somme er litt usikre når det gjeld gudeuniverset. Anne prøver i den følgjande sekvensen å få kjennskap til kva Lillian forbind med dei norrøne gudane:

Anne: Har du hatt ein del om desse gamle gudane som dei trudde på i landet vårt for 1000 år sidan?

Lillian: Ja, eg trur det.

Anne: Forbind du namnet på nokon av dei?

Lillian: Nei, eg veit ikkje. Eg er ikkje sikker.

Anne: Nei ... Viss eg seier Odin og Tor?

Lillian: Ja ...

Anne: Mm.

Lillian: ... eg meinte det ..., noko sånt. Ja, det var noko sånt.

Lillian har ei aning om at ho har hatt om desse gudane før, men ho synest ikkje å kunna kalla desse fram i minnet no. Anne prøver å hjelpa ved å nemna dei to mest kjende, nemleg Odin og Tor. Dette fører til at Lillian berre noko vagt slår fast at dette ikkje er ukjende namn for henne. I eit seinare intervju forbind Lillian guden Tor med torever og Mette supplerer med å fortelja om hanskane og styrkebeltet hans.

Mange nemner at Odin er kjend for å ha eitt auga. Ein del kan forklara at dette har samanheng med at han drakk frå visdomskjelda. Odin vert ofte framstelt som ein mannsperson med langt hår og kledd i ein sid kjortel. Samstundes er han 'gudafaren' og den mektigaste i gudeverda. Fleire nemner også hesten hans, Sleipner, og ramnane hans (eller kråkene eller fuglane, som mange seier), Hugin og Munin. Bernt kallar Odin for 'sjef' eller 'høvding' for gudane. Han lurar på kven som har funne på dette med Odin.

Bernt: Eg lurar på kven som fann opp alt dette med Odin og dei. Dei kunne ikkje plutselig seia: Oj, det er ein Odin oppe på himmelen.

Anne: Jaha?

Bernt: Sånn at det må vera ein eller annan tufs som har sikkert berre ... ”Skal me sjå ... Skal me tru på han ..., skal me berre seia me trur på ein gud som heiter Tor og Odin?” (Seier dette litt lågt, og med litt tilgjort stemme.)

Jon: Ja, men dei trudde jo på det før då.

Bernt: Ja, dei må jo ... Men dei kan ikkje berre begynna, kan me godt seia. Det må vera ein begynnelse.

Anne: Mm, mm.

Bernt: Men den er ukjent.

Anne: Den er ikkje lett å finna ut, nei ...

I staden for å gå inn i samtale omkring verdsoppfatninga til vikingane, reiser Bernt spørsmålet om kven som har 'funne opp' den norrøne religionen eller mytologien. Han konkluderer med at det må vera ein 'tufs' som har funne på det. Han synest likevel ikkje vera nøgd med dette. Han spør etter ei forklaring på korleis alt er blitt til i begynninga, men det verkar som han resignert aksepterer at opphavet er ukjent. Jon argumenterer med at det var jo nokon som trudde på dette. Kanskje han tenkjer seg at det skulle vera argument for at det var 'hald' i trua? Bernt godtek dette på ein måte, men verkar ikkje heilt overtydd. Anne rundar av samtalen med at dette spørsmålet ikkje er lett å finna ut av. Her trekkjer ho seg kanskje litt unna eit vanskeleg tema?

Mange kan også seia noko om hammaren til Tor. Dei knyter denne guden til lyn og torever. Fleire kjenner også til funksjonane desse to gudane har. Bernt og Jon kjenner til at Tor hadde ei vogn som vart dregen av to bukkar, og at han hadde ein hammar. Dei kjenner også til at når han reiste over himmelen og slo med hammaren, vart det torever. Han har belte og hammar som gjev stor styrke. Dette er til hjelp m.a. i kampen mot Midgardsormen:

Bernt: ... ein gong tok han [Tor] og fiska han der Midgardsormen eller så ...

Anne: Mmm, ja.

Bernt: Sterk.

Jon: Midgardsormen.

Anne: Ja.

Bernt: Reiv hovudet av ein okse og slengde det uti.

Anne: Mm, mm.

I denne vesle sekvensen får gutane fram ei førestelling om ein mektig gud. Eg er usikker på om dette er ei forteljing Bernt konstruerer i samtalen.

Odin og Tor dannar eit tydeleg sentrum i gudeuniverset til barna, men for ein del vert biletet elles noko meir uklart. Mange av barna har 2-3 gudar til i dette gudeuniverset. Det er Frøya (23), Balder (16) og Frøy (12). Deretter kjem Loke (6), Idunn (4), Hel (4) og Heimdal (3). Av andre gudar som vert nemnde, er Skade (2), Mime (2), Tyr (2), Trym (1), Frigg (1) og

Njord (1). Vesuv (1) vert også nemnd, altså ein gud som ikkje er del av det norrøne gudeuniverset. Det er ikkje alltid like lett å hugsa namna på desse. M.a. nemner Bernt at han kjenner til at det er ein havgud, men han hugsar ikkje heilt, og får litt hjelp av Anne:

Bernt: Og så ..., så hadde me ein slags ... Det er ein som liknar ... Det er ein som er som Poseidon, berre at han ikkje er Poseidon. Ein havgud. Eg veit ikkje kva ...

Anne: Kan det vera Njord?

Bernt: Ja.

Bernt reflekterer over at det er lett å 'gå i surr' med dei ulike gudane og kva dei var kjende for. Det kan den følgjande sekvensen illustrera:

Anne: Desse her Frøy og Frøya, forbind du noko med kva dei var kjende ... med, for?

Bernt: Frøy? Frøy var guten og Frøya var jenta, sant?

Anne: Mm.

Bernt: Eg trur Frøya var den eine vakre ... Nei, det var guten det, som var vakker. Nei, viss det ikkje var Balder? Så var det Frøya som hadde eit sånt eple eller eitt eller anna.

Anne: Mm.

Bernt: Og så Frøy hadde eit skip, eitt eller anna, trur eg. Merkar eg bommar litt?

Anne: Dette her går bra det. I alle fall var det kjekt å høyra kva de forbind med desse gudane.

Denne sekvensen viser to dilemma. For det første ser me at Bernt prøver å bruka dei kunnskapane han har om dei ulike gudane. Han verkar sjølv klar over at dette er fragmentariske kunnskapar, av di han kommenterer sjølv at han bommar litt når han skal gje utfyllande opplysningar. Men han vågar seg likevel utpå. Dilemmaet til Anne er i kva grad ho skal gå inn med korrigeringar eller utfyllande opplysningar, for eksempel at Bernt blandar saman Frøya og Idunn når det gjeld eplet. I dette tilfellet ser det ut til at Anne berre registrerer det Bernt seier, utan å ta stilling til dei ulike opplysningane. Kommentaren hennar til slutt om at dette her går bra, kan oppfattast som ros for at Bernt har prøvd så godt han kunne å svara. Dette kan samsvara med intensjonen hennar om ikkje å korrigera svara til barna. Men Bernt kan ha oppfatta dette som at han har svara 'rett'. Den siste setninga til Anne kan likevel vera eit teikn på at ho kanskje ikkje meiner alt gjekk så bra, for ho avrundar med å seia "I alle fall var det kjekt å..." I ettertid vil eg difor seia at Anne dobbeltkommuniserer litt her.

Som eg kjem attende til i presentasjonen av einskildelevar, kan barna ha eit visst engasjement i skildringa si av dei norrøne gudane. Guden kan også få ei moderne form, t.d. der Tor er mediereportar, men dette er unntak (fig. 7.2.1.1).



Figur 7.2.1.1: Teikning av Reidar: Tor som mediereportar

Reidar har laga ei teikning som framstiller ein 'moderne' Tor, ikkje med den vanlege hammaren, men med medieutstyr. Denne teikninga framstiller Tor ståande i lufta, litt over eit fjellparti som er skravert svart. Også figuren er teikna med blyant og skravert. Tor er framstelt med langt hår og skjegg og med skjorte og bukse. Rundt livet har han eit belte med noko som liknar eit identitetskort hengt på. På brystet står det skrive "Åsgard", "Valhall" og "Odin". Ut frå munnen er det ei snakkeboble, med orda "Bla, Bla". Ved sida av Tor er det teikna tre 'koffertar'. På desse står det "TVNorge", "TV2" og "P4". Slik eg tolkar teikninga, er han ute på oppdrag for medieselskapet sitt, kanskje i konkurranse med dei andre nemnde kanalane. Dette tolkar eg som ein humoristisk vri i høve til meir tradisjonelle framstillingar av Tor. Her er tydeleg fletta inn nye symbol, henta frå medieverda. Eg vil seia Reidar nyttar ei leikande tilnærming.

Barna i begge klassane har noko ulik oppfatning av kor mange gudar det finst innan den norrøne trua. Fleire nemner at det er vanskeleg å hugsa namna på dei og kva dei står for. Somme er også litt usamde om mengda. Somme seier det er 10, andre at det er 100 gudar. Av andre makter nemner fleire Midgardsormen, Fenrisulven, tussar, troll og vetter.

Når det gjeld gudsdyrkinga, nemner dei aller fleste (26) bloting eller ofring, medan nokre svarar 'veit ikkje'. Mange av barna knyter forståinga av gudsdyrkinga til forteljingar om at det kjem ut rotter og mus frå gudestatuane etter ofringa. Her trekkjer dei tydeleg inn element frå forteljinga om Heilag Olav og Dale-Gudbrand. Blotinga vert framstelt nokså konkret. M.a. er Iris kjend med måten dei dyrka gudane på:

Anne: På kva måte dyrka dei desse gudane?

Iris: Nei, dei hadde sånne trefigurar, og så hadde dei blotefest og sånn i ... Dei hadde sånn stort bål, nett som ein grill, og så hadde dei slakta dyr og la oppå og gav det. Og så blodet frå dei dyra tok ..., fekk gudane, sånn at dei fekk mat.

Anne: Mm. Ja.

Iris: Så var det vekke neste dag, men det var ikkje dei som hadde ete. Det var mus som hadde vore inni dei.

Her får Iris fram at dei laga gudebilete i form av figurar eller statuar, som dei gav mat i form av blod. Det me merkar oss av forklaringa om korleis det går med denne maten, er at Iris her truleg koplar inn deler frå forteljinga om møtet mellom Olav den heilage og Dale-Gudbrand. Dette gjer også fleire andre av elevane når dei skal fortelja om gudsdyrkinga. Her vert det gitt ei rasjonell forklaring på korleis det hadde gått med maten: Det var musene som hadde vore på ferde. Iris hentar også samanlikning frå vår eiga tid når ho skal forklara korleis blotefesten gjekk føre seg. Bålet var "... nett som ein grill". Dette med å steikja dyr på elden er nok ein gamal skikk, men det er vel først i våre dagar at me nyttar meir moderne utstyr som grill. Truleg nyttar Iris denne metaforen for å visualisera kva ho meinte.

Grethe og Gunn kjenner også litt til korleis vikingane dyrka dei norrøne gudane. Dette skjedde i form av at røyken steig opp til gudane frå offerlammet. Poenget med ofringa er røyken når dei brenner offerdyret. Gunn utfyller framstillinga til Grethe. Ho meiner dei var inne i hus og la offerdyra på statuar. Det skulle bety ei førestelling om direkte kontakt mellom offeret og gudestatuen. Dette gjer at Grethe får eit nytt poeng. Ho samanliknar det med slik ho har lært at dei gjer i India, når dei "...tar sånn raud flekk på." Her gjev ho uttrykk for ei slags symbolhandling i form av noko dei smør på. Truleg har ho sett bilete av religiøse skikkar i hinduismen, og ho samanliknar offerhandlingane til dei norrøne gudane med desse. Else derimot hugsar lite om korleis dei norrøne gudane vart dyrka:

Anne: Veit du kva måte dei dyrka gudane sine?

Else: Det har me snakka om, men no har eg fått det ut.

Anne: Ja.

Else: Eg kan ikkje hugsa det.

Anne: Mm. Dei gjorde noko som me kallar for bloting.

Else: Ja.

Else veit at dette har dei snakka om på skulen, men ho har gløymt det. Anne prøver å få henne med vidare i samtalen ved å nemna ordet bloting. Dei fleste elevane forbind noko med dette ordet, men det gjev ikkje fleire assosiasjonar hos Else.

7.2.2 Verdsoppfatning


Mange av barna synest å ha ei nokså konkret og visuell oppfatning av korleis vikingane tenkte seg at verda såg ut. Jorda vert oppfatta som ei flat pannekake (16), men det er ulike oppfatningar om kva som skjer om du kjem 'utanfor'. Somme meiner at du då 'dett utfor', dvs. at det finst eit nivå under. Andre meiner at ein blir eten opp av Midgardsormen, eller at ein brenn opp. Slik uttrykkjer Haldis førestellingane sine om korleis dei i den norrøne trua tenkte seg at verda såg ut:

Haldis: Først trudde dei verda var rund, og så trudde dei ho var ganske flat, så dei var veldig redde for å fara ganske langt ut, for då var dei redde dei kunne detta ned ...

Haldis framstiller det eg kallar 'pannekakemetaforen', det at jorda var flat. Men her trekkjer ho også inn ein ny dimensjon, nemleg at det må vera eit 'rom' under, eller ved sida av, for ein kan altså "... detta ned", og dette betydde fare. Truleg tenkjer ho seg dette som ein slags sjø, for ho talar om 'sjøhyre' som vikingane var redde.

Else har vage førestellingar om korleis vikingane tenkte seg at verda såg ut. Men ho har høyrte om Midgardsormen som låg rundt "... heile det der, og så var det Åsgard i midten. (...) Så var det Midgard." Dette skulle tyda på at ho har ei visuell oppfatning av dette universet, sjølv om ho ikkje er så veldig presis i framstillinga.

Ein del nemner Valhall, men det er ikkje så mange som har ei tydeleg førestelling av forholdet mellom Åsgard, Utgard og Midgard. Somme kan likevel framstella det visuelt gjennom teikning, slik Haldis gjer (fig. 7.2.2.1):



Figur 7.2.2.1: Teikning av Haldis: Verdsoppfatninga til vikingane

Som apropos til dette universet viser også nokre til at me i dag brukar namna frå det norrøne gudeuniverset på fly og skip. T.d. nemner to Åsgard A-skipet. Både Odd og Reidar kjenner til at vikingane tenkte seg at gudane budde i Åsgard, menneska i Midgard og dei vonde maktene i Utgard. Dei synest å ha visse romlege førestellingar om dette. Omgrepet Ragnarok kjenner dei derimot ikkje til.

Eit anna moment eg har merka meg, er at det er få av barna som gjev nokon samanhengande framstilling av norrøne skapingsmytar. Dette synest å vera eit uoversiktleg felt for elevane. Eg finn døme frå 5-6 elevar på slike mytar. Her trekkjer eg fram versjonen til Odd. Anne spør Odd om han kjenner til korleis vikingane tenkte seg at verda var blitt til. Dette forklarar Odd som følgjer:

Odd: Det var to kuler, ei varm og ei kald, og så var det eit slags dyr, ein slags jotun som blei drepen av sånne æser, trur eg, og så datt han mellom. Så var verda ... Og så den eine kula var æsene, og dei andre jotnane.

Odd får her fram dikotomien mellom den varme og den kalde kula. Han har også kjennskap til skilnaden mellom jotnar og æser. Elles er det noko vanskeleg å få tak i korleis han

eigentleg tenkjer seg handlingsgangen i denne skapingsmyten. Det verkar noko fragmentarisk. Var æsene og jotnane alt frå starten, eller var det først ei varm og ei kald kule? I alle høve får han fram motsetnadene mellom desse. Malin framstiller følgjande skapingsmyte:

Malin: Det var nokon som fann trestokkar, og så skar dei ut eit menneske.

Anne: Mm.

Malin: Og så gav dei dei liv.

Anne: Ja.

Malin: Og så var det noko sånt ..., ei diger kjempe som blei drepen, og ... Hjernen trur eg blei til skyer, og så var det masse sånne ting.

Anne: Ja.

Malin: Blodet blei til hav og ...

Anne: Mm. Det er mange spennande forteljingar som finst om dette her.

Framstillinga til Malin byggjer på ei førestelling om at det måtte eksistera både 'noko' og 'nokon' før verda vart til, nemleg at det fanst nokre 'vesen' som fann trestokkar. Kven desse 'nokon' er, seier ho ikkje. Truleg kan det vera gudevesen. I alle høve utfører desse ei handling, i og med at dei skjer ut eit menneske. Det neste steget er at dette mennesket får liv. På kva måte dette skjer, veit me ikkje. Det minner om den kristne skapings saga, der Gud gjev pust til mennesket. Me ser i alle høve at det no er tale om menneske i fleirtal, kanskje mann og kvinne? Vidare fortel Malin om dramatiske hendingar, der det er tale om ei kjempe som blei drepen, og kva dei ulike kroppsdelane vart omforma til, t.d. hjernen til skyer og blodet til hav. Eg kjem attende til fleire døme på skapingsmytar i presentasjonen av einskildelevar.

7.2.3 Dramatisering av norrøne mytar

Fleire av elevane danna grupper som valde å dramatisera norrøne mytar, eller dei laga sketsjar med utgangspunkt i den norrøne gudeverda. Stundom kunne det bli litt småknuffing og skjenn⁵, men til vanleg utvikla dei dramatiseringane i godt samarbeid.

I klasse Y dramatiserte ei gruppe då Tor kledde seg ut som Frøya, for å narra Trym. Barna laga eit vigsleritual som likna det me kjenner att frå kyrkjeleg vigsle i dag. Dei sette 'ringar' på. Hammaren Mjolne ligg på eit klede. Tor sigrar, og viser sitt sanne 'eg'. Han slår dei andre ned.

I klasse X laga ei gruppe sketsj om temaet med Idunn og eplet. Ei anna gruppe arbeidde med sketsjen "Gudar på picnic". Gruppa var først ute i gangen og øvde. I denne sketsjen kjem Frøya vandrane over regnbogen (stolane), og fram til Valhall. Ho er svolten etter den lange reisa. Ein av deltakarane i gruppa spring ut på joggetur, og ser gudinna. "Å,

⁵ Feltnotat av 19.05.99.

sjå, der kjem den vakre gudinna!” ropar han. ”Time out!”, seier ein annan, og så diskuterer gruppa litt meir om innhaldet. Deretter kjem neste forsøk: ”Er ikkje gudinna komen?”, ropar ein. ”Sjå, der kjem ho!”, får han til svar. ”Kvar er eg komen?” spør gudinna. ”Til Valhall”, får ho til svar. ”Kvifor trenar du så mykje, Odin?”, seier dei til han som spring. ”For å halda makta”, svarar Odin. Nokre av dei andre syng ”Alle gudar små de er ...” til tonen av den kjende songen ”Alle fugler ...”. Dei nyttar her ein litterær allusjon. Etter dette forsøket blir dei einige om å skriva ned replikkane, og dikterer følgjande:

”Er ikkje den nye gudinna komt enno?”

”Nei, jo der er ho.”

Alle: ”Å, sjå kor vakker ho er!”

Gudinna: ”Hei, kor er eg komen til?”

Alle: ”Du er komen til Valhall.”

Gudinna: ”Var det Bø i Telemark?”

Dei andre til Odin: ”Kvifor joggar du heile tida?”

Odin: ”Eg må halda kroppen i form, eg må halda vekta.”

Ei av jentene til gudinna: ”Vil du ha litt mat?”

Gudinna: ”Det vil eg gjerne!”

Odin: ”Vil de vera med på joggetur?”

Dei andre: ”Å, ja!”

Gudinna kjem deretter ridande på ein hest (jakka til Elin). Så dreg dei ut på joggetur.

Det me merkar oss i denne sketsjen er at barna nyttar kjende namn på guden og gudinna, og også Valhall, bustaden til Odin. Men sjølve historia har dei komponert sjølv. Her nyttar dei eit velkjent tema, nemleg om jogging og slanking. Dette flettar dei inn i historia på ein humoristisk måte. Me merkar også spøken i spørsmålet om Bø i Telemark. Her nyttar dei ein velkjend og populær feriestad for barn. Undervegs i prosessen korrigerer dei og utfyller ideane til kvarandre. Det er såleis gruppa i fellesskap som utviklar ideane og det endelege produktet. Dei brukar også enkle rekvisittar som jakke og stolar for å få fram det imaginære. Dei vekslar mellom å skapa nytt innhald og å regissera.

7.3 Møte mellom norrøn tru og kristendommen

Gjennom samtalar og skriftlege arbeid har eg prøvd å danna meg eit bilete av kva forståing barna har av møtet mellom norrøn tru og kristendommen. Av teikningane har me sett at eit fleirtal av barna framstiller Olav Tryggvason og kristendommens kome til Moster i eit harmoni-paradigme (jfr. kapittel 5.5). Biletet vert eit noko anna når eg i samtalane spør barna om korleis dei generelt oppfattar møtet mellom norrøn tru og kristendommen. Her legg fleire hovudvekta på det konfliktfylte. Men mange peikar også på at det kan vera ein kombinasjon

mellom overtyding, overtaling og konflikt. T.d. er det fleire av barna som i forteljingane sine først legg vekt på overtyding, men dersom dette ikkje verkar, går dei over til bruk av makt gjennom kamp og tvang. Fleire av barna oppfattar at det var noko slikt som skjedde ved tusenårsskiftet.

7.3.1 Gudsoppfatning og gudsydrking

Innan forskinga har ein drøfta om det skjedde radikale endringar i gudsoppfatninga under religionsskiftet, eller om me heller kan tala om synkretistiske trekk. Eg finn døme på begge desse oppfatningane i materialet mitt, men fleirtalet karakteriserer overgangen i svart–kvitt-termar, som kan tyda på at dei oppfattar religionsskiftet som ei radikal endring. Fleire nemner at det skjedde ei endring frå fleire gudar til ein gud. Inger formulerer det slik:

Inger. Før trudde dei på Tor og Odin og dei ...,
Anne: Ja.
Inger: ... og no trur dei på Jesus. (Litt latter.)
Anne: Ja.
Inger: Gud, trur eg.

Mange understrekar at det nye var å tru på Jesus, eller Kvitekrist (15). Reidar meiner Kvitekrist fekk dette namnet fordi vikingane ” ... tenkjer seg ein kvit fyr som går i ei kvit kappe.” Også Vidar forbind Kvitekrist med kvitt, eller med ’gledens farge’, som han uttrykkjer det.

Som døme på ei litt meir omfattande skildring av denne Jesus tar eg med ein sekvens frå samtalen mellom Bernt og Anne. Bernt fortel om Kvitekrist, og at det var vanleg å ha krossen som symbol. Anne ber han seia litt meir om dette:

Anne: Ja. Kva betyr korset? Kvifor har dei eit kors som symbol i kristendommen?
Bernt: Han der Jesus-kisen, han daua på eit kors.
Anne: Mm, mm.
Bernt: Du har vel høyrte den der ”Jesus død på eit kors”? (Syng dette.) Eitt eller anna? Nei. ”I Golgata stod det eit kors. Jesus hang på det korset. I grava var det ei grav. Jesus låg i den grava. Men korset er tomt, grava er tom, Jesus stod opp og han lever.” (Bernt syng dette verset.) Sant?
Anne: Kan du gjennom ein song formidla innhaldet, du?
Bernt: Jepp.
Anne: Ja. Har du lært han på skulen, den?
Bernt: Jepp.
Anne: Flott. Så dette her med korset, det var mektig i kristendommen. Og dette her med Jesus, Kvitekrist, som du seier?

Bernt brukar uttrykk frå si eiga tid når han skal forklara krossymbolet. Han knyter dette til Jesu død på krossen, men som me ser, brukar han ikkje høgtidelege ord om dette. Jesus vert omtala som 'Jesus-kisen'. Ein 'kis' er uttrykk for ein gut eller ein kar. Bernt legg trykk på ordet 'daua'. Bernt brukar først slenguttrykk i skildringa si av Jesus og krossen. Men deretter trekkjer han inn ei poetisk form, nemleg ein barnesong som omhandlar det same temaet, nemleg Jesu død på krossen. Denne songen syng han. Kanskje han oppdaga at det var lettare å formidla det han meinte gjennom ein song enn å referera i eit kvardagspråk? Sekvensen avsluttar med ein kort dialog om kvar han hadde lært denne songen. Her nyttar Bernt igjen eit slenguttrykk, nemleg 'jepp' i staden for 'ja'. Eg tolkar det slik at han vil markera eit visst uhøgtidleg kvardagspreg, men eg oppfattar ikkje desse slenguttrykka som noko nedlatande form frå Bernt si side. Tvert i mot meiner eg det er uttrykk for ei jovial haldning hos Bernt i samtalen.

Nokre av barna omtalar den kristne guden som ein usynleg gud, ein snill gud, ein fredeleg gud, ein skapargud og ein gud som er glad i alle. Odd meiner at i kristendommen trudde dei berre på ein gud, og han var finare og ikkje så valdeleg som dei norrøne gudane.

Det kvite og lyse ved kristendommen vert trekt fram av fleire, som motsetnad til det mørke i den norrøne trua. Her ser me at barna nyttar lys-metaforen, som også lærarane la vekt på i innleiinga til temaet. Fleire gjev personlege kommentarar i samband med denne forklaringa, der dei seier at kristendommen er meir ekte eller betre enn den norrøne trua (7). Bakgrunnen for dette er truleg eit spørsmål frå Anne om i kva grad dei meiner at den eine trua vert framstelt som betre eller verre enn den andre i bøker og undervisning. Dette var tydeleg eit komplisert spørsmål, og fleire oppfatta truleg at dei vart bedne om å koma med ei eiga, personleg vurdering av religionane.

Det er fleire barn (7) som svarar 'veit ikkje' på spørsmålet om forskjellar og likskapar i gudsoppfatning mellom norrøn tru og kristendommen. Ein elev trekkjer fram at folk sikkert trur " ... litt begge deler". Somme meiner altså at det er ei viss synkretisme. Her kjenner me att svara slik fleire religionsforskarar truleg vil karakterisera dagens unge når det gjeld forholdet til religion, dvs. at dei unge hentar element frå ulike religionar og livssyn, som dei blandar. Andre har ei meir spesifikk skildring av kontrastane eller ulikskapane i livstolkingane, som t.d. Bernt. Anne spør Bernt i det første intervjuet korleis han tenkjer seg møtet mellom den norrøne trua og kristendommen. Kva tenkjer han om forskjellen mellom dei ulike livstolkingane?

Anne: Kva trur du var forskjellen med den kristendommen i forhold til det dei trudde på før?

Bernt: Korleis meiner du? Å ja, kva var forskjellen?

Anne: Kva var forskjellen i det ..., i trua deira?

Bernt: Dei som ... Dei kristne, dei prøvde ... Dei gjorde ... (Litt hosting.) Dei prøvde ... Dei sånn der ... Korleis skal eg seia det? Sånn der ... Dei prøvde å ... Dei sånn der heldt på guden sin og så fortalde om dei ti boda og såne greier og så ...

Anne: Mm.

Bernt: Og sa at det ikkje finst nokre andre gudar enn guden, eller dei skulle ikkje ha det eller sånn.

Anne: Ja.

Bernt: Mens Tor og det, det er såne maktegudar og sånt som skulle ... Liksom sure gudar, eller korleis ein kan seia.

Bernt synest først å stussa over spørsmålet, men så verkar det som han forstår dette, for han repeterer kva Anne har spurt om. Men i det neste svaret ser det ut som han prøver ut ulike måtar å tilnærma seg spørsmålet på. Han startar med fleire ulike formuleringar, men utan eigenleg å koma nærare eit svar før han til sist konkluderer med at forskjellen galdt gudsoppfatninga og det etiske. Her refererer han til dei ti boda og at det er monoteisme i kristendommen. Det er ein gud. I det andre intervjuet kallar han dette for 'hovudgud'. I den norrøne religionen har dei derimot fleire gudar, ein fem-seks stykke, meiner han. Når det gjeld gudane i den norrøne trua, karakteriserer Bernt desse på ein annan måte. Han kallar dei 'maktegudar' og 'sure gudar', som høyrer noko nedlatande ut. Han er meir nøktern i skildringa av den kristne guden.

Også Haldis reflekterer omkring forholdet mellom norrøn tru og kristendommen. På den eine sida framstiller ho dei norrøne gudane som 'noko der oppe' når det er tale om gudsdyrking. På den andre sida viser ho til at Odin og Tor vert framstelte som statuar. Men statuane var tydeleg ikkje uttrykk for reelle gudar, etter oppfatninga til Haldis:

Haldis: Odin og Tor, det var berre nokre statuar dei hadde.

Anne: Mm.

Haldis: Men kristendommen, det var liksom ikkje noko, det var heilt usynleg.

Anne: Mm. Ja, akkurat.

I denne vesle dialogen spør Anne om kva Haldis meiner er forskjellen mellom norrøn tru og kristendommen. Det kan vera litt vanskeleg å tolka Haldis her. Ho synest på den eine sida å seia at Odin og Tor eigenleg ikkje finst anna enn i avbilingar eller statuar. Kva ho derimot meiner om kristendommen kan vera litt uklart. Eg forstår det slik at ho ikkje avviser kristendommen, men at han var 'usynleg' i den forstand at ein ikkje kunne sjå kristendommen (eller Gud), eller at ein ikkje har nokon avbiling eller statue av han. Denne utsegna kan såleis vanskeleg tolkast i si fulle breidde som at kristendommen i forhold til den norrøne trua er eit

usynleg fenomen. Truleg ligg det meir ei presisering av at det har skjedd ei endring i gudsoppfatninga.

Også i det andre intervjuet er Haldis noko vag når det gjeld å seia kva som var forskjellen mellom innhaldet i kristendommen og den norrøne trua. Ho veit ikkje heilt, seier ho. Iris, derimot, prøver å konkretisera dette. Ho nemner at dei ikkje blota, at dei ikkje hadde gudebilete, og at dei gjekk med kross. ”Først så gjekk dei med klubba til Tor. No hadde dei korset”, seier ho. Her får ho fram at symbolbruken har endra seg i høve til den nye forståinga.

Også Helga trekkjer fram kontrastane mellom den gamle og den nye trua. Ho teiknar eit nokså svart–kvitt-bilete av forholdet mellom dei to religionane når Anne spør om kva som var forskjellen når det gjeld gudstru mellom den gamle trua og kristendommen.

Helga: Der i gamle trua, der var dei [gudane] vonde på ein måte.

Anne: Ja.

Helga: Dei ville gjera noko dumt viss me ikkje blota og sånt til dei.

Anne: Mm, mm.

Helga: Men Gud, han var sånn der .., han er glad i alle, uansett kva me gjer.

Anne: Mm, ja.

Helga: Det er forskjell.

Slik eg tolkar denne dialogen, ligg det kanskje ein skjult budskap i det innleiande spørsmålet frå Anne. Når ein blir spurt om kva som er forskjell, er det lett å tenkja i kategoriar som ’betre’ eller ’verre’. Me kan kanskje forstå svaret til Helga i lys av dette, når ho omtalar dei gamle gudane som vonde. Helga kjem her med ei personleg vurdering, sjølv om Anne ikkje hadde tenkt på det i utgangspunktet. Det er også interessant å merka seg at karakteristikken til Helga av Gud i kristendommen går over til å formulera det eg vil kalla eit personleg standpunkt, heller enn ein informasjon om korleis gudstrua endra seg for dei vikingane som gjekk over til kristendommen. Eg vil tru at Helga her gjev uttrykk for eit gudsbilete ho sjølv har møtt i skulen, kyrkja eller søndagsskulen.

Sidan Helga har denne personlege kommentaren når det gjeld skilnader mellom dei to religionane, kan det vera av interesse å sjå kva ho svarar på spørsmålet om den eine religionen vert framstelt som betre eller verre enn den andre.

Anne: Når du les om dette her, synest du at den eine religionen blir framstelt som betre eller verre enn den andre?

Helga: Lite grann, men ikkje så voldsomt mykje.

Anne: Mm. Kva tenkjer du då på?

Helga: Eg tenkjer på at nettså når den gamle trua ...,

Anne: Mm.

Helga: ... den var litt verre ...

Anne: Mm.

Helga: ... enn den nye.
Anne: Mm.
Helga: Der var det jo forskjell på sånn menneske ...
Anne: Mm.
Helga: ... om det var trælær eller sånn ...
Anne: Mm.

Slik eg oppfattar svaret til Helga går ho også her inn på ei personleg vurdering, ikkje av om framstillinga i bøker ho har lese favoriserer den eine eller andre religionen, men korleis ho sjølv oppfattar menneskesynet i dei to religionane. Og her meiner ho den gamle trua kjem litt dårlegare ut. I ettertid vil eg seia at dette var eit relativt komplisert spørsmål frå Anne. Det er ikkje rart om barna oppfatta det som at dei skulle svara på kva for religion dei sjølv meinte var best.

Når det gjeld spørsmålet om nye levereglar, er både Iris og Haldis usikre. Dei meiner det vart ein stor overgang for folk då det kom ei ny tru. Etter kvart begynte dei fleste å tru på Gud, meiner dei.

Når det gjeld gudsdyrking, trekkjer fleire av barna (9) fram at det ikkje er ofring eller bloting i kristendommen. Likevel er ikkje alle samde i det, for det vert hevda at ein ofrar, berre på ein annan måte. Fleire (6) trekkjer også fram at det ikkje er gudebilete i kristendommen. Derimot har dei kross, og dei legg vekt på bønn (5), dåp (2) og å gå i kyrkja (2).

På spørsmålet til Anne om kva som var forskjellen mellom det å tru på kristendommen og det å tru på dei norrøne gudane, er nokre opptekne av skilnadene, andre av fellestrekk. I den følgjande sekvensen viser eg døme på ein som ikkje går inn på kva ulike førestellingar dei eventuelt måtte ha om gudar og makter. Vedkomande går derimot inn på det eg oppfattar som ei personleg vurdering av kva han synest er mest 'ekte' eller 'sant', slik Helga også gjorde.

Anne: Kva var forskjellen på det å tru på kristendommen og det å tru på desse gudane, trur du?
Reidar: Nei, for at kristendommen var vel ekte.
Anne: Mm.
Reidar: Det visste dei jo ikkje.
Anne: Nei. Mm.
Reidar: Dei andre gudane, dei var jo ikkje ekte.
Anne: Mm. Ja.

Svaret til Reidar indikerer at han meiner me no sit inne med kunnskapar som vikingane ikkje hadde i høve til kor 'ekte' dei ulike religionane var. Dei kunne ikkje vita det me no veit. Slik Reidar forstår det, er det kristendommen som har vist seg å vera ekte, men noko meir

grunngeving for dette kjem han ikkje med. Eg tolkar det som han her har eit utviklingsperspektiv.

I det andre intervjuet legg Reidar vekt på at det var mange som ikkje ville gå over til den nye trua. Han meiner likevel overgangen ikkje var så stor for dei som gjorde dette, anna enn at dei i staden for å be til mange gudar, no ber til ein. Han meiner likevel at det blei mykje krangling i dei familiane der dei hadde ulik tru. Reidar kjenner også til nokre av dei nye reglane eller lovene.

Også Odd kjem med eigne vurderingar på spørsmålet til Anne om i kva grad dei ulike religionane vert framstelte som likeverdige. Han synest at trua på æsene er mykje dårlegare, då det er mykje bloting, dreping og hemn. Her gjev Odd uttrykk for eiga meining om religionane, ikkje i kva grad han synest læreverka framsteller dei som likeverdige.

Malin og Line er av dei få som svarar at dei to religionane vert framstelte like bra i læreverka. Det er truleg få som oppfattar spørsmålet på denne måten. Også Sondre gjev ei personleg vurdering av dei to religionane:

Sondre: No var det no sånn at dei norrøne gudane då, dei fanst jo ..., eller dei finst jo ikkje. Så sånn sett var no ... Det kan henda at du klarte det, og trudde du bad til den og den guden ...,

Anne: Mm.

Sondre: ... men det var jo ikkje eigenleg sånn det var.

Anne: Mm.

Sondre: Så elles så ..., for kristendommen ..., for eg er ganske sikker på den då. For eg trur ikkje nokon har funne på det med Jesus og at han døydde og sånt.

Anne: Mm.

Sondre: Så eg lurar litt på korleis ..., om dei fekk vita det at Tor og Odin var nettså i himmelen, nettså.

Anne: Mm.

Sondre: Korleis dei fekk vita det.

Anne: Mm.

Oppfatninga til Sondre er at dei norrøne gudane ikkje fanst eller finst. Dermed synest han det er vanskeleg å samanlikna desse religionane. Han meiner likevel at nokon kanskje trudde at dei fanst, og bad til dei ut frå dette. Men Sondre 'oppklarar' dette med å seia at det var nok ikkje slik. Med andre ord: At dei tok feil. Derimot meiner han at kristendommen er reell. Dette grunnjev han med at han ikkje trur nokon har funne på forteljinga om Jesus og at han døydde. Sondre avsluttar denne sekvensen med ei undring over korleis mytane om Tor og Odin har oppstått. Det synest her som han tenkjer seg desse gudane plasserte inn i eit univers med himmel. Kanskje Sondre tenkjer seg at Odin og Tor 'erstattar' Gud og vert plasserte inn i eit univers prega av kristne metaforar? Ei slik tolking kan me ikkje utan vidare gjera, sjølv om Sondre her nyttar omgrepet 'himmel'. Han talar nemleg vidare om Valhall, og at ein skilnad

mellom kristendommen og den norrøne trua var at i den norrøne trua var det viktig å dø i kamp, for då kom ein til Valhall. Om ein er kristen og trur på Gud, kjem ein til himmelen, seier han. Ein annan skilnad mellom den norrøne trua og kristendommen, er gudsoppfatninga. Sondre understrekar at i kristendommen trur ein berre på ein gud. Han har også ei forklaring på korleis me kan forstå spørsmålet om den treeinige gud:

Anne: Har dei mange gudar i kristendommen?

Sondre: Nei, no er det no berre ein som er guden, og så har han ein på kvar hand, nettså, for å seia det sånn.

Anne: Jaha. Og kan du seia litt om kven det er?

Sondre: Jesus og Den Heilage Ande.

Anne: Mm. Ja, akkurat.

Sondre: Så det er nettså Gud som bestemmer, og dei andre berre hjelper sånn å få det til, nettså, på ein måte.

Anne: Mm. Mm, ja.

Sondre viser her korleis han forstår forholdet mellom monoteisme og ein treeinig gud. Jesus og Den Heilage Ande har her 'støttefunksjonar' i forhold til den eigenlege 'sjefen', Gud. På denne måten synest han å løysa spørsmålet om korleis ein skal forstå at det berre er tale om ein gud i kristendommen versus dei ulike gudane i den norrøne mytologien. Medan han tidlegare har forklart at dei norrøne gudane er funksjonsgudar med kvar sitt område, synest oppfatninga hans å vera at den treeinige gud ikkje har ulike funksjonsområde.

Også Laila kjem med ei personleg vurdering av dei to livstolkingane når Anne spør kva Laila meiner er forskjellen på å dyrka den kristne guden og å dyrka Odin og Tor.

Anne: Har du inntrykk av kva som var forskjellen på det å dyrka kristendommen og det å dyrka Odin og Tor?

Laila: Kva forskjellen var?

Anne: Ja.

Laila: At Odin og Tor var ikkje skikkelege.

Anne: Mm. Ja.

Laila: Eg veit ikkje. Han Gud var skikkeleg.

Anne: Mm. Ja.

I denne sekvensen spør Anne etter forskjellar når det gjeld ritual i gudsdyrkinga, men Laila oppfattar truleg spørsmålet noko annleis. Slik eg tolkar svaret hennar, meiner ho at det er ein vesensskilnad på dei to religionane, nemleg at dei norrøne gudane er fiktive, medan den kristne guden er reell eller faktisk. Dette kan tolkast som at ho gjev uttrykk for ei personleg oppfatning av dei to religionane. Litt tidlegare i intervjuet har ho likevel snakka om at Odin

og Tor kunne verta sinte, så ho gjev dei menneskelege eigenskapar, sjølv om ho her snakkar om at dei ikkje er 'skikkelege'.

7.3.2 Verdsoppfatning

Barna synest å ha visse vanskar med å formulera oppfatningar om forskjellar og likskapar i verdsoppfatninga når det gjeld kristendommen og den norrøne trua. Dei som kommenterer dette (5), understrekar at i kristendommen var det Gud som skapte jorda. Eg finn også døme på at somme meiner skilnaden er at kristendommen sa at jorda var rund, medan ein i den norrøne trua meinte at jorda var flat. Her kommenterte Anne overfor barna at også mange av dei kristne på den tida meinte at jorda var flat. Her er det døme på at Anne korrigererte eller utfylte svara til barna.

Vidar er ein av dei som relaterer verdsoppfatninga til vikingane i høve til si eiga oppfatning av at jorda er rund. Han meiner det har skjedd store endringar. Han fortel om kva vikingane tenkte kom til å skje dersom dei reiste for langt. Han har også kommentarar til korleis denne oppfatninga er i forhold til hans eiga:

Vidar: Så at viss dei kjørte den og den vegen, så ..., anten så fraus dei i hel ...,

Anne: Ja.

Vidar: ... nordover ...,

Anne: Mm.

Vidar: ... det var i alle fall i mellomalderen, sant? Sørover, då kokte dei opp.

Anne: Mm.

Vidar: Og så viss dei reiste til sidene, då berre datt dei utfor verdas ende.

Anne: Mm. Ja.

Vidar: Ganske rart bilde av det ...,

Anne: Ja.

Vidar: ... i forhold til sånn som me har det no.

Anne: Kva synest du har forandra seg mest no då, i synet på verda?

Vidar: No veit me jo at jorda er rund.

Anne: Mm. Ja.

Vidar: Det er heilt noko anna, det.

Anne: Ja.

I denne sekvensen skildrar Vidar ei romleg førestelling i samsvar med 'pannekakemetaforen', der det er farleg å overskrida grensene. Han utvidar dette perspektivet i høve til mange andre elevar, ved å forklara at farane ved å overskrida grenser er knytte til fire retningar, nord, syd og til sidene (aust og vest, eller venstre og høgre?). Han er likevel ikkje sikker på om førestellinga om at dei fraus i hel om dei kom for langt nord, eller kokte opp dersom dei kom for langt sør, høyrde til i vikingtida. Kanskje denne ideen oppstod i mellomalderen? Her reflekterer han såleis over kronologien. Han nyttar metaforar som skildrar omfattande

kroppselege endringar, eller lidingar. Dette kan minna noko om skildringar av plagene i 'helvete'.

Derimot er det meir vanleg at barna kjenner til førestellinga om å 'detta utfor', dersom dei kom på kanten av jorda. Her kjem det også fram ei viss romleg oppfatning av noko 'nedanfor' kanten. Vidar trekkjer også inn eigne refleksjonar omkring denne forståinga. Han konkluderer med at verdsoppfatninga til vikingane var heilt annleis enn vår, noko han eksemplifiserer med at me no veit at jorda er rund.

Nokre få av barna viser også til at omgrepa 'Valhall' og 'himmel' liknar på kvarandre, eller tilsvarar kvarandre. Dette har truleg bakgrunn i at elevane i undervisninga nettopp hadde laga ei skjematisk oversikt, der dei samanlikna sentrale omgrep innan den norrøne trua og kristendommen. Lærarane hadde lagt vekt på eit komparativt element.

Også Bernt har refleksjonar om forskjellar mellom den norrøne trua og kristendommen når det galdt synet på korleis ein skulle leva og kva som skjedde i døden:

Bernt: Jo, kristendommen, der måtte dei jo ikkje ... For eksempel i den norrøne trua, der .. Dei måtte døy for å koma i ..., koma til Åsgard eller Valhall.

Anne: Mm.

Bernt: Og i ..., og der som ..., i vanleg krist ..., der er jo berre å vera snill der.

Anne: Mm.

Bernt: Det er omtrent rett omvendt.

Anne: Ja. At i den andre så galdt det å ikkje vera snill. Å vera krigersk. Og i kristendommen så galdt det å vera snill?

Bernt: Jepp.

Bernt understrekar her at den norrøne trua og kristendommen representerer to motsette tilnærmingar til livet og døden. Motsetnaden ligg mellom det å vera krigersk og det å vera snill. Resultatet er at ein då kan nå anten Valhall eller himmelen. Bernt meiner difor at det var stor overgang å gå over til kristendommen.

7.3.3 Kristningsprosessen som kulturmøte og kulturbryting

Som eg har vist i kapittel 5.5, kan me dela oppfatningane til barna inn i tre hovudgrupper, nemleg dei som oppfattar møtet mellom norrøn tru og kristendommen i konfliktermar, dei som har ei meir harmonisk forståing av møtet og dei som forstår møtet som overtyding og forhandling. Det varierer noko kor tydeleg desse perspektiva kjem fram hos barna. Det kan også variera i ulike framstillingar hos same person korleis ein tenkjer seg kristninga, noko eg kjem attende til kapittel 9. I det følgjande avsnittet viser eg døme på ulike forståingar, sjølv om det ikkje utan vidare er lett å gruppera desse. Somme av barna seier at dei kjenner lite til

korleis kristningsprosessen gjekk føre seg (t.d. Joar og Knut). Ved litt nærare ettertanke synest fleire å tenkja seg at kristninga var ein langsam prosess (t.d. Hans og Vidar). Også Sondre er oppteken av det same. Om våren undrar han seg over korleis religionsskiftet eller kulturskiftet eigenleg skjedde:

Sondre: Men eg veit ikkje heilt korleis dei plutseleg skifta å tru, nettså.

Anne: Mm, ja.

Sondre: Det er eg ikkje sikker på.

Anne: Trur du det skjedde plutseleg, eller trur du det kanskje skjedde over lengre tid?

Sondre: Det må nok ha skjedd over lengre tid.

Anne: Mm.

Sondre: Det var ikkje noko ... Eg veit ikkje heilt om det var funn som var, eller om det var nokon som hadde trudd på det, eller som hadde ført det gjennom livet, eller oldeforeldre og sånt ...

Anne: Mm.

Sondre: ... heilt tilbake til år null, nettså.

Anne: Mm.

Sondre: Men eg er ikkje heilt sikker.

Sondre føresteller seg at kristningsprosessen har skjedd over lengre tid. Han funderer på om korleis tilknytninga har vore heilt tilbake til år null. Her tenkjer han truleg at Kristi fødsel markerer år null på tidslina. Han reflekterer ikkje over om det er noko som heiter år null, men er meir oppteken av korleis sambandet er mellom Kristi fødsel og kristninga av Noreg. Har det føregått ein overleveringsprosess, der den nye trua går frå slekt til slekt? Finst det bevis for ein kronologisk orden, der me kan følgja utbreiinga av kristendommen? Sondre undrast, men svaret blir ope.

Mange av barna knyter kristningsprosessen til kongane, men ikkje alle er like tydelege på dette, eller på korleis det heile gjekk føre seg. Inger synest å ha ei noko vag oppfatning av korleis kristendommen kom til landet:

Inger: Eg hugsar i alle fall at nokre trudde på Gud og nokre trudde på Odin.

Anne: Mm.

Inger: Eg trur det var ein konge som kom med kristendommen, trur eg. Eg veit ikkje eg.

Inger nyttar her ei nokså vanleg inndeling, nemleg mellom dei som trudde på Gud og dei som trudde på Odin. Det er lite tale om at nokre kanskje trudde litt på begge delar. Vidare meiner ho at kongen hadde noko med innføringa av kristendommen å gjera, men ho er ikkje sikker. Ho synest ikkje å ha noko heilt klar oppfatning av denne tida og korleis møtet mellom kristendommen og den norrøne trua arta seg. I samtalen kjenner ho ikkje til kva kongar som var sentrale i denne perioden. Heller ikkje har ho kjennskap til om levereglane endra seg. Det

einaste var at dei skulle vera ærlege med kvarandre. I arbeidsboka har ho derimot skrive utførleg både om kongane, norrøne gudar og nye lover. Det kan tyda på at ho kanskje sit inne med meir omfattande kunnskapar.

Andre trekkjer fram at prestane hadde ei mektig rolle. Helga føresteller seg at kristendommen kom til Noreg ved at prestar kom og fortalde om denne trua i kyrkjene. Det handla om at Jesus ville frelsa menneska, men ikkje alle trudde at dei hadde bruk for det. Og somme ville høyra litt til på begge sidene.

Eit konfliktparadigme

Odd er ein som koplar kristninga saman med konflikt- og maktperspektivet, i det han seier at kongane var mektige til å få fram trua. Han meiner det vart nytta ein del tvang i dette religionsskiftet. Men sjølv om han kjenner til at det kom ein del nye reglar, meiner han at det ikkje var så stor overgang å gå over til kristendommen. Mange ville halda på dei gamle reglane. Også Reidar koplar kongane til kristninga, men på ein enklare måte:

Reidar: Først så ville dei bli kongar, og så gjekk dei og sa at dei ville ..., at sånn der alle skulle bli kristne.

Her ser det ut til at Reidar tenkjer seg prosessen i to trinn: Først bli konge, og deretter seia at folket skulle følgja etter og bli kristne. Forståinga til Reidar av kongemakta og kristningsprosessen ser ikkje ut til å vera så tett vevd saman med maktperspektivet som hos Odd. Reidar synest det er vanskeleg å ha oversikt over dei ulike kongane. Han gjev eit nyansert svar på spørsmålet om i kva grad kristendommen vart innført ved tvang eller overtyding, og meiner det varierte med kongane. Nokre brukte makt, andre overtyding. Reidar meiner Olav Tryggvason og Olav Haraldsson var forskjellige. Olav Haraldsson ville drepa dersom dei ikkje satsa på han, seier Reidar. Her skil synet hans seg frå fleire medelevar, som meiner Olav Haraldsson var den snillaste. Men dette seier dei etter å ha sett Mostraspelet. Synspunktet til Reidar er henta frå det andre intervjuet, og altså før spelet. Reidar trekkjer også inn eit litt uvanleg perspektiv når han teiknar at eit monster deltek i striden (fig. 7.3.3.1).



Figur 7.3.3.1: Teikning av Reidar: Monster og vikingar på Moster

Innhald: Motivet i teikninga til Reidar er møtet mellom eit monster og vikingar på Moster. Teikninga til Reidar framstiller eit møte på stranda mellom eit monster som kjem til lands og to menneske som truleg høyrer til på staden. Ordet "Moster" er skrive både til venstre og øvst på biletet med store bokstavar. Det kan tyda på at Reidar understrekar at dette er ei framstilling av hendingar lagt til Moster. Monstret er grønt og står litt uti sjøen til høgre i biletet. Det har ei svart 'krone' på med tre spissar. Augo, nase og munn er markert. Oppe på eit brunt 'hus' eller ein 'kai' av treverk står ein annan figur, men først veit ikkje Reidar heilt kven det skal førestella. Figuren er halvveges gul og oransje, og har ein hammar og eit skjold i hendene. Etter kvart i samtalen kjem Reidar fram til at det var Tor med hammaren, som skulle passa på området. Ute i sjøen ligg eit svart vikingskip med eit trekantforma segl med svarte striper. Over og under skipet står det "The lost vikngs", dvs. dei tapte vikingane. Skipet har ikkje folk om bord. Framme, nedst i biletet, står to bønder som truleg skal vera frå Moster. Den eine har på seg hatt og ei grøn skjorte. Han ropar "Hei, nei, ikkje igjen" og "Dra til havet vikingar". Den andre ropar "Ikkje angrip". Han har sverd og skjold i handa. Våpna er dekorerte med blå striper. Orda er forma inne i snakkebobler. Til venstre i biletet står det "Fram med våpen". Me ser ikkje korleis det vidare går i dette møtet. Teikninga viser

'stillestående' figurar, der andleta er vende framover. Men Reidar fortel at bøndene fekk overtaket, slik at det ikkje gjekk så bra for dei som kom. Anne lurar på korleis det hadde seg at det var eit monster saman med vikingane. Var det slik at han førestelte seg dei som monster, eller var dette ein skapnad i tillegg? Kan det forklarast med at Reidar tenkjer seg at dei som vart 'invaderte' av vikingar, såg på dei som monster og at symbolikken kanskje dermed var sakleg grunna? Eller kan forklaringa vera at han likar å sjå grøssarfilmar, der monster er ein nokså vanleg 'ingrediens' for å skapa spenning? Som me skal sjå, representerer monstret her tilknytning til ein av dei 'vonde' gudane, nemleg Loke.

Anne: Korleis hadde det seg at du tenkte på monster i lag med vikingane?

Reidar: Nei, for dei tenkte jo på gudar.

Anne: Jaha? At det var ein slags gudar dei hadde med seg?

Reidar: Ein slags gud ...

Anne: Ja.

Reidar: ... som likna på eit monster, som skulle opp og prøva å ta dei.

Anne: Jaha.

Reidar: For dei var jo heilt nøyaktig på å ofra til desse Tor og Odin der.

Anne: Mm.

Reidar: Så kan det vera at det var ein eller annan gud dei hadde gløymt å ofra til.

Anne: Ja vel? Sånn at dette her var ... Dei der monstra, var dei imot Tor og Odin, eller var dei med dei?

Reidar: Dei var mot.

Anne: Dei var mot dei?

Reidar: Ja.

Anne: Og kven heldt desse med då?

Reidar: Loke og dei der andre.

Anne: Loke og dei andre, ja akkurat. Så det var ein kamp mellom desse forskjellige gudane, og monstret her, dei var på sin ...

Reidar: Ja.

Reidar får her fram eit noko uvanleg perspektiv på kampen mellom den norrøne trua og kristendommen. I dette tilfellet vert ikkje kristendommen trekt inn. Kongen og mennene hans er ikkje inne i biletet. Det me får framstelt, er derimot ein 'indre krig' innan norrøn mytologi, nemleg at monstret angrip dei som dyrkar Tor og Odin. Monstret er her på Loke si side. Reidar veit ikkje heilt korleis kampen endar, men meiner at monstret må uti sjøen igjen. Grunnen kunne vera at Odin og Tor hadde usynlege hjelparar med seg, seier han.

Form: Namnet Moster er tydeleg markert to stader på arket. Det er med på å forsterka inntrykket av ei geografisk plassering. Omgrepet 'viking' får oss til å assosiera med vikingtida. Reidar er ein av dei få som har eit monster som ein viktig figur på teikninga si. Truleg har han henta inspirasjon frå film eller teikneserie. Monstret liknar ein person med krone på. Kanskje grønfargen er med på å understreka at det er eit monster? I alle høve er det

viktig med den munnlege forklaringa Reidar gjev for å forstå teikninga. Også framstillinga av Tor er noko uvanleg, ei blanding av ein person og eit 'gummimenneske'. Symbolet med hammaren understrekar at dette er Tor. Dei to personane me elles ser i biletet, er ikkje framstelte som tradisjonelle vikingar, med unntak av den eine som har skjold og sverd. Alle figurane er framstelte i frontal. Landskapet er markert delt mellom sjø og land med ei loddrett basisline noko til høgre i biletet. Landskapet er enkelt framstelt, som ei kulisser, utan detaljar. Vikingskipet med seglet ute i sjøen er også nokså enkelt framstelt, utan dei tradisjonelle kodane. Her er det teksten "The lost vikings" som kan bety at dette er eit skip.

Konklusjon: Teikninga framstiller eit konfliktparadigme, ikkje mellom den norrøne trua og kristendommen, men innan den norrøne trua, med guden Tor og monstret. Det religiøse er her i fokus, men også med eit visst element at det tidshistoriske, ved vikingskipet.

Også Stein er døme på ein som forstår møtet mellom den norrøne trua og kristendommen i eit konfliktparadigme, sjølv om han også nemner at somme prøvde å overtyda. Det blei krig, meiner han, og her vann kristendommen. Sameleis meiner Nina og Reidun at det var litt kamp og strid ved overgangen til ny tru.

Laila meiner det blei ein del konflikter når menneske som skulle leva saman, trudde på ulike gudar. Laila gjev uttrykk for at ho tenkjer seg at kulturskiftet skjedde ved konflikter:

Laila: Eg trur ikkje akkurat det skjedde fredeleg.

Anne: Korleis tenkjer du deg at det skjedde?

Laila: Nei, først så begynte dei sikkert litt å slåst, liksom, med dei som trudde på den andre guden.

Anne: Mm.

Laila: Og så ..., dei var ikkje heilt einige.

Slik Laila framstiller kulturskiftet, kjem motsetnadene fram. Ho synest å sjå for seg både ein fysisk konflikt med bruk av slåsting og ei verbal usemje.

Eit harmoniparadigme

Gunn er ei av dei som forstår møtet mellom den norrøne trua og kristendommen som relativt harmonisk. Ho legg likevel til at det var nok nokre som krangla litt. Også Grethe meiner at det sikkert ikkje var mykje krig då kongane kom til Moster. Det meiner truleg heller ikkje Line (fig. 7.3.3.2).



Figur 7.3.3.2: Teikning av Line: Kongen kjem til Moster

Innhald: Motivet på teikninga til Line er då kongen kom til Moster. På biletet ser me eit stort vikingskip som har lagt til land. På land ser me ein del folk. Vikingskipet er teikna til høgre på biletet. Me ser skipet frå sida. Framme ser me eit dragehovud, og akterenden er forma som ein spiral. Langs skipssida ser me åtte årar som stikk ut gjennom hol i sida, og langs rekka ser me sju skjold. Ved kvart av desse skjolda ser me eit hovud. Desse personane skal truleg førestella roarane. Framme på skipssida ser me ein stor, gul kross. Skipet har ei høg, brun mast med ein stor, gul kross øvst oppe. Dette er for å markera at kongen ville føra inn kristendommen i Noreg, fortel Line. Skipet har kvitt segl, med loddrette, raude striper. Line teiknar alltid slikt segl på eit vikingskip, fortel ho. Framme på skipet står ein mann i profil. Dette er kongen, som kjem til Moster. Han har skjegg, vikinghjelm på hovudet og ein svart stav med ein gul kross på. Han er kledd i rosa skjorte, blåe bukser og har ei raud, kort kappe på seg. Over han er teikna to snakkebobler, der det står: "Ta i mot" og "Me er venner". I tenkjebobla ser me eit hus. Dette skal truleg førestella ei kyrkje, sidan me ser gravsteinar og krossar utanfor. Line fortel at kongen tenkjer at han skal byggja ei kyrkje der. Frå framstammen ser me eit tau som går inn på land. Dette er truleg eit teikn på at båten er festa. På land ser me seks personar. Nokre av dei høyrer truleg med til den same familien, med far,

mor og to barn, etter storleiken og utsjånaden å døma. I tillegg ser me ein annan bonde frå Moster. Alle er kledde i lilla klede. To av barna ber eit spyd. Faren har ei vogn som ser ut som ein katapult. Me ser personane i profil, og det ser ut som dei er vende mot skipet som kjem inn frå høgre i biletet. Over faren ser me ei snakkeboble, der det står: ”Ka er det dåkke vil, ER DÅKKE Fienda, skyter me, er dåkke vener, kom i land.” Denne teksten tyder på at dei er usikre på kven som kjem. Kongen sitt svar om at ”Me er venner” tyder på at han ønskjer å ha eit fredeleg føremål. Replikken ”Ta imot” er då kongen kastar trossa på land, og ber dei som står på land om å ta imot. Line meiner at dei vert venner.

I lag med familien ser vi også ein hund og to kattar. Til høgre for familien, om lag midt på arket, ser me ei kvinne i frontal. Ho har stort ansikt og langt, svart hår. Ho er kledd i gul kjole og grønne sokkar. Line fortel at dette er ei ” ... sånn der adoptert sånn kinesarjente”. Det er difor ho er farga gul, både i andletet og på kjolen. Augo hennar er også teikna noko skeive. Anne lurar på kva jenta tenkjer på, men det veit ikkje Line. Ho står attmed to haugar med mose. Til venstre for henne ser me eit tre og to blommar. Landskapet går som eit felt på tvers over arket, og dannar ei basisline. Det nedste feltet er farga blått, og skal førestella sjø. Nede i sjøen ser me nokre fiskar, ei sjøstjerne, to haifinnar, og ei rekkje med små krabbar som held på å krypa frå land og ut i sjøen. Her ser me ein person som sit uti og et. Han har tallerk og bestikk og salt og pepar. Line fortel at fisken og krabben går opp på tallerkenen til han, og så kan han eta. Ein hai har bite i halen til den eine katten. Dette forstår eg som humoristiske innslag i teikninga. Line er einig i at ho kosar seg med å teikna slike detaljar. Den øvste delen av arket er dekkja av blå himmel, med nokre litt mørkare skyer. Me ser ti fuglar på himmelen, og ei stor sol med strålar.

Form: Teikninga til Line er detaljert, og med mange og klare fargar. Særleg peikar vikingskipet seg ut, med mange detaljar. Her nyttar Line tradisjonelle konvensjonar når det gjeld symbol som årar, skjold, dragehovud og segl. Bruk av krossen markerer den kristne tilknytninga. Me ser i alt tre krossymbol. Menneska er teikna med runde hovud. Augo og munn er markerte, elles ser me at nasa er ’sett utanpå’. Klesdraktene er relativt enkle i form og farge. Bruken av lilla medverkar til å få fram ein viss symmetri og samhald. Bruken av gult på ’kinesarjenta’ er truleg ut frå konvensjonen om gule kinesarar. At personane på land er teikna i profil vendt mot kongen om bord, får fram ei viss handling og relasjonar mellom partane. Det same gjeld bruk av replikkar og tenkjeboble. Tredelinga i sjø, landskap og himmel skaper ein viss balanse og romverknad. Måten fargane er skraverde på, får også fram eit visst ’liv’ i teikninga, særleg i sjøen. Som nemnt understrekar alle detaljane i sjøen, med fiskane og krabbane, at humoren har plass hos Line, og at dette er noko ho er seg medviten. Innslaget

med den adopterte kinesarjenta forstår eg også som humoristisk, men kanskje også med eit visst underfundig alvor om at det fleirkulturelle perspektivet høyrer med? Sola og landskapet dannar ei kulisse som skapar eit visst inntrykk av harmoni. Storleiken av skipet og personane på land viser likevel tydeleg kva som er hovudsaka i biletet.

Konklusjon: Line framstiller møtet mellom kongen og folket på Moster i eit harmoniparadigme. Ho får fram at det først er uvisse på land, men replikkane og framstillinga elles understrekar det vennskaplege. Hendinga er lagt til Moster. Det tidshistoriske kjem fram særleg ved framstillinga av vikingskipet. Det religiøse vert understreka gjennom bruk av krosssymbolet. Bruk av humoristiske detaljar pregar dette biletet.

Eit overtydingsparadigme

Om hausten teikna Iris eit bilete som viser prestar og andre utanfor Mostrakyrkja. Her ser det relativt harmonisk ut. I eit seinare intervju har ho ei meir dramatisk og kortfatta framstilling av korleis det gjekk då kristendommen kom til Noreg. Ho nyttar seg likevel ikkje av eit tradisjonelt konfliktparadigme. Me finn eit element av overtyding her, slik eg tolkar det.

Anne: Då kristendommen kom til Noreg, veit du på kva måte det skjedde?

Iris: Ja, det var sånn ... Eg hugsar ikkje kva han kongen heitte ... Men så reiste han inn til Moster og sa at Tor og Odin og dei ikkje var noko. Så tok han øks og så hogde dei der gudebilda deira ...

Anne: Mm.

Iris: ... og så sa dei der vikingane: Kvar er guden din? Og så kom sola ... Så gjekk sola ned og så peika han på sola og sa: Der er guden min.

Anne: Mm. Mm. Ja, akkurat.

Denne vesle forteljinga tek ikkje utgangspunkt i ein vanleg strid mellom ulike hærar, med kamp mellom menneske, slik mange av barna gjerne framstiller det. Her er kongen framstelt som ein som kjem til Moster og hogg ned gudebileta av Tor og Odin. Me kan altså kalla det ein kamp mellom kongen og gudane. Dette medfører eit nysgjerrig spørsmål frå vikingane på Moster: "Kvar er guden din?" Resten av historia ser me er nokså lik det me kjenner frå historia om Olav den heilage og Dale-Gudbrand, og som Iris også elles refererer til. Iris nyttar her ei kjend forteljing, som ho overfører til å skildra det ho meiner var ei faktisk hending på Moster. Det er såleis interessant å spørja kvar grensa går mellom mytar, segn og historiske 'fakta'. Denne forteljinga gjentek Iris om lag likt i det andre intervjuet eit halvt år etter. Då fyller ho ut med å seia at ho trur det er Olav den heilage som kjem, og han greidde å overtyda folket, som altså trur på "... Tor og dei". I tillegg til mus og rotter er det no også kome til slanger:

Iris: Dei greidde å overbevisa dei. Eg trur det var Olav den heilage som først kom, og så hogg han hovudet av ein gud og då fauk det ..., for det masse sånn rotter og mus og slangar og sånn ut.

Anne: Mm.

Iris: Og så spurde dei som trudde på Tor og dei kor guden hans var, og så kom ..., og så gjekk sola akkurat ned då, så viste han dei sola og sa det var hans gud.

Repetisjonen skulle tilseia at denne forteljinga har gjort inntrykk på Iris. Ho sparar heller ikkje på dramatiske verkemiddel i ordval og stemmebruk. Ho får fram ei fortetta stemning, men sigerherren er klar: Kvitekrist.

Også Sondre får fram kongane som kom til Moster og ville spreia kristendommen. Dei bygde kyrkjer og ville at folk skulle tru på Gud. Sidan dei då ikkje hadde tv og radio, meiner han dei reiste rundt med følgjet sitt og tala til folk. Det er ikkje nokon særleg kamp og konflikt, anna enn at ikkje alle ville tru. Denne kristningsprosessen meiner han var vellukka, noko han grunngjev med at me i dag har kristendom på skulen. Her prøver han å trekkja sambandsliner til vår eiga tid. Men han meiner også at det var motstand mot den første kristninga, og denne motstanden har halde seg fram til i dag, då det framleis er nokre som ikkje trur på Gud. Me ser her eit element av kulturbryting.

7.4 Oppsummering

Eit mytisk-religiøst perspektiv

Barna har ei viss oppfatning av at vikingane prøvde å skapa orden i tilværet gjennom den norrøne livstolkinga. Slik barna forstår det, er det norrøne gudeuniverset tydeleg prega av to 'hovudgudar', nemleg Odin og Tor. Dei kjenner til både gudane og funksjonane deira. Men så blir biletet meir samansett. Som eg har vist, er det store variasjonar i kjennskapen til dei andre gudane. Ein del av barna skildrar eit større univers, som består av Åsgard, Midgard og Utgard. Ragnarok er det lite tale om, men mange kjenner nemninga Valhall. Bloting og ofring til gudestatuar er den måten vikingane nyttar for å koma i kontakt med gudane. Denne rituelle sida har barna såleis noko kjennskap til. Når det gjeld kjennskapen til dei norrøne skapingsmytane, er det få som har ei samanhengande framstilling.

Dei fleste barna får fram eit visst komparativt perspektiv når dei skal samanlikna den norrøne og den kristne livstolkinga. Både gudsoppfatning og gudsdyrking synest å endra seg med kristendommen, i følgje barna. Dei har likevel litt uklare førestellingar om skiftet skjedde brått eller gjennom ein lengre prosess. Unntaksvis er det også somme som meiner at endringane ikkje var så radikale. Hovudintrykket mitt er at barna oppfattar det slik at

kristendommen representerte ei utvikling til det betre. Om dette representerer ei tru på evolusjon innan det religiøse, slik Cassirer stod for, er vanskeleg å seia. I alle høve understrekar barna at kristendommen er monoteistisk, til forskjell frå norrøn tru, der dei dyrka fleire gudar.

Når det gjeld levereclar, meiner ein del at kristendommen var strengare enn den norrøne trua, og hadde fleire reglar. Det etiske aspektet synest såleis å vera viktig. Dette etiske aspektet er også sentralt hos Cassirer. Men mange av barna synest å ha vanskar med å skilja mellom dei nye lovene som kongane innførde, og dei 10 boda. Ofte vert dette sett på som to sider av same sak.

Som tidlegare nemnt synest kongane å vera sentrale ved kristninga, men nokre av barna fortel også om prestar og misjonærar. Mange viser til påverknaden frå England og Irland. Barna synest for ein stor del å tenkja seg at kristninga i stor grad skjedde gjennom konflikhtar, og kanskje etter forsøk på overtyding. Barna ser dermed ut til å ha fått med seg at det gjekk føre seg ei kulturbryting, men at kristendommen vann. Dei har litt ulike meiningar om dei synest dette var positivt eller ikkje. Heller ikkje alle uttalar seg om det. Ein del av barna viser engasjement når det gjeld spørsmålet om dei norrøne mytane er 'sanne'. Det ser for meg ut som barna opplever desse mytane som spennande, men fleire markerer at dei ikkje er 'sanne'. Nokre formulerer eigen ståstad i høve til det religiøse. Hovudinstrykket mitt er at barna skil mellom den kristne trua og den norrøne livstolkinga som ulike heilskapar, men presisjonsnivået varierer.

Eit historisk perspektiv

I dette kapitlet kjem ikkje det historiske perspektivet så sterkt fram. Det er meir omtala i kapittel 6. Mange av barna har eit visst kronologisk tidsperspektiv på hendingane på Moster, og dei viser til at det skjer endringar undervegs på det religiøse feltet. Men ein del har noko uklare oppfatningar av om dette er ein lengre eller kortare prosess. Her har det vel også skjedd endringar innan forskinga når det gjeld tidfesting av prosessane.

Eit estetisk perspektiv

Som eg har vist døme på i teikningane, har barna til tider ei nokså ulik framstilling av møtet mellom norrøn tru og kristendommen i teikningane og elles i samtalane. Særleg gjennom teikningane meiner eg barna på ein fortetta måte får fram eit heilskapsinntrykk, anten det er i form av konflikt eller harmoni. Gjennom bruk av fargar og komposisjon får dei fram både alvor og humor. Eg vil seia at den subjektive og ekspressive polen her vert understreka.

Gjennom samtalane med barna får me eit meir nyansert inntrykk. Barna er medvitne om at teikningane ikkje er ei historisk 'korrekt' eller ei realistisk framstilling av hendingane. Slik kan me seia at mange har ei leikande tilnærming. Barna gjer seg tydeleg nytte av kjende konvensjonar om vikingtida når det gjeld utstyr, klede etc. Det er også interessant å merka seg korleis dei konstruerer natur og landskap som ramme for hendingane. Mange trekkjer også inn symbol frå tv og film, særleg når det gjeld å få fram 'action'. Her ser me skilnader mellom kjønna, i og med at jentene i framstillingane sine legg meir vekt på det harmoniske. Medan barna i prosjektarbeidet var opptekne av det fagleg 'korrekte', verkar det som dei i teikningane nyttar seg av den 'kunstnariske fridomen' i større grad. Det har difor vore nyttig å få barna til å kommentera teikningane.

Eg vil også trekkja fram at ein del barn synest å ha ei estetisk tilnærming til dei norrøne mytane. Dei kan fortelja om gudeverda på ein engasjerande måte, men samstundes kommenterer dei at den norrøne trua ikkje er 'ekte' i betydninga 'sann'. Barna ser ut til å sjå på dei norrøne mytane som vanlege forteljingar, som kanskje var 'sanne' for vikingane, men som dei sjølve viser ein viss distanse til. Samstundes ser me at somme barn overfører kjende forteljingar til det dei meiner er ei skildring av det historisk korrekte på Moster (t.d. forteljinga om Dale-Gudbrand). Eg finn også døme på at barna utviklar nye forteljingar i form av sketsjar og dramatiseringar med utgangspunkt i kjende mytar. Her trekkjer dei stundom inn dagsaktuelle tema, som t.d. slanking og reiseliv, og nyttar konvensjonar frå media i framstillinga.

Kulturbryting

Dersom me samanliknar dei ulike framstillingane gjennom året med hovudintrykket av barna sine teikningar hausten 1998, legg me merke til visse skilnader. Det er fleire som framstiller då kongen kom til Moster i eit harmoniperspektiv i teikningane sine, men som seinare trekkjer fram også det konfliktfylte. Dette kan tyda på at det har skjedd endringar undervegs, eller at det ikkje nødvendigvis er indre konsistens i svara.

Kapittel 8

Barna i møte med Mostraspelet 1999

Mostraspelet er blitt ein hjørnestein både pedagogisk og kunstnerisk for grunnskule-elevar i Hordaland og Rogaland.¹

I dette kapitlet presenterer eg korleis barna opplevde møtet med Mostraspelet i juni 1999. Først gjev eg eit kort riss over bakgrunnen for og utviklinga av spelet. Deretter presenterer eg kva mål Solbakken skule hadde med å ta barna med til Moster for å sjå spelet. Hovudvekta ligg på opplevingane og refleksjonane til barna, med fokus på det mytisk-religiøse, det historiske og det estetiske perspektivet. Spørsmålet er om spelet er blitt ein slik pedagogisk og kunstnarisk hjørnestein som journalisten hevdar; med andre ord: Eit fruktbart kulturmøte.

8.1 Om Moster Amfi

Me kan kanskje seia at Mostraspelet begynte med planen om ein park. I juni 1978 la ei kommunal nemnd fram eit forslag til park i tilknytning til Moster gamle kyrkje. Dei hadde engasjert landskapsarkitekt Endre Vik til arbeidet med planen. Sentralt i denne planen var å få ordna tilhøva ved dei gamle kalksteinsgruvene, der det hadde vore drift fram til 1960-talet. No var det store hol med vatn i. For Vik var ikkje dette berre ei teknisk utfordring, men kanskje vel så mykje ei kulturhistorisk. Han hadde bakgrunn frå kontakt med folk på Island og i England, og dette gjorde at han hadde store visjonar om å framheva kystkulturen, særleg med vekt på sambandslinene vestover. Han meinte at bømblingane i liten grad hadde sett ord på kulturarven sin. Nemnda la difor også fram ein plan for eit amfiteater i Mosterparken, der det kunne framførast eit 'Mosterspel'² som fekk fram historia og tradisjonane. Utviklinga av det me no kjenner som Mostraspelet, meiner eg me må forstå på bakgrunn av denne konteksten,

¹ Journalist Ove Olderkjær i Bergens Tidende. Sitert frå programheftet for 1000-årsjubileet 1995, s 17.

² Jfr. planen frå nemnda: "Moster parken" 1978:5. Planen er også omtala i Bergens Tidende 03.06.78. Her heiter det m.a. "... liksom Stiklestad har fått sitt Olavsspel, bør Moster få sitt Mosterspel. Å skriva eit slikt, må vera ei glimrande oppgåve for ein norsk forfattar, seier Vik."

og den sterkt aukande interessa generelt for historiske spel. Å leggja fram ideen om ei teaterscene like i nærleiken av Moster gamle kyrkje var likevel ikkje utan vidare garantert suksess. Mange stader i landet hadde ein lagt fram planar om amfiscene, utan at det hadde lukkast. Vik var også usikker på om pietistiske tradisjonar på Bømlo ville vera ei hindring for planane. Men det vart tilslutnad til planane om eit amfi, og gjennom kommunale vedtak byrja ideane å ta form.³ Dette skjedde ikkje minst på grunn av engasjementet til Ragnhild og Håkon Randal, både på kommunalt, fylkeskommunalt og nasjonalt plan. Dei hadde også på denne tida tankar om den kulturelle arven ein hadde gjennom forteljinga om innseglinga til Olav Tryggvason til Moster i 995.⁴ I ettertid kan det sjå ut som det vart ein lukkeleg allianse mellom det politiske og det kulturelle feltet, av di Ragnhild Randal også var leiar for Bømloteateret, som fekk i oppgåve å utgreia og utvikla Mostraspelet. Amfiscena med plass til ca. 1500 tilskodarar var ferdig til urpremieren i 1984.

8.2 Om Mostraspelet

Gjennom hjelp frå ulike teaterfaglege kontaktar, og ved å engasjera forfattaren Johannes Heggland (f. 1919) og komponisten Kjell Habbestad (f. 1955), vart *Kristkongane på Moster* (Mostraspelet), ferdig for urframføring i 1984. Ei mengd aktørar i lokalmiljøet var i sving, både med praktiske og sceniske oppgåver. I tillegg vart det engasjert ein del profesjonelle skodespelarar og musikarar. I alt reknar ein no at ca. 100 personar deltek i framføringa. I tillegg kjem ca. 40 musikarar. Totalt reknar ein at ca. 250 menneske deltek med ulike oppgåver. Mostraspelet vert årleg framført ei helg i månadsskiftet mai - juni. I pinsehelga 2001 vart framsyning nr. 100 gjennomført, og det er rekna at ca. 95 000 tilskodarar har sett spelet til no.

Frå 1987 har det vore eigne skuleframsyningar, med til saman ca. 2000 – 2500 barn kvart år. Det er såleis mange tusen barn og unge som har sett spelet. Dette dannar bakgrunnen for spørsmålet mitt om spelet er eit fruktbart kulturmøte for barna.

Eg tek utgangspunkt i framføringa av Mostraspelet i juni 1999. Fram til då rekna ein med at i alt 80 000 har sett spelet.⁵ Det var to skuleframsyningar om fredagen. På den første framsyninga deltok dei to prosjektklassane.

³ Samtale med Vik 31.05.01.

⁴ Samtale med Ragnhild Randal 07.04.97.

⁵ Informasjonsbrosjyre om spelet 1999. For nyare informasjon om spelet, sjå: <http://www.mostraspelet.com>

8.2.1 Hovudinnhald i spelet

I presentasjonen av spelet heiter det at vår eigen kulturbakgrunn vert dramatisert og gjort levande gjennom Mostraspelet. Det vert lagt vekt på at spelet skildrar ei dramatisk brytningstid i Noregssoga: Møtet mellom gammal og ny tru. Spelet spenner over eit tidsrom på tretti år, frå 995, då Olav Tryggvason kom heim for å krevja kongsarven sin og for å kristna landet, til 1024, då Olav Haraldsson fekk Kristenretten vedteken på Mostratinget.⁶

Spelet er delt inn i to akter, med ein pause mellom.⁷ I den første akta møter me Olav Tryggvason då han kjem til Moster. Han blir teken imot av Håstein herse, som har lova dotter si, Vigdis, til Torolv frå Grindheim. Nokre har alt fått kjennskap til den nye trua, mellom anna Håstein, Vigdis og Torbera, mor til Torolv. Men Torolv står imot, og han vil heller ikkje bøya seg for Olav Tryggvason. Med i følgjet til Olav Tryggvason er bisp Sigurd, som leiar messa. Tangbrand får i oppgåve å vera prest på Moster. Men motstanden mot kristendommen er likevel stor. Fremst i striden står Torolv frå Grindheim. Han får folk med seg, og held fram med blotinga. Også Gunbjørg er ein gjennomgangsfigur som står for den gamle trua. Sidan Vigdis og Torolv representerer kvar si tru, vert det ikkje noko av forholdet mellom dei. Vigdis ventar likevel på Torolv gjennom heile livet. Torolv og mennene hans blotar. Tangbrand straffar dei med bøter til kyrkja, men prøver samstundes å oppnå ei personleg vinning ved å tileigna seg verdiar.

I den andre akta kjem Olav Tryggvason attende til Moster i 997. Fråfallet frå kristentraua har vorte stort. Kongen vil tvinga folket til å lyda han. Sjølv om Torolv held fram motstanden, sparar likevel kongen han. Men bøndene samlar seg til kamp mot kongen. Dei kjem med innvendingane sine, og kongen vil no tvinga dei til å følgja han. Tangbrand vert straffa ved å bli bortvist til Island. Me følgjer vidare spenninga mellom Torolv og mora, og forholdet hans til Vigdis. Torolv vert etter kvart ein velhalden mann. Gjennom heile spelet møter me også skalden, som tolkar hendingar i tida. Det går så ein periode på ca 30 år. Me får vita at Olav Tryggvason har falle ved Svolder, og at det har stått fram ein annan konge, Olav Haraldsson. Vigdis er no blitt ei eldre kvinne. Ho møter att Tangbrand, som er komen att frå Island, og no er i hirda til Olav Haraldsson. Kongen kjem med følgjet sitt til Moster i 1024. Her vert det sett ting, og Kristenretten vert vedteken. Under opplesinga av denne lova dukkar Torolv frå Grindheim opp og riv ned krossen som er reist. Han vert pågripen, men vil framleis ikkje gå over til den nye trua. Ein av hirdmennene til kongen spring fram og stikk sverdet i

⁶ Informasjonsbrosjyre 1999.

⁷ I manuskriptet eg har er spelet delt inn i tre akter: 1. akta: Då Olav Tryggvason kjem til Moster fyrste venda og kristnar folket. 2. akta: Då Olav kjem til Moster andre venda og held ting. 3. akta: Då Olav Haraldsson kjem til Moster i 1024 og set kristenretten.

bringa til Torolv. Torolv døyr på tingvollen, med hovudet i fanget til Vigdis. Han vert deretter boren ut.

8.2.2 Sentrale aktørar om Mostraspelet

Før eg går inn på ein presentasjon av kva mål Solbakken skule har med at barna skal sjå Mostraspelet, vil eg gje eit riss av kva sentrale aktørar innan Mostraspelet meiner om intensjonar og innhald i spelet. Eg har intervjuet forfattar, to regissørar og leiar for Bømloteateret. I tillegg har eg hatt korte samtalar med nokre av skodespelarane. Eg har i denne samanhengen valt å ikkje omtala musikken, då dette ville bli for omfattande. I presentasjonen tek eg opp kva grunnoppfatning aktørane har av spelet.

Sidan Mostraspelet gjerne vert presentert som eit sogespel, eller eit historisk spel⁸, er det interessant å vita korleis forfattaren tenkjer om bruk av historiske kjelder. *Johannes Heggland* hadde alt arbeidd mykje med stoff frå førkristen tid i bøker og spel då han blei spurd om å skriva Mostraspelet. Som bakgrunn for spelet nytta han Snorre, Eigillssoga, noko stoff frå Island og førelesingar av Kolsrud. Han viser til at Torolv er ein historisk person, men den profilen han får i Mostraspelet, er 'heimelaga', som han uttrykkjer det.⁹ Her er altså ei blanding av fakta og fiksjon. Samstundes understreka Heggland at "... det ikkje kunne skrivast eller seiast ei einaste setning i stykket som ikkje høyrde heime i akkurat den tida, og som også spegla av tanken og livet i den tida." Han er oppteken av å få fram *mentaliteten* i tida. Dei personane i stykket som ikkje er historiske, kom naturleg inn i biletet for å levandegjera framstillinga, meiner Heggland. Han nemner m.a. ideen om å trekkja inn ein skald som fortel og kommenterer hendingar i tida. Heggland hadde inga konsulenthjelp til spelet, frå t.d. historikarar eller religionsvitarar. Han hadde heller ikkje sett Stiklestadspelet for å henta idear derfrå. Hovudmålet med spelet er å få fram kva det vil seia å byta tru og kva ei kristning er for noko. Han understrekar at han unngår totalt uttrykket 'heidning'. Han formulerer dette slik:

Eg unngår totalt uttrykket heidning – men altså førkristen tid. Fordi at me var eit høgståande samfunn, språkleg, religiøst og på andre måtar.

Heggland understrekar at han ser på innføringa av ei kristen tru som noko heilt anna enn det sogeboekene fortel om. Med dette meiner han at Kristenretten ikkje var eit åndeleg eller

⁸ Jfr. Gran, i: Syn og Segn 1997:99-103; Danielsen, i: Syn og Segn 1997:109-113.

⁹ Intervju med Heggland 25.02.97.

religiøst dokument, men 'trafikkreglar', praktiske reglar til å tenkja annleis og å leva annleis. Difor har somme etterpå sagt til han at dei oppfattar Kristenretten som 'verdsleg'.

Heggland meiner at i denne tida fekk ikkje vikingane tak i det åndelege innhaldet i kristendommen. Han meiner det gjekk fleire hundre år før me kan snakka om ei religiøs omvending. Men sjølv om vikingane ikkje forstod innhaldet i kristendommen, forstod dei at dei trong hjelp til noko utanfor sitt eige liv. Dette er ei modernistisk problemstilling som kan utfordra menneske til alle tider, meiner Heggland. Den striden Torolv kjempar, er aktuell i dag også. Han meiner den nye trua som kom, var ei praktisk ordning, og ho skapte ein ny kultur. Etter kvart utvikla dette seg som ein surdeig,

"... slik at dei som hadde – akkurat som i dag – dei som føler meir åndeleg dragnad imot noko høgare – dei fekk noko gjennom kristendommen som eg trur dei ikkje hadde fått gjennom åsatrua."

Han spør likevel om me kanskje treng ein ny kristenrett i dag. På spørsmålet mitt om Mostraspelet og andre historiske spel har ein kritisk funksjon, svarar Heggland at denne er veldig viktig. Han synest vera kritisk til samfunnsutviklinga. Historiske spel får fram verdiar, " ... verdiar som eit notidsmenneske faktisk ikkje reknar med så mykje." Han meiner at historiske spel ikkje først og fremst skal handla om "... blod og slag og slikt". Dette dannar meir ei ramme. Og kanskje er det lett at ein framhevar det negative og vonde. Heggland er oppteken av å få fram dagleglivet, " ... med sine sagn og sine sorger og sine gleder og sin kjærleik". På denne måten kan også spela vera kritiske til det Snorre og forskarar gjerne har lagt vekt på. Heggland er oppteken av å få fram " ... livet bakom". Dei faktiske sogeendingane kan gjerne verta litt kamuflerte i eit spel, men det er viktig at dei går inn i 'livet'. Dette forstår eg slik at han understrekar den eksistensielle dimensjonen og at spelet må ha aktualitet og relevans.

Når det gjeld tilknytning til det aktuelle, trekkjer Heggland fram at me også i dag har ulike livssynsretningar. Vidare viser han til at ulike religionar har ulike gudsoppfatningar, men han meiner det er sambandsliner mellom desse. Han utfordrar til samtale om kvar 'gudstanken' kjem frå, og meiner det er ei oppgåve for pedagogane å setja desse spørsmåla inn i ei menneskeleg ramme, der det både er varme og forståing. Heggland underslår ikkje at etter hans syn kan nokre av dei pedagogiske opplegga i samband med Mostraspelet verka noko 'grunne'. Opplegga synest noko mekaniske, dersom barna berre får nokre skjema dei skal kryssa av på. Han understrekar totalopplevinga, "... innleving – i det ekte altså", samstundes som han vedgår at det ikkje kan vera lett å laga slike opplegg, t.d. for

Mostraspelet. Han synest ikkje vera så oppteken av det han kallar ” ... det mekaniske i historikken”, sjølv om dette på sin måte kan vera bra. Han meiner at spelet omhandlar djupe livsspørsmål, og han understrekar at spelet ikkje er skriva for underhaldning. Nettopp difor har han med ei messe og Kristenretten, fordi ” ... dei skal fortelja om kva det eigenleg gjeld og også ha ærend i vår tid.”

Heggland synest vera noko overraska over at spelet har fått dei dimensjonane det har. Det var i utgangspunktet tenkt som eit lokalhistorisk spel med kortare levetid. Han meiner likevel ikkje at det er laga for mange sogespel, for desse skapar samhold og ei interesse for det historiske. Gjennom desse spela lærer ein å kjenna røtene sine, og ein tolkar livet sitt gjennom dei. Han meiner difor at spelet også kan ha ein rituell funksjon, og han meiner Mostraspelet er med på å danna mønster og tradisjon.

Ragnhild Randal (f. 1935) har, som tidlegare nemnt, vore svært sentral i samband med utviklinga av Mostraspelet, både som politikar, leiar for Bømloteateret og seinare som regissør av spelet. Ho understrekar at ved å få Heggland til å skriva manus og Habbestad til å komponera musikk, fekk ein ’rotfeste’ spelet med ein gong i det lokale. Randal var oppteken av at spelet måtte få sin eigen profil, knytt til regionen. Ho formulerer det slik:

Det skulle liksom gro opp av jorda. Me skulle ikkje ta kopi av noko som var i ein annan landsdel. Me ville ta sjansen på å gjere det på vår måte.¹⁰

Ho framhevar samarbeidet mellom profesjonelle og amatørar i spelet. Mange har vore med gjennom alle desse åra. Når det gjeld det historiske aspektet ved spelet, understrekar Randal at Heggland byggjer på ein del historiske fakta, men han måtte dikta skjebnar og hendingar inn i det historiske. Ho meiner Heggland har vore flink til å gje dei historiske personane ”... kjøt og blod, så me får inntrykk av korleis dei var”. På spørsmålet om forholdet mellom det historiske og det eksistensielle, svarar Randal at det historiske har ei veldig betydning, for det har utløyst at også historikarar har kome ’på banen’. Her nemner ho særleg det nasjonale 1000-årsjubileet for den første kristne messa. Dette jubileet vart feira på Moster i 1995. Nettopp Mostraspelet danna fundamentet for denne feiringa. Gjennom spelet om kristkongane fekk ein merksemd om historia, og det resulterte også i oppbygginga av Moster kyrkjehistoriske senter. I dette senteret meiner ho faktakunnskapane kjem sterkare fram. Det vil ein ikkje kunna oppnå i same grad i eit historisk spel, seier ho. Men gjennom spelet kan

¹⁰ Intervju med Ragnhild Randal 07.04.97.

ein setja noko i fokus, og dette kan løysa ut ringverknader. Ho understrekar at også historikarar er varsame med omsyn til kva som er 'fakta'. Grunnen til at Mostraspelet har vist evne til å overleva, meiner Randal, er at menneskeskjebnane er blitt så tydelege. Gjennom spelet får ein fram dette med årsak og verknad; "... ein får sjå litt på det og føle på det." Gjennom spelet er det også 'action', som gjer at det ikkje vert kjedeleg. Skulle dette vore ei rein historisk forteljing, hadde publikum gått heim for lenge sidan, trur ho. Samstundes understrekar ho at samarbeidet om spelet skapar samhald, som gjer at folk stiller opp, år etter år.

Når det gjeld pedagogiske opplegg som førebuing til spelet, er erfaringa til Randal at lærarane gjerne ønskjer ferdig utvikla opplegg frå teateret si side. Men ho meiner det er viktig at lærarane tar seg god tid til samtale om spelet i etterkant. Her kunne det kanskje utviklast eit betre samarbeid mellom skulane og teateret.

Anne Gullestad (1925-1998) kom tidleg med i prosessen med å utvikla både amfiet og spelet, sjølv om ho understrekar at manuskriptet er Heggland sitt verk. Ho formulerer det slik at ho til og med fekk kommunen til å leggja ekstra dynamitt i, slik at dei fekk 500 ekstra plassar i amfiet.¹¹ Som teatersjef for Sogn og Fjordane teater og seinare ved Hordaland teater og Riksteateret, knytte ho også profesjonelle skodespelarar til spelet.

Gjennom regi-arbeidet la Gullestad vekt på at teksten til forfattaren måtte fungera teatralisk. Både ho og forfattaren var samde om at spelet ikkje først og fremst handlar om ei kjærleikshistorie, sjølv om denne går som ein raud tråd gjennom spelet. Når det gjeld hovudbodskapen i spelet, meiner ho at spelet *ikkje* handlar om motsetnaden mellom *det vonde*, representert ved Odin og Tor på den eine sida, og *det gode*, representert ved kristendommen. Ho viser til formuleringa til Sigrid Undset om at "... Menneskets hjerte forblir dog alltid det samme." Ho meiner at både innan åsatrua og innan kristendommen er det både vondt og godt. Dette kjem fram i spenninga mellom krossen og sverdet:

Heile tida snakkar ein om krossen og sverdet, for det er jo det dei står mot. Men dei kjem jo med krossen, og vil ein ikkje godta vår Herres og Kristis bodskap, og viss du ikkje vil det, så brukar dei sverdet.

Ho meiner dei hadde 'heile verdiar', anten dei var kristne eller ikkje, i motsetnad til no, "... når det ikkje er nokon ting ...". Gullestad er oppteken av å få fram tidsånda, eller tidskoloritten. Ho synest det er viktig å få fram respekten for kvarandre som menneske,

¹¹ Intervju med Anne Gullestad 04.06.97.

uavhengig av kva ein står for. Dette meiner ho også kjem fram i spelet, m.a. ved den vørnads kong Olav Haraldsson har for Torolv. Ho understrekar også dette å få fram spenninga i samfunnet: Det at det finst nokon som vil prøva noko nytt. Gullestad tenkjer seg at dei som drog frå England til Noreg for å halda messe, meinte det var viktig å syngja og å få fram gode lukter for å få folk med seg til å tenkja annleis. Desse luktene, fargane og smakane meiner Gullestad det er viktig å ta vare på i Mostraspelet. Dei som er med i spelet, får denne atmosfæren inn på ein levande måte.

Når det gjeld det historiske aspektet, legg ho vekt på at framstillinga her er annleis sett saman enn hos Snorre. For henne er det viktig at personane står fram som levande i det lokale samfunnet, og kanskje må ein då dikta noko til, slik Heggland har gjort. Gullestad er ikkje oppteken av at personane er 'korrekte' i den forstand at folk skal kunna slå opp i Snorre og seia at: Ja, akkurat sånn var det. Gullestad ser likevel eit dilemma med dette å få fram kvardagslivet. Ho peikar på at alle dei ulike møta i spelet anten er på tingvollen før tinget, eller at dei er innkalla for å møta kongen. Skulle ein skildra kvardagslivet, måtte ein trekkja inn spade, hakke og fiskeutstyr. Gjennom innhaldet i Kristenretten kjem det fram ein del opplysningar som handlar om kvardagslivet. Ho forstår likevel ikkje heilt tanken til Heggland om at Mostraspelet handlar om kvardagslivet, men meiner dette er eit interessant perspektiv. Også Gullestad framhevar innsatsen til dei lokale deltakarane for utviklinga av spelet. Om ikkje spelet har fått så stor nasjonal betydning, meiner ho det har vore viktig for Vest-Noreg.

Når det gjeld hennar tankar om barns møte med Mostraspelet, føler ho at dei fleste er førebudde når dei kjem til spelet. Ho har også inntrykk av at den førehandsinformasjonen som har gått ut frå Mostraspelet, er bra. For å fengja barna meiner ho det er viktig å ha ei god historie å fortelja. Samstundes med det munnlege er ho oppteken av den visuelle forteljinga. I denne forteljinga må det også koma inn 'action' og overraskingar. Men det sosiale er også viktig. Ho samanliknar det å vera på Mostraspelet med det å vera på den gamle kyrkjebakken.

På spørsmålet om korleis ein kan finna tilknytingspunkt mellom Mostraspelet og det dagsaktuelle, seier ho at dette er vanskeleg, av di kristendomsundervisninga etter hennar meining på mange måtar er forflata. Men ho meiner det må vera til ettertanke at folk er så sterke i trua at dei er villige til å døy for det dei trur på. Ho viser m.a. til situasjonen i Nord-Irland og på Balkan. Me kan altså skjønna vikingferdene, sjølv om det no er ei anna tid. På denne måten understrekar også ho relevansen og aktualiteten i spelet.

Også Johan Kristian Nesse, leiar av Bømloteateret, framhevar den innsatsen Ragnhild Randal gjorde i utviklinga av spelet. Samstundes viser han til impulsane teatergruppa fekk frå ein tur til Dakota i byrjinga av 1980-talet, der dei såg eit utespel som tok opp historia om

indianarar og cowboyar. Bømloteateret ville laga eit spel som tok opp deira eigen kulturelle bakgrunn. Tilslutninga til ideen var ikkje så overveldande stor i starten, men etter kvart begynte det å ta form, både spelet og omgjevnadene spelet skulle framførast i. Urframføringa var altså i 1984. Seinare har det blitt ein del justeringar av regien, men også litt når det gjeld tekst og musikk. Nesse viser til at dei i liten grad har henta idear frå Stiklestadspelet, då få hadde sett dette i den tidlege fasen av Mostraspelet. Dei legg vekt på at spelet skal vera folkeleg, men også ha eit element av fest og høgtid. Opplegget omkring spelet er utvikla i samarbeid med kommunen og næringslivet. Nesse legg også til følgjande: ”Me har bestemt oss for at me aldri skulle la Mostraspelet bli ein sånn tombola, sirkus, marknadsplass ...” Ikkje minst er dette på bakgrunn av nærleiken til Moster gamle kyrkje. Nesse meiner barna er rimeleg bra førebudde når dei ser spelet. Han meiner at uansett kva nivå dei er på, så får dei noko med seg. Han opplever at det ikkje er problem med å ” ... koma gjennom” til barna med temaet om kristninga og det som skjedde med kongane for 1000 år sidan.

Også han som spela rolla som Torolv i 1999 er oppteken av kva spelet skal formidla.¹² Han set fokus på det mytisk-religiøse, og meiner det er viktig å få fram villskapen og å få fram kontrastane mellom vond og snill. Han understrekar at Mostraspelet ikkje er noko vanleg vikingspel, men eit spel om kristkongane og møtet mellom norrøn tru og heidendommen. Han meiner at barn kanskje er opptekne av andre ting, og lurar på om alderen 4.-6. klasse er den beste for å sjå spelet på ei skuleframsyning. Er dette stykket eigenleg betre eigna for 8. klassingar, spør han. Han trur kanskje barna har store forventningar om ’action’, men det er ikkje dette det handlar om, slik han ser det. Han lurar likevel på om spelet kan appellera til barna på ein eller annan måte.

8.2.3 Undervisningsopplegg om Mostraspelet

Anne Karin Haldorsen har laga eit *undervisningsopplegg* som skal gje bakgrunn for hendingane på Moster.¹³ Her vert det gitt ein kort presentasjon av vikingtida og av dei mest kjende norrøne gudane Tor, Frøy og Odin. Valhall og trua på eit liv etter døden vert også nemnt. Heftet gjev også eit kort riss av då kristendommen kom til Noreg. Dette vert særleg knytt til Håkon den gode, Olav Tryggvason og Olav Haraldsson. Vidare vert Mostratinget i 1024 og Mostrakyrkja omtala. Undervisningsopplegget har også med ein omtale av bakgrunnen til Torolv frå Grindheim. Musikken vert også kort nemnt.

¹² Samtale på Moster, feltnotat 02.06.99.

¹³ Haldorsen, udatert. Tittel: Vikingtida : Bakgrunn for hendingane i ”Kristkongane på Moster”.

Haldorsen omtalar Mostraspelet som eit *sogespel*. Ho viser til historiske hendingar, personar og tradisjonar, men nemner også at det er dikta inn personar i spelet for å levandegjera hendingane. Ho går ikkje inn på korleis spelet kan knytast til kvardagen for barn i dag.

I samband med 1000-årsjubileet i 1995 vart det utvikla meir hjelpestoff for undervisninga. Teiknaren Jarl-Hugo Låstad har laga eit *teikneseriehefte* som framstiller scenane i Mostraspelet.¹⁴ Han nyttar teksten til Johannes Heggland. Teikningane er naturalistiske, og det er til tider lett å kjenna att personane som spelar dei ulike rollene. Denne teikneserien er ikkje først og fremst meint å vera undervisningsopplegg for barn, men fleire skular kjøper heftet for at barna gjennom dette kan gjera seg kjende med spelet. Ein tenkjer seg at barna gjennom teikneserieforma lettare kan tileigna seg stoffet. Eg merkar meg likevel at personane ofte har lange replikkar, noko som kan gjera lesinga vanskeleg.

Det er også laga ein *informasjonsvideo* om Mostraspelet. Han vart laga i 1995, og viser glimt frå sentrale scener i spelet. I samband med 1000-årsjubileet vart det også utarbeidd eit meir omfattande undervisningsmateriell av M. E. Totland.¹⁵ Dette er ikkje laga spesielt med tanke på Mostraspelet, men har eit vidare sikte, nemleg å fylgja kyrkja i Noreg gjennom 1000 år. Her finn ein bakgrunnsstoff om kristninga, med særleg vekt på den første gudstenesta på Moster i 995, som også er eit viktig element i Mostraspelet. Totland legg vekt på at kristninga skjedde over ein lengre periode, og trekkjer trådane attende til 800-talet. Ho omtalar også Kristenretten og Mostratinget i 1024. Når det gjeld Mostraspelet, viser ho til informasjonsvideoen og det undervisningsopplegget eg alt har omtala.

8.2.4 Førebuing til Mostraspelet på Solbakken skule

Som eg har gjort greie for i kapittel 5, hadde elevane ein ekskursjon til Moster våren 1998 og prosjektarbeid om vikingtida hausten 1998. I dette kapitlet presenterer eg førebuing, gjennomføring og etterarbeid til Mostraspelet ved Solbakken skule våren 1999. Deretter vil eg presentera korleis elevane opplevde prosessen.

Samtale med lærarane før Mostraspelet

Begge klassestyrarane hadde sett Mostraspelet saman med klassar tidlegare.¹⁶ Dei hadde også personleg interesse for spelet. Lærar Turid ønskjer at elevane skal få ein kjekk tur og eit betre

¹⁴ Bømloteateret/Mostraspelet 1995.

¹⁵ Laga av Marit Elisebeth Totland.

¹⁶ Intervju med lærar Turid 26.05. og 10.06.99 og lærar Lars 26.05. og 15.06.99.

innblikk i kva som faktisk skjedde, ”... eller kva som kunne skje i alle fall”, som ho presiserer det. Ho synest det er viktig at barna skal få ei forståing av at kristningsprosessen var vanskeleg for begge partar. Også lærar Lars uttrykkjer ønske om at elevane skal få oppleva noko av den historia dei no les om. Men kva meiner dei så om det historiske? Lars fortel at han har sagt til elevane: ”Det er ikkje ekte. Det var ikkje sånn det føregjekk.” Likevel meiner han at det å sjå spelet er ein måte å leva seg inn i stoffet på. Turid ser ut til å knyta spelet noko sterkare til historiske hendingar, men også ho har reservasjonar. Ho meiner at reint historiske fakta må liggja i botnen, men namn og årstal er ikkje det viktigaste. Det ho meiner er viktig, er at barna får ei forståing av kva som rørte seg i tankane og kjenslene hos menneska som levde i vikingtida. ”At dette her var djupe og alvorlege ting for dei, det er eg nok litt meir oppteken av”, seier ho. Det allmennmenneskelege har såleis ein viktig plass. Men at det var eit historisk møte, dette møtet mellom den norrøne trua og kristendommen, er viktig å få fram, legg Turid til.

Både Turid og Lars legg vekt på at elevane bør kjenna til hovudinnhaldet i Mostraspelet på førehand. Dei nytta difor teikneserieheftet i førebuinga, slik at elevane kunne lesa om hendingane og få kjennskap til dei mest sentrale personane. Turid legg til at elevane sjølve må velja kor detaljert dei vil lesa om innhaldet på førehand. Etter hennar oppfatning får dei meir ut av spelet jo meir dei veit om det frå før. Ho vil derimot ikkje fokusera på bestemte personar på førehand, som barna må merka seg. Det vil ho heller spørja barna om i etterkant.

Inntrykket til lærarane er at dei fleste barna kjenner lite til spelet frå tidlegare. Turid meiner dei fleste forbind spelet med krig og blod, og mange veit at det er ein som vert drepen, men at det berre er med eit ’juksesverd’. Det siste er dei opptekne av, veit ho.

Korkje Turid eller Lars har nytta elevar som før har sett spelet, til å koma i klassen og fortelja. Dette har dei ikkje tenkt på, seier dei.

Når det gjeld tema for stykket, meiner Lars spelet handlar om striden ”... mellom desse gjenstridige vikingane, med si gamle gudetru, og desse som kom og skulle prøva å kristna.” Spelet handlar om brytningane mellom desse gruppene.

Turid legg stor vekt på å gje ei innføring i den norrøne livstolkinga som bakgrunn for spelet. Dette har eg gjort greie for i kapittel 7. Når det gjeld Kristenretten, som vart innført på Moster og som vert omtala i Mostraspelet, meiner ho det er viktig å få fram at dei nye lovene danna grunnlag for eit skifte i vanar og skikkar, og etter kvart også i folks tru og tenking. Her nemner ho skikken med å setja ut barn i skogen, reglar for heilagdagdar og faste, høgtider og gravøl. Dette legg ho vekt på i undervisninga. Det etiske perspektivet er såleis i fokus. Ho

meiner det gjekk ei stund før vikingane heilt skjøna kven den kristne guden var, i dogmatisk forstand. Dei konkrete levereglane er lettare å forstå, også for barna.

Både Lars og Turid hadde i undervisninga før intervjuet trekt fram strofa av Blix: ”Og lys over landet strøymde”. Anne spør kva dei tenkjer om dette. Lars meiner ein del elevar oppfatta symbolikken i salma, medan det gjekk hus forbi hos ein heil del. Turid meiner at barna tok denne symbolikken ganske greitt, av di dei kjenner att formuleringa frå 17. mai. Anne lurar på om lærarane opplever dette som ei problematisk framstilling av religionsskiftet. Turid meiner det kan lett bli slik at det som var før, vert mindreverdig, og at det då var mørke krefter som rådde. Men ho trur elevane oppfattar at kristendommen stod for noko anna, noko lysare og lettare enn den gamle trua, og at religionen faktisk var til hjelp for folk. Særleg tenkjer ho på dette at vikingane vart imponerte over at Kvitekrist hadde sigra over døden. Turid meiner at å setja noko opp mot noko anna, ikkje treng å bety ei nedvurdering. Lars meiner formuleringa til Blix gjer at kristendommen vert framstelt som betre enn den gamle trua, og han synest også sjølv at dette er rett. Han seier difor at han stilte elevane eit ’lada’ spørsmål då han spurde dei kva som hadde skjedd om det ikkje hadde kome misjonærar til Noreg, og me framleis hadde levd i den gamle trua på Tor og Odin. I denne kommentaren ligg at Lars meiner me då hadde hatt det verre. Han meiner også at dei fleste elevane stiller seg på kristendommens side i dette spørsmålet, av di klassen er relativt homogen livssynsmessig. Han meiner det ikkje er problematisk å vera ’lada’ i forholdet mellom den gamle gudelæra og kristendommen. Han er mykje meir forsiktig med å bruka slike omgrep når dei omhandlar levande religionar i samfunnet i dag, i og med at det er barn frå ulike religionar ved skulen, også i prosjektklassane. ”Når me lærer om levande religionar, veit eg at eg er lada, men eg prøver å vera open”, seier han.

Anne er oppteken av om det har skjedd endringar i korleis læreverka presenterer kristningsprosessen, og om dei tek stilling til kva som er ’best’. Her meiner Lars at læreverka er nøkterne og objektive. Han sjølv føler seg fri til i større grad å ta stilling. Dette heng saman med haldningane både hos barna og foreldra. Turid meiner ho ikkje har sett noko endring i tenkinga i læreverka, men ho konstaterer at dei nyaste læreverka legg lite vekt på vikingtida i det heile, og særleg på møtet mellom den norrøne trua og kristendommen.

Førebuing i klassane

Eg har no presentert intensjonane til lærarane når det gjeld å sjå Mostraspelet. Dette kan me kalla ’den intenderte læreplanen’. I dette avsnittet vil eg gje nokre glimt av kva som skjedde i

klassane, eller det me kan kalla 'realitetanes læreplan'. Barnas generelle oppfatning av møtet mellom norrøn tru og kristendommen har eg teke opp kapittel 7.

Sidan spelet heiter "Kristkongane på Moster", er det naturleg at barna får eit visst kjennskap til desse kongane. I timane fekk dermed elevane i oppgåve å skriva i arbeidsbøkene sine om Håkon den gode, Olav Tryggvason og Olav den heilage. Her nytta dei ulike kjelder som var tilgjengelege i klassen. Vidare hadde ein elev nytta internett heime, og hadde med seg ei oversikt over kongane i Norden fram gjennom tidene.¹⁷ Klassane fekk også ei oppgåve der dei høyrde starten på forteljinga om Hauk, og så skulle dei fortelja korleis dei trur det går. Det vart også repetert kvifor vikingane dyrka dei gamle gudane.

Klasse X snakka dessutan om kvifor dei trudde kongane dreiv misjon. Lærar Turid reflekterer saman med klassen over dette å måtta tru. I denne samtalen trekkjer dei sambandsliner til det å tru i dag. Turid meiner forholda har endra seg, og at ingen i dag blir tvinga til å tru. I klassen vert det ein samtale om satanistar. Turid spør om det er slik at dei (satanistane) kjem i fengsel for det dei trur på. Ho svarar sjølv nei på at dette skjer her i landet, men seier at dei kan koma i fengsel for handlingane sine. Klassen kjem også inn på at folk trudde på Hitler i 1930-åra, og dei snakkar om hakekors og demonstrasjonar, kamp og uro. Vidare kjem samtalen inn på *KIZZ*, satanistbandet i 1970-åra, og måten dei mala seg på. Ein elev kommenterer at folk i dag ikkje vil godta at det vert skrive meir om Varg Vikernes, og at han blotar. Dette kjem ikkje fram i avisene, seier eleven. Dei fortel ikkje om dei som har ei heilt anna tru, er konklusjonen. Ein annan elev seier at det er misjonærar som smuglar biblar og gjer mykje gale. Lærar Turid kommenterer at misjonærane også gjer noko som er bra. Ein elev fortel om eit tv-program om nokre som ikkje lika kristendommen. Turid seier dei har lov til å seia meininga si. Vidare kjem det kommentarar frå andre om at politiet slår ned nazistar i dag. Eg konkluderte med følgjande i feltnotata:

Det er ikkje lett å få samanheng i alle desse døma i samtalen. Elevane verka engasjerte, men lærar synest å missa litt av oversikta, for plutsleg seier ho: "Nei, no er me på viddene". Ho avrundar med å seia at me kan la vera å tru viss me vil. Deretter leier ho samtalen inn på vikingtida igjen, med å visa til at kongane i den tida ville tvinga folk.

Vidare i samtalen forklarar Turid korleis vikingane tenkte om dette å ha makt. I familien var det faren som hadde makt. Han bestemte for slekta. Slik var det også med kongane, meiner ho. "Ein konge, eitt land, ei tru, ein Gud" var måten dei tenkte på. Dei meinte nok at dette også samsvara med fredsbodskapen i trua, og at kongane kunne bruka makt for å innføra trua

¹⁷ Feltnotat av 26.05.99.

si. Det vart også nemnt at kongane var opplærte til kamp, og at dei var vane med å løysa problema på denne måten.

I klasse X fekk dei også høyra innleiinga til ”Det kostbare smykket”, ei forteljing dei skulle skriva slutten på.¹⁸ Vidare fekk klassen ei innføring i *Kristenretten*, som vart forklart med at Olav den heilage ville at Noreg skulle få kristne lover og reglar, og at han ville få bort ein del av dei gamle, heidenske skikkane. Elevane noterte ned ulike stikkord, som at blot og offerfestar blei erstatta med ølgilde, og at gravølet blei vigd til Kvitekrist. Det vart forbod mot blodhemn og drap, og å setja barn ut i skogen. Dei skulle ikkje be til fleire gudar, fredag skulle vera fastedag, og det var reglar for reise og arbeid. Det vart såleis gitt ei forholdsviss detaljert framstilling av hovudmomenta i *Kristenretten*. Også klasse Y samtala om hovudinnhaldet i *Kristenretten*.¹⁹

Klasse X fekk også i oppgåve å skriva ned stikkord om den norrøne trua og om kristendommen, der dei skulle prøva å samanlikna omgrep, t.d. fleire gudar og gudinner – ein gud; Åsgard og Valhall – himmelen; offer og blot – gudsteneste; torshammar – kross; gode – prest; hov – kyrkje; Utgard - Helvete.²⁰ I klasse X var det nokre som lurte på kvifor dei var så valdelege i vikingtida. Var dei nokre sjølv gode egoistar?²¹

I samtalen i klasse X kom det fram at 2-3 elevar hadde sett spelet før. Ein syntest spelet var kjedeleg, og ein tykte at den gamle dama i stykket var koseleg. Det vart også vist til ’leikescena’ med sverdet. Dette var truleg scena der Torolv vart drepen. Ein syntest også at musikken var for høg. Lærar Turid forklara at Mostraspelet var eit historisk spel. ”Det er noko som har skjedd, og dei brukar historiske fakta, men samstundes har det ikkje skjedd nøyaktig slik”, seier ho. Ho viser til at Olav Tryggvason kom til Moster for å halda messe og at Olav Haraldsson kom mange år seinare, i 1024, for å halda ting og vedta *Kristenretten*. Det er dette Johannes Heggland har skriva om i spelet, fortel ho. Ho fortel litt om personane i stykket: Om hersen Håstein Areson og dottera Vigdis, og om Torolv frå Grindheim, som er laga etter ’modell’ av Torolv Mostraskjegg. Torolv er gode på Moster, og ville ikkje gje opp trua på dei gamle gudane. Torbera er mor til Torolv, og vert framstelt som ei klok dame som vil mekla. Gunbjørg gamle er oppteken av dei gamle gudane. Vidare fortel ho om ein skald som diktar og prøver å setja ord på det som skjedde i tida. Der er også ein gut som melder at det kjem framande skip. Turid nemner også den synske bonden, kongane Olav Tryggvason og Olav Haraldsson, presten Tangbrand og bispane Sigurd og Grimkjell. Turid framstiller også

¹⁸ Feltnotat av 27.05.99.

¹⁹ Feltnotat av 03.06.99.

²⁰ Feltnotat av 31.05.99.

²¹ Feltnotat av 31.05.99 i klasse X.

handlingsgangen i stykket: Olav Tryggvason kjem til Moster. Han trur på Kvitekrist, og vil at folket på Moster også skal gjera det. Men Torolv vil ikkje. Olav Tryggvason kjem tilbake, og det blir oppklara at somme har blota. Seinare kjem Olav Haraldsson. Ein av mennene til kongen drep Torolv.

Klassane fekk også nytta teikneserieheftet om spelet. Her noterte eg meg i klasse Y at det var svært få av jentene som las, medan fleire av gutane gjorde det.²² I klasse X las derimot dei fleste i heftet. Dette hadde truleg sin grunn i at dei hadde fått ei meir omfattande innføring i spelet først. Det var likevel ei som sa at ho ikkje ville lesa slutten, for då vart det ikkje spennande. Turid argumenterte med at det ville vera lettare å følgja med i spelet om ein visste litt på førehand. I klasse Y hadde elevane fått i oppgåve sjølv å finna ut om hovudpersonar og handlingsgang, men det såg ut til ikkje å fungera så godt. Også i denne klassen oppstod det ein diskusjon mellom 3-4 av jentene og lærar Lars om det å lesa heftet på førehand. Mari, som tidlegare hadde sett spelet, argumenterte med at det var forskjellar mellom heftet og framføringa i spelet, og at det var lurt å lesa det. Dei andre jentene las likevel ikkje heftet.

Begge klassane fekk sjå utdrag frå informasjonsvideoen om Mostraspelet. Målet var å bli kjende med spelet og handlingane. Det såg ut som om elevane følgde godt med. Særleg engasjement viste dei då Torolv Maurstad (som bisp Grimkjell) var i fokus. Dei kjende han att "... som han der fyren i Hotell Cæsar" (TV2). Etter å ha sett videoen, kommenterte elevar i klasse Y at dei gjennomskoda at det var eit triks med sverdet.²³ Også i denne klassen tok dei opp at det ikkje er lett å vita kva som er fiksjon og fakta i spelet.

Forventningar til Mostraspelet

Det var få av barna som hadde sett Mostraspelet, men mange (22) hadde positive forventningar til spelet. Nokre få uttrykte ein viss ambivalens. Dette kan ha samanheng med litt motstridande inntrykk frå andre elevar, slik t.d. Inger formulerer det:

Anne: Kva har dei sagt om spelet?

Inger: Nei, eg veit ikkje eg! (Litt latter.) Nokre seier det var gøy, nokre seier at det ikkje var fullt så gøy. Nokre seier at det var spennande, nokre seier at det var lærerikt og sånt.

Andre var direkte kritiske til autensiteten av spelet, og meiner det ikkje viser situasjonen slik han eigenleg var. Få av elevane hadde snakka med elevar som har sett spelet før, men somme

²² Feltnotat av 31.05.99 i klasse Y.

²³ Feltnotat av 03.06.99.

har fått vita at det er kjedeleg, andre at det er gøy. Media synest ikkje å ha hatt nokon stor innverknad. Det meste av informasjonen dei har om spelet, er frå førebuinga på skulen.

Mange veit at det handlar om kristninga av Noreg, og om "... vikingar og kongar og sånt." Dette vert av somme oppfatta som allmennkunnskap alle bør få med seg. "Alle må jo få med seg korleis kristendommen kom til Norge", seier Stein.

Barna har ulike oppfatningar av om spelet er sant eller ikkje. Mette fortel at ho kjenner ei som har sett spelet. Venninna fortalde at ho såg dei nytta ketchup "... då dei liksom blei stukken". Barna er altså merksame på at det kan vera visse skodespeltriaks. Vidar formulerer det slik at han trur ikkje alt er sant som me får sjå om, men det meste er sant. Han synest å meina at spelet skildrar historiske fakta i stor grad. Somme meiner at det eigenleg var mykje verre i det verkelege livet, men fordi barn skal sjå spelet, kan dei ikkje visa kor ille det var. Andre meiner at i eit teaterstykke må ein nettopp dramatisera og gjera ting verre, for at det skal verta spennande å sjå. Fleire av barna formulerer det slik at me kan læra historie av spelet. Andre har litt meir spesifikke formuleringar, som at ein ikkje skal stola på prestar. Her vert det referert til Tangbrand. Barna hadde også utanomfaglege forventningar, som det å få lov å ha med godteri, drikka Cola, eller å få autografen til ein mediekjendis.

8.3 Møte med Mostraspelet 1999

Dei aller fleste barna (31) hadde ikkje sett spelet før. 6 hadde sett spelet før, men dei fleste hugsa ikkje så mykje av det. Unntaket er Mari, som har sett spelet 3 gonger, og kan fortelja mykje om innhaldet. På ein måte hadde dei fleste barna dermed eit likt utgangspunkt, men det varierte mykje kor mykje barna las om spelet på førehand og kor mykje dei meinte dei burde vita for ikkje å øydeleggja spenninga. Det ser ikkje ut til at informasjon frå foreldre og søsken eller frå media, har hatt noko særleg betydning for forventningane deira til spelet.

Den dagen spelet skulle framførast, var det svært dårleg ver. På turen til Moster såg det likevel ut til at barna gledde seg, og dei hygga seg med småpratning undervegs. Ved inngangen til amfiet vart det litt 'småknuffing' blant elevane i køen. Lærarane som var med, såg ut til å halda ein låg profil med å 'halda orden i rekkene'. Det var også stor tilstrøyming av barn frå andre skular. Veret var heller kjølig, og det småregna under heile førestellinga i tida 1030 – 1300. Klassane fann seg plass rimeleg nær scena, slik at barna såg og høyrde godt. Den første timen såg konsentrasjonen ut til å vera bra. Men mange av barna var dårleg kledde, og fraus og vart våte. Fleire mangla regntøy, og to ekstrasett frå lærar Lars hjelpte lite. I den andre akta såg det difor ut til av mange 'fall av lasset'. Etter spelet sa mange at det var gøy og

kaldt. Andre sa det var kjedeleg. Ein gut sa han hadde høyrte det skulle vera kjedeleg, men han syntest det var betre enn venta. Ein meinte at det var Torolv som var hovudpersonen, medan han hadde venta at kongane skulle ha vore meir i fokus. Somme var skuffa fordi Torolv Maurstad ikkje var med, slik at dei kunne få autografen hans. Andre hadde skaffa seg autografen til han som spela Torolv frå Grindheim, og var nøgde med det. På heimturen var det vanskeleg å få i gang samtale om spelet. Nokre av jentene var svært negative til spelet og dagen. Dei fleste var mest opptekne av å få varmen i seg att. Eg noterte i feltnotata mine: ”Kanskje dette understrekar vårt fysiske velvære som sentralt for ei positiv oppleving? Blokkerte det for læring at dei var kalde og skuffa over veret?”²⁴ Var det kanskje slik at veret avgjorde om det vart eit fruktbart kulturmøte for barna? Dette kjem eg attende til i dei følgjande avsnitta, der eg presenterer reaksjonane til barna i samtalar på skulen i etterkant av spelet.

8.3.1 Hovudinstrykk av Mostraspelet

Slik eg tolkar utsegnene til barna, gjev ca 3/4 av dei som uttalar seg (23 av 31), uttrykk for ei positiv heilskapsoppleving av møtet med Mostraspelet.²⁵ Åtte av barna uttrykkjer ei negativ oppleving. To av desse er jenter som er positive i intervjuet, men negative i skriftleg arbeid. Ein av gutane er negativ i intervjuet, men dette kjem ikkje fram i den skriftlege vurderinga. Det er sju i klasse X og ei i klasse Y som klart formulerer eit negativt hovudinstrykk. Berre ein av gutane i klasse X gjev uttrykk for ei positiv oppleving. Her har truleg gutane i klassen påverka kvarandre til ei negativ haldning. I samtalen er det berre ei av jentene som seier at hovudinstrykket var negativt. Som uttrykk for det positive nyttar barna ord som kjekt, lærerikt, gøy og positivt. Alle legg likevel til at det var vått og kaldt, og at dette har påverka inntrykket. For desse barna har såleis spelet truleg hatt kvalitetar i seg som har overskygga den negative opplevinga av surt ver. Mette formulerer det slik:

Det var jo vått og kaldt, men det var veldig kjekt å sjå på, for me lærer mykje meir når me ser på det enn når me les i bøker og sånt. Så me får eit litt anna inntrykk av det når me ser på det.

Men me må også rekna med ein viss effekt av at barna visste at eg i undersøkinga mi var oppteken av nettopp deira møte med Mostraspelet. Mange følte kanskje dermed eit ansvar for å svara positivt.

²⁴ Feltnotat av 04.06.99.

²⁵ Av heile gruppa på 37 barn var det to som ikkje var med til Moster. Eg manglar materiale frå fire elevar som var med.

Dei som opplevde spelet negativt, uttrykkjer det gjennom formuleringar som at det var kjedeleg, at det ikkje var verd turen etc. Eg nyttar formuleringa til Stein som døme på dette:

Stein: Eg syntest det var ..., det var heilt kjedeleg.

Anne: Du syntest det var kjedeleg?

Stein: Ja.

Anne: Hadde du venta deg noko anna?

Stein: Nei.

Her formidlar Stein eit eintydig negativt inntrykk. Han omtalar eigne forventningar i negative ordelag, medan han faktisk seier i intervjuet før spelet at han gler seg. Kanskje heng dette saman med at han er saman med to jenter i det tredje intervjuet, medan han var åleine i det andre intervjuet, og då kanskje vart meir prega av kva han tenkte Anne ville lika å høyra? Stein har også tankar omkring kvifor det var kjedeleg. Han forklarar dette med at det var lite framdrift og spenning i stykket.

Stein: Det var jo berre opp igjen og opp igjen det same, heile tida.

Anne: Ja vel? Kva var det som gjorde at det var kjedeleg?

Stein: Regnet var jo syndaren, og så var det ... Han der guten som sat oppe på taket, han sa jo at det var skip som kom inn på hamna heile tida. Springa rundt og snakka og alt sånt.

Anne: Mm.

Stein: Det forstod eg ingenting av.

Dårleg ver var tydeleg medverkande til at Stein hadde ei negativ oppleving. Men for Stein synest også handlingsgangen i spelet å fungera negativt. Det er som om hendingane går i ein sirkel, i staden for å byggja seg opp til eit spennande klimaks. Han opplevde mange effektar i form av folk som sprang rundt omkring, men fekk ikkje noko ut av dette. Kanskje heng dette saman med at han hadde lese teikneserieheftet på førehand, og visste kva som skulle skje? Eller motsett: Han hadde fått med seg mange fragment av hendingar, men greidde ikkje å setja desse saman til ei samanhengande forteljing?

Som døme på andre hovudinstrykk tek eg med nokre tekstar av elevar i klasse X. Tilsvarande tekstar vart ikkje skrivne i klasse Y. I kapittel 9 tek eg med fleire tekstar, i samband med djupneanalyse av einskildelevar sitt møte med kulturskiftet. Dei fire første tekstane uttrykkjer eit negativ hovudinstrykk, sjølv om me også finn visse positive trekk. Dei fire siste tekstane viser ei positiv totaloppleving.

Reidar om Mostraspelet:

Mostraspelet / Eg forstod alt. / Ingenting var spesielt kjekt. Eg likte ikkje kongane. For att dei var for hyperaktive og ville tvinga folk til å tru på Gud. / Eg likte best Torolf. / Eg kjem til å hugse best når presten Tangbrand slo bøndene med ein pinne. Eg ville forandret mesteparten av spelet for da var for sløvt.

Stein om Mostraspelet:

Mostraspelet / Ingen ting var kjekt for da at da var vått og kjedlig / Eg likte ingenting for da sjede ingen ting det var bare snaking heile tida / Eg likte gunBjørg ho var lit morsom. / Eg kjem til og hugsa best er gamlo. / Meir som sjede. Litt meir krig og mindre snakking.

Grethe om Mostraspelet:

Ingen ting var kjekkt forresten, det hade vore 50prosent goyare vist veret hadde vore topp / Eg Forsto ikkje kvifor dei ikkje drepte gunnbrorg nor dei drepte Torolf frå Grindheim / Eg lurar på kva dei gjorde med Torolf frå Grindheim då hann doyde / Eg likte ikkje den måten dei behandla kvarandre på / Eg likte Vigdis best av alle / Eg komer til å huksa best kor snill den siste kongen var / Eg ville ikkje forandra noko på spelet

Gunn om Mostraspelet:

Moster! / Detta her var ikkje kjekt. Da regna og me satt der og fraus. Hadde da no vore finare ver. Eg lurar litt på koffor døyde ikkje gamlo? Ho trudde jo på gamletrua ho og. Kongane var for brutale. Dei må tenkja på at det er ungar som skal sjå da der. Men gamlo var jo bare best ho var flink til og spela gammal og desuttan så var ho morrosam. Eg kjem alltid til og hugsa at Torolv blei drepen til slutt for da var nett så slutten på spelet. Visst eg skulle ha forandra noko ville eg ha sakt til dei som spilte kongar at dei ikkje skulle vera så brutale.

Else om Mostraspelet:

Om Mostraspelet: Eg synest det var kjekt å sjå på nor ho gammla damo blei sint. Eg synest det var vanskeleg å forstå alt som dei sa. Eg likte ikkje å sjå på nor dei blota. Fordi det var ekkelt. Eg likte best Vigdis fordi ho var flink til å spela. Eg ville det skulle vera litt meir ekta nor Torolv blei drept.

Inger om Mostraspelet:

Mostraspelet / Det som var kjekt med Mostraspelet var og sjå korleis dei blota. Det var på grunn av at eg ikkje visste korleis dei blota. Eg forstod ikkje heilt det der med kven som var i slekt med kven. Eg lurar på korleis beskyttelse dei hadde dei som blei slått/piska! Eg lika ikkje så godt at me nesten ikkje høyrde dei, sjølv om me satt på nokon av dei første benkene. Dei kunne hatt mikrofon! Det er jo meininga at me skal høyre alle tydelig. Dei personane eg lika var "Torolv frå Grindheim" og "Vigdis". Grunnen til at eg lika "Torolv frå Grindheim" var at han stod fast på trua si. Eg lika Vigdis p.g.a. at ho virka snill og lot seg ikkje tru på det kjærasten trudde på. Om eg skulle forandra noko i spelet ville eg ikkje at prestane skulle snakka Latinsk når dei snakka. Om eg skulle forandra noko i amfiet ville eg satt på TAK!

Elin om Mostraspelet:

Mostraspelet: Eg synest at heila spelet var kjekt, fordi det var lererikt. / Eg forstod alt. / Eg lika ikkje så godt at kongen tvingte folka til og tru på Kvitekrist, fordi eg synes at folk bør kunna tru på da dei sjøl vill. / Eg lika best Vigdis. Fordi ho spela så godt. / Eg trur eg vill hugsa best at det regna, og så vill eg hugsa heila mostraspelet. Då ville eg ikkje forandra nåke ting. For det var bra sånn som det er.

Haldis om Mostraspelet:

Om Mostraspelet: Det som eg synes var gøy av 'Mostra-spelet var: Dei hadde klart å få det ganske skikkelig inni amfiet. Eg følte nesten at det var i den virkelige vikingtida, eg trur skuespelarane har øvd veldig masse for det var veldig gode og dei sa ikkje noko feil. Eg forstod ikkje at kongane drepte "Torolv frå Grindheim" bare for han ikkje ville tru på Kvitekrist (jesus). Eg lurar på kven som har sydd eller laga klede og skoa dei hadde på seg. Kven hadde laga manuset? Det eg ikkje likte så godt var at: Tangbrand slo og piska bare for dei Mostringane ikkje ville tru på kvite krist. Eg synes det er dumt og pisk folk bare for det. Av alle personane likte eg Torolv frå Grindheim og Vigdis. Kanskje for dei var flinke og gode, det veit eg ikkje. Det eg kommer til og hugsast best var då dei drepte Torolv og då Gunnbjørg vart teken til fange. Viss eg skulle forandra noko i spelet var at amfiet kunne vera litt nermare sjøen så kunne me sjå skipa kongen, krigaren og presten kom inn med.

Eg er oppteken av å analysere korleis representantar for desse to hovudgruppene av barn reflekterer omkring møtet sitt med spelet. Det kan tenkjast at dei som har ei negativ oppleving likevel har ei nyansert grunngeving for dette, eller at dei som seier det var kjekt, manglar kategoriar for vidare utdjuping. Det er såleis, etter mitt syn, ikkje enkelt å vurdere i kva grad møtet med Mostraspelet er eit fruktbart kulturmøte.

8.3.2 Barna om innhaldet i Mostraspelet

Som nemnt i kapittel 3 er barns utbytte av eit skodespel avhengig av korleis dei oppfattar grunnhistoria eller kva spelet handlar om. Kva er handlingsgangen, og kva er temaet eller budskapet i stykket? I dette kapitlet prøver eg å teikne eit oversiktsbilete. Eg kjem nærare inn på einsskildelevar sitt møte med spelet i kapittel 9.

Dei fleste barna er samde om at spelet handlar om kristninga av Noreg. Nokre få formulerer det litt mindre spesifikt, og seier at det handlar om vikingar. Mange av barna får fram at dette var ein konflikt, der det handla om bruk av tvang. M.a. Elin formulerer innhaldet i spelet slik: "Det var nokon som kom og skulle tvinga dei [folket på Moster] til å tru på Kvitekrist." Anne er nysgjerrig og ber henne fortelja meir:

Anne: Ja. Og korleis gjekk det?

Elin: Nei, han eine ..., han eine, han ville ikkje.

Anne: Mm, ja. Kva skjedde med han då?

Elin: Nei, dei drap han til slutt.

Anne: Mm. Kvifor trur du han ikkje ville tru på Kvitekrist?

Elin: Jo, for han hadde trudd på Odin og Tor, og det ville han fortsetja med.

I denne vesle sekvensen ser me at Elin har Torolv som hovudfokus. Spelet handlar om skjebnen hans, av di han ikkje ville gå over til ei ny tru, men ville stå fast på si eiga tru.

Kanskje var det dette fokuset som gjorde at Elin også like etter spelet sikra seg autografen til han som spela Torolv?

Lillian og Mette er samde om at spelet viser at kristninga gjekk hardt føre seg i starten, men seinare gjekk det betre. Andre, som t.d. Inger, fortel at ho hugsar best forholdet mellom Torolv og Vigdis, Torolv fordi han held fast på trua si, og Vigdis fordi ho var snill, og av di ho ikkje let seg overtala til å tru på det kjærasten gjorde. Atter andre kan ha vanskar med å oppfatta poenget med spelet, slik t.d. Reidun gjev uttrykk for. Dette kan tyda på at ho var noko forvirra over kven dei ulike rollefigurane var. Men også Inger gjentek fleire gonger ”Eg veit ikkje eg ...” i samtalen, truleg eit uttrykk for at det er vanskeleg å fortelja hendingane i samanheng.

Det er få av barna som har ei lengre, samanhengande forteljing om handlinga i spelet. Derimot trekkjer barna fram ein del hendingar, eller sekvensar, og her er det blotescena og drapet på Torolv som merkjer seg ut. Vidare nemner mange messa og innføringa av Kristenretten. Ei mindre gruppe framhevar då kongen kom til Moster, forholdet mellom Torolv og Vigdis og at høvet brenn. Nokre trekkjer også fram då Olav den heilage tok ei lita jente på fanget.

Denne oversikta baserer seg i stor grad på kva barna fortel på eige initiativ, men delvis også på svar på konkrete spørsmål frå Anne. Når Anne litt lenger ut i samtalen viser nokre bilete frå teikneserieheftet, kjenner dei fleste barna att situasjonane og kan fortelja meir om det som hende. Konklusjonen min er at barna er samde om at det er kristninga av Noreg som er hovudtemaet for Mostraspelet. Dei har festa seg ved ein del sentrale hendingar i spelet, men kan ha visse vanskar med å framstella dei i ei samanhengande forteljing. Dette kan delvis ha samanheng med intervjuforma, der barna kanskje venta å få meir avgrensa spørsmål frå Anne, men også med at dei manglar trening i å utforma lengre narrativar. Det synest vera lettare å fortelja med utgangspunkt i bilete eller kortare sekvensar.

I det følgjande vil eg seia litt meir om det barna presenterer som sentrale hendingar i stykket. Elin viser to av desse i teikninga si, nemleg av messa og då Torolv døyr (fig. 8.3.2.1).



Figur 8.3.2.1: Teikning av Elin: Frå Mostraspelet

Fleire av barna nemner at dei hugsar godt *messa*. Det kan vera ulike grunnar til dette, frå det at ho likna på ei vanleg gudsteneste i dag, til bruk av røykjelse og andre liturgiske effektar. Samtalen om innhaldet i Mostraspelet førte også til funderingar om kva språk dei eigenleg snakka då dei framførte messa. Anne viser bilete frå denne situasjonen og ber dei fortelja kva som skjer:

Anne: Ser de her kva dei gjer?

Grethe: Dei ber, trur eg.

Anne: Ja. Hugsar de at dei sette opp eit lite telt oppi der?

Gunn: Dei ber på eit løye språk som folk ikkje forstår nokon ting av.

Anne: Ja, veit du kva språk det var?

Gunn: Nei.

Grethe: Det dei drakk, kva var det eigenleg?

Stein: Eg veit kva språk det var.

Anne: Ja?

Stein: Eg trur dei snakka sånn der, frå Argentina.

Anne: Det likna kanskje litt på det språket. Men latin var det nok.

Stein: Latin?

Anne: Latin var det her dei hadde. Og så ..., han eine snakka på latin, og han prøvde å omsetja det til norsk.

I denne samtalen deltek Gunn, Grethe og Stein. Etter å ha fått fram at det var bønn i messa, blir det sagt at dette var på eit "... løye språk". Truleg forstår ikkje Gunn dette språket, og ho veit ikkje kva slags språk det er. For henne synest det berre å vera rare lydar. Midt i denne sekvensen av kva språk det kunne vera, kjem Grethe med eit heilt anna spørsmål. Ho er mest oppteken av ei scene med nattverdliturgi, der ho såg at dei drakk noko. No lurar ho på kva dette er. Men det får ho ikkje svar på, av di Stein følgjer opp samtalen om språket. Han meiner det var argentinsk. Her stadfestar Anne at det kan kanskje likna, men ho gjev dei informasjon om kva som var det rette svaret, nemleg latin. Vidare forklarar ho at dette vart omsett til norsk i spelet. Her går Anne inn i ei rolle der ho formidlar kunnskap og korrigerer barnas oppfatning. Truleg gjer ho dette fordi det her fanst eit klart svar. Ho prøver til ein viss grad å støtta Stein, samstundes som ho gjev ny informasjon.

Blotescena har tydeleg gjort inntrykk på mange av barna. Vidar, Hans, Nina og Reidun trekkjer fram at det var ekkelt då dei drakk blod av same skåla, og dei meiner det såg dumt ut då dei kasta blod på statuen. Inger fortel at ho hugsar best att denne scena fordi ho ikkje visste frå før korleis dei blota. Her synest det som om ho har lært noko nytt. *Blotescena* er også Gunn, Grethe og Stein opptekne av.

Anne: Kva synest de om den blotescena?

Gunn: Det var ekkelt å sjå på.

Anne: Ja vel?

Gunn: Det såg ut som dei hadde sånne malinggreier.

Anne: Mm.

Gunn: Ekkelt.

Anne: Ja. Men korleis oppførte dei seg då dei hadde smaka på dette her? Då dei hadde blota?

Stein: Dei blei tussete.

Anne: Ja vel? Kvifor trur du dei blei tussete?

Stein: Nei, dei skulle ... Når dei blota til guden sin, så skulle dei vera sånn barske.

Anne: Mm.

Stein: Vera litt sinte, kan du seia.

Anne inviterer her barna til å koma med kommentarar til denne scena, av di dette var ei scene fleire barn tidlegare hadde nemnt spesielt. Gunn og Grethe formulerer reaksjonane sine i ordet 'ekzelt'. Kanskje var dette fordi dei såg personane drikka noko som skulle førestella blod. Men samstundes avslører Gunn dette som eit triks, for ho meiner det er maling dei har, og

som dei drikk og stryk på statuen. Dermed er kanskje kommentarane til barna meir eit uttrykk for deira vurdering av det skodespeltekniske enn ei kjenslemessig vurdering av korleis det kunne vera å blota.

Stein vurderer reaksjonane til mennene etter at dei hadde blota. Han kallar dei 'tussete'. Dette oppfattar eg som synonymt til andre barn som sa at dei oppførte seg som 'galne'. Truleg har dette å gjera med at dei gjorde ein del fakter og hopp etterpå. Det eg merkar meg, er at Stein ikkje oppfattar blotinga som at dei fekk del i ei magisk kraft frå gudane eller offerblodet, men at dei meir bevisst gjorde det for å visa seg som 'barske', dvs. at det meir var ei tillært mannsrolle i denne situasjonen. Også Iris er engasjert av blotescena:

Anne: Korleis verka blotinga på dei?

Iris: Dei blei heilt galne.

Anne: Ja vel? Kva meiner du med det?

Iris: Dei for rundt og dansa og alt sånt. Oæææ-greier. (Etterapar lyden.)

Anne: Mm.

Iris: Dei drakk av ei sånn lita greie kvar og så hella dei resten på Odin og så litt på graset.

Anne: Mm.

Iris: Og så kom det to sånne gamle menn og så sleika dei opp, så ...

Også her vert verknaden av blotinga samanlikna med det å bli galne, og dette blir skildra som ei form for ekstase der dei dansa rundt og song. Hendinga vert oppfatta som ein tydeleg aktiv situasjon, som elevane har lagt merke til. Ritualet var å sjølv drikka, og deretter gje gudane og naturen den delen som tilkom dei. Men dei får også fram at det skjer noko i etterkant som skaper kjensler og reaksjonar. Ved å bruka uttrykket "... sleika opp" får dei fram at blotinga ikkje opplevdest nøkternt og greitt, men har ein sterk opplevingsmessig dimensjon. Denne reaksjonen kjem også fram når dei fortel om dei gamle mennene som vart piska av Tangbrand etter blotinga.

Reidar har festa seg ved *høvet som brann* på Moster. Han refererer til ei hending i spelet, der det vert tent på eld oppe på taket ved amfiet. Reidar har teikna brannen i høvet (fig. 8.3.2.2):



Figur 8.3.2.2: Teikning av Reidar: Brannen i høvet

Teikninga viser høvet i lys loge. Høvet og elden er raud, medan røyken er svart, og fjellet ved sida av er svart. Han får fram fargekontrastar her, ved å farga bakken grøn og himmelen blå. På teikninga har Reidar skrive små stikkord som forklaring på ord og ting, m.a. kor grensa går for himmelen. Me ser også ei snakkeboble med uttrykket "He, he, he" inni. I forklaringa kallar han det "tekstbehandling". Dette tolkar eg som uttrykk for humor, og at han vil framstella at nokon ler av brannen. Den same scena er også Jon og Bernt opptekne av:

Anne: Hugsar de då det kom røyk oppå taket?
Bernt: Nei, eg såg ikkje opp.
Anne: Å nei.
Jon: Men eg veit kven som gjorde det.
Anne: Å ja?
Jon: Det var sånn røykemaskin ...
Anne: Jaha.
Jon: ... som dei hadde sett oppå der.

Jon viser her interessa si for tekniske finessar. Eg veit ikkje i kva grad han hadde undersøkt dette grundigare, eller om det var slik han tenkte det var.

Det varierer kor mykje barna hugsar av *Kristenretten*. M.a. Nina, Reidun, Hans og Vidar hugsar lite, anna enn at det handlar ” ... masse om kristendommen, og at dei som ikkje trudde på nokon, dei blei straffa.” (Vidar). Odd kjenner til at Kristenretten omhandlar reglar for kven dei kan gifta seg med, reglar for å eta kjøt, om hemn og bloting, og Reidar nemner regelen om ikkje å setja barn ut i skogen. Det vert også nemnt at det ikkje er lov å ha trælur. Grethe nemner at no fekk mennene berre ha ei kone, og at dei måtte kvitta seg med dei andre, viss dei hadde fleire. Gunn nemner lova om berre å ha ein gud, nemleg Kvitekrist, og Stein nemner det å halda søndagen heilag. Den siste lova meiner han er forskjellig frå no, når me kan gjera kva me vil, også på søndagen. Mette og Lillian fortel at dei hugsar lite av Kristenretten, men Mette meiner dei likna på dei ti boda, ” ... berre litt annleis”. Ho nemner at det var reglar for bloting og om giftarmål.

Drapsscena mot slutten er den scena dei aller fleste kommenterer. Hans meiner det er ei ’tøff’ scene. Nina og Reidun seier dei syntest synd på Vigdis då Torolv blei drepen, men dette er ikkje Vidar samd i. Det synest som om jentene viser mest empati her. Elin og Inger trudde at slutten kom til å verta annleis, kanskje meir ein lukkeleg slutt. Dei hadde ikkje venta at Torolv skulle døy. Inger hadde venta at han kanskje blei kristen. Reidar hadde tenkt seg at han kanskje drukna i staden. Det ville vore ein betre måte å løysa konflikten på, etter hans meining.

Men det er også hendingar barna seier dei ikkje forstod så mykje av. M.a. vert det nemnt då høvdingane møttest og tala med kvarandre. Dette skjøna ikkje barna samanhengen i (Nina, Reidun, Hans og Vidar).

Som nemnt går eg i liten grad inn på *musikken i spelet*. Det varierer i kva grad barna likar musikken, og kva tankar dei har om funksjonen. Eg nyttar følgjande sekvens som illustrasjon på at barna representerer ulike syn her:

Anne: Kva synest de om musikken i spelet då?

Hans: Musikken? Det var ikkje det beste eg har høyrte, men ... Eg veit ikkje eg.

Vidar: Det var bra til det dei spelte, men ...

Anne: Mm.

Hans: Dei hadde ikkje sånn el-gitar og ...

Anne: Nei.

Hans: Det var bra.

Anne: Kva synest de jentene her i ..., på denne avdelinga då? Likte de musikken?

Reidun: Nei! (Uth.)

Anne: (Litt latter.) Synest du han passa til det spelet handla om?

Reidun: Han gjorde sikkert det, men ...

Anne: Men du synest ikkje ...?

Reidun: Nei! (Uth.)

Anne: Kvifor likte du han ikkje?

Reidun: Det var berre pang, pang og pling, pling, heile tida.
Anne: Mm.
Reidun: Høyrdest ut som det var falskt.
Anne: Ja vel? Kva seier du? (Til Nina.)
Reidun: Skulle gjerne vera det. Eg veit ikkje.
Anne: Nina, kva syntest du om musikken?
Nina: Ikkje fint! (Uth.)
Anne: Nei. (Litt latter.)

Barna synest å ha noko ulik måte å vurdera musikken på. Truleg er dei alle samde om at dei personleg ikkje likar musikken. Men gutane synest vera meir opne for å akseptera musikken ut frå den konteksten han var sett inn i, nemleg ei framstilling av kulturskiftet i vikingtida. Til dette føremålet var musikken bra, meiner dei. Reidun ser på den eine sida ut til også å vera villig til å innrømma dette, ved formuleringa ”Han gjorde sikkert det”, men tillegget hennar med eit ”men” gjev inntrykk av at ho sjølv eigenleg ikkje opplevde dette positivt. Det var noko ho ikkje lika, og det synest som om hennar personlege smak pregar opplevinga. Ho argumenterer også med andre musikalske vurderingar, nemleg at for henne vert det støy eller lydar som ho meiner går ut over normene for det ho meiner er ’rett’. Ho reflekterer likevel over om det er slik det kanskje skulle vera, så ho har ei viss oppfatning av at andre kan meina noko anna. Men ho ser ikkje ut til å gå med på deira premissar. Også Nina gjev tydeleg til kjenne ei negativ oppleving av musikken. Ho nyttar også uttrykk for ei smaksvurdering, ved å seia at det ikkje var fint. Begge jentene viser eit tydeleg engasjement i samtalen, og deira personlege oppleving av musikken synest viktig. Gutane reflekterer meir over at det finst ulike kriterium for å vurdera om musikken er ’god’. Konklusjonen deira ser ut til å byggja på at det er mogleg å vurdera kvaliteten i musikken i spelet etter andre kriterium enn deira eigen personlege smak, nemleg i kva grad musikken er i samsvar med føremålet om å skapa ei stemning i høve til ei anna tid, vikingtida.

8.3.3 Barna om roller og rollefigurar

Tittelen på spelet, *Kristkongane på Moster*, tyder på at kongane er viktige rollefigurar i spelet, sett frå forfattaren sin synsvinkel. Samstundes legg han som nemnt vekt på menneska i dagleglivet.

Kva for rollefigurar festar så barna seg ved? Er det nokon dei kan tenkja seg å ha som førebilete eller er usamde med? Barna synest å kjenna att dei ulike hovudaktørane, men kanskje Inger peikar på noko viktig når ho skriv i arbeidsboka si i etterkant at ho ikkje forstod heilt kven som var i slekt med kven. Sjølv om barna hadde ei viss oversikt på førehand, ser det ut til å ta ei viss tid før dei får oversikta over persongalleriet i spelet.

Dei tre rollefigurane som vert nemnt oftast, er Torolv, Vigdis og Gunbjørg (17). Barna har festa seg ved kjærleiksforholdet mellom Torolv, som vil halda på den gamle trua, og Vigdis, som er gått over til den nye trua. Særleg ein del av jentene trekkjer fram Vigdis, kjærasten til Torolv, som t.d. Else i teikninga si (fig. 8.3.3.1):



Figur 8.3.3.1: Teikning av Else: Vigdis

Mange av jentene synest litt synd på Vigdis. Kanskje heng dette saman med at me no legg større vekt på kvardagsliv og nære relasjonar? Torolv vert hugsa som ” ... han der fyren” som vart drepen av di han ikkje ville skifta tru (Reidun). Gunbjørg er ei som representerer gamletrua og som samstundes morosam, frekk og sta. Barna fortel at ho for rundt og piska på dei som ville tru på Kvitekrist.

I neste gruppe finn me kongane og presten Tangbrand, saman med Torbera, mor til Torolv. Ein del veit at spelet handlar om Olav Tryggvason og Olav den heilage, men ofte går namna på kongane i surr for elevane, eller dei kjenner ikkje namna deira. Nokre meiner det handlar om Håkon den gode. Det er heller ikkje slik at kongane utan vidare er 'heltane' for barna. Eit fåtal nemner Håstein herse, skalden, bønder, dei som dansa og guten som melde at skipa kom. Nokre som trekkjer fram skalden, fortel at det var han som song, men dei forstod ikkje kva han song om. På grunn av dialekten hans, meinte dei i alle fall at han var frå Austlandet (Reidun og Vidar). Andre seier dei ikkje forstod så mykje av rolla til skalden

(Elin, Inger og Reidar). Iris trekkjer fram ein av personane ho meiner liknar på ein vampyr. Kanskje har ho festa seg ved ein skodespelar med god hårvekst, for ho seier han hadde spisse augnebryn og spisse øyro inn. Nina er ei av dei få som trekkjer fram kvaddansen. Ho meiner dansen såg rar ut. Her kommenterer Vidar at songen dei dansa til, song dei om att og om att, og det handla om kongane. Hans kan supplera med at det var om ”Tryggvason” dei song.

Slik eg tolkar denne oversikta over roller, har barna festa seg meir med ’nære’ personar i miljøet på Moster som bind spelet saman, enn ved kongane som kjem og brukar makt. Somme av barna trekkjer fram samanlikningar mellom dei ulike kongane, som t.d. når det vert hevda at Olav Haraldsson var meir gjestfri og snillare enn andre (Nina, Reidun, Hans og Vidar). Også Haldis trekkjer Olav Haraldsson fram fordi ho meiner han var ” ... ganske snill”. Ho forklarar dette med at han tok eitt av barna, ei lita jente, opp på fanget sitt. Iris let seg likevel ikkje riva med av denne hendinga, og har ein kritisk kommentar til realitetane i det som skjedde:

Iris: Det trur eg ikkje han ville gjort viss det var ekte.

Anne: Så du trur ikkje det ville skjedd sånn i verkelegheita?

Iris: Nei, eg trur ikkje han ville tatt ho litle jenta opp.

Anne: Nei, kvifor ikkje det?

Iris: Eg trur dei var meir valdelege og sånt.

Anne: Mm. Sånn at dette her var kanskje noko dei fann på i stykket, men som ikkje ville skjedd sånn i verkelegheita? Ja. (...)

Kanskje kan me seia at Iris avslørte denne scena som eit triks. Truleg har ho ei historieoppfatning der kongane også var brutale. Me har sett at ho skildrar vikingane som brutale. For henne er altså ikkje eit estetisk verkemiddel i eit spel, som å ta eit barn på fanget, nok til å endra totaloppfatning av karaktertrekka til kongane. Eg finn det interessant at ho reflekterer over denne motsetnaden og står på grunnsynet sitt. Ho konkluderer også med at Mostraspelet ikkje får fram alt som det var, og her nemner ho dette at kongane ikkje var så blide kanskje.

Kongane synest ikkje ha nokon stor heltestatus i barnas oppleving av spelet. I materialet mitt er det få teikningar som viser kongane i spelet. Eg vil trekkja fram teikninga til Inger som eit døme her (fig. 8.3.3.2).



Figur 8.3.3.2: Teikning av Inger: Frå Mostraspelet

Inger har teikna ei scene i Mostraspelet der kongen talar til folket. Teikninga framstiller ein konge i lilla og brun kappe og med gullkrone på hovudet. Han står oppe på ei brun trapp og seier til folket: ”Dykk må tru på kvite krist!” Nedanfor trappa står tre menn, og attarst står Gunbjørg gamle. Mannen som står nærast trappa, har grøn, flat hue, raud kappe, brun skjorte og blå bukser. Han rettar eine armen opp og fram og seier: ”Me har Odin og han kan fint.” Bak han står ein mann med brun, flat hue, svart kappe, brun skjorte og grønne bukser. ”Me trur på kva me vil ...”, seier han. Den siste mannen har blå, flat hue. Han har svart kappe, grøn skjorte og svarte bukser. ”Me kan ikkje tru på ein som ikkje hjelper oss!”, seier han. Gunbjørg gamle har krocket rygg, brun skjorte og svart skjørt. Ho held ein brun stav i handa. ”Lat dykk ikkje tru på kvite krist!”, seier ho. Hendinga går føre seg på ein grøn bakke, med blå himmel i bakgrunnen. Personane er framstelte i profil, der personane på bakken ser opp mot kongen, som vender seg til dei når han talar. Gjennom orda i snakkeboblene får Inger fram kva samtalen går ut på. Teikninga er komponert med særleg vekt på detaljar ved personane. I denne teikninga får Inger fram motstanden kongen møtte då han ville kristna folket. I dette tilfellet er det meir ein kamp med ord enn med våpen.

Nokre få nemner også at dei saknar tv-kjendisar i roller i spelet. Dette kan ha sin bakgrunn i informasjonsvideoen dei såg.

Av sentrale personar trekkjer altså barna fram Torolv og Vigdis, men personar som kanskje engasjerer endå meir, er Gunbjørg gamle og presten Tangbrand. Gunbjørg gamle representerer det underhaldande, i og med at ho vert oppfatta som morosam, sjølv om ho kjeftar og er ufyseleg. Ho er også etisk respektabel, i og med at ho held fast på den gamle trua. Det er dermed noko ved henne som appellerer. Nokre av barna veit likevel ikkje heilt om dei likar henne (jfr. Nina, Reidun, Hans og Vidar).

Tangbrand representerer makta, som ikkje er til å stola på, men som får si fortente straff. Somme meiner han er ”dustete”, når han tek meir enn han skulle.

Me finn også døme på elevar som venta seg ein lukkeleg slutt, der Torolv blei kristen. Barna kan også ha festa seg ved einskildpersonar som tilsynelatande ikkje har noko sentral rolle i spelet. Det kan t.d. vera eitt av barna i spelet dei legg merke til, kanskje fordi det er på alder med dei.

I materialet mitt finn eg ein viss samanheng mellom kven som vert oppfatta som sentrale rollefigurar og kven barna kan tenkja seg å ha som førebilete. Som aktuelle førebilete vert Vigdis trekt fram (8), saman med Torolv (5) og Gunbjørg (5). Som me ser, er dette dei same namna som dei rollefigurane flest nemner, men det er langt færre som også omtalar dei som førebilete. Kanskje dei opplever det for ’tett’ å omtala dei slik? Somme kommenterer at dei ikkje er samde med Torolv, men det at han står for trua si, er eit førebilete for dei. Det er fire som trekkjer fram kongane, men også like mange som svarar ”veit ikkje”. Somme trekkjer fram Vigdis, fordi ho var blid og snill. Mette trekkjer fram Torbera, fordi ho var rettferdig og gav ikkje opp.

Når det gjeld rollefigurar barna er usamde med, merkar eg meg at ingen av kvinnerollene vert nemnde. Ca 1/3 av barna, (12), trekkjer fram kongane og presten Tangbrand. Kongane vert omtala som for strenge, hyperaktive, eller at dei nyttar tvang barna tek avstand frå, Tangbrand fordi han utnyttar maktposisjonen sin til eiga vinning. Han får difor si fortente straff, i følgje somme. Medan fire av barna nemner kongane som førebilete, er det altså 12 som seier at dei er usamde med dei. Kanskje ser me her døme på den anti-elitismen som er omtala tidlegare. Andre rollefigurar som vert nemnde av få, er vaktene, han som drap Torolv og Håstein herse. Det er 6 som svarar ”veit ikkje”.

For somme vert musikken både falsk og bråkete, for andre understrekar musikken atmosfæren på ein positiv måte, sjølv om dei personleg likar ein heilt annan type musikk.

8.3.4 Barna om spelkompetansen

Mange av barna er opptekne av at Mostraspelet ikkje er ei framstilling av korleis det var i verkelegheita. Somme har, som nemnt, festa seg ved tekniske finessar. I mange av samtalane tek barna opp spelkompetansen til skodespelarane. Somme trekkjer fram at dei synest skodespelarane er flinke. Vidar nemner at han kunne tenkja seg å ha biskopen som førebilete. Dette går truleg på det ytre og skodespeltekniske, for Vidar forklarar at han ikkje forstod noko av det biskopen sa.

Anne: Var det noko dei [biskopane] sa og gjorde som du synest var bra?
Vidar: Nei, eg forstod jo ingenting av det dei sa, men ...,
Anne: Ja.
Vidar: ... det var ganske stilig spel ..
Anne: Ja.
Vidar: ... eigenleg.

Her var det truleg skodespelarprestasjonen som appellerte, kanskje fordi biskopen også las opp på latin?

Fleire av barna (11) markerer sterkt at dei meiner det vert nytta triks og 'uekte spel'. Den avsluttande scena, der Torolv vert drepen, er så avgjort den scena som får flest kommentarar. Dette er ikkje først og fremst på grunn av sjølv drapet eller den religiøse konflikten, men på grunn av det skodespeltekniske. Scena vert oppfatta som eit triks som barna 'avslører'. Særleg er det bruk av falskt sverd dei festar seg ved, eller 'juksesverd'. Det gjekk jo ikkje inn i kroppen, men berre på sida (Else, Haldis og Iris). Sidan dei aller fleste barna kjende til korleis det gjekk mot slutten, er det få som kommenterer at dei hadde tenkt seg ein annleis slutt.

Ei anna scene der merksemda knyter seg til det skodespeltekniske, heller enn til innhaldet, er då Tangbrand piska folk etter blotinga.

Stein: Då kom han der presten [Tangbrand] og hadde sett det [blotinga].
Anne: Mm.
Stein: Så begynte han å piska dei.
Anne: Mm. Kva synest du om det?
Stein: Ah ..., eg synest ... Først trudde eg han piska på skikkeleg, men ... Så trudde eg han hadde nokre puter på ryggen.
Anne: Jaha.
Gunn: Han eine, det var jo berre han eine som blei slått. Han hadde beskyttelse. Han andre hadde ikkje beskyttelse.
Anne: Mm. Synest de dei fortente denne her piskinga?
Gunn og Grethe (i kor): Ja.
Stein: Nei.

Det ser ut til at Stein først var i ferd med å utvikla ein viss sympati for han som blei piska, då han først tenkte at dette måtte gjera vondt. Men i staden for å leva seg inn i korleis det var å bli piska, blir han oppteken av at dette truleg ikkje var så ille, av di mannen hadde puter på ryggen slik at det ikkje skulle gjera så vondt. Igjen ser me at det skodespeltekniske får 'overtaket'. I staden for at scena skulle invitera til empati, blir det tale om enno eit triks som er blitt avslørt. Når attpåtil Gunn kan 'avsløra' at sidan det berre var ein som blei slått, nettopp fordi han hadde vern, og at han andre 'slapp unna', kan me spørja om ikkje barna oppfatta dette som ei nokså 'utvendig' scene, og ikkje ei levandegjering av noko som kunne opplevast vondt eller urettferdig. Som me ser, er også barna usamde om i kva grad desse mennene fortente piskinga.

Somme av barna seier at skodespelarane er stilige, og ei meiner at ein bestemt person er snillare i verkelegheita enn i rolla. Til tider kan det derfor verta meir samtale kva barna meiner om spelkompetanse eller mangel på slik, enn om tema og budskap i spelet. Eg tolkar det slik at barna her trekkjer inn erfaringar frå tv og video. Mange fortel at dei følgjer med i såpe-seriar på tv, og at dei likar action-filmar. Det ser ut til at dette er referanseramman når dei vurderer spelkompetansen også ved dette teaterstykket. Kanskje dei her overfører krav som vanskeleg let seg gjennomføra i ein slik samanheng, og at dette er grunnen til at Mostraspelet 'fell igjennom' for mange av barna?

8.3.5 "I ettertankens lys"

Anne er oppteken av barnas refleksjonar i etterkant om kvifor skulen tek dei med til Moster, og i kva grad dei opplevde dette spelet autentisk og relevant. I eitt av intervjuet kjem det fram følgjande:

Anne: Men kvifor trur du at skulen tar dykk med til Moster?

Sindre: Eg veit ikkje.

Torleif: Dei vil me skal frysa.

Anne: Trur du det?

Sindre: Kanskje det er ei prøve til militæret? Å uthalda sånne sinnsjuke kjedelege ting. Frysa og vera våte. Sikkert ei prøve.

Anne: Mm. Mm. Ja, Per, har du andre forslag? Kvifor skulen tar dykk med til Moster?

Per: Nei, viss det hadde vore fint ver og sånt at ..., då skulle me liksom vera opptatte av ..., då skulle me vera opptatte av fint ver ..., om Gud og Jesus og sånt.

Anne: Mm.

Per: Sikkert noko sånt.

Anne: Mm.

Medan mange av barna seier at dei trur dei skal læra om 'gamle dagar', viser denne sekvensen ei stor spennvidde, frå det eg vil kalla manndomsprøve og til det som gjeld eit religiøst føremål, eller til den meir hyggjelege varianten: Å kosa seg på tur i fint ver. Eg vil tru at samanlikninga med prøvingane i militæret er meint som ei form for ironi med ein viss brodd. Kanskje det også ligg ein viss ironi i Reidars påstand om at skulen har så masse pengar at dei reiser til Moster for å bruka opp litt av desse?

Kva meiner så barna dei har lært av spelet? Svara varierer frå det å ikkje ha lært noko spesielt, eller at dei ikkje veit, til å ha lært om gamle dagar og om forholdet mellom den norrøne trua og kristendommen. To nemner at dei har lært om gudsteneste, og Mette og Lillian seier at dette var ei annleis og god læringsform. "Me skjønnte det litt betre når dei viste det sånn", seier Lillian. Inger meiner at dei lærer om forskjellige 'truer' i spelet. Haldis meiner at ho gjennom spelet har lært at norrøn tru var "... mykje voldelegare enn kristendommen." Mostraspelet viser at kongane gjorde mykje for å kristna folket.

Mange av barna synest å leggja vekt på at spelet er ei form for tradisjonsformidling om gamle dagar, der somme spesifikt trekkjer fram det religiøse perspektivet. Det kan vera grunn til å merka seg at ni av barna seier dei ikkje har lært noko spesielt eller dei veit ikkje. Dette samsvarar med korleis barna svarar på spørsmålet om aktualitet og relevans. Ei stor gruppe svarar "ingen relevans" (11), eller "veit ikkje" (3). Vidar formulerer det slik:

Vidar: Eg lurar i så fall på kva me skal med det [å læra noko av Mostraspelet].

Anne: Ja, har du lurt på det, og ikkje funne svar?

Vidar: Viss det er det som er meininga at me skal læra, så veit eg ikkje kva som me skal læra.

Anne: Nehei. Nei. Så du synest ikkje du har lært noko? Eller?

Vidar: Eller det var jo på grunn av at me såg litt før også, og fekk vita ein god del.

Denne sekvensen får fram nokre dilemma når det gjeld førebuing, gjennomføring og etterarbeid til eit teaterstykkje. I starten kjem det fram at Vidar lurar på kva dei skal læra av Mostraspelet. Læringspotensialet synest for han, i følgje dei to første replikkane hans, å vera svært lite. Skulen, eller andre, synest ikkje her å ha fått fram eventuelle læringsmål for barna ved å sjå spelet. Dette kan tyda på at Vidar ikkje ser meininga med spelet, heller ikkje i etterkant. Men i siste del av sekvensen kjem det fram at Vidar kanskje eigenleg meiner at dei har 'gjort unna' læringa i førebuingssfasen. Her ser det ut til at han meiner dei alt har lært "... ein god del". Kva dette er, seier han ikkje her. Me kan altså tolka Vidar som at dersom skulen legg opp til førebuing på same måten som han har opplevd, treng dei eigenleg ikkje reisa til Moster for å læra noko meir. Sjølve Mostraspelet blir eit unødig tillegg. I motsett tilfelle må

ein ta omsyn til kritikken frå barna, der dei hevdar at dei har fått vita for mykje i førebuinga. Spenningsmomentet er blitt borte. Ein må i så fall endra førebuinga.

Det kan også vera grunn til å reflektera over kva for læringssyn Vidar gjev uttrykk for her. Han synest vera oppteken av at dersom dei har fått dei faktiske opplysningar ein gong (i førebuinga) om rollefigurane og handlingane i stykket, har dei lært 'nok'. Han reflekterer ikkje over at det kanskje vil vera ny 'lærdom' i å sjå stykket spela i friluft, saman med andre barn. Heller ikkje at det kanskje kan utvida perspektivet å sjå stykket på ei scene med skodespelarar, i høve til å sjå stykket framstelt i ei teikneserie eller på ein introduksjonsfilm. Han trekkjer heller ikkje inn det sosiale i å få reisa saman og oppleva noko saman. Også Gunn reflekterer litt over kva ho har lært av Mostraspelet:

Anne: Kva vil du seia du har lært?

Gunn: Eg har vel lært ... Ja, kva har eg lært? Eg har lært at ... nei, eg veit ikkje! (Litt latter.)

Me kan truleg seia at innleiingsspørsmålet til Anne om barna synest dei hadde lært noko av Mostraspelet er eit retorisk spørsmål. I første omgang vil barna truleg svara ja, slik me ser Gunn er i ferd med å gjera. Det er først i den vidare samtalen me kan finna noko ut om djupna i svaret. For Gunn ser det ut til at spørsmålet meir blei ein liten ettertanke. I første del av svaret startar ho med eit positivt utgangspunkt, der ho vil beskriva kva ho har lært. Men svaret sit langt inne. Det endar med ein konklusjon om at ho ikkje veit. Latteren kan kanskje tyda på at ho føler seg litt fanga i si eiga innleiing, men avvæpnar det heile på ein humoristisk måte. Seinare i samtalen kjem ho likevel med litt meir utdjuping:

Gunn: Me har lært litt om kva dei gjorde i den norrøne trua også då, for då blota dei og alt sånt, og det gjer ikkje me no.

Anne: Mm.

Gunn: Viss me ikkje hadde lært om det, så hadde me ikkje visst det.

Her oppsummerer Gunn forståinga si av Mostraspelet som noko ein skal eller kan læra noko av, dvs. som kunnskaps- og tradisjonsformidling. Også Stein seier at Mostraspelet var litt lærerikt. Dette svaret kan me kanskje merka oss, all den tid han i starten av samtalen markerte sterkt at alt var kjedeleg. Han deltok likevel aktivt i samtalen, og konkluderte mot slutten at han hadde lært noko om korleis det var då kongane kom inn i landet og tok over. Bernt meiner spelet har ein viss underhaldningsverdi for barn, av di han meiner at små barn likar å leika med slikt utstyr som vikingane hadde. Men barn på hans eigen alder er ” ... gått ut med

alder”, som han formulerer det. Dei leikar ikkje med slike effektar lenger. Mostraspelet synest dermed å ha mindre verdi. Kanskje Bernt meiner at spelet passar betre for mindre barn?

Det er seks som svarar at dei opplever Mostraspelet som 'aktuelt' eller 'litt aktuelt', medan tre trekkjer fram at det er koseleg å sjå, eller underhaldande. Av andre svar trekkjer eg fram 'trusfridom/religion' (4) og 'politikk' (4) som aktuelt eller relevant ved temaet. Nokre av barna koplar dermed Mostraspelet til samfunnssituasjonen. Eg vil likevel ikkje seia at svara representerer sterke sambandsliner til den aktuelle situasjonen, men dei døma som vert nemnde, er prega av det dagsaktuelle i media, t.d. krigen på Balkan, eller norske politikarar dei er usamde med i synet på innvandring.

Når det gjeld spørsmålet om autensitet, som har vore eit sentralt omgrep innan historieformidling, fordeler dei som svarar på dette seg i to om lag like store hovudgrupper. Den eine hovudgruppa (13) svarar positivt på spørsmålet om dei meiner Mostraspelet får fram korleis det var i vikingtida. Svara synest å vera grunnjevne i atmosfære og ramme, heller enn i ei oppfatning av at hendingane føregjekk akkurat slik. Haldis formulerer det slik: ”Eg følte nesten at det var i den virkelige vikingtida.” Mette kan stå som representant for dei som meiner spelet i stor grad viser korleis det var for 1000 år sidan: ”Kanskje ikkje sånn frå prikk til prikk, men eg trur det meste var likt.”

Den andre hovudgruppa markerer at det anten var verre før (3), eller at dei er kritisk tvilande til at det var slik (8). M.a. nemner Nina, Reidun, Hans og Vidar at Mostraspelet ikkje heilt får fram korleis det var for 1000 år sidan, av di me ikkje får vita kor folk budde. Derimot verka kleda nokså ekte. Dei var 'merkelege', og i samsvar med slik dei har sett dei i bøker. Dette er fleire samde i. Berre ein elev svarar at det var betre før. Reidar meiner at Mostraspelet er altfor moderne. Slik eg forstår denne utsegna, meiner han at spelet ikkje viser den gamle tida 'slik ho eigenleg var'. Gunn er blant dei som uttrykkjer seg positivt om autensiteten, om enn med atterhald. Stein derimot avslører stilbrot:

Anne: Synest de at dei får det fram i Mostraspelet korleis det skjedde for 1000 år sidan?

Gunn: Ja, litt i alle fall.

Anne: Du ser litt skeptisk ut? (Litt latter.)

Gunn: Ikkje heilt perfekt då, men dei får det i alle fall til litt.

Anne: Har du tankar om det, Stein?

Stein: Kva?

Anne: Om det ..., om Mostraspelet får det fram korleis det var for 1000 år sidan?

Stein: M... Eg såg ein som hadde stillongs på seg.

Anne: Jaha.

Stein: Ja. Han der kongen, han hadde stillongs.

Anne: Ja vel?

Stein: Eg såg eit sånn der merke som hand ned på sånn der ...

Anne: Var det sånn ny stillongs, eller var det gammal stillongs?

Stein: Det var ny stillongs. Eg såg kjøpemerke ...

Anne: Ja.

Stein: ... som stod og dingla.

Anne: Ja vel. Så du synest ikkje det stemte heilt med korleis dei hadde det for 1000 år sidan?

Stein: Nei.

Det er ikkje heilt lett å vita kvar på skalaen Gunn plasserer spelet. Vurderinga hennar ligg i spennet mellom "... ikkje heilt perfekt" til "... dei får det i alle fall litt til". Eg tolkar dette som eit 'understatement' om at ho eigenleg synest spelet gav ei god framstilling. Stein derimot er oppteken av ein detalj som tydeleg bryt med hans oppfatning av autensitet, nemleg det å ha moderne stillongs på seg. Men kanskje er det like mykje eit uttrykk for å vera stolt over å ha avslørt ein 'feil' som indignasjon over stilbrotet?

Svara på spørsmålet om autensitet kan likevel vera noko vanskelege å tolka, då somme kanskje oppfattar spørsmålet i tydinga 'atmosfære', medan andre legg vekt på det konkrete og på faktiske hendingar. Somme kan altså meina at spelet er autentisk på grunn av atmosfære, sjølv om det 'eigenleg' ikkje var akkurat slik. Nokre meiner bruk av utstyr og stemning er kriterium for autensitet.

På spørsmålet om kor mykje barna burde vita på førehand, er meiningane delte. Lærarane meinte at barna ville få meir utbytte av spelet om dei kjende til dei viktigaste hendingane på førehand. Også ein del av barna meiner at det var nyttig. Men Vidar, Nina og Reidun understrekar at dei ikkje burde vita på førehand korleis det gjekk. Dei same jentene hadde som nemnt tatt dette opp med lærar Lars alt i førebuinga. Også Reidar meiner at ein ikkje burde vita om slutten i spelet før ein skal sjå det, då det elles vert kjedeleg. Elin er samd, medan Inger derimot er ueinig.

Ved å spørja barna om kva råd dei har for dei som skal sjå spelet til neste år, ville Anne sjå om det var erfaringar dei syntest var viktige å vidareføra. Ikkje uventa på grunn av det dårlege veret, understrekar eit stort fleirtal dette med å kle seg godt. Ca 1/3 nemner det som viktig å følgja godt med. Ei mindre gruppe (5) understrekar at barna ikkje bør vita slutten, slik at det kan bli meir spennande, medan fire elevar seier direkte at barna ikkje bør reisa dit, underforstått fordi det var for kjedeleg.

Somme av barna forstår ikkje heilt at Bømloteateret orkar å framføra Mostraspelet år etter år. Dei tenkjer at det må vera kjedeleg:

Grethe: Eg trur ikkje dei synest det er så veldig kjekt, for dei har spelt det så mange gonger.

Gunn: Dei held vel ut. Dei held vel ut.

Grethe: For å tena pengar.

Anne: Mm.

Gunn: Tena pengar og få sånn ... Læra folk korleis det var før i tida.

Barna synest å ha ei førestelling av at Mostraspelet vert framført årleg av kommersielle grunnar. Men Grunn trekkjer fram at det kanskje også er litt idealisme, i og med at dei tenkjer seg at målet er å driva folkeopplysning om korleis det var før i tida.

8.4 Oppsummering

I det følgjande vil eg gje ei oppsummering av barnas møte med Mostraspelet i lys av det mytisk-religiøse, det historiske og det estetiske perspektivet. Eg kjem attende med ei utdjuping av opplevingane til einskildelevar i kapittel 9.

8.4.1 Eit mytisk-religiøst perspektiv

Barna kjenner til at Mostraspelet handlar om møtet mellom gammal og ny tru. Det mytisk-religiøse er såleis i fokus for dei aller fleste, men det varierer kor djupt dei går inn i dette. Det er to hovudgrupper m.o.t. korleis barna forstår religionsskiftet. Somme oppfattar det som ein harmonisk prosess, andre legg vekt på det konfliktfylte. Dei fleste synest likevel vera samde om at Mostraspelet framstiller møtet som ein konflikt. Dette kan ha noko med dramaturgiske verkemiddel å gjera. Spørsmålet er dermed om barnas oppfatning av kulturskiftet vert korrigert eller utdjupa ved å sjå spelet. Som nemnt hadde dei fleste av barna ei oppfatning av at vikingane var brutale og barbariske, men gjennom året har dette biletet blitt nyansert ved å trekkja inn dagleglivet på garden og handel og kultur. Spørsmålet er no om barna meiner det er spesielle grupper som representerer brutaliteten, og om Mostraspelet gjev noko svar.

Ein av elevane meiner at Mostraspelet framhevar kristendommen som brutal, medan det eigenleg var omvendt etter hans meining, dvs. at representantane for den norrøne trua var meir brutale. Han meiner dermed Mostraspelet burde vore endra. Ved litt ettertanke kjem han likevel fram til at kristendommen var brutal. Ein annan av elevane seier at spelet viser at norrøn tru var mykje valdelegare enn kristendommen, og at kongane gjorde mykje for å kristna folket. Andre konkluderer med at det var eit paradoks at kristendommen la vekt på fred, men nytta tvang. Me kan dermed ikkje seia at barna får eit eintydig bilete av posisjonane gjennom Mostraspelet. Kanskje Gullestad får fram intensjonen sin om at det vonde og det gode var representert i begge leirar? Eg vil heller seia at biletet framleis er utydeleg for barna. Dei tenkjer meir i svart – kvitt termar, men har ulike oppfatningar av kven som representerer kva.

Kva oppfatningar har så barna av den gamle og den nye trua? Denne bakgrunnskunnskapen er viktig for å forstå Mostraspelet. Som nemnt i kapittel 7 kjenner dei fleste til Odin og Tor og funksjonane deira. Desse gudane dannar sentrum i barna si oppfatning av det norrøne gudeuniverset. For somme er perspektivet utvida gjennom året. Det vert nemnt Frøy og Frøya, Idunn, Balder og Loke, Heimdal, Trym og Hel. Mange av barna kan også skildra, i nokså romlege kategoriar, forholdet mellom Midgard, Åsgard og Utgard. Jorda vert forstått som ei pannekake ein kan detta utanfor. Somme av barna kan også gjengje norrøne skapingsmytar. Det er store variasjonar i kjennskapen til den norrøne livstolkinga. Likevel synest barna å kjenna att sentrale element i gudsdyrkinga når dei fortel om blotescena i Mostraspelet. Dette er ei scene som skapar engasjement og refleksjon. Somme understrekar det religiøse med vekt på korleis dei tilbad Odin. Barna veit at Odin vert framstelt med eitt augo, slik at dei ikkje hadde problem med å kjenna han att. Andre legg større vekt på å gje personlege kommentarar til scena i form av 'avsky' eller fascinasjon når det gjeld blodeffektane, eller at det var gøy å sjå. Atter andre forklarar det ut frå teorien om at vikingane åt flugesopp og vart 'galne'. Fleire av barna trekkjer også fram scena med messa som vart halden. Denne messa har også ein viss form for fascinasjon, i og med at det vert snakka på latin og brukt røykjelse. Men fleire trekkjer også fram at dei her såg element frå ei vanleg gudsteneste, slik barna kjenner den i dag. Den kristne guden vert framstelt som lys og mektig.

Når det gjeld barnas forståing av Kristenretten som vert opplesen i Mostraspelet, er det mange som set likskapsteikn mellom denne og dei ti boda. Ein god del barn hugsar lite av innhaldet i Kristenretten. Andre har merka seg reglar for giftarmål og faste, ritar og gudsdyrking. Her får dei fram endringar som skjer i rettsoppfatninga. Når det gjeld gudsoppfatninga, brukar mange av barna uttrykket Kvitekrist. Fleire nyttar kontrasten mellom lys og mørke i skildringa av religionsskiftet. Her ser me tydelege spor av metaforen til Blix: "Vårt heimland i mørke lenge låg, men ljøs over landet strøymde". Det synest som det etiske aspektet er sterkt framme i skildringa til barna av kulturskiftet. Slik kan me seia det samsvarar med den vekta både Cassirer og Heggland har på det etiske momentet i religionen. Men somme av elevane framstiller også målet med å sjå spelet i andre religiøse kategoriar. Dei har forstått skulen sitt mål med å sjå spelet som: "At me skal vera kristne og tru på Gud." Her kan me seia at også den dogmatiske og den rituelle funksjonen høyrer med i forståinga til somme av barna.

8.4.2 Eit historisk perspektiv

Fleire av barna oppfattar det som eit sentralt mål med å sjå Mostraspelet at dei skal læra historie. Fleire uttrykkjer at spelet skal gjera historia levande. Barna synest her å ha ei oppfatning av at det ikkje berre er tale om faktakunnskapar, men om ei kjenslemessig oppleving.

Mostraspelet tek opp hendingar i regionen, knytte til kongane Olav Tryggvason og Olav den heilage. Det er såleis interessant i kva grad barna oppfattar spelet som historisk autentisk. Og kva er det som skapar ein slik autensitet? Mange av barna har vage historiske kunnskapar om kristkongane. Dei reflekterer likevel over at dei ikkje trur at Mostraspelet framstiller røyndommen slik han eigenleg var for 1000 år sidan. Dei har ulike måtar å grunnkje dette på. Somme meiner at forholda på den tida var endå strengare og meir konfliktfylte, men fordi barn no skal sjå spelet, kan dei ikkje visa kor ille det var. Andre meiner at fordi dette er eit spel, må dei laga det meir dramatisk enn det var, for at det skal vera spennande å sjå. Somme meiner at kongane var snillare enn i verkelegheita, andre at dei var strengare. Ein av elevane meiner at det som i alle fall er historisk korrekt, er at det skjedde drap på den tida dersom folk ikkje ville bli kristne. Barna meiner altså at det er visse faktiske historiske element, og dette samsvarar også med intensjonen til lærarane. Barna er likevel ikkje samstemte i oppfatninga av kva som eigenleg er fakta.

Barna viser evne til refleksjon omkring sentrale tema i den faglege debatten om kva som kvalifiserer for nemninga 'historisk spel'. Dei har tankar om at spelet inneheld både fiksjon og fakta. Ein av elevane meiner spelet er altfor moderne, og får ikkje vist 'slik det eigenleg var'. Ein annan har lagt merke til at ein av skodespelarane bruka moderne stillongs under kappa, for vedkomande såg kjøpemerket. Dette er eleven indignert over. Her var det altså brot med det som kan godkjennast som autentisk.

Dei barna som meiner spelet får fram korleis det var for 1000 år sidan, trekkjer helst fram bruk av utstyr ("gamle kors og all slags sånt") og gamle klede. Det synest som desse rekvisittane er viktige for å skapa eit visst inntrykk av autensitet, sjølv om barna nok veit at dette er klede som er kopierte. Dei reflekterer likevel lite over at det er kopiar. Kleda er laga etter konvensjonar som barna forbind med vikingtida, og verkar difor 'ekte'. Andre legg vekt på at det handlar om oppleving av atmosfære. "Eg følte nesten at det var i den virkelige vikingtida", er det ein elev som seier. Autensitet synest dermed å hengja saman med i kva grad dei meiner spelet formidlar tradisjonar og skildrar fortida, 'slik det var', eller slik me ønskjer å tru det var. Dette kan gjelda både personar og atmosfære. I denne samanhengen må

me også nemna språket. Heggland nyttar ei språkform med ord og vendingar som mange vil kalla arkaisk nynorsk, men denne språkstilen er nytta nettopp for å få fram ein viss autensitet. Barna sine reaksjonar varierer frå ”Eg forstod alt”, ”Eg forstod litt av kva dei sa” til ”Eg forsto meg ikkje på det spelet – alt var gresk for meg.” Hovudinstrykket mitt er at barna makta å følgja med fordi dei hadde ei viss oversikt over hendingane på førehand, og at dramatiseringa fekk fram innhaldet i handlinga. Barna hadde vanskar med å fanga opp dei einskilde replikkane undervegs, både på grunn av språkforma og på grunn av at det til tider kunne vera vanskeleg å høyra kva som var sagt.

I kva grad vert så historia om fortida knytt saman med notida og framtida? Sagt med andre ord: I kva grad opplever barna Mostraspelet relevant og aktuelt? Dette er eit sentralt element hos Cassirer. Mange av barna har inntrykk av at skulen meiner dei skal læra noko. Mange nemner dette å læra historie, medan andre forstår skulens føremål meir spesifikt til å læra om kristendommen. Det er mange elevar som svarar ’veit ikkje’ på spørsmålet om dei meiner Mostraspelet kan læra oss noko om vår eiga tid og framtid. Mostraspelet vert oppfatta som at det handlar om ’gamle dagar’. Det synest å ha lita tilknytning til barnas kvardag og framtid. Nokre døme har me likevel, som t.d. at nokre barn har sett tv-program om det å gifta seg med ei/ein som har ei anna tru. Nokre nemner at dei har lært at det er vanskeleg å skifta tru. Andre trekkjer sambandsliner til den dåverande situasjonen på Balkan, og nemner Milosevic. Det kan såleis vera grunn til å stilla spørsmål ved om intensjonen til Cassirer om framtidsperspektivet er realisert for fleirtalet av barna. Hovudinstrykket mitt er at barna i liten grad gjev uttrykk for nokon opplevd aktualitet og relevans ved Mostraspelet. Kanskje kan me heller oppfatta dette som ein skjult ’skatt’ dei tar med seg, slik Danbolt og Enerstvedt formulerte det. Dei la som nemnt vekt på at opplevinga kunne vera verdfull i seg sjølv. Kanskje det er slik me må forstå opplevinga til barna av at det var kjekt. Eg vil seia at det fruktbare ligg i at spelet danna utgangspunkt for samtalar og refleksjon også i ettertid. Me må ha respekt for dei som tydeleg gjev til kjenne at spelet var kjedeleg. Mange av desse er flinke til å grunngje meininga si. Andre seier det var kjekt, men somme av desse har ikkje alltid så mange forklaringar på kvifor.

8.4.3 Eit estetisk perspektiv

Estetikk handlar om sansing, oppleving, inntrykk og uttrykk. Cassirer la vekt på dialektikken mellom den objektive og den subjektive polen og mellom skaping og medskaping.

For meg var det viktig å få fram hovudinstrykket barna sat att med like etter spelet. Vått og kaldt var ord som gjekk att hos alle elevane. Den subjektive opplevinga til mange av barna syntest å vera prega av negative kjensler like etter spelet. I første omgang var det liksom ikkje meir å seia. Veret var såleis svært avgjerande for totalopplevinga av Mostraspelet. Under forprosjektet med to andre sjetteklassar i 1998 var veret svært varmt og fint. I 1999 var det regn og kaldt. I begge tilfelle førte dette til negative kommentarar, særleg i 1999. Mange av barna hadde forventningar om at det skulle vera 'kult' og 'gøy', og at dei kunne drikka Cola og kosa seg. For somme syntest dagen dermed å nærma seg total fiasko. Det hjelpte litt at læraren kunne trekkja fram ekstra regnsett. Dei kjenslemessige opplevingane til barna ser eg difor som svært viktige, og kanskje ikkje nok påakta. Kva me gjer i forhold til veret er såleis av pedagogisk betydning. I tillegg til at Mostraspelet er eit historisk spel, må ein dermed kanskje i like stor grad ta omsyn til at det er eit friluftsteater eller utespel.

Erfaringa mi er likevel at det i etterkant var mogleg å trengja litt under denne nokså eintydige negative kroppslege erfaringa og få fram eit meir nyansert bilete gjennom samtale med barna. Korleis formulerer dei hovudinstrykk, tema og handlingsgang i spelet, og korleis er deira vurdering av det skodespeltekniske? Me kan dela barna i to hovudgrupper: Dei som opplevde spelet kjedeleg, og dei som syntest det var kjekt. Me kan likevel ikkje, etter mi vurdering, seia at møtet med Mostraspelet var vellukka for dei som syntest det var kjekt, og mislukka for dei som syntest det var kjedeleg. Felles for begge gruppene er at det er få som har ei lang, samanhengande forteljing om innhaldet, men dei fleste formulerer at spelet handlar om kristninga av Noreg. Somme legg vekt på at det var nokre som ikkje ville gå frå den gamle trua. Mange av barna kan også gje ei kort samanfatning av hovudhandlingane i spelet. Her vert gjerne nemnt dramatiske situasjonar, som at høvet brenn, blotescena og drapet på Torolv. For somme tek det litt tid før dei skjønar 'poenget', dvs. dei har vanskar med å skilja mellom dei ulike rollefigurane og gruppene i spelet. Men sjølv om ein del kan ha vanskar med å få fram samanhengen i handlingane, kjenner dei fleste barna att situasjonane når dei får sjå bilete frå teikneserieheftet i etterkant. Mostraspelet vert av fleire (også) oppfatta som underhaldning. Ein elev kallar spelet ein såpeopera. Han hevdar innhaldet er urealistisk og at skodespelarane ikkje meiner det dei seier. Somme meiner det er 'falskt' spel og for lite spenning. I dette ligg at dei meiner at dei gjennomskodar triks når det gjeld drapsscena, der Torolv frå Grindheim blir stukken av eit sverd. Det kjem mange forslag til korleis dette kan gjerast betre teknisk. I denne aldersgruppa synest det skodespeltekniske å vera ein viktig faktor, kanskje ikkje minst på grunn av at dei sjølve følgjer med i ulike tv-seriar og kjenner til

bruk av dramaturgiske effektar. Tilknytninga til tv-seriar viser seg også i det at somme barn gav uttrykk for vonbrot då ein tv-kjendis frå Hotell Cæsar ikkje spela den vanlege rolla som biskop i Mostraspelet dette året, eller at ho frå filmen "Kamilla og tyven" (Agnete Haaland) ikkje var med. Dermed fekk dei ikkje den planlagde autografen. Her kan me kanskje seia at informasjonsvideoen og teikneserieheftet hadde gjeve barna litt misvisande brukarinformasjon?

Slik eg tolkar barna, viser dei noko ulik kompetanse i å framstella innhaldet i spelet. Mange har vanskar med å kjenna att dei ulike rollene, nettopp fordi det ikkje er samsvar med framstillinga i informasjonsmaterialet og rollefordelinga det aktuelle året. Somme argumenterer med at dei ikkje følgde med fordi det var for kjedeleg, i og med at dei kjende innhaldet frå før. Andre legg vekt på at det var for mange som 'for omkring', og at dette forvirrar dei. Å finna ein viss balanse mellom basiskunnskap om stykket og det å halda på spenninga, er difor ei relevant utfordring for lærarane i førebuinga, slik eg ser det.

Fleire av barna synest vera meir opptekne av det skodespeltekniske enn av det innhaldsmessige. Men dei fleste av barna synest å ha ei viss oversikt når dei får hjelp til å gjenkjenna scenar ved bruk av bilete. Til ein viss grad viser også barna evne til å reflektera over om i kva grad det er samsvar mellom framstillinga av rollefiguren og det dei meiner er historisk korrekt. Det er såleis komplekse vurderingar mange av barna gjer når det gjeld møtet med Mostraspelet.

8.4.4 Kulturbryting

Er så møtet med Mostraspelet eit fruktbart møte for barna? Her kjem det an på kva mål ein har for turen. Nokre få barn seier at dei ikkje anbefaler andre å sjå det. Men mange seier det er verd turen. Trass i ei negativ oppleving synest mange å ha interessante refleksjonar omkring både det historiske, det mytisk-religiøse og det estetiske. Ut frå dette vil eg som forskar på den eine sida hevda at dei hadde eit fruktbart kulturmøte. På den andre sida er det viktig å spørja om ikkje den kjenslemessige opplevinga til barna av at spelet var for lite spennande, anten fordi dei kjende til korleis det gjekk til slutt, eller for at dei ikkje synest triksa var effektfulle nok, er grunn til å spørja om dette møtet burde vore unngått? Dette vil eg ikkje utan vidare svara ja på, men heller ha som eit viktig dilemma i førebuinga for komande år. Det kan henda at barna ville hatt større utbyte av spelet i ungdomsskulen. Men no er det slik at temaet om kulturskiftet teke opp i sjette klasse i L 97, og eg meiner spelet er svært relevant

i denne sammenhengen. Kanskje barna vil ha utbytte av å sjå spelet to gonger som skuleframsyning?

Mange elevar seier det var 'kjempekjekt' og 'koseleg' å sjå spelet. Dette tyder på at dei har ei positiv totaloppleving. Spørsmålet er om dette har gjeve innsikt i det å forstå prosessar i eit kulturskifte, eller om barna berre blir opptekne av den ytre hendinga i spelet. Det kan gje grunn til ettertanke at så mange svarar 'veit ikkje' på spørsmålet om aktualitet og relevans. Det kan tyda på at mange av barna ikkje opplever at spelet skildrar allmennmenneskelege forhold som dagens sjetteklassingar kjenner seg heime i. Kanskje følgjande replikk får fram paradokset i møtet med Mostraspelet:

Anne: Kva vil du seia det [Mostraspelet] betyr for deg?

Frida: Eh ..., ikkje noko så veldig spesielt, men ... Det var i alle fall koseleg å sjå på.

I det neste kapitlet vil eg utdjupa barnas møte med kulturskiftet. Her prøver eg å sjå møtet med Mostraspelet som del av ein større heilskap.

Kapittel 9

Einskildbarn og grupper i møte med kulturskiftet

I dette kapitlet presenterer eg einskildbarn og grupper i møte med kulturskiftet. I kapittel 5-8 har eg gjeve eit oversiktsbilete ut frå ei tematisk inndeling. I dette kapitlet prøver eg å få fram ei heilskapsforståing av korleis einskildelevar opplever kulturmøtet. Dette tyder ikkje utan vidare at det einskilde barnet opplever indre konsistens eller heilskap i møtet. Det er heller tale om eit *portrett* ut frå korleis *eg* tolkar møtet deira, ved å setja saman materiale frå ulike kjelder. Dette portrettet har klassekonteksten som bakgrunn, og har i seg eit visst utviklingsperspektiv, då eg har følgd barna gjennom eit heilt år. Eg ordnar presentasjonen etter korleis barna skildrar vikingsamfunnet og møtet mellom norrøn tru og kristendommen. Deretter presenterer eg opplevinga deira av Mostraspelet og korleis dei relaterer temaet om kulturskiftet til eiga notid og framtid. Eg set fokus på det mytisk-religiøse, det historiske og det estetiske perspektivet i drøftingar undervegs. Ei samanfattande drøfting kjem i kapittel 10.

Først presenterer eg Rune og Mona kvar for seg. Dei var åleine i alle tre intervju. Deretter presenterer eg Jorid og Frida, som var saman dei to siste intervju. Vidare presenterer eg ei gruppe på tre gutar, Sindre, Per og Torleif. I tillegg til intervju nyttar eg ulike typar skriftlege arbeid og observasjonsnotat som kjelder. Gjennom desse portretta prøver eg å få fram ulike opplevingar og skildringar av møtet med kulturskiftet. Eksempla er såleis ikkje representative for elevane i statistisk forstand, men valde ut frå at dei kan stå som døme på ulike tilnærmingar.

9.1 Møte med Mona

Mona er ei aktiv jente. I særleg grad er ho engasjert innan det estetiske feltet. Ho spelar musikkinstrument, og har vore med innan teater. Mona er svært interessert i bøker, gjerne med grøssarar og andre eventyrlege figurar. Ho er ein ivrig brukar av tv og film, og her kjem også hennar interesse for det dramatiske fram. Skrekkfilmar og actionfilmar er favorittane hennar.

Når det gjeld skulearbeidet, understrekar ho at ho har masse lekser, så det går ein del tid med til det. Heimkunnskap og forming er dei faga ho likar best på skulen. Ho er ikkje så veldig oppteken av å endra ting på skulen. Ønsket gjeld meir utstyr ute i friminuttane. Her har ho ei klar melding til skulen som har saga ned nesten alle trea på skuleområdet, og dermed teke bort frå barna det som var gøy. Også når det gjeld friminuttane understrekar ho leiken. Det synest ikkje vera spesielle ting som er vanskelege på skulen. Ho gjev uttrykk for trivsel både på skulen og i fritida. Ho er ikkje så oppteken av spørsmål om tru og religion, fortel ho.

9.1.1 Møte med vikingsamfunnet

Mona forstår vikingsamfunnet som eit samfunn med store kontrastar. Særleg trekkjer ho fram skilnadene mellom det å vera rik og det å vera slave. Ho relaterer dette også til samfunnet i dag. Det gjeld relasjonar til slekta og reglar for livet. Ho har eit visst kjennskap til vikingskipa og vikingtoktene, og kan gjera greie for nokre av dei geografiske måla. Ho er likevel noko usikker her. Ho har ei aning om at vikingane drog langt av garde.

Av sentrale symbol ho meiner høyrer vikingtida til, nemner ho hjelmar, skjold og kappar. Dette ser me også i teikningane hennar. Elles legg ho i intervjuet stor vekt på elden.

I prosjektarbeidet deltok Mona i dramatisering av livet på ein vikinggard. Ho skulle vera eitt av barna til ein slave på ein rikmannsgard. Her prøvde ho å leva seg inn i situasjonen. Sjølv om ho fekk fridom til å 'farga' rolla gjennom å vera rampete, hadde ho ei klar oppfatning av at det var "...ikkje gøy" å vera barn i ein slik situasjon:

Mona: Dei hadde det vel like vondt som slavane. Like verst.

Her synest Mona å visa evne til empati ved å leva seg inn i situasjonen med kjenslene sine. Ho viser forståing for dei kunnskapane ho har i historie. Medan ho i teikninga si frå Moster (sjå nedanfor) tek seg 'kunstnarisk fridom', held ho seg her til det ho oppfattar som sentrale fakta om fattigdom og hardt arbeid. Ho kontrasterer erfaringane til dei fattige barna i vikingtida med det å vera barn til dei rike som eig garden, gjennom følgjande formulering:

Mona: Eg trur dei [barna til dei rike] hadde det veldig gøy.

Samtidig trekkjer ho ein parallell til sin eigen situasjon, og slår raskt fast, og med ein latter, at viss *me* hadde vore vikingar, då hadde broren hennar vore på vikingtokt, og søstera hadde vore gift. Slik eg tolkar latteren hennar, synest ho dette høyrst noko uverkeleg og komisk ut.

Det viser ei viss evne til innleving og samanlikning. For henne synest skilnadene vera store. Men kva går så denne forskjellen ut på? Kva kontrastar ser Mona mellom vikingtida og notida? Sjølv om ho meiner at det var store skilnader også innan vikingsamfunnet, er me no rikare og har betre klede. Mona er likevel ikkje sikker på om barn i dag er lukkelegare enn i vikingtida, sjølv om ho fleire gonger peikar på at me har betre økonomiske rammer i dag. Utviklinga synest altså å vera tvetydig. Mona viser til betringar i kommunikasjon og handel, med våre fly, båtar og shoppingsenter. Om maktforholda i samfunnet meiner ho at både prestar og kongar hadde mykje større makt før. Ho meiner at det ho kallar "... grådigheten etter pengar" er blitt mindre no. Når det gjeld spørsmål om likestilling, meiner Mona at forholda har endra seg. Kvinnene hadde det meir travelt før, men ho meiner at kvinnene framleis gjer det meste av husarbeidet, sjølv om dei også har arbeid utanom heimen.

9.1.2 Samtale om ei teikning

I det følgjande presenterer eg korleis Mona framstiller møtet mellom norrøn tru og kristendommen gjennom teikninga si våren 1998 (fig. 9.1.2.1).



Figur 9.1.2.1: Teikning av Mona: Då kongen kom til Møster

Mona laga ei teikning våren 1998 som Anne på ein særleg måte la merke til, og som gjorde at Anne, då dei møttest til intervju om hausten, var interessert i å høyra meir om korleis Mona reflekterte omkring vikingtida og møtet mellom norrøn tru og kristendommen.

Innhald: Motivet i teikninga til Mona er då kongen kom til Moster med kristendommen. Me ser eit landskap med bakkar og sjø, og her møttest kongen og mennene hans med folket på Moster. Teikninga til Mona viser to menneskegrupper som er ordna i ein slags kø, eller på ei rekkje. Dei står i nærleiken av sjøen. Ho formulerer tydeleg at dette er grupper som er mot kvarandre. Den eine gruppa står oppe på ein haug til venstre i biletet. Personane er teikna i profil, med andletet vendt mot den andre gruppa. Me ser tydeleg fem personar. Den fremste av desse er truleg leiaren. Vedkomande har raud skjorte, brune bukser og sko. Han held eit sverd i handa. Ut frå munnen har ho teikna ei snakkeboble, men me ser ikkje kva som står i henne. Framfor mannen står ein stor, gul kross på ein brun stakk. Dei andre fire personane er likt kledde, i brun skjorte og med brune bukser og sko. I bakgrunnen for personane ser det ut som det står fleire. Bak gruppa ser me ein katapult. Den andre gruppa står på ein bakke nede ved sjøen. Denne gruppa er størst, kanskje 40-50 menneske. I denne største gruppa er det personar, særleg ein, som ikkje likar kristendommen, fortel Mona. Han er leiar for folket som bur på Moster. Hit kjem så dei som vil innføra kristendommen, eller som ho formulerer det: ”Og så han der, han der, han vil laga kristendommen.” Dette er dei me ser på bakkjetoppen. Leiaren for den kristne hæren held så ein tale til folket. Mona har ikkje heilt klart for seg kva denne talen går ut på, men ho meiner ho har sett noko om det i ei bok. Mannen snakkar i alle fall om kristendommen og ”... om dei hadde lyst til å bli kristne og sånt.” Men det låg likevel etter hennar oppfatning ikkje noko val i dette. Alternativa var å bli kristen eller krig. Ho formulerer dette slik: ”... dei var nøyddde til å bli kristen eller krig”. Her understrekar Mona det kjenslemessige i situasjonen. Leiaren for dei på Moster blir både sur og raud i hovudet, seier ho. Han likar ikkje situasjonen, men vågar ikkje å seia noko. Mona har ei oppfatning av kva han tenkjer inni seg: ”Kan ha lyst å ta livet av han i alle fall.” Mona meiner likevel at folka på Moster møter denne nye trua med ulike oppfatningar. Dette får ho fram med å skildra ulike ansiktsuttrykk. ”Du kan sjå det på smilefjesa og surefjesa!” seier ho til Anne og ler. Reaksjonen er altså ulik. Smilet og humoren ser ut til å vera på plass hos Mona midt i det konfliktylte dramaet. Dette formulerer ho slik: ”Og kva seier så Gud til dette?” Anne har notert seg i feltnotata om våren at Mona hadde sagt noko om Gud, og tek dette opp att i samtalen til hausten. Ho tek utgangspunkt i at Mona har teikna blå himmel med sol, fuglar og ei sky. På denne skya ser me ein liten figur.

Anne: Å, ja, du ser noko oppå der? Ei sky? Og så er det noko oppå den skya?

Mona: Gud! (Latter.)

Anne: Ja vel? (Litt latter.) Kva tenkjer han då?

Mona: Eg veit ikkje eg. (Litt latter.) Han kan tenkja så mykje rart, han.

Anne: Eg meiner å hugsa at då du laga teikninga, så såg eg at du laga noko, og så spurde eg deg. Og då meiner eg du sa at han lurte på om dei blei kristne eller ikkje.

Mona: Ja, sikkert. (Litt latter.)

Anne: Ja. (Litt latter.) Og det synest eg var så godt sagt, at det hugsar eg at du... Det måtte eg spørja deg om igjen no, om han kunne tenkja det. Om det var noko sånt han kunne tenkja på. (Litt latter.) Ja.

Mona: Det er masse eg ikkje hugsar frå femte klasse.

Anne: Ja, det er klart. No er det ganske mange månader sidan her...

Mona: Mm.

Anne: ... så det er godt gjort. Men akkurat her..., det synest eg var så artig. Så trur eg du smilte litt med deg sjølv då du sa det. Eg trur du hadde det litt gøy då du teikna den oppi der. Stemmer det? Kva?

Mona: (Litt latter.) Eg veit ikkje eg, heilt.

Mona formulerer her eit humoristisk bilete av Gud. Eg oppfattar det slik at i konteksten til Mona er dette den kristne Gud, men dette tek ikkje Anne opp spesifikt. Mona teiknar Gud som ein godsleg figur som har gøymt seg oppe på ei sky. Samtidig har ho ein underfundig kommentar om at han tenkjer mykje rart. Det kan tyda på at ho av og til funderer på slike ting. Kanskje ho har ei oppfatning av Gud som ikkje er heilt eintydig? Det verkar likevel ikkje som ho gjev uttrykk for eit motsetnadsfylt eller eit konfliktfylt bilete av Gud. Han har oversikta over det som skjer. Samtidig gjer Mona eit grep om det heile, og viser at Gud distanserer seg noko frå det som menneska driv på med på jorda. Han har ikkje tydeleg teke parti med den eine sida, som skal representera han på jorda. Tvert i mot ser det ut til at han morar seg litt om dei greier jobben dei har teke på seg. Dette meiner eg viser ei moden evne hos Mona til å sjå heile situasjonen frå utsida. Det er ein nær samanheng mellom det religiøse og ønsket om å få makt i framstillinga til Mona av kulturskiftet. Dei som kjem til Moster, har eit tydeleg mål: Å kristna folket. ”Ja, dei har i alle fall lyst å gjera dei kristne (uth.)”, seier Mona.

Mona: Og viss ikkje dei hadde lyst å bli kristne, så ville dei drepa dei.

Anne: Jaha.

Mona: For det var nettså sånn før.

Anne: Ja, akkurat. Så då kan det bli kamp her til slutt?

Mona: Ja.

Mona ser på kulturskiftet ut frå eit konfliktparadigme. Ho har ein sterk og direkte språkbruk med ’drepa’ og ’kamp’. Men Mona er likevel ikkje heilt sikker på kven som er vinnarar og taparar i denne kampen.

Ein noko uventa påstand har også Mona når ho understrekar at dei ikkje har våpen. Og ser me nærare etter i teikninga, ser me at folka ikkje er utstyrte med våpen. Dette fører til at Anne truleg undrar seg noko, for ho stiller spørsmålet:

Anne: Når dei skal prøva å få desse andre til å tru på kristendommen, korleis kan dei greia det?
Mona: Ved å snakka om det veldig masse, og ... Kan jo byggja kyrkje.
Anne: Ja.

Denne vesle kommentaren viser at Mona også formulerer det eg kallar eit overtydingsparadigme, sjølv om ho er oppteken av konflikten. Men ho er samstundes klar på at det finst einskildmenneske som ikkje let seg overtyda. Ho peikar på leiaren på Moster og seier: ”Men eg trur han der vil bli ueinig med det der.” Ho er altså klar over at motsetnadene finst, og at dei kjem til å halda fram. Mona ser på forholdet mellom kristendommen og den norrøne trua i tydelege antitesar. Dei som held med kristendommen, såg på Tor og Odin som ” ... noko drit” som dei kunne hiva i bosset.

Eit anna særtrekk ved samtalen er at Anne kommenterer at ho trur Mona meiner det er morosamt å teikna frå Moster. Me ser også gjennom samtalen at det er latter hos begge partane. Anne lurar på om Mona kunne hugsa kva ho hadde sagt og tenkt då ho teikna. Det er tydeleg vanskeleg å hugsa att nokre månader etterpå kva ein tenkte og kvifor ein teikna akkurat som ein gjorde. Eg må difor ta omsyn til dette i vurderinga, då det kan skje ei viss forskyving i minnet. I dette tilfellet var det notane til Anne som gav hjelp til å minnst episoden med Gud på skya.

Form: Teikninga til Mona skil seg ut ved å framstella møtet mellom kongen og folket på Moster nokså detaljert. Mona har teikna personane i profil, med andleta vende mot menneska som står på haugen. På denne måten får ho fram nærleiken innan gruppene, men også relasjonen til den andre gruppa. Måten ho har teikna personane og kledda deira, syner god evne til komposisjon. Bakken er teikna slik at ho får fram ein høgdeforskjell mellom gruppene. Kongen og mennene hans står øvst. Det kan tyda på at dei er mektige. Men dei som står lenger nede, er svært mange, så det kan tyda på at Mona vil ha fram at også dei har ei viss makt. Måten Mona har teikna menneska på, er særprega når det gjeld fargebruk i kledda og den stramme komposisjonen i forma på kledda. Overgangen mellom skjortene og buksene er markert med ei vassrett line, som skapar inntrykk av at gruppa heng saman. I den største gruppa nyttar Mona svært mange ulike fargar for å skilja og framheva dei ulike personane, men det heile verkar godt avstemt og fint sett saman. Landskapet elles er teikna som ei kulisse. Me ser to tre og nokre få blomar. I bakgrunnen ser me stranda med ei lita sjøstjerne.

Stranda formar ei basisline over deler av teikninga. Stranda dannar overgangen til sjøen, som dannar ei ny basisline. Her får Mona fram ein viss bølgeeffekt ved å teikna overflata på sjøen med små bogar. I sjøen ser me tre små trekantar som skal førestella haifinnar. Me ser også eit vikingskip med tre menneske om bord. Skipet er teikna frå sida, med fem årar ut frå sida og med dragehovud framme. Det ser ut som skipet seglar mot høgre. Skipet har kvitt segl med raude, loddrette striper. Me kan ikkje utan vidare vita om det er samanheng mellom menneska om bord på skipet og gruppene på land. Eg oppfattar difor skipet som ei kulisse. Den øvste delen av arket framstiller himmelen. Mona får fram overgangen mellom sjø og himmel ved hjelp av ein bølgestrek og ulike blåtonar. Øvst i det høgre hjørnet ser me delar av ei sol med strålar. Mona er oppteken av å få med kjende symbol som sverd, spyd og vikingskip. Vidare får ho fram at nokre ror. Det verkar noko meir overraskande å sjå ein katapult. Dette er ein reiskap som me vanlegvis ikkje forbind med vikingane. Kanskje ho her flettar inn symbol ho kjenner frå film eller teikneserie frå andre tidsepokar og samanhengar? Vidare ser me også andre uventa innslag i vår samanheng, nemleg haiar i sjøen. Dette oppfattar eg også som eit verkemiddel for å få inn litt spenning i situasjonen. Ho har også sans for detaljar som å teikna ei blå skjel med ei perle inni.

Konklusjon: Mona forstår møtet i eit konfliktparadigme. Men ho får også fram andre dimensjonar, ved bruk av humor og mange detaljar som skapar ei form for harmoni. Kva for eit historisk bilete synest så Mona å teikna? Oppfatninga hennar er at det som skjedde for 1000 år sidan, det var 'gammalt'. Ho er ikkje så veldig oppteken av å lesa om desse hendingane. Mona verkar dermed noko ambivalent i forhold til å teikna eit tidsriktig bilete frå vikingtida. Det ser meir ut som ho har leika seg med verkemiddel, og at dette er viktigare enn det historisk korrekte eller autentiske. Dette kjem særleg fram i skildringa hennar av draktene menneska har på seg. Anne kommenterer at det ser ut til at ho har gjort seg føre med dei. Men Mona understrekar følgjande: "Ja, men dei var ikkje (uth.) slik!" Anne høyrest noko forundra ut, og spør kvifor ho har laga dei slik. "Finare!", får ho til svar. Her viser Mona tydeleg at det er ho sjølv som har 'regien' på teikninga. Ho har den kunstnarlege fridomen til å forma etter eige syn på det estetiske. Dette er eit døme på at barn kan vera medvitne om og reflektera over denne fridomen. Ho er ikkje oppteken av å kopiera kva andre har laga eller det ho finn i bøker. Det skil henne frå ein del andre elevar, at ho så tydeleg formulerer egne idear og tankar. Teikninga viser ein moden estetisk sans og gode ferdigheiter når det gjeld form og innhald. Det er difor underleg at Mona seier til Anne at ho sjeldan plar teikna. Ho grunnjev dette med at ho "... nettså ikkje har tid". Slik eg vurderer teikninga, trudde eg ho teikna

mykje. Ho viser god evne til komposisjon og fargeval. På den eine sida ser såleis teikninga harmonisk ut. Samstundes får Mona fram kontrastane og konfliktane.

9.1.3 Tur til Moster våren 1998

I samtalanane med Mona kjem det lite fram om hennar inntrykk frå turen til Moster våren 1998. Ho har lagt merke til utvekslingssteinen utanfor kyrkja. Inne i utstillingshallen er det glaset i golvet og 'sjøormen' ho har merka seg. Vidare hugsar ho 'ønskebrønnen'. Ho er usikker på kva ho såg om Odin og Tor og det som skulle førestella livet på vikinggarden. Det blir heller lite om kongane som kom til Moster. Det synest ikkje som om noko på denne turen har gjort så sterkt inntrykk på henne at ho hugsar det att ved intervjuet om hausten.

9.1.4 Møte med den norrøne trua

Mona blei i det andre intervjuet utfordra til å fortelja om kva dei trudde på i den norrøne trua. Ho er ei av dei få som fortel ein skapingsmyte frå den norrøne religionen, sjølv om dette var ei forteljing lærar hadde fortalt i samla klasse. Eg vil difor gje eit samandrag av denne forteljinga, og deretter kommentera den.

Menneska blei til ved at det kom to stokkar inn til lands, og så pusta Odin på dei, slik at dei fekk liv og farge. Av stokkane blei det laga ein mann og ei kvinne. Heilt i begynninga var det ein jordklode med fullt av is på, og så smelta isen og det kom ein svær mann og ei svær ku med mykje mjølk. Kua slikka steinen, og så kom det fram eit hår, vidare hovudet og så resten av ein kropp. Dette var den høgste og første av gudane.

Mona: Og så den største av sonen hans var Tor..., Odin.

Anne: Ja.

Mona: Og så Tor var der. Tor med hammaren.

Anne: Mm.

Mona: Og noko sånt. Men Odin var den visaste, for han måtte ta ut auga sitt for å få drikka visdomsbrønnen ...

Anne: Ja.

Mona: ... liksom.

Som dei fleste andre elevane, har Mona førestellingar om Tor med hammaren. Han verkar som ein svært kjend figur. Men ho kan også kopla han saman med andre av gudane, som t.d. då han kledde seg ut som Frøya, og gifta seg med ein. Kven denne er, synest ikkje Mona å ha heilt overblikk over, men at dette giftarmålet fekk dramatiske konsekvensar, veit ho. Vidare er Mona kjend med at folk ofrar når dei vil koma i kontakt med dei norrøne gudane. Offerdyret er oftast ein hest, og så stryk dei blodet på veggane. Når det gjeld levereglar i vikingsamfunnet, legg Mona først og fremst vekt på reglar for giftarmål og vikingtokter.

9.1.5 Møte med kristendommen

Kva tankar har så Mona om den kristne guden dei møtte i vikingtida? Anne spør om dette:

Anne: Veit du korleis dei tenkte seg denne Gud?

Mona: Han var sånn lys skikkelse som var der.

Anne: Mm.

Mona: Veldig lys.

Anne: Ja.

Mona: Og så, sonen hans var Jesus.

Anne: Mm, ja.

Mona: Og ... Eg hugsar ikkje meir.

Mona nyttar her ei skildring av den kristne guden som ein som effektivt skil seg frå det mørke og ukjende. Guden er ein lys skapnad, veldig lys, understrekar ho. Det er ei velkjend inndeling at den norrøne trua dermed vert framstelt som noko mørkt. Me kjenner dette att frå den tilvisinga eg har gjort til Blix tidlegare.

Korleis føresteller så Mona seg skapingsmytane i kristendommen? Ho fortel kort om Adam og Eva i hagen, ikkje ein vanleg hage, men "... med fullt av snille ting då". Ho får fram at det var djevelen som omskapte seg til ein slange, og som lokka Eva til å eta av eplet. Eva får vidare Adam til å eta av eplet, og dermed vert dei avviste av Gud. Mona nyttar det mykje vanlege omgrepet 'eplet' i staden for 'frukta'. Ho stiller ikkje noko særleg spørsmål om kor det vonde kom frå. Undringa hennar går i ei anna lei. Og her skjer det ei vending i samtalen, som me også finn døme på hos andre. Medan det vanlege er at Anne stiller spørsmål, er det no Mona som stiller spørsmål til Anne:

Mona: Men veit du kva eg synest var rart?

Anne: Ja?

Mona: Han seier at han skapte alle menneska.

Anne: Mm.

Mona: Sånn der at dei nettså var mor og far til alle menneska.

Anne: Jaha.

Mona: Men kvifor var det menneske på jorda då dei kom ut?

Anne: Ja vel?

Mona: Det var ikkje sønene eller døtrene deira.

Anne: Det er vanskeleg å vita korleis ein ..., korleis ein tenkjer seg desse forteljingane. Det er spennande å tenkja på.

Mona: Mm.

Mona har tydelegvis eit logisk problem i den konkrete førestellinga si om dei første menneska. Kor kom dei andre menneska frå? For henne er det noko som ikkje stemmer,

dersom det skal oppfattast bokstavleg at Adam og Eva var mor og far til dei aller første menneska. Anne vil tydelegvis ikkje inn i diskusjonen. Svara hennar er 'ja', 'mm', og 'jaha'. Ho finn det truleg for vanskeleg å koma inn i nokon diskusjon om skaping og utviklingslære. Samstundes oppmodar ho Mona til å gå vidare med refleksjonar og spørsmål. Det endar likevel med at Anne 'melder seg ut' med å seia at desse forteljingane er vanskelege å tolka, men spennande likevel. Ein kan i ettertid spørja om det ville vera naturleg å følgja opp spørsmåla til Mona på ein litt meir aktiv måte, og som forskar ta dei direkte spørsmåla frå barna meir på alvor, også dei vanskelege. Med denne vesle samtalen meiner eg at fokus har vendt seg frå utgangspunktet som galdt den kristendommen menneska møtte i vikingtida, til å ta opp noko som opplevdest som eit aktuelt tema for Mona i dag. Her kom eitt av hennar livsspørsmål opp, etter mi forståing. Elles merkar eg meg at i samtalen om det kom nye reglar med kristendommen til landet, svarar Mona med å sitera dei ti boda. Ho koplår lovar og reglar i landet direkte med boda i Bibelen. Ho siterer høgtideleg, og på bokmål, fleire av dei første boda.

9.1.6 Møtet mellom norrøn tru og kristendommen

Som eg alt har nemnt frå den første samtalen omkring teikninga til Mona, forstår ho møtet mellom norrøn tru og kristendommen i krigsmetaforar. Det kan me illustrera med følgjande:

Anne: Ja, kva vil du seia då er forskjellen mellom den norrøne trua og kristendommen i det når dei tenkte på det som hadde med gud og makter å gjera?

Mona: Ja, nettså Tor og Odin og dei der gudane, dei var nesten krig, nettså, men Gud var nesten fred.

Anne: Mm, ja.

Mona: Så det er litt forskjell på det.

Anne: Ja, ja, flott.

Mona: Nettså viss du kom til himmelen, då kunne du leva i fred, men viss du kom til sånn der himmelen der, den andre ...

Anne: Mm.

Mona: ... med Tor og sånn, då kunne du kriga.

Mona er oppteken av at det er krig i Valhall, men sidan både grisar, geiter og bukkar vert fornya kvar morgon, kan prosessen halda fram. Ho har altså førestellingar om 'himmel' i begge religionane. Forskjellen vert beskriven gjennom orda 'fred' og 'krig'. Men det er verd å merka seg ein liten nyanse i forståinga av freden i kristendommen. Mona tek liksom eit lite atterhald: Gud var 'nesten fred'. Ho synest ikkje heilt å vera klar for dei store motsetnadene mellom krig og fred. Det same kjem til uttrykk når ho skal skildra gudsdyrkinga. Dei har sin

måte å ofra på også i kristendommen. ”For dei slakta også til Gud, nettså”, seier ho. Det fanst lover for kva ein kunne eta i begge religionane.

Mona gjev heller ikkje inntrykk av at ho trur at mange vende seg til kristendommen. Ho trur ikkje dei var så veldig interesserte. På spørsmål frå Anne om den eine religionen vert framstelt som betre eller verre enn den andre, svarar ho at ho ikkje veit. Ho meiner likevel ho lærte at kristendommen var ”... litt rolegare” enn den gamle trua. Men her ser ho også eit dilemma. Sjølv om ho seier at han var litt rolegare, tek ho eit atterhald:

Mona: ... men ikkje så veldig, for at dei brende jo for at dei skulle ..., brende ned husa og drap, berre for at dei skulle gå over til kristendommen.

Anne: Mm.

Mona: Det var jo nesten likt.

Anne: Mm. Mm.

Mona: Slåst. Men kristendommen handlar om noko anna.

Anne: Mm.

Mona: Det handlar om fred og masse sånt.

Anne: Mm.

Mona: Men på Mostraspelet såg det ikkje akkurat sånn ut.

Anne: Nei. Ja.

For henne er det altså noko som ikkje heilt stemmer, mellom det å sjå kristendommen som lys, roleg og fredeleg, og det å bruka brutale verkemiddel for å innføra kristendommen. Her får ho tydeleg fram ein dobbeltmoral eller eit paradoks, om me kan kalla det slik. Eg vil difor gå litt nærare inn på Mona sitt møte med Mostraspelet. Kan det vera slik at dei dramatiske verkemidla ein nyttar i Mostraspelet, forsterkar vekta på det brutale?

9.1.7 Møte med Mostraspelet

Før Mostraspelet

Mona har sjølv ikkje sett Mostraspelet før, men søskena har sett det. Gjennom media har ho sett små klipp. Her er hovudintrykket at spelet handlar om nokre som slåst. Men ho har fått med seg noko som kan bli ein viktig tolkingsnøkkel, i det ho seier:

Mona: Så skal ein leika død.

Anne: Ja, ja! (Latter.) Går det bra, trur du?

Mona: Veit ikkje.

Her er det tydeleg at Mona har oppfatta at dette spelet har noko med leik å gjera, at det ikkje er ei autentisk framstilling. Mona har truleg lært ein del om dramatiske og filmtekniske verkemiddel. Dette er noko ein spelar ’på liksom’. Men sjølv om kjennskapen til Mostraspelet

ikkje er så stor på førehand, gler Mona seg. Ho har eit positivt forhold til å reisa på tur med klassen.

Etter Mostraspelet

Anne hadde ein lengre samtale med Mona etter spelet. Mona var ei av dei som opplevde Mostraspelet som ”... veldig gøy”, trass i at veret var svært dårleg.

Mona: ... men veret var ikkje akkurat masse å skryta av då. Eg hadde ikkje så masse klede på meg og ... (...) Eg fraus over heile kroppen. Eg skalv.

Mona gjev her uttrykk for kjensler som eg trur mange er samde i. Sjølv om mange hadde regnklede på seg, erfarte dei fleste at det blei veldig kaldt. Kroppslege erfaringar og behov verka tydeleg inn på opplevinga. Når det gjeld Mona, ser dette likevel ikkje ut til å hindra ein vidare dialog. Det er sjølvsagt umogleg å vita kva ho ville ha fått ut av spelet om det hadde vore fint ver. Ho har refleksjonar omkring både tema, einskildhendingar og personar, og om kva ho har fått ut av spelet. Mona formulerer det slik at stykket handlar om kristendommen og ” ... om dei skulle kristna landet”. I denne samanhengen trekkjer ho deretter fram ein av rollefigurane:

Mona: Det er om kristendommen og så ei jente som heiter Vigdis, trur eg.

I denne vesle formuleringa om kristendommen viser Mona at kristendommen er det sentrale temaet, ikkje forholdet mellom den norrøne trua og kristendommen. Den norrøne trua blir meir som ein motpol for å understreka kristendommen. Etter kvart dukkar likevel fleire rollefigurar opp på arenaen Mona skildrar. Det er Torolv, som Vigdis er forelska i. Her får Mona tidleg fram essensen i at desse to representerer ulike livstolkingar og at dette får konsekvensar for forholdet deira:

Mona: Dei er jo forelska, men han trudde jo på Odin, og ho trudde på kristendommen.

Anne: Mm.

Mona: Og då kunne dei ikkje vera i lag.

Anne: Ja.

Mona: Dei blei skilde på den veg.

På spørsmålet frå Anne om kva Mona synest om dette, svarar Mona likevel på ein måte som viser at ho distanserer seg noko. Men kanskje den vesle latteren til Anne også indikerer ein viss avstand?

Anne: Var det litt sørgjeleg dette her at ikkje det blei noko med dei, desse her to? (Litt latter.)

Mona: Litt. Dei var jo oppdikta i det der.

Andre roller som Mona nemner, er faren til Vigdis og kongane. I skildringa av kongane får Mona fram makta deira, men også dei negative reaksjonane dette førte til på Moster:

Mona: Og så når han [kongen] fortalde om kristendommen, då gjekk dei amok.

Anne: Ja vel?

Mona: (Litt latter.) Det likte dei ikkje.

På same måte som i tidlegare framstillingar nyttar Mona omgrep som understrekar motsetnader og konflikhtar mellom representantar for kristendommen og folket på Moster. Men samstundes kan ho midt i forteljinga om kongane 'stiga ut' og gje ein personleg kommentar om skodespelarane:

Mona: ... og då er det ein ny konge som er komen inn og så ein ny som spelar kongen også.

Anne: Akkurat.

Mona: Han andre synest eg var stiligare. (Litt latter.)

Denne vekslinga mellom refleksjon på ulike nivå viser at Mona som publikum har verdinormer, og dette pregar utbyttet. Ho viste også personlege oppfatningar og kjensler då ho blei spurd om å fortelja om nokre hendingar ho hugsar spesielt godt. Her nemner ho blotinga. Dette syntest ho var 'ekkelig'. Mona synest å ha fått med seg store deler av handlingsgangen i spelet. Ho nemner prestar, mora til Torolv, far til Vigdis og den gamle Torbera. Kristenretten synest ho derimot å ha lite kjennskap til.

Anne: Då sette dei ting på Moster og sa fram Kristenretten. Kjenner du til den?

Mona: Kristen ...?

Anne: Kristenretten.

Mona: Kristenretten? Det var ...

Anne: Dei nye lovene som skulle koma i landet.

Mona: Oj.

Med litt hjelp frå Anne kjem Mona fram til at det handla noko om søndagen som kviledag og laurdagen som fridag. Her er altså førestellingane noko vage, sett i høve til den sentrale plassen forfattaren av spelet meiner Kristenretten har.

Som nemnt er også Mona klar over på førehand korleis det kjem til å gå med Torolv mot slutten. Anne er oppteken av kva ho meiner om dette.

Anne: Korleis synest du stykket enda? Kva synest du om slutten?

Mona: Slutten?

Anne: Ja, hadde du venta at det skulle skje sånn?

Mona: Ja, eg hadde sett dette bladet før.

Anne: Ja.

Mona: Eg hadde høyrte veldig masse om det.

Anne: Ja.

Mona: Det var lite (uth.) falskt då han stakk han med kniven! (Latter. Seier dette ironisk.)

Anne: Ja. (Litt latter.) Så det var... Du såg det var litt falskt? Mm. (Hostar.)

Mona: Og han kom jo gjennom eit hol der. Eit stort hol! Alle kunne jo sjå det!

Anne: Mm.

Mona gjer som svært mange av elevane: Dei 'avslører' det dei meiner er falskt og uekte. Dei har gjennomskoda triksa. Svært ofte kjem dette inn som kommentarar midt i forteljinga deira. For Mona er det Torolv og Vigdis som er dei sentrale i stykket. Her legg ho vekt på det tragiske i at forventningane deira ikkje gjekk i oppfylling:

Mona: [Dei hadde] ... mange ønske om livet, nettså, at dei kunne gifta seg og ha eit godt liv, men det gjekk jo ikkje slik.

På mange måtar ser det ut til at det er denne kjærleiksforteljinga som er i fokus hos Mona. Kongen, derimot, er ho ueinig med. Ho markerer dette tydeleg i følgjande uttale:

Mona: Nei, viss eg hadde vore i fortida og hatt den gamle trua, så ville eg aldri gått over.

Gjennom denne formuleringa får Mona fram at den norrøne trua og kristendommen er ulike verder. Det medfører eit stort steg å gå frå den eine til den andre. Det er ikkje snakk om eit både – og, men eit anten – eller. Ho understrekar at ho forstår godt dei på Moster som ikkje lika at det kom nokon med ei ny tru. På same måten som ho ikkje hadde likt at noko slikt skjedde i dag, meiner ho at dei ikkje lika det i vikingtida, heller. Sympatien er såleis klart på deira side som ønskte å halda på den trua dei hadde.

Mona veit ikkje om Mostraspelet betyr noko for henne i dag. Det einaste kan vera at me kjem litt "... tilbake i tida" og får vita litt meir om kva som skjedde. Ho meiner at spelet

får fram, i alle fall ”... nesten likt”, slik det var for 1000 år sidan. Det var hardare før i tida, meiner ho. Det å forstå kva som skjedde der, med kristendommen, oppfattar ho som grunnen til at skulen tar elevane med til Moster. Spelet vert vist for at denne tradisjonen ikkje skal døye ut. Ho meiner ho har lært litt om kristninga og kongane. Ho synest ikkje å sjå så mykje aktuelt i spelet. Det som knyter Mostraspelet til dagens situasjon er at det reiser misjonærar også i dag.

Anne: Når du ser Mostraspelet i dag, får du..., tenkjer du også då på noko som skjer i dag?

Mona: Ja, for det er nokre misjonærar som fer til Afrika og ...

Anne: Mm.

Mona: Ja, nesten likt.

Mona kjenner til at det er misjonærar som også i dag reiser for å overtyda andre om trua si, men ho veit ikkje akkurat korleis dei gjer dette i dag. Ho hugsar rammene omkring spelet som at det var venting og kaldt, noko som gjorde at utbyttet ikkje blei så godt som det kunne. Så rådet hennar for komande år er at dei må sjå godt på vermeldinga.

9.1.8 Møte med notid og framtid

Som nemnt gjev ikkje Mona inntrykk av at ho er så veldig oppteken av religion og tru. Heller ikkje veit ho om at andre barn og unge i dag er det. Ho meiner at det viktige med å tru er å halda lovene Gud har gjeve. Å gå i kyrkja likar ho ikkje. Det ser ut til at den etiske dimensjonen er sentral i førestellinga til Mona om det religiøse. Som eg har nemnt tidlegare, er det kontrastane mellom før og no som er det sentrale når Mona skal framstella forholdet mellom vikingtida og notida. Ho seier lite om framtidsperspektivet. Heller enn å drøyma om framtida, har ho draumar om å gå inn i ein tidsmaskin og oppleve vikingtida. Men dette måtte skjje i form av visse kvalitetar. Ho må både verta usynleg, og ha evne til å bevega seg gjennom dører og veggjar, seier ho.

Mona kjenner ikkje til at det er nokon som dyrkar dei gamle gudane i vår tid. På spørsmål om kva ho ville gjera dersom ho ville at andre skulle tru på det same som henne, meiner ho at ho ikkje ville fått det til. Ho meiner ho ikkje ville vore så flink til å overtala andre. Ho ville stått på det ho sjølv meinte når det gjeld påverknad frå ei anna tru. ”Eg ville ikkje likt det. Eg hadde sagt nei”, svarar ho om den saka.

Det ho meiner vikingtida kan læra oss i dag, er kor viktig elden var, og vidare om dei kunnskapane vikingane hadde om båtbygging. Det synest som om ho har eit bilete av fortida som at det meste var hardare og vanskelegare før. Eiga framtid tenkjer ho ’kjempelite’ på. Det

ho er oppteken av, er å få hus og jobb, mann og barn. Dette kan me kalla 'næroptimisme', slik Brunstad hevdar er eit kjenneteikn på livstolkinga til mange unge.

9.1.9 Oppsummering

I det følgjande vil eg samanfatta i kva grad den mytisk-religiøse, den historiske og den estetiske dimensjonen pregar Mona sitt møte med kulturskiftet. Dette vil eg sjå i relasjon til hennar oppfatning av kulturmøtet i lys av eit konfliktparadigme.

Eit mytisk-religiøst perspektiv

Slik eg forstår Mona, har ho ein del kunnskapar både om den norrøne trua og kristendommen. Ho kan fortelja frå dei norrøne skapingsmytane på ein samanhengande måte. I materialet finn me ein del om det norrøne livsuniverset, der Valhall står sentralt. Tor med hammaren er guden ho trekkjer fram. Ho har også kjennskap til blotinga. Den etiske dimensjonen er også framme, i form av nokre sentrale levereglar. Denne kunnskapen er tydeleg å spora attende til det læraren har fortalt i klassen, og det dei har hatt før som tema.

Når det gjeld kristendommen, finn eg ein del moment som fortel oss om gudsforståinga hennar. Vidare har ho med mykje om det etiske i kristendommen. Ho framstiller Gud som ein person med menneskelege, godslege og humoristiske trekk, men også ein gud ho er litt usikker på. Eg merkar meg hennar tydelege markering av skiljet mellom den norrøne trua og kristendommen gjennom ordpar som lys – mørke og krig – fred. Det kan tenkjast at Mostraspelet støttar opp under denne forståinga av kulturskiftet som motsetnadsfylt.

Eit historisk perspektiv

Opplevinga til Mona av møtet med kulturskiftet ser ut til å vera prega av at dette er tradisjonar om ei fortid langt tilbake. Ho forstår dette som eit møte med 'det som var'. Ho synest på den eine sida å oppfatta framstillinga som faktaorientert og nøyaktig, på den andre sida er ho tydeleg når ho avslører triksa i skodespelet. Det er likevel lite refleksjon om at dette (også) er fiksjon. Presisjonsnivået når det gjeld historiske 'fakta' kan til tider vera noko unøyaktig. Ho er noko usikker på namnet på kongane, og viser ei oppfatning av vikingtida der kvardagslivet synest å vera i fokus. Notids- og framtidimensjonen er etter mi vurdering lite framme i skildringa til Mona. Spørsmålet er om dette vert lagt lite vekt på i undervisninga, eller om ho sjølv er personleg atterhalden overfor dette.

Eit estetisk perspektiv

Det er særleg tre trekk eg vil kommentera når det gjeld den estetiske dimensjonen. For det første synest Mona å visa ei stor evne til å leva seg inn i vikingtida, særleg i dramatiseringa. Her kjem erfaringa hennar frå teaterarbeid til syne. Samstundes ser me at når det oppstår konflikhtar i dramagrappa, trekkjer ho seg litt unna.

For det andre vil eg nemna teikningane hennar. Her kjem hennar evne til komposisjon til syne, og vidare hennar evne til distansert refleksjon og humor, kombinert med ei forståing av det dramatiske i situasjonen.

For det tredje finn me forteljingselementet sterkt framme, integrert i både det mytisk-religiøse og det historiske. Mona er flink å fortelja, og intervjuar er prega av at dei lett kan delast inn i avsnitt med tydelege meiningssamanhengar. I dialogane finn me lengre sekvensar, der Mona følgjer opp spørsmåla frå Anne. Ho viser evne til å få spenst i framstillinga ved å nytta motsetnader. Samstundes er fleire av dialogane prega av eit perspektivskifte, der ho går over i kritikal- eller kommentatorrolla. Her kjem ho med personlege oppfatningar om rolleutføringa til skodespelarane og kommentarar til regien.

Kulturbryting

Mona forstår vikingtida som motsetnadsfylt, og der det handla om makt for å vinna. Samstundes får ho fram at det nok ikkje var lett å skifta tru. Ho viser evne til å tenkja seg inn i situasjonen i vikingtida. I mindre grad trekkjer ho fram spørsmål om kulturbryting i dagens samfunn.

9.2 Møte med Rune

Rune er ein aktiv elev som merkjer seg ut ved å vera kunnskapsrik og å ha tileigna seg kompetanse innan data. Her er han sjølvlært, og han har mange refleksjonar omkring utviklinga innan denne bransjen. Han har utvikla kunnskap både om ulike dataspel og informasjonsprogram. Kva Bill Gates er god for økonomisk, gjev han også uttrykk for. Litt aviser les han, og når det gjeld tv, er det helst komiseriar som interesserer han. Når det gjeld fritidsinteresser elles, er det trening ('guttetur') saman med faren han nemner. Det ser ut som fotballinteressa har minka. Elles er han litt saman med kameratar.

I tillegg til data synest bøkene til Tolkien å fanga interessa til Rune, og han har omfattande kjennskap til desse. Dette fører til at Anne må orientera seg litt betre innan temaet

(Jfr. feltnotat 10.05.99). Men då ho nokre dagar etter tek med seg nokre bøker av Tolkien, viser ikkje Rune særleg interesse. Rune seier at han ikkje er oppteken av dette å tru, men er oppteken av humanismen. Han likar også "... dei norrøne sakene".

Rune fortel at han trivest 'sånn passeleg' på skulen. "Eg likar skule, men eg likar ikkje lekser", seier han. Av fag likar Rune særleg samfunnsfag og språkfag. Naturfag, matematikk og norsk er han ikkje så glad i, fortel han. Når det gjeld forslag til endringar på skulen, nemner han særleg innemiljøet i klasserommet. Han meiner at fellesskapet i klassen er bra. På spørsmål om kva han meiner pregar ungdomskulturen hans, svarar han at det veit han ikkje:

Anne: Viss du skal tenkja på kva som er kjenneteiknet på kva som er kulturen i dykkar klasse då, på desse som går i sjette klasse, kva er de opptekne av, som dykkar ungdomskultur?

Rune: Eg veit ikkje!

Anne: Det veit du ikkje? (Litt latter.)

Rune: Eg veit ikkje kva som føregår i hjernane til alle i klassen.

Anne: Nei.

Rune: Eg har berre min eigen, eg.

Denne vesle dialogen er illustrerande for det eg vil kalla eit individualistisk trekk ved Rune. Han syner evne til sjølvstendig arbeid, men markerer også til tider at han *ønsker* å arbeida på eiga hand. Han gjev uttrykk for at han ikkje likar å ha prosjektarbeid som "... nettså heng over meg" i fleire veker. Han føretrekkjer ei arbeidsform der dei berre jobbar så langt dei kjem, i staden for å ha press på seg kva dei skal ha gjort. Ein slik arbeidsplan synest ikkje Rune å lika. Han meiner likevel at samarbeidet i prosjektgruppa gjekk godt. Anne tek opp dette spesielt, for ho har notert at det var litt konflikhtar i gruppa, og at dei kom seint i gong med arbeidet.¹ Rune gav uttrykk for frustrasjon over at prosjektet innebar mykje arbeid, og at dei kanskje ikkje vart ferdige i tide. Dei kom likevel etter ei stund fram til ei viss arbeidsdeling. Særleg Rune og Torleif nytta bøker som modell for arbeidet med teikning og fakta om vikingane. Oppsummeringa til Rune av prosjektarbeidet i intervjuet eit halvt år etter er litt meir positiv:

Rune: Ja, det gjekk fint det. Var stress i starten. Me blei ferdige i siste liten.

Kanskje det er slik at opplevinga vart meir positiv i ettertid, etter at frustrasjonen hadde lagt seg? Rune meiner også at dei greidde seg betre enn ein del andre grupper:

¹ Feltnotat av 16.11.98.

Anne: Korleis hadde du inntrykk av dei andre gruppene jobba i klassen?

Rune: Eg føler at me klarte oss litt betre enn ein del andre.

Om dei andre gruppene opplevde det slik, veit eg ikkje.

9.2.1 Møte med vikingsamfunnet

Framstillinga til Rune av vikingsamfunnet tek utgangspunkt i at dette var eit høvdingsamfunn, med eit tydeleg hierarkisk system. Vidare trekkjer han fram krigarane og dei som reiser på vikingtokter, 'skipsofolka', som han kallar dei. I klassesamtalen om vikingane kom han også med detaljar om vikingane, som at dei var lange, 60 kg og 1,8 m høge.² I kva grad dette er uttrykk for konkrete faktakunnskapar, eller eit døme på evne til å koma med humoristiske innslag som til ein viss grad verkar sannsynlege, er vanskeleg å seia.

Rune har god oversikt over kvar vikingtoktene tok vegen. Vikingskipa skildrar han ved å samanlikna storleiken med små bilferjer i vår tid. Han kan også visualisera dei ved å seia at dei er lange og smale og har 'skremselshovud' framme og 'hale' bak. Skipa er sterke, raske og velbygde, seier han. Andre symbol han trekkjer fram frå vikingtida er hjelmar med horn på. Men her gjer han ei viktig presisering:

Rune: Det var eigenleg ikkje sånn. Dei hadde ikkje horn på hjelmane. Det er ein måte å illustrera det på.

Han skil altså mellom det fiktive og det autentiske. Han viser god evne til å kommentera det som skjer i undervisninga. Kontrasten mellom dei rike og trælane i vikingtida er tydeleg, i følgje Rune.

Anne: Ja. Kva veit du om trælane sin situasjon då, i vikingtida?

Rune: Dei var jo stua saman i eit sånt ekkelt lite hus, der dei måtte liggja på såne små høysekker. Og måtte arbeida tungt og fekk skralt med mat. Og fekk juling viss dei ikkje arbeidde skikkeleg.

Her framhevar Rune hersketeknikkane til dei rike i høve til dei som stod lågare på samfunnsstigen. Rune tek her i bruk eit språk som etter mi forståing legg opp til at me skal synast synd på trælane og ta deira parti. Dei hadde det ekkelt, dei fekk skralt med mat og fekk juling. Kanskje Rune viser litt sympati med denne gruppa? I kva grad sympatien kjem damene i vikingtida til del, er eg noko meir usikker på. Anne tek opp dette temaet i samtalen.

² Feltnotat av 09.11.98.

Anne: Damene då, og jentene, korleis var deira situasjon?

Rune: Dei måtte gå heime og passa på skrikarungane (uth.).

Anne: Mm.

Rune: Laga til mat ...,

Anne: Mm.

Rune: ... og gå og venta og måtte begynna å grina (uth.) viss krigarane deira blei slått i hel på vikingferder.

Denne vesle sekvensen oppfattar eg meir som ironi. Rune seier ingen ting om statusen til dei rike husfruene. Her har han kanskje heller ei oppfatning av kor slitsamt det er å ta vare på barna, utan at det ligg så mykje sympati i det. Sjølv om Rune tek i bruk uttrykk som skulle tyda på innleving i situasjonen deira dersom mennene deira miste livet, synest det heller ikkje her å vera tale om nokon reell empati. Denne tolkinga byggjer eg på den samanstillinga Rune gjer av korleis det var i vikingtida i høve til no. For damene sin del betyr det at dei no har barnehagar. ”Damene slepp å gå heime og styra”, seier han. I denne samanhengen tolkar eg uttrykket ’å styra’ ikkje som det å ha makt og posisjon, men å ha det strevsamt. Denne strevsame kvardagen slepp dei no unna. Kvinnefrigjeringa aktualiserer han vidare med at dei no berre kan ringja til pizzarestauranten og få maten ferdig heim, medan dei før også måtte laga råvarene.

Situasjonen til barna var for det meste å ”... dilta etter dei vaksne”. Rune meiner at forskjellen mellom barna i vikingtida og dagens barn kanskje ikkje er så stor. Dei leika også før, ”... berre på ein annan måte”.

Kontrastane mellom situasjonen til mennene i vikingtida og no er meir paradoksal. Her meiner Rune at dei faktisk er opptekne av det same: ”Å reisa og få rikdommar”. Dette kan likevel arta seg på noko ulik vis:

Anne: Ja, kva tenkjer du om mennene sin situasjon då, på den tida, i forhold til i dag då? (Litt latter.)

Rune: Tja, masse er vel basert på nesten det same: Å reisa og få rikdommar. Då gjekk dei rundt med økser og var heilt sånn berserk og slo ned.

Anne: Ja.

Rune: Men i dag så reiser ein på forretningsreiser med dei små og teite stresskoffertane sine og skriv på papir og får enorme pengesummar ...

Anne: Så dei er på ein måte på utferd i dag også, og samlar seg rikdommar, berre på ein litt annan måte?

Rune: Ja!

Anne: Den moderne vikingen? (Litt latter.)

Rune: Ja.

Den vesle latteren til Anne etter spørsmålet om situasjonen til mennene må forståast i lys at dei nettopp har snakka om kvinnene. Det er interessant å sjå kva bilete Rune har av


mannsrolla, både i vikingtida og notida. Slik eg forstår Rune, er han kritisk til dei mannssjåvinistiske trekka, både i vikingtida og no. Vikingtidas manssrolle vert skildra som primitiv og barbarisk: Vikingen er ein villmann som går rundt og slår ned for fote. Dagens mann har kanskje ei noko forfina rolle, med rikdom, handel og internasjonalt samkvem. Men det at Rune ironiserer over dei 'teite' stresskoffertane syner at han er svært kritisk også til denne forma. Anne oppsummerer dette dilemmaet med å spørja om notidsmannen er den moderne vikingen. Dette er eit omgrep Rune meiner er dekkande. Eg tolkar Rune slik at han meiner at både vikingtida og notida er prega av grådigheitskulturen.

Rune er kjend med at slekta var viktig i vikingtida og at blodhemn var ein velkjend reaksjonsmåte. "Blodhemn sluttar aldri", seier han. Det er tale om å ta igjen og igjen. Her synest Rune å leggja vekt på at samfunnet var prega av ein stadig gjensidig straffeprosess, der ingen kunne vinna. Dette samanliknar han med verksemda til gategjengane i USA i vår tid.

På den andre sida kjenner Rune lite til korleis vikingsamfunnet var ordna når det galdt lover og reglar. Han formulerer dette slik: "Det var vel eit ganske fritt samfunn ..., ... tippar eg." Dette kan synast å stå i motsetnad til det han elles fortel om hierarki og blodhemn. Fridomen kan såleis ikkje målast i våre moderne, demokratiske ideal, men kanskje som ein fridom til å gjera det ein har makt til.

9.2.2 Samtale om ei teikning

I det følgjande presenterer eg teikninga til Rune våren 1998 (fig. 9.2.2.1).



Figur 9.2.2.1: Teikning av Rune: "Chain Reaction"

Innhald: Motivet i teikninga til Rune er kjedereaksjonen ved religionsskiftet. Rune har kalla teikninga si frå Moster våren 1998 for ”Chain Reaction”. I intervjuet om hausten er Anne oppteken av kva han legg i dette:

Anne: Du har gitt han ein engelsk tittel. Kan du seia litt kva tittelen ..., kva forbind du med den?

Rune: (Latter.) Kjedereaksjon. Ein nede som forårsaker alt. Ein nede, og så skjer det tonnevis mange ting.

Kva er det så som skjer? Til høgre på biletet ser me ein stor, grøn bakketopp. Til venstre ser me ein noko mindre, grøn bakketopp. Mellom desse toppane er det eit stort juv. Nedst på arket ser me botnen av dette juvet. Her er det ei bru som bind saman dei to bakkane. I dette landskapet ser me mange personar. Somme av dei står på bakken, andre svevar i lufta eller er i ferd med å falla ned i djupet. Landskapet til høgre framstiller Mostrahaugen og Mostrabakken. Dette ser me av to skilt. Opp langs Mostrabakken er det teikna ein stige med mange trinn. Nesten oppe på Mostrahaugen ser me ein person i frontal. Han har store augo og ein stor munn. Han er kledd i stripete genser og blå bukser. I snakkebobla attmed han står det: ”Au Au Au Au Mamma !!!!!” Til venstre for mannen ligg ei øks. Det kan sjå ut som han har snubla, for øvst på haugen står det ”snuble”, og me ser ein liten stein. Ytst på Mostrahaugen ser me eit tre med brun stamme og grøn trekrone. Til treet er festa eit tau. Ut frå haugen ser det ut til å vera ein mann i svev bortover. Me veit ikkje kor han fell ned. Han ligg på ryggen. Me ser han i profil, med vidopen munn, og det ser ut som han ropar ”Ops! Hvordan gjør man dette da??” Håret strittar, og det eine beinet er løfta opp. Mannen har på seg raud skjorte, svarte bukser og raude sko. Like under han ser me ein kniv. Me veit ikkje om det er mannen som har mist denne. Frå kniven går det tre strekar ned til ein mann som står på bakken nede i juvet. Mannen er framstelt i frontal, med hendene i veret, og med vidopen munn. Han har på seg svart skjorte og grønne bukser. Over han ser me eit sverd. Dette sverdet ser ut til å koma susande i ein boge frå ein annan som er i fall nedover. Over juvet går det ei bru som heiter Mostrabrua. Dette er ei trebru, sett saman av mange element. Brua er i ferd med å gå sund, for me ser orda ”Knekk” og ”Knas” på midten av brua. Ved bruenden til høgre står det også ein mann i frontal. Han ser ut til å ropa, for i ei snakkeboble ser me orda ”Ånei! Øksa frå oven.” Over han ser me ei øks koma susande. Ein del av øksebladet er farga raudt. Dette skal truleg bety blod. Øksa kjem truleg frå ein annan mann lenger til venstre i bildet. Denne mannen ser ut til å vera treft av eit sverd, for me ser orda ”spløtt” og ”Arrgh”. Over mannen ser me raude

flekke med blod. Det er også blod på skjorta hans. Lengst til venstre nede i juvet ser me ein mann som truleg er treft av ein kniv. Han står på eitt bein og ropar ”Smakk” og ”Hai!” Over desse personane nede i juvet ser me to menn koma fallande. Den øvste av dei har eit sverd gjennom brystet. Det ser ut som det er mannen under som stikk han. Me ser blodflekke. Begge ropar, den eine ”Aaadaaaa”, den andre ”aaaaaaa”. Oppe på bakkjetoppen til venstre i biletet ser me eit stort kors. Ute på kanten sit ein mann. Me ser han i profil. Han strekkjer fram eine armen. I snakkebobla ved sidan av står det ”Hei Hei”. Mot han kjem ein kniv susande. I bakgrunnen for juvet er biletflata blå. Om dette skal framstella himmel eller hav, eller berre vera ei kulisse, veit eg ikkje.

Rune gjentek fleire gonger i samtalen at han meiner dette er ei dårleg teikning. Han har framstelt to partar på kvar si side av eit djup, fortel han. Det er vikingsida og den kristne sida. Det er ei stor slagmark i mellom. Her vert det utkjempa ein kamp som alle taper. Anne trur at den detaljerte teikninga betyr at Rune har hatt det moro medan han teikna, men dette avviser han. Anne får eigenleg lite innblikk i korleis Rune tenkjer seg dette møtet mellom norrøn tru og kristendommen, anna enn at det på teikninga viser mange konfliktsituasjonar og blod som renn. Rune nyttar namn med tilknytning til Moster, nemleg Mostrahaugen, Mostrabakken og Mostrabrua. Dette er truleg namn han sjølv har funne på.

Form: Ved hjelp av overskrifta ”Chain Reaction” gjev Rune oss ein viss tolkingsnøkkel. Ved å bruka mange strekar får han fram rørsler og samanheng mellom dei ulike partane. Dette preget av ’action’ får han også fram ved bruk av snakkebobler og måten dei ulike personane er plasserte i høve til kvarandre. Vekslinga mellom personar i frontal og profil, og at nokre personar er framstelte i skrå posisjon, skapar inntrykk av handling. Det same gjer bruk av armar og føter i veret. Bruk av blod og våpen gjev også inntrykk av drama og smerte. Alle personane blir trefte av eit våpen som blir kasta/mista frå ein av dei andre, og alle blir skada eller taper i kampen. Kjedereaksjonen er framstelt av tre parallelle linjer tett i tett, buktande i ulike retningar over nesten heile arket. Dette uttrykkjer handling og dramatik i rommet. Her nyttar Rune velkjende effektar frå teikneserie-sjangeren. At fleire av personane er likt kledde, gjev også inntrykk av relasjonar og samanheng. Rune nyttar lite fargar, i hovudsak grønt og raudt i tillegg til blyantteikning. Av symbol ser me ein kross, som skal representera kristendommen. I tillegg er det våpna som skil seg ut. Me ser også element av humor, m.a. i formuleringa ”Ops! Hvordan gjør man dette da??” og vedkomande som ropar på mamma.

Konklusjon: Rune har teikna ein konfliktsituasjon frå Moster. Han meiner alle taper, og at dette skjer i ein slags kjedereaksjon. Det engelske uttrykket ”Chain Reaction” viser at

Rune har kompetanse innan engelsk, og nyttar eit kjent uttrykk, men frå ein heilt annan kontekst, inn i ein konkret situasjon. Me kan seia at det er atomalderen og vikingtida som møtest når det gjeld symbolbruk. Me ser ikkje utan vidare kven som høyrer med til dei ulike partane. Truleg er dei som har grøne bukser og svart skjorte, knytte til kristendommen, sidan det ser ut til at dei kjem frå den sida der krossen står. Men også desse ser ut til delvis å kjempa mot einannan. Tilknyttinga til Moster er truleg meint som eit fantasielement, men viser også til den konteksten teikninga var laga i. Ved å seia at alle tapar, unngår Rune å ta stilling til konflikten. Men det viser også at han understrekar det negative, i staden for å velja ei løysing der alle vinn. Eg tolkar denne teikninga som ei ironisk skildring.

9.2.3 Tur til Moster våren 1998

Rune gjev uttrykk for at turen til Moster våren 1998 var ein tur han lika. Besøket i utstillinga ser ut til å ha gjort inntrykk, med lyd- og lyseffektar og glasgolvet med Midgardsormen under. Han har lagt merke til Yggdrasil og Åsgard, og volvene som kviskra det han kallar ”...tullet sitt om dommedag”. Han har også lagt merke til Odin med det eine auga og ’kråkene’ hans, ”Himun og Hugum” som han først kallar dei. Midt i denne forteljninga om Åsgard trekkjer han også inn kjennskapet sitt til Valhall. Dette har han tydeleg henta frå andre kjelder.

Rune: Det der Valhall er så bra, for der er taket laga av gullspyd og veggene inni, dei er av skjold.

Anne: Mm.

Rune: Og portane skulle vera så breie at åtte hundre krigarar kan gå gjennom dei sånn der attmed kvarandre.

Anne: Jaha. Ja. Det var store forhold! Ja.

Denne kunnskapen har han truleg frå teikneseriar han elles fortel at han er oppteken av. Her har han lært ein del om dei norrøne gudane. Rune hugsar også ein del frå besøket i Moster gamle kyrkje, med innskrifter på døra og utstyr elles. Han brukar velkjende termar frå vår eiga tid når han omtalar støtta til kyrkja frå dei rike som ’sponsing’.

9.2.4 Møte med den norrøne trua

I samtalen om den norrøne trua fortel Rune at guden Heimdal er favoritten hans. Han er den einaste som kommenterer forholdet til dei norrøne gudane på ein slik måte. Det er difor interessant å sjå kva som kan vera grunnen til dette favorittstempleet. Rune fortel at Heimdal er kjend for at han kan høyra når graset gror og når ulla veks på sauene. Vidare kan han sjå

over havet, og han er vaktmann i Valhall eller Åsgard. Han har ti mødrer. Anne lurar på kvifor Rune er så interessert i Heimdal:

Anne: Korleis har det seg at du er blitt så interessert i han?

Rune: For på min gamle, trufaste Amiga heime, eg har ikkje brukt noko særleg, har eg eit spel som heiter Heimdal.

Anne: Ja vel! Er det eit sånt at du har lært ein del om denne guden då, eller er det berre namnet som har fått deg til å lesa meir om Heimdal?

Rune: Først og fremst namnet og utsjånaden.

Anne: Jaha, mm.

Her ser me altså at eit spel på datamaskinen har ført til ei spesiell interesse for ein bestemt norrøn gud. Dette meiner eg er ein interessant observasjon når det gjeld motivasjon og kunnskapsutvikling hos barn i dag. I dette tilfellet ser det ikkje ut som spelet har gjeve Rune nokon omfattande kunnskap, men det har gjeve eit heilskapsinntrykk som har ført til forandring i forhold til det biletet han tidlegare hadde tileigna seg av guden gjennom ein teikneserie. Rune har nemleg registrert at utsjånaden til Heimdal vert framstelt totalt ulikt i Valhall-teikneserien og i Heimdal-spelet, og Rune let seg tydeleg fascinera av det siste:

Rune: I den der Valhall-teikneserien, der blir han framstelt som ein feit, liten tulling ...

Anne: Jaha.

Rune: ... men på Heimdal-spelet der er han ein sånn mørk skapning med sånne lysande, gule augo, og med hjelm som dekkar fjeset, sånn at han er veldig mystisk.

Anne: Jaha, ja.

Rune: Du ser berre kun inni hjelmen hans.

Anne: Hm. Så det er dette mystiske trekket då, kanskje, som appellerer til deg, eller?

Rune: Ja.

Dersom me kombinerer desse utsegnene med det Rune seier om interessa si for fantasy-sjangeren, kan me kanskje danna oss eit bilete av ein som er oppteken av det mystiske og fantastiske. Han har som nemnt ei særleg interesse for bøkene til Tolkien, og viser til at der finn han ein del om det norrøne.

Når det gjeld forholdet hans til Heimdal, ser det ut til at dataspel kan appellera til vidare oppfølging. For Rune sin del betyr ikkje dette at han har lese så mykje meir om Heimdal, men han har tydeleg endra grunnoppfatning. Rune oppsummerer forholdet slik: "Må vera trygg på Heimdal. Han høyrer og ser over alt." I kva grad dette betyr at han har ei tradisjonell 'tru' på denne Heimdal, kan me likevel ikkje utan vidare seia, av di Rune i andre samanhengar presiserer at han ikkje trur på noko(n). Det er likevel interessant å merka seg dette engasjementet for Heimdal, ein gud som ikkje blir særleg omtala av dei andre. Kanskje

me her ser eit individualistisk trekk i hans måte å engasjera seg i felt som ikkje alle andre er opptekne av?

Av dei andre norrøne gudane nemner Rune Odin, Tor, Frøya, Frigg, Balder og Loke. Han kjenner også til hesten Sleipner. Det er særleg Odin og Tor han skildrar litt meir utføreg. Desse har tydelege (over-)menneskelege trekk. Odin er ein "... sånn gammal mann, litt tynn", men på grunn av at han hadde ofra det eine auga sitt til visdomskjelda, var han blitt "... ekstremt klok". Tor, derimot, han er "... litt dum i hovudet". Dette ser han ut til å kompensera med "... veldig store musklar", styrkebelte og hammar. Som dei fleste i klassen, set altså Rune fokus på Odin og Tor med deira spesielle kvalitetar. Rune er den einaste som framstiller Odin som ein gamal og tynn mann. Kvar har så Rune henta desse indre bileta frå? Tydelegvis har barna hatt om dei norrøne gudane på skulen. Dette nemner Rune spesielt. Men han flettar også truleg inn impulsar frå media og eigen fantasi.

Rune har ei viss visuell oversikt over det norrøne livsuniverset. Han ser menneska plassert midt mellom Utgard og Åsgard. Verda var flat, og rundt låg Midgardsormen og beit seg sjølv i halen.

Rune: Menneska, dei var i midten av to verdener.

Anne: Ja.

Rune: Dei var i Midgard.

Anne: Ja.

Rune: Og desse her styggingane, dei var i Utgard ...,

Anne: Ja.

Rune: ... og gudane, dei var i Åsgard.

Anne: Ja, ja.

Denne framstillinga av det norrøne livsuniverset ser ut til å vera vanleg også hos mange av medelevane til Rune. Rune viser til at han har sett kart over Midgard i bøkene av Tolkien, så her kan me seia at han på ein særleg måte har fått dette visualisert og gjort seg nytte av det.

Eg vil også trekkja fram kommentarane til Rune om korleis vikingane bad til dei norrøne gudane. Her har han god kjennskap til skikken med bloting. Denne blotinga blir likevel framstelt på ein måte som viser at han ikkje berre skildrar dette i tørre 'fakta', men har personlege vurderingar. Blotinga skildrar han som "... skikkelege party", der dei drakk seg "... smekkkulle" på mjød. Dette minner kanskje om det som i vår tid vert kalla 'utagerande festing'? Men Rune tek ikkje avstand frå denne feiringa. Han konkluderer med at han har respekt for desse vikingane som blota:

Rune: Dei hadde blot på faste tider, var det vel, for året. Så tok dei og slakta store dyr og ... Det var sånne skikkelege party.
Anne: Mm, mm.
Rune: Og så tok dei og la sånn kjøt og mjød og sånt til desse her gudestatuarane sine.
Anne: Mm, ja.
Rune: Drakk seg smekkkfulle på mjød.
Anne: Mm, mm.
Rune: Og ..., tja ..., og så har eg veldig høg respekt for dei.
Anne: Ja, mm.

Denne siste kommentaren til Rune treng likevel ikkje å gjelda sjølve feiringa, men at han generelt har respekt for vikingane. Eg tolkar det likevel som at Rune er oppteken av å skildra gudsdyrkinga til vikingane i effektfulle termar, som kanskje hos nokre kan framkalla ein viss moralsk og religiøs indignasjon, men som hos Rune kanskje inneber ei viss form for beundring?

9.2.5 Møte med kristendommen

Rune har kjennskap til at kongane Olav Tryggvason og Olav Haraldsson hadde møtt kristendommen i utlandet. Han viser til at dei ville innføra den nye trua med makt. Anne tek opp temaet om korleis dei tenkte om gud i den nye trua:

Anne: I kristendommen då, korleis ..., kva tenkte dei om dette her med gud der?
Rune: Nei, dei tenkte på han som alt som var lyst og godt og ...,
Anne: Ja.
Rune: ... kjekt og koseleg og sånt. Og dei heldt seg langt vekk frå alt som ikkje hadde med gud å gjera. Dei hadde mykje strengare reglar enn vikingane.

Rune trekkjer her først fram ein vanleg metafor om den kristne guden, nemleg lyset. Dette er ikkje uventa, i og med nemninga Kvitekrist. Kanskje litt meir uvanleg er det at han trekkjer inn uttrykket "... kjekt og koseleg og sånt". Rune ser ut til å førestella seg at dei som tok mot den nye trua, tenkte på gud i eit harmoniperspektiv. Han var ikkje den strenge og dømmande, men den snille og godslege. Kanskje det ligg ei førestelling her om Gud som ein snill bestefar?

Når det gjeld det etiske, meiner Rune at kristendommen hadde mykje strengare reglar enn vikingane hadde etter den norrøne trua. Her trekkjer han fram to reglar, nemleg at det galdt for jentene å vera lengst mogleg jomfru, og at ein måtte gå til kyrkje for å bli velsigna av prestane. Her galdt det å finna seg plass lengst framme i kyrkja.

Det er vanskeleg å vita kvar Rune har henta regelen om å vera lengst mogleg jomfru frå. Kanskje dette er forståinga hans av det sjette bodet om ikkje å bryta ekteskapet? At det

skulle bety å venta lengst mogleg med å gifta seg, er det etter mi tolking mindre truleg at han kan ha meint.

Regelen om kyrkjegang kommenterer Rune med at det var viktig å delta ved gudstenesta. Det var likevel ikkje slik at folk sjølv utan vidare kunne velja seg plass framme i kyrkja. Dette omtalar Rune i ein annan samanheng, der han viser til 'sponsing' av benker og plassar i kyrkja. Å få plass framme i kyrkja var altså noko ein kunne kjøpa seg til. Rune trekkjer fram, som ein forskjell frå i dag, presset til å koma seg til kyrkje. "Det er mykje meir avslappa i dag", meiner han.

Medan Rune omtalar blotinga som det sentrale i gudsydinga i norrøn tru, trekkjer han fram bønna som viktig i kristendommen. Dette vert knytt til morgon- og kveldsbøn, men også til kvardagssituasjonar som å be om tilgjeving om dei hadde gjort noko vondt, og det å be om god avling. I spørsmålet om ofring, omtalar han dette som at folk gav "... ein god del presangar" til kyrkja.

9.2.6 Møte mellom norrøn tru og kristendommen

Som tidlegare nemnt framstiller Rune kulturskiftet i eit konfliktparadigme. Me får likevel lite innsikt i korleis han tenkjer seg posisjonane til partane, og kva dei stod for i striden. Han opererer med ei tredeling: Dei som blei kristne, dei som tvila, og dei som ikkje ville ha med kristendommen å gjera.

Rune laga ei forteljing om den norske vikingbonden Oulf som var på handelsreise i England. Her kjem han i ein samtale med ein munk, som lurar på om han har høyrte om Kvitekrist. Det har han ikkje, og munken fortel. Oulf vil først halda på sine eigne gudar, men då han får tilbod om å bli døypt med tre skvettar vatn, takkar han ja. Han ville til og med bli 'dobbeltdøypt', sidan det var så varmt. Vart han det, skulle munken få ein sekk eple til halv pris. Slik gjekk det. Moralen i historia er at dersom tilhøyrarane er i England på ein varm dag, kan dei bli nedkjølte ved å dra til klosteret og døypa seg. Han flyttar dermed fokuset frå ei tradisjonell forteljing om kristning til ei meir humoristisk forteljing:

Då den norske viking-bonden Oulf var på handelsreise i England, møtte han ein munk, og dei kom i snakk med kvarandre. "Vær signa!" sa munken. "Goddag", sa Oulf. Munken spurde om Oulf hadde høyrte om Kvitekrist. "Nei", sa Oulf. Munken fortalde at det var ein gudeson som hadde gjort under og hjulpet folk heile livet sitt. Han tok imot syndene til menneska, men vart straffa med døden. Han stod opp igjen og drog til himmelriket der hans far, Gud er. "Oi...", sa Oulf. "Fin historie, men eg har mine gudar som eg trur på, og dei vil eg vere trufast mot, for ellers går det gale med avlingane mine." "Men du vil vel ikkje bli døypt vel? Då får du tre skvettar vatn på hovudet", sa munken. "Jo, det ville vore forfriskande på ein varm dag som dette. Visst du dobbeltdøyper meg, skal du få ein sekk epler til under halv pris", sa Oulf. Ja, det ville munken, og han tok straks med seg Oulf til klosteret og dobbel-

døypte han. Og etter dette drog Oulf heim og fortalde slekta si at om dei noken gong var i England på ein varm dag, så kunne dei berre dra til eit kloster og bli "nedkjølt" av ein snill mann med gode historiar.

Denne forteljinga til Rune minner om ei segn. Den er både tid- og stadfesta, og fortel om noko som tilsynelatande ei faktisk hending. Samstundes har forteljinga eit morosamt og kanskje uventa poeng med dette å sjå dåpen som hjelp til kroppsleg velvære i staden for i religiøs reinsing eller nyskaping. Det ligg også ein ironi i dette å bli 'dobbeltdøpt', dvs. å utnytta det religiøse ritualet med dobbelt ønska verknad. Det er også ei form for bytehandel, til forskjell frå dåp i tradisjonell luthersk tyding som ei nådehandling eller eit sakrament. Forteljinga vitnar om kjennskap til ei slik tradisjonell tyding, ved å kunna spela på dette motivet. Denne vesle historia syner at Rune har god kjennskap til litterære verkemiddel.

Rune gjev elles tydeleg uttrykk for at kristendommen vart innført i Noreg gjennom stort press, og dette tek han klart avstand frå.

Anne: Kva er ditt hovudintrykk av måten kristendommen blei innført på, eller kom til Noreg?

Rune: Stort press.

Anne: Mm.

Rune: Det skulle ikkje vore sånn.

Anne: Ja, kven var det som pressa?

Rune: Det var dei der folka som eigenleg var sånne blodtørstige vikingar ...

Anne: Mm.

Rune: ... og så hadde dei kome bort og blitt imponert over ein eller annan sånn pingleprest.

Og så kom dei tilbake og krov at alle skulle bli akkurat sånn som dei.

Anne: Mm, mm. Ja, og det ..., det presset, det synest ikkje du noko om?

Rune: Nei.

Rune omtalar dei kristne som blodtørstige vikingar. Ofte vert vikingane og dei kristne sette opp mot ein annan i framstillingane til barna. Rune får fram nyansane her, nemleg at både dei som tok mot kristendommen og dei som tilhørde den norrøne trua kunne vera vikingar. At dei kristne her representerte ein negativ variant vikingar, får Rune fram i omtalen sin av dei som 'blodtørstige'. Desse har tydelegvis, etter Rune si oppfatning, late seg lura av det han kallar 'pingleprest', som kan bety noko sånt som vinglete, dum eller vaklevoren. Rune er også kritisk til at kristendommen blir favorisert i høve til den norrøne trua. Dette skjer særleg i kristendomsbøkene, meiner han:

Rune: Det er nettså sånn der: kristendommen er supersnill og alt anna er slemt, liksom.

Anne: Mm.

Rune: Og viss du ikkje er kristen, då er du sånn heilt gal i hovudet. Og dei som ikkje likar kristendommen, dei blir jo framstelte som sånne monster.

Om dette er generell misnøye eller det gjeld spesifikt for omtalen av kulturskiftet i vikingtida, er vanskeleg å seia. Konteksten er i alle høve vikingtida. Men Rune rører her ved sentrale spørsmål i høve til det å kunna koma med kritiske merknader. Mellom anna gjev han uttrykk for at det kan vera komplisert når ein har ein lærar som for han tydeleg representerer ein kristen ståstad. Han meiner læraren "... formildar" motførestellingane hans.

Anne: Trur du lærar (namn) synest det er vanskeleg det, viss du kjem med litt andre motførestellingar?

Rune: Eg har på følelsen at lærar prøver å formilda det litt.

Anne: Ja vel?

Rune: Eg kan vel seia noko sånt ... Lærar skal gjera det så mildt som mogleg.

Anne: Mm.

Rune: Og leggja ei forklaring oppå. Følest i alle fall sånn for meg, ja ...

Anne: Mm.

Rune: ... sjølv om det kan henda at lærar ikkje meiner det.

Anne: Mm, ja. Så du synest det er litt viktig at du får lov å koma til uttrykk med dine egne, ærlege meiningar, men du er litt forsiktig, skjønner eg, eller?

Rune: J-a...

Anne: (Litt latter.)

Rune: Viktig og viktig. Eg berre seier det eg meiner.

Denne dialogen forstår eg som eit uttrykk for kva rom Rune opplever det er for kulturbryting i klassen. Motsetningar vert harmoniserte på den måten at det ikkje er begge partar som må 'jenka seg', men det er motførestellingane til den eine parten som vert neddempa. Denne subjektive opplevinga til Rune kan kanskje seia oss noko om korleis elevar opplever det når dei vågar å stå på andre standpunkt enn 'det offisielle' eller 'mainstream'? Rune legg likevel til at det ikkje er sikkert at læraren meiner det slik. Kanskje han er merksam på at det ikkje er så enkelt å vera lærar og ta omsyn til alle, slik at alle kan oppleva å bli møtte med respekt?

9.2.7 Møte med Mostraspelet

Før Mostraspelet

Rune hadde sett Mostraspelet då han var cirka 7-8 år. Det han hugsar igjen frå den gongen var at det var god akustikk der og at skodespelarane hadde fine kostymer. Opplevinga av atmosfæren i amfiet ser såleis ut til å ha sett sterkare spor enn sjølve innhaldet i spelet. Seinare har han høyrte lite om spelet før dei starta førebuingane på skulen. Han gler seg likevel på førehand, ei glede som kanskje er litt prega av at dei då slepp vera på skulen?

Rune: Og så slepp me jo ein heil dag. Det er jo ... Kun sitja der og ...,

Anne: Mm.

Rune: ... i staden for å sitja her og rekna matte på ein fin sommardag.

Slike motiv for å gle seg til spelet finn me ein del døme på i klassen, og Rune uttrykkjer dette direkte, som me ser. Draumen om å sleppa fri noko kvardagsleg og kjedeleg kan altså liggja under forventningane til turen, meir enn til utbyte av sjølv spelet. Hos Rune ser det ut til å vera eit både – og. Han trur også at han kjem til å læra ein del historie av turen.

Etter Mostraspelet

Korleis opplever så Rune spelet? Konklusjonen er klart negativ. Han formulerer dette slik skriftleg:

Mostraspelet. Ingenting var kjekt. Eg forsto meg ikkje på det spelet – alt var gresk for meg. Eg lurar på kvifor det spelet er tillatt. Eg lika ikkje måten kongane for fram på. Eg likte skalden – han var kul! Eg kjem til å hugsa den dårlege måten Torolv ”døydde” på. Viss eg hadde skrive spele, så hadde begge kongane tapt.

Det var iskaldt og vått under framføringa av spelet, og Rune fraus veldig, noko som tydeleg pregar opplevinga hans. Dette gjev han uttrykk for både i klassen, i skriftleg arbeid og i intervjuet.

Anne: Dette at ein er våt og kald, kva følger får det for det å få utbyte av spelet, synest du?

Rune: Det dempa veldig på stemninga ...

Anne: Mm.

Rune: ... sånn at spelet blir mykje ..., ja, mykje kjedelegare, og mykje lengre, verka det som.

Anne: Ja.

Rune: Og eg fekk ikkje med meg så masse, for hetta for ned i fjeset mitt.

Denne negative opplevinga får han til å konkludera med at ”Ingenting var kjekt”. Det einaste lyspunktet, i følge intervjuet, synest vera turen fram og tilbake til Moster.

Anne: Synest du du fekk noko utbyte av Mostraspelet?

Rune: Ja, eg fekk meg jo ein god latter på turen til og på turen heim.

Anne: Jaha, mm.

Rune: Mostraturen.

I eit skriftleg arbeid fortel han likevel at han lika skalden i spelet. Han var ’kul’, synest han. Elles meiner han at han ikkje forstod seg på spelet.

Kva har så denne grunnleggjande negative opplevinga av det kalde og våte veret å seia i forhold til utbyttet av spelet? Rune har eit klart råd til dei som eventuelt skal sjå spelet året etter: ”Ikkje gå på det!” Det er difor interessant å sjå kva Rune har fått med seg trass veret og

den klart negative konklusjonen. Kanskje svaret på spørsmålet om innhaldet i Mostraspelet illustrerer dette:

Anne: Viss du skulle fortelja med dine eigne ord kva som var innhaldet i Mostraspelet ..., kan du seia lite grann om det?

Rune: Okei. Olav Tryggvason kom og ville kristna Norge, og han fekk ganske stor motstand, noko på Moster. Men så klarte han å gjera litt, og så kom Olav Haraldsson etterpå og fullførde verket.

Anne: Ja.

Rune: Og så er det masse sånne detaljar inni det då.

Denne kortversjonen fekk Anne til å tenkja at den vidare samtalen om spelet kanskje ikkje kom til å verta særleg nyansert. Samtalen vidare vert først nokså summarisk når det gjeld spelet, men sidan Anne har ein del ferdig formulerte spørsmål, får ho etter kvart litt meir omfattande svar undervegs. Rune formulerer temaet for spelet til å handla om kristninga av Noreg. Den scena han hugsar best att, er då Torolv blei drepen heilt på slutten. Rune er raskt ute med å kommentera at dette var ei "... veldig dårleg scene", eller "... veldig uekte". Dette minnar om framstillinga til mange av dei andre barna. Det er kort veg mellom informasjons- og forteljarrolla til kritikarrolla hos barna. Dei fleste er klare i dommen sin her: Triksa vert raskt avslørte. Vidare er mange raske med å koma med forslag til endringar når det gjeld autensiteten i drapet. Rune føreslår å nytta eit sverd som slår seg saman når det kjem borti noko. Det ville sjå meir truverdige ut.

Rune har bra oversikt over rollene og kva dei ulike rollefigurane står for. Kjærasteforholdet mellom Torolv og Vigdis og forholdet til slekta fortel han greitt om når Anne viser ulike bilete frå spelet i teikneserieheftet. Rune meiner at det hadde vore betre med ei "... happy ending" enn ein trist slutt. Dette kan synast underleg i høve til korleis han framstelte dramatik og blod i teikninga si frå Moster.

Ein av personane i stykket som appellerer til Rune, er gamle Gunbjørg. Ho vert skildra som rynkete, bøygd og skeiv, og med slite, tørt og grått hår. Ho har spydige kommentarar og slår med den krokete stokken sin. Det som gjer at Rune er oppteken av henne, er at ho er imot kristendommen og tek følgjene av dette. Ho er konsekvent, og står for det ho meiner.

Av personar i stykket som Rune ikkje synest noko om, nemner han kongane. Kva kan så vera grunnen til det? I følgje Rune er dei altfor brutale, feige og egoistiske. Dei tvinga folk med brutal makt til å bli kristne. Dette synet samsvarar også med det han gjev uttrykk for i klassen etter spelet. Her understrekar han brutaliteten til kongane. Dei var enno meir brutale

enn det Mostraspelet viste. Dei var diktatorar, hevdar han. Kongane burde ha spurt kven som ville tru og ikkje. Dersom han sjølv hadde fått velja, skulle begge kongane ha tapt.

Elles har Rune fått med seg både messa og blotinga i skogen. Eg vil særleg trekkja fram skildringa av den første presten på Moster. Han vert ikkje skildra i særleg sympatiske ordelag av Rune. Han er ein 'slemming' og " ... ein skikkeleg valdeleg løgnar" som slo og dengde folket, men som til slutt fekk den straffa han fortente ved å bli sendt til Island. Tangbrand oppførte seg heilt tydeleg 'bakvendt' i forhold til det ein prest skulle, etter oppfatninga til Rune.

Rune er også ein av dei få som kan seia litt utførleg om Kristenretten som blir lesen opp i spelet. Desse lovene hadde blitt gjennomgått på skulen på førehand. Han nemner både om kva som var lov å eta, reglar for giftarmål og ekteskap, bloting, offerfestar og ølgilde.

Kva seier så Rune om kva Mostraspelet betyr for han? Her nøler han litt, og svarar at det er vel berre som ei slags 'kultursak'. Han synest likevel å vera litt kry av å bu i den same regionen, for han legg til: "Kjekt å bu litt nær det". Elles er han ikkje så oppteken av at spelet fortel om hendingar i regionen hans. Det stadeigne synest ikkje å vera så viktig. Han synest at Mostraspelet skildrar forholdet mellom den norrøne trua og kristendommen på ein bra måte. Det skulle tyda på at han meiner spelet får fram hendingane på ein slags autentisk måte, utan at han går noko inn på forholdet mellom fiksjon og fakta. Han synest likevel at det kan vera kjedeleg å gjenta det same spelet år etter år.

Sjølv om Rune ikkje synest Mostraspelet er noko særleg aktuelt, ser han visse problemstillingar som kan minna oss om situasjonen i dag. Her trekkjer han fram vala i Noreg og kven som skal styra landet. Han assosierer også spørsmålet om trusfridom med arbeidet til Amnesty. Han ser visse parallellar i vår tid, der folk blir sette i fengsel eller drepne for trua si. Rune meiner at skulen har eit klart mål med at elevane reiser og ser Mostraspelet.

Anne: Kvifor trur de at skulen legg opp til at ein skal reisa og sjå Mostraspelet?

Rune: For at skulen vil vera så kristen som mogleg.

Anne: Mm.

I følge Rune har skulen altså ei klar religiøs motivering. Anne går ikkje vidare inn og spør kva som ligg i dette. Utsegna kan tolkast på ulik vis. Kanskje ligg det ein viss ironi i svaret hans? Kan det vera at skulen skal visa seg prektig ved å delta der ein tek opp temaet om kristninga, og at det ligg ei slags 'vedkjenning' i det å reisa til Moster? Eller er grunnen at Mostraspelet i særleg grad tek opp kristendommen som tema? Med den kritiske haldninga Rune stundom viser, kan me kanskje tolka svaret som ironisk meint? Om Rune her tenkjer

særleg på skulen som rektor og lærarar er ikkje godt å seia. Anne lurar vidare på om det er tema i stykket som understrekar dette å vera kristen, men det meiner ikkje Rune.

Anne: Synest du det er ting i Mostraspelet som gjer at ein understrekar det, at ein skal vera så kristen som mogleg? Eller innhaldet der, eller?

Rune: Ikkje som eg har lagt spesielt merke til.

Anne: Nei, akkurat.

9.2.8 Møte med notid og framtid

I dette avsnittet spør eg i kva grad Rune opplever temaet om kulturskiftet i Noreg som aktuelt. Eg har tidlegare gjort greie for samanlikningar Rune gjer mellom notida og vikingtida, der han trekkjer fram både skilnader og fellestrekk. Han summerer opp hovudskilnadene i to punkt: Nemleg at me no ser ut til å vera mindre barbariske, i og med at me ikkje går rundt med økser kvar dag, og at folk har meir fridom i vår tid. Menneska i dag vil vera sin eigen herre.

Anne: Trur du det [å vera sin eigen herre] er noko som menneske er opptekne av i vår tid?

Rune: Ja.

Anne: Ja.

Rune: Alle vil jo tru kva dei vil.

Anne: Mm.

Rune: Alle vil gjera som dei vil.

Dette uttrykkjer kanskje i eit nøtteskal oppfatninga til Rune av at me lever i eit liberalistisk samfunn, både med omsyn til haldningar og handlingar. Rune gjev ikkje uttrykk for å vera særleg interessert i historie. Å læra om kva som skjedde for 1000 år sidan ser ikkje ut til å vera så veldig viktig.

Rune: Nei, det er sikkert nyttig å vita om det, men eg trur ikkje du får særleg bruk for det. (...) Ingen som har bruk for det. Ingen som kjem og krev at du veit så og så masse om alle desse kongane.

I dette vesle sitatet har han fokus på kongane, og kunnskapen om dei meiner han har liten verdi. Han går ikkje inn på det religiøse. Dei som kan ha nytte av å læra om vikingtida, er forfattarar, meiner han, for då har dei litt meir å skriva om. Temaet om vikingtida ser såleis ikkje ut til å ha nokon eksistensiell verdi for Rune.

Når det gjeld forholdet mellom vikingtida og vår tid, tek likevel Rune opp ei side som elles blir lite omtala av dei andre elevane, nemleg at nazistane (her: nynazistane) er opptekne av vikingtida. Vidare er dei han kallar ”Heavy Metal diggarar”, opptekne av vikingane. Han

nemner også at satanistane dyrkar dei gamle gudane. Rune viser her ein kulturkunnskap om si eiga tid som i liten grad vert omtala, korkje av dei andre barna eller av læraren. Kanskje dette har samanheng med at det er liten fokus på slikt stoff i læreverka, som for det meste er retrospektive.

Kva tankar har så Rune om framtida? Det einaste dømet er at han gjer eit tankesprang 1000 år framover, og fantaserer litt om korleis folk då vil sjå tilbake på vår tid. Anne blir nysgjerrig, og ber han utdjupa dette:

Anne: Ja, kva trur du dei får fram ved vår tid då?

Rune: Ååh ..., då utvikla det seg så kjapt! Og folk var ... Og nokre folk var fattige og andre folk var rike. Og så finn dei vel fram nokre såne historiske personar som nokon på skulen skriv stil om.

Anne: Mm.

Rune: Ein som visseleg blir kalla Bill Gates, i følge sogene.

Me får altså lite innblikk i tankane til Rune om kva som kan koma av endringar. Det er meir tale om ein lyskastar frå framtida inn over vår eiga tid. Og med datainteressa hans er det kanskje ikkje så underleg kva han meiner folk oppdagar når dei i framtida ser tilbake til 1999?

9.2.9 Oppsummering

Eit mytisk-religiøst perspektiv

Slik eg tolkar Rune, finn eg ein viss ambivalens når det gjeld forholdet til det mytiske og religiøse. På den eine sida er Rune kritisk til det religiøse, særleg spørsmål som har med tru å gjera. På den andre sida seier han at han likar det norrøne, og at guden Heimdal er ei inspirasjonskjelde for han. Kanskje må dette forståast slik at han ønskjer ein viss distanse til religion, men at mytar er akseptabelt? På den andre sida kan også dette vera problematisk, av di Rune meir synest vera oppteken av motsetnadene mellom tru og 'viten', og legg vekt på det siste:

Rune: Eg gjev blaffen i all tru, omtrent.

Anne: Mm, mm.

Rune: Eg liksom berre lever, eg. Orkar ikkje å leva etter nokre såne levereglar og gudar og alt ... Det er tull og tøys.

Anne: Mm.

Rune: Rett og slett tull.

Anne: Mm. Så dette temaet, det engasjerer deg då, å høyra kva dei trudde for 1000 år sidan, eller? Sjølv om du vel å ikkje tru på det?

Rune: Eg trur ikkje på noko. Eg har ikkje planar om å gjera det. Eg synest det er kjekt å vita litt.

Rune er open for kunnskapsaspektet, eller det eg vil kalla ei faktaorientert tilnærming til det mytisk-religiøse elementet ved kulturskiftet. Det er likevel grunn til å spørja kva dette kan bety, av di Rune også viser eit kjenslemessig engasjement, t.d. ved bruk av omgrepa 'tull' og 'kjekt å vita'.

Rune framstiller dei norrøne gudane som funksjonsgudar. Heimdal står for oversikt, Odin for visdom og Tor for kraft og styrke. Han trekkjer inn namna Valhall og Åsgard. På den eine sida gjev Rune uttrykk for at han ikkje er oppteken av det å tru. Dette tolkar eg som at han gjev uttrykk for ein viss distanse til det å ha ei personleg trusoppfatning. Samstundes viser han interesse for norrøn mytologi, og viser både kunnskapar og engasjement, særleg når det gjeld guden Heimdal. Han har også ei viss heilskapsforståing for det norrøne livsuniverset. Dataspel og bøker synest å ha medverka til dette.

Når det gjeld kristendommen i vikingtida, viser han til ein del etiske krav. Han meiner også at den kristne gudsførståinga i vikingtida er prega av ein personleg, lys og godsleg gud. Likevel er han kritisk til dette synet, for han peikar på ein del motsetnader som gjeld tvang og barbari ved innføringa av kristendommen. Me kan seia at Rune også får fram paradokset eller dobbeltkommunikasjonen.

Rune går i liten grad inn på eksistensielle mytisk-religiøse spørsmål hos dagens barn. Derimot er han kjend med at grupper av (ny-)nazistar og satanistar hentar fram inspirasjon frå vikingtida. Det er likevel eit lite paradoks når Rune også seier at han likar det norrøne, og har respekt for vikingane, sidan han i liten grad vil inn på dei religiøse spørsmåla. Det kan såleis vera at han forbind desse spørsmåla meir med det historiske perspektivet.

Eit historisk perspektiv

Rune viser ei nyansert innsikt i vikingsamfunnet, med ulike grupperingar og samfunnslag. Han får fram kontrastane her, og trekkjer ofte parallellar til vår eiga tid. Dette forstår eg som eit forsøk på kulturanalyse som eg meiner er interessant å finna i sjette klasse. Som eg har vist til, kjem Rune med ein del kritiske merknader til samfunnsutviklinga. Dette viser evne til sjølvstendig refleksjon. Særleg når det gjeld situasjonen til trælane og likestillingsspørsmål for menn og kvinner, viser han engasjement i kommentarane og evne til å få fram aktualitet og relevans.

Rune peikar på to hovudtrekk som skil vikingtida frå vår tid, nemleg dette at folk synest mindre barbariske i vår tid, og at folk no har meir fridom. Han problematiserer i liten grad dette at folk i vår tid kanskje tek livet av kvarandre på andre måtar. Det individualistiske og liberalistiske perspektivet er også sentralt i samtidsforståinga til Rune: "Det er ingen som

føler at det sit nokon og glør på dei.” Rune meiner også at det ligg ein dynamikk i historia. Han gjev uttrykk for at ”... det svingar og forandrar seg”. Desse endringane var som nemnt også Cassirer oppteken av.

Den estetiske dimensjonen

Rune kommenterer fleire gonger at han ikkje er nøgd med teikninga si frå våren 1998. Sjølv om han har laga ei detaljert teikning, med innslag av mange ulike symbol, gjev han uttrykk for misnøye. Det er vanskeleg å vita kva dette går på. Han viser teikneferdigheiter godt over det vanlege i høve til andre på same alder, etter mi vurdering. Kanskje er det noko med budskapen eller innhaldet han meiner ikkje kjem fram? Bruk av alle effektane kan føra merksemda vekk frå temaet, og det er kanskje eit trekk ved teikningane til Rune? Dei er fylte med sjablongar eller symbol frå media, tv og teikneseriar, som han gjev uttrykk for at han er ein flittig brukar av.

På den eine sida synest Rune vera avhengig av bøker å sjå etter når han teiknar. Samstundes viser han kreativitet ved å fletta saman symbol frå ulike epokar, ikkje minst å fletta inn moderne symbol, gjerne i humoristisk kontrast til det han vil ha fram frå vikingtida. Bruk av engelske uttrykk viser at han også har språk-kompetanse. Han har detaljkunnskapar, som han nyttar på ein avansert måte. Gjennom kommentarane til teikningane syner han også evne til å kommunisera både kunnskapar og humor. Med enkle, men tydelege, stilistiske grep, som t.d. avstand og nærleik, ovanfrå- og nedanfrå-perspektiv, forsterkar han budskapen i teikningane. Dette kjem fram både i teikninga hans av Olav den heilage og Torolv frå Grindheim og i teikninga om Kristenretten. Her ligg sympatien hos dei som representerer den norrøne trua. Kontrastar i svart-kvitt pregar framstillinga hans av Loke, og Frøya er skildra med store bryst, langt hår og skjørt. Balder derimot vert framstelt som ørliten, men likevel slik at me ser hovudet er kappa av.

Arbeidsboka til Rune inneheld elles faktakunnskapar om vikingtida, og det tyder på at han har henta informasjon frå bøker/læreverk. Han viser også evne til å trekkja inn kunnskapar og assosiasjonar frå data i samband med temaet. M.a. teikna lærar ei sol med strålar som utgangspunkt for eit assosiasjonskart om vikingar. Rune er raskt ute med å kommentera at han tenkjer på SOL, men forklaringa hans er ikkje at det er ei vanleg sol, men ”Scandinavian On Line”, som han seier, dvs. ei nemning han kjenner frå internett. Her flettar han altså inn assosiasjonar frå den store interessa han har for data.

Forteljingane, teikningane og kommentarane til Rune er til tider prega av underfundig og burlesk humor. I vikingrappen førestellar egpersonen ein ’berserkar’, som til vanleg lever

på fenalår og reiser med vikingskip. Denne reisa kontrasterer han med det å reisa med fly, som han altså ikkje gjer. Men midt i denne skildringa av vanane, bryt han inn med eit utrop om at han må spy. Eg-personen har også målet klart etter døden. Då er det til Valhall, med liv i overflod:

Viking rap
Eg er berserker og
eg har rævahår.
Når eg kjem heim
ja, då et eg fenalår.
Eg reiser bare med vikingskip,
aldri med fly.
Nei, svartaste, no må eg
spy!

Når eg dør, dreg eg til Valhall,
der skal eg eta gris og ellers
leva knall.
Yo, Yo
Yo

Rappen viser eit visst kjennskap til norrøn mytologi. Samstundes flettar han inn element frå moderne tid som kontrast. Det burleske kjem også fram i dette at han seier han må spy, og at han skal leva knall. Han viser her ein humoristisk distanse til vikingtida.

Eg har i materialet mitt ikkje noko døme på at Rune deltek i dramatisering. Slik eg tolkar det, er ikkje dette tilfeldig. Gjennom det Rune seier om å arbeida sjølvstendig, og helst med skriftlege arbeid, er drama kanskje ei form for kreativ verksemd som bryt for mykje med ønsket hans om å ha kontroll over det som skal skje i prosessen. Eg vil likevel vera varsam med å trekkja for bastante slutningar om dette.

Når det gjeld opplevinga til Rune av Mostraspelet, har han til dels bra oversikt over innhaldet i spelet, men han tek i liten grad initiativet til sjølv å fortelja innhaldet i detaljert form. Opplevinga synest i stor grad å vera prega av totalsituasjonen, med dårleg ver, som igjen skapte dårleg stemning og motivasjon. Det overraska meg at han så tydeleg gav uttrykk for ikkje å ha hatt utbyte av spelet. Veret kan vera ein forklaringsfaktor. I dette tilfellet meiner eg det kanskje også ligg ein ideologisk forklaringsfaktor, dvs. ei protesthaldning mot dei verdiane kongane stod for, og som han i stor grad tek avstand frå. Men han har også kunstnariske innvendingar, særleg når det gjeld dei verkemidla som vart nytta for å skildra korleis Torolv vart drepen. Her meiner han det skodespeltekniske ikkje held mål.

Rune lika å jobba på eiga hand, men la sjeldan i veg med omfattande kreative prosjekt. Det syntest som han var oppteken av å ha ein viss kontroll og vera nøyaktig. Særleg i prosjektarbeidet valde han ei tradisjonell form med teikning og tekst på ei veggavis. Han var skeptisk til lagkameraten som ville gå i gang med å laga ein figur i tre med klede på. Han var også oppteken av å få respons og melding om oppgåver, heller enn å ta ansvar for å planleggja nye ting på sjølvstendig initiativ. Det ligg altså eit visst paradoks i vekta på det individualistiske. Hos Rune vil eg kalla dette ein viss motstand mot det nye og ukjende som andre finn på. Samstundes er han autodidakt innan data. Her vågar han tydeleg å utprøva feltet på eiga hand. Interesse hans for det mystiske og fantastiske, særleg i bøkene til Tolkien, gjer at han har eit rikt register å spela på, som han nyttar også i dette temaet om kulturskiftet.

Kulturbryting

Medan Cassirer nytta uttrykket ”motsetningenes harmoni”, vil eg hevda at Rune til tider får fram ”motsetningenes dissonans”. Heller enn å vektleggja kven som vinn, understrekar han at begge partar taper i vikingtida. Han er også oppteken av å avsløra dobbeltmoral, både i vikingtida og i vår tid. Han gjev uttrykk for at standpunkta hans stundom vert formilda, og det synest som han opplever at han ikkje alltid får rom for motargumenta sine i klassen. Han reflekterer over mange spørsmål, men det synest likevel ikkje som om temaet om kulturskiftet i vikingtida opplevest som relevant for han i dag. Slik eg tolkar det, nemner han likevel mange aktuelle døme med tilknytning til vår tid.

9.3 Møte med Jorid og Frida

Eg vel å presentera Jorid og Frida saman. Det første intervjuet hadde eg med kvar av dei, men dei valde å vera saman i begge dei to siste intervju. Dei samarbeidde også nært i prosjektet. Eg finn det difor naturleg å kopla desse venninnene saman i presentasjonen, då dei utfylte kvarandre i samtalane. Gjennom framstillinga prøver eg også å få fram individuelle særtrekk. Desse to jentene synest å vera samde i grunnsyn, og dei er også venninner på fritida.

Begge jentene er opptekne av musikk, og dei spelar sjølv instrument. Jorid fortel også om at ho samlar på serviettar og glansbilete. Noko slikt er det få andre av jentene som fortel om. Kanskje denne interessa er eit uttrykk for tolmod og nøyaktigheit som me også finn att i skularbeidet hennar?

Jorid spelar fotball, medan interessene til Frida går meir i retning av ballett og dans. Begge er opptekne av bøker om kvardagssituasjonar. Særleg Frida nyttar ofte uttrykket

'koseleg' om det ho har interesse for. Dei er ikkje storbrukarar av tv og film. Heller ikkje data synest å ta mykje av tida deira. Begge er med i ei misjonsforeining.

På skulen er begge interesserte i forming. Jorid er ei av dei få som seier ho likar matematikk. Jentene ser ut til å trivast på skulen, og gjev ikkje uttrykk for at dei vil forandra noko. I friminuttane leikar dei, og pratar med venninnene. Her vert det røpa at dei kanskje også snakkar om gutar. Dette er det ikkje så mange som trekkjer fram.

Begge jentene ser ut til å arbeida samvitsfullt på skulen, og gjev uttrykk for at dei trivest. Samarbeidet i vikingprosjektet blir skildra som 'veldig fint'. Jentene delte på oppgåvene på ein rettferdig måte, meiner dei, og alle fekk gjera det dei hadde lyst til. Jorid merkar seg ut med å ha ei svært omfattande arbeidsbok, der ho laga egne forteljingar, skreiv fakta om kongar og gudar, og der ho teikna svært mange teikningar. Desse vil eg leggja særleg vekt på i presentasjonen.

9.3.1 Møte med vikingsamfunnet

Som me skal sjå av teikningane til Jorid og Frida, er dei opptekne av å få fram kvardagslivet på vikinggarden. Dei har noko ulik tilnærming til kva som skjer når kongen kjem med kristendommen. Det er lite fokus på kongar og maktpersonar, og meir på dagleglivet. Dette kjem også fram i val av fokus i prosjektet deira. Dei valde å konsentrera seg om vikingklede og matskikkar i vikingtida. Dei laga papirdokker, som dei kledde på. Dette var ikkje vanlege klede i dag, men skjørt og kappe. Anne blir nysgjerrig på korleis dei kunne vita korleis desse kleda skulle sjå ut.

Anne: Korleis gjorde de for å finna ut kva slags kle dei hadde, Frida?

Frida: Det hugsar eg ikkje heilt, eg berre tenkte meg korleis ...

Anne: Ja.

Frida: ... dei såg ut.

Anne: Kanskje de hadde sett film eller bilde eller noko som skulle førestella dette her? Ja.

Denne vesle sekvensen er ein illustrasjon på korleis dei ulike partane tenkjer om den kreative prosessen. Frida gjev uttrykk for at ho har eit 'bilete' inne i hovudet. Korleis dette biletet har vorte til, ser det ikkje ut til at ho reflekterer noko over. Det synest som ho meiner ho berre har fått ein ide og så realisert han. Anne meiner tydelegvis at dette indre biletet har samanheng med ytre påverknad, frå bilete dei kan ha sett i bøker etc. Det kjem ikkje noko svar frå jentene på dette. Men Anne sjølv konkluderer med ja. Dette heng truleg saman med ei forståing av at i ein skapande prosess gjer me oss nytte av råmateriale frå ulike kjelder. I dette tilfelle kan det

også vera at Anne syntest at dei papirdokkene gruppa laga, liknar bilete ho hadde sett i bøker. Barna hadde tilgang på ulike bøker som dei såg i under prosjektarbeidet. Anne har kanskje også ei førestelling om at dei kjem til å leggja særleg merke til kostyma personane nyttar i Mostraspelet, sidan dei har jobba så mykje med klede, men dette vert ikkje teke spesielt opp seinare. Det gjorde inntrykk på dei andre i klassen då gruppa til Jorid og Frida laga vikingbrød, som dei serverte til klassen. Dei hadde fått oppskrifta av lærar. Og i følge jentene lika alle det dei fekk smaka.

Jentene har klare oppfatningar om rollefordelinga i vikingsamfunnet. Brødbaking var det kvinnene som tok seg av, og mennene skulle vera på jakt og vera klare viss det kom fiendar. Frida har også ei klar oppfatning av at det er forskjell på vikingtida og no. Dette gjeld på ulike plan:

Frida: Ja, det er veldig stor forskjell. Dei hadde meir sånn ..., eller dei måtte laga eller finna mat sjølv. Ikkje gå på butikken og kjøpa, sånn som me kan.

Anne: Mm.

Frida: Så hadde dei ikkje såne hus som oss heller.

Anne: Nei.

Frida: Og så hadde dei det veldig koseleg, synest eg.

Her ser me at Frida tek utgangspunkt i dei kvardagsnære tinga. Det ho samanliknar, gjeld mat og hus. Det kan difor verka noko overraskande at vikingsamfunnet kjem så positivt ut og at det verkar koseleg for Frida. Eg hadde kanskje venta at med betra materiell standard i vår tid, ville ho seia at det ikkje såg så koseleg ut, men at det måtte vera hardt å leva i denne tida. Frida vender dette den andre vegen. Kanskje det er noko med relasjonane og atmosfæren ho har funne positivt? Det same synest å gjelda for Jorid, for begge to konkluderer med at dei kunne tenkt seg å leva i vikingtida.

Når det gjeld situasjonen til barna i vikingtida, meiner Jorid og Frida at rollefordelinga også her klar: Jentene heldt seg med mora, og gutane var saman med fedrane. Dei måtte tidleg læra å hjelpa til. Om det var tid til leik, har dei mindre klar oppfatning om.

Jentene meiner at målet med vikingtoktene var å reisa til andre land og plyndra og skaffa seg fine ting til seg sjølv. Kor desse reisene gjekk til, synest dei å ha eit mindre tydeleg bilete av:

Jorid: Dei reiste til Island ...

Anne: Mm.

Jorid: ... og ..., ja, dei reiste vel mykje rundt omkring.

Anne: Ja, det gjorde dei.

Som me ser, er ikkje presisjonsnivået så veldig klart når det gjeld reiseruta til vikingane. Rett nok vert Island nemnt, men elles nyttar dei nemninga 'rundt omkring'. Jorid understrekar likevel at vikingane ikkje berre plyndra på desse reisene sine, dei fann også nye land og dei handla. Jorid har vikingferdene til kong Håkon (den gode?) som motiv i eitt av dei skriftlege arbeida sine, i form av vikingrap:

Hei eg hette Håkon. Eg er
konge her i lande og
har 500 skip. Eg reiste
til amerika og fekk meg
masse skit. Eg reiste
til India og fekk meg
masse gull. Eg reiste
til Norge og syng
kja, kja
kjul

Her kjem det fram at både Amerika og India synest vera mål for toktene. Eg oppfattar samanstillinga meir som eit uttrykk for morosame kontrastar enn som eit uttrykk for historiske fakta. Dette er vel eit viktig element i rappen som sjanger.

Begge jentene har oppfatningar om at vikingskipa hadde ein særskild utsjånad og ein bestemt funksjon.

Anne: Korleis var desse vikingskipa? Korleis såg dei ut?

Frida: Dei fleste hadde ein drage frampå. Og ..., men dei hadde ikkje segl, dei hadde ..., eller nokre hadde det, men dei rodde.

Anne: Mm, mm. Ja. Dette dragehovudet som dei hadde på båtane, kvifor trur du dei hadde det på?

Frida: For at folk skulle bli redde. Då såg dei at det kom vikingar.

Anne: Mm. Ja. Var folk redde for dei?

Frida: Ja.

Mange av dei andre elevane har fått med seg at dragehovudet er eit sentralt symbol på vikingskipa. Ikkje alle veit kvifor. Frida forklarar dette med at det skulle skapa frykt hos motstandarane, og her lukkast vikingane. Derimot har ho eit noko meir uklart bilete av om vikingskipa hadde segl eller ikkje. Dette kan vel hengja saman med at i bøkene er det framstillingar av ulike typar skip. Ho veit i alle fall heilt sikkert båtane hadde årar, og at mannskapet måtte ro.

For Frida og Jorid synest det som vikingane var dei sentrale maktpersonane i samfunnet. Og med viking meiner dei då slike som reiste på vikingtokt. Om forholdet til slekta elles har ikkje Frida noko særleg klar oppfatning. Jorid derimot veit at slekta var viktig

når det galdt å få hjelp i tilfelle vanskar og spørsmål om hemn. Når det gjeld andre kjende symbol i vikingtida, nemner Frida bålet. ”Dei hadde ikkje sånne varmeomnar, dei måtte bruka bål”. Når det gjeld kven som var kongar i den aktuelle perioden, synest dette å vera litt uklart.

Frida: Eg veit ikkje heilt om det var i mellomalderen eller vikingtida, men eg tenkte på Olav den heilage.

Her ser me at Frida nemner rett konge, men ho er usikker på kronologien i dette. Ho kjenner nemningane mellomalderen og vikingtida, men er usikker på kva epoke Olav den heilage høyrer til i. Anne stadfestar at Olav den heilage høyrer til vikingtida.

9.3.2 Samtale om ei teikning

I dette avsnittet vil eg presentera teikningane til Jorid og Frida om då Olav Tryggvason kom. Som me skal sjå, er det mange fellestrekk, men også skilnader i framstillinga.



Figur 9.3.2.1: Teikning av Jorid: Olav Tryggvason kjem

Innhald: Motivet i teikninga til Jorid (fig. 9.3.2.1) er når kongen kjem. Me veit ikkje om dette er tenkt lagt til Moster. Jorid har teikna to vikingskip og ein følgjebåt som er på veg inn til lands. I framgrunnen ser me eit landskap med folk og deler av eit hus. Skipa kjem inn langs ein fjord som går tvers over biletflata. I bakgrunnen ser me ei svart fjellrekkje. Over denne ser me himmelen med ei sol midt på. Det står to personar på ein liten fjellknaus til venstre i biletet. Dei skal truleg varsla at skipa kjem. På fjellknausen er også teikna nokre raude symbol, som kan likna på runer. Personane har sett spyda sine frå seg og bles i kvar sin lur. Dei har vikinghjelm med horn på hovudet. På bakken framfor dei ser me ein del personar med våpen, i stor grad spyd. Jorid kallar dei ”pinnar med stein på”. Figurane er små og nokså enkelt teikna, dei aller fleste i profil. Dei fleste personane på bakken vender andletet mot dei som bles i luren. Me ser også nokre få dyr, som sauer, ei ku, ein gris, ein hund og nokre ender. Nede ved sjøen står ein slipestein. Til høgre i biletet ser me delen av eit gult hus med oransje tak. Attmed huset ser me ein hage med blomar og andre planter. Desse er dekorativt arrangerte i rader. Inne i denne fjellknausen er det truleg eit rom, for det er ein svart opning inn. Til venstre for inngangen har Jorid teikna Tor med hammaren. Han er kledd i ein brun kjortel. Ho tenkjer seg at han var synleg til stades. Jorid får fram at dette er ei bygd der kvardagslivet går sin gang. I nærleiken av huset har ho teikna inn ein sjef for folket. Han har langt, gult skjegg, og er kledd ein brun kjortel, ei raud kappe og med eit spyd i handa. Denne mannen er teikna i frontal, som om han ser mot oss.

Anne er oppteken av om dette blir ein kamp mellom dei som kjem og dei som bur der, og ho lurar på kven som vinn. Dette har Jorid ei klar meining om. Det er dei som kjem, som vinn. Dei er kristne, og vil overtyda dei som bur der.

Anne: Dei er på vei til lands. Trur du ... Kven er det som vinn då?

Jorid: Eg har tenkt at dei som kjem skal vinna.

Anne: Dei som kjem skal vinna, ja. Og kva er det dei vil?

Jorid: Dei vil ikkje slåss.

Anne: Dei vil ikkje slåss? Men må dei slåss då? Eller vinn dei likevel?

Jorid: Dei slåss med ord.

Anne: Dei slåss med ord (uth.)? Det var litt spennande. Ja, det var veldig spennande. Kva seier dei då?

Jorid: Nei, dei seier liksom at du skal tru på ein himmel som Gud og masse sånn.

Anne: Mm. Så du meiner at då forklarar dei og brukar sånne ord at dei andre må ... Ja, blir dei overbeviste då?

Jorid: M-j-a-a. Eg trur det.

Anne: Så nokre begynner å tru på dei og nokre ...

Jorid: Nokre vil ha den gamle trua.

Anne: Akkurat. Men dei slepp ..., dei slepp å bruka våpna sine då? Det blir ikkje nokon skikkeleg krig av det, altså?

Jorid: Nei.

Anne: Nei, nettopp. Men det var spennande å ..., at dei vann med orda sine. Då måtte dei ha tenkt godt gjennom kva dei skulle seia. Ja.

Alt i det første svaret viser Jorid at ho sjølv har regien på det ho vil framstella. Det er ho sjølv som har tenkt at det skal gå slik det gjer i denne 'kampen'. Ho tek altså ikkje utgangspunkt i ei faktahending frå t.d. ei bok, som ho gjengjev eller kopierer, men seier ho sjølv har tenkt seg eitt bestemt resultat, nemleg at dei som kjem med kristendommen vinn, og det er det ho vil framstella. Kvifor Jorid gjer dette, veit eg ikkje. Kanskje kan det liggja ein viss sympati med dei som kom? Ho unngår i så fall det paradokset som mange andre framstiller, at kongane brukte maktmiddel som streid mot det som mange ville seia var bodskapen i kristendommen, nemleg fred. Spørsmålet er dermed om dette er ønsketenking hos Jorid om korleis det kunne (eller burde) ha gått føre seg, eller om ho tenkjer seg at dette er ei framstilling av ei faktisk hending.

Form: Jorid gjer bruk av stilistiske verkemiddel, sjølv om personane er små. Som nemnt framstiller ho personar i profil for å få fram ei viss retning på merksemda deira. Personane er enkelt kledde: Jentene i korte kjolar og mennene i lendeklede, truleg av skinn. Kleda og utstyret er framstelt i tradisjonelle kodar for vikingtida. Det same gjeld vikingskipa, der det eine er forma som ein knarr. Sauene er enkelt laga, med strekar som framstiller beina, og krusedullar for å få fram ulla. Hovudet på sauene er markert. Dei andre dyra er også enkelt laga, men me kan kjenna att kva slags dyr ho vil framstella. Ho viser såleis evne til differensiering. Guden Tor og personane som står og spelar, er dei figurane ho har framstelt mest detaljert. Det kan tyda på at dei er sentrale. Landskapet med folka og den grøne bakken dekkar om lag halvdelen av arket. Sjøen er markert med to parallelle liner, den eine viser grensa til bakken, og den andre viser grensa til fjella. Dette gjev ein viss romverknad. Fjella er forma med små bogar, som får fram ein viss skilnad mellom fjelltoppane. På himmelen ser me ei stor sol og nokre små bogar som truleg skal framstella fuglar. Sola og fjella i bakgrunnen dannar ei harmonisk kulisse. Me ser ikkje kristne symbol, sjølv om Jorid fortel at dette handlar om kristninga. Derimot ser me Tor framstelt med hammaren sin. Me ser også tradisjonelle vikinghjelmar med horn. Huset, dyra og plantane gjev eit visst inntrykk av kvardagsliv. Det same gjeld slipesteinen ved stranda.

Konklusjon: Den dialogen eg har referert til, er etter mitt syn døme på ei uvanleg tilnærming til kulturskiftet. Jorid representerer her det eg vil kalla *overtydings-paradigmet*. Sjølv om Jorid også nyttar metaforen å 'slåss', henta frå eit konfliktparadigme, oppfattar eg dette som ei nokså avansert tilnærming til hendingane. Som me ser av samtalen, opplever

Anne denne tilnærminga litt uvanleg. Ho følgjer aktivt opp og viser interesse for kva Jorid eigenleg kan meina. Det er ein invitasjon til vidare refleksjon. Anne er nysgjerrig på korleis Jorid tenkjer seg at denne overttydinga ved ord kan gå føre seg, og kva som er innhaldet i budskapet. Dette forklarar Jorid. Det handlar om å tru på Gud og himmelen. Anne er også inne i konflikterminologien, med spørsmålet sitt om det ikkje blir 'skikkeleg krig'. Jorid seier at det blir ingen skikkeleg krig i tradisjonell tyding. Det kan synast noko underleg at me ikkje ser kongen markert med kristne symbol. Derimot er guden Tor framstelt som ein person på biletet. Eg vil seinare koma attende til i kva grad Jorid nyttar overttydingsparadigmet som tolkingsnøkkel, eller om ho også nærmar seg kulturskiftet ut frå andre perspektiv.



Figur 9.3.2.2: Teikning av Frida: Kongen kjem til Moster

Innhald: Motivet i teikninga til Frida (fig. 9.3.2.2) er då kongen kom til Moster. Me ser to vikingskip som er på veg inn til lands. Dei er på fjorden, om lag midt på biletet. Omkring ser me landskap med fjell og bakkar. Me ser også folk på land som lurar på kven det er som kjem.

Skipa er svært enkelt framstelte og relativt små. Me ser skipa frå sida. Skipet til venstre har eit dragehovud, fortel Frida, men dette er ikkje så lett å sjå. Skipet har ei mast med

to kvite segl og fem skjold langs skipssida. Om bord ser me tre personar, forma som strekfigurar med rundingar til hovud. Over personen framme har Frida skrive ”Konge”, for å markera at dette er leiaren. Skipet til høgre har seks skjold langs sida og to kvite segl. Skipa er framstelte litt på skrå, for å illustrera at det er bølger. På bakken nedst på arket ser me menneske som er opptekne med kvardagssyslar. Til venstre ser me ei gryte som heng i eit stativ over eit bål. Attmed står ei kvinne med langt, mørkt hår og brun kjole. Me ser henne attanfrå, og det verkar som ho speidar utover mot sjøen. Til høgre for henne ser me to barn som leikar med ein ball. Jenta ser me i profil. Ho har langt hår og brun kjole. Det verkar som ho kastar eller spenner ein ball til den andre ungen, som er mindre. Vedkomande seier ”Au, au, au”. Alle er barbeinte. På bakken ligg ein stor duk, med kvite og raude ruter. Han minner om eit sjakkbrett. På bordet står to staup, ei skål med frukt, eit brett og noko brunt. Attmed ser me ein mura utepeis med eld. Oppå ligg eit brød. Til venstre ser me eit spyd. Mellom peisen og åkeren ser me ein vaksen person. Det er truleg mannen i familien. Figuren er teikna svært enkelt, med eit rundt hovud utan detaljar, tynne armar og bein, og ei brun kappe. Slik kapp er forma, kan det illustrera at det bles vind frå venstre. Attmed personen ser me ei tenkjeboble med orda: ”Kem er Det”. Det tyder på at vedkomande lurar på kven som kjem. Sidan andletet ikkje er markert, ser me han truleg attanfrå. Like ved mannen ser me ei brun bru som går over ein smal fjordarm. På andre sida ligg eit stort, svart fjell. Nede ved strandkanten er det ei opning i fjellet, og her ser me ein person som står ved inngangen til ei hule. Denne er forma som ein halvmåne, og er farga gul. Kanskje skal det bety at det er lys der inne? Ovanfor fjellhola ser me ei fjellhulle med litt grønt gras. Her ser me ein sau som truleg har gått i skorfeste. I bakgrunnen ser me ei mørk fjellrekkje. Ei sol overlappar fjellet. Bak fjellet ser me blå himmel. Til venstre i biletet er det også eit stort fjell. Frida fortel at kongen og folket hans kjem, men kva ærendet deira er, veit ho ikkje heilt. Hovudvekta synest dermed å liggja på kvardagslivet på garden i vikingtida. Det viser kvinner som lagar mat, ungar som leikar og bonden som er i åkeren. Han lurar berre på kven det er som kjem. At det er ein konge som nærmar seg, gjer Frida svært lite ut av, anna enn å registrera det. Det ser heller ikkje ut å gjera noko inntrykk på folket på land. Livet går sin gang, og folk er opptekne av å få seg mat. Sola og berga er markert tydeleg, og skaper ei viss trolsk stemning over landskapet.

Form: Teikninga er delt i tre hovudfelt, med folka på land i framgrunnen, båtane på sjøen i midtfeltet og fjella og himmelen i bakgrunnen. Ut frå det Frida fortel, synest menneska på land å vera dei ho er mest oppteken av. Dette ser me også ved kontrasten i måten personane om bord og personane på land er framstelte på. Folka på land er meir forseggjorde. Me ser eit visst ’liv’ i teikninga ved at Frida nyttar replikkar i snakke- og tenkjebobler. Vidare

ser me eit visst forsøk på å framstella at det bles. Dette ser me også ved bruk av strekkurver på den blå sjøen og på kappa til bonden. Me ser også ein del kontrastar i teikninga. Særleg gjeld dette måten fjella og bakken er skraverte på, ved loddrette striper, i motsetnad til den vassrette skraveringa på sjøen og himmelen. Til høgre på arket ser me ei loddrett line som markerer overgangen til ein åker. Rastene i åkeren er parallelle, og dannar ein viss kontrast til dei horisontale basislinene som markerer bakken. Dei fremste fjella overlappar fjell som er laga litt lenger i bakgrunnen. Dei mørklagde fjella gjev eit visst inntrykk av at fjorden er 'stengt inne', og det er ei viss dyster stemning. Dei lyse og friske fargane Frida har nytta når det gjeld familien på land, gjev eit meir harmonisk og lyst inntrykk. Her har Frida tydeleg lagt vekt på små detaljar når det gjeld utstyr.

Konklusjon: Frida framstiller møtet i eit *harmoniperspektiv*, slik eg tolkar det, sjølv om ho ikkje seier noko særleg om korleis det går i møtet. Ho nyttar ingen tydelege religiøse symbol. Me finn tradisjonelle kodar for framstillinga av livet på vikinggarden. Kanskje den raud- og kvitrutete duken dannar unntaket her? Kanskje Frida legg stor vekt på å framstella dette koseleg?

9.3.3 Tur til Moster våren 1998

Jorid er ei av dei få som nemner at ho vart oppteken av gravene utanfor gamle Moster kyrkje, tydeleg fordi ein ho kjenner hadde slektningar som var gravlagde der. Det kan tyda på ei viss interesse for slekta og tidlegare generasjonar. Statuane utanfor kyrkja hadde ho også lagt merke til. Ho syntest elles det var interessant å koma inn i kyrkja. Ho la merke til bileta med motiv frå Bibelen på veggane, og ho merka seg døypefonten. Også Frida lika å vera i kyrkja, og karakteriserer opplevinga si slik: "Den kyrkja. Det var kjempegøy. Det var nettså så fint der og gammaldags."

Jorid hugsar også små glimt frå utstillinga. Ho nemner kort Odin, 'dama' (volva), ein gravlagd mann og Midgardsormen. Frida seier ho opplevde det "... litt skummelt", men dette uttrykket forstår eg som at opplevinga var meir spennande enn angstfylt. Kva kongar det var bilete av på utstillinga, har dei ikkje merka seg. Det synest som om jentene har noko vage minne frå denne utstillinga. Det kan ha noko med tid og presentasjonsform å gjera, men også med at intervjuet var lang tid etter turen.


9.3.4 Møte med den norrøne trua

I det første intervjuet hausten 1998 nemner både Jorid og Frida om Odin og Tor når me snakkar om dei norrøne gudane.

Jorid: Tor, det var han som for gjennom himmelen og slo ..., og kasta med hammaren sin.

Kva Jorid legg i uttrykket "... for gjennom himmelen" er ikkje godt å seia. Her er romforståinga noko uklar. Er himmelen eit rom Tor er inne i, eller tenkjer ho seg heller himmelen som det me forbind med "... oppe i lufta" eller himmelkvelvingen? I alle høve er Tor forstått som ein som er i rørsle og som har eit mektig våpen, nemleg hammaren. Ho kjenner lite til kva Odin står for, veit berre at han hadde eitt auga.

I det andre intervjuet eit halvt år seinare, er Jorid heilt tydeleg på at Odin var 'sjefen'. Her fortel ho også vidare om Tor med hammaren. No nyttar ho det meir vanlege uttrykket om Tor, nemleg at han "... for over himmelen". Her er det truleg at ho forestellar seg himmelkvelvingen. No fortel ho også om at det lynar når han slår med hammaren. Dette kjem også tydeleg fram i ei av teikningane hennar (fig. 9.3.4.1).



Figur 9.3.4.1: Teikning av Jorid: Tor med hammaren

Her er Tor ute og rir ei mørk natt. Det forstår me av at bakgrunnen er skravert svart og delvis blått, og me ser ein månesigd. Me ser også gule stjerner. I framgrunnen ser me Tor som kjem køyrande i ei raudbrun kjerre med ei svart stripe langs sida. Me ser dette i profil frå venstre. Dette får fram at Tor er i rørsle framover. To bukkar drar vogna. At det er to bukkar, tolkar eg ut frå markeringa av beina. Tor har ei raudbrun skjorte på seg, og held ein hammar i handa. Han har skjegg og hjelm med horn på hovudet. Under kjerra og bak ser me sikksakklyn. Teikninga er ein illustrasjon på korleis Jorid visualiserer biletet ho har av Tor.

Også Frida nemner Odin og Tor i det første intervjuet. For henne er det heller ikkje heilt klart kva dei står for. Ho seier at ho blandar dei saman. Korleis går det så i det andre intervjuet, når ho er saman med Jorid? Her nemner ho at Odin har to fuglar. Men så er ho også inne på tanken å forbinda Odin med hammaren. Då vert ho korrigert av Jorid:

Anne: Kva var Odin kjend for?

Frida: To fuglar og så ..., eg trur det var han som hadde den hammaren.
(Jorid kviskrar noko.)

Anne: Ja, berre kom igjen, Jorid. Du ville seia noko her.

Jorid: Tor med hammaren, og Odin hadde veldig godt syn.

Her ser me at Jorid er forsiktig i korrigeringa si. Ho kviskrar noko som er umogleg å høyra, men Anne oppfattar at ho har noko ho vil seia, og dermed får Jorid sjansen til å forklara at hammaren høyrer saman med Tor. Slike små dialogar der barna korrigerer kvarandre, er det ikkje så mange av. Her er eit døme på at Jorid er sikker i si sak om korleis Tor vert framstelt. Men denne vesle dialogen ser også ut til å aktivera dei kunnskapane Frida har om Odin. Medan ho om hausten blanda saman Odin og Tor, kan ho no fortelja at Odin har berre eitt auga på grunn av at han hadde ofra det andre til "... ei sånn kjelde", og at han var veldig klok. Ho hugsar også namnet på fuglane hans, Hugin og Munin. Dette tyder på at ho har følgt med i undervisninga og lært meir om Odin.

Dei andre gudane i det norrøne universet hugsar jentene lite om i det andre intervjuet. Når det gjeld gudedyrking, nemner dei bloting og skikken med å laga statuar. Elles går dei lite inn på dette. Frida har ei nokså enkel framstilling av verdsopfatninga til vikingane.

Anne: Veit de litt om korleis vikingane tenkte seg at verda såg ut?

Frida: Flat som ei pannekake.

Anne: Ja.

Frida: Så viss dei reiste for langt ut, så var dei redde for at dei skulle detta utfor.

Anne: Mm.

Denne 'pannekakemodellen' ser ut til å vera mykje nytta, truleg også av lærar, for det er mange av barna som nyttar denne metaforen. Når Anne trekkjer inn namna Åsgard, Utgard og Midgard, blir oppfatninga meir diffus.

Anne: Kjenner de desse uttrykka Åsgard, Utgard og Midgard? Har de høyrte om dei? Veit de kven som budde i Åsgard?

Jorid: Eg veit ikkje heilt. Anten så var det gudane, eller så var det dei der vettene eller kva dei kalla dei.

Her ser me at Jorid truleg har høyrte namna. Ho har ei viss oppfatning av at det var ei deling mellom kor gudane og vettene budde, men kan ikkje plassera dette heilt. Sjølv om desse nemningane er sentrale i oppbygginga av utstillinga på Moster, som dei besøkte året før, synest det ikkje som om denne utstillinga har gitt Jorid og Frida noko visuell oppfatning av kva omgrepa stod for.

Jorid har gjennom arbeidet sitt med vikingboka gitt eit vidare perspektiv når det gjeld gudane i den norrøne trua. Ho teikna fleire av desse og skreiv faktasetningar.



Figur 9.3.4.2: Teikning av Jorid: Idunn

Idunn (fig. 9.3.4.2) er teikna med andletet fram. Det verkar som ho ser på oss med eit ettertenksamt blick. Ho står innved stamma av eit stort tre med grønt bladverk over. Idunn har langt gult hår med raude striper. På seg har ho ein blå bluse med kvit krage og eit raudt skjørt med selar. Ho held på ei brun skål med fire eple. Om Idunn skriv ho: "Eg veit at Idun hadde noken spesiele epler og at gudane blei onge."



Figur 9.3.4.3: Teikning av Jorid: Odin og Tor

Jorid har også ei framstilling av Tor og Odin, forma som statuar (fig. 9.3.4.3). Her har dei likevel ein del menneskelege trekk, framstelt med ein viss humor, slik eg tolkar det. Statuane står ved sida av kvarandre, innmed ein brun vegg. Odin er til høgre, og har same farge som veggen. Tor er farga gul. Blyantstrekar markerer forma på statuane. Øvste delen av statuane er markert som andlet, med augo, nase og munn. Augo til Tor er forma som om han ser opp på Odin, medan Odin kan sjå ut som han feller ei tåre på høgre auga. Dette kan også vera fordi han kanskje har ein lapp over auga. Tor har også øyro, forma som 'grytehandtak', og brunt hår. Begge har armane i kors på magen. Tor har ein hammar mellom hendene. Over statuane heng det skilt med namnet deira. Framfor statuane ligg det fire mus og ein grøn makk eller slange. Ei anna mus ser ut til å gnaga på ein kylling, og ein annan slange gneg på eit brød.

Truleg er denne teikninga inspirert av forteljingar om mus og rotter som tok offera som var borne til gudane. Men eg vil også seia at forma på gudestatuane minner om totempålar.

9.3.5 Møte med kristendommen

I det andre intervjuet tok Anne opp kva forståing barna hadde av kristendommen i vikingtida. Det som skil denne trua frå den gamle trua er, i følge Jorid, at i kristendommen, ”... der såg dei ingen gud, eller noko sånt.” Dei trong heller ikkje å gje guden mat, slik dei måtte i den gamle trua. Derimot kunne dei få kontakt med den nye guden ved å be. Her får altså Jorid fram ei oppfatning av at det er skilje både innan gudsforståing og gudsdyrking. Frida er samd med denne framstillinga. I kristendommen legg Jorid vekt på at Gud er usynleg. Her er det heller ikkje snakk om vanlege offerritual, slik dei kjenner frå norrøn tru. Det synest likevel vera mogleg med kontakt mellom menneske og gud gjennom bøn. Her er det tale om ein usynleg kontakt.

På spørsmål om korleis dei i kristendommen tenkte seg at verda var blitt til, og korleis verda såg ut, svarar Jorid at ho ikkje veit. Frida tek opp at dei meinte at Gud hadde skapt jorda, og at ho var rund. Anne ser ut til å vilja nyansera dette noko, og legg til at det var nok også ein del kristne i den første tida som trudde at jorda var flat.

Det kan synast underleg at ikkje Jorid og Frida i større grad trekkjer inn dei kristne skapingsforteljingane i samtalen, då dei truleg har hatt langt meir om desse på skulen enn om dei norrøne mytane. Kanskje dei oppfatta at dette vart eit for omfattande spørsmål som handla meir om kristendommen generelt enn om kristninga av Noreg?


9.3.6 Møte mellom norrøn tru og kristendommen

I følge Jorid vart det ”... masse tull” då Noreg blei kristna. Med ’tull’ forstår eg her uro og bråk. Nokre ville tru og andre ikkje. På den andre sida la ho vekt på overtydingsparadigmet i samband med teikninga si. Om hausten har heller ikkje Frida noko klar oppfatning av korleis møtet mellom norrøn tru og kristendommen gjekk føre seg. Våren 1999, før Mostraspelet, er biletet kanskje ikkje blitt så mykje meir tydeleg. Anne er nysgjerrig på kva som var rolla til kongane når det galdt kristninga:

Anne: Kvifor høyrer me så masse om kongane når det galdt kristninga av landet vårt?

Frida: Dei var veldig viktige. Dei pleidde å reisa ut på tokter og sånn. Og så fekk dei det sånn, og så tok dei med seg og sånn.

Her kjem det fram ei oppfatning av at kongane hadde fått med seg kristendommen ute på toktene sine. Me kan ana ei forståing av kristendommen som ein 'ting' som ein kan ta med seg vidare. På framsida av arbeidsboka om kristninga av Noreg har Jorid valt å teikna ein stor kross, plassert på ei grøn slette attmed ein fjord, med fjell og ei sol som kjem opp over fjellkammen. Sola sender tydelege strålar utover. Teikninga er enkel og stilisert, og er truleg inspirert av orda frå fedrelandssalmen eg alt har vist til: "... og lys over landet strøymde" (fig. 9.3.6.1). Fleire av barna har valt dette motivet som framside i arbeidsboka si.



Figur 9.3.6.1: Teikning av Jorid: Tittelside til arbeidsbok

Jorid har også teikna og skrive forteljingar om dei to kristkongane Olav Tryggvason og Olav den heilage. Dette kan fylla ut biletet hennar av møtet mellom norrøn tru og kristendommen.



Figur 9.3.6.2: Teikning av Jorid: Olav Trygvason

Olav Trygvason er framstelt med pil og boge (fig. 9.3.6.2). På ryggen har han eit kogger med piler i. På hovudet har han ein hjelm. Han har oransje skjorte og gule bukser, og skinnsko på beina. Han er teikna i profil. Han ser myndig ut. Jorid har også laga ei forteljing om då Olav Trygvason møtte Hårek. Namnet Hårek har Jorid truleg funne på sjølv, kanskje etter ide frå teikneserien om Hårek den hardbalne.

Ein kristen konge møtte ein Høvding. / Då Olav Trygvason møtte Hårek. Olav møtte eingong Hårek og han spurde om han trudde på Kvitekrist. Hårek sa Nei og då sa Olav: har du lyst til å bli kristen? Då sa Hårek Nei. Olav sa då: Hvis du får systo mi vil du då bli kristen? Hårek tenkte seg om og sa Nei. Vil du ha ein fiskebekk av meg? Hårek tenkte seg litt meir om og sa Nei igjen. Då gjekk Olav. Nokre dagar seinare møtte han Hårek igjen og han sa: Har du nokon bedre idear med kva eg kan få for å bli kristen? Olav sa: Ja eg lurar på om du vil ha et spyd og et silketeppe? Hårek tenkte seg litt om og sa eg skal spør kano mi. Då han kom tilbake sa han eg vil mykje heller ha meg et nytt hus og då sa Olav nei no blir eg sint du tenker jo berre på rikdomer et hus får du ikkje då tar me heller og kriga om at du blir kristen. Javel sa Hårek i morgon tileg kjem du med din hær og eg med min og me møtes akkurat her under detta treet. Ja vel sa Olav. / Neste dag då solo stod opp stod Hårek med sin hær klar og Olav med sin. Dei telte til tre og starta og kriga da vart ein forferdelig krig. / Olav var fryktelig god og da var Hårek og. Olav stod ei stund og såg seg rundt og merka at da hadde komt ein annan hær og Olav kjempa så svetto rann og etter eit par tima så gav Hårek og hans hær seg og Hårek og hans gjeng blei døypt.

I denne forteljinga spør Olav vikingen Hårek om han vil bli kristen. Etter at Hårek først svarar nei, kjem Olav med forslag til kva han kan få som vinning dersom han seier ja. Han tilbyr han søstera si, ein fiskebekk, eit spyd og eit silketeppe. Hårek svarar ikkje utan vidare ja på dette,

heller. Han må rådføra seg med kona si, og kjem med svar at han vil ha eit nytt hus. Dette meiner Olav er for mykje forlangt, så han vel heller å ta ein krig for å få avgjort om han skal bli kristen eller ikkje. Neste dag møttest dei under treet. Etter å ha talt til tre, starta ein forferdeleg krig. Begge var gode, men etter ein intens kamp, gav Hårek seg, og han og flokken hans vart døypt. I denne forteljinga finn me døme på korleis Jorid først tenkjer seg forhandlingar om å gå over til kristendommen, men at makta rådde til slutt. Ho brukar fantasien sin for å finna freistande tilbod, og byggjer opp desse frå det rimelegaste til det beste. Men til slutt vert krava til motparten for store. Klimaks vert difor nådd når kampen er i gong. Jorid held også på spenninga, for kampen drar ut. Men til slutt lukkast hovudpersonen. Det blir ei 'happy ending' med eit visst eventyrpreg. Likevel må me seia at her overtek konfliktparadigmet.

Jorid har også ei forteljing der ho kommenterer møtet mellom Olav Haraldsson og Dale-Gudbrand. Her tek ho stilling til kva ho ville gjort dersom ho var i deira stad. Ho ser ut til å halda med Olav i måten hans å gå fram på. Men først ville ho vera villig til å kjøpslå med Dale-Gudbrand, om det var noko han ville ha for å bli kristen. Lukkast ikkje dette, ville ho gå til kamp slik Olav gjorde. Dersom ho var Dale-Gudbrand, ville ho bedt om argument for den nye guden, for å få vita om han var så mektig som dei sa. Ho ville også bedt om å få ein ny fiskebekk. Hadde ho fått dette, ville ho blitt kristen. Her viser såleis Jorid vilje til å bruka forhandlingsløysingar i form av økonomiske eller andre fordelar som vilkår for å la seg kristna. Medan ho i ein annan samtale la vekt på det å vinna kampen med ord, eller argument, er det her meir opning for kjøpslåing og fordelar av verdsleg art.

Jorid har også ei forteljing der Olav den heilage skriv dagbok. Han er då tolv år og skal få lov til å vera med på vikingtokt. Dei reiser til Frankrike, og her høyrer han om ein annan gud enn den han sjølv har. Han bestemmer seg for å bli døypt og å reisa heim, bli konge og kristna landet. Deretter følgjer me han gjennom reisa heim og til at han har gjeve lover. Han kjempar for å få riket. Men han vinn ikkje, han taper. Difor må mora fullføra dagboka hans. Ho fortel at dersom ein går til grava hans, kan ein bli lækt for sår. I denne forteljinga prøver Jorid å få fram dei personlege tankane til kongen om eiga skjebne og rolle. Historia får ein litt vemodig slutt, då mora må ta over dagbokskrivinga og fortelja korleis det endar. Her syner Jorid evne til å ta perspektivet til mora.

9.3.7 Møte med Mostraspelet

Før Mostraspelet

Verken Jorid eller Frida har sett Mostraspelet før. Dei har heller ikkje høyrte noko om innhaldet på førehand, anna enn at det handlar om vikingane.

Etter Mostraspelet

Korleis opplevde så jentene Mostraspelet? Begge to understrekar at det var ei våt og kald oppleving, som gjorde sitt til at det var vanskeleg å følgja med. Det er difor eit eintydig råd til seinare klassar at dei tek omsyn til veret og kler seg godt. Dei konkluderer likevel med at turen til Moster var 'kjempekjekk'. Spørsmålet mitt er korleis me kan forstå forholdet mellom desse kjenslemessige ytterpunkta.

Jorid formulerer innhaldet i spelet som at det handlar om kristninga av Noreg og om folk som ikkje ville bli kristne. Frida utdjupar dette med å fortelja om kongen som kom til Moster og at han der møtte Torolv. Han ville ikkje bli kristen, og fekk med seg ein gjeng mot kongen. Desse blota seinare i løynd. Frida trekkjer også inn Vigdis, som ho hugsar blei kalla "... sommarblomen til han Torolv". Kva dette kan bety, veit ho ikkje, men ho er klar over at han var forelska i henne, "... veldig forelska i henne", som ho uttrykkjer det. Ho meiner at Vigdis var noko meir reservert, sjølv om ho nok var glad i han også:

Frida: Og så trur eg ho var glad i han også, men ho ville ikkje visa det så masse som han gjorde.

Dilemmaet var at Vigdis let seg døypa og begynte å tru på Kvitekrist, medan Torolv ikkje ville dette. Han ville tru på dei gamle gudane, og det enda med at han blei drepen. Dette synest Frida var "...litt trist". Ho gjev dermed uttrykk for sympati, og meiner at spelet enda trist. Jorid brukar ikkje så sterke uttrykk. Ho formulerer det på ein mildare måte, i det at det gjekk "... ikkje bra i alle fall". Men også ho synest synd på dei, og endar opp med konklusjonen at det var trist.

Jentene oppfatta rolla til kongane som det å tvinga folk til å tru. Til å hjelpa seg hadde dei prestane. Her var Tangbrand ein sentral person, sjølv om han blir litt brutal, og etter kvart vert avslørt. Begge har også merka seg den gamle kjerringa, Gunbjørg gamle, som oppfører seg som ei trollkjerring. Jorid har også teikna henne (fig. 9.3.7.1).



Figur 9.3.7.1: Teikning av Jorid: Gunbjørg gamle

Jorid framstiller Gunbjørg som ei eldre dame med bøygd rygg ("den gamle kjeringo"). Ho går i ein raudbrun kjole med lappar på. Dette skal truleg understreka at kjolen er sliten og dama er fattig. Ho har halvlangt hår og eit tørklede på hovudet. I høgre handa har ho ein stokk. Den venstre handa held ho på ryggen. Ho står på ei grøn slette, med fjell og blå himmel i bakgrunnen. Jorid og Frida forstår likevel ikkje heilt kva som skjer i Mostraspelet ein gong då Gunbjørg prøver å fortrolla Vigdis. Derimot synest Jorid det er morosamt då ho slår mennene. Ho meiner ho kjem til å hugsa godt denne gamle dama av di ho var så morosam. Jorid kommenterer altså ikkje, som mange andre gjer, at det var positivt at kvinna heldt fast på den gamle trua. Jorid synest å ha ei meir utvendig oppfatning av at scenene med slag var morosame eller underhaldande.

Elles har jentene lagt merke til Torbera, mor til Torolv. Jorid formulerer oppgåva hennar som at ho ville få Torolv til å bli kristen og "... at han ikkje skulle oppføra seg så dumt og sånt." Her vert Torbera tydeleg oppfatta som ei som hadde klare moralske meiningar når det gjeld sonen.

I forståinga av spelet vekslar dei mellom å ta perspektivet til Torolv og dei andre som ikkje ville bli kristna, og til å sjå det som eit spel om kongane som prøvde å kristna folket. Dei får fram at det handlar om motsetnader, men dei har likevel ikkje noko tydeleg framstilling av kven som var taparar og vinnarar. Det dei hugsar best igjen frå Mostraspelet, er blotinga. Dei

synest at dette var ekkelt, men kanskje også litt spennande, for dei "... blei jo heilt galne når dei drakk det [hestablodet]." Det kan bety at dette ritualet appellerte av di det er uvant for dagens barn.

Når Anne viser bilete frå teikneserieheftet av dei ulike situasjonane, svarar jentene greitt. Dei kjenner att hendingane, så det synest som om dei har fått mykje med seg. Eit visst engasjement kjem til syne når dei ser biletet av Gunnbjörg gamle. Jorid understrekar som nemnt at ho synest Gunnbjörg var morosam. Scena med messa ser det derimot ut til at dei har fått mindre ut av, og her er svara relativt korte. Når det gjeld innhaldet i Kristenretten, utmerkar derimot svara til Jorid seg. Ho nemner fleire nye lover, som det å ikkje setja ungar ut i skogen, det å ikkje ha andre gudar enn Gud, å halda søndagen heilag, ikkje eta kjøt på fredagen, og ikkje baka brød på søndagen. Klede kunne dei heller ikkje ha hengjande ute om søndagen. Jorid har tydeleg fått med seg desse reglane, som dei hadde gått gjennom på skulen på førehand. Likevel er det etter mi meining godt gjort å hugsa dei. Eg trur likevel Jorid her også blandar reglar som i ettertida har utvikla seg innanfor ei pietistisk kristendomsforståing, t.d. mot det å baka brød og hengja ut klede på søndagen.

Det eg elles merkar meg av kva jentene har fått med seg av innhaldet i Mostraspelet, er at Frida fortel om ein av kongane som tek ei jente opp på fanget. Ho får dermed det inntrykket at han var snillare enn den andre kongen. Denne vesle episoden er, så vidt eg forstår, ikkje ein del av manuskriptet, men ein ide hos regissøren. Ei jente som er med blant barna i spelet blir henta opp på scena, og blir teken opp på fanget av han som spelar Olav den heilage. Her held han krona si over hovudet hennar. Dette vert av Frida oppfatta som eit koseleg trekk og uttrykk for at kongen var snill. Denne episoden kan kanskje stå som uttrykk for at eit 'grep' frå regissøren kan bety ei forsterking (eller endring?) i oppfatninga til Frida av kongen.

Jorid og Frida har som nemnt fått med seg at Torolv blir drepen til slutt. På spørsmål frå Anne om dette er venta, får ho likevel ikkje eit klart ja eller nei. Derimot får ho ei vurdering av korleis dei oppfatta slutten reint spelemessig.

Anne: Synest de slutten blei sånn som de hadde venta?

Frida: Det såg litt uekte ut.

Denne måten å reagere på er felles for mange av barna. Dei går ikkje inn i nokon reell diskusjon om slutten i høve til korleis 'storyen' har bygt seg opp, og kva dei ventar som klimaks eller konsekvens. Derimot er fokuset på i kva grad dei opplever dette som eit

skodespelteknisk triks eller ikkje. Og her er dommen klar: Dette drapet blir framstelt litt mislukka. Trikset er avslørt. Dette meiner dei likevel ikkje har bakgrunn i at dei faktisk visste på førehand korleis det kom til å gå, av di dei begge hadde lese teikneserieheftet, for dei synest ikkje det var dumt at dei visste dette på førehand. Poenget deira er at dei jo kunne sjå at Torolv pusta framleis, og at det ikkje kom blod då mannen stakk sverdet inn. Men med litt ettertanke ser dei likevel at det ikkje utan vidare er lett å få det til å sjå ekte ut. Frida summerer opp dette på følgjande vis:

Frida: Det var eigenleg fint at det ikkje gjorde det også, for då, viss ikkje han hadde pusta, då hadde han jo døydd på skikkeleg.

Anne: Ja, det ville vore litt dramatisk.

Her ser me at situasjonen set i gong refleksjonar omkring bruk av estetiske verkemiddel i historiske spel. Dei får godt fram dilemmaet mellom 'kravet' frå publikum om det ekte og autentiske, i høve til det som er etisk forsvarleg og/eller kunstnarisk gjennomførleg. Kanskje nettopp denne scena får mange til å samanlikna med det dei elles har sett av verkemiddel frå framstillingar av drap og mord på tv og film. Nettopp teateret, der ein er her og no, har kanskje mindre mulegheiter til å bruka slike triks? Når det gjeld Jorid og Frida, er det interessant å høyra refleksjonane deira om grensene for slike triks, medan andre ikkje alltid reflekterer over at det er skilnader på teater og film.

Personar desse jentene trekkjer fram som dei har lagt spesielt merke til, er Gunbjørg gamle og Vigdis. Kanskje ikkje uventa er det kvinner som her vert trekte fram. Men me merkar oss at desse kvinnene på mange måtar representerer to motpolar: Vigdis som representant for den nye trua, og Gunbjørg gamle som held på den gamle trua. Ved nærare undersøking viser det seg likevel at Gunbjørg blir lagt merke til, ikkje først og fremst fordi ho representerer den gamle trua, men for at dei oppfattar henne som morosam, der ho kjeftar og slår. Vigdis er derimot ei dei identifiserer seg med, eller ønskjer å likna. Frida grunngjev dette med den statusen Vigdis hadde, i og med at ho var dotter til hersen. Jorid legg større vekt på at ho gjekk over til den nye trua og ikkje var "... sånt krigete og alt sånt". Her ser me at ho tek utgangspunkt i haldningar og handlingar som for henne verkar viktige.

På spørsmål om kven dei ikkje lika, svarar Frida kongane og presten Tangbrand. Jorid nemner han som drap Torolv. Slik desse er skildra av jentene, representerer dei tvang og maktbruk. Dette synest jentene å ta avstand frå.

Når det gjeld spørsmålet om Mostraspelet har nokon budskap til oss i dag, svarar Jorid at ho veit ikkje. Frida, derimot, har eit klart svar:

Frida: At me skal vera kristne og tru på Gud.

Anne: Mm. Ja.

Me kan altså seia at Frida har ei oppfatning av at spelet har ein tydeleg bodskap, nemleg eit kristent føremål, i det å ta standpunkt for Gud og tru på han. Dette følgjer ho opp med å leggja til noko eg ser på som ei formulering om korleis ho sjølv er med på å realisera eit personleg standpunkt i kvardagen, i og med at ho fortel at ho og ei anna venninne er leiarar for ein misjonsklubb. Kven Frida oppfattar som den/dei som formulerer bodskapen i spelet, veit eg ikkje. Men både ho og Jorid er samde om at det er dei kristne som vert framstelte 'best' i spelet. Dei andre, som t.d. Torolv, vert framstelte som dei 'verste'. Dette har truleg ikkje med skodespelarprestasjonar å gjera, men kven dei oppfattar som framstelte med mest sympatiske trekk etter deira verdivurderingar. Frida og Jorid har likevel ei viss beundring for Torolv, i og med at han ikkje var redd for å seia meininga si. Dette trekket er likevel lite omtala av jentene. At det ligg ei viss beundring for Torolv, ser me også i det at Frida sikrar seg autografen hans etterpå. Eller var det kanskje rolleinnhavaren som vart beundringa til del?

Sjølv om eg har vist til at Frida meiner Mostraspelet har ein tydeleg bodskap, må eg på den andre sida leggja til at Frida ikkje synest å meina at spelet betyr noko særleg for henne:

Anne: Kva vil du seia det betyr for deg?

Frida: Eh ..., ikkje noko så veldig spesielt, men ... Det var i alle fall koseleg å sjå på.

Anne: Mm.

Frida: Men det var litt kaldt.

Me ser at Frida oppfattar at det ligg ein bodskap i spelet. Ho meiner det er ein viss samanheng mellom denne bodskapen og at ho er med i ei misjonsforeining. Samstundes seier ho at spelet ikkje betyr noko meir enn ei koseleg hending. Inntrykket frå denne koselege hendinga ser ut til å verta 'korrigerert' av ei anna kjensle, nemleg opplevinga av at det var kaldt. Etter mi vurdering får Frida her fram ei kompleks oppleving av Mostraspelet som friluftsteater. Veret er nokså avgjerande for totalopplevinga. Samstundes er det noko meir som appellerer. Den estetiske opplevinga, dette at det var koseleg, synest vera viktigare enn den religiøse og historiske om me ser isolert på denne vesle dialogen. Også Jorid blir utfordra til å fortelja kva ho synest spelet betyr:

Anne: Ja, kva vil du seia? (Til Jorid.)

Jorid: Det var koseleg å sjå på.

Anne: Ja, akkurat. Fint.

Som fleire gonger elles i intervjua med desse jentene, refererer Jorid til det Frida seier, og seier seg samd. Dei går ikkje inn på nokon refleksjon omkring kva spelet eksistensielt betyr for dei. Dei set heller fokus på opplevinga si, og konkluderer med at det var hyggeleg eller 'koseleg'. Kanskje dette er tilstrekkeleg til å seia at jentene hadde eit fruktbart kulturmøte? Dei opplevde ei positiv stemning eller ein kvalitet i tid og rom. Etter mi vurdering har dei ein viss ambivalens i høve til budskapet, relevansen og aktualiteten når det gjeld Mostraspelet. Dei formulerer på den eine sida ein budskap, men er meir utydelege når det gjeld personleg relevans. Det same kjem til uttrykk når det gjeld spørsmålet om aktualitet i dag:

Anne: Synest de at Mostraspelet er aktuelt i dag?

Frida: Ja.

Jorid: Mm.

Anne: På kva måte?

Jorid: Eg veit ikkje.

Frida: Ikkje eg heller.

Her ser me på den eine sida at dei er samde om at Mostraspelet er aktuelt i dag. På den andre sida veit dei ikkje korleis. Dette kan tolkast som at dei oppfatta spørsmålet til Anne som retorisk, og at dei ikkje burde svara nei. På den andre sida har dei kanskje ikkje reflektert over kva spelet betyr. Det kan tyda på at det første svaret ikkje stikk så djupt. Det einaste momentet Frida trekkjer fram når det gjeld samanlikning mellom Mostraspelet og vår tid, er at presten les frå Bibelen ved gudstenesta.

9.3.8 Møte med notid og framtid

Frida er den som alt i det første intervjuet seier litt om kva temaet om vikingtida kan ha å bety for oss i dag. Ho legg vekt på natur- og miljøvern; dette at me ikkje brukar naturen og forureinar som me gjer. Me kan verta flinkare å bruka naturen og ta lærdom av vikingane, seier ho. I det andre intervjuet synest Jorid og Frida å vera samde om det same perspektivet.

Jorid: Ja, me kan læra at me liksom ikkje skal bruka alt ... Eksosen ute i verda og sånt...

Anne: At me ikkje skal bruka alt...?

Jorid: Eller kjøra så mykje ...

Anne: Mm.

Jorid: ... mykje eksos.

Anne: Mm. Så du tenkjer på dette med miljøvern? Mm. Ja.

Frida trekkjer den konklusjonen at me må bruka meir hestar enn bilar, for hestar er like gode som bilar. Dette kan me læra av vikingtida når det gjeld framtida vår.

Eg vil også sjå litt nærare på kva Jorid og Frida tenkjer om det å skifta tru. På spørsmålet om kva dei ville gjera viss dei skulle få nokon til å tru på det dei sjølv trudde på, understrekar dei at dei ikkje ville slåst. Her trekkjer dei inn det *overtydings-* og *harmoniparadigmet* dei var opptekne av når det galdt møtet mellom norrøn tru og kristendommen i vikingtida. Dei er opptekne av at det ikkje går an å tvinga nokon til å tru.

Anne: Viss nokon kom til deg med ei heilt anna tru og ville at du skulle tru på det, korleis ville du reagera då?

Frida: Eg hadde sagt: Nei, aldri i livet.

Anne: Mm. Ja, kva seier du? (Til Jorid.)

Jorid: Eg ville sagt nei.

Denne vesle samtalen illustrerer korleis Jorid og Frida tenkjer dersom dei kom opp i ein tilsvarande situasjon som menneska i vikingtida. Begge gjev klart uttrykk for at det ikkje ville vera aktuelt å skifta standpunkt. Kanskje formuleringa til Anne innleiingsvis kan vera noko uheldig eller styrande, i og med at ho tek utgangspunkt i at i denne situasjonen er det ei heilt anna tru. Kanskje dette understrekar motsetnadene i for stor grad? Kanskje Anne kunne spurt på ein meir open måte? Det er tydeleg at jentene forstår møtet med ei anna tru som ei negativ utfordring. Dei er ikkje opptekne av å høyra kva denne andre trua går ut på, men markerer sterkt mothaldninga si. Frida forsterkar utsegna si med tillegget ”... aldri i livet”. Om dette er eit uttrykk for at dei sjølv har ein positiv ståstad som dei er klar over, og vil stå fast ved, eller at det er ei generell frykt for noko nytt, er vanskeleg å seia. Eg tolkar det som det første alternativet er mest rimeleg. Frida stadfestar i alle fall at ho synest det er viktig å halda på den trua ho har sjølv.

Frida er også den som har eit kvardagsnært perspektiv når det gjeld framtida si. Det er å få meir av det som ho allereie no synest er positivt.

Anne: Kva er du mest oppteken av når det gjeld di framtid då?

Frida: Hestar og kattar og sånt. (Litt pause.) Og så av ballett.

Jorid er meir forsiktig med framtidsplanane sine. Ho veit ikkje, svarar ho, kva ho synest er viktig med tanke på framtida. Kanskje er dette fordi ho er litt sjenert og fordi spørsmålet kjem inn på det me kan kalla hennar ’urørlighetssone’?

9.3.9 Oppsummering

Eit mytisk-religiøst perspektiv

Både Jorid og Frida gjev uttrykk for at dei er opptekne av spørsmål som har med religion og tru å gjera. Dei synest likevel ikkje å meina at dette pregar kvardagen til barn flest. Jorid og Frida meiner på den eine sida at nokre barn og unge er opptekne av det som har med religion og tru å gjera, andre ikkje. På den andre sida er dei ikkje heilt sikre. Frida meiner at slike spørsmål ikkje er så tydelege hos dei ho er saman med til dagleg. Eg tolkar det slik at dei ikkje snakkar så mykje om tru og religion i kvardagen blant vennene. Men sjølv seier begge at dei er opptekne av det. Anne blir litt nysgjerrig på kva dei tenkjer om religion og det å tru.

Anne: Kan de seia litt meir om det? Kva de tenkjer om det å tru og religion?

Frida: Eg veit ikkje heilt, men ... Eg er i så fall glad for at Gud skapte jorda ...

Anne: Ja.

Frida: ... og menneska.

Anne: Mm. Ja, ja. Kva seier du? (Til Jorid.)

Jorid: Det same som Frida.

Anne: Ja. Kvifor er det viktig, synest de, å ..., dette her med å tru?

Jorid: Å ha noko å tru på i det heile.

Anne prøver å stilla eit ope spørsmål omkring religion og det å tru. Frida verkar først noko usikker, men dreiar deretter svaret til å gjelda si eiga personlege overtyding. Her trekkjer ho inn den kristne skapartrua. Svaret til Jorid, der ho viser til Frida sitt svar, kan tolkast på to måtar: Anten at svaret til Frida spesifikt uttrykkjer det ho sjølv meiner, eller at det er ein lette for henne sjølv å seia seg samd med Frida, så slepp ho formulera eigne tankar. I avslutninga av denne vesle dialogen trekkjer ho likevel inn eit vidare perspektiv enn den kristne trua, eller det å forhalda seg til tradisjonell religion. Her viser ho til at for henne er hovudsaka å ha noko å tru på i det heile. Dette ser ut til å vera viktig i grunnhaldninga hennar. Me kan kanskje seia at det "Å ha noko å tru på i det heile" er hennar kjerne i rosetten.

Som ei oppsummering vil eg seia at både Frida og Jorid viser noko kjennskap til dei mest kjende norrøne mytane som omhandlar verdsoppfatning og gudar. Biletet dei har, er først relativt enkelt, og består av 'pannekakemetaforen' og litt kjennskap til Odin og Tor. Desse gudane framstiller jentene med menneskelege trekk. Dei har også kjennskap til ritar og kultus i den norrøne religionen, som dei skildrar delvis i termar som 'ekfelt'. Men kanskje er det meir eit uttrykk for at dei ser på det som litt spennande, enn at dei tek avstand frå det. Kunnskapane deira om den norrøne livstolkinga vert tydeleg utvikla gjennom året. Særleg meiner eg dette kjem til uttrykk i arbeidsboka til Jorid.

Jentene syner eit visst kjennskap til hovudmoment i kristendommen, og forklarar at det som skil kristendommen frå den norrøne religionen, er at han la vekt på det usynlege. Samstundes går dei lite inn i forteljingar eller utgreiingar om denne trua, anna enn når dei legg ut om dei nye lovene, der det moralske aspektet er sterkt framme. Her vert levereglane konkretiserte. Me kan seia at det er først og fremst dei moralske kvalitetane i religionen som vert understreka.

Eit historisk perspektiv

Jorid gjev i det første intervjuet uttrykk for at ho ikkje er så veldig oppteken av korleis det var i gamle dagar. Ho meiner likevel at det er mange også i dag som tenkjer på kva som skjedde for 1000 år sidan. Kanskje er dette eit leiande spørsmål som ho følte ho måtte svara ja på? I det siste intervjuet, etter Mostraspelet, meiner ho likevel at ho har lært litt om kva som skjedde i 'gamletida'. Jorid meiner at Mostraspelet får fram "... sånn som det var" for 1000 år sidan. Ho utdjuapar ikkje dette nærare. Frida er samd, men ho grunngeiv det ut frå egne kjensler:

Frida: Eg har nettså ein følelse av at me er i gamle dagar.

For Frida syntest Mostraspelet å bety ei flytting både i tid og rom. Ho er ikkje berre ein tilskodar til noko 'utanfor' seg sjølv, men er deltakar i ein tilstand. Dette ser ut til å fascinera henne. Denne måten å oppleva tida på, samsvarar med skildringa hennar av fantasireisene, der ho også legg vekt på opplevinga av å vera til stades. Men medan ho i fantasireisene berre har eigen fantasi og forteljinga til læraren som utgangspunkt, viser ho til at i Mostraspelet er det ein del ting som er viktige, nemleg kleda dei hadde på seg og skjolda og sverda dei brukte. Her ser det ut til at 'autentiske' gjenstandar er viktige. Jentene reflekterer likevel ikkje over at desse tinga i stor grad er kopiar. Vikingtida vert altså oppfatta som noko gammalt, men ikkje utan vidare noko verre. Tvert imot seier begge jentene at det hadde vore kjekt å leva i denne tida. Dette kan ha samanheng med at dei i mindre grad skildrar det byrdefulle og krigerske i tida, men legg vekt på kvardagslivet, relasjonane og atmosfæren, som opplevdest som koseleg. Begge jentene synest å identifisera seg med dette. I mindre grad synest dei å trekkja parallellar mellom vikingtida og notida, eller vikingtida og framtida. Det einaste markerte momentet er at me burde trekkja lærdom innan miljøvern. Her synest Frida likevel ha ei noko enkel oppfatning om at dette kan lukkast ved å bruka hest i staden for bil. Kanskje dette har eit visst restaurativt preg?

Etter mi vurdering er det fortidsdimensjonen, forstått som 'korleis det var i gamle dagar' som er hovudessensen i historieforståinga deira når det gjeld møtet med kulturskiftet. Her synest dei vera opptekne både av fiksjon og fakta. Særleg gjev Frida uttrykk for dette. Både fantasireiser og vekt på tidsriktig utstyr, både gjennom matlaging i prosjektet og kostymar i Mostraspelet, synest å vera sentrale inngangsportar til eit fruktbart møte. Dei to jentene er i mindre grad nøyaktige når det gjeld kronologi og geografiske opplysningar.

Eit estetisk perspektiv

Jorid merkjer seg ut mellom barna med å ha laga svært mange teikningar. Desse er knytte til forteljingar og/eller faktasetningar. Medan mange vel å kopiera frå bøker, eller fargeleggja teikningar/kopiar dei har fått utdelt frå lærar, har Jorid laga ein heil serie, som eg har presentert delar av. Teikningane har eg kommentert der dei tematisk høyrer heime. Felles for teikningane er at dei er svært godt forseggjorde. Jorid viser god kjennskap til kva eigenskapar og funksjonar dei ulike gudane har, og får dette fram ved komposisjon av form og farge. Medan nokre av oversiktsbileta, der det er mange folk, har svært enkle framstillingar av personane, er bileta av gudane og kongane framstelte svært detaljert og tydeleg. I dette tilfellet meiner eg me får understreka kor viktig det er å utvikla forståinga vår av barns tankar og opplevingar gjennom bruk av både teikning, forteljingar og samtale.

Det eg også vil trekkja fram som eit særtrekk ved Jorid, er dei mange forteljingane hennar. Her var ho svært flittig og produktiv. Tekstane vitnar om stor forteljingsglede. Ho har også nytta bøker til faktakunnskapar som ho gjer seg god nytte av. Tekstane syner likevel at Jorid har prøvd å lausriva seg frå avskrift frå bøkene. Kanskje me ser dette best ved at mange av tekstane har ei munnleg form, men også ved at me finn etter måten mange rettskrivingsfeil. Det ser ut til å vera ein viss diskrepans mellom den munnlege og skriftlege kompetansen til Jorid. I feltnotata mine har eg også notert innsatsen til Jorid når det gjeld å skriva dagbok og faktasetningar.³ Her får også kongane mykje omtale, men dette kjem lite fram i samtalanene med Jorid. Dette nyanserer den tidlegare nemnde oppfatninga mi av at dei to jentene i stor grad legg vekta på kvardagslivet i vikingtida.

Frida seier at ho likar veldig godt "... sånne gammaldagse ting". Her gjev ho uttrykk for den estetiske smaken sin. Ho har også nokre, etter mi vurdering, interessante kommentarar når det gjeld opplevinga av fantasireisene dei av og til gjer i klassen, for å leva seg inn i

³ Feltnotat av 20.05.99.

situasjonar i vikingtida. Anne ber henne å forklara litt meir om korleis ho opplever dette. Her får Frida også medhald av Jorid.

Anne: Korleis er det å fantasera seg tilbake til vikingtida?

Frida: Det er kjempegøy.

Anne: Mm.

Frida: Det blir så verkeleg.

Anne: Ja.

Frida: Det blir så fint. Det kan bli mykje finare enn i virkeligheten.

Anne: Mm. Ja. Kva seier du Jorid?

Jorid: Nett det same.

I denne dialogen ser me at Frida gjev klart til kjenne eit kjenslemessig engasjement. At ho opplever det kjempegøy å fantasera seg inn i vikingtida, kan bety at slike fantasireiser for somme elevar kan vera ein god inngang til å få fram det kjenslemessige aspektet i læringsprosessen. Fantasireisa ser ut til å appellera til det å leva seg inn i situasjonen, slik at ho opplever alt 'slik det var', altså som verkeleg. Men så kjem det likevel eit paradoks, der Frida får fram også det grensesprengjande ved fantasireisa. På same måte som ho elles nyttar adjektivet koseleg, trekkjer ho her inn at det blir 'fint'. Men det som kanskje er aller størst for Frida, er opplevinga av at det kan bli mykje finare enn i verkelegheita. Kva meiner ho med dette? Er det eit pluss eller minus? For Frida synest det å vera eit pluss, slik eg tolkar det. Utsegna kan vera ein illustrasjon på forholdet mellom det subjektive og det objektive innan estetikken. Det kan synast som om Frida her legg vekt på at kvalitetane i ei kjenslemessig erfaring kan lausrivast frå den faktiske situasjonen. Slik Frida uttrykkjer seg, er det noko uklart om denne opplevinga er kvalitativt annleis, eller om det berre er tale om ein kvantitativ skilnad når ho seier at det er "...mykje finare". Det er kanskje tale om gradsforskjell heller enn kvalitetsforskjell? I alle høve er det tale om ei personleg fargelegging på ein intensiv måte som kan minna om uttrykket til Cassirer om 'intensivering' av verkelegheita. I dette tilfellet er det tilskodaren, eller opplevaren, heller enn kunstnaren og vitskapsmannen, som er den aktive parten. Forteljinga til læraren blir berre eit startpunkt for eleven si subjektive oppleving.

Kritikarar av fantasireiser vil kanskje seia at her tek fiksjonen heilt overhand, og at Frida misser kontakt med fakta, ved at det skjer ei dreining, eller kanskje til og med ei forfalsking av historia. Spørsmålet er såleis om den subjektive, positive opplevinga til Frida legitimerer bruk av fantasireiser. Er det rom for slike sublime 'peak experiences'? Eller har ein her sprengt grenser? Er dette ei slags ekstatisk eingongsoppleving ein bør leggja til rette for at (einskild-)elevar kan ha? Eller bør ein unngå slike opplevingar, og vera meir vitskapleg

orientert? For meg ser det ut som at fantasireisa er ein kreativ prosess hos Frida. Eg vil difor sjå denne opplevinga i samanheng med korleis ho elles oppfattar møtet med kulturskiftet.

Som me ser av kommentaren til Jorid, svarar ho ”Nett det same” med tilvising til det Frida har sagt. Slik eg elles tolkar denne formuleringa, både hos Jorid, og hos ein del andre elevar, kan det heller vera eit uttrykk for at eleven ikkje har ønske om å gå inn på spørsmålet, enn å vera uttrykk for ei reell tilsvarande oppleving som medelevane har gitt uttrykk for. Eg vil likevel ikkje heilt avvise at dette kan vera mogleg. Kanskje Jorid let seg fengsla av den engasjerte framstillinga til Frida og opplevde at dette var godt sagt? I feltnotata mine har eg notert at også Jorid deltek i timen med innspel i klassen om kva ho opplever under fantasireisa. Ho ser tre og hus, og får eta barkebrød som smaka vondt. Dette viser at ho også lever med og gjev uttrykk for kjensler og smaksopplevingar.⁴ Det synest altså å vera grunn til å tru at også Jorid opplevde temaet kjekt. Men kanskje ordvalet hennar er litt meir reservert når ho uttrykkjer kjensler enn Frida? Også Frida er aktiv i samtalen i klassen når det gjeld inntrykk frå fantasireisa. Ho fortel også om ’matopplevingane’ sine, og korleis ho reagerer på dei. Vidare trekkjer ho inn folk ho har møtt. Ho nemner m.a. at ho såg ungar som vart skremde.

Som eg alt har vist til i avsnittet om historisk erkjenning, er altså Frida etter mi vurdering eit døme på ei som let seg engasjera kjenslemessig, og som let seg riva med i fantasireisene. Grensene mellom tid og rom synest verta oppheva. Jorid er meir reservert, men gjev uttrykk for at ho likar temaet. Me ser hos begge eit visst omfang av reproduksjon når det gjeld stoff om skikkar og levevis, men dei viser også evne til å arbeida sjølvstendig og utforskande og henta inn opplysningar om t.d. mat, som dei andre ikkje legg vekt på i same grad.

Jorid og Frida deltok i liten grad i eigne dramatiseringar frå vikingtida. Når det gjeld opplevinga deira av Mostraspelet, finn eg det interessant at dei maktar å kombinera ei forteljing om det som var vått og kaldt med det dei opplevde som kjekt og engasjerande. Dei viser god evne til å få med seg innhaldet i spelet, både når det gjeld heilskapsforståing og detaljar. Dei vekslar mellom ulike nivå i framstillinga av spelet, frå å fortelja handlingsgangen, til å kommentera skodespelarprestasjonar og det dei oppfattar som triks. I mindre grad reflekterer dei over kva relevans og aktualitet spelet har i dag. Dette kan tilseia at dei ikkje gjev den eksistensielle dimensjonen noko særleg vekt, anna enn at det var kjekt. Men kanskje det å oppleva noko som kjekt kan bety at dei har hatt eit fruktbart kulturmøte?

⁴ Feltnotat 09.11.98.

Kulturbryting

Slik eg ser det, er samtalen mellom Anne og Jorid interessant når det gjeld kulturbryting. Her presenterer Jorid først ei forståing av kulturskiftet som ein kamp med ord. Dette kallar eg overtydingsperspektivet. Men etter kvart har forståinga mi av tolkingperspektivet til Jorid dreia meir i retning av at ho legg større vekt på overtaling enn på forhandling. Ordbruken hennar, som også vert henta frå kamp-perspektivet, tyder på at argumenta til motparten kanskje ikkje kjem fram, eller blir teke omsyn til i særleg grad. Mi første tolking var at Jorid meinte at vikingane let seg overtyda av ord. Ved seinare ettertanke har forståinga endra seg meir mot manipulasjon og overtaling. Dette byggjer m.a. på at ho i fleire av forteljingane sine først startar med vekt på overtyding, men ho går deretter over til kjøpslåing og til sist bruk av makt dersom den første strategien ikkje verkar. Ho synest altså å ha ulike strategiar, men målet om å vinna synest vera klart. Det vert dermed ingen jambyrdig dialog.

Frida har det eg vil kalla eit harmoniperspektiv. I liten grad kjem motsetnadene i samfunnet og mellom dei ulike partane fram, sjølv om det til tider er tale om tvang. Kanskje bruken hennar av omgrepet 'koseleg' er med på å skapa ei slik forståing?

Begge er tydelege på at dei sjølve ikkje ville gå over til ei ny tru om nokon ville overtyda dei. Dei ser ut til å vera lite opne for andre livstolkingar som aktuelle for seg. Kor djupt dette sit, er vanskeleg å vita. I alle fall nyttar dei omgrep som viser at dei ikkje er særleg interesserte. Slik forstått ser det ut til at forhandlingsperspektivet er lite aktuelt. Dei synest å stå fast på overtydinga si, utan at eg veit så mykje om innhaldet i denne overtydinga. Her synest det funksjonelle vera viktig: Å stå på det ein sjølv meiner.

9.4 Møte med Torleif, Per og Sindre

Torleif nemner mange fag han likar på skulen, både heimkunnskap, sløyd, engelsk, samfunnsfag og kristendom. Det er difor litt uventa at han seier at han ikkje heilt trivst på skulen. Dette grunngjev han med at det hadde vore kjekkare om dei hadde litt mindre vanskelege lekser. I fritida likar han å teikna, sjå på film og spela tv-spel. Data brukar han lite. Han likar å lesa detektivbøker. Sport derimot driv han ikkje noko særleg med, og er ein av få som ikkje likar fotball.

Per nemner at han likar gymnastikk på skulen. Matematikk, forming og heimkunnskap er også populært. Han kunne tenkja seg meir fritid og mindre lekser. Per er aktivt med i fotball på fritida. Han fortel at draumen er å bli fotballspelar. Han likar også å sykla. Bøker er

det sjeldan han les, men teikneseriar likar han betre. Når det gjeld tv og film, nemner han at han likar best skrekkfilmar. Han følgjer med i mange seriar på tv. Data brukar han også aktivt, særleg når det gjeld musikk.

Sindre likar best friminuttane og forming, men trivest ikkje alltid på skulen. Reglane er litt for strenge etter hans syn. Han ville ikkje hatt så mykje press på skulen, t.d. i matematikktimane, og skjønar heller ikkje kva dei skal med lekser. I fritida er Sindre oppteken av kjæledyr. Elles ser han ein del på tv og video, men seier at det gjorde han mykje meir før. Data er han særleg interessert i, spesielt på grunn av alle dataspela. Han skildrar mange spel og filmar med monster av ulike slag, og røpar at han ser filmar og spel som er berekna for høgare aldersgrupper. Fotball avskyr han, seier han.

Når det gjeld framtidsdraumane til gutane, nemner Torleif og Per rikdom og luksushus. Politi og lækjar synest vera populære yrke. Sindre meiner at han må skaffa seg utdanning og yrke, men dette synest vera meir av ytre tvang enn indre motivasjon.

9.4.1 Møte med vikingsamfunnet

Torleif meiner vikingane levde "... litt sånn barbarisk". Her nemner han særleg skikken med å setja ut ungar i skogen. Vidare røva dei og kriga. Han har høyrte om vikingane på alle klassetrinn. Han har kjennskap til korleis vikingane var kledde og kva våpen dei hadde. Om våren fortel han også om vikingtoktene, og kjenner til at desse gjekk til England og kontinentet.

I intervjuet om hausten tenkjer Per seg at det måtte vera ekkelt å leva i vikingtida og tenkja på at nokon kunne koma og ta dei. Han tek her perspektivet til 'offer', ikkje dei som røva. Om våren har han også klare meiningar om vikingane som krigerske og 'galne'. Men han veit også om bøndene som var heime og dyrka jorda. Vidare at kvinnene gjorde husarbeid og passa barna.

Når det gjeld kjende symbol, nemner Torleif våpna sverd, spyd, kniv og øks. Torleif og Per er også samde om at hjelmen er eit kjent symbol. Anne er interessert i korleis desse hjelmane ser ut.

Anne: Korleis såg desse hjelmane ut?

Torleif: Som sånn ... (Gjer ein kort pustelyd.) Som når du har eit halvt egg.

Anne: Jaha. Eit halvt egg, ja.

Per: Sånn der ... Dei har alltid sånn der hjelm og spiss nedpå nasa.

Anne: Ja.

Per: Og så har dei nettså horn. Sånne horna til kyr eller noko sånt.

Torleif nyttar ein sjeldan metafor som samanlikning for hjelmen, nemleg eit halvt egg. Per supplerer med å opplysa om spissen som går nedpå nasa, og at hjelmen har horn som liknar horna til kyrne. Dei er etter mi vurdering flinke til å visualisera korleis dei tenkjer seg at hjelmen såg ut. Dei kommenterer ikkje at mange no hevdar det ikkje var horn på vikinghjelmane.

Torleif og Per meiner at vikingskipet er eit sentralt symbol. Vikingskipet blir framstelt med dragehovud framme. Dette skal symbolisera Midgardsormen. På sidene er det skjold. Skipa har stripe segl. Det dei hugsar best att frå temaet om vikingtida, er plyndring og dreping og om gudane. Torleif meiner han ikkje har lært så mykje nytt gjennom året, men det meiner Per han har gjort.

Sindre kommenterer at for oss var vikingane heltar, men ikkje for dei andre som vart angripne. Dette tyder på at han reflekterer over at synet på vikingane er avhengig av kva perspektiv me har, eller kven som vurderer. På den andre sida gjev han uttrykk for at vikingtida ikkje interesserer han.

Sindre er ein av dei få som prøver å framstella ein viking i tredimensjonal form. Nokre andre laga papirdokker, medan han tidleg såg føre seg at han ville laga ein 'skikkeleg' vikingfigur. Det var ikkje så lett for dei andre å vita korleis han tenkte seg at vikingen skulle sjå ut. Frå feltnotata sine om hausten⁵ hugsar Anne at det vart ein del oppstyr om denne figuren, slik at ho i intervjuet om våren ville høyra litt korleis Sindre tenkte. Figuren fekk namnet Frankenstein. M.a. kalla Sindre denne figuren "Babyen min", og Anne lurte i intervjuet om våren på korleis han kom på dette namnet.

Anne: Du kalla han noko spesielt namn, også, denne her figuren du laga.

Sindre: Ja, Frankenstein.

Anne: Ja, og eg lurte på korleis du hadde kome på det namnet.

Sindre: For at eg skapte han.

Anne: Ja.

Sindre: Og så såg han så luni ut, skapt, bygd liksom.

Anne: Har du lese nokre bøker, eller sett nokon film eller teikneserie om nokon som heiter Frankenstein?

Sindre: Eg har lese ei lita bok, og så har eg sett eit par filmar om Frankenstein.

Anne har her tydeleg ei oppfatning av at Sindre ikkje har kome på dette namnet på figuren sjølv. Ho hugsar at han sa han hadde kome på det sjølv då han laga figuren. No tek ho opp att spørsmålet. Men først etter å ha presentert ulike forklaringar på namnet, kjem det fram at Sindre har både lese bok og sett filmar om Frankenstein. I staden for å slå seg til ro med

⁵ Feltnotat av 16.11.98 og 18.11.98.

forklaringane til Sindre, kan me seia at Anne nesten legg svaret i munnen hans. Sindre er tydeleg meir oppteken av at denne Frankenstein var noko han sjølv kom på, det var hans eige 'skaparverk', sjølv om han gav han eit kjent namn. Det at han var "...luni", er truleg ei kortform av det engelske "lunatic", som tyder gal. Dette uttrykket brukar han også om gudane. Då meiner han at det er "... heilt sprøtt" og "... idiotisk" å tru på dei. Han brukar her eit moderne slenguttrykk om at Frankenstein ser rar ut (fig. 9.4.1.1).



Figur 9.4.1.1: Sindre framstiller vikingen "Frankenstein"

Oppfatninga til Sindre av vikingar er knytt til vikingtoktene og at dei trudde på dei norrøne gudane. Han kjenner til at vikingtoktene gjekk til England og Spania. Men han veit også at mange var heime og dreiv gardane sine. Kvinnerolla har han også tankar om.

Sindre: Ja, det synest eg berre var å laga klede og laga mat og passa på ungar og gå heime og stella og greier, veit du. Dei hadde jo nesten ingen meining. Dei har sånn ... Om du har den jobben ..., de skal vera heime, det er liksom heile greia.


Kvinna vert knytt til arbeidet i heimen. Påstanden om dei nesten ikkje hadde meining, tolkar eg som at meiningane til kvinnene ikkje vart tekne omsyn til, ikkje at kvinnene nødvendigvis var utan eigne meiningar. Men det er også mogleg å forstå Sindre slik. I alle høve meiner han

situasjonen er annleis i dag, då ”... dei kan gjera akkurat som menn”. Han understrekar at heller ikkje jentene hadde rettar i vikingtida.

På spørsmål om kva symbol Sindre forbind med vikingtida, nemner han krossen, som symboliserer dei som vart kristne.

9.4.2 Samtale om ei teikning

I det følgjande vil eg presentera teikningane til Torleif og Sindre. Desse framstiller då Olav Tryggvason kom til Moster. Dei forstår denne hendinga i eit konfliktparadigme.



Figur 9.4.2.1: Teikning av Torleif: Eit vikingangrep

Innhald: Motivet i teikninga til Torleif er eit vikingangrep (fig. 9.4.2.1). Me ser ei mengd vikingar som stormar ei borg. Borga ligg til høgre i biletet. Me ser deler av borga. Ho er truleg laga av murstein, for me ser mange små ruter. Me ser to tårn. Vikinghæren, som kjem frå venstre, er utstyrt med ein stor katapult, hest med vogn, personar som ber ein stor tømmerstokk mot fienden, og mange med sverd, pil og boge, øks, spyd, stokk med kule og jernkule med taggar på. Dei kjem truleg sjøvegen, for me ser litt av dragehovudet på eit vikingskip. Kampen er i full gang. Våpen susar mot borga, og det ser ut til å vera få att der.

Det har teke fyr, og mange vert kasta opp i lufta. Målet er å knusa borga. ”Dei skyt og så brenn dei heile huset, og så er det masse spyd og så spiddar dei kvarandre, og så er det ein som hoggar hovudet på ein annan”, fortel Torleif. Anne lurar på om det er slik han føresteller seg at det skjedde på Moster, men Torleif meiner dette kunne ha vore andre plassar også.

Form: Teikninga er prega av mange detaljar og mange personar. Vikingane er framstelte med store, runde hovud og små kroppar. Augo er store. Vikingane har blå hjelmar med horn på. Det ser ut som dei er kledde i brune skinndrakter. Teikninga er prega av ’action’. Dette får Torleif fram ved å teikna mange ulike våpen og personar som går til angrep. Ved å framstella personane i veksling mellom profil og frontal, og delvis også attanfrå, får Torleif fram ulike perspektiv og ulike situasjonar. Dei mange detaljane kan verka noko uoversiktlege, men samstundes illustrerer dette kompleksiteten i konflikten. Bruk av symbol som skal framstella blod og flammar, understrekar det dramatiske. Teikninga syner bruk av konvensjonar som får fram kamp og strid. Vikingskipet har liten plass. Fargebruken med blått, gulbrunt og brunt, understrekar fellestrekk ved vikingane. Raudfargen får fram kontrasten med blod. Den grønne bakken dannar ei kulisser, men bruk av skravering i ulike retningar forsterkar inntrykket av uro. Det same gjer pilene som susar og eldlogane som stig opp.

Konklusjon: Teikninga framstiller kulturskiftet i eit *konfliktparadigme*. Teikninga er eit generelt inntrykk av korleis Torleif tenkjer seg situasjonen. Det er vikingane som vinn. Motivet for teikninga synest såleis å vera ei vikingtokt, og ikkje nødvendigvis møtet mellom kristendommen og den norrøne trua. Me ser heller ingen spesielle religiøse symbol. Torleif har fått ideen til teikninga gjennom bilete og teikneseriar, fortel han.



Figur 9.4.2.2: Teikning av Sindre: Møte mellom prest og vikingar

Innhald: Motivet i teikninga til Sindre er møtet mellom ein kristen prest og vikingar (fig. 9.4.2.2). Me ser eit landskap som er tydeleg delt i to, med eit juv i mellom. På kvar side er det ei grøn fjellskråning. Mellom desse er det ei lang bru, som kan minna om ei hengjebri, med rekkverk av tau på sidene. Brua er forma som ein boge, slik at det ser ut til at ho svaier noko. Under brua er fossen, fortel Sindre. Denne er farga lys blå, slik at det er vanskeleg å avgjera om det er foss eller himmel som dannar bakgrunn. Til venstre på biletet står ein prest ved inngangen til brua. Bak han står ein kross. Frå himmelen over han kjem det eit felt med gule solstrålar. Han står dermed i ein slags lyssektor. Presten har ei høg, gul prestehue på seg, og i handa held han ein brennande fakkell. På brystet har han ein kross i kjede rundt halsen. Kring prestekjolen har han eit belte. Han ser bortover brua, der det kjem ein flokk vikingar mot han. Dei er kledde i grøne bukser og svarte vestar. På beina har dei brune sko. I hendene har dei ulike våpen som sverd, spyd og øksar. Fire av dei er komne ut på brua, den femte er like ved inngangen til brua og den sjette svevar i lufta. Personane er for det meste teikna i profil, slik at presten vender andletet mot vikingane, som kjem mot han. Dei har ulike våpen, som sverd, spyd, øks og skjold. Dei er teikna som om dei er i rørsle framover brua. Dette understrekar inntrykket av 'action'. Litt lenger oppe på land kjem ein eldre kar springande i berre

underbuksa. Han ropar: ”Vent på meg kara”. Ovanfor står det eit skilt ”Mosterastupet”. Sindre forklarar at denne hæren skulle stoppa ”... dei der prestane”. Her ser det ut til at presten har sin heilt spesielle metode, eller hjelp.

Sindre: Ja, det er berre ein hær på Moster som skulle stoppa dei der prestane. Men så klart, så stemmer jo Gud for dei prestane, så eit lys over vatnet som skal brenna brua opp, så dei dett ned.

Anne: Ja, så dette lyset er så sterkt at når det kjem på brua, så brenn den opp?

Sindre: Niks. Han skal brenna med fakkelen.

Anne: Å ja, han skal brenna det med fakkelen der? Og dette er ein prest?

Sindre: Ja, det lyset skal begynna på himmelen. Gud.

Anne: Ja, akkurat.

Sindre: Så gamlingen er den einaste som overlever av desse.

Den brennande fakkelen presten held i handa er ei direkte hjelp frå Gud til å overvinna motstand. Det er som himmelske krefter vert transformerte i fakkelen, og kan få brua til å brenna. Dette vert illustrert ved lyssektoren. Det er berre den gamle mannen som kjem springande i siste liten som overlever, fortel Sindre. Sindre kallar han ein ”Obelix”, som eigenleg er for gammal til å delta i hæren, men som ikkje bryr seg om det. Her ser me kopling til ein kjend teikneserie. Sindre kallar hæren ein gjeng med berserkar. Det som skjer vidare, er at det lukkast å få fyr på brua, slik at alle mennene dett ned i fossen. Sindre tenkjer seg ikkje at det skjedde slik på Moster, men han fekk ideen i og med turen til Moster. Me kan såleis seia at han er inspirert av hendingane på Moster, men at han har nytta seg av den kunstnariske fridommen til å utvikla temaet vidare. Han snakkar engasjert om teikninga.

Form: Teikninga er tydeleg prega av ’action’. Særleg får Sindre dette fram ved måten han teiknar vikingane på. Stillinga på føtene understrekar rørsle. Det same gjer måten Sindre framstiller korleis vikingane held våpna. Armane og føtene er her viktige verkemiddel. Det same kan me seia om ansiktsuttrykket. Augo er store, med svarte prikkar inni. Munnen er også stor. Håret er kort, men teikna som om det strittar opp. Personen som svevar i lufta understrekar også det dramatiske. At alle personane på brua er likt kledde, understrekar samhaldet og relasjonane mellom dei. Dei har grønne bukser, brune sko og svart skjorte eller brynje. Landskapet er elles utan detaljar, bortsett frå eit skilt. Landskapet fungerer som ei kulisse, og hendingane på teikninga vert dermed understreka. Forklaringa til Sindre er med på å utdjupa samanhengen og korleis det går. Det ser ut til at presten ’vinn’, i og med at han får sett fyr på brua og vikingane fell ned.

Konklusjon: Sindre framstiller møtet mellom presten og vikingane i eit *konfliktparadigme*. Hendinga vert lagt til Moster, men i samtalen synest ikkje dette å vera ein


illustrasjon av ei faktisk hending. Moster vert nytta som kulisse for ei tenkt hending. Me ser bruk av krossymbol og prestedrakt. I tillegg er vikingane framstelte etter tradisjonelle konvensjonar når det gjeld klede og våpen. Me ser også bruk av humor, i og med den gamle mannen som kjem springande.

9.4.3 Tur til Moster våren 1998

Torleif hugsar at dei var på på Vetahaugen og i kyrkja. Han er ein av få som nemner dei tre statuane utanfor kyrkja. Inne i kyrkja har han merka seg ein engel "... som såg løyen ut". Frå utstillinga har han merka seg 'dokkene' som førestelte gamle folk, og ein statue av Odin med eitt auga. Per hugsar også fjellet med krossen på. Frå utstillinga hugsar han "... rare ting", som dokker og mykje anna. Han trudde ei av desse dokkene skulle førestella "... ei som sa noko om Jesus", men sikker er han ikkje. Elles hugsar han ønskebrønnen. Det einaste Sindre seier han hugsar att frå turen til Moster, var at dei grilla pølser. Anne spør om han ikkje hugsar att besøket i kyrkja og på Vetahaugen. Han syntest besøket i kyrkja var kjedeleg (sjå kapittel 5.2) Svaret hans skulle tyda på at dette besøket ikkje appellerte til han.


9.4.4 Møte med den norrøne trua

Korleis skildrar så desse gutane livsuniverset til vikingane? Torleif kjenner til ein del av dei norrøne gudane. Han nemner Odin, Tor, Frøya og Balder. Desse kan han fortelja ein del om i det første intervjuet. Tor er kjend for hammaren sin, som treffer alt Tor siktar på. Tor er den sterkaste guden, og kjører rundt i ei lita "... trallevogn" med to geiter. Han forbind Tor med torever. Om våren fortel han meir om Odin, nemleg at han hadde eitt auga. Han kjenner også til ramnane hans og hesten med åtte bein. Han kjenner vidare til at dei blota til gudane. Torleif har også teikna Idunn med gullepla (fig. 9.4.4.1) og då Balder blei drepen (fig. 9.4.4.2).



Figur 9.4.4.1: Teikning av Torleif: Idunns gulleple

Denne teikninga står i stor kontrast til framstillinga til Jorid av Idunn. På biletet ser me nokre drageliknande uhyre, der det eine spyr ut raude eldtunger. Midt på biletet ser me ei stor gryte over ein eldstad. I denne gryta ligg truleg gullepla til Idunn. Idunn var kona til Odin, og dei som åt av gullepla hennar, vart unge att. På biletet ser me våpen av ulike slag. Eg har ikkje samtala med Torleif om denne teikninga, og det er vanskeleg å tolka kva dei ulike symbola skal bety. I alle høve får han fram at dette er ein dramatisk situasjon.



Figur 9.4.4.2: Teikning av Torleif: Då Balder blir drept

Teikninga til Torleif framstiller ein figur til høgre i biletet som er blitt skoten i brystet. Dette er truleg Balder. Han er teikna som ein person med ei pil i brystet. Dette skal framstella mistelteinen. Det ser ut til at vedkomande blør, for me ser nokre strekar ned på jorda. Til venstre i biletet er det nokre som ser ut som krigarar, men dei skal truleg framstella gudar. Den eine 'krigaren' har pil og boge. Truleg er dette guden Hød, som vart lurt av Loke til å skyta på Balder. Bak Balder ser me ein figur som liknar på hovudet og armen til eit troll. Han stikk opp over åskammen. Kanskje er dette Loke? Over desse ser me ei sky. Gjennom denne skya ser me to augo, og ned frå skya ser me to armar. Frå den eine armen kjem det ein hammar, som når nesten ned til Balder til høgre i biletet. Truleg er dette Torshammaren. Gudane har menneskelege trekk, og situasjonen minner om ein scene frå ein action-film, med unntak av figuren oppe i skya. Her ser det ut til at det mytisk-religiøse kjem fram.

Også Per kjenner til Tor med hammaren, men fleire gudar hugsar han ikkje i samtalen om hausten. Også i det andre intervjuet framhevar Per guden Tor og synest han er 'stilig'. Han er særleg oppteken av makta hans. No kjenner han også til guden Frøya. Han kjenner også til forteljinga om då Tor ville gifta seg med Frøya. Når det gjeld gudsydning, meiner

han dei skar ut figurar i tre, som var hole inni. Når folk la mat i dei, hadde musene ete dette opp til neste dag. Denne episoden viser han til to gonger i samtalen. I det andre dømet fortel han at det var mus inni statuar av Odin og Tor. I samtalen om bloting, der dei drakk av blodet, kommenterer Per at dette er ekkelt. Han meiner dei heller burde drikka ketchup. Om våren fortel han også om kva vikingane tenkte om Valhall:

Per: Dei elska sånne der kampar. (...) Dei trudde når dei blei drepne, då kom dei opp til Valhall. Og så skulle dei slåst med kvarandre og så vakna dei om kvelden igjen. Då skulle dei eta sånne kyr eller noko sånt. Og så blei det levande. Og så fortsette det sånn, heile vegen.

Anne: Ja.

Per: Det høyrest kjedeleg ut.

Per framhevar det krigerske med vikingane. Likevel synest ikkje dette å engasjera. Han har kjennskap til førestellingane deira om Valhall. For han synest Valhall å vera geografisk plassert 'oppe'. Kanskje han her nyttar den same terminologien som me kjenner att frå førestellingar innan kristendommen, nemleg 'oppe i himmelen'?

Per og Torleif har også tankar omkring korleis vikingane førestelte seg at verda såg ut og hadde vorte til. Vikingane meinte ho var "... som ei pannekake". Men etter ei stund er det nokon som hevdar at ho er rund, og dette synet vinn, fortel han. På spørsmål frå Anne om korleis dei tenkte seg at verda vart til, svarar Torleif:

Torleif: Det var ... Først var det to sånne planetar eller kva me skal kalla det. Den eine var om eld og den andre var om is, liksom.

Anne: Mm. Ja.

Torleif: Så var det eit hol i midten.

Anne: Ja.

Torleif: Og så blei dei para saman, og så blei det ei svær kjempe av det.

Anne: Ja.

Torleif: Og han ..., og han fekk mjølk frå ein sånn svær kul ...,

Anne: Mm.

Torleif: ... og det pipla ut sånne jotnar ut av håret på han.

Anne: Ja.

Torleif: Og så var det ein stein som kua heile tida slikka på. Og ut av det blei det heilt til slutt forma ein gud.

Anne: Mm. Ja. Mm.

Torleif er ein av dei få som gjengjev denne skapingsmyten. Han har kanskje lese om det i ei av bøkene, eller hugsar det frå kva læraren fortalde. I alle høve synest det ikkje vera så mange som har ei samanhengande forteljing om ei slik skapingssoge. Det mest vanlege er dei sjablongmessige forteljingane om Odin og Tor. Dette kan tyda på at Torleif er interessert i temaet.

Når Sindre skal skildra kva dei trudde på i den norrøne trua, viser også han til Odin og Tor. Men han viser også til det han kallar "... alle dei der andre 'sau-i-hovudet-typene'". Dette forstår eg som at han vurderer dei som dumme. Også i det andre intervjuet brukar han liknande uttrykk, nemleg "...luni". Her viser han til skapingsforteljingar om ei kjempe som blir til ein planet, og om kua som slikka steinen. Sindre synest vera oppteken av desse forteljingane, så Anne spør han vidare om dei.

Anne: Har du høyrte mange forteljingar om korleis dei tenkte seg at verda blei til?

Sindre: Eg har høyrte tre forskjellige versjonar.

Anne: Jaha.

Sindre: Den eine er vikingversjonen, og så den kristne versjonen ...

Anne: Jaha.

Sindre: ... og så den versjonen som er heilt sikker sann.

Anne: Ja, og korleis er den?

Sindre: Det er "The Big Bang", eksplosjonen.

Anne: Ja, det er den du tenkjer deg? Korleis er den kristne versjonen då?

Sindre: Ja, det er jo at Gud skapte jorda og Adam og Eva. Det er jo fantasiavvik.

Anne: Mm. Ja.

Sindre: Men viss det var ein gud, så kunne han like godt berre skapt ei verd, altså.

Anne: Ja. Men du synest det høyrest mest sannsynleg ut med "The Big Bang"?

Sindre: Ja.

Anne: Okei.

Sindre: For det er så mykje løye som skjer der.

Anne: Ja.

Innleiingsvis tenkjer Anne på kva ulike skapingsforteljingar vikingane hadde. Sindre utvidar perspektivet. Han talar om tre versjonar, nemleg versjonen til vikingane, den kristne og den sanne versjonen, som han seier han sjølv står for, nemleg "The Big Bang". Her ser me at Sindre presenterer og grunnjev eigen ståstad. Dei andre har han karakterisert som høvesvis 'luni' og 'fantasiavvik', dvs. ikkje sannferdige. Det som undrar meg er at han ikkje gjev ein etisk eller dogmatisk grunn, men det eg vil kalla estetisk; nemleg at det skjer så mykje 'løye' i "The Big Bang". Eg tolkar dette som at han finn ei form for underhaldning i denne versjonen. Seinare i samtalen fortel han litt meir om korleis dei tenkte seg verda blei til og såg ut i den norrøne livstolkinga.

Sindre: Dei tenkte seg to kuler, ei av is og ei av flamme. Så var det ei daud kjempe i midten, og det var dei.

Anne: Ja.

Sindre: Så var det Utgard, Midgard, og så ... Inn-..., eg hugsar ikkje ...

Sindre har tydelegvis høyrte skapingsssoga, men har lite detaljar å fylla ut med, anna enn dei to kulene og ei kjempe i midten. Han kjenner også omgrepa Utgard og Midgard. Det høyrest

vidare ut som han vil fylla ut med Inngard, men stoppar her. Anne hjelper han vidare med namnet Åsgard. Sindre har då klart for seg kvar gudane, menneska og vettene budde. Me kan såleis seia han har eit visst 'geografisk' oversiktsbilete av dette universet.

Som nemnt høyrer Odin og Tor med i oppfatninga til Sindre av den norrøne gudeverda. Om våren er perspektivet noko utvida. Då nemner han også Sleipner, Hugin og Munin. Midgardsormen, Fenrisulven og Hell reknar han også opp. Vidare nemner han Loke, Frøya, Balder og Idunn. Denne siste gudinna har han humoristiske assosiasjonar til:

Sindre: Og så ho der Idunn.

Anne: Mm.

Sindre: Eg kjem alltid på det når eg kjem på dressing.

Anne: Ja! (Litt latter.) Ja, det same namnet.

Namnet får Sindre til å tenkja på eit kjent varemerke han truleg har sett reklame av på tv. Her ser me at symbolet Idunn har ulike meiningsinnhald. Spørsmålet er kva meining Sindre er mest fortruleg med. Er det dressingreklamen som får han til å tenkja på gudinna, eller omvendt? I alle høve forbind han Idunn med eple. Han seier elles lite om kva ho står for.

Me ser av opprekninga at Sindre ikkje utan vidare skil mellom gudane og andre skapnader i universet. Når Sindre får tenkja seg litt om, kjem han på at Hugin og Munin er kråkene til Odin. Odin forbind han med sal og jordbruk, men også at han hadde hammar. Her blandar han Odin og Tor. Når dette vert retta opp, blir det Tor som blir "... jordbrukstypen". Han kjenner til at dei dyrka gudane med offer. Han synest eigenleg det er kjedeleg å lesa om desse gudane. I arbeidsboka har han teikna Tor, Odin, Balder og Frøya, saman med ein "baserker" (ein som går berserk) og ein jotun. Sjølv om figurane er små, får Sindre her fram kjenneteikn ved desse gudane. Tor, Odin og Frøya er aktive og krigerske, medan Balder har falle med ei pil i ryggen. Jotnen liknar eit dyr i angrep.

9.4.5 Møte med kristendommen

Om hausten har Torleif få kommentarar som viser kjennskap til kristendommen som kom til landet. Det same gjeld Per. I samtalen om våren kommenterer Per litt meir om kva han meiner er kjenneteiknet på kristendommen som kom. Han nemner Kvitekrist. Han knyter også kristendommen til noko kvitt på den tida.

Per: Og så gjekk me i kvitt. Men det gjer me ikkje no, for no er det svart og kvitt.

Det går ikkje fram av samanhengen kva Per meiner med påstanden om at det no er svart og kvitt. Kanskje tenkjer han på korleis prestekjolane har vore? At Kvitekrist blei framstelt i kvit kappe, medan prestar seinare har hatt svart kappe med kvit krage? Men det vanlege er no kvite prestekjolar, så det er vanskeleg å tolka Per her. Han får i alle høve fram kontrastar.

Det Torleif trekkjer fram frå kristendommen i det andre intervjuet, er samanlikninga mellom ei kristen og ei norrøn skapingssoge. I kristendommen var det Gud som skapte verda. ”Begynte på måndag, og så kvilte han på søndag”, fortel han. Her legg han vekt på kronologien, og dette at det var ein Gud som skapte, medan han framstiller korleis guden vart skapt i det han fortel frå norrøn skapingsmytologi.

Sindre viser til at prestane trudde på Gud i kristendommen. Men samstundes legg han til si eiga vurdering, nemleg ein ”... sånn Gud, som sannsynlegvis ikkje eksisterer”. Dette grunnjev han med at ingen har sett Gud. Han meiner også at det er ”... ganske teit” at menneska ikkje fekk tru på Odin og Tor lenger. Han meiner dei eigenleg ikkje visste så mykje om den nye trua. Av endringar elles nemner han at dei no måtte gå i kyrkja, og så måtte dei betala skatt til kyrkja. Han kjenner også til nye reglar om det å fasta på fredagen, ikkje ha træljar, og å ha ølgilde i staden for å blota. Heller ikkje hadde dei lov å setja ut ungar, eller å slå i hel. Dette er reglar han kjenner til før han har sett Mostraspelet. Anne lurar på i kva grad han meiner desse nye reglane førde til store forandringar i samfunnet.

Anne: Så det blei kanskje litt store forandringar? Kva vil du seia?

Sindre: Eigenleg ikkje så store forandringar, for nesten alt blei jo bytta inn i noko anna, men ...

Anne: Mm.

Sindre: ... det blei jo ein del forandringar.

Eg tolkar Sindre som at han meiner at endringane ikkje blei så store, av di ein del skikkar allereie eksisterte. Sjølv om dei no endra innhald, var dei ytre endringane ikkje så store. Desse spørsmåla har det vore mykje debatt om innan forskinga.

9.4.6 Møte mellom norrøn tru og kristendommen

I det første intervjuet kjenner Per lite til korleis det var då kristendommen kom til Noreg. I det andre intervjuet er Per og Torleif opptekne av at kongane brukte makt ved innføringa av kristendommen. Folk blei piska og drepne. Det synest likevel som Per har tankar om at det var rom for eit personleg val.

Per: Dei var ikkje heilt sikre på kva dei skulle tru på. Til slutt tok dei eit val, og då bestemte dei seg for Kvitekrist, og så då ... Og så gadd dei ikkje tru på dei gamle gudane Tor og Odin, og så når han der ...

Her er perspektivet ikkje at dei vart tvinga til tru av kongane, men at dei hadde ein slags refleksjonsperiode, der dei etter ei stund bestemte seg. Me veit ikkje heilt om det var av fornuft eller kjensler. I alle høve 'gadd' dei ikkje tru på dei gamle gudane. Dette kan tyda på at Per føresteller seg dei tok ei personleg motivert avgjerd. Me kan kanskje tolka det som ei form for *overtydingsparadigme*. Både Torleif og Per gjev uttrykk for at det ikkje var så mykje kamp og strid og tvang. Dette kan synast litt paradoksalt, all den tid teikninga til Torleif og det dei elles seier om vikingtida, er sterkt prega av det krigerske. Det kan tyda på at dei gjer eit skilje her mellom den generelle framferda og det å skifta tru, dvs. at dei oppfattar eit skifte av religion som relativt fredeleg. Men her kan det vera vanskeleg å trekkja eintydige slutningar av det gutane seier.

Sindre meiner overgangen til den kristne trua både var positiv og negativ. Noko vart betre, noko vart verre, som t.d. det å halda den sjuande dagen heilag. Han har nemleg lita forståing for kjedelege søndagar, seier han, og trekkjer parallell til si eiga tid. Sindre framstiller møtet mellom den norrøne trua og kristendommen i eit *konfliktparadigme*. Særleg var det leiarane som ikkje ville gje seg.

Sindre: Nei, det var jo svære kampar med dei bøndene og den der typen på Stord. Og så var det mange andre krigar. Det var ein sånn der jarl, trur eg ...,

Anne: Mm. Ja.

Sindre: ... som var ein sånn skikkeleg surpomp. Eg hugsar ikkje namnet hans, men ...

Anne: Mm. Ja.

Sindre: Ikkje søren om han skulle gje seg!

Her siktar Sindre truleg til kampen med Håkon den gode på Fitjar. Han understrekar at det var mange forskjellige krigar. Midt i dette karakteriserer han ein jarl. Kven han tenkjer på, er ikkje godt å seia. I alle fall ser det ut til at Sindre tenkjer på ein han opplever som ein sta og sur person.

Anne stiller spørsmålet om Sindre synest den eine eller andre religionen vert framstelt som betre eller verre enn den andre. Her oppfattar Sindre, som fleire andre, at det er eit spørsmål kva for ein religion dei sjølve synest er best.

Sindre: Ja, den der kristendommen er jo mykje meir realistisk.

Anne: Mm.

Sindre: Viss du høyrer på det, så går det an å tru på det.

Anne: Mm. Ja.

Sindre uttrykkjer her ei positiv vurdering av kristendommen. Dette kan synast i motsetnad til det han elles seier om den kristne skapingstrua som fantasiavvik, og at det kjem til å gå raskt nedover med kristendommen. Kanskje Sindre difor svarar positivt for å tilfredsstella Anne?

Når det gjeld kva nye reglar som kom med kristendommen, nemner Per dette at dei ikkje skulle banna, ikkje lyga, ikkje stela og ikkje drepa. Viss dei var gifte, skulle dei aldri skilja seg. Som me ser her, er det likskapar, men også skilnader, både i høve til den nøyaktige utforminga av dei ti boda og til Kristenretten. M.a. gav Kristenretten påbod om å skilja seg frå den/dei siste, dersom dei hadde fleire koner.

9.4.7 Møte med Mostraspelet

Før Mostraspelet

Sindre er ein av dei få som har sett Mostraspelet på førehand. Han såg det då han var ni år. Han synest i det andre intervjuet å ha ei noko ambivalent haldning til spelet. Sindre meiner spelet handlar om kampen og krigen som gjekk føre seg ved kristninga. På den eine sida kommenterer han at stykket var "... veldig dårleg laga til, eigenleg". På den andre sida meiner han det var stilig "... då den gamle kjerringa slår ei jente nesten i hel". Her tenkjer han truleg på Gunbjørg gamle, sjølv om det etter mi forståing er ei uvanleg tolking at ho var i ferd med å slå nokon i hel. Sindre argumenterer også med at spelet var dårleg ut frå scena då Torolv vart drepen med eit spyd. Han meiner det er ein prest som gjer dette. Det Sindre festar seg med, er det skodespeltekniske.

Sindre: (Ironisk.) Det er jo vanskeleg å sjå at han berre legg han ved sida av armen sin då.

Anne: Ja. Du synest at det var litt avslørande der?

Sindre: Mm. Og pluss den presten kom seg heilt vekk. Det var ganske teit.

Anne: Mm.

Sindre: Han er sikkert blitt hengt, han, for det.

Sindre er ikkje oppteken av spørsmålet om drapet på Torolv var urettferdig eller uventa, men han ironiserer over måten dette vart gjort på, eller kva triks dei bruka. Han avslører med ein gong at spydet ikkje gjekk inn i armen, men vart lagt ved sida. I tillegg ironiserer han over om mordaren har fått straffa si. Dette får me ikkje vita noko om i spelet. Den som synest å vekkja sympati, eller positiv merksemd, hos Sindre, er Gunbjørg gamle. Ho vert karakterisert som hissigpropp og stabeis, men dette vert forstått positivt. Sindre har inntrykk av at elevar som har sett spelet, ikkje bryr seg om det.

Sindre: Det er ikkje interessant det altså.
Anne: Nei vel? Kvifor er ikkje det interessant?
Sindre: Ingen bryr seg om det.
Anne: Nei vel?
Sindre: Ingen gidd å fortelja om det.
Anne: Har du inntrykk av at dei ikkje syntest det var noko særleg?
Sindre: Ja.
Anne: Seier dei det?
Sindre: Ja. Nei, dei seier ingenting.
Anne: Mm. Og det tolkar du som at dei ikkje brydde seg?
Sindre: Ja.

Det at dei andre elevane har vore tause om spelet, har altså Sindre tolka negativt. Han fortel likevel at han sjølv gler seg til å sjå spelet, av di det er 'stilig'. Anne lurar på kva som ligg i dette.

Anne: Kva er det som gjer at det er stilig?
Sindre: Nei, det er den der vikingtida som ...
Anne: Ja.
Sindre: Og så er alt så overdrive, liksom.
Anne: Mm.
Sindre: Og eg likar overdrivne ting.
Anne: Du likar overdrivne ting? Ja. Trur du eigenleg ikkje at det skjedde sånn?
Sindre: Nei, det skjedde mykje meir dramatisk enn dei berre slo skjolda til kvarandre.
Anne: Så du meiner at verkelegheita var meir dramatisk enn det spelet viste?
Sindre: Ja, men alle slepp jo inn og ser på det, så det er jo klart at dei sensurerte ein del ting.
Anne: Mm. Kva meiner du skjedde i verkelegheita som ikkje kjem fram i spelet?
Sindre: Nei, det var vel dette her med at han typen som blei drepen på Stord ...
Anne: Mm.
Sindre: ... eg hugsar ikkje om det var den same typen, og så var det jo masse med ..., masse krigar og folk som blei forfølgde og sat i fengsel, berre fordi dei ikkje ville bli kristne og sånne ting.
Anne: Mm.

Sindre tek her opp eit aktuelt spørsmål i høve til historiske spel: I kva grad skal spelet framstella autentiske handlingar? Svaret han gjev er ikkje utan vidare lett å tolka. På den eine sida seier han at dei overdriv i spelet. Samstundes seier han at det var eigenleg mykje verre i verkelegheita. Grunnen er truleg tanken på at også barn får sjå spelet, og dei skal vernast. Også nokre andre elevar kjem inn på dette. Andre meiner at spelet nettopp dramatiserer og 'gjer ting verre' for at det skal vera spennande å sjå på, også for barn. Sindre synest å vera ambivalent her. Truleg er det noko med dramatikken som fascinerer han, men samstundes reflekterer han over om i kva grad dette er historisk 'rett'. Han viser til eit drap på Stord. Truleg tenkjer han her på Håkon den gode som fall i slaget på Fitjar. Men på spørsmål frå Anne om kva han sakna i Mostraspellet, har han ikkje noko forslag. Han berre konkluderer med at dei kunne brukt noko betre enn 'plastikkverd'. Her foreslår han sverd laga av gummi,

slik at det ser ut som sverdet går inn i personen når han vert stukken. Han er tydeleg oppteken av triksa, heller enn kva hendingane historisk refererer til. Dette viser seg også i at han meiner kleda dei hadde på seg, ikkje var 'normale' på den tida.

Sindre meiner at budskapet i Mostraspelet er å få fram at Noreg skal bli kristna. På spørsmålet om han meiner Mostraspelet har noko å læra oss, svarar han: "Ikkje stol på prestar!" Anne undrar seg over kva han meiner med dette, og han forklarar det ut frå at det var ein prest som hoppa fram og drap Torolv i slutten av spelet. Han meiner dei er litt utilreknelege og slue.

Sindre har positive forventningar til spelet på førehand, og håpet hans er at det ikkje begynner å regna. Torleif og Per har ikkje sett spelet før. Det einaste dei veit om spelet, har dei høyrte på skulen. Her har dei m.a. sett teikneserieheftet og introduksjonsfilmen. Torleif hadde lagt mest merke til blotescena. Han syntest folka i vikingtida vart framstelte som 'veldig galne' og 'griske'. Men han syntest også stykket var 'stilig'. Per syntest det var komisk å sjå Torolv Maurstad i rolla som bisp, av di han også spelar i "Hotell Cæsar". Han håpa å møte Maurstad på Moster, slik at han kunne be om autografen hans.

Anne: Kva forventningar har du til dagen?

Per: Ja, viss han der Torvald ..., han der i Hotell Cæsar kjem ...,

Anne: Mm.

Per: ... eg veit ikkje kva han heiter, då skal eg spørja etter autografen hans.

Anne: Jaha. Mm.

Per: Og så skal eg drikka kald Coca Cola når eg ser på.

Denne vesle dialogen er eit døme på at også utanomfaglege forventningar kan vera sterke. Her er det å møte ein mediekjendis frå ein såkalla 'såpeserie' ei eksplisitt uttrykt forventning. I tillegg ser me at dei gler seg til å få lov å drikka Cola, ein aktivitet som til vanleg ikkje er tillaten på skulen. Me kan kanskje kalla det 'laurdagsgodt-syndromet', sjølv om dette kanskje ikkje er dekkande i vår tid, der Cola er blitt meir daglegdags. Det synest her å ha ei viss høgtid over seg og vera eit uttrykk for velvære som kanskje kan knytast saman med det faglege. Torleif og Per gler seg til å sjå stykket. Dei har også sett litt innslag om spelet i media, men har i liten grad samtala med andre elevar som har sett spelet.

Etter Mostraspelet

Korleis går det så i møtet med Mostraspelet? I samtalen om dette deltek dei tre gutane. Gutane er samstemte i at hovudinstrykket var negativt. Det var kaldt og kjedeleg. Per meiner

likevel at sjøve spelet var litt gøy, men det er ikkje dei andre samde i. Sindre nyttar ei noko uvanleg samanlikning på kor kjedeleg det var, nemleg som det å vera foster i mors liv:

Sindre: Det var det kjedelegaste eg har vore ute for i ..., sidan eg låg i magen til mora mi i ni månader. Det var nesten like kjedeleg som Mostraspelet.

Denne samanlikninga tolkar eg som eit sterkt uttrykk for at Sindre opplevde framsyninga som kjedeleg. Sjøve argumentasjonen er likevel interessant. Dei færraste av oss har vel noko bevisst erkjenning av tilstanden vår på fosterstadiet. Her ser det ut til at Sindre prøver å finna det maksimale dømet på noko som er kjedeleg, som kan illustrera opplevinga hans av Mostraspelet. Det næraste han kan koma på, er altså dei ni månadene i mors liv. Eg antek at Sindre vil ha fram at ni månader er uttrykk for ei tidsoppleving som er omfattande, både kvalitativt og kvantitativt. Begge desse dimensjonane er viktige i forståinga hans av det kjedelege. At han attpåtil blir våt og gløymer å drikka Colaen han har med, understrekar det negative. Det synest som han har ein del elementære fysiske og psykiske behov som ikkje vert tilfredsstilte. Som me har sett tidlegare, hadde han positive forventningar på førehand, men desse vert ikkje oppfylte. "Eg hugsa det som gøy, men det var det ikkje", seier han. I ei kort skriftleg vurdering av turen skriv han:

Om Mostraspelet. Mostraspelet. Ingen ting var kjekt / eg forsto ingen ting. / Eg lurar på kofor dei ikkje kune gjort da spennane. Eg likte heller ikkje styke i seg sjøl for da var så kjedeli. Men Torolv var ganske bra. Eg kome aldri til å gløyma kor kjedli da var. Eg ville nok gjort styke kult.

Spørsmålet er korleis Sindre og dei andre gutane grunngjev erfaringane sine. Eg vil i utgangspunktet seia at det ikkje ser ut til at dei har hatt noko fruktbart kulturmøte. Kan det likevel vera grunn til å nyansera dette inntrykket? Svaret er avhengig av i kva grad me kan leggja andre kriterium til grunn enn ei negativ kjenslemessig oppleving.

Sindre samanliknar Mostraspelet med ein såpeopera. Han meiner innhaldet er urealistisk, og at dei ikkje meiner det dei seier. "Nokon har tvinga dei til å seia det, nettså", seier han. Kven desse er, seier han ikkje noko om. Per tek utgangspunkt i det skodespeltekniske. Han har ei meining om korleis han opplever framføringa reint teknisk. Dette pregar heilskapsopplevinga hans.

Per: Masse falskt. Då han stakk kniven, så såg eg det var på sida. Veldig bra. (Ironisk.)

Anne: Mm, mm.

Per: Og så er det utruleg falskt spel.

Per synest ikkje her å vera oppteken av innhaldet i spelet, men av mangel på 'profesjonalitet' i det skodespeltekniske. Dette forstår eg slik at han avslører triksa som dårleg gjennomførte. Han meiner også det trengst betre skodespelarar, som t.d. Bruce Willies. Han har ikkje så god oversikt over rollene i spelet. Det var " ... Torvald og Odin og masse sånne".

I samtalen om innhaldet i stykket brukar gutane ein del uttrykk som eg merkar meg. Drapet på Torolv blir omtala som å bli 'spidda', og kongane var 'kjeftete'. Måten dei framstiller hendingane på, vert omtala som 'komisk' og 'heilt teit'. Etter kvart stig det fram eit persongalleri av roller, der dei særleg trekkjer fram kongane, Håstein, Torbera, den gamle kjerringa og Torolv og Vigdis. Dei kjenner att situasjonane når Anne viser frå teikneserieheftet. Vigdis blir framstelt som ei som gjev seg med ein gong og går over til kristendommen. Ho lyder for mykje på faren, i følgje Sindre og Per. Forholdet mellom Torolv og Vigdis ser ikkje ut til å engasjera gutane i særleg grad. Dei meiner ho stikk av frå Torolv fordi ho er redd han. "Ho var sikkert redd for at han skulle valdt henne", meiner Per. Han legg altså ikkje vekt på romansen mellom dei, men på ei form for seksuelt trugsmål frå Torolv si side. Denne tolkinga er nokså uvanleg mellom elevane. Sindre har også ei noko uvanleg tolking når det gjeld spørsmålet til Anne om kvifor Torolv kalla Vigdis for 'sommarblomen' sin. Dei fleste barna tenkjer på at dette er eit positivt 'kallenamn', ei slags kjærleikserklæring. Sindre ser det frå ein annan vinkel:

Sindre: Men kanskje han [Torolv] meinte han var på viking heile vinteren? Så kom han tilbake om sommaren: "Å, sjå på den blomen!"

Anne: Ja, det er mogleg det.

Sindre: "Uff, eg er så lei av den blomen, liksom. Er der kvart einaste år."

Her vender Sindre tolkinga av uttrykket 'sommarblom' til noko negativt, som Torolv er lei av. Eg forstår det likevel meir som ei humoristisk eller ironisk tolking, enn at Sindre meinte dette alvorleg. Eg meiner dette er uttrykk for evna Sindre har til ikkje utan vidare å velja den allmenne forståinga. Han leikar med andre og uventa tilnærmingar.

Gutane er også samde om at Gunbjørg gamle engasjerer dei. Sjølv om ho vert kalla både 'sur' og 'gammal', vert ho oppfatta som både 'tøff' og 'stilig'. Det ligg likevel ein ambivalens i dette at ho var gammal og dame, for gutane er samde om at folket på Moster ikkje tok Gunbjørg på alvor. Det fører til refleksjonar omkring autoriteten til gamle også i dag.

Per. Jo, det kan vera nokre folk som ... Gamle som kan vita ting ...

Anne: Ja.

Per: Dei gamle veit all ting betre enn dei unge.
Torleif: Det er ungdommar som veit det.
Anne: Jaha.

I denne vesle sekvensen er det vanskeleg å vita om Per ironiserer over dei gamle som (trur dei) veit allting betre enn dei unge, eller om det er noko han gjev si tilslutning til. I alle høve slår Torleif fast at han ikkje er einig. Han meiner det er dei unge som veit.

Eg vil også trekkja fram den forståinga gutane har av kongane. Dei skildrar Olav Tryggvason og Olav Haraldsson i nokså ulike ordelag, den første klart meir negativt enn den andre:

Per: Eg synest han [Olav Tryggvason] var mykje meir styggare og sånn feigare og mykje meir tosk i hovudet enn han der andre greia, han kongen som kom. Så han [den siste kongen] var mykje betre.
Sindre: Snillare.
Per: Mm.
Anne: Så de likte betre han Olav Haraldsson? Var det sånn?
Sindre: Ja, men i denne her teikneserien her så ser han ut som komplett idiot.
Anne: Ja vel? Synest de han var betre i spelet då?
Per: Ja.

Olav Tryggvason vert skildra som at han er stygg, feig og dum. Dette er ein sterkt negativ personkarakteristikk. Kva som gjer at Per har dette biletet, er vanskeleg å seia. Me kunne heller tru at han vart karakterisert ut frå måten å styra på. Spelet har skapt ei forståing der Olav Haraldsson kjem betre ut. Han vert opplevd som snillare. Men dette er ikkje utan vidare gitt ut frå slik Sindre meiner teikneserieheftet framstiller han. Her meiner han truleg at teiknaren 'skyt bom' i framstillinga, nemleg ved at dei som les dette, kan få inntrykk av at han er ein "idiot". Slik eg tolkar Sindre, har ikkje teiknaren lukkast i framstillinga si her. Me kan kanskje seia det vert oppfatta som misvisande brukarinformasjon?

Per har også, som nokre av jentene, kommentar til det at ein unge (ei jente) fekk koma opp til kongen og sitja på stolen hans. Per oppfattar ikkje dette som autentisk, og synest vera kritisk til dette vesle innspelet frå regissøren.

Per: Og så var det teit at han der vesle ungen kom og så ... Og så då den ungen kom, så fekk han sitja på stolen som det stod konge på. Eg trur ikkje kongane var akkurat sånn. Det var litt sjukt.

Medan somme oppfattar dette som eit positivt menneskeleg trekk ved kongen, er Per samd med dei som meiner dette ikkje verkeleg skjedde. Me kan seia han driv litt historiekritikk her når det gjeld framstillinga. Kongen vert her framstelt som snillare enn han var. Per er også

den som tydeleg gjev uttrykk for at han synest kongane var ”frekke”. Kva meiner han så med det?

Per: Dei var så frekke. Dei skulle absolutt ha folk til å tru på det absolutt dei trudde på.

Anne: Mm.

Per: Det var sjukt at dei skulle få absolutt alle folk til å tru på det dei trudde på. Tenk viss at ..., for eksempel ein som trudde på Satan kunne få alle til å tru på Satan. Det kom til å bli heilt sjukt.

Per karakteriserer det altså som frekt at nokon skal/kan styra over trua til andre, og han blir indignert over dette. Han viser til kor urimeleg det ville vera om alle blei tvinga til å tru på Satan. Etter mi vurdering viser han her evne til å tenkja prinsipielt om trusfridom. Han viser også seinare i samtalen til at då kunne me også risikera at nokon hadde ei tru som tilsa at me skulle drepa piggsvin kvar dag. Han nyttar her metaforar som understrekar at han finn ein slik tvang urimeleg. Me kan likevel seia at han nyttar døme som mange umiddelbart vil ta avstand frå. Han drøftar ikkje om det kan finnast tilfelle der det er legitimt med tvang.

Gutane har lagt merke til blotescena, som Sindre framstiller på ein engasjert måte. Han har også ei forklaring på kvifor menneska oppførte seg så rart etterpå.

Sindre: Dei begynte å blota, blota, blota, blota ...

Anne: Kven var det som blota?

Sindre: Eh ..., eh ..., Torolv og typen frå Fitjar.

Anne: Mm.

Sindre: Og så han der ..., han som vart heilt galen. Han som sikkert hadde ete for masse flugesopp.

Anne: Ja vel? (...) Ja, kvifor blei dei så galne trur du?

Sindre: Dei åt flugesopp.

Medan andre barn gjerne festar seg ved at dei som blota drakk blod, viser Sindre at han har høyrte om vikingar som åt flugesopp, og dette nyttar han som forklaring på at dei som blota, oppførte seg så rart. Bruk av flugesopp vert gjerne framstelt som eit rusmiddel for vikingane, noko Sindre tydelegvis kjenner til. Han får fram at dette førte til ei nokså utagerande åtferd.

Sindre og Torleif framhevar også karakteristiske trekk ved andre personar/roller i spelet. I tillegg til kongane, er det særleg presten Tangbrand dei har festa seg ved når det gjeld negative trekk.

Anne: Kan du seia litt om Tangbrand?

Sindre: Ein ... Ein ...

Torleif: Spion.

Sindre: Ein ego.

Anne: Ja vel? Kva betyr det?

Sindre: Egoist. Han der kongen skulle liksom ha slutt på alt det der vikingtokter. Då kjøpte han sine egne skip og gjekk på vikingtokt sjølv, sjølv om han var prest.

Gjennom denne karakteristikken får dei fram trekk ved Tangbrand som dei meiner ikkje samsvarar med det idealet dei har av ein prest. Tangbrand var ein som lurte andre, slik at han fekk goda sjølv. Han fekk likevel i ettertid ei fortent straff, meiner dei. Gutane synest her vera observante og ha evne til å formulera refleksjonane sine. Det er difor kanskje ikkje uventa at dei alle er samde om at dei hadde trudd at Torolv til slutt skulle ta livet av Tangbrand. I samtalen om Kristenretten oppstår det ei lita meningsutveksling om dei nye lovene.

Anne: Kva forbind du med Kristenretten, Per?

Per: Reglane?

Anne: Ja.

Per: Eh ..., det var typiske reglar, var det ikkje? Men dei fleste var bra.

Anne: Kva reglar fekk dei?

Per: Skulle ikkje ha to damer. Ikkje drepa. Du skulle ikkje ha andre gudar enn han der oppi himmelen, nei ..., og dei ti boda.

Anne inviterer Per til å koma med tankar om Kristenretten. I første omgang er dette nokså ope. Per går først ikkje inn på dei ulike reglane, men kommenterer heller kva han synest om dei, nemleg at dei fleste var bra. Kva han her tenkjer på, veit eg ikkje. Anne går difor vidare i samtalen, for å høyra litt meir konkret om lovene. Som me ser av svaret, er det ei blanding av innhaldet i dei ti boda, og ein regel om "... ikkje ha to damer". Dette viser truleg til lova i Kristenretten om å skilja seg frå den siste dersom ein mann hadde to koner. Eg merkar meg her at Per nyttar eit meir moderne uttrykk, nemleg 'å ha dame'. Slik eg tolkar han, meiner han her dame synonymt med kone, medan me i vår tid nyttar det meir ope for det 'å ha kjærast'.

Sindre kommenterer, i motsetnad til Per, at han ikkje synest om dei nye reglane. Han meiner dei er "... heilt teite", bortsett frå regelen om ikkje å drepa. Han viser til at me t.d. ikkje følgjer regelen om å ikkje eta kjøtt på fredagen, av di då er det hamburgerdag. Her ser me igjen at Sindre har humoristiske innspel i samtalen.

Me ser at Per, lik mange andre av barna, blandar saman Kristenretten og dei ti boda når dei skal presentera innhaldet i Kristenretten. Dette er kanskje ikkje så rart, av di nettopp dei nye lovene var prega av kristendommen og dei ti boda. Men det viser vel kanskje også eit dilemma i presentasjonen av Kristenretten: I kva grad tenkte ein i vikingtida at det var skilnader og fellestrekk ved Guds bod og dei nye lovene i landet? For barna ser dette ut til å vera to sider av same sak.

Det som gutane hugsar best att, er drapet på Torolv. ”Det var det som var stilig i spelet, og som var det beste”, seier Per. Eg tolkar det som at denne scena har ein instrumentell funksjon når det gjeld spenning og klimaks i spelet, men dette er truleg meir på grunn av det sceniske enn det eksistensielle dilemmaet. Dei har likevel innvendingar mot gjennomføringa.

Er det så personar/rollefigurar gutane er ueinige med? Som nemnt tek Per avstand frå kongane. Dette er Sindre samd i, men han viser også til Håstein herse, som hadde døypt seg utan at nokon visste det. Dette får Sindre til å konkludera med at han er usamd med alle dei som gjekk over til kristendommen.


Sindre: Eg synest alt ..., alle som er med i dei der kristengreiene var heilt idiotar.
Anne: Ja vel? Kvifor var dei det?
Sindre: Fordi dei var heilt idiotar.
Anne: Ja vel. Akkurat. (Litt latter.)

I denne vesle dialogen oppsummerer Sindre meininga si om dei som representerte den kristne trua. Han kallar dei idiotar, eller dumme. Anne er nysgjerrig på grunngevinga hans, men her gjentek Sindre berre påstanden. Det blir ein sirkelargumentasjon, utan at ein kjem til ei nærare konkretisering eller forståing. Eg oppfattar utsegna til Sindre som uttrykk for kjenslemessig engasjert distanse. Det same engasjementet kan me kanskje seia kjem til synes i spørsmålet om kven han likar veldig godt. Her presenterer han Torolv, og dette får han tilslutning til hos dei to andre.

Anne: Er det nokon i ..., av personane i spelet som de kunne tenkja dykk å ha som forbilde, eller som de likte veldig godt?
Sindre: Torolv, Torolv, Torolv.
Anne: Ja, kan du seia kvifor det?
Sindre: Jo, for han var den kulaste.
Anne: Mm.
Sindre: Med den bra sveisen.
Anne: Ja.
Per: Torolv, er det han som blei drepen?
Anne: Ja.
Per: Ja, han likte eg også best.
Anne: Ja.
Torleif: Same her.

Sindre fortel at han likar Torolv best. Han forklarar dette med at han synest han er den ’kulaste’ og hadde ein ’bra sveis’. Dette tolkar eg som karakteristikkar både av utsjånad og veremåte. Kva Sindre legg i omgrepet ’kul’ er likevel vanskeleg å tolka. Eg vil seia at Torolv har appell, men det er vanskeleg å seia om dette går på dei karaktertrekka han står for, eller

om det går på ytre faktorar. Det kan vera dobbelt botn i dette uttrykket. Eg merkar meg også at både Torleif og Sindre har teikna frå då Torolv blei drepen. Begge framstiller ein som stikk sverdet sitt gjennom ein annan, men medan personane er om lag like store og kledde i vikingklede hos Torleif, har Sindre framstelt Torolv som den største. Her har dei ikkje noko tradisjonell vikingdrakt på seg. Sindre har også laga ein figur attmed som skrik "IKKKKK!" På denne personen reiser håret seg rett opp, og han har store augo. Den som stikk Torolv, seier "Ha Ha", medan det liksom syner eit ekko (aaaaa) bakom Torolv. Poenget synest å understreka det dramatiske i drapet (fig. 9.4.7.1).



Figur 9.4.7.1: Teikning av Sindre: Frå Mostraspelet

Kva generelt inntrykk har så gutane av Mostraspelet? Per har ikkje svar på om spelet har lært han noko om forholdet mellom den norrøne trua og kristendommen. Sindre meiner at stykket viser at mange blei tvinga til å tru. Han meiner likevel at spelet framstiller forholdet mellom kristendommen og den norrøne trua på ein feil måte.

Sindre: I dette spelet her så var kristendommen mykje meir brutal enn den andre trua ...

Anne: Mm.

Sindre: ... men det var eigenleg omvendt. Det burde dei ha skifta ut.

Anne: Ja.

Sindre: Så plutsleg kristendommen er brutal tru. Kanskje det er sant også, men likevel.

Anne: Så du synest at Mostraspelet får fram at kristendommen var brutal?

Sindre: Ja, dei er brutale.

Anne: Og dei er brutale? Mm. Ja.

Sindre: Symbolet deira er ein mann som blir pint, spikra opp på eit kors. Herregud!

Anne. Mm. (Hostar.)

I denne dialogen kjem det fram eit noko paradoksalt syn på kristendommen. På den eine sida hevdar Sindre at Mostraspelet framhevar kristendommen som brutal, medan det eigenleg var omvendt etter hans meining, nemleg at representantar for den norrøne trua var meir brutale. Den første konklusjonen hans er såleis at Mostraspelet burde vore endra på dette punktet. Men så reflekterer han vidare over at kanskje det er sant at kristendommen var brutal. Dermed har han endra fokus ved å konkludera at dei kristne eigenleg er brutale. Dette konkretiserer han med å visa til at deira symbol er ein krossfesta mann, Jesus på krossen. Til denne erkjenninga kjem det eit utbrot: "Herregud!" Dette tolkar eg som eit resignert sukk over kor ille, eller paradoksalt, dette eigenleg er. Me kan altså seia at Sindre i ulike samanhengar får fram eit ambivalent syn på kristendommen. På den eine sida hevdar han at den norrøne trua var meir brutal, men mykje av det han elles seier om kristendommen på denne tida, er at den var brutal. Vidare hevdar han at kristendommens eksistens vil snart vera over. På den andre sida snakkar han om ei rettare form for kristendom no, i og med at folk kan velja om dei vil tru på den eller ikkje. På den eine sida tek han avstand frå kristendommen, på den andre sida seier han at kristendommen no er det rette. Slik eg tolkar desse ulike refleksjonane, tek Sindre opp svært mange dimensjonar i forhold til spørsmål om tru og relevans. Heller enn å leita etter konsistens eller motsetnader i dei ulike utsegnene, kan det kanskje vera fruktbart å tenkja seg at det å setja ord på og leva med paradoksa er teikn på ei adekvat tilnærming?

Men sjølv om samtalen om Mostraspelet har ført med seg mange tankar omkring utbyttet av spelet, svarar både Per, Torleif og Sindre negativt på om dei meiner spelet er aktuelt i dag. Sindre assosierer spelet med ein såpeopera han kjenner, nemleg "Melrose Place". Her er det også nokon som er glade i kvarandre, men så er det ein som døyr ... (Jfr. forholdet mellom Torolv og Vigdis i Mostraspelet.) Gutane har også tankar omkring kvifor skulen tek elevane med og ser Mostraspelet. Det kan vera både moralske og religiøse grunnar til det, meiner dei.

Anne: Men kvifor trur du at skulen tar dykk med til Moster då?

Sindre: Eg veit ikkje.

Torleif: Dei vil me skal frysa.

Anne: Trur du det?

Sindre: Kanskje det er ei prøve til militæret? Å uthalda sånne sinnsjuke kjedelege ting. Frysa og vera våte. Sikkert ei prøve.

Anne: Mm. Mm. Ja, Per, har du andre forslag? Kvifor skulen tar dykk med til Møster?

Per: Nei, viss det hadde vore fint ver og sånt at ..., då skulle me liksom vera opptatte av ..., då skulle me vera opptatte av fint ver ..., om Gud og Jesus og sånt.

Anne: Mm.

Per: Sikkert noko sånt.

Anne: Mm.

Denne samtalen om føremålet med turen forstår eg som ei blanding av humor og alvor. Svaret er tydeleg prega av at dei opplevde ein våt og kald tur. Før spelet hadde dei positive forventningar. Eg tolkar difor svaret som ei form for ironi med brodd i, over dette å læra å halda ut i ein barsk situasjon. Svaret er prega av ei negativ totaloppleving. Tilvisinga til Sindre til militæret kalla truleg på smilet hos Anne, men ho gjev ikkje direkte uttrykk for dette. Ho let samtalen gå vidare ved å gje tilslutning med eit "Mm." Svaret til Per går inn på det religiøse og på dette å ha ein kjekk tur i fint ver. Han meiner det er eit mål for skulen at spelet skal få dei til å tenkja på "... Gud og Jesus og sånt", dvs. at turen handlar om refleksjon over tru og livssyn. Dette avgrensar han til kristendommen, og nemner ikkje den norrøne trua. Han synest å ha ei oppfatning av at skulen meiner kristendommen bør vera i sentrum for refleksjonen omkring Mostraspelet.

I det tredje intervjuet kjem det også fram spørsmål som barna har. Dei lurar på kva ord betyr, t.d. ordet 'domine', eller dei lurar på kva språk dette var. Dei lurar også på korleis me kan vita noko om denne tida, og kven denne 'Snorre-kisen' var, om det t.d. var ei forkorting for Snurre Sprett. Igjen ser me døme på humor og det å leika med orda.

Anne lurar på i kva grad gutane opplevde Mostraspelet autentisk, dvs. i kva grad det skildrar forholda som dei var for 1000 år sidan. Det meiner dei spelet ikkje gjer, utan at dei kan forklara grunnen i særleg grad. Per meiner folka var meir vonde og slost meir før. Dette får dei ikkje fram skikkeleg realistisk i spelet. Elles meiner dei ikkje det er viktig å læra om det som skjedde for 1000 år sidan.

Kva meiner så gutane er føremålet for Bømloteateret med å framføra Mostraspelet år etter år? Her er Sindre nokså tydeleg på at det er for å tena pengar, og det i massevis.

Torleif og Sindre gjev råd om at det ikkje bør bli tur til Mostraspelet det komande året. Torleif meiner dei hadde fått bra informasjon på førehand, men stiller spørsmål ved om det kanskje var dumt å vita slutten på førehand. Sindre meiner førebuinga burde vore mykje betre. Dei har også tankar om kva som kunne vore gjort betre i spelet. Det burde vore stiligare, meir

realistisk, meir dreping og mindre falskt. Dette illustrerer dei ved følgjande konkrete framlegg når det gjeld drapsscena:

Sindre: Dei kunne brukt sånne ..., sånt som dei legg på magen sin, og når du stikk hol på det, så sprutar det opp sånn blod. Det kunne dei brukt.

Anne: Mm. Ja.

Sindre: I alle fall på han som døyde.

Anne: Fått litt meir sånn ...?

Sindre: Realistisk.

Som mange andre elevar har Torleif, Sindre og Per også forslag til det skodespeltekniske når det gjeld triks i drapsscena for å få denne til å bli meir 'realistisk'. Truleg er forslaga deira prega av idear frå filmar dei har sett, og som sikkert har skapt forventningar til kva ei realistisk drapsscene bør innehalda. Dei vil tydeleg ha inn meir effektar.

9.4.8 Møte med notid og framtid

Torleif meiner me ikkje har noko å læra av korleis det var for 1000 år sidan, men han synest det er gøy å læra om vikingane. Han meiner at det kanskje er nokon som er opptekne av vikingane også i dag.

Per seier i den første samtalen at han ikkje tenkjer så mykje på korleis det var for 1000 år sidan. "Eg tenkjer berre på framtida, eg", seier han. Draumen er å bli fotballspelar, med bil og svært hus i California. Han meiner likevel at det kan vera spennande å høyra korleis dei hadde det i vikingtida. Han har vore på ei utstilling og sett vikingskip.

Når det gjeld samanlikning av situasjonen til kvinnene i vikingtida og vår tid, meiner Per at det også no er slik at mennene jobbar ute og kvinnene inne. Dette er ikkje Torleif samd i. Han viser til at også menn lagar mat. Når det gjeld situasjonen til barna, meiner Torleif at før måtte barna arbeida "... sånn inn i granskauen masse". Torleif og Per er samde om at det er betre no, særleg på grunn av pc og tv og all informasjonen me har tilgang til.

Som eg har nemnt, meiner Sindre at kvinnene sin situasjon har endra seg mykje. Det same gjeld for barna. Han meiner dei har det betre no, med tv, der dei kan sjå "... masse kule greier". Men det finst ei endring Sindre meiner er til det verre, nemleg regelen om at søndagen skal vera heilag. Det betyr stengde butikkar. Folk bør kunna velja om dei ville ha heilagdag, meiner han.

Sindre: Eg synest dei der folka som er kristne jammen kunne ta seg ein heilagdag, eller kunne ta heilagdagane sjølve, eg. Kvifor må det gå ut over at alle butikkane skal vera stengde at ...
Mm.

Denne regelen reknar han er ei følgje av kristendommen som kom til landet. Dette er tydeleg ikkje noko god løysing, etter hans oppfatning. Sindre seier at ingen er oppteken av Odin og Tor i dag, og meiner menneska blir fengsla dersom dei trur på desse gudane i dag. Derimot meiner han at det er mange som trur på den kristne guden, men denne trua er i stor tilbakegang. Han er skeptisk med tanke på framtida til kristendommen.

Sindre: (...) Det er berre det at kristendommen har dotte rett (uth.) ned.

Anne: Ja vel?

Sindre: Han blir mindre og mindre heile tida.

Anne: Ja vel? Så du trur at det kjem til å gå nedanom med den?

Sindre: Ja.

Anne: Ja, akkurat.

Sindre: Om kanskje 20 ..., om kanskje nokre hundre år, så veit ..., så hugsar dei ikkje kva kristendommen er ein gong.

Anne: Trur du det kjem til å gå sånn over heile verda, eller er det her i Noreg du tenkjer det kjem til å gå sånn?

Sindre: Heile verda, trur eg.

Anne: Ja, akkurat.

Sindre: Når Kristus, når gudar liksom ikkje eksisterer.

Anne: Mm.

I denne dialogen gjev Sindre uttrykk for korleis han tenkjer seg den religiøse utviklinga vil gå. Kristendommen er for han ein tidsavgrensa 'episode', og vil ikkje for ettertida verta hugsa ein gong. Men han ser også for seg ein generell tendens på det religiøse planet. Eg oppfattar han slik at mennesket då ikkje lenger trur på gudar av noko slag. Om han tenkjer at dette berre er menneskeleg oppfatning, men at gudar faktisk kan eksistera sjølv om mennesket ikkje erkjenner det, er vanskeleg å seia. I ein annan dialog, i det tredje intervjuet, kommenterer Sindre også synet sitt på kristendommen. Her er spørsmålet kva han ville velja ut dersom han sjølv skulle teikna eller dramatisera noko frå Mostraspelet. Då ville han ha valt ut ei scene der han skulle skyta ned kristne folk med ein "... MC shot gun med åtte kuler i". Her presiserer han at det var dei kristne i vikingtida han ville ha skote ned. Anne lurar på dette, og Sindre forklarar det med at han ser ulikt på dei kristne i vikingtida og notida.

Anne: Jaha.

Sindre: Berre ikkje i notida, for no er kristendommen det rette då, men det var det ikkje på den tida.

Anne: Mm. Mm. Kvifor er det rett no, men ikkje då?

Sindre: Jo, for no ..., no kan folk velja om dei vil vera kristne eller satanistar eller kva det er.

Anne: Mm.

Sindre grunnjev her den endra haldninga si til dei kristne med at det no er større fridom. Dei kristne synest no vera meir liberale i forhold til det at folk må få velja kva dei vil tru på. Slik eg tolkar utsegna hans om at "... no er kristendommen det rette då", kan anten bety at kristendommen no har fått ei, for Sindre, rett form, i og med at den er meir open overfor det å ha andre syn. Men utsegna kan også forståast motsett til det han seier vidare. Det kan bety at han meiner at no er kristendommen det rette for alle menneske. Forklaringa hans om at folk no likevel kan velja, betyr truleg at han meiner det er ein innebygd fridom. Per følgjer opp denne tanken om at det har skjedd ei viss endring i praktiseringa av kristendommen. Han viser til at kristendommen i vikingtida gjorde gale i forhold til eiga lære. Det var ikkje samsvar.

I kva grad er så gutane opptekne av spørsmål om tru og religion? Per svarar ja på dette, medan Torleif svarar 'litt'. Det Per først og fremst er oppteken av, er korleis alt er blitt til, og kven som har skapt menneska, verda og gud.

Per: Det kan ikkje berre blitt av seg sjølv, sånn knips.

Anne: Mm.

Per: Kven skapte knipset?

Anne: Mm, jaha.

Per: Og så det ... Men eg er litt nysgjerrig på kven som skapte Gud.

Anne: Ja.

Per: Korleis kom han?

Anne: Ja, nettopp. Det er ikkje nokon som har greidd å finna eit godt svar på. (Litt latter.)

Per gjev her uttrykk for at også Gud må ha ei årsak, men han lurar på kva eller kven denne årsaka er. Anne gjev ikkje noko svar på gåta, ho berre stadfestar at det er mange som har lurt på det same. Torleif seier også at han lurar på det same. Ein nokså parallell sekvens finn me i samtalen mellom Anne og Sindre. Dette med gudsbevis synest altså å engasjera barna. Kanskje kan dette vera eit uttrykk for vitskapleg tenkemåte? Ein søker å finna lover for årsak og verknad. Per og Torleif meiner at mange er opptekne av spørsmål om tru og religion. Anne får likevel lite kunnskap om kva dette meir konkret inneber. Det tyder på at det positive svaret kanskje er for å tilfredsstilla Anne, men utan å vilja gje meir innblikk i barn og unges tankar om temaet. Det er altså vanskeleg å seia kva denne interessa går ut på, men samsvarar med tilsvarande utsegn frå ein del andre barn.

Sindre gjev uttrykk for at han sjølv ikkje er oppteken av spørsmål omkring tru. Dei snakkar ein del om kristendommen i klassen. Han meiner at andre unge i dag heller ikkje er opptekne av slike spørsmål. Ungane trur på Gud omtrent til dei blir seks år, men så skjer det ei endring, seier han.

Sindre: Så begynner dei å tenkja seg om, for det er urealistisk. Og så på min alder så blir det avgjort at dei ikkje trur på det igjen, og så trur dei på det igjen, og så ...

I følge Sindre ser det altså ut til at han er i ein avgjerande alder når det gjeld forholdet til det religiøse. Slik han forklarar det, er det ikkje råd å tru på Jesus. Då kan ein like godt tru på spøkelse, og det finst jo ikkje. Han argumenterer ut frå fornufta og kva som synest realistisk eller ikkje. Han er likevel open for at det seinare skjer ei ny endring, der ein igjen trur. Dette utdjupar han ikkje meir. Det han forbind med å tru, er å ha noko "... inni seg", nemleg å følgja alle boda, noko han meiner er umogleg. Han meiner det er umogleg å fantasera fram tankar, slik at ein kan tru heile tida. Sindre har likevel eitt spørsmål han tenkjer på, og det er om spyttet til Jesus var magisk. Truleg tenkjer han på forteljinga då Jesus lækte ein blind. Anne svarar ikkje på dette. Det eg tolkar ut av denne vesle dialogen, er at Sindre knyter spørsmåla om tru og religion til forholdet til kristendommen. Dette kjem også fram i svaret hans på spørsmålet frå Anne om kva han ville gjera for å overtyda andre menneske om det han sjølv meiner og trur.

Sindre: Eg trur ikkje eg hadde prøvd på det, eg.

Anne: Nei.

Sindre: Men viss eg hadde, så ville eg vel kanskje overbevist folk og så fortalt alle dei gode grunnane for at Gud og Jesus ikkje finst.

Anne: Ja.

Sindre: Og så få dei til å spørja nokre sånne ekspertar. Det er jo så masse som blir halde hemmeleg, sånn, trur eg. Det er jo bevist at me er vaksne ut frå apene, og ikkje blei skapt av Gud.

Anne: Mm.

Sindre: Og at "The Big Bang" er sant.

Anne: Mm.

Sindre synest i første omgang ikkje vera så oppteken av å formidla eiga overtyding til andre. Han reflekterer likevel vidare over kva han ville gjort, dersom dette hadde vore aktuelt. Då var det særleg spørsmålet om Guds eksistens og skapingsforteljingane som engasjerte han. Han har tidlegare i intervjuet presentert versjonen om "The Big Bang" som den sanne, slik at han her er konsistent i forhold til det han tidlegare har sagt. Han har ei førestelling om at mykje vert halde hemmeleg av kunnskapar om skapinga, og dette meiner han må fram i dagen. Her har han tru på rolla til ekspertane. Slik eg tolkar dette, er han oppteken av rasjonalitet og bevisføring. Sindre verkar heller ikkje interessert i å lytta til andre dersom dei vil overtyda han om trua si.

Anne: Men viss nokon ..., viss nokon kom og ville overbevisa deg om si tru, korleis ville du reagera då?

Sindre: G ... Stikka av.

Anne: Jaha. Kvifor ville du stikka av?

Sindre: Eg hadde sagt det til dei. Liksom berre: "Gå vekk! Ikkje stå og plag meg!"

Anne: Mm.

Sindre: Det trur eg eg ville gjort.

Anne: Ja, så du føler dei ..., folk plagar deg viss dei kom og snakka til deg om ei anna tru?

Sindre: Ja.

Sindre gjev tydeleg uttrykk for at han ikkje er interessert i noko meningsutveksling omkring det å tru. Han presenterer to strategiar, anten å røma unna raskt, eller å avvisa ei kvar tilnærming. Ei slik utfordring til livssynssamtale skaper ikkje engasjement, men verkar som noko plagsamt, og som dermed må avvistast. Dette kan synast noko underleg, all den tid Sindre på mange måtar verkar nysgjerrig og utprøvande på nye idear. I denne sekvensen ser det ut til at han set grenser for det å bli overtydd om noko anna enn det han sjølv meiner og trur.

Refleksjonane til Per om det å få andre til å tru på det same som han, er at han ville prøva å bevisa det. Han innser likevel at dette kan by på problem. "Men det er litt vanskeleg å bevisa at gud finst", er konklusjonen hans. Det einaste kunne vera å be om at "... han [guden] måtte koma ned". Tilsvarande ville han be om bevis dersom andre ville overtyda han om deira tru.

Per: Eg ville sagt: Eg vil ha bevis. Viss ikkje, så kan me ikkje tru på det, viss me ikkje veit om det. Dei kan berre lyga og tulla.

Per legg vekt på det rasjonelle og overtydande beviset. 'Bevis' synest her å vera noko meir konkret enn overtydande argument. Han ser det slik at den andre parten lett kan prøva å lura og manipulera, i staden for å vera sakleg. Det ser ut til at han føresteller seg at kravet om bevis kan setja den andre til veggs. Han synest ikkje vera så open for overtyding til andre. "Eg vil tru på det eg vil sjølv", er konklusjonen hans.

Også Torleif meiner det er vanskeleg å overtyda andre. Han er derimot litt meir open dersom andre vil overtyda han. Her argumenterer han ut frå kva det var dei ville få han til å tru på. Men det avgjerande for han er å få eit endeleg, vitskapleg bevis.

Kva meiner så gutane at temaet kan læra oss om vår eiga framtid? Per meiner at vikingtida kan læra oss å slutta å drepa og å slutta å laga våpen. Han legg vekt på den preventive funksjonen, og Torleif gjev tilslutning til dette.

Sindre tenkjer seg at jorda vert ein fredelegare plass i framtida. Han meiner at dei som lagar mest krigar no, er dei som er imot kristendommen. For å illustrera håpet om fred, fortel han om ein film med Sylvester Stallone og ein annan. Dei drep kvarandre, men blir frosne ned, og vaknar att i framtida. Då er dei snille. Dei hugsar ikkje ein gong kva vald er. Anne spør om det er slik han håpar det kan bli i framtida. Sindre stadfestar dette, men eg er noko i tvil om kor djupt dette går, av di han like etterpå fortel vidare frå filmen om den valdelege tjuven som riv auga ut or ein annan. Det er tydeleg at valdsinnsлага i filmen har gjort inntrykk.

I det andre intervjuet har også Sindre tankar om forskjellen mellom vikingtida og notida. Han meiner at vikingane var eit dårleg eksempel ute i Europa, og ironiserer over desse toktene. Sindre meiner at me ikkje har noko å læra av vikingane, men snur dette, og seier at det var vikingane som kunne læra noko av oss. Anne blir nysgjerrig på dette.

Anne: Jaha, kva kunne me ha lært dei?

Sindre: (Geispar.) At i staden for å la regnet koma inn når du opnar døra, så kunne du oppfunne elektrisitet ...

Anne: Jaha.

Sindre: ... sjølv om det var kanskje ikkje mulighet for det.

Slik eg forstår Sindre, tenkjer han at regnvatnet ikkje burde gå til spille, men nyttast til elektrisitet. Dømet han brukar er kanskje noko underleg. Dei færraste har vel tenkt på at det vatnet som kom inn døra ville vera tilstrekkeleg til eit vassverk. Men dømet illustrerer godt den kreative fantasien til Sindre når det gjeld å sjå livet i vikingtida frå ein uventa synsvinkel.

9.4.9 Oppsummering

Eit mytisk-religiøst perspektiv

Gutane viser kjennskap til dei mest vanlege gudane innan norrøn mytologi og kva funksjonar dei har, sjølv om dei stundom er litt usikre. Framstillinga er prega av dei mest kjende konvensjonane. Eg finn også døme på at dei blandar saman gudar, dyr og andre makter. Dette kan me kanskje kalla nivå 1. Men me finn også døme på eit meir omfattande univers, eller nivå 2, med både Valhall, Åsgard, Midgard og Utgard. Gutane synest å ha visse romlege førestellingar om desse stadene. Som nemnt har dei også tankar omkring verdsoppfatninga til vikingane og skapingsmytane deira. Her merkjer Torleif seg ut, ved å kunna gjenfortelja ei skapingsmyte. Det er uvanleg at barna kan framstella slike mytar med ein viss samanheng.

Truleg blir det ikkje lagt vekt på at dette er noko barna skal læra. Forteljningane synest noko framande for dei. Dei mest vanlege er nok forteljingar om Odin og Tor.

Det som særmerkjer tilnærminga til Sindre, er humoren og engasjementet i tilknytning til det mytisk-religiøse. På den eine sida seier han at han ikkje er oppteken av spørsmål om tru og religion. Kanskje er dette ei form for distansering? På den andre sida knyter han personleg engasjerte kommentarar til tru og religion. Han tek personleg stilling til debatten om ”The Big Bang” og til korleis det går med kristendommen vidare, nemleg at den har utspela rolla si. I dette ser det ut til å liggja ein viss utviklingsdeterminisme. Sindre har også meiningar om forholdet mellom det dei kristne seier og gjer, både i vikingtida og notida. Her er han tydeleg kritisk. Samtidig finn me døme på at han har klare meiningar om kva som er ’rett’ innan kristendommen, og at han understrekar at alle må få velja tru sjølv. På den eine sida vil han ta klare vitskapleg bevis for det å tru, på den andre sida meiner han å avsløra juks og fanteri. Han har også evne til å sjå spørsmåla frå ei uvanleg og ei humoristisk side. Det kan dermed vera vanskeleg å vita når han meiner alvor og når det er ironi. Han brukar ofte klare karakteristikkar og meningsytringar, men det er også logiske motsetnader i det han seier, t.d. når det gjeld synet hans på kristendommen, som han både karakteriserer som fantasiavvik og realistisk.

Per og Torleif går i langt mindre grad inn på vurderingar av dei ulike religionane. Sjølv om Per nemner debatten om gudsbevisa, blir engasjementet noko mindre enn hos Sindre. Her merkar Torleif seg ut med å seia seg einig med dei andre, men dette er kanskje meir for å unngå å gå inn i debatten enn å sjølv engasjera seg og visa kva han meiner. Kanskje opplever han spørsmåla om religion som eit personleg rom han ikkje ønskjer å opna for andre? Men det kan også vera slik at han meiner dei andre alt har uttrykt det han sjølv meiner. Han blir likevel klaga av dei andre for ikkje å gidde å svara. Alle tre gutane synest å leggja vekt på å få vitskaplege bevis dersom dei skal bli overtudde av andre, eller dersom dei sjølve skal formidla det dei trur på til andre. Det er i liten grad tale om ein lyttande dialog, men om ’fakta’ som partane kan slå i bordet med.

Eit historisk perspektiv

Torleif og Per gjev uttrykk for to ulike måtar å nærma seg historia på. Torleif fortel at han stundom tenkjer på korleis det var å leva for 1000 år sidan. Han lurar på om dei då var veldig fattige. Per derimot seier at han ikkje tenkjer så mykje på korleis det var å leva for 1000 år sidan, men at han er mest oppteken av framtida. Begge gjev uttrykk for at temaet om vikingtida ikkje er særleg aktuelt eller relevant. Slik forstår eg også Sindre. Gjennom

samtalane har eg danna meg eit bilete av at Torleif meiner historie kan vera gøy og såleis ha ein eigenverdi. Gutane har ei viss heilskapsoppfatning av vikingtida, som dei også kan gje uttrykk for. Dei legg vekt på krig og plyndring. Men det kjem også fram eit metaperspektiv på historie, særleg hos Sindre, i kommentaren hans om at tolkinga vår av historia er avhengig av synsvinkel. Me kan koma til å forstå historia ulikt etter kva ståstad me har. Her ser me ansatsar til eit makt- eller klasseperspektiv.

Torleif, Per og Sindre forstår historia som eit før og eit no, der utviklinga synest å ha gått i positiv retning. Særleg framhevar dei kommunikasjonsteknologien. Her ser me tilknytning til deira egne fritidsinteresser. Dei meiner barna i dag har stor valfridom og kan nå langt. Dei har også kommentarar om kvinnerolla, men viser ikkje noko sterkt engasjement i denne samanhengen, anna enn at situasjonen er blitt betre. Kanskje noko uventa ser ikkje kongane ut til å ha nokon stor heltestatus hos gutane. Tvert i mot synest dei vera veldig kritiske til desse. Her ser det ut som Mostraspelet har forsterka ei negativ haldning. Spelet vert klaga for å ha idyllisert biletet, men dette har ikkje verka positivt. Det er heller vikingar generelt, særleg konkretisert i modellen av Frankenstein og teikningane deira av vikingar i kamp, som får merksemda deira. Eg finn elles lite tilknytning til notida og framtida i materialet frå Torleif, Per og Sindre, anna enn at dei har draumar om personleg velstand.

Eit estetisk perspektiv

Som me har sett, var både Torleif og Sindre aktive når det galdt å teikna. Teikningane deira har eg kommentert. Eg har lite materiale frå Per. Det kan tyda på at han samla relativt lite i arbeidsbøkene sine, eller at eg ikkje fekk tilgang til stoffet. Derimot var han aktiv i samtalane i intervjuet.

I den andre samtalen spurde Anne Per og Torleif om erfaringane deira med fantasireiser. Når dei fortel om korleis dei tenkte seg det var å vera i eit hov, nyttar dei uttrykk som 'stinkande', 'bleikna' og 'heilt pyton'. Per er den som mest gjev uttrykk for at dette opplevdest positivt.

Per: Eg synest det er gøy å oppleva ..., nettså du ser det skikkeleg. Nett som du er inni ...

Anne: Ja.

Per: ... i vikingtida.

Per uttrykkjer her at fantasireisa gjev ein slags 'autentiske' erfaringar. Det er tale om å sjå, og å vera i ein tilstand som tilsvarar vikingtida. Me kan kalla det eit 'ein-til-ein-forhold'. Anne lurar likevel litt på denne utsegna, for ho har i observasjonsnotata sine ein kommentar om at

Per nemner assosiasjonar til ein moderne film. Kva tenkjer Per og Torleif om slike koplingar mellom det moderne og det førmoderne?

Anne: Men då sist, då de hadde sånt, då hadde du sett noko som handla, nær sagt, om sånne filmar og sånt som me er vane med i dag. Korleis hadde det seg at det sneik seg inn?

Per: Nei, eg tenkte på ein film eg skulle sjå når eg kom heim, og eg hadde sett han.

Anne: Ja.

Per: Og så tenkte eg berre på den heile tida. Og då fekk eg den i meg.

Anne: Ja.

Per: Klarte ikkje å la vera.

Anne: Hender det stundom at ting ifrå dagens samfunn snik seg inn i vikingtida? (Litt latter.)

Per: Det hender.

Anne: Ja.

Torleif: Tankane blandar seg.

Anne: Ja, tankane blandar seg. Ja, det trur eg var eit godt uttrykk. Det trur eg var eit godt uttrykk.

Innleiingsspørsmålet til Anne har som premiss ein tanke om at det kanskje ikkje går an å blanda inn moderne sjangrar når ein skal leva seg inn i vikingtida. Det ser ut til at Per er klar over denne 'invaderinga' av tankane hans, men at han ikkje hadde motkrefter til å avverga det. Det snik seg inn andre tankar. Torleif går eit steg lenger, og kallar det ei form for samanblanding. Dette synest Anne er eit godt uttrykk, og gjev tydeleg respons på det. Me kan altså seia at på den eine sida er Per klar over dilemmaet med slike 'blandingar', på den andre sida synest dette å vera vanskeleg å unngå. Han har såleis eit metaperspektiv på det å delta i fantasireiser.

Også Sindre gjev uttrykk for ei negativ haldning til fantasireiser, og hevdar at dei er bortkasta. Han fortel at han hamna på eit diskotek i den siste fantasireisa. Anne lurar på om dette er fordi han likar å gå på diskotek, men dit går han aldri, seier han. Det skjedde likevel noko med Sindre i dette diskoteket:

Anne: Skjedde det noko med deg då? Dansa du?

Sindre: Nei, stakk av.

Anne: Du stakk av? Ja.

Sindre: Men eg hadde jo prøvd å gå inn i dei andre dørene.

Anne: Kva trur du du ville finna der då?

Sindre: Veit ikkje eg. Ein gnom.

Anne: Jaha, er du opptatt av dette med gnomar?

Sindre: Likar dei.

Anne: Kva? Ja vel?

Sindre nyttar her den same strategien som han ville bruka om nokon ville overtyda han om ei anna tru, nemleg å stikka av. Han som på den eine sida ser ut til å vera på offensiven og

utprøvande, viser også at han trekkjer seg unna. Me ser også her denne ambivalensen, nemleg at han samstundes vil prøva ut nye vegar eller dører. Her er det 'gnomen' som blir i sentrum. I ettertid tolkar eg det som at ideen om gnomen er noko som oppstår i samtalen mellom Anne og Sindre. Eg lurar på om Sindre tenkte på gnomen i timen. Kanskje han kom på denne ideen etter som samtalen med Anne utvikla seg? Dette grunnjev eg med replikken hans om at han først ikkje veit kva han ville finna om han opna døra inn til eit nytt rom. I eit intervju kan det såleis også konstruerast nye tankar og refleksjonar undervegs, som går vidare enn eit resyme av kva ein tenkte i ein gitt situasjon.

Gutane har ikkje så mange eigenproduserte forteljingar i arbeidsbøkene sine, og dei deltok heller ikkje så mykje i lengre samtalesekvensar i timane. I intervjuet var det lett å samtala med dei, men det er lite av samanhengande lengre forteljingar av den einskilde. Det som skil seg ut her, er forteljinga til Sindre om Frankenstein og samtalen med Torleif og Sindre om teikningane deira. Forteljingane om dei norrøne gudane er relativt korte og summariske, men her skil framstillinga til Torleif av ei norrøn skapingsmyte seg ut. Det er få som gjenfortel denne slik som han. Kanskje kan dette tyda på at han har eit engasjement som skil seg frå dei fleste andre? Truleg verkar desse mytane framande i høve til andre skapingsmytar dei kjenner frå kristendommen. Det synest ikkje vera vektlagt at elevane skal læra innhaldet i dei norrøne skapingsmytane.

Tema for teikningane til Torleif og Sindre er prega av vikingar i kamp og ulike gudefigurar. Figurane er små og detaljerte. Særleg teikningane til Torleif har mange detaljar. Teikningane støttar opp om den munnlege framstillinga av vikingtida. Sjølv om teikningane til tider kan minna om teikneseriar om vikingar, har dei fått eit visst personleg preg. Særleg Torleif gjev uttrykk for at han likar å teikna, og dette avspeglar seg i den detaljerte framstillinga.

Torleif, Sindre og Per deltok ikkje i dramatiseringar av noko slag. Det kan tyda på at dette ikkje var ei form dei kjende seg heime i. Likevel vil eg trekkja fram at nettopp Sindre var den som i forteljingar og skildringar av ulike slag, viste engasjement og sans for det dramaturgiske.

Når det gjeld opplevinga deira av Mostraspelet, har eg vist at dei i stor grad kommenterer det skodespeltekniske, heller enn innhaldet i spelet. Dei er opptekne av å avsløra triks, og kjem med forslag til endringar. Opplevinga av Mostraspelet vart i stor grad prega av verforholda, men også innhaldet og framføringa får negativ kritikk. Truleg har erfaringane deira frå filmverda skapt forventningar om meir 'action'. Dei er i liten grad opptekne av spelet som autentisk historieframstilling. Me ser også at dei har forventningar

om å møta kjendisar i ulike roller. Desse forventningane er det kanskje Mostraspellet sjølv som har skapt gjennom førehandsinformasjonen? Me ser også at gutane er noko usikre på om det at dei på førehand får vita korleis det går, kan ha betydd noko negativt for utbyttet og spenninga under spelet.

Sindre engasjerte seg i oppgåva med å laga ein viking, og la stor vekt på at denne figuren var noko han sjølv hadde skapt. Medan andre i gruppa teikna og skreiv av frå ulike bøker, viste Sindre initiativ til nyskaping. Han hadde tydeleg eit indre bilete av vikingen, men undervegs hadde dei andre vanskar med å forstå han. Dermed fekk han svært god respons då han lukkast med denne figuren. Dei symbola Torleif og Per forbind med vikingtida, er våpen, hjelmar og skip, som er tradisjonelle symbol. Sindre viser til krossen, eit symbol som er mest knytt til kristendommen. Samtidig er han kritisk til å bruka krossen som symbol. Det viser evne til å reflektera over den tydinga symbola har.

Kulturbryting

Som nemnt er gutane si framstilling av vikingtida i stor grad prega av eit konfliktparadigme. Det er likevel visse atterhald. Dei meiner at overgangen til kristendommen ikkje nødvendigvis var så kampfylt, utan at dei utdjupar dette meir. Men skildringa deira av Olav Tryggvason byggjer opp under ei forståing av maktbruk også når det galdt religionsskiftet.

Dersom me set fokus på kva dei tenkjer om det å skifta tru, eller å overtyda andre, ser det ut til at dei er prega av ei liberalistisk haldning: Folk må sjølve få velja kva dei vil tru. Samstundes er dei opptekne av argumentasjon og bevisføring dersom dei skal ha sjanse til å overtyda nokon. Vitskapleg tenking synest dermed viktig. Sindre og Per er mest restriktive, Torleif synest å vera meir open for å høyra på argumenta til andre.

Sindre er kanskje den som mest uttrykkjer ulike dimensjonar i dette å forhalda seg til tru og religion. Han får fram vekslinga mellom engasjement og kritisk distanse, kjensler og fornuft, vitskap og mytologi. På den eine sida ser han ingen parallellar mellom problemstillingar i vikingtida og notida. På den andre sida reflekterer han mange gonger over slike sambandsliner, t.d. når det gjeld lover og reglar, gudsdyrking og gudsforståing. Med humor og ironi ser det ut til at han har ei leikande tilnærming til temaet, samstundes som han vekslar mellom djupt engasjement og presentasjon av eigen ståstad.

Kapittel 10

Oppsummering og perspektiv

I dette kapitlet oppsummerer eg resultatane frå eiga empirisk undersøking i lys av eit mytisk-religiøst, eit historisk og eit estetisk perspektiv med utgangspunkt i Cassirers filosofi om dei symbolske formene i kulturen og empiriske undersøkingar eg har presentert i kapittel 3. I drøftinga legg eg vekt på presentasjonen av einskildelevar og grupper (jfr. kapittel 9), men eg trekkjer også inn det oversiktsbiletet eg har danna meg i møte med barna (jfr. kap. 5–8). Eg tek utgangspunkt i problemstillinga eg presenterte i kapittel 1.3 og utgreiinga om fokus i undersøkinga i kapittel 2.6, og avsluttar med eit samanfattande perspektiv.

10.1 Eit mytisk-religiøst perspektiv

Ut frå tolkinga mi av Cassirers filosofi, dannar myte og religion kjernen i rosetten når det gjeld dei symbolske formene. Somme vil sidestilla desse ulike formene, utan å gje nokon av formene 'forrang'. Eg vil ha denne kritikken in mente.

Kva kjenneteiknar så den mytisk-religiøse erkjenninga til barn i møte med kulturskiftet i Noreg? Cassirer føreset at mytisk erkjenning er ei 'evne' me 'har', samstundes med at denne 'evna' vert utvikla i møte med andre. Han meiner at mytisk erkjenning kanskje er vår første måte å forstå verda på. Ut frå dette skulle me i ei empirisk undersøking med barn kunna tenkja oss å finna døme på ei slik erkjenning. I læreverket Terella (jfr. kap. 1.2) kan det derimot sjå ut til at læreverkforfattarar har ei antaking om at barn i dag manglar føresetnader for å forstå ei mytisk livstolking. I så fall er ikkje eit eventuelt potensiale i ei 'evne' til mytisk-religiøs erkjenning realisert. Eg har vist til empiriske undersøkingar der barn synest å vera lite interesserte i religiøse spørsmål (kap. 3.3.2). Andre hevdar at barn og unge er opptekne av religiøse spørsmål og livsspørsmål, men utan å følgja dei tradisjonelle inndelingane i institusjonalisert religion (kap. 3.2).

Utan å ta stilling til genealogien, dvs. om mytisk erkjenning er ei 'evne' alle har medfødd, meiner eg undersøkinga mi kan gje oss ei viss innsikt om barn og mytisk

erkjening. Men dette er eit komplisert spørsmål, fordi myteomgrepet er så mangetydig i forskinga (jfr. kap. 2.5.1). Myte vert på den eine sida forstått som fantasi, som noko som ikkje er sant, sjølv om det også kan handla om gudar og makter. Andre meiner at nettopp myten uttrykkjer ei eksistensiell oppfatning av forholdet vårt til liv og død, eller som eit 'charter' for kulturen vår. I undersøkinga mi har eg difor lagt vekt på å få innsikt i korleis barna forstår det me tradisjonelt kallar dei norrøne mytane, dvs. forteljingar om gudar, makter og hendingar innan ei norrøn livstolking. Dette er nær opp til den definisjonen m.a. Steinsland og Meulengracht Sørensen nyttar, når dei seier følgjande om litteraturen i vikingtida:

I snever forstand er en myte en beretning om gudene, om skapelsen av mennesker og ting og om verdens kosmiske forløp.¹

Norrøne mytar går inn som del av det L 97 legg vekt på at barna skal ha kjennskap til. Slike mytar kan me finna i læreverka og andre faglege og skjønnlitterære framstillingar. Mostraspelet føreset eit visst kjennskap til ein del av desse mytane. Brunstad (1998) peikar også på at menneske i dag utviklar moderne mytar, ikkje minst etter påverknad frå mediasamfunnet. Dette nærmar seg den vidare tydinga Cassirer har av myteomgrepet, nemleg at det sentrale i ei mytisk erkjening er 'livskjensla', dvs. korleis me forstår livet og skapar orden i kaos. Her bryt ein tradisjonelle grenser for tid og rom, mellom kropp og omgjevnader, mellom liv og død. Myten blir dermed ikkje ei oppdikta forteljing, men ein måte å forhalda seg til livet på, eller eit uttrykk for livstolking. Cassirer legg hovudvekta på mytens funksjon, dvs. kva eksistensiell betydning denne har for oss. Dette er forskingsmessig langt meir komplisert å finna ut av i møte med barn og unge, slik at eventuelle konklusjonar her vil eg ta med det største atterhald. Me kan såleis seia at alt i utgangspunktet har eg som forskar vanskar med å identifisera ei slik vidare tyding av mytisk erkjening hos barn, då konfigurasjonane av denne erkjeninga er i stadig endring. I gjennomgåinga av materialet er det difor lettast å finna døme på kva kjennskap barna har til dei norrøne mytane, og kva funksjon desse synest å ha. Eg vil likevel stilla spørsmålet om eg også finn uttrykk for ei meir omfattande 'livskjensle'.

Sentralt i dei norrøne mytane er forteljingane om gudane. For å forstå korleis barna tenkjer om gudeverda, har eg delt forståinga deira inn i ulike nivå. På nivå 1 finn me framstillingar om det er ein, to eller mange gudar. På nivå 2 har me den samanhengen barna tenkjer seg at desse gudane er plasserte i, dvs. i høve til andre gudar (Åsgard), andre makter,

¹ Steinsland og Meulengracht Sørensen 1994:26.

som vetter, jotnar og troll (Utgard), og i høve til menneska, som bur i Midgard. På nivå 3 reflekterer barna over den funksjonen desse mytane har.

Alle barna kjenner til Odin og Tor (nivå 1), om enn dei kan vera usikre og blanda funksjonane til gudane noko, eller kanskje ikkje ha klart for seg korleis 'slektskapet' er mellom dei. Gudane vert framstelte med (over-)menneskelege trekk, men det varierer noko i kva grad styrken eller veikskapen vert det sentrale. T.d. vert Odin framstelt både som 'sjef' og 'hovudgud' og som ein puslete stakkar. I det siste tilfellet oppfattar eg det som ei form for ironi, der ein tek stilling til at gudane ikkje betyr så mykje (nivå 3). For dei fleste barna er 'gudegalleriet' relativt avgrensa når det gjeld kjennskap til namn (2–5 gudar) og funksjon. Andre nemner fleire, men sentreringspunktet kring Odin og Tor heilt tydeleg hos alle (jfr. kap. 7.2.1). Mange har også eit visst kjennskap til verdsoppfatninga (nivå 2), formulert i omgrep som 'pannekake', delt inn i sirklar (Åsgard, Utgard og Midgard). Barna har fått med seg ein felles kulturell bagasje med kjennskap til Odin og Tor og ei viss oversikt over verdsoppfatninga. Truleg har opplæringa i skulen 'æra' for dette, men også utstillingar, bøker og teikneseriar barna elles møter. Nokre av barna har tilvising til reklame (Idunn og dressing), til dataspel og bøker og til industrien i regionen (Åsgard-skipa) når det gjeld assosiasjonar i høve til gudeverda. Dei norrøne mytane synest å vera sentrale for barna i den forstand at dette er noko dei har lært at vikingane trudde på. Det er altså tale om ei viss gjenforteljing. I mindre grad spinn barna vidare på desse forteljingane i form av eigne mytar, men somme trekkjer dei inn i dramatiseringane sine, då gjerne kombinert med humoristiske innslag (jfr. kap. 7.2.3 om reiseliv, giftarmål etc.), eller at dei legg inn element av ei kristen tolking (t.d. bordbøn og kyrkjeleg vigsleritual) i framstillinga av det norrøne. Slik forstått ser det ut til at funksjonen til dei norrøne mytane i stor grad kan seiast å vera ei spennande forteljing. Den episke sida ved myten ser såleis ut til å vera viktig. Samstundes er desse forteljingane noko somme av barna markerer ein viss distanse til. Fleire av barna kommenterer at myten ikkje er ei 'sann' forteljing. I dette ligg at dei ikkje trur desse gudane er 'reelle'. Dei forstår ikkje myten som komplementær til, men i opposisjon til det dei forbind med 'viten' (t.d. Sondre). Også Sindre markerer eige standpunkt til innhaldet i ein del av mytane. Han kallar dei 'fantasiavvik' og 'luni'. Ei anna tilnærming til dei norrøne mytane har Rune, som gjev uttrykk for at myten engasjerer. Særleg knyter han dette til guden Heimdal. Her ser me også at han knyter myten til interessa si for fantasy-sjangeren og til dataspel. Rune har det eg vil kalla eit meir ambivalent forhold til myten. På den eine sida er han oppteken av 'å vita', på den andre sida er han interessert i 'dei norrøne sakene'. Han er også ein av dei svært få som knyter dei norrøne mytane til grupper i dag som viser interesse for desse, t.d. satanistar og ny-nazistar.

Denne tilknytninga til aktuelle rørsler var lærarane noko tilbakehaldne med å ta opp i undervisninga. Ut frå notatane mine var det berre klasse X som tok dette eksplisitt opp, gjennom innspel frå barna.

Slik eg tolkar barna, har dei ei oppfatning av at mytane fortel om livstolkinga til vikingane, men at dette er ein framand måte for oss å oppfatta verda på i dag. Fleire, særleg mellom gutane, er opptekne av 'bevis', altså ei vitskapleg forklaring. Dette er særleg i tilknytning til spørsmålet om skaping og utvikling.

Som eg har nemnt, handlar dei norrøne mytane barna refererer til i stor grad om gudane og funksjonane deira. Det er få som syner kjennskap til skapingsmytane. Nokre kommenterer at desse har visse fellestrekk med kristne skapingsmytar, men dette blir ikkje drøfta i særleg grad. Det synest ikkje som skulen har lagt stor vekt på denne sida ved livstolkinga i den norrøne religionen.

Kva tenkjer så barna om myte som innleving, handling og drama? I samtalen om blotescena i Mostraspelet kjem det fram at somme av barna får gjort 'levande' kva vikingane trudde på. Nettopp denne dramatiseringa hadde som føresetnad eit visst kjennskap til mytane, men var også med på å 'opna' vidare forståinga til barna for innhaldet i mytane. Fleire av barna gjorde seg også bruk av mytane i eigne dramatiseringar og forteljingar.

I kva grad kan me så seia at mytane har ei formativ kraft i høve til barna? Som nemnt verkar dei norrøne mytane for dei fleste barna å vera fiksjon, dvs. spennande, oppdikta forteljingar. Dei går i liten grad inn på at mytane er 'sanne' i den forstand at dei også kan fortelja noko om vår eigen måte å forstå verda på. Barna kjem i liten grad inn på det tvitydige i dei norrøne mytane, dette at somme kan nytta dei i ein politisk funksjon, slik Cassirer var oppteken av i dei seinare arbeida sine. Her er som nemnt Rune eit unntak. Barna har i liten grad kjennskap til organisasjonar som m.a. presenterer seg på internett, med ulik vinkling i høve til dei norrøne mytane. Her finst svært mykje stoff om norrøne mytar. Mykje av dette er nøktern informasjon, som også prosjektklassane nytta seg av. På internett kan me også finna døme på grupper med ei positiv tilknytning til norrøn tru, gjennom t.d. Åsatrufellesskapet Bifrost², eller på grupper som definerer seg som ein ny generasjon kristne 'vikingar' som vil gjera godt att det forfedrane gjorde.³ Kanskje ville lærarane verna barna mot denne informasjonen på det aktuelle klassesteget, eller dei meinte at spørsmåla ikkje var aktuelle for barna. Forklaringa kan også vera at klassane ikkje hadde tilgang til internett på denne tida. Spørsmål om aktualitet og relevans kunne kanskje blitt vurderte i større grad?

² <http://www.bifrost.no/> (datert 22.01.99).

³ <http://home.sol.no/~hhereid/hvem.htm> (datert 22.01.99).

Når det gjeld det religiøse aspektet, har eg vist til at Cassirer hadde ei immanent religionsforståing. Dette tek eg som nemnt ikkje opp i møte med barna. Dei aller fleste barna har vakse opp i ein kontekst som medlem av Den norske kyrkja. Som Brunstad, Winje og Birkedal viser (kap. 3.2), dannar ei slik formell tilknytning likevel inga eintydig religiøs referanseramme for det einskilde barnet. Dette meiner eg kjem fram også i undersøkinga mi. Det er svært få som nemner at dei er engasjerte i kyrkjeleg/religiøs verksemd på fritida. Ein god del svarar at dei er (litt) opptekne av tru og religion, men måten dei legg trykk på ordet 'litt' kan bety ulike ting: Anten at dei er lite opptekne av det, eller at dei er opptekne av det, men for ikkje å verka for interesserte, svekkar dei det med ordet 'litt'. Ein del av barna gjev likevel i samtalen meir eksplisitt uttrykk for eigen religiøs ståstad.

Forholdet mellom myte og religion er noko uklart hos Cassirer. Slik er det truleg også hos barna. På den eine sida oppfattar somme av barna at mytar er spennande, men ikkje 'sanne' forteljingar, medan t.d. den kristne trua er 'sann' (t.d. Sondre, Jorid og Frida). Andre synest å meina at korkje religion eller mytar er 'sanne', det er derimot 'viten', dvs. det som kan bevisast (jfr. Rune, Sindre, Per og Torleif). Samstundes kan det vera noko ved både mytane og religionen som appellerer (t.d. Sindre). Barna har truleg vanskar med å tenkja myte/religion og vitskap som komplementære storleikar, dersom begge gjer krav på å vera 'sanne'. Fleire synest å vilja velja vitskapen som det reelle alternativet. Andre vel kanskje å leggja vekt på ei estetisk tilnærming, der nettopp spørsmålet om 'sanning' ikkje er i fokus?

Korleis forstår så barna møtet mellom den norrøne trua og kristendommen? Er det slik at barna oppfattar desse som to ulike, 'store' forteljingar med indre samanheng? Barna synest å oppfatta at dette er to skilde storleikar, med ulike kjenneteikn. Berre eit fåtal nemner at det kanskje var mange fellestrekk (t.d. Martin). Bakgrunnen for at barna forstår dei to religionane som ulike, vil eg tru i stor grad heng saman med det komparative perspektivet som lærarane nytta i undervisninga. Dette finn me også i somme av læreverka. Ein fann fram til omgrepsspar som kunne tilsvare kvarandre, men som oftast tydde motsette ting (hov – kyrkje, blot – ofring/nattverd). Me finn også dette i den samanfattande vurderinga av dei to religionane. Dette kjem tydeleg fram hos mange av barna, medan andre har ei meir diffus framstilling. Kristendommen vert av svært mange framstelt som lys i høve til den mørke norrøne trua. Her ser me at framstillinga skjer ut frå kristendommens synsvinkel. Ei slik dikotomisering åttvara m.a. Gullestad mot når det galdt å tolka Mostraspelet. Ho meinte at det fanst gode og vonde krefter innan både den norrøne trua og kristendommen, og at det var viktig å få fram desse dimensjonane. Kanskje er dette eit vanskeleg punkt å få fram? Men sidan barna kommenterer

dobbeltkommunikasjonen innan kristendommen, har dei kanskje fått med seg dette doble perspektivet likevel?

Barna framstiller den kristne guden vikingane møtte som lys, kvit og godsleg. Dette kan ikkje utan vidare tolkast som ei framstilling av barnas eige gudsbilete i dag. Men som Danbolt og Enerstvedt nemner, vert det kanskje for lite drøfta eksplisitt at det kan vera skilnader mellom kristendomsoppfatninga i ulike epokar. Nokre av barna synest likevel å vera merksame på dette, t.d. Mari, som meiner kristendommen ikkje er så streng no. Guiden nemnde også at det tidlegare var katolsk orden for gudstenesta.

Barna blei bedne om å fortelja om den kristendommen som vikingane møtte. Den kristne guden liknar i fleire av framstillingane på ein snill bestefar (t.d. Mona og Rune). Han kan vera humoristisk (Mona), men også streng (Sindre). Helga legg vekt på at han er glad i alle. Ofte vert både dei norrøne gudane og den kristne guden framstelte med menneskelege trekk. Men fleire legg også vekt på at den kristne guden er usynleg. Det skjer ei endring frå fleire gudar i norrøn tru til ein gud i kristendommen. Cassirer tolka overgangen frå polyteisme til monoteisme i eit evolusjonistisk perspektiv. Eg vil tru at barna ikkje reflekterer over dette på den måten, dei berre slår fast at slik er det fordi dei har lært det. Sindre er ein av dei få som reflekterer over utviklingsperspektivet innan kristendommen, med påstanden om at i framtida er kristendommen borte. Det er ingen som vil hugsa han. På den andre sida snakkar han om at kristendommen i dag er den rette religionen. Vidare tek han opp at kristendommen endrar seg frå det brutale til det meir liberale, slik han no er blitt. Sondre undrar seg over utviklinga frå år null til i dag. Fleire av barna tek fram det dei oppfattar som paradoks eller dobbeltkommunikasjon innan kristendommen: Ein seier at kristendommen legg vekt på fred, men så høyrer me at representantane for denne trua nyttar krig og tvang. Barna viser her evne til refleksjon. Eg finn også døme på refleksjon og undring i høve til spørsmål om skapings saga og dei første menneska. Her vert Anne utfordra til å kommentera barns livsspørsmål (t.d. Mona), men Anne vik unna å ta stilling til spørsmålet. Dette finn me også att i andre undersøkingar om korleis lærarar møter livsspørsmål hos barn.⁴ Det kan tyda på at ikkje alle er flinke til å gje rom for slik refleksjon. Birkedal meiner at skulen kan gje rom for ettertanke. Også Heggland, Gullestad og Randal meiner at samtalen må ha stor plass i skulen. I notatane mine finn eg i liten grad at barna i timane eksplisitt tek opp eigne livsspørsmål i samband med temaet om kulturskiftet. Derimot reflekterer dei noko omkring kva for aktuelle

⁴ Berg 1998a og b.

spørsmål i mediekvardagen dei assosierer med temaet. Indirekte er dette kanskje ei form for livsspørsmål?

Somme har spurt om *den kultiske dimensjonen* burde ha større plass i skule og barnehage.⁵ Det er særleg to scener i Mostraspelet som aktualiserer den kultiske dimensjonen, nemleg messa og blotescena. Men eg vil også kommentera besøket i Moster gamle kyrkje.

Messa i Mostraspelet vert nemnt av fleire. Somme seier dei lærte om gudstenesta, andre nemner det litt 'eksotiske' med røykjelse og bruk av latin. Andre har ikkje fått så mykje ut av denne scena (t.d. Jorid og Frida). Eg trur barna oppfatta scena som eit forsøk på å visa korleis ei messe gjekk føre seg i 'gamle dagar', dvs. ei form for autensitet og ein illustrasjon, men som dei sjølve kanskje ikkje engasjerte seg personleg i. Dei var 'tilskodarar'. Langt fleire av barna viser eit kjenslemessig engasjement i høve til blotescena, som at ho er 'ekkel', 'stilig', eller at dei som blota var 'galne' (t.d. Torleif, Sindre og Per). Barna synest å verta rivne med av dette, sidan effektane truleg er litt meir uvanlege for barna. Det er ingen som stiller kritiske spørsmål ved det å ha med ei messe eller ei blotescena, dvs. spør om skodespelarane 'eigenleg' utførte ei kultisk handling. Barna synest å oppfatta dette som eit 'spel', som noko utvendig, også for dei som deltok. Slik vil eg tru også skodespelarane oppfattar det. Kanskje dette er eit teikn på at mytane og rituala her vert oppfatta som forteljingar me kan stilla oss 'utanfor' og presentera som eit skodespel, i form av ei estetisk tilnærming som ikkje tek stilling til sanninga? I ein annan samanheng er det blitt stilt spørsmål om barn bør få delta ved ekskursjon til ein stad der det finst ein religiøs labyrint.⁶ Ut frå ei slik forståing tek ein kanskje meir på alvor den mytiske erkjenninga i vid tyding: At myte er drama, handling og livskjensle, og at nettopp mytens vesen er medleving i det store dramaet? Eg vil tru at mange vil reservera seg mot den vide tolkinga av myteomgrepet nettopp ut frå ein slik tanke. Ein ønskjer å ha ein viss distanse, og avgrensar seg til å forstå myten som ei forteljing om korleis folk tenkte i 'gamle dagar'. Eg meiner me likevel må ha med den tvitydige dimensjonen som ligg i myteomgrepet.

Det kan også vera grunn til å reflektera om den kultiske dimensjonen kunne vorte trekt meir eksplisitt inn ved at barna fekk delta i kyrkjelege ritual i samband med besøket i Moster gamle kyrkje. M.a. Danbolt og Enerstvedt peika på at barna var med i prosesjon og song då dei besøkte Mariakyrkja. Kanskje dette kunne gje hjelp til innleving i livstolkinga? Samstundes ser me at nettopp den kultiske/religiøse dimensjonen er grunnlag for fritak frå

⁵ Engen 1989.

⁶ Dahlstrøm og Skjelbred, i: Vårt Land 30.10.2000.

aktivitetar i KRL-faget.⁷ Det tyder på at ein vil respektera nettopp dei som forstår t.d. det å syngja salmar og delta i prosesjonar og dramatiseringar som religiøs aktivitet. Eg undrast om nettopp ei slik tolking, der innleving og aktivitet vert forstått som eksistensielt engasjement, kan gjera det vanskelegare å delta i ekskursjonar til religiøse stader og aktivitetar i nærmiljøet i framtida. Andre vil kunna seia at slike aktivitetar ikkje er problematiske ved ekskursjonar innan historie, drama eller musikk. Spørsmålet om ekskursjon som pedagogisk metode er difor eit sentralt forskingstema vidare, slik eg ser det. Finst det ei felles, tverrfagleg plattform for slike, eller er det ulike syn innan dei ulike faga, eller på tvers av desse?

For Cassirer er *den etiske dimensjonen* sentral innan religionen. Slik eg tolkar barna, forstår dei det etiske som eit sentralt trekk ved religionsskiftet. Barna har til tider ei noko diffus oppfatning om levereglane i vikingsamfunnet. På den eine sida meinte dei det var eit fritt samfunn; på den andre sida meiner dei at barbariet og overmakta rådde. Mange av barna forstår religionsskiftet som eit skifte av tru, men mest aktualiserer skiftet seg i levereglar, dvs. etikk. Dette legg også Heggland vekt på i forståinga si av Mostraspelet. Fleire av barna trur det vart strengare reglar då kristendommen kom (t.d. Rune, Mona, Sindre). Somme legg vekt på at i vår tid er kristendommen sine reglar blitt meir liberale (Sindre, Mari). Kjennskapen til Kristenretten varierer mykje, frå lite oversikt (Mona) til omfattande opprekning av innhaldet (t.d. Jorid og Frida, Rune). For mange synest Kristenretten og dei ti boda å vera to sider av same sak, og dei reflekterer lite omkring dette forholdet.

Når det gjeld myte og religion som trushaldning, legg Cassirer vekt på den eksistensielle dimensjonen. Det handlar om livskjensle, om livstolking, om meining og orden i kaos. Forskarar har peika på at keisemd og likesæle pregar ungdomskulturen (jfr. kap. 3.2). Slik eg forstår barna i undersøkinga mi, gjev dei fleste uttrykk for trivsel og engasjement, både på skulen og i fritida. Einast leksene er kjedelege. I kva grad finn eg så uttrykk for mytisk-religiøs erkjenning i vid tyding, i deira tankar om liv og død? Slik eg tolkar barna, kjem spørsmål om døden lite fram. Det har truleg med spørsmåla mine å gjera i den aktuelle konteksten. I dei tilfella der det er tale om å oppheva grensene mellom liv og død, hentar barna døme frå tv-seriar og dataspel. Kor djupt dette har påverka røyndomsoppfatninga deira, er vanskeleg å seia. Det synest som barna meiner at ved å utvikla betre skodespeltriaks, kan ein oppheva dei rådande grensene i tid og rom. Dette kjem eg attende til i avsnittet om estetisk erkjenning. Grensa mellom den mytisk-religiøse og den estetiske erkjenninga synest difor uklar til tider. Eg finn lite grunnlag i materialet mitt for å seia at barna har konstruert nye,

⁷ Informasjon frå KUF oktober 2001. Meldingsskjema for føresette (henta frå internett 04.02.02).

moderne mytar, eller har ei religionsforståing som er radikalt ulik ei tradisjonell forståing. Dette skil seg tilsynelatande frå den måten m.a. Winje (jfr. kap. 3.2) karakteriserer unge sitt forhold til religion i dag, men her må me vera merksame på at barna i undersøkinga mi er yngre. Det er såleis ikkje uventa at dei har ei meir tradisjonell oppfatning. Winje hevdar at mange unge ser på religionane som eit kaldtbord, der dei kan forsyna seg etter fri vilje, og der dei komponerer eigen versjon med element frå ulike samanhengar og ser på det religiøse og religionar som noko dei kan vandra ut og inn av. Kanskje er dette deira måte å finna orden i kaos på? Sjølv om også Cassirer legg vekt på at me konstruerer (også nye) samanhengar, synest denne tenkinga likevel noko framand ut frå slik eg tolkar Cassirer. Eg vil tru han var meir knytt til dei aktuelle religionane i samtida, og meiner me kan møte desse som 'store forteljingar' med indre samanheng. Slik eg oppfattar barna i undersøkinga mi, forstår dei kristendommen og den norrøne trua som tradisjonelle storleikar, sjølv om dei i ulik grad kjenner innhaldet i desse. Eg har ikkje vore oppteken av korleis barna personleg 'plasserer' seg sjølv i høve til religionane, men av kva dei tenkjer om det å formidla eiga tru til andre, og korleis dei vil reagere dersom andre vil overtyda dei. Eg meiner å finna ein grunnleggjande skepsis hos barna både overfor det å overtyda andre om eiga tru, om dei har ei slik, og det å møte andre som vil overtyda dei. Denne haldninga kan gje seg meir eller mindre tydelege utslag: Frå det å unngå heile situasjonen ved å flykta unna (t.d. Sindre), lytta høfleg, men ikkje bry seg (t.d. Mari), til det å seia 'nei, aldri' (t.d. Jorid og Frida). Berre eit fåtal vil lytta til argumentasjonen og vurdera denne (t.d. Torleif). Somme kommenterer at dei ikkje har noko klart eige standpunkt, og då vil det vera unaturleg å prøva å overtyda andre (t.d. Asle). Det synest difor vera lite rom for religiøs dialog eller meiningsbryting. Me kan stilla spørsmål ved om intensjonen i L 97 om å forstå andre religionar 'frå innsida', let seg gjennomføra på dette steget, utan at eg vil trekkja desse konklusjonane for langt. Eg meiner at samtalaneg som vaksen har hatt med barna, har gjeve meg utvida forståing for korleis dei tenkjer om tru og religion. Elles meiner eg å ha dokumentert at dette er spørsmål barna reflekterer omkring. Samstundes er dei i ein alder der ein kanskje 'offisielt' ikkje skal vera så interessert. Dei har kanskje oppfatta det som positivt at dei fekk delta i ei undersøking, der dei fekk framstella synspunkta på eigne premissar? Eg møtte barn som deltok ivrig i samtalen, men som til tider også var varsame med å sleppa andre for langt inn på seg. Somme formulerer kritiske syn på religionsskiftet og seier at dette opplevest lite aktuelt for dei i dag. Mostraspelet synest ikkje utan vidare å ha blitt opplevd som ein fruktbar nøkkel for alle barna, sjølv om sentrale aktørar i spelet meiner at ein her tek opp 'aktuelle spørsmål til alle tider'. Barna opplever ikkje desse spørsmåla som eksistensielt viktige for seg utan vidare. Som eg kjem attende til, synest mange

av dei heller å nærma seg spelet ut frå ei historisk og estetisk tilnærming enn ei religiøs-myntisk, sjølv om mange uttrykkjer spesifikt at dei trur skulens mål med spelet er å understreka 'det kristne' føremålet. Dermed kan me spørja kva element i undervisningsopplegget som har skapt auka forståing av det mytisk-religiøse. På den eine sida vil eg hevda at turen til Moster våren 1998 framheva sentrale aspekt, særleg besøket i utstillinga og i kyrkja. På den andre sida meiner eg undervisninga på skulen, gjennom teikningar, forteljingar og dramatiseringar har vore eit forum der det mytisk-religiøse kunne bearbeidast. Fleire av barna seier likevel at dei ikkje har lært så mykje nytt om dette temaet gjennom året. Så kanskje mykje av grunnlaget er blitt lagt tidlegare, og at opplegget var meir ein repetisjon? Eg vil likevel seia at hadde ikkje målet nettopp vore at undervisningsopplegget skulle vera førebuing til Mostraspelet, ville ein truleg ikkje gått så djupt inn i temaet som ein gjorde. Eg vil hevda at Mostraspelet fungerte som ein dørøpnar for ein fruktbar samtale med barna om mytisk-religiøse spørsmål. Dette gjeld både for meg som forskar og for lærarane i møte med barna. Her legg eg stor vekt på prosessen. Ut frå den plassen barna seier at spørsmål om tru og religion har, er det vanskeleg å hevda at det mytisk-religiøse dannar kjernen i forståinga deira av tilværet. Eg vil tru at den vekta dei vitskapelege forklaringane synest å ha, i større grad pregar det mange av barna legg vekt på. Men kanskje me også ser ei dreining frå det vitskapelege til det estetiske? Det er mogleg barna har ei medfødd 'evne' som betyr potensiale for mytisk-religiøs erkjenning, men eg vil tru at påverknaden frå modernismen har betydd at mange barn i dag legg vekt på det vitskapelege. Dette ser me også i L 97, sjølv om me også her ser ei auka vektlegging på det estetiske. Kanskje denne dreininga mot det estetiske skjer etter påverknaden frå postmodernismen, som eg har vist til m.a. også innan historieforskinga. Slik sett er vel også den måten barn i dag erkjenner verda på, eit resultat av meir omfattande kulturelle læreprosessar?

10.2 Eit historisk perspektiv

Innan historieforskinga har ein dei seinare åra vore oppteken av utviklinga av historiemedvit. Dette vert gjerne knytt til tankar om identitetsutvikling gjennom å kjenna 'røtene' sine. Dermed vert utvikling av historiemedvit ofte knytt saman med ei drøfting av 'fortidsopplevelsen' og i kva grad denne bør vera prega av autensitet. Som eg har vist, er det ulike syn på omgrepet autensitet: Byggjer autensitet på fakta eller fiksjon, på det reelle eller kopiar, på konkrete stadar eller 'virtual reality'? Skal vekta liggja på ei leikande tilnærming, på distansert 'betraktning' eller på normative føringar for kva me kan læra av historia (Jfr.

kap. 3.3). Cassirer legg vekt på framtidsperspektivet i historieforståinga si. Dette perspektivet har som nemnt fleire også innan nyare historieforskning prøvt å trekkja inn, og knytt det til spørsmåla om meining og relevans. Me konstruerer nye spørsmål i høve til fortida etter kvar me står i dag. Difor er også fortidskonstruksjonane i endring.

Kva konstruksjonar gjer så barna i undersøkinga mi av kulturskiftet i vikingtida? Korleis relaterer dei kulturskiftet til eigen kvardag? Er barna genuint interesserte i temaet? Det er ingen av barna som seier dei er svært interesserte i historie. Dei fleste nyttar omgrep som 'litt' interessert eller 'ikkje så mykje'. Derimot seier mange at dei har lika å jobba med temaet om kulturskiftet. Dette kan på den eine sida tolkast som at temaet har interessert dei. Men kanskje følte dei eit visst 'press' til å svara positivt sidan dei deltok i ei undersøking om temaet? Sidan så få eksplisitt gjev uttrykk for at temaet er aktuelt og relevant, må me søkja etter andre forklaringar på kvifor dei likar emnet. Er det fordi det handlar om heltar og kongar, fordi temaet inneheld 'action' (jfr. kap. 3.3), eller fordi dei fekk nytta mange ulike og elevaktive arbeidsmåtar som t.d. prosjektarbeid og ekskursjon?

Eg vil først kommentera barnas møte med kulturskiftet i høve til sentrale omgrep innan historiemedvitet, som fortid, notid og framtid. På den eine sida var lærarane opptekne av å formidla ei kronologisk forståing av desse omgrepa, ved å teikna ei tidslina, der historia var inndelt i epokar, og der vikingtida kunne avgrensast på denne lina som avslutta fortid. Notida var eit førebels slutt punkt på streken. Framtida kunne eventuelt stiplast som ukjent, noko som ikkje vart gjort. Framtidsperspektivet var lite framme i presentasjonen til lærarane. Dette fekk kanskje konsekvensar for i kva grad barna opplevde temaet som aktuelt? Men kanskje lærarane opplevde at dette ville vera eit brot med 'ekte' historie, og meir nærma seg filosofi?

Mange veit at vikingtida var for ca. 1000 år sidan. Kanskje det har samband med at det nyleg (i 1995) var 1000-årsjubileum på Moster for den første kristne messa i Noreg, eller at me, då undersøkinga vart gjennomført, nærma oss år 2000, og det var lett å hugsa at vikingtida var 1000 år tilbake. Men for somme av barna er tidsoppfatninga noko meir diffus. Vikingtida var 'i gamle dagar'. Meir interessant er det å sjå i kva grad barna har danna seg eit bilete av særtrekk, atmosfære, sentrale personar og hendingar i vikingtida, slik at me også kan seia dei har ei forståing av epoken. I kapittel 6 har eg presentert hovudtrekk i forståinga av vikingsamfunnet når det gjeld roller og relasjonar. Sjølv om det er eit eintydig inntrykk at vikingane var rå og brutale, er biletet meir nyansert når det gjeld kvardagsliv, kultur og handel. Her synest lærarane å ha lukkast med intensjonane sine i å utvida perspektivet, truleg etter påverknad frå ei omfattande forskning om vikingtida dei siste 20 åra, der ikkje minst

kvinnerolla og det anti-elitistiske har vore i fokus, men også at kristningsprosessen gjekk over eit lengre tidsrom. Også den vekta ulike museum og senter har lagt på opplevingsdimensjonen, ser ut til å ha betydd noko for endringane i skulen. Barna har likevel noko ulike oppfatningar når det gjeld 'kvaliteten' av vikingtida. T.d. seier Jorid og Frida at dei kunne tenkt seg å leva i denne tida, medan andre, t.d. Mari, seier ho var glad ho ikkje levde på den tida, ettersom det var verre å leva då. Dei aller fleste barna synest å ha ei oppfatning av at utviklinga har gått i (stadig) betre lei, både når det gjeld velferdsgode og livstolking. Ofte vert dette konkretisert til husgeråd og kommunikasjonsutstyr. Men me finn også kritiske røyster, som t.d. Rune, som meiner grådighetskulturen også pregar 'den moderne vikingen'. Andre viser ein ambivalens, som t.d. Asle og Martin, som rett nok ser det negative i krigane også i vår tid, men som viser stor fascinasjon i høve dei ulike våpna som vert nytta. Mari og Ruth trekkjer inn sjølvkritiske vurderingar i høve til fordelinga av rikdom i vår tid. Dei meiner me kanskje ikkje er takksame nok for at me har det så godt. Her finn me eit element av sjølvverkjenning, som elles ikkje er så sterkt framme i kommentarane til barna. Sindre, Per og Torleif nemner at folk har meir fridom til å tru i dag. Også Rune peikar på at liberalismen og fridommen til å tru er større i dag. Dette vert oppfatta som eit gode i høve til vikingtida. Men han ser også tvilsame trekk i høve til demokratiet i vår tid. Barna har såleis eit visst komparativt perspektiv når det gjeld forholdet mellom notida og vikingtida. Det er tale om eit Før og eit No. Utviklinga synest for mange ikkje å ha føregått i omfattande endringar og kriser, men ei meir lineær forståing, der me har fått meir av goda i dag. Barna kan difor vanskeleg tenkja seg å reversera denne utviklinga. Berre i eitt tilfelle er det tale om at me kanskje heller burde nytta hesten i staden for bil.

Spør me derimot korleis barna ser på relasjonen mellom vikingtida og eiga framtid, blir svara meir diffuse. Tankane om framtida minner mykje om det Brunstad kallar 'næroptimisme'. Fleire av barna drøymmer om utdanning, hus, ektefelle og barn. Andre går lite konkret inn på framtidsdraumane. Kanskje høyrer dette til deira 'urørlichetssone'? Nokre av gutane er så frimodige at dei konkretiserer draumane til populære yrke som fotballspelar, politi og lækjar. I mindre grad er det tale om 'global pessimisme'. Det er nokre av jentene (t.d. Mari og Ruth) som gjev uttrykk for uro for krig. Dei ønskjer fred, og meiner den pågåande krigen på Balkan neppe vil løysa problema. Også Rune trekkjer inn framtidsperspektivet, ikkje uventa med fokus på utviklinga innan datateknologien. Han er ein av dei få som ved bruk av ironi prøver å setja kritisk lys på utviklinga. Dette finn me også hos Sindre, men han er ikkje så konsistent i framstillinga si. Kanskje det er eit uttrykk for meir utprøving, eller at han kanskje er usikker?

Både lærarane og barna har noko ulik oppfatning av forholdet mellom fiksjon og fakta i utviklinga av historiemedvit. Som nemnt, var Cassirer oppteken av at historiske 'fakta' ikkje var udiskutable kjensgjerningar, men at dei bygde på tolking. Både lærarane og aktørane i Mostraspelet er opptekne av at det finst visse historiske 'fakta' i høve til kulturskiftet, nokre slike 'udiskutable kjensgjerningar'. At Olav Tryggvason og Olav Haraldsson har vitja Moster til bestemte tider, synest å vera oppfatta som slike 'fakta'. Dette er element dei vil formidla til barna. Men samstundes gjev truleg Randal uttrykk for noko viktig når ho seier at det ikkje er nok berre å slå fast slike 'fakta' (kap. 8.2.2). Nettopp her kjem dramatiseringa gjennom Mostraspelet inn. Det må skapast ein atmosfære, og personane må få liv, seier ho. Difor er det relevant å trekkja inn fiksjonen, gjennom både å supplera med andre personar og skapa handlingar og hendingar. Det same la Heggland vekt på. Dette vil eg tru ligg innanfor det Cassirer kallar 'historiske fakta'. Men dette viser at det kan vera ulike meiningar om i kva grad Mostraspelet er eit historisk spel. Truleg vil andre ha andre kriterium for kva som er 'fakta'. Dette kjenner me også igjen frå debatten innan museumsformidling (jfr. kap. 3.3). Men interessant nok synest Randal å meina at det er strengare krav til fakta i den kyrkjehistoriske utstillinga på Moster enn til Mostraspelet. I så fall meiner eg det må vera ein gradsskilnad, heller enn ein kvalitetsskilnad, då ein også her får skildra kvardagsliv og hendingar, men då i 'stillbilete'. Bruk av lydar og effektar i utstillinga tyder likevel på at dette også er ei form for levandegjering nær opp til det eg vil kalla dramatisering.

Debatten om 'historiske fakta' er nær knytt til debatten om autensitet. Me ser ei ambivalent haldning til spørsmålet om autensitet hos barna. På den eine sida seier lærarane at Mostraspelet ikkje framstiller hendingane slik 'det eigenleg var'. Difor er det mange av barna som heller ikkje trur at det var slik. Men dei er usamde i om det var verre eller betre. Mona meiner at Mostraspelet er eit 'spel', dvs. at det er ei form for leik. Rune meiner at Mostraspelet får fram reelle spenningar, sjølv om det ikkje skjedde akkurat slik. Her er det tale om atmosfære, slik m.a. Heggland, Randal og Gullestad la vekt på. Også Jorid og Frida opplever stemninga i Mostraspelet som 'autentisk'. Mange meiner også at bruken av utstyr konkret medverkar til 'realisme' (t.d. Mari). Torleif, Sindre og Per tek opp at Mostraspelet er for 'snilt'. Bakgrunnen deira frå filmar gjer at dei stiller langt større krav til 'action'. Samanlikninga deira mellom Mostraspelet og ein såpeopera vil såleis vera i strid med intensjonen til Heggland om at spelet ikkje er underhaldning. Den vekta barna legg på 'atmosfæren', tyder på at dei er opptekne av ei kvalitativ, ikkje berre ei kvantitativ, kronologisk forståing av historia. Men barna har som nemnt ulike krav til kvaliteten. Sjølv om

ein gjennom å dramatisera historia legg vekt på handling, ser det ikkje ut til at effektane er utfordrande nok for barna.

Cassirer får fram at historia også har ein normativ funksjon. Også i undersøkinga frå Kalmar vert ein slik normativ funksjon understreka: Dagens barn skal læra om kulturmøte i dag gjennom møte med fortida. Kva meiner så barna i undersøkinga mi om dette? På den eine sida har barna tankar om at skulen har eit mål med at dei skal sjå Mostraspelet. Dei fleste forstår det slik at dei skal læra historie. Andre nemner eit religiøst definert sikte: Å bli kristne, eller det å tenkja på Gud. Eg vil tru at dette siste aspektet er eit uttrykk for det barna opplever som ein 'skjult læreplan', eller ein metabodskap. Lærarane la vekt på det historiske og det å forstå kristningsprosessen. Det er heller ikkje slik at barna forstår rollefigurane eller hovudbodskapen i Mostraspelet som at dei må bli kristne. Fleire trekkjer fram Torolv og Gunbjørg gamle som førebilete fordi dei stod for trua si. Dei som trekkjer fram Vigdis, nemner dette at ho var trufast mot Torolv, men også at ho stod for trua si. Eg finn også døme på det som kan minna om ei normativ forståing hos Sindre når han meiner at dei skal sjå spelet for å læra å halda ut, eller for å bruka pengane skulen har, noko eg tolkar som ironi.

Medan Danbolt og Enerstvedt hevdar at mange barn manglar eit analytisk språk for opplevingane sine, meiner eg at mange av barna i undersøkinga mi viser god kommunikativ evne og har nyanserte vurderingar. Dette kan ha samband med at eg følgde barna over ein lengre periode. Men også eg finn døme på barn som i liten grad forklarar og grunnjev standpunkta sine. Dette gjeld særleg spørsmålet om aktualitet og relevans. Halvorsen (2001) hevdar at lærarar i dag i større grad enn før er opptekne av barns interesser og haldningar. Dette betyr at barn i dag kanskje i større grad får fram eit meir differensiert syn på relevans og aktualitet enn det undersøkingar tidlegare har vist, t.d. innan historiefaget. Eg vil hevda at dette elementet vart lagt lite vekt på av lærarane i temaet om kulturskiftet, og at dette viser seg i svara til barna. Få svarar eksplisitt på at dei opplever temaet relevant og aktuelt. Men indirekte kan me kanskje seia det, sidan ein del av barna trekkjer konkrete parallellar til vår tid når dei blir spurde om dei meiner det kan vera slike. Dei nemner spørsmål om trusfridom, krig og fred, miljøvern, rik og fattig og det å møta andre religionar i vår tid. Slike moment vart nemnde i klassen, men Anne tok temaet meir eksplisitt opp i samtalanene, ut frå den vekta Cassirer legg på denne dimensjonen.

10.3 Eit estetisk perspektiv

Eg har vist til at det estetiske perspektivet i følge L 97 skal gjennomsyra undervisninga. I ein overordna kulturell samanheng kan me spørja om dette perspektivet er i ferd med å overta i forhold til det mytisk-religiøse og det historiske, slik at det er vanskeleg, i alle fall fenomenologisk, å hevda at den mytisk-religiøse erkjenninga dannar kjernen i rosetten når det gjeld barns erkjenning. Eg har peika på at det kanskje er ulikt syn på spørsmålet om 'sanning' som har medverka til denne endringa. Medan det er relevant å tala om mytar og religion som 'sanne' ut frå deira eiga forståing, står ikkje dette i fokus slik mange i dag tolkar estetikken. Her er det tale om kjensler, oppdaging, innleving og intensivering. Dette har vore sentrale stikkord også innan pedagogikk og filosofi dei seinare åra, særleg etter påverknad frå postmodernismen. Eg har vist til at forskinga om barn og kultur, barn og religion, barn og historie, barn og drama og barn og biletskaping har vore oppteken av desse spørsmåla (jfr. kap. 3), og eg vil trekkja fram nokre hovudpunkt i undersøkinga mi. Den estetiske dimensjonen vart trekt inn på mange ulike måtar i undervisninga, gjennom forteljingar, faktasetningar, teikningar, rappar, dramatiseringar, fantasireiser, bruk av ekskursjon og prosjektarbeid og det å sjå Mostraspelet. Somme av barna merka seg ut med stor aktivitet på mange av desse felt, medan andre var meir atterhaldne og hadde få konkrete produkt i etterkant. Sjølv om det var lagt opp til elevaktive arbeidsformer, varierte såleis engasjementet og den konkrete utforminga mykje. Eg vil først kommentera nokre hovudtrekk ved desse arbeidsformene, før eg drøftar sentrale moment med utgangspunkt i forståinga til Cassirer av estetikk.

Forteljingane til barna tek i hovudsak opp korleis dei tenkjer seg at kristninga gjekk føre seg. Mange legg vekt på kamp-motivet og at kristendommen vann. Berre unntaksvis er det tale om at ingen taper. Tekstane minner mykje om eventyrsjangeren, der alt går godt til slutt, men der det også er ein form for moral: Det gode sigrar til slutt. Ideane til desse forteljingane er gjerne henta frå skjønnlitterære forteljingar barna har høyrte. Me finn også døme på ironi og humor, eller at ein ser livet frå perspektivet til dyra. Eg oppfattar desse forteljingane som døme på ei 'fortetting' av korleis barna tenkjer seg kulturskiftet. Rappane har ein annan innfallsvinkel. Her er det humoren og det burleske som kjem fram, og desse tekstane er i større grad lausrivne frå tradisjonelle forteljingar. Her verkar det som barna opplever større kunstnarisk fridom. Samstundes viser tekstane at barna i ulik grad maktar å innordna seg rappeforma. Faktatekstane i arbeidsbøkene er derimot i stor grad prega av avskrift frå ulike bøker. Eg har ikkje gått nærare inn på desse tekstane. Unntaksvis har desse

faktaforteljingane ei noko friare form, der barna på eiga hand formulerer setningane (t.d. Jorid). Teikningane til barna har fått stor plass i analysen. Som eg har vist, varierer både innhald og form hos dei ulike barna. Men eg meiner også å finna ein del fellestrekk i teikningane i val av hovudperspektiv, anten konflikt eller harmoni, i mindre grad overtyding og samtale. Ofte er framstillinga av landskapet eit viktig element i biletet. Barna nyttar kjende konvensjonar for vikingskip, våpen, krossar, utsjånad og klede. Gutane legg vekt på 'action', og jentene meir på det harmoniske og fredelege. Både gutar og jenter kan trekkja inn element frå vår tid i teikningane, men desse kan variera frå moderne våpen og kommunikasjonsutstyr hos gutane, til bruk av natureffektar frå sydlege breiddegrader hos jentene. Dette samsvarar med slik eg tolkar undersøkinga til Danbolt og Enerstvedt, og undersøkingane om barn og historie. Det varierte i kor stor grad barn nytta eigne dramatiseringar. Somme deltok i fleire sketsjar og dramatiseringar, medan andre ikkje var med i det heile. Barna veksla mellom å vera aktør og regissør. Somme av barna viste særleg interesse og aktivitet (t.d. Mette og Malin). I dramatiseringane finn eg døme på refleksjon over kva som skal vera det 'faglege' innhaldet i stykket, men for det meste dreiar diskusjonen seg undervegs om replikkar og korleis dei kan uttrykkja innleving i stykket. Barna nytta enkle rekvisittar, men brukte mykje tid på å øva på framføringa for resten av klassen. Berre i liten grad skreiv dei ned replikkar, men dei hadde derimot notert hovudinnhaldet i det som skulle skje. I fantasiforteljingane derimot var det læraren som hadde initiativet til ei rammeforteljing. Undervegs var det rom for innleving i situasjonen for barna. Barna hadde tydeleg ulik oppfatning av i kva grad dette var ei fruktbar form: Frå Frida, som meinte at ho levde seg inn i verkelegheita, ja til og med at grensene for denne vart sprengt, til Sindre og Rune som ikkje fekk noko ut av desse 'reisene'. Det å gjera reiser i tid og rom er såleis tvitydig. Det er mogleg det ville hjelpa med utstyr, som klede etc. også for elevane for å leva seg inn i situasjonen, slik det vart gjort på opplevingsdagane i Kalmar og i Bergensprosjektet. Men dette ville kanskje bryta med ei tradisjonell oppfatning av fantasireiser, dvs. at fantasien skulle få fritt rom? Bruk av tidsriktig utstyr såg derimot til å vera viktigare ved ekskursjonen til Moster og til Mostraspelet. Her vart både staden og utstyret understreka. Tilknytinga til den konkrete staden synest å vera avgjerande, sjølv om me også finn døme på at ein elev meiner turen til Mostraspelet ikkje var nødvendig etter at dei hadde gjennomgått spelet på førehand (Vidar). Også dei undersøkingane eg har vist til, har understreka dette med lokalisering til staden 'der det skjedde'. Ingen i undersøkinga mi stilte spørsmålet om ein ikkje heller kunne oppleva Mostraspelet via film, i staden for å reisa dit. Heller ikkje vart det drøfta andre former for virtuelle opplevingar, t.d. ved dataspel om Moster. Fleire meinte at det ikkje fungerte så godt

å sjå teikneserieheftet og introduksjonsfilmen om Mostraspelet på førehand, då spenninga vart teken bort. Filmen er truleg meint å vera ein 'apetittvekkjar' og å gje ei viss oversikt over innhaldet til hjelp for forståinga. Men i filmen vert slutten avslørt, og dette reagerer somme av barna på. Ein annan måte å tenkja seg førebuinga på, og som er mykje nytta innan teaterformidling for barn, kan vera at barna får innføring i sentrale roller i spelet og nokre hendingar, men at dei sjølv dramatiserer korleis dei trur det kan koma til å gå. Når det gjeld Mostraspelet, ser det ut til at spenninga for lengst er utløyst for fleire av barna. Kanskje me kan kalla det ei form for 'overmotivasjon'? På den andre sida kan det verka som Bømloteateret kan ha lite å stilla opp med i høve dei forventningane barna har om 'action' etter påverknad frå filmar og teikneseriar. Barna har kanskje urealistiske forventningar om kva som er mogleg? Sjølv om dei har konkrete forslag til forbetring av 'drapsvåpnet', er eg i tvil om at dette ville vera nok. Kanskje nettopp utviklinga innan estetikken har medverka til ei slik uavgrensa tru på at berre verkemidla er gode nok, kan ein oppnå det ufattelege og usannsynlege? Her meiner eg me finn døme på at hos mange av barna overtek det estetiske perspektivet fokus i høve til det etiske (mytisk-religiøse) og det historiske.

I det følgjande vil eg drøfta korleis konkrete element innan det estetiske perspektivet kjem til uttrykk hos barna i undersøkinga. Cassirer hevdar at gjennom kunsten vert røyndommen intensivert. Eg meiner nettopp inndelinga mi i harmoni-, konflikt- og overtydingsparadigmet kan forståast som uttrykk for korleis barna i teikningane intensiverer opplevinga si av kulturskiftet. Gjennom bruk av ansiktsuttrykk (sure, glade, sinte), symbol (krossar, våpen, Odin og Tor, vikingskip), gruppering av menneske (vener og fiendar, me og dei andre) og landskapsform (sjø, land, sol), får barna fram ei 'fortetting' eller ei intensivering av korleis dei tolkar situasjonen. Det varierer i kva grad denne fortettinga byggjer på tradisjonelle kodar og det me oppfattar som 'fakta', og i kva grad barna gjer bruk av kunstnarisk fridom. Nokre legg større vekt på ei realistisk skildring enn andre. (jfr. skilnadene i teikningane til Bernt og Jon av Moster, kap. 5.2 og 5.3). Dette betyr truleg at barna har ulik oppfatning av i kva grad det er rom for subjektive tolkingar i høve til objektive fakta, men kan også vera avhengig av modning og ferdigheiter. Det kan også vera slik at barna oppfattar at noko var finare eller verre i verkelegheita, berre at dei sjølv ikkje har makta å uttrykkja dette (t.d. Mona).

Den ekspressive dimensjonen kjem særleg til uttrykk i teikningar, forteljingar, rappar og dramatiseringar. Hos Mona viser det seg t.d. i framstillinga av folka, men også i korleis ho uttrykkjer gudsforståinga si i teikninga. Hos Rune kjem det ironiske, burleske og underfundige fram gjennom personkarakteristikkar i samtale, teikning og forteljing. Hos Jorid

ser me det ekspressive i fargebruk og komposisjon i teikningane, men også i forteljingane og rappen hennar. Sindre og Torleif framhevar vekta si på 'action' både i samtalar og teikningar. Andre, t.d. Mari, får fram det ekspressive i forteljingane sine frå dagleglivet i vikingtida.

Den subjektive dimensjonen kjem fram i det at barna viser eigen ståstad og egne kjensler. Dei gjev uttrykk for kva dei opplever som kjekt og positivt, kjedeleg og trist. Graden, eller intensiteten i dette kan som nemnt variera mykje. I særleg grad har eg vore oppteken av den subjektive opplevinga deira av Mostraspelet, og det resulterte som nemnt i at ca 1/4 av dei som uttala seg, formulerte seg negativt. Det er difor vanskeleg å tenkja seg at desse barna vil ta med seg denne opplevinga som ein 'skatt' vidare, sjølv om eg av desse fekk mange interessante refleksjonar om spelet i etterkant. Samstundes har eg vist at ei negativ kjensleoppleving av det våte og kalde hos andre kan kombinerast med ei positiv totaloppleving og refleksjon i etterkant. Det handlar difor om å gje tid og rom for refleksjon i tilknytning til den estetiske erfaringa. Det kan finnast ulike sjikt i denne erfaringa, frå det direkte sansbare til ettertanke. Sidan så mange i utgangspunktet hadde positive forventningar til å oppleve Mostraspelet, er det grunn til å spørja kva som gjorde at opplevinga vart negativ. Som nemnt kan det vera praktiske grunnar som veret, men for dei fleste er det tale om 'ideogogiske grunnar', dvs. at budskapen og handlingsgangen ikkje appellerte, eller estetiske innvendingar til dramaturgien og det skodespeltekniske. For dei som opplevde spelet positivt, handlar det om positiv oppleving av tradisjonsformidling på ein autentisk måte. Eg vil difor ikkje utan vidare seia at ein bør utsetja til ungdomsskulen å sjå spelet, men ein må leggja vekt på spenningsmomentet, kombinert med grundig førebuing og etterarbeid.

Går me til den objektive dimensjonen, vil eg seia at han kom til uttrykk i vekta lærarane og barna la på historiske kjensgjerningar, sjølv om eg har vist at 'historiske kjensgjerningar' er eit omgrep det er usemje om (jfr. kap. 3.3). Eg tolkar det slik at både barn og lærarar oppfattar læreverka som objektive i stor grad. Dei drøftar i liten grad at læreverka også er konstruksjonar og 'barn av si tid'. Særleg i prosjektarbeidet og i arbeidet med faktastoff om gudar, kongar, vikingtokter og kvardagshendingar nytta barna læreverk, bøker og delvis data som kunnskapsbase. Lærarane var opptekne av at det burde vera ein felles, 'objektiv' basis alle burde læra, men dette var noko dei meinte var vanskeleg å gjennomføra. Som eg har nemnt, var det særleg i førebuinga til Mostraspelet at dei tok opp spørsmålet om 'fakta' og objektivitet. Dette førte til at barna i intervjuet med Anne kom med mange vurderingar i høve autensiteten i spelet. Det at spelet skulle levandegjera historia, var ikkje noko eintydig. I andre deler av undervisningsopplegget kom ikkje spørsmåla om det objektive så klart fram. Men som nemnt, stilte t.d. Sondre spørsmål til autensiteten ved utstillinga på

Moster, sjølv om m.a. Randal meinte at denne byggjer på fakta i langt større grad enn Mostraspelet. Som eg også har vist til, var ein del gutar opptekne av sanningsspørsmålet og det objektive i høve til mytar og religion. På den eine sida kravde dei 'viten', på den andre sida var det nettopp desse som hevda at Mostraspelet i langt større grad burde gjera seg nytte av det grensesprengjande, både i innhald og form. Slik m.a. Poulsen har vist (kap. 3.3.3), kan me forstå dette som døme på ein viss inkonsistens. Eg forstår det heller som uttrykk for utprøving av tankar og synspunkt.

10.4 Kulturmøte og kulturbryting

I analysen har eg prøvd å forstå barnas møte med kulturskiftet i lys av konflikt-, harmoni- og overtydingsparadigmet. Sjølv om somme av barna ikkje eintydig let seg plassera i høve til ei slik heilskapsforståing av kulturskiftet i vikingtida, meiner eg det er relevant med ei slik inndeling. Her finn eg visse skilnader mellom kjønna, som kan stadfesta oppfatninga av at jenter legg større vekt på det kvardagsnære og harmoniske enn gutane. Eg vil tru at dette har med meir omfattande kulturelle læreprosessar å gjera, all den tid gutane i større grad legg vekt på bruk av film og teikneseriar der 'action' og kamp er viktige element. Men også undervisninga i skulen og møtet med Mostraspelet kan invitera til ei oppfatning av kulturmøtet i vikingtida som uttrykk for motsetnader. Metaforar som lys og mørke, kross og klubbe kan forsterka ei slik polarisering. Det er likevel døme på at aktørar i Mostraspelet, lærarar og nokre barn prøver å nyansera dette biletet, gjennom å hevda at det finst gode og vonde krefter innan begge 'leirar'.

Meir komplisert er det å forstå korleis barna oppfattar møtet med kulturskiftet i relasjon til eiga tid. Fleire av barna gjev uttrykk for at dei ikkje opplever temaet som aktuelt og relevant i høve til eiga tid. Eg har også vist døme på at ikkje alle barna opplever at det blir teke omsyn til meiningane deira, dersom desse skil seg frå det skulen og læraren står for. Eg vil vidare nemna at det i stor grad er dei barna som seier dei følgjer med i nyheiter i media, som knyter an til konkrete døme på kulturbryting i samtida. Det krevst difor truleg både ei viss grad av modning og kunnskap for å trekkja slike sambandsliner. Kanskje spørsmålet om kulturbryting og relevans kunne vorte gjort tydelegare i undervisningsopplegget?

Eg meiner å finna tydelege trekk av individualisme og liberalisme i høve til spørsmålet om kulturbryting i vår tid. Dette vil eg ikkje utan vidare tolka som likesæle hos barna, men heller som ein ambivalens. På den eine sida uttrykkjer barna ei viss interesse for spørsmål om tru og religion, på den andre sida lever dei i ein kultur der det ikkje utan vidare er akseptert at

barn og unge viser eit personleg engasjement for å overtyda andre om det dei står for. I alle høve trur eg barna oppfattar det slik.

10.5 Samanfattande perspektiv

Utgangspunktet for undersøkinga mi var spørsmålet i kva grad barna opplevde temaet om kulturskiftet i Noreg ca. 950-1050 som eit fruktbart kulturmøte. Antakinga var at det mytisk-religiøse, det historiske og det estetiske perspektivet måtte vera integrert i temaet. Dersom det var slik, meinte eg det var mogleg å finna uttrykk for dette i måten barna skildra opplevingane sine på. Desse perspektiva er konstruerte ut frå ein teoretisk ståstad, slik at det ikkje utan vidare er sikkert at barna sjølve vil meina at nemningane er dekkande for opplevingane deira. Eg har difor prøvd å halda meg så nær kvardagsspråket til barna som mogleg i konkretiseringa av omgrepa. Konklusjonen min er at eg finn uttrykk for alle perspektiva hos dei ulike barna, men at vekta på kva som er sentralt innan dei ulike perspektiva, varierer. Dette har eg i særleg grad konkretisert i djupnestudiet av einskildelevar og grupper. Det estetiske perspektivet synest å vera sentralt for korleis barna opplever møtet med kulturskiftet, ikkje minst korleis barna opplever Mostraspelet. Men også den historiske dimensjonen er med, i form av spørsmålet om tradisjon og autensitet, og det mytisk-religiøse perspektivet i form av at barna har ei klar oppfatning av at temaet handlar møtet mellom den norrøne trua og kristendommen. Barna har noko ulik tilnærming til kulturbrytingsdimensjonen, i spenninga mellom konflikt og harmoni. Men sjølv om eg har vist at me finn døme på ulike former for erkjening, meiner eg me må ta omsyn til korleis barna sjølv kjenslemessig opplever møtet med kulturskiftet. Her er det særleg møtet med Mostraspelet som utløyste det sterkaste engasjementet, både positivt og negativt. Denne tvitydigheita må ein ta med ved førebuinga til Mostraspelet. Den største utfordringa i eit fruktbart kulturmøte ligg, slik eg ser det, i forholdet mellom innleving, kunnskapar og refleksjon. Undersøkinga mi har aktualisert spørsmålet om forholdet mellom det å vera 'distansert betraktar' til hendingar i fortid og notid, i høve til den personlege, eksistensielle dimensjonen i form av medleving, innleving og personleg engasjement. Barna gjev noko ulike signal om kva dei oppfattar at skulen meiner er viktigast av desse dimensjonane. Dette kan bety at skulen opererer med uklare kriterium for kva dei legg i eit fruktbart kulturmøte. Eg tolkar det slik at det ikkje er nok å seia at den mytisk-religiøse, den historiske og den estetiske dimensjonen må vera med i eit fruktbart kulturmøte, men me må klargjera kva me legg i desse ulike omgrepa. Eg har vist at det ligg ei viss tvitydig haldning hos Cassirer, men at han legg hovudvekta på innleving, oppleving og

framtidssberedskap. I undersøkinga mi meiner eg 'fortidsopplevinga' var ein sentral intensjon frå skulen si side. Men kanskje er det slik at ein innan dei ulike faga i grunnskulen forstår omgrepa fortid, framtid, oppleving og kunnskap ulikt? Betyr dette at ein prøver å unngå denne tvitydigheita gjennom tverrfagleg samarbeid om kulturmøte og kulturbryting ved å eliminera det som kan vera kontroversielt, eller tek ein på alvor at også dette høyrer med til barns 'selvbefrielsesprosess'? Dette er aktuelle problemstillingar for vidare forskning.⁸

⁸ Jfr. satsinga på kulturformidling og kulturskaping i skulen i det nasjonale prosjektet "Den kulturelle skolesekken", eit samarbeidstiltak mellom Utdannings- og forskingsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet.

LITTERATUR

- Andersen, Svein S. (1997): *Case-studier og generalisering*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Angvik, Magne og Nielsen, Vagn Oluf (red.)(1999): *Ungdom og historie i Norden*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Aronsson, Gerrevall og Larsson (red.)(2000): *Att resa i tiden : Mål och medel i mötet mellan museum, skola och elever*. Rapport nr. 1. Centrum for kulturforskning, Växjö universitet.
- Berg, Kari (1998a): Lærerens doble lojaliteter. I: *Bedre Skole* 1/98:32-37.
- Berg, Kari (1998b): Ungdommens verdidilemmaer. Hvilke dilemmaer møter ungdom i hverdagslivet sitt? Er skolen en verdistøtte for ungdommene? I: *Bedre Skole* 2/98:71-78.
- Berntsen, Margareth B. (1997): Nasjonal identitet dannet i middelalderen. I: *Uniforum* nr. 17/97. UiO. (Elektronisk versjon.)
- Birkedal, Erling (2001): "Noen ganger tror jeg på Gud, men ..."? : *En undersøkelse av gudstro og erfaring med religiøs praksis i tidlig ungdomsalder*. Avhandling dr. art. KIFO Perspektiv nr. 8. Trondheim: Tapir Akademiske forlag.
- Bogdan, Robert og Biklen, Sari Knopp (1992): *Qualitative Research for Education. An Introduction to Theory and Methods*. (2nd ed.) Boston: Allyn & Bacon.
- Bollnow, Otto Fr. (1976): *Eksistensfilosofi og pedagogikk*. København/Oslo: Ejlers forlag.
- Bourdieu, Pierre (1995): *Distinksjonen : En sosiologisk kritikk av dømmekraften*. Oslo: Pax Forlag.
- Brandt, Berit (1996): Gruppeintervju: perspektiv, relasjoner og kontekst. I: Holter, Harriet og Kalleberg, Ragnvald (red.) (1996): *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*. Oslo: Universitetsforlaget (s 145-165).
- Broen og den blå hesten*. KUD og KUF 1996.
- Brunstad, Paul Otto (1998): *Ungdom og livstolkning*. Avhandling dr. theol. KIFO Perspektiv nr. 3. Trondheim: Tapir.
- Bryld, Claus m.fl. (1999): *At formidle historie : - vilkår, kendetegn, formål*. Danmark: Roskilde Universitetsforlag.
- Bø, Inge (1987): *Barn i systemperspektiv*. Bergen: Sigma forlag.
- Bø, Inge (1995): *Barnet og de andre : Nettverk som pedagogisk og sosial ressurs*. Oslo: TANO.

Bøe, Jan Bjarne og Hauge, Kolbjørn (1984): *Barn og historie : Undervisningsteorier i historiefaget og barns forhold til historie*. Stavanger: Universitetsforlaget.

Bøe, Jan Bjarne (1995): *Faget om fortiden. En oversikt over det historiedidaktiske området*. Oslo: Universitetsforlaget.

Bøe, Jan Bjarne (1999a): *Barnet og fortellingen : Fortidsfortellingens innflytelse på barnets historiebevissthet*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Bøe, Jan Bjarne (1999b): *Å fortelle om fortiden : Fortellingen i historie- og samfunnsfagundervisning*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Harald Båsland, Grete Ertresvåg, Bjarne Hovland, Linn Ullmann (1998): *Terella. Samfunnsfag for 6. klasse. Elevbok*. Oslo: Universitetsforlaget.

Cassirer, Ernst [1923] (1955): *The Philosophy of Symbolic Forms. Volume 1 : Language*. (PSF I) New Haven: Yale University Press.

Cassirer, Ernst [1925] (1955): *The Philosophy of Symbolic Forms. Volume 2 : Mythical Thought*. (PSF II) Translated by Ralph Manheim. Introductory note by Charles W. Hendel. New Haven: Yale University Press.

Cassirer, Ernst [1929] (1957): *The Philosophy of Symbolic Forms. Volume 3 : The Phenomenology of Knowledge*. (PSF III) New Haven: Yale University Press.

Cassirer, Ernst [1921-1940](1996): *The Philosophy of Symbolic Forms. Volume 4 : The Metaphysics of Symbolic Forms*. (PSF IV) Edited by J. M. Krois and D. Ph. Verene. Translated by J. M. Krois. New Haven: Yale University Press.

Cassirer, Ernst [ca 1940] (1994): *Kulturvitenskapenes logikk. Fem studier*. Oversatt av Åsmund Birkeland og Dag Østerberg. Innledning ved Dag Østerberg. Oslo: Pax Forlag.

Cassirer, Ernst [] (1946): *Language and Myth*. Translation and Preface by Susanne K. Langer. Dover Publications Inc.

Cassirer, Ernst [1944] (1965): *Et essay om mennesket*. (EoM) Oversatt av Eva Wyller. Etterord ved Egil Wyller. Oslo: Aschehoug.

Cassirer, Ernst [1946] (1974): *The Myth of the State*. (MoS) New Haven: Yale University Press.

Coffey, Amanda og Atkinson, Paul (1996): *Making Sense of Qualitative Data. Complementary Research Strategies*. Thousands Oaks: Sage Publications.

Dahlstrøm, H. K. og Skjelbred, L. (2000): Omstridt religiøs labyrint. I: *Vårt Land* 30.10.2000.

Danbolt, Gunnar og Enerstvedt, Åse (1995): *Når voksenkultur og barns kultur møtes*. Oslo: Norsk Kulturråd: Rapport nr.2.

- Danielsen, Maria (1997): Den eventyrlege historia. I: *Syn og Segn* 1997 (s 109-113).
- Denzin, Norman K. og Lincoln, Yvonna S. (ed.) (1994): *Handbook of Qualitative Research*. Thousands Oaks: Sage Publications.
- Dubach (1995): I: Rudolph og Küppers (red.):
- Eide, Brit (1986): *Å intervju barn*. Hovudfagsoppgåve. Oslo: Barnevernsakademiet.
- Eidsvåg, Inge (red.)(1992): *Mytologien og det moderne mennesket*. Nansenskolens årbok. Oslo: Universitetsforlaget.
- Engen, Thor Ola (1989): *Dobbeltkvalifisering og kultursammenlikning*. Vallset: Oplandske Bokforlag.
- Eriksen, Morten (red.) (1993): *Ordet og sverdet : Historiske foredrag på Moster 1984-1993*. Oslo: Verbum.
- Eriksen, Thomas Hylland (1993): *Typisk norsk : Essays om kulturen i Norge*. Oslo: Huitfeldt Forlag.
- Eriksen, Thomas Hylland (1994): *Kulturelle veikryss. Essays om kreolisering*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Eriksen, Thomas Hylland og Sørheim, Torunn Arntsen (1994): *Kulturforskjeller i praksis : Perspektiver på det flerkulturelle Norge*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Eriksen, Trond Berg (red.)(1993): *Vestens tenkere*. Bd. 3. Oslo: Aschehoug.
- Evenshaug, Oddbjørn og Hallen, Dag (2001): *Barne- og ungdomspsykologi*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Fog, Jette (1996): Begrundsens koreografi. Om kvalitativ ikke statistisk representativitet. I: Holter, Harriet og Kalleberg, Ragnvald (red.) (1996): *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*. Oslo: Universitetsforlaget (s 194-219).
- Frønes, Ivar (red.)(1987): *Mediabarn*. Oslo: Gyldendal.
- Frønes, Ivar og Brusdal, Ragnhild (2000): *På sporet av den nye tid*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Geertz, Clifford (1993): *The Interpretation of Cultures*. Fontana Press.
- Giddens, Anthony (1987): *Social Theory and Modern Sociology*. Oxford: Polity Press.
- Gilhus, Ingvild Sælid og Mikaelsson, Lisbeth (1998): *Kulturens refortrylling: Nyreligøsitet i moderne samfunn*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gilje, Nils og Grimen, Harald (1993): *Samfunnsvitenskapenes forutsetninger. Innføring i samfunnsvitenskapenes vitenskapsfilosofi*. Oslo: Universitetsforlaget.

- Gilje, Nils og Grimen, Harald (red.) (1996): *Kompendium i almen vitenskapsteori for Dr. Polit. og Dr. Art.-graden*. 4. opplag. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Glaser, B.G og Strauss, A.L. (1967): *The Discovery of Grounded Theory: strategies for qualitative research*. New York: Aldine De Gruyter.
- Glaser, B.G. (1978): *Theoretical Sensitivity. Advances in the Methodology of Grounded Theory*. California: Sociology Press, Mill Walley.
- Glaser, B.G. (1992): *Basics of Grounded Theory Analysis*. California: Sociology Press, Mill Walley.
- Gran, Anne Britt (1997): Kjeppar i hjula eller føde for nasjonen. Om eksplosjonen av historiske spel. I: *Syn og Segn 1997* (s 99-103).
- Grue, Lars (1987): *Ungdom uten opprør?* Oslo: STUI.
- Grønmo, Sigmund (1996): Forholdet mellom kvalitative og kvantitative tilnærminger i samfunnsforskningen. I: Holter, Harriet og Kalleberg, Ragnvald (red.) (1996): *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*. Oslo: Universitetsforlaget (s 73-108).
- Gullberg, Vivian Hernar (1995): *Barns bildeskaping : Utvikling og forutsetninger*. Høgskolen Stord/Haugesund.
- Haldorsen, Anne Karin (udatert): *Vikingtida : Bakgrunn for hendingane i "Kristkongane på Moster"*.
- Halvorsen, Else Marie (1991): *Kulturarven i grunnskolen med vekt på den estetiske dimensjonen. En skolepolitisk dokumentasjon*. Telemark lærarhøgskole: Notabile nr. 3.
- Halvorsen, Else Marie (1993): *Kulturarven i grunnskolen med vekt på den estetiske dimensjonen. En lærerundersøkelse i Telemark*. Telemark lærarhøgskole: Notabile nr. 2.
- Halvorsen, Else Marie (1998): Kulturarv og kreativitet i den nye læreplan for grunnskolen. I: *Norsk Pedagogisk Tidsskrift* 3/98:138-149.
- Halvorsen, Else Marie (2000): Den estetiske dimensjonen i grunnskolens læreplaner de siste tretti åra. I: *Arabesk 100*. Nr. 1, år 2000. Tema: Estetikk.
- Halvorsen, Else Marie (2001): *Læreren som kulturbærer og kulturbygger*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Halvorsen, Knut (1987): *Å forske på samfunnet. En innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. Oslo: Bedriftsøkonomens forlag.
- Hamburg, Carl H. (1958): Cassirer's Conception of Philosophy. I: Schilpp, Paul Arthur (ed.) (1958): *The Philosophy of Ernst Cassirer*. The Library of Living Philosophers. New York: Tudor Publishing Company. (s 73-119)

Hammersley, Martyn og Atkinson, Paul (1996): *Feltmetodikk. Grunnlaget for feltarbeid og feltforskning*. (2. utg. 2. oppl.) Oslo: Gyldendal Ad Notam.

Hartman, Sven G. (1986): *Barns tanker om livet*. Stockholm: Natur och Kultur.

Hauge, H. og Horstbøll, H. (red.)(1988): *Kulturbegrebets kulturhistorie*. Danmark: Aarhus Universitetsforlag.

Heggland, Johannes (tekst) og Låstad, Jarl Hugo (teikning)(1995): *Mostraspelet i tekst og teikning*. Bømloteateret/Mostraspelet.

Heggstad, Knudsen og Trageton (1994): *Fokus på lek : Estetikk. Progresjon*. Kultur. Stord: Høgskolen Stord/Haugesund.

Hellern, Victor (1957): Ernst Cassirers kulturfilosofi. I: *Norsk teologisk tidsskrift*. s.129-151.

Hellern, Victor (1958): Nykantianismens kulturfilosofi : særlig hos Ernst Cassirer. I: *Kirke og Kultur*. s 156-166.

Holme, Idar Magne og Solvang, Bernt Krohn (1996): *Metodevalg og metodebruk*. 3. utg. Oslo: TANO.

Holter, Harriet (1996): Fra kvalitative metoder til kvalitativ samfunnsforskning. I: Holter, Harriet og Kalleberg, Ragnvald (red.) (1996): *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*. Oslo: Universitetsforlaget (s 9-25).

Hundeide, Karsten (1989): *Barns livsverden. En fortolkende tilnærming i studiet av barn*. Oslo: Cappelen.

Identitet og dialog. Kristendomskunnskap, livssynskunnskap og religionsundervisning. NOU 1995: 9.

Jensen, Bernard Eric (1994): *Historiedidaktiske sonderinger*. Bind 1. Institut for historie og samfundsfag, Danmarks Lærerhøjskole.

Kalleberg, Ragnvald (1996): Forskningsopplegget og samfunnsforskningens dobbeltdialog. I: Holter, Harriet og Kalleberg, Ragnvald (red.) (1996): *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*. Oslo: Universitetsforlaget (s 26-72).

Kjelstadli, Knut (1999): *Fortida er ikke hva den en gang var : En innføring i historiefaget*. Oslo: Universitetsforlaget.

Klausen, Arne Martin (1970): *Kultur : Variasjon og sammenheng*. Oslo: Gyldendal.

Klausen, Arne Martin (1992): *Kultur. Mønster og kaos*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.

Kvale, Steinar (1996): *InterViews : An Introduction to Qalitative Research Interviewing*. London: Sage Publications.

Krois, John Michael (1987): *Cassirer : Symbolic Forms and History*. New Haven: Yale University Press.

Krois, Jon Michael (1997): Cassirer: Aufklärung und Geschichte. I: Frede og Schmücker (Hrsg.): *Ernst Cassirers Werk und Wirkung : Kultur und Philosophie*. Darmstadt: Wissenschaftliche Buchgesellschaft. (s. 122-144)

Krois, John Michael (udatert): *Zum Lebensbild Ernst Cassirers (1874 – 1945)*. <http://www.cassirer.org/intro/krois.shtml>

Kuhn, Thomas (1996): *Vitenskapelige revolusjoners struktur*. Oslo: Spartacus.

Leander, Folke (1950): *Estetikk och kunskapsteori : Croce. Cassirer. Dewey*. Göteborg: Elanders Boktryckeri Aktiebolag.

Leirvik, Oddbjørn (1999): *Religionsdialog i klasserommet*. Innlegg på temadag, UIO 18.08.99. <http://www.uio.no/~leirvik/tekster/dialogiskulen.html>

Leiulfstrud, Håkon og Hvinden, Bjørn (1996): Analyse av kvalitative data: Fikserbilde eller puslespill? I: Holter, Harriet og Kalleberg, Ragnvald (red.) (1996): *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*. Oslo: Universitetsforlaget (s 220-239).

Liden, Hans Emil (red.) (1995): *Møtet mellom hedendom og kristendom i Norge*. Oslo: Universitetsforlaget.

Lincoln, Yvonna S. og Guba, Egon S. (1985): *Naturalistic Inquiry*. California: Sage Publications.

Lofts, S.G. (udatert): The "Odessey" of the Life and Work of Ernst Cassirer. <http://www.cassirer.org/intro/lofts.shtml>

Lofts, S.G. (2000): *Ernst Cassirer : A "Repetition" of Modernity*. State University of New York Press.

Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen. Oslo: KUF 1996.

Løkken, Gunvor og Søbstad, Frode (1995) *Observasjon og intervju i barnehagen*. Oslo: TANO. 2. opplag.

Malmanger, Magnar (2000): *Kunsten og det skjønne*. Oslo: Aschehoug.

Mikaelsson, Lisbeth (red.)(1996): *Myte i møte med det moderne*. KULTs skriftserie nr. 63. Norges Forskningsråd.

Mostraspelet. Informasjon. <http://www.mostraspelet.com/main/html>

Mæland, Kjellfrid (1998): *Case-study and Generalization : A theoretical discussion*. Essay i vitenskapsteori, dr. polit.programmet, NTNU. Ikkje publisert.

Nysgjerrigper. Nr.2/98. Norges Forskningsråd.

- Paetzold, Heinz (1995): *Ernst Cassirer : Von Marburg nach New York. Eine philosophische Biographie*. Darmstadt: Wissenschaftliche Buchgesellschaft.
- Paetzold, Heinz (1997): Die Symbolische Ordnung der Kultur. Ernst Cassirers Beitrag zu einer Theorie der Kulturentwicklung. I: Frede og Schmücker (Hrsg.): *Ernst Cassirers Werk und Wirkung : Kultur und Philosophie*. Darmstadt: Wissenschaftliche Buchgesellschaft. (s 163-184).
- Poulsen, Marianne (1999): *Historiebevidstheder: - elever i 1990'ernes folkeskole og gymnasium*. Danmark: Roskilde Universitetsforlag.
- Pramling, Ingrid og Doverborg-Östberg, Elisabeth (1986): *Å forstå barns tanker : En metodikk om å intervju barn*. Oslo: Pedagogisk forum.
- Rørhus, Kåre (1993): *Ungdom og idolpåvirkning. En teoretisk og empirisk studie av ungdoms forhold til idoler i massemediene*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Schilpp, Paul Arthur (ed.) (1958): *The Philosophy of Ernst Cassirer*. The Library of Living Philosophers. New York: Tudor Publishing Company.
- Schwemmer, Oswald (1997): Die Vielfalt der symbolischen Welten und die Einheit des Geistes. Zu Ernst Cassirers „Philosophie der symbolischen formen.“ I: Frede og Schmücker (Hrsg.): *Ernst Cassirers Werk und Wirkung : Kultur und Philosophie*. Darmstadt: Wissenschaftliche Buchgesellschaft. (s. 1-57)
- Selberg, Torunn (red.)(1997): *Utopi og besvergelse : Magi i moderne kultur*. KULTs skriftserie nr. 83. Norges Forskningsråd.
- Sele, Kristine og Eriksen, Morten (1995): *Tusen år – ein sommardag : 1000-årsfesten på Moster 1995 i tekst og bilete*. Stavanger: Dreyer bok.
- Silverman, David (1995): *Interpreting Qualitative Data : Methods for Analysing Talk, Text and Interaction*. London: Sage Publications.
- Silverman, David (ed.) (1997): *Qualitative Research : Theory, Method and Practice*. London: Sage Publications.
- Sivesind, Karl Henrik (1996): Sortering av kvalitative data. I: Holter, Harriet og Kalleberg, Ragnvald (red.) (1996): *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*. Oslo: Universitetsforlaget (s 240-273).
- Skotheim, Hege (1999): *Fortiden som opplevelsesarena : Museenes aktivitetstilbud til samtidens publikum*. Hovedfagsoppgave i etnologi, Institutt for kulturstudier og kunsthistorie, Universitetet i Bergen.
- Stake, Robert (1995): *The Art of Case Study Research*. Thousand Island Oaks: Sage Publications.

Steinsland, Gro og Sørensen, Preben Meulengracht (1994): *Menneske og makter. Vikingenes verden*. Oslo: Universitetsforlaget.

Stensland, Sigbjørn (1986): *Ritus, Mythos, and Symbol in Religion : A study in the Philosophy of Ernst Cassirer*. Doctoral Thesis at Uppsala University.

Stensland, Sigbjørn (1996): *Filosofisk metode og pedagogisk metateori: Et bidrag til dannelse av et antropologisk pedagogisk system basert på Ernst Cassirers kulturfilosofi*. Malmø: Lunds Universitet.

Strauss, Anselm & Corbin, Juliet (1990): *Basics of Qualitative Research. Grounded Theory Procedures and Techniques*. California: Sage Publications.

Strauss, Anselm og Corbin, Juliet (1997): *Grounded Theory in Practice*. California: Sage Publications.

Strenski, Ivan (1987): *Four Theories of Myth in Twentieth-Century History : Cassirer, Eliade, Levi-Strauss and Malinowski*. Houndmills: MacMillan Press.

The Viking Network. (1997) <http://odin.nls.no/viking/vnet/s/nvnet/htm>

Totland, Marit Elisebeth (1995): *Kyrkja i Noreg 1000 år*. Bømlo: Moster forlag.

Uljens, Michael (1989): *Fenomenografi : forskning om oppfatningar*. Lund: Studentlitteratur.

Verene, Donald Phillip (ed.)(1979): *Symbol, myth and culture : Essays and lectures of Ernst Cassirer, 1935-1945*. New Haven: Yale University Press.

Vogel, Barbara (1997): Philosoph und liberaler Demokrat. Ernst Cassirer und die Hamburger Universität von 1919 bis 1933. I: Frede og Schmücker (Hrsg.): *Ernst Cassirers Werk und Wirkung : Kultur und Philosophie*. Darmstadt: Wissenschaftliche Buchgesellschaft. (s. 185-214)

Werner, Anita (1997): *Barn i fjernsynsalderen : Hva vet vi om medienes innflytelse?* Oslo: Ad Notam Gyldendal.

Wikan, Unni (1994): Folk - ikke kulturer - kan møtes. I: Evans m.fl. (red.): *Velferdssamfunnets barn*. (s 125-132) Oslo: Gyldendal Ad Notam.

Winje, Geir (1997): *Religiøsitet blant unge I 90-åra*. Høgskolen i Vestfold. (Elektronisk versjon.)

Winje, Geir (1999): *Fra bønn til magi : Nyere religioner og menneskesyn*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Wyller, Egil A. (2001) *Tidehvervstanker*. Oslo: Spartacus Forlag AS og Andresen & Butenschøn AS.

Yin, Robert K. (1994): *Case Study Research : Design and Methods*. California: Sage Publications. 2nd edition.

Østerberg, Dag (1993): Cassirer. I: Berg Eriksen (red.)(1993): Vestens tenkere. Bd. 3. Oslo: Aschehoug.

OVERSIKT OVER VEDLEGG

Vedlegg 1	Framlegg til intervjuguide	354
Vedlegg 2	Forskingsspørsmål – Intervjuspørsmål	356

VEDLEGG 1

FRAMLEGG TIL INTERVJUGUIDE

PROSJEKTET «KULTURMØTE OG KULTURBRYTING»

Km 03.03.98

INTERVJU MED ELEVAR I 6. KLASSE

I det følgjande vert ein del temakrinsar for intervju presenterte. Intervjua vil vera semistrukturerte. Nokre av tema vil gå att i intervjua både haust og vår, medan nokre vil berre verta tekne opp ein gong.

1. Hobbyar og fritidsaktivitetar. Kva elevane er opptekne med på fritida. Korleis dei trivest på skulen. Interesser for fag og sosiale aktivitetar.
2. Interesse for historie. I kva grad og på kva måte er barna opptekne av kva som skjedde i tidlegare tider.
3. Interesse for andre kulturar. I kva grad og på kva måte er barna opptekne av menneske i andre kulturar?
4. Kva barna forbind med vikingtida: Kva gjorde folk på, korleis levde dei og kva trudde dei på?
5. Norrøn tru: Namn på gudar og makter. Kva veit barna om dette?
6. Korleis kristendommen kom til Noreg. Kva veit dei om kongar, prestar og misjonærar på denne tida?
7. Kva barna forbind med møtet mellom kristendommen og norrøn tru. Kva var felles og kva var ulikt?
8. Korleis barna opplevde Mostraspelet. Kva dei hugsar att av hendingane, om det er bestemte personar dei likar/ikkje likar, held med/ikkje held med. Om dei trur det var slik det skjedde i verkelegheita. Kva vil stykket fortelja oss i dag?
9. Korleis det er å ha undervisning om temaet på skulen. Kva har vore interessant? Kva har dei sakna? Kva er viktig når vi skal læra om kva som skjedde i ei anna tid? Korleis kan vi læra om menneske i ein annan kultur og i ei anna tid? Er det noko av dette som er viktig når vi møter menneske frå ein annan kultur i dag?
10. Temautstillinga på Moster kyrkjehistoriske senter. Kva hugsar dei best att? Kva var vanskeleg å forstå?

INTERVJU MED LÆRARAR SOM HAR ELEVAR I 6. KLASSE

I det følgjande vert ein del temakrinsar for intervju presenterte. Intervjua vil vera semistrukturerte. Nokre av tema vil gå att i intervjua både haust og vår, nokre vil berre verta tekne opp ein gong.

1. Hobbyar og fritidsaktivitetar. Kva elevane deira er opptekne med på fritida. Korleis dei trur elevane trivest på skulen. Interesser for fag og sosiale aktivitetar.
2. Interesse for historie. I kva grad og på kva måte er barna opptekne av kva som skjedde i tidlegare tider?
3. Interesse for kulturar. I kva grad og på kva måte er barna opptekne av menneske i andre kulturar? Kva legg ein vekt på i undervisninga om møte med andre kulturar?
4. Kva trur dei at barna forbind med vikingtida: Kva gjorde folk på, korleis levde dei og kva trudde dei på. I kva grad vert vikingtida vektlagt i undervisninga?
5. Norrøn tru: Namn på gudar og makter. Kva veit barna om dette? Kva vert lagt vekt på i undervisninga?
6. Korleis kristendommen kom til Noreg. Kva trur dei elevane veit om kongar, prestar og misjonærar på denne tida. Kva er viktig for dei som lærarar å få fram i undervisninga?
7. Kva trur dei elevane forbind med møtet mellom kristendommen og norrøn tru? Kva var felles og kva var ulikt? I kva grad fokuserer ein på strid, og i kva grad fokuserer ein på positiv dialog i undervisninga?
8. Korleis dei vurderer elevane si oppleving Mostraspelet. Kva hugsar barna att av hendingane? Er det bestemte personar dei likar/ikkje likar, held med/ikkje held med? Om dei trur det var slik det skjedde i verkelegheita? Kva vil stykket fortelja oss i dag? I kva grad engasjerer stykket lærarane?
9. Korleis det er å ha undervisning om temaet på skulen. Kva har vore interessant? Kva har dei sakna? Kva er viktig når vi skal læra elevane om kva som skjedde i ei anna tid? Korleis kan vi læra barna om menneske i ein annan kultur og i ei anna tid? Er det noko av dette som er viktig når vi møter menneske frå ein annan kultur i dag?
10. Temautstillinga på Moster. Kva hugsar elevane best att? Kva var vanskeleg å forstå? Korleis kan ein vidareutvikla undervisningsopplegg i tilknytning til utstillinga?

VEDLEGG 2

FORSKINGSSPØRSMÅL - INTERVJUSPØRSMÅL

Laga 19.04.99

Kjellfrid Mæland, Avdeling for lærarutdanning, Høgskolen Stord/Haugesund, Postboks 5000, 5409 Stord

Desse spørsmåla må sjåast i tilknytning til notat av 09.03.99 med skisse over forskingsprosjektet «Kulturmøte og kulturbryting. Perspektiv på barns møte med kulturskiftet i Norge ca 950 - 1050.»

Spørsmåla vert nytta i intervju *før* og *etter* Mostraspelet. Nokre av spørsmåla vert nytta berre i forkant eller etterkant, somme vert nytta i begge intervju.

Forskingsspørsmål

A. Kva er eleven sine forventningar på førehand?
Korleis skjer «meningsproduksjon» og
meningsforhandlingar i høve til spelet?
Kva veit eleven om spelet på førehand?

- på skolen: lærarar og andre elevar?

- heime

- i media

- har sett spelet før

B. Korleis er barna sine skildringar etter å ha sett Mostraspelet?

Korleis maktar barna å fortelja att innhaldet i eit teaterstykke?

På kva nivå ligg barna si evne til å abstrahera, til å finna tema? Kva «mønster av mening» finn dei i stykket?

Intervjuspørsmål

1 Kan du seia litt om forventningane dine til Mostraspelet no på førehand?

2 Kva veit du om Mostraspelet på førehand?

3 Kva har lærarane fortalt om Mostraspelet på førehand?

4 Kva har du høyrte av andre elevar?

5 Har de snakka om Mostraspelet heime?

6 Har du lese/sett noko om Mostraspelet i media? Kan du evt. seia litt meir om det?

7 Har du sett Mostraspelet før?

Kor gammal var du då?

Kor mange gonger?

8 Kan du fortelja litt med dine egne ord innhaldet i Mostraspelet?

9 Kva meiner du stykket eigenleg handlar om?

10 Kva tenkjer du er temaet i stykket?

11 Er det nokon hendingar som du hugsar spesielt godt igjen? Kan du seia litt om kvifor?

12 Vi tar utgangspunkt i 4-5 av følgjande bilete i teikneserieheftet:

12a

s. 7: Samtale mellom Håstein herse og Torolv frå Grindheim om korleis dei vil møta den nye trua.

12b

s.11: Samtale mellom Torolv og Vigdis om den nye trua.

12c

s 14: Gunnbjørg Gamle si åtvaring mot den nye trua.

12d

s 19: Håstein herse bøyer seg for den nye trua i møte med kong Olav Tryggvason.

12e

s 21: Messe, der ein seier kven ein trur på.

12f

s 24: Torolv og mennene blotar i skogen.

12g

s 48: Utdrag frå Kristenretten.

12h

s 49: Torolv sitt møte med kong Olav Haraldsson. Torolv blir drepen.

Korleis fungerer personane som identifikasjonsfigurar og rollemodellar? Er det nokon som peikar seg ut som venner og fiendar?

13 Er det nokre av personane (rollene) i stykket som du la spesielt merke til? Kvifor?

14 Var det nokon av personane du ikkje syntest noko særleg om?

15 Eller nokon av personane som du var ueinig med?

Korleis framstiller barna dette å møta ei ny tru?

16 Korleis trur du folket på Moster reagerte på det å ta imot ei ny tru?

17 Synest du Mostraspelet betyr noko for

deg?

Kan du evt. seia litt om kvifor?

18 Kjenner du deg igjen i stykket? Er det nokon av personane i stykket du identifiserer deg med, eller ønskjer å ha som førebilete?

I kva grad er det andre forteljingar, og kor viktige synest desse å vera?

19 Kan du fortelja litt om noko av det du opplevde på turen til Moster utanom sjøve spelet?

I kva grad synest musikken å støtta opp under handlinga, eller vera til distraksjon?

20 Kan du fortelja litt om korleis du opplevde musikken i spelet?

Korleis svarar elevane når dei går inn i ei ny rolle: å vera «lærarar» for andre? I kva grad kjem det moralske aspektet fram? Tar dei ei ny rolle?

21 Kva råd vil du gje til dei som skal reisa og sjå Mostraspelet til neste år?

Kva vel elevane ut som noko dei har festa seg ved? Kva fortel dette?

22 Dersom du skulle teikna ein liten sekvens/ein situasjon frå Mostraspelet, kva ville du teikna då? Kan du gjera dette og levera det til meg i morgon?

23 Kan du tenkja deg å skriva eit lite dikt om det du opplevde ved Mostraspelet, eller om vikingtida?

24 Eller om du skulle dramatisera noko, kva ville du då velja?

C. Korleis vert vikingkulturen skildra?

- Ætta, ære og blodhevn
- vikingtokter, bakgrunn og omfang
- handel og kultur
- høvdingar og kongemakt
- kvinner og barn sin situasjon

25 Korleis synest du livet i vikingtida er skildra i undervisninga og i Mostraspelet

- 25a for barna
- 25b for kvinnene
- 25c for familiane og slekta
- 25d kvardagssyslar
- 25e yrke og fritid
- 25f kontakt med andre kulturar

Er det bestemte symbol som barna har festa seg ved?

26 Kva er dei mest kjende symbola du forbind med vikingtida?
Døme: tre, sverd, vikinghjelm, vikingskip, gravsteinar, kors, gudebilde.

D. Korleis skildrar elevane «mønster» i den norrøne trua?

- verdsbilde
- gudar og makter
- gudedyrking

27 Kan du fortelja litt om den norrøne trua?

28 Korleis tenkte dei seg at verda vart til, og korleis ho fungerer?

- sed og skikk, lover og reglar

E. Kva «mønster av meining» ser barna i kristendommen?

Korleis skildrar barna kristendommen:

- verdsbilete
- gudar og makter
- gudsdyrking
- sed og skikk, lover og reglar, Kristenretten
- forholdet mellom kristendom og kongemakt

F. Kva er særtrekk, fellestrekk og skilnader når det gjeld:

- verdsbilete
- gudar og makter
- gudsdyrking
- sed og skikk, lover og reglar, Kristenretten?

I kva grad kjem konflikt, forhandling og dialog fram i måten elevane skildrar dette møtet?

Korleis kjem kulturbrytingsaspektet fram i barna si skildring?

I kva grad vert kulturmøtet framstelt som eit møte mellom likeverdige partar?

29 Kan du fortelja litt om dei mest kjende gudane i den norrøne trua?

- 29a Odin
- 29b Tor
- 29c Frøy
- 29d Frøya
- 29f Andre

30 På kva måte dyrka dei desse gudane? Korleis vert dette framstelt i Mostraspellet?

31 Kva reglar hadde dei for korleis dei skulle leva saman?

32 Kvar hadde vikingane møtt den nye trua, kristendommen?

33 Kan du fortelja litt om denne trua? Kva var det viktigaste i den kristne trua for vikingane?

34 Kan du seia litt om reglane for å leva, Kristenretten?

35 Korleis tilba dei gud?

36 Liknar denne trua på slik du møter kristendommen i dag?

37 Kva rolle spela kongane i kristninga av Norge?

38 Kva rolle spela prestane?

39 Kan du seia litt om forskjellen mellom den gamle og den nye trua?

- 39a når det gjeld kva dei tenkte om verda og korleis ho er vorten til
- 39b om gudar og makter
- 39c korleis dei dyrka/tilba gud
- 39d om korleis dei skulle leva saman

40 Trur du det var ein stor overgang for folk flest om dei gjekk over til kristendommen?

41 Korleis trur du det var å leva saman i familiar der dei trudde på forskjellige gudar?

42 Korleis tenkjer du deg at møtet mellom kristendommen og den nye trua skjedde?

- 42a konflikt
- 42b forhandling, overtaling, overtuding
- 42c vennleg samhandling, harmoni

- Makt og relasjonar, korleis vert dette framstelt og oppfatta i dag?
- G. Aktualitet og relevans.
Kva er barna sitt eige forhold til det å tru?
- Kva er barna si oppfatning av kva skulen sine intensjonar er? Kva tenkjer elevane om å nå desse måla?
- Kva er aktuelt og relevant i dag?
- Kva hovudinntrykk sit elevane att med på slutten av året?
- I kva grad synest det historiske perspektivet vera
- 43 I kva grad vert den eine religionen framstelt som betre enn den andre?
- 44 Korleis synest du forholdet mellom den norrøne trua og kristendommen vert skildra på skulen og i Mostraspelet? Synest du den eine trua vert skildra som viktigare enn den andre?
- 45 Kan du seia litt om du er oppteken av det å ha ei tru?
- 46 Synest du at Mostraspelet er aktuelt i dag?
På kva måte?
- 47 Kvifor trur de at skulen legg opp til tur til Mostraspelet?
- 48 Vert skulen sine intensjonar oppfylte?
- 49 Er barn og ungdommar i dag opptekne av det å tru?
- 50 Er du oppteken av det som har med religion og tru å gjera?
- 51 Kva vil du seia er det viktigaste med det å tru?
- 52 Kva er du mest oppteken av i dag når det gjeld møtet mellom ulike måtar å tru på, eller ulike kulturar?
- 53 Kan du fortelja noko du hugsar godt att frå dette året om temaet vikingtida?
- 54 Kva hugsar du best att frå prosjektet de hadde i haust om vikingtida?
- 54a noko du lærte?
 - 54b noko du opplevde?
 - 54c samarbeidet med dei andre i klassen?
- 55 Likar du historie?

framme hos elevane?

56 I kva grad synest du det er viktig for dykk elevar å læra om det som skjedde for 1000 år sidan?

57 Trur du Mostraspelet og undervisninga får fram korleis det var? Kvifor/kvifor ikkje?

58 Kva synest du er viktig når menneske med ulik tru skal leva saman?

58 Dersom du ville at andre skulle tru på det same som deg, korleis ville du då få dette til?

Kva er relevant og aktuelt i dag og for framtida?

59 Snakkar de ofte i klassen om det å tru?

60 Er det mange av kameratane/venninnene dine som er opptekne av det å tru?

61 Synest du mange er opptekne av dette i dag blant unge menneske?

Kjem dette fram i media du brukar?

Aktualitet og relevans.

62 Kjenner du til om nokon er opptekne av vikingane i dag?

63 Kjenner du til om nokon dyrkar dei gamle gudane i vår tid?

64 Synest du at mange i dag er opptekne av kristendommen? Kva legg dei mest vekt på ved kristendommen i dag?

65 Synest du det er forskjell på kristendommen i dag og slik dei dyrka han for 1000 år sidan? Korleis?

66 Kva seier du til påstanden i Mostraspelet: «Tvinga oss til tru kan du ikkje.»

67 Kvifor trur du det er så populært å laga vikingsenter? Kjenner du til nokre slike?

68 Har du vore på eit vikingsenter? Kva gjer dei for å få oss til å leva oss inn i vikingtida?

69 Fekk du noko «aha-oppleving» på Moster?

70 Kvifor trur du Bømloteateret spelar dette stykket kvart år?

71 På skulen gjorde de ei fantasireise til vikingtida. Kan du seia litt om kva du følte og tenkte då? Hugsar du litt igjen av dette?

72 Dersom du skulle framstella noko frå vikingtida i eit skodespel, kva ville du leggja vekt på?

73 Kva er den største forskjellen mellom vikingtida og vår tid?

74 Kan vikingtida læra oss noko om vår/di framtid?

75 Kva er du mest oppteken av når det gjeld framtida di?

76 I kva grad, eller på kva måte, har temaet om kulturskiftet engasjert deg dette året?

77 Korleis har dei andre i klassen opplevd dette temaet, trur du?

78 Snakkar de om dette temaet heime? Er dei opptekne av Mostraspelet og historia?

79 Når skjedde desse hendingane på Moster?
Når omtrent var vikingtida?

80 Korleis trur du at du ville reagera dersom du blei tvinga til å ta imot ei ny tru?